

Doktoravhandlingar ved NTNU, 2023:264

Maria Løvland

Sjølvmord eller flaggheising

Evolusjons- og kjønnsdiskurs i Henrik Ibsens
Rosmersholm (1886) og *Lille Eyolf* (1894)

NTNU
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Avhandling for graden
philosophiae doctor
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Maria Løvland

Sjølvmord eller flaggheising

Evolusjons- og kjønnsdiskurs i Henrik Ibsens
Rosmersholm (1886) og *Lille Eyolf* (1894)

Avhandling for graden philosophiae doctor

Trondheim, september 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

NTNU

Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet

Avhandling for graden philosophiae doctor

Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

© Maria Løvland

ISBN 978-82-326-7228-8 (trykt utg.)
ISBN 978-82-326-7227-1 (elektr. utg.)
ISSN 1503-8181 (trykt utg.)
ISSN 2703-8084 (online ver.)

Doktoravhandlingar ved NTNU, 2023:264

Trykt ved NTNU grafisk senter

Samandrag

Avhandlinga *Sjølvmord eller flaggheising. Evolusjons- og kjønnsdiskurs i Henrik Ibsens «Rosmersholm» (1886) og «Lille Eyolf» (1894)* tar føre seg 1800-talets vitskaps- og evolusjonsdiskurs i Henrik Ibsens forfatterskap, både i skjønnlitterære tekstar og i forarbeid, notat, brev og talar, og særleg i skodespela *Rosmersholm* og *Lille Eyolf*. Avhandlinga er todelt; første delen skildrar 1800-talets evolusjonsdiskurs og forholdet mellom vitskap og litteratur med hovudvekt på Skandinavia, og tar i tillegg føre seg tidlegare forskning som har relatert Ibsen til evolusjonismen. Del to inneheld nylesingar og kontekstuelle analysar av *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* som viser at skodespela inngår i den darwinistiske samtidsdiskursen. I forkant av verkanalysane kjem ein gjennomgang av skodespelas resepsjonshistorie.

Avhandlinga viser at evolusjonsdiskursen pregar Ibsens forfatterskap i større grad enn det som har vore kartlagt tidlegare. Særleg gjeld dette synet på evolusjonen som kjønns spesifikk. Det viktigaste funnet, og det som etter kvart utkrystalliserer seg som hovudpoenget i avhandlinga, er at kjønnsførestillingane i desse tekstane ikkje ser ut til å avvika frå dei evolusjonistisk forklarte biologiske og essensialistiske kjønnsoppfatningane som karakteriserer vitskapsdiskursen i Ibsens samtid. Ein kan finna dei igjen i Ibsens eigne ytringar, og dei pregar òg førestillingane om kjønn som konstituerer hovudpersonane og parkonstellasjonane i *Rosmersholm* og *Lille Eyolf*. Når ein tar omsyn til det, blir det lettare å forstå utviklinga til karakterane og handlinga, og korfor skodespela endar som dei gjer: Korfor Rebekka West og Johannes Rosmer gjer sjølvmord, medan Rita og Alfred Allmers heiser flaget i takksemd og håp.

Avhandlingas kontekstualiserande perspektiv avdekkjer eit markant spenningsforhold mellom Ibsens hyppige bruk av evolusjonsdiskursen og kjønns synet knytt til denne, og den etablerte førestillinga om Ibsen som ein av attenhundretalslitteraturens viktigaste feministar. Analysane står i skarp kontrast til tidlegare lesingar som oppfattar dei kvinnelege hovudkarakterane som utradisjonelt frigjorte og sjølvstendige, og som tar til orde for at dei er framstilt som ein slags feministiske heltinner. Ved å lesa Ibsen opp mot den evolusjonistiske konteksten kastar avhandlinga lys over element som resepsjonen til nå ikkje har lagt vekt på, og ho tilbyr dermed nylesingar av to av Ibsens skodespel som av mange har blitt oppfatta som vanskelege, og, av somme, som mindre vellukka.

Summary

The dissertation *Suicide or flag raising. Evolution and gender discourse in Henrik Ibsen's "Rosmersholm" (1886) and "Little Eyolf" (1894)* focus on the 19th-century science and evolution discourse in Henrik Ibsen's writing, both in his fictional texts and in the preparatory work, notes, letters and speeches, and especially in the two dramas *Rosmersholm* and *Little Eyolf*. The dissertation has two main parts; the first depicts the 19th-century discourse on evolution and the relationship between science and literature with an emphasis on Scandinavia, and also takes into account earlier research that has explored Ibsen's relationship to evolutionary discourse. Part two contains new readings and contextual analyses of *Rosmersholm* and *Little Eyolf*, showing the two plays' partaking of the Darwinian evolutionary discourse. This part of the dissertation is introduced with a review of the reception history of these plays.

The dissertation shows that the evolutionary discourse characterizes Ibsen's writing to a greater extent than previously shown. In particular, this concerns the view of evolution as a gender-specific discourse. The most important finding, and what gradually crystallizes as the main point of the thesis, is that the gender stereotypes in these texts do not seem to deviate from the evolutionarily explained biological and essentialist views of gender that prevailed in scientific discourse during Ibsen's time. They can also be found again in Ibsen's own statements, and furthermore they characterize the ideas about gender that constitute the characters and couple constellations in *Rosmersholm* and *Little Eyolf*. When taken into account, such a finding enables a better understanding of the development of the main characters and the overall plot, and why these two dramas end as they do: Why Rebekka West and Johannes Rosmer commit suicide, and why Rita and Alfred Allmers raise the flag in gratitude and hope. The dissertation's contextualizing perspective reveals a marked tension between Ibsen's frequent use of the evolutionary discourse and the view of gender linked to that discourse, and to the established representation of Ibsen as one of 19th century literature's most important feminists. The analyzes stand in sharp contrast to earlier readings which perceive the female main characters as untraditionally liberated and independent, and which advocate that they are portrayed as a new type of feminist heroine. By reading Ibsen against the evolutionist context, the thesis sheds light on elements that the reception so far has not emphasized, and the dissertation thus offers new readings of two of Ibsen's plays which by many have been perceived as difficult, and also as less successful.

Forord

Eg er takknemleg for at eg har fått skriva denne avhandlinga. Takk til Det humanistiske fakultetet ved NTNU og Institutt for språk og litteratur for at dei trudde på prosjektet og gjorde det mogleg. Tusen takk til den dyktige og ryddige hovudrettleiaren min, Anders Skare Malvik, for at han tolmodig har lese mine uferdige tekstar og hjelpt meg å skapa struktur, samanheng og ei avhandling. Eg er òg fylt av takksemnd overfor den andre rettleiaren min, Pål Bjørby, som frå han var sensor på masteroppgåva mi, har lese, oppmuntra og inspirert meg. Utan tiltrua hans hadde prosjektet aldri sett dagens lys.

Takk til ekstern lesar, Erik Bjerck Hagen, for positiv og konstruktiv tilbakemelding. Takk til Stig Kristoffersen i Orakeltjenesten for stødig hjelp i diverse datakriser. Takk til Stian Hårstad for korrekturlesing, til Jan Inge Suggelia for hjelp med bilda og til Irene Waage for hjelp med litteraturlista.

Takk til Sofie Løvland for tolmod og forståing for at Ibsen i fleire år har tatt så mykje av tida og merksemda mi. Av same grunn sender eg òg ein takk til mor mi, som til siste stund delte gleda over at eg fekk denne moglegheita.

Takk!

Bakarøy, 2. mai 2023

Innholdsliste

Sjølvmord eller flaggheising. Evolusjons- og kjønnsdiskurs i Henrik Ibsens <i>Rosmersholm</i> (1886) og <i>Lille Eyolf</i> (1894)	0
Del 1: Kontekst	
Forord	1
Innholdsliste	2
Teknisk note	5
1 Innleiing	6
Bakgrunn for prosjektet	6
Kva (kort presentasjon av prosjektet).....	7
Korfor.....	9
Korleis	11
Litteratur og vitenskap	14
Det horisontale perspektivet.....	18
Struktur.....	20
Del 1: Kontekst	24
2 Litteratur og vitenskap på 1800-talet	25
Darwinisme	28
Glidande overgangar mellom litteratur og vitenskap	30
Inspirasjon frå vitenskapen	36
Frankrike	37
Tyskland	41
Ibsen og den europeiske konteksten	46
3 Litteratur og vitenskap i Skandinavia	52
Danmark	53
Sverige.....	57
Noreg	57
1870-talet – smitten breier seg	64
1880-talet – sosialdarwinisme og auka polarisering.....	69

Vitskap i den norske skjønnlitteraturen.....	73
Ibsen om vitskap og evolusjon	76
Avrunding.....	86
4 Tidlegare forskning på Ibsen og evolusjonisme.....	88
Tidleg Ibsen-forskning	92
Henrik Jæger.....	92
Gerhard Gran	93
Halvdan Koht.....	95
Francis Bull.....	97
1945–2000.....	99
Brian W. Downs.....	99
Edvard Beyer.....	101
Haakonsen og Høst.....	102
David Rosengarten.....	104
Litteraturteoretiske tilnærmingar frå 1970–1990-talet	105
Bjørn Hemmer	106
Jørgen Haugan.....	108
Meyer og Ferguson	109
1997–2021.....	111
Ross Shideler	111
Aarseth og Tjønneland	112
Vill–tam.....	115
Dyr–menneske	118
Aukande kontekstualisering frå slutten av 1990-talet.....	120
5 Kjønnsspesifikk evolusjon og «Ibsens feminisme»	127
Kjønnsførestillingar på 1800-talet.....	128
Darwinistisk kjønnsdiskurs.....	131
Tidlegare forskning på korleis Ibsen stilte seg til samtidas kjønnsdiskurs.....	137
Feministen Ibsen?	143
Ibsen om kjønn	147
Oppteikningane til <i>Hedda Gabler</i> (1890).....	154
DEL 2: ANALYSE	160
6 Resepsjonen av <i>Rosmersholm</i>.....	161

Resymé.....	161
Innleiing	162
Samtidsresepsjonen	164
Utdrag frå den politiserte samtidskritikken.....	170
Den akademiske fortolkingstradisjonen	178
Den sympatiske lese måten	180
Den skeptiske lese måten	189
Konklusjon	196
7 Analyse av Rosmersholm (1886).....	198
Plan og forskingsspørsmål	199
Kven leier kven i fossen?.....	201
Rosmer – degenerert.....	206
Beate – hysterisk?	227
Rebekka – vill naturkvinne.....	233
Affinitet, påverknad, smitte	241
Kampen for tilværet	250
Tilbakegang og utsletting.....	256
8 Lille Eyolf (1894).....	262
Resymé.....	263
Samandrag av resepsjonshistoria	265
Problembarnet <i>Lille Eyolf</i>	273
Oppsummering av tidlegare funn frå masteroppgåva mi.....	277
Alfred – Eyolf. Tilbakegang.....	279
Asta – hushaldsnonne?	284
Rita – femme fatale?	290
Pedagogikk som medisin mot degenerasjon	303
Debatt om kunst og moral	307
Eugenikk.....	311
9 Avslutning: Ibsens evolusjonisme vs. Ibsens feminisme.....	318
LITTERATURLISTE	327

Teknisk note

Dei fleste Ibsen-referansane i avhandlinga er til *Henrik Ibsens skrifter I–XVII* (2005–2010) (forkorta HIS). Oslo: Aschehoug.

Nokre gonger refererer eg til papirutgåva, andre gonger til nettstaden.

Referansane til *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* er til pdf-versjonen av hovudteksten, 1. utg., i *Henrik Ibsens skrifter*, historisk-kritisk utg., elektronisk versjon. Når det gjeld kommentarar og bakgrunn for verka, refererer eg først og fremst til papirutgåva av *Henrik Ibsens skrifter* HIS, eller til *Hundreårsutgaven* av *Samlede verker*: Ibsen, Henrik, Bull, Francis, Koht, Halvdan & Seip, Didrik Arup. (1928–1957). *Samlede verker*, 21 bd. (Hundreårsutgave=HU). Gyldendal.

Til brev refererer eg på same måte som nettstaden HIS: først ein B, så årstalet, månaden og dagen det blei skrive, og deretter kjem initialane til mottakaren. T.d. (B18701220GB). Her står B for brev, 1870 er året og 1220 er datoen brevet blei skrive, i dette tilfellet 20. desember, medan GB er for mottakar Georg Brandes. Desse referansane har eg ikkje ført opp i litteraturlista anna enn at eg viser til *Henrik Ibsens skrifter* <https://www.ibsen.uio.no/brev.xhtml>, sidan referanse-systemet gjer at dei er lette å finna.

Når eg refererer til varia, t.d. ein tekst i ei stambok, står ‘VAR’ før årstal og initialane til eventuell mottakar.

Sitat av Ibsens notat og forarbeid er oppført slik dei er oppført i HIS, med overstrykingar, endringar o.l.

Litteraturlista inneheld berre titlar eg refererer direkte til i avhandlinga, sjølv om eg undervegs i arbeidet har lese og lært av fleire enn desse.

Forkortingane BOB og NOB står for Bokmålsordboka og Nynorskordboka, ordbøkene.no. NAOB står for Det norske akademis ordbok, naob.no.

1 Innleiing

Bakgrunn for prosjektet

Som travel norsklærer med mykje rettelarbeid har eg ofte hatt dårleg samvit overfor dotter mi, men i Ibsens forfatterskap fann eg trøyst, for jamførte eg meg med foreldra i skodespela hans, fall samanlikninga som regel ut i min favør. Eg hadde aldri sendt dotter mi frå meg eller reist vekk meir enn eit par dagar. Ikkje sette eg henne til å gjera arbeidet mitt, og sjølv om eg hadde gløymt at eg lova ta med noko godt til henne, fall det meg aldri inn å gi henne ein meny som erstatning. Ibsens skodespel kunne m.a.o. bøta på det dårlege morssamvitet mitt, følte eg, heilt til eg på masterstudiet i nordisk kom over følgande påstand: «Virkelige forældre findes der meget få af i verden. De fleste vokser op under onkel- eller tante-opdragelse – enten negligeret og uforstået [sic] eller også forkælet», som det står i eit utkast til *Hedda Gabler* (Ibsen 1890). Setninga råka meg rett i det dårlege samvitet, og eg var slett ikkje viss på at eg var ein av dei «meget få» som med handa på hjarta kunne kalla meg ein verkeleg forelder, slik Ibsen kan ha førestilt seg dei.

Men korleis førestilte han seg dei eigentleg? Kva for kriterium opererte han med? Eg begynte å leita etter ungar i forfatterskapen som såg ut til å ha det godt, men det viste seg vera vanskelegare enn eg trudde. Det er få ungar det ser ut til å gå godt med. Påfallande mange blir sjuke og døyr, og sidan ungene i Ibsens stykke ofte er einebarn, er barnedøden eit endeleg punktum for familien – og kanskje for heile slekta.¹ Korfor det var slik, blei utgangspunktet for masteroppgåva eg starta på i 2016, og på eit vis ligg spørsmålet òg til grunn for prosjektet i denne doktoravhandlinga.² I tråd med påstandane i utkasta skin det i fleire av skodespela gjennom at foreldra ikkje er utan skuld i ungenes skjebne, og i nokre stykke tar foreldra på seg ansvaret for at ungen døyr.³ Det er ikkje alltid snakk om openberr omsorgssvikt. I fleire tilfelle er det tydeleg at ungene er frukta av eit forhold som er røte på rot – eit ekteskap inngått av andre grunnar enn kjærleik. Eit notat til *Gengangere* (1881) styrker dette inntrykket: «Det

¹ Barn dør i *Fru Inger til Østeraad* (1857), *Brand* (1866), *Fruen fra havet* (1888), *Byggmester Solness* (1892), *Lille Eyolf* (1894) og høgst sannsynleg òg i *Gengangere* (1881), viss me trur at Osvald døyr etter teppefall. I *Vildanden* (1884) og *Hedda Gabler* (1890) døyr ungene som resultat av det som kan kallast eit sjølv-mord, og i *Rosmersholm* (1886), *Hedda Gabler* (1890) og *Når vi døde vågner* (1899) blir barnedød brukt metaforisk.

² Tittelen på masteroppgåva: «*Forvandlingas lov*» – *Ibsens Lille Eyolf (1894) i lys av samtidig kontekst med særleg vekt på utviklingslæra* (2017). Fleire har hatt fokus på borna hos Ibsen, m.a. James E. Kerans (1965), Joan Templeton (1997), Per Vesterhus (2008), Ellen Hartmann (2017) og Olivia Noble Gunn i *Empty Nurseries, Queer Occupants: Reproduction and the Future in Ibsen's Late Plays* (2020). Templeton og Hartmann har søkt forklaringa i Ibsens biografi; i det at han sjølv fekk ein son utanfor ekteskap då han var 18 år.

³ *Brand*, *Gengangere*, *Vildanden*, *Byggmester Solness* og *Lille Eyolf*.

bringer en Nemesis over afkommet at gifte sig af udenfor liggende grunde selv religiøse eller moralske» (Ibsen 1881a).

Nemesis er gudinna for gjengjelding og hemn i gresk og romersk mytologi. Nemesis inneber at hemnen er rettviss, ofte som straff for overmott/ hybris. Notatet seier m.a.o. at om ein gifftar seg av andre grunnar enn kjærleik, rammar den rettvise hemnen avkommet. Men korleis kan hemnen som rammar det uskuldige avkommet, vera rettviss? Skal me følga logikken i påstanden, må me utvida perspektivet slik at dei lange linjene trer fram – til me får eit panorama der individet berre er synleg som del av ein større samanheng. I denne samanhengen er avkommet først og fremst eit ledd i ei lang utvikling, ein overgang mellom fortid og framtid.

Eg innsåg at skal eg forstå ungenes skjebne i Ibsens forfatterskap, er det dette perspektivet eg må ta på materialet mitt, noko som viste seg å vera lettare enn eg hadde trudd, sidan Ibsen som regel har strødd masse informasjon om familiens fortid utover i tekstane. Dette gjeld m.a. familien Allmers i *Lille Eyolf*, og då eg undersøkte nokre av metaforane Ibsen nytta i skildringa av forholdet mellom far og son i stykket, fann eg at dei òg var hyppig brukt i den utviklingsteoretiske samtidsdiskursen. Ved å lesa stykket som del av denne diskursen blei det lettare å forstå sider ved teksten som til då hadde verka noko gåtefulle. Det som i masteroppgåva starta som ein metaforanalyse, enda opp som ei kontekstuell undersøking av Eyolfs skjebne i lys av alle opplysningane me får om familiens fortid. Eg fann ut at barnedøden høyrer til i ein større samanheng som rekk ut over den litle familien og konflikten mellom dei vaksne. Dette prosjektet bygger vidare på denne innsikta og ser ungene i Ibsens skodespel først og fremst som representantar for familiane framtidsmoglegheit, der dei dannar overgangen mellom nåtid og framtid i menneskas evolusjon.

Kva (kort presentasjon av prosjektet)

Denne avhandlinga er ein kontekstuell analyse av *Rosmersholm* (1886) og *Lille Eyolf* (1894) som plasserer desse (og fleire andre av Ibsens stykke) inn i 1800-talets vitskapsdiskurs og viser at skodespela inngår i evolusjonsdiskursen som var sentral då stykka blei skrivne. Eg tar føre meg sider ved den evolusjonistiske samtidsdiskursen til skodespela som det har vore lite fokus på i forskingstradisjonen så langt. Dette gjer eg for å supplera den avgrensa informasjonen som var å oppdriva, då eg sjølv vende meg til forskingslitteraturen, og fordi eg i arbeidet med dette prosjektet har skjønt at evolusjonismens betydning i norsk litteratur, slik

han er framstilt i litteraturhistoria, er sterkt undervurdert, og til tider feilaktig framstilt, særleg når det gjeld Ibsen. Hovudargumentet i avhandlinga er at evolusjonsdiskursen kan gi svar på korfor *Rosmersholm* endar med at Rosmer og Rebekka tar livet sitt, medan ekteparet Allmers i *Lille Eyolf* bestemmer seg for å leva vidare – på same vis som han gav svar på korfor litle Eyolf døyr.

Den kontekstuelle analysen vil avdekka at dei førestillingane om kjønn som m.a. konstituerer hovudpersonane og parkonstellasjonane i skodespela, spelar ei viktig rolle i utviklinga av karakterane og handlinga, og korfor stykka endar som dei gjer. Det viktigaste funnet, og det som etter kvart utkrystalliserer seg som hovudpoenget i avhandlinga, er at kjønnsførestillingane i desse tekstane ikkje ser ut til å avvika frå dei evolusjonistisk forklarte biologiske og essensialistiske kjønnsoppfatningane som rådde i samtida. Korleis eg kjem fram til det, skal eg syna i tekstanalysane, der eg viser at dei kjønnsførestillingane som kjem til uttrykk i desse skodespela, står i skarp kontrast til tidlegare lesingar som oppfattar dei kvinnelege hovudkarakterane som utradisjonelt frigjorte og sjølvstendige, og som tar til orde for at dei er framstilt som ein slags feministiske heltinner. Avhandlinga avdekkar eit markant spenningsforhold mellom Ibsens hyppige bruk av den evolusjonistiske diskursen og kjønnsynet knytt til denne, og den etablerte førestillinga av Ibsen som ein av litteraturens viktigaste feministar. Ved å lesa Ibsen opp mot den evolusjonistiske konteksten kastar avhandlinga lys over element som resepsjonen til nå ikkje har lagt vekt på, og den tilbyr dermed nylesingar av to av Ibsens skodespel som av mange har blitt oppfatta som vanskelege, og, av somme, som mindre vellukka.

Rosmersholm og *Lille Eyolf* har fleire fellestrekk: først og fremst relasjonen mellom hovudpersonane i stykka, Rebekka West og Johannes Rosmer, og Rita og Alfred Allmers. Rita og Rebekka blir begge skildra som lidenskapelege, intense, vitale og viljesterke kvinner som set alt på spel for å få mannen dei attrår. Allmers og Rosmer blir framstilt som veldig forskjellige frå den kvinnelege motparten sin.⁴ Dei har begge ambisjonar om å nå ut og påverka andre, men manglar handlekraft, er tyngde av skuldkjensle, gir uttrykk for at dei er redde for kvinneleg seksualitet og er truga av at slekta og familien er i ferd med å døy ut. Ikkje vekst, men tilbakegang pregar dei mannlege hovudpersonane. Begge para vurderer å ta livet av seg, men berre eitt av dei gjer det. Sentralt i begge tekstane står slekt og arv, utvikling og forvandling, og nettopp her finn me kontrastane mellom karakterane. Rita kjem frå overklassa, men me får vita minimalt om familietilhøva hennar. Rebekka kjem derimot frå

⁴ Om kvinnene nyttar eg stort sett fornamna, og om mennene oftare etternamna, sidan det er slik dei blir omtala i skodespela.

fattige kår. Mykje tyder på at mora var prostituert før ho gifte seg med doktor West, og Rebekka var økonomisk avhengig av stefaren, før ho blei tilsett som selskapsdame for Beate Rosmer. I tillegg kjem ho frå Finnmark og har «finneblod i årene», noko som på den tida ofte skulle konnotera villskap og mindre påverknad frå kultur og sivilisasjon.⁵ Og villskap viser både ho og Rita når dei må konkurrera med ei anna kvinne om mannen dei vil ha. Men som me skal sjå, rommar villskapen òg eit utviklingspotensial som under åndeleg påverknad frå den manlege motparten resulterer i ei forvandling.

Korfor

På fleire punkt avvik lesingane mine frå tidlegare forskning. Ibsens forfattarskap utvikla seg omtrent parallelt med Darwins utviklingslære på siste halvdel av 1800-talet, og fleire av skodespela inneheld tydelege innslag av evolusjonsdiskursen som dominerte samtida hans.⁶ Tidlegare forskning har peikt på darwinistiske element i *Et dukkehjem* (1879), *Gengangere* (1881), *En folkefiende* (1882), *Vildanden* (1884), *Rosmersholm* (1886) og *Fruen fra havet* (1888).⁷ Men f.o.m. *Hedda Gabler* (1890) har det blitt hevda at Ibsen ikkje lenger var opptatt av «arvelighets»- eller evolusjonsteorien.⁸ Oppfatningane om kva tid han slutta vera opptatt av darwinismen, er delte, men dei som nemner Darwin i samband med Ibsen, er stort sett samstemde om at det gjeld dei tidlegare nemnde samfunnskritiske skodespela og ikkje dei siste, meir symbolske. Fleire forskarar dei siste åra har slått fast at Ibsen var del av evolusjonsdiskursen, og av Shepherd-Barrs kapittel «Science» i *Ibsen in Context* (2021) kan ein få inntrykk av at dette er ei velutforska, allmenn oppfatning.⁹ Men om ein ser på

⁵ Jf. t.d. Jonas Lies forteljing «Finneblod» frå 1872.

⁶ Ifølge Julie Holledge i kapittelet «Theatre» i *Ibsen in Context* (2021) er Ibsens endring frå nasjonalromantisk dramatikar til pioneren av det moderne dramaet i samklang med det ho omtalar som dei fire hovuddiskursane som sirkulerte i det politiske og kulturelle Europa i siste halvdel av 1800-talet, diskursar som på 1900-talet kom til å bli assosiert med Marx, Darwin, Freud og den begynnande kvinnerørsla. «Ibsen's plays were exemplars of the integration of these discourses into dramatic action», i likskap med Brandes, Bjørnson, «and all across the continent, dramatists were drawing on evolutionary theories and the newly founded discipline psychology. They were also experimenting with new ways of representing women» (Holledge 2021, 47–48).

⁷ «Dramaenes symbolikk, handlingsmønstre, hentydninger, utsagn, filosofiske overbygninger og psykologiske understrømmer, kan ofte leses i lys av utviklingslæren, eller rettare sagt, Ibsens egen fortolkning av den, slik den inngår som et element i hans naturforståelse» (Hessen & Lie 2002, 209).

⁸ «Det må ha skjedd noe med Ibsen som gjorde ham i stand til å skrive et stykke som verken brukte Gud eller arvelighetsteorien som meningsrygggrad. Som moderne dramatikere hadde han operert i det filosofiske feltet som lå igjen etter Darwins oppdagelser, og ivret for å fylle dette feltet – dette tomrommet – med deterministiske adferdsteorier og en karakterpsykologi som var avledet fra Taine. Den viktigste innflytelsen som opphevet også behovet for denne erstatningen, var den nye psykologien til yngre menn som Strindberg, Nietzsche og Hamsun» (Ferguson 1996, 367). Kirsten Shepherd-Barr viser til «Brustein's theory that Ibsen stopped being Darwinist with *The Master Builder*» (2015, 83).

⁹ «Heredity, evolution and disease (or broadly speaking, mechanisms of transmission), coupled with an abiding interest in geography, geology (particularly the fundamental elements of earth, fire, water, air), landscape and

resepsjonen av skodespela, er bildet eit anna. I motsetnad til Shepherd-Barr har dei fleste som tar føre seg Ibsen og evolusjonsdiskursen, peikt på at det er gjort lite forskning på feltet. Dette stemmer godt med mine eigne observasjonar. I dei åra eg har jobba med dette emnet, har eg til gode å komma over meir enn nokre få verkanalysar som fangar opp og kommenterer evolusjonsdiskursen i skodespela, og integrerer denne innsikta i analysen og tolkinga. Stort sett avgrensar det seg til *Vildanden* og *Fruen fra havet*. Det er få som innlemmer diskursen i verkanalysen og tar konsekvensen av han utover å peika på nedslag av evolusjonisme i enkeltreplikkar (det gjeld dr. Rank, dr. Stockmann og rektor Kroll) eller i oppteikningar til stykka (*Et dukkehjem*, *Fruen fra havet*, *Hedda Gabler*). Dei evolusjonistiske innslaga blir som regel oversett eller i alle fall ikkje kommentert. Så i motsetnad til det inntrykket ein kan få når ein les dei siste åras oversikter over kontekstualisering av Ibsens forfatterskap, er det framleis mykje ugjort på dette området. Dette er motivasjonen bak denne avhandlinga, der me vil sjå at det kontekstualiserande perspektivet m.a. problematiserer etablerte førestillingar om «feministen Ibsen».

Eg vil prøva å finna meining i tekstelement som eg synest det er vanskeleg å forstå. Eit slikt element er sjølvmorda på slutten av *Rosmersholm*. Forskingstradisjonen vitnar om at mange har hatt vanskar med å forstå korfor Rosmer og Rebekka tar livet sitt. Ifølge Bjerck Hagen er *Rosmersholm* Ibsens vanskelegaste stykke (2015, 168). Og fordi det er vanskeleg, har stykket blitt oppfatta som uforløyst og mindre vellykka – i likskap med *Lille Eyolf*. Derfor er det på tide med ei reaktualisering av delar av samtidskonteksten. Erfaringane eg gjorde i arbeidet med masteroppgåva, tilseier at eit vidare arbeid med å undersøka ord og omgrep i tekstane i relasjon til annan bruk i samtidskonteksten, vil gi betre moglegheit til å forstå og finna meining både i enkeltord, i større delar og i tekstane som heilskap. Når det gjeld begge desse skodespela, har eg til gode å lesa analysar og tolkingar som har lykkast med dette, derfor er det nettopp desse to stykka eg har valt å lesa i lys av samtidskonteksten.

I likskap med evolusjonsteoriane tar Ibsen føre seg mennesket si utvikling i spennet mellom naturlover og fridom, arv og forvandling. Ibsen skreiv stykka sine før Mendels genforsking var blitt kjent, og evolusjonsteorien hadde ennå ikkje svar på *kva* det er som blir ført vidare frå generasjon til generasjon, og korleis det konkret går føre seg. Den evolusjonsteoretiske konteksten viser korleis ein tenkte at drift, instinkt, vilje, kjensler, tankar, moral og andre

‘deep time’: these biological and environmental sciences forge his theatrical vision of nature and the place of humans within it» (Shepherd-Barr 2021, 83).

kognitive og «åndelige livsfaktorer» grip inn i kvarandre, formar personlegdommen og blir overført til neste generasjon.¹⁰ I lys av denne konteksten vil ein betre forstå korleis Ibsen formar karakterane i relasjon til familie, arv og fortid; kva for mekanismar som driv utviklinga til enkeltindividet og slekta, og kva det er som determinerer karakterane og eventuelt forhindrar forvandling, t.d. korleis oppseding og andre ytre faktorar spelar inn, og korleis barn berre er brikker i skodespelas overordna tydingspotensial. Det finst òg ein del uklarheiter m.o.t. Ibsens kvinnekarakterar som først gir mening når ein les dei opp mot samtidas evolusjonsdiskurs, noko eg ikkje har sett nokon gjera før – i motsetning til kva som er tilfelle med Strindbergs kvinnekarakterar, som deler den same idéhistoriske konteksten.

Essayet «Själamord. (Apropos Rosmersholm.)» som Strindberg skreiv i 1887, startar med følgande sitat: «Finns det än inga absoluta sanningar, så finns det till gengäld likväl alltid periodens genomsnittssanning, tidsålderns normalförnuft, dagens bindande åskådningssätt eller den så kallade allmänna opinionen» (1887, 30. mai). Eg vil bidra til å gjenska delar av denne forståingshorisonten, «tidsåldernes åskådningssett», som Strindberg og Ibsen delte, men som ikkje har vore tilstrekkeleg belyst når det gjeld Ibsen.

Korleis

Det er «oversett og underslått at Ibsen som forfatterfunksjon også var en som mottok impulser fra og var en funksjon både av sin epoke og tidligere epoker», slår Jon Nygaard fast i *af stort est du kommen*, der han «ut fra Foucault» oppfatar Ibsen som eit «grupperingsprinsipp for diskursar» (2013, 16). Prosjektet mitt bygger på ei liknande oppfatning, og i likskap med Nygaard, som påpeiker at Ibsens drama ikkje blei til i eit historisk eller kulturelt vakuum, er eg først og fremst ute etter å finna ut kva denne forfattarfunksjonen uttrykte, og ikkje kva «forfatteren Ibsen bevisst trodde, mente eller ville» (sst.). Evolusjonsteorien skapte debatt og påverka dei fleste samfunnsområda og spesialdiskursane deira, men eg vil undersøka korleis evolusjonismen skapte ein felles diskurs mellom dei ulike felta, som blir fanga opp og sirkulerer vidare i skjønnlitteraturen.¹¹ Derfor har eg ei vid tilnærming til 1800-talets idéhistoriske kontekst – med vekt på evolusjonismens nedslag i naturvitskap, medisin, psykologi, psykiatri, antropologi, fysiologi, sosiologi, filosofi, estetikk og religion, og ulike

¹⁰ Evolusjon er ein dynamisk prosess som involverer utvikling og forvandling av ulike typar arv. I avhandlinga *Arvelighed og moral* (1881) opererte Karl Gjellerup med arv av refleks, instinkt, sansar, minne, intelligens, følelse, vilje og moral som fysiologisk eller psykologisk arv.

¹¹ *Evolusjonisme* forstått som «the whole metaphysical or ideological picture built around or on evolution—strictly speaking» (Ruse 2005, 4).

former for populær- og kvasivitskap – slik dei sirkulerte i eit mediekretsløp av vitskapelege publikasjonar, den skandinaviske pressa og litteraturen.

Med ‘diskurs’ meiner eg ordet slik eg oppfattar det ut frå den hyppige bruken i dagens humaniora: Som måten ein innanfor ein viss periode har ordlagt seg om eit emne på – i dette tilfellet idear om evolusjon og utvikling som florerte i andre halvdel av 1800-talet. Dette er eit vidt felt, og eg bruker evolusjonsdiskursen som eit sekkeord for å visa til likskapar i korleis fleire underdiskursar uttrykte seg om endring, forvandling, arvelege overføringar, kjønn, framgang og tilbakegang. Eg bygger på Foucaults diskursomgrep, der ‘diskurs’ kan forståast som den historiske organiseringa av eit gitt *vitensfelt* på eit nivå forut for skiljet mellom vitskapeleg og ikkje-vitskapeleg, «på tvers av genrer, disipliner eller fora» (Eliassen 2016, 57).¹² Likevel er ikkje diskursanalysen min heilt i tråd med Foucaults utlegging av kva ein diskursanalyse er, og ikkje er, t.d. i *Vitensarkeologien* (2009), sidan eg ikkje først og fremst er ute etter å bestemma systematikken i måten eit gitt fenomen (evolusjonismen) blei artikulert på historisk, men nedslaga han fekk i Ibsens tekstar. Derfor kan eg òg ha ei lingvistisk og empirisk tilnærming til korleis ein uttrykte idear om evolusjon på tvers av dåtidige og seinare grenseoppgangar mellom vitskap, kvasi-vitskap og ikkje-vitskap, ulike sjangrar, disiplinær og fora då Ibsen var aktiv som forfattar.

Lesinga mi har fellestrekk med nyhistoristisk lesepraksis, som legg vekt på at litteraturen er eit historisk og sosialt produkt, og dei ulike tekstane knutepunkt av forskjellige diskursar, som inngår i eit kulturelt nettverk, og som derfor med stort utbytte kan lesast i relasjon til og som del av andre diskursar i samfunnet:

There may be a moment in which a solitary individual puts words on a page, but it is by no means clear that this moment is the heart of the mystery and everything else is to be stripped away and discarded. Moreover, the moment of inscription, on closer analysis, is itself a social moment. (Greenblatt 1997, 4–5, 17)

Stephen Greenblatt framheva at tekst og kontekst ikkje er vesensforskjellige, men ligg på same tolkningsnivå.

Materialet eg undersøker er ikkje berre skodespel, men òg forarbeid, notat, brev og talar. Eg undersøker alle typar utsegn, anten dei kjem frå det skjønnlitterære korpuset eller frå det me

¹² Foucault stiller spørsmål ved «distinksjonen mellom de store diskurstypene, eller mellom formene og sjangrene som stiller vitenskap, litteratur, filosofi, religion, historie, fiksjon osv. opp mot hverandre og gjør dem til noen slags store historiske individualiteter» (2009, 28). Ifølge Eliassen er det viktig at det gjeld viten, ikkje kunnskap (2016, 62), men på nynorsk kan ein ikkje bruka ‘viten’. Der må ein bruka ‘kunnskap’, ev. ‘lærdom’, ‘innsikt’ eller røynsle’. Diskursanalysen er ikkje ein metode, men ein strategi eller framgangsmåte (sst., 56).

kan samla under omgrepa sakprosa eller varia (jf. inndelinga i HIS). Sjølv om det er tekstane og Ibsen som forfattarfunksjon eg studerer, og det er fånyttas å leita etter intensjonen bak det han skreiv, undrar eg òg somme tider på kva den biografiske Ibsen kan ha meint eller tenkt. Men eg leitar ikkje etter karakterar som moglegvis kan vera talerøyr for Ibsens eigne standpunkt og meiningar, ein tendens i resepsjonen som eg er kritisk til, og som eg kjem tilbake til i eugenikk-kapittelet på slutten av avhandlinga.

Tilnærminga mi er pragmatisk-eklektisk. Metodisk høyrer avhandlinga heime i «det historisk-pragmatiske paradigmat, der man leser, kontekstualiserer, tolker og vurderer for primært å se hva som kommer til å skje i analysen», for å låna ei formulering av Erik Bjerck Hagen (2015, 176), som eg meiner passar på prosjektet mitt. Ved å lesa Ibsens skodespel i lys av evolusjonistiske vitskapsdiskursar i samtida hans vil eg sjå om element i dei, som eg har hatt problem med å forstå, då gir meining. Eg vil både kommentera uintenderte diskursive utsegner, figurar og sjablongar, i tillegg til tematisk bruk av vitskapsdiskursane, viss verket t.d. inneheld ein evolusjonstematikk. Dette inneber likevel ikkje at eg vil lesa dei diskursive elementa som nøklar eller kodar til verka, eller tekstane som allegoriar over evolusjonsdiskursar. Til det er tekstane for kompakte og komplekse.

Bruken av omgrepa endrar seg med tida. Ord og uttrykk eg hadde vanskar med å forstå nå over hundre år etter at dei blei skrivne, gav meir meining då eg las dei i lys av 1800-talets evolusjonsdiskurs. I masteroppgåva jamførte eg ord i *Lille Eyolf* som eg var usikker på korleis eg skulle forstå, ofte fordi dei var uvante å sjå i den samanhengen dei stod, med tekstar frå tida då stykket blei skrive. Eg søkte etter dei rammene på makronivå som er med på å gi meining til tekstens mikronivå. I forsøket på å nærma meg utviklinga av familien og plottet las eg sentrale utviklingsteoretiske tekstar, som det var sannsynleg at Ibsen òg kunne ha lese. I første rekke gjaldt dette J.P. Jacobsens presentasjon og omsetting av Darwin.¹³ Sentral var òg Karl Gjellerups avhandling *Arvelighed og moral* (1881). Då eg jamførte orda med korleis dei blei brukt i denne konteksten, blei dei lettare å forstå.¹⁴

¹³ Først i form av artiklar i *Nyt dansk Maanedsskrift*, i 1870–71: «Darwins Theori» (1870–71), «Menneskeslægtens Oprindelse» (1871), «Parringsvalget» (1871) og «Sindsbevægelsernes Udtryk hos Dyrene» (1873) og «Et Brev om Darwinismen» (1871), som sidan kom i boka *Darwin – hans liv og hans lære* av J.P. Jacobsen og V. Møller frå 1893.

¹⁴ Dette gjaldt t.d. ordet 'frø' som Alfred bruker når han snakkar om Eyolf og framtida hans. Det viser seg at 'frø' i den evolusjonsteoretiske konteksten var det ordet som blei brukt om det ein seinare har kalla gen, sidan dei ennå ikkje hadde kjennskap til korleis sjølve arveprosessen gjekk føre seg. Det hendte Darwin og andre i tillegg brukte ordet 'gemmales', men 'frø' var oftast i bruk.

Denne enkle og grunnleggande forma for nærlesing og analyse er tidkrevjande og set grenser for kor store tekstmengder ein rekk over. Derfor tar eg i tillegg i bruk digitale søkeverktøy utvikla for å leita i større digitaliserte tekstkorpus, for betre å kartlegga bruken av ord og vendingar i den diskursive veven av ulike sjangrar, disiplinar og samanhengar dei inngår i. Eg vil gjera søk i heile Ibsens forfattarskap – i drama, dikt, talar, brev, notat og forarbeid til skodespela, der han ofte var meir direkte enn i dei endelege versjonane – og i andre bøker, aviser og tidsskrift frå Ibsens samtid.¹⁵ På bakgrunn av kontekstualiseringa og diskursanalysen vil eg nærlesa, analysera og tolka *Rosmersholm* (1886) og *Lille Eyolf* (1894), to stykke som – som tidlegare nemnt – trass i mange fellestrekk endar svært ulikt.

Eg vil studera korleis verka er del av evolusjonsdiskursen som var sentral i tida då dei blei skrivne; ikkje for å redusera kompleksiteten i stykka, eller for å passa dei inn i ein felles forklarings- eller fortolkningsmodell, men for å få fram fleire sider ved tydingsmangfaldet. Sidan det først og fremst er evolusjonsdiskursen eg vil studera, dvs. korleis ideane om menneskas og verdas utvikling som florerte på Ibsens tid, prega og kom til uttrykk i språket, kjem eg til å bruka omgrepa ‘evolusjonisme’ og ‘evolusjonsteori’ meir enn t.d. ‘darwinisme’ eller ‘lamarckisme’, sidan dei sistnemnde er undergrupper av dei første. I litteraturen som kjem inn på, eller tar føre seg darwinismen, kan ein ofte finna forsøk på å avgrensa Darwins tankar frå andre samtidige evolusjonistar, men sjølv kjem eg ikkje til å leggja særleg vekt på å skilja mellom dei ulike evolusjonistiske variantane, m.a. fordi det ofte viser seg å vera overlappande synspunkt mellom dei. Dessutan har det ikkje vidare relevans for denne avhandlinga som vil undersøka den felles evolusjonistiske diskursen og korleis Ibsen deltar i den.

Litteratur og vitenskap

Prosjektet er tverrfagleg i den forstand at det belyser det diskursive kretsløpet som gjorde det mogleg at litteraturen kunne bli forma av og ta opp i seg naturvitenskaplege teoriar.¹⁶

¹⁵ I forordet til *Efterladte Skrifter*, bind 1, har Koht og Elias skrive at «til sin hustru og sin søn sa han mer end én gang, idet han pegte på den store pakke med arbeidsmanuskripter som han omhyggelig bevarte: «Dette er meget vigtige ting», eller endog: «Dette er det vigtigste af det altsammen.» Et betegnende træk er det også, at han så sent som i 1894 betrodde forarbejder til ældre stykker til frøken Hildur Andersen, med de ord: «Det er vigtige papirer, som engang vil bli værdifulde.» Det er tydeligt at han så på sine forarbejder på samme måde som en maler på sine skitser. Og de fortjener minst samme studium» (V–VI).

¹⁶ «As two cultural formations among others science and literature take part in a general cultural discourse, and they do so in two ways: on the one hand they actively ‘constitute and develop our common culture’, in other words they influence it and thereby other parts of the general cultural discourse, while on the other hand they themselves are influenced by different aspects of culture and by the whole cultural discourse. ...Robin Gilmour

Naturvitskap er ikkje mitt fagområde, og eg har ikkje tenkt å gi fyllestgjerrande skildringar av evolusjonslæra. Ibsen var heller ingen naturvitar, og som dei fleste forfattarane i samtida si var han eklektisk i bruken av dei naturvitskaplege ideane, noko forskinga har påpeikt t.o.m. gjaldt J.P. Jacobsen, som var utdanna biolog. Ein annan faktor som spelar inn, er at skiljelinjene mellom litteratur og vitskap var mindre skarpe på 1800-talet enn dei er i dag. Dette er ein viktig premiss for prosjektet mitt, og derfor kjem eg innleiingsvis til å via det eit eige kapittel, trass i at det stort sett berre vil vera ei samanfatning av tidlegare forskning gjort på feltet litteratur og vitskap. Ei av dei viktigaste kjeldene eg støtter meg på der, er Gillian Beers *Darwin's Plots* (1983), eit pionerarbeid på området, som er kommen i fleire opplag. «It remains undeniably the single indispensable study of Darwin as a *writer* and as a presence in the language and consciousness of modern literature», skreiv George Levine i forordet til andreutgåva (Levine 2000, xi). Då tredjeopplaget kom i 2009, 26 år etter førsteutgåva, etterlyste Levine, som sjølv har utgitt fleire bøker om Darwins påverknad på skjønnlitteraturen, meir forskning på feltet: «continuing exploration of Darwin's historical context, his language, ideas, and contemporary relevance, matters increasingly in these Darwinian days» fordi «at least among literary critics, Darwin hasn't received *enough* attention» (Levine 2009, 223, sitert i Hjerimitslev et al. 2014, 104).

I seinare tid har det utvikla seg ei retning innan litteraturvitskapen som nyttar innsikter frå evolusjonsbiologi og evolusjonspsykologi i litterære analysar, men sjølv om evolusjonismen er sentral i prosjektet mitt, sorterer det likevel ikkje under denne retninga. Retninga kallar seg litterær darwinisme, eller evolusjonær litteraturvitskap, og ifølge Mathias Clasen bygger denne forskinga på ei biologisk, evolusjonær forståing av den menneskelege kreativiteten, i opposisjon til det han omtalar som sosialkonstruktivisme (Fedders 2012). Retninga vil opna litteraturvitskapen opp for innsikter frå andre vitenskapar, særleg frå biologi og psykologi, og ho begynner, ifølge Clasen, å gjera seg gjeldande utanfor USA, der ho har sitt tyngdepunkt. Til grunn for fleire av analysane ligg ofte ein biokulturell modell som betraktar kulturen som ei form for natur. Litterær darwinisme meiner òg at resepsjonen av litteratur heng saman med biologisk bestemte personlegdomstrekk hos lesaren, og at dei som søker estetiske opplevingar, t.d. ofte har høg skår på trekket openheit, som er eitt av trekkka i fem-

points out that 'the issues of science, the questions it asks, and the way it chooses to answer them, cannot be separated from the assumptions of the culture at large', just as 'conversely, scientific facts and theories may have a direct influence on those who construct philosophical systems, write novels, or criticise society'» (Flohr 2015, 2). Flohr siterer først Chapple (1986, 19) og deretter Robin Gilmour, *The Victorian Period: The Intellectual and Cultural Context of English Literature 1830–1890* (1993, 142).

faktormodellen (sst.). Kritikarar av retninga meiner at den evolusjonære litteraturvitskapen legg alle disiplinane under naturvitskapen, men ifølge Clasen ser retninga litteraturen som del av eit paradigme der alle vitskaplege disiplinar heng saman, i staden for å tenka at litteratur er noko unikt som krev egne verktøy (2009).

I motsetnad til den litterære darwinismen studerer eg ikkje litteraturen som uttrykk for biologisk gitte kollektive og individuelle trekk eller innsikter. Eg studerer innverknaden ei vitskapleg retning fekk på idéhistoria og litteraturen, i mitt tilfelle særleg nokre skodespel av Ibsen. I prinsippet kunne eg like gjerne valt eit anna idéhistorisk fenomen viss eg meinte teksten var del av same diskursen og denne tilnærminga kunne kasta lys over skodespelet. Å lesa stykket i lys av evolusjonismen gav svar på spørsmål eg ikkje fann svar på, uansett kor mange tidlegare tolkingar eg las, og eg trur det er fleire element i Ibsens diktning som vil gi meining i lys av denne konteksten, som eg skal skildra nærare i neste kapittel.

Litteraturhistorisk kan me sjå ein motstand mot å trekka vitskap og evolusjonisme inn i litteraturtolkingane, ikkje berre når det gjeld Ibsen. Eirik Vassenden peiker på at dette t.o.m. gjeld Bjørnsons forfatterskap: Trass i at Bjørnson ved fleire høve gjekk offentleg ut med si tilslutning til evolusjonslæra, finn Vassenden hos Francis Bull og Per Amdam likevel ein «klar motstand mot å tilbakeføre diktverket og ideen til et rent vitenskapelig grunnlag» og framhevar at Amdam er «kritisk til tolkninger som fokuserer ensidig på det evolusjonsteoretiske når det gjeld Bjørnsons ‘Salme II’» (Vassenden 2013, 277). Liknande haldningar kan me finna i Ibsen-forskninga, som me skal sjå fleire døme på i kapitla som kjem.

Ein kan innvenda at det vil vera mogleg å anlegga eit evolusjonistisk perspektiv på dei fleste verk, og at det ikkje vil vera vanskeleg å finna element som lar seg tolka i det lyset, m.a. fordi utvikling i større eller mindre grad pregar alle narrativ. Men tilnærminga mi er først og fremst motivert av eit pragmatisk ønske om å forstå, og i forhold til mange andre vinklingar er evolusjonsperspektivet ennå uprøvd når det gjeld store delar av Ibsens forfatterskap generelt, og dei to skodespela eg har valt meg ut, spesielt. Eg meiner ikkje at dette er det einaste perspektivet å nærma seg tekstane frå, og noko av det som gjer at eg set Ibsens forfatterskap så høgt, er nettopp at det rommar eit stort spekter av meningsmoglegheiter. Men prosjektet mitt her er å undersøka kva som kjem utor det å anlegga eit tydeleg evolusjonistisk perspektiv på det. Sjølv om eg veit at det eg skriv om, gir rom for fleire nyansar, er oppgåva mi ikkje å peika på alle moglegheitene, men å analysera tekstane ved å lesa dei i lys av

vitskapsdiskursane som dominerte i den tida då dei blei skrivne. Som alle enkelttolkingar inneber òg mine lesingar ei forenkling av meiningsmangfaldet i enkelttekstane.

Men sjølv om fleire har peikt på evolusjonistiske innslag i Ibsens oeuvre tidlegare, manglar det, som eg tidlegare var inne på, analysar som tar konsekvensane av desse innslaga og undersøker kva dei har å seia for tekstane som heilskap. Derimot finst det mange analysar basert på ulike psykologiske og filosofiske teoriar. Slik prøver prosjektet å fylla ein open plass i Ibsen-forskinga, ein plass som enkelte forskarar i seinare tid har peikt på at finst, men som ingen har prøvd å fylla, i alle fall ikkje når det gjeld dei to skodespela eg tar føre meg – dette sjølv om Ibsens mediering av evolusjonsdiskursen nettopp er noko av det som *New York Times* trekte fram som essensielt ved forfattarskapen i Ibsens nekrolog, dagen etter Ibsens død:

When Ibsen began to write the worlds of science and religion had been turned topsy-turvy by that theory of evolution which had for its protagonists Darwin, Wallace, and Haeckel. Its first affect was to bring thinkers full against an iron wall. Force and bloodshed, the mysterious Ananké of hereditary failings, seemed to be the one rule of the universe, and it was but natural that pessimism should be the outcome. Henrik Ibsen seems to have grasped these new ideas from the poet's standpoint: at any rate, they have been reflected in many of his works with telling power. He has reproduced the somewhat gloomy character of the Norwegians and at the same time marked in his dramas one of the most startling discoveries of the century. (Anonym forfattar 1906, 24. mai)

Åtte år tidlegare, i 1898, hadde den tyske litteraturhistorikaren og journalisten Edgar Steiger skrive ein artikkel med tittelen «Ibsen, der Darwianer» i *Das Magazin für Literatur*, nr. 11, eit nummer som i sin heilskap var vigd Ibsens 70-årsdag.¹⁷ Steiger meinte at Ibsen hadde skapt ein ny tragedie (277) og at han, som Zola, såg verda med Darwins auge – korleis den tragiske verdsoppfatninga hadde født ein ny skjebne i hundreårets arvelegheits- og tilpassingslære, som foreinte i seg all skrekk frå den gamle gudsforbanninga, all majestet frå ei upersonleg allmakt og hardheita frå ei allmenngyldig, blind og ubønhøyrleg lov (276). Skulle ein, ifølge Steiger, gi ei utfyllande framstilling av darwinismen i Ibsens dramatik, måtte ein eigentleg gjengitt alle verka frå start til slutt, for i alle verka ville det vore vanskeleg å finna ein einaste karakter og ei einaste scene som mangla slike trekk av arv og tilpassing (277).¹⁸ Sjølv om det er meir enn hundre år sidan Steiger skreiv dette, manglar framleis ei utfyllande framstilling av

¹⁷ Artikkelen var eit utdrag frå boka *Das Werden des neuen Dramas*, som kom same år, der første delen var vigd «Henrik Ibsen und die dramatische Gesellschaftskritik».

¹⁸ Dette er mi eiga omsetting.

darwinismen i Ibsens dramatik, og det er vanskeleg å finna spor etter nokon som deler Steigers syn.

I dag har sjokket evolusjonsteorien vekte på 1800-talet, for lengst lagt seg. Ideen har blitt del av den stilleiande doksaen dei fleste tar for gitt, ein del av vår automatiserte verdsoppfatning som berre enkelte subkulturar i samfunnet finn det verdt å debattera eller stilla spørsmål ved. Og etter andre verdskrigen er sosialdarwinisme primært assosiert med den mest brutale og valdelege delen av verdshistoria. Eg kan forstå at det sosialdarwinistiske tankegodset alt frå opptakten til andre verdskrigen har halde forskinga vekke frå å grava i evolusjonsdiskursen og det biologisk, essensialistiske tankegodset som eventuelt kjem til uttrykk i tekstane. Utgangspunktet mitt var heller ikkje noko ønske om å granska desse berøringspunkta. Då eg starta analysen av *Lille Eyolf*, var eg ikkje ein gong klar over at dei fanst. Men då dei blei synlege undervegs i arbeidet, såg eg heller ingen grunn til å sjå vekk frå dei. Innstillinga mi er pragmatisk. Eg ønsker å forstå, òg om innsikta ikkje er det eg hadde håpt på. Konsekvensen av å lesa Ibsen inn i og opp mot evolusjonsdiskursen i samtida hans, er nemleg at nokre av dei godt etablerte førestillingane me har om stykka hans, må nyanserast. Som tidlegare nemnt gjeld dette særleg førestillingane om kjønn som kjem til uttrykk i verka hans.

Det horisontale perspektivet

I 1998 kåra 100 norske professorar *On the Origin of Species by Means of Natural Selection, or the Preservation of Favoured Races in the Struggle For Life* (1859) til det faglitterære verket med sterkast innverknad gjennom tidene.¹⁹ Derfor undrar Jan Kjørstad, i essayet «Menneskets vidde», seg over at «det darwinistiske paradigmet ikke har etablert seg tydeligere blant skjønnlitterære forfattere, kritikere og lesere» (2013, 19). I staden er det først og fremst Freud og hans vertikale, djuptborande perspektiv og meir statiske menneskesyn som har prega dei siste hundre åras litteratur og kultur, poengterer Kjørstad. Ifølge psykoanalysen gjentar kvart menneske dei same fasane som tidlegare generasjonar har vore gjennom, og derfor meiner Kjørstad at dei psykoanalytiske lesingane vanskelegare fangar opp dei meir horisontale aspekta i tekstane. «Burde vi ikke i større grad forfølge forestillingen om mennesket som et foranderlig vesen?» spør Kjørstad, som meiner det nå er på tide å ta i bruk Darwins horisontale tilnærming som nettopp vektlegg menneskas evne til forandring (2013, 11–12). På universitetet på 1970-talet var Darwin eit skjellsord, skriv Kjørstad, som er

¹⁹ Heretter bruker eg stort sett berre *On the Origin* når eg omtalar boka.

forbausa over at kunnskap om Darwin var så fråverande i hans eiga skule- og studietid (18). Kjærstad, som skriv at han sjølv har prøvd å skildra menneska meir i deira vidde enn i deira djup, synest det er rart at han som student var meir opptatt av Marx og Freud: «Det er jo Darwin som er sjokket, det er Darwin som gir det svimlende perspektivet, det er Darwin som står for det store paradigmeskiftet» (17–18). Mykje tyder på at dette sjokket prega ikkje berre vitenskapen, men òg Ibsen og mange andre forfattarar dei siste tiåra av 1800-talet.

Sjølv om evolusjonsperspektivet er fascinerande, svimlende vidt, gjekk det likevel ikkje lang tid før ein anla Freuds vertikale perspektiv på Ibsens forfatterskap og karakterar, eit perspektiv som fekk dominera forskningstradisjonen i over hundre år, medan ein i mindre grad har fanga opp det horisontale perspektivet i tekstane. I utforskinga av enkeltkarakterane og relasjonane deira har opplysningar om fortid, slektskap, arv etc. – opplysningar som framhevar det horisontale aspektet – ofte blitt oppfatta som ein slags støy, som forfattaren, av uviss grunn, har lasta på karakterane sine. I mitt prosjekt vil eg derimot rykka desse horisontale aspekta i forgrunnen. Evolusjonsteoriane viser at mennesket er resultat av forvandling, og at me, etter alle solemerke, vil halda fram med å forvandla oss. Som nekrologen var inne på, må innsikta ha vore overveldande. Samstundes som ho gav grunnlag for håpefulle framtidspåseggingar, gav ho grobotn for pessimisme. Utviklinga kunne òg gå i negativ retning – kanskje låg utviklingstoppen bak oss. På Ibsens tid frykta ein degenerasjon og entropi, og i mine auge ligg spørsmålet om kva som skal til for at forvandling kan finna stad, til grunn for fleire av Ibsens skodespel.²⁰ Både *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* tematiserer forvandling – i *Rosmersholm* nyttar dei mest ordet ‘adling’, den same forvandlingsmetaforen Darwin nytta i første utgåva av *On the Origin*. *Rosmersholm* endar med at dei tar livet av seg. I *Lille Eyolf* får forvandlinga mindre destruktive følger. Forvandling er drivkrafta i evolusjonen, som ho òg er drivkrafta i desse tekstane.²¹ Ved å undersøka skodespela som del

²⁰ I tråd med termodynamikkens idé om varmedød og entropi og den tiltakande bekymringa for at utviklinga gjekk i feil retning, spreidde degenerasjonslæra seg på tampen av det nittande hundreåret: «Degenerasjonstatikken hørte til århundreskiftets tunge skremmebilder. Sivilisasjonskritikken var streng. Kulturen og det materielle fremskrittet hadde krevet sin pris: Et svekket samtidsmenneske, stadig dårligere egnet til å avle fram et fullgodt befolkningsmateriale. Blikket ble rettet spesielt mot kvinnens rolle i fremtidens arv» (Johannisson 1996, 87). Ifølge filosofen Georg Henrik von Wright har «trolig ingen vitenskapelig teori [...] øvd en sterkere fascinasjon på den intellektuelle fantasien enn termodynamikkens andre lov» (Fodstad 2014, 101). Filosof og idéhistorikar Michel Foucault er inne på det same: «As is well known, the great and obsessive dread of the nineteenth century was history, with its themes of development and stagnation, crisis and cycle, the accumulation of the past, the surplus of the dead and the world threatened by cooling. The 19th century found the quintessence of its mythological resources in the 2. law of thermodynamics» (Foucault 1997, 1).

²¹ «Mangfoldiggjørelse og forvandling» er «udslag af den almindelige lov, som behersker alle organiske legemers fremskridten – de sterkeste blir i live, de svageste gå til grunde» (Darwin gjengitt av anonym i *Aftenposten*, 1883.12.17.)» ‘Forvandling’/metamorfose konnoterer i større grad ei omdanning eller eit sprang

av dei same evolusjonsdiskursane vil det bli lettare å forstå korfor *Rosmersholm* endar med sjølv mord, og *Lille Eyolf* med flaggheising og takk.

Brandes kravde at «århundredets ånd, dets idéer», det han omtala som blodårene i diktinga, gjerne kunne sjåast «blånende under huden», men dei skulle ikkje «fremtræde spændte og sorte som på en forbitret eller syg» (Beyer 1995, 78). Ved hjelp av diskursanalysen vil eg prøva få fram nokre av desse blodårene i Ibsens tekstar, først og fremst i *Rosmersholm* og *Lille Eyolf*, der desse kanskje har vore mindre synlege enn i mange av dei andre samtidsskodespela.

Struktur

Avhandlinga har to hovuddelar og ein litt spesiell struktur, der del I, som eg har kalla «kontekst», bruker mykje plass på å etablere ein idéhistorisk samanheng for dei seinare lesingane. Eg gir eit omriss av evolusjonsdiskursen på Ibsens tid, for å sannsynleggjera at Ibsen var godt informert av han. Dette er ein viktig del av forskingsarbeidet mitt, sidan ingen tidlegare verkeleg har prøvd å teikna opp denne diskursen slik han kan ha sett ut for Ibsen. Kontekstdelen består av fire kapittel, der det første kapittelet (kapittel 2 i avhandlinga) skildrar forholdet mellom litteratur og vitskap på 1800-talet. Med utgangspunkt i C.P. Snows «to kulturar», og ei drøfting av samanhengen mellom manglande kontekstualisering av Ibsens forfatterskap og myten om at han ikkje interesserte seg for samtida si, tar eg føre meg omgrepet 'darwinisme' og andre evolusjonsteoriar. Deretter viser eg at skiljet mellom vitskap og litteratur var mindre klart på Ibsen tid enn det er i dag, slik at forholda låg godt til rette for ein sterk gjensidig påverknad mellom vitskapen og litteraturen. Eg belyser korleis Darwins skildring av det naturlege valet, sjølve drivkrafta i evolusjonen, er eit døme på at vitskapen nytta litterære grep i framstillinga av dei nye ideane, og omvendt, korleis litteraturen gjorde nytte av vitskapens grep og omgrep. Sidan presentasjonen så langt hovudsakleg har dreidd seg om engelskspråkleg litteratur, kjem eg i kjølvatnet av ei kort drøfting av skiljelinjene mellom darwinisme og andre utviklingsteoriar òg inn på nokre franske utviklingsidear og eit par døme

enn 'utvikling', og har ei sterkere forankring i biologien. Ovids *Metamorfoser* skildrar forvandlinga som eit universalprinsipp ved verdas natur (Nordby 2013, 169). «Første forklaring på 'forvandling' i BOB, er nettopp eit sitat frå *Lille Eyolf*, følgd opp med ei tilvising til zoologien, og 'metamorfose' som einaste synonym, noko som tydeleggjer det zoologiske opphavet og at 'forvandling' er ein prosess som gjeld liv generelt, og ikkje skil mellom menneske og dyr» (Løvland 2017, 85): «For|vandling m1, f1 l det å forvandle(s) *gjennomgå en f- / stå under f-ens lov* (etter H. Ibsen). 2 hos mange virvelløse dyr: trinnvis utvikling fra eggstadium fram til kjønnsmodent stadium, metamorfose for|vandling f3 det å forvandle (seg); i zoologi: metamorfose metamorfose m1 (frå gr. 'omskaping') omforming, formending; hamskifte; i zoologi: utvikling gjennom eit larvestadium (og puppestadium) til vakse individ; *jamfør metamorf*» (BOB).

på vitenskapens påverknad på fransk litteratur, før eg tar føre meg evolusjonisme og Darwin-resepsjonen i Tyskland. Her går eg litt grundigare til verks, sidan dette var forhold som direkte angjekk Ibsen dei åra han budde i Dresden og München (der han m.a. skreiv *Rosmersholm*). Til slutt i dette kapitlet drøftar eg kva denne sentraleuropeiske konteksten kan ha betydd for Ibsen.

Det andre kapitlet av kontekstdelen (avhandlingas kapittel 3) omhandlar vitenskapdiskursen i Skandinavia, og særleg Noreg. Eg startar med den danske Darwin-resepsjonen, som nyleg har blitt utsett for revisjon. Deretter følger eit avsnitt om den svenske resepsjonen, før eg tar føre meg forholda i Noreg, som tradisjonen vil ha det til brukte lengre tid på å bli interessert i Darwin enn mange andre land. Eg drøftar kor haldbar gjengangaren i forskningstradisjonen er om at Ibsen ikkje hadde høyrte om Darwins idear før han møtte Jacobsen personleg då han var i Roma i 1878. Samstundes undersøker eg tesen om at darwinismen nådde Noreg via Jacobsen og Brandes, og at det var Brandes som inspirerte og forma dei norske gjennombrotsforfattarane – påstandar som framleis blir resirkulert, m.a. i nye norske læreverk.

Med enkelte tilbakeblikk følger eg stort sett den kronologiske utviklinga i presentasjonen av stoffet og startar med den skandinaviske evolusjonismen etter utgivinga av *On the Origin*. Før me er komne til 1880-talet, er evolusjonsdiskursen blitt så omfattande at eg berre kan presentera nokre få nedslag, og då har eg valt ut dei som kan ha hatt betydning for Ibsen. I underkapitlet «vitskapleg litteratur» hentar eg døma frå resepsjonen av *Gengangere*, og i avdelinga for sakprosa trekker eg fram nokre av Ibsens notat som tydeleg inngår i evolusjonsdiskursen, og som derfor er sentrale for denne avhandlinga. På slutten av kapitlet viser eg at påstanden om at darwinismen dabba av når me kjem til 1890-talet, er feil.

Det tredje kapitlet av kontekstdelen (kapittel 4 i avhandlinga) er resepsjonskapitlet der eg undersøker korleis Ibsen-forskinga har handsama 1800-talets evolusjonsdiskurs. Eg spør om den forskinga som ligg føre, i tilstrekkeleg grad har tatt omsyn til evolusjonsdiskursen. Etter ei kort innleiande drøfting grunngir eg prioriteringane mine for utveljing av forskingslitteratur. Eg har valt å ta føre meg den delen av Ibsen-forskinga som på ein eller annan måte har nemnt Ibsen i same andedrag som darwinismen eller evolusjonismen, anten det er fordi dei meiner det er eit samband der, eller fordi dei avviser at det kan vera tilfellet. Etter først å ha presentert ei nyleg laga oversikt over «Darwin's early impact on Norwegian literature and literary life» (Rem 2014) startar eg med noko av den tidlegaste Ibsen-forskinga og held fram i nokon lunde kronologisk rekkefølge. Den første bolken er vidd Henrik Jæger,

Gerhard Gran, Halvdan Koht og Francis Bull. Den andre startar etter andre verdskrigen og endar med Fergusons biografi som kom i 1996, og den siste delen byrjar med Ross Shideler i 1997 og går fram til i dag.

I fjerde kapittelet av kontekstdelen (kapittel 5) tar eg føre meg førestillingar om kjønn som var del av evolusjonsdiskursen på 1800-talet. Her viser eg at evolusjonsdiskursen romma førestillingar om at evolusjonen er kjønnsspesifikk, og at desse førestillingane var verksame gjennom Ibsens levetid både i vitskapeleg diskurs og på det litterære feltet. I tillegg til å presentera tidlegare forskning på emnet tar eg føre meg Darwins og andre evolusjonistars ytringar om forskjellen på kjønna og korleis dei forklarar desse. Så ser eg på kva tidlegare forskning har funne ut når det gjeld korleis Ibsen stilte seg til samtidas kjønnsførestillingar, og om han tok del i sirkulasjonen av den evolusjonistiske kjønnsdiskursen. Sidan det viser seg at dette er noko tidlegare forskning i svært liten grad har vore opptatt av, ser eg på kva forskninga har sagt når det gjeld Ibsen og kjønn, før eg tar føre meg Ibsens eigne ytringar som spesifikt handlar om kjønn. Når det gjeld 1800-talets idear om at evolusjonen er kjønnsspesifikk, er forskninga på kollisjonskurs med ein diskurs som Ibsen faktisk ser ut til å ha vore aktiv innanfor. Som eg var inne på innleiingsvis, står den utbreidde førestillinga om kjønnsspesifikk evolusjon som finst i samtidas vitskapsdiskurs, og i Ibsens eigne ytringar, i eit motsetningsforhold til forskningas førestilling om «Ibsens feminisme». Ibsens kvinnesyn, slik det m.a. kjem til uttrykk i talane og breva han skreiv, ser ut til å vera i tråd med førestillingane om ein kjønnsspesifikk evolusjon. Men sjølv om det dermed kan bli feil å kalla Ibsen feminist, betyr ikkje det at me ikkje kan lesa han frå eit feministisk perspektiv. Tvert imot konkluderer kontekstdelen av avhandlinga med at det er på tide med ei kritisk feministisk undersøking av Ibsens evolusjonistiske førestillingar om kjønn. Nettopp dét er oppgåva eg tek på meg i avhandlingas analysedel.

Del II i avhandlinga, «analyse», er vigd nærlesingar av *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* og undersøkingar av resepsjonen deira. Kapittel 6 er starten på del II i avhandlinga, der eg, i forkant av *Rosmersholm*-analysen, gir eit kort handlingsreferat av stykket før eg gjennomgår resepsjonen. Her kjem eg til å nemna fleire forskarar som kanskje har vore sakna i kapittel 4 – om tidlegare forskning på Ibsen og evolusjonisme. Eg startar med samtidsresepsjonen før eg går vidare med den akademiske forskningstradisjonen.

I kapittel 7 kjem så den første verkanalysen, som tar utgangspunkt i dei sidene ved stykket som eg sjølv, i likskap med store delar av forskningstradisjonen, har hatt størst vanskar med å

forstå. Det sentrale spørsmålet eg og store delar av resepsjonen strir med, er korfor Rebekka og Rosmer gjer sjølvord – noko eg aldri har lese ei tilfredsstillande forklaring på. Men når eg studerer stykket og dei ulike karakterane i lys av den evolusjonistiske kjønnsdiskursen, verker det oppklarande både på sjølvorda og andre sider ved stykket som har vore vanskelege å forstå.

Før eg i kapittel 8 startar den påfølgande analysen av *Lille Eyolf*, kjem eg med ei oppsummering av hovudtrekka i resepsjonen av stykket. Sidan eg tok føre meg forskningstradisjonen i masteroppgåva mi, vil eg bruka litt mindre plass på dette skodespelet enn eg gjer på *Rosmersholm*, kor eg ikkje har gjort noko grunnarbeid før. Analysen av *Lille Eyolf* blir ei vidareføring av det tidlegare arbeidet, i tillegg til at eg vil peika på diskursive knutepunkt i stykket og i samtidskonteksten som det har vore lite fokus på tidlegare. Deretter er det tid for å oppsummera og konkludera i kapittel 9, som er siste kapitlet.

Del 1: Kontekst

2 Litteratur og vitenskap på 1800-talet

Ibsens forfatterskap blir gjerne samanlikna med eit vitenskapleg laboratorium der forfattaren dissekerer og eksperimenterer med karakterane sine, og sjølv omtala han skrivinga som 'selvanatomi'.²² Begge analogiane fremjar likskapen mellom dikting og vitenskap. I vår tid er grensene mellom naturvitenskap og humanistiske disiplinær svært tydelege. På eit føredrag i Cambridge, i 1959, klaga fysikar og romanforfattar C.P. Snow over det veksande gapet mellom dei humanistisk-litterære intellektuelle og forskarane som var knytt til det teknisk-vitenskaplege miljøet (Clasen 2009). «Opprørt over humanistenes manglende interesse for naturvitenskap» omtala han naturvitenskap og litterære/humanistiske samfunnsfag som «to kulturar» (Hylland Eriksen 2011, 440). «Between the two a gulf of mutual incomprehension – sometimes (particularly among the young) hostility and dislike, but most of all lack of understanding» (Snow 1993).²³ Mellom desse to vitenskapskulturane var det, ifølge Snow, i tillegg til ulik tematikk, språkbruk og verkelegheitsforståing ei kløft av fordommar og gjensidig arroganse som var til hinder for løysing av viktige samfunnsproblem. «Uvitenheten og likegyldigheten gikk i begge retninger» (Hylland Eriksen 2011, 440). Bjørn Kvalsвик Nicolaysen har gitt uttrykk for at han trur skiljet mellom naturfag og kulturfag er endå meir gyldig i Noreg i dag:

Den vidgjetne tesen til C.P. Snow om «to kulturar», altså skilsmisja mellom naturfag og kulturfag, er truleg enno meir gyldig i Noreg enn i mange andre land. Skotta mellom naturvitenskap og humaniora er temmeleg tette. Der finst rett nok studiar av måten naturvitenskaplege nyvinningar påverka norske forfattarar, men ser ein bort frå dei som arbeider med statistikk, er det elles fint lite kontakt til realfaga. Tilstanden har gjort at vi ikkje har hatt nokon god tilgang til diskusjonar omkring til dømes rolla til utviklingslæra, sosialdarwinismen og Spencers påverknad på pedagogikken og kulturteorien, natursynet, oppfatningar om arv og miljø. (Nicolaysen 2017)

²² «All Ibsen's characters speak and act as if they were hypnotised, and under their creator's imperious demand to reveal themselves. There never was such a mirror held up to nature before; it is too terrible [...] Yet we must return to Ibsen, with his remorseless surgery, his remorseless electric-light, until we, too, have grown strong and learned to face the naked – if necessary, the flayed and bleeding – reality» (*Speaker* London). Dette sitatet står som innleiing på *Ibsen's Prose Dramas*, W. Archer, red. «Du kan tro at jeg i mine stille Timer roder og sonderer og anatomerer ganske artig i mine egne Indvolde; – og på de Punkter, hvor det bider værøst» (B18671209BB). «Brand er mig selv i mine bedste øjeblikke, – ligeså visst som jeg ved selvanatomi har bragt for dagen mange træk både i Peer Gynt og i Stensgård» (B18701028PHa). «Jeg har holdt mig strængt til det historiske; jeg har set det alt foregå, ligesom for mine øjne, og således gengiver jeg det. Og dog ligger der megen selv-anatomi i denne bog» (B18730220Eo). Ibsen syntest sjølv å «kjenne ein skyldskap mellom diktinga si og vitenskapleg tenkning» (Koht 1956, 173).

²³ «Mellom disse to gruppene – naturvitenskapsmennene og de litterære intellektuelle – er kommunikasjonen svak, og i stedet for fellesskapsfølelse finnes noe som ligner på fiendskap» (Snow & Enebakk 2008, 55).

Utviklingslæra og sosialdarwinismen høyrer inn under evolusjonismen, og prosjektet mitt vil gi betre innsikt i evolusjonismens rolle i Ibsens forfattarskap og dermed bidra til å kasta lys over forholdet mellom dei to kulturane i andre halvdel av 1800-talet. Snow meinte at intellektuelle ikkje forstod seg på industri og teknologi – med unntak av Henrik Ibsen:

It is hard to think of a writer of high class who really stretched his imaginative sympathy, who could see at once the hideous back-streets, the smoking chimneys, the internal price—and also the prospects of life that were opening out for the poor, the intimations, up to now unknown except to the lucky, which were just coming within reach of the remaining 99.0 per cent of his brother men. Some of the nineteenth-century Russian novelists might have done; their natures were broad enough; but they were living in a pre-industrial society and didn't have the opportunity. The only writer of world class who seems to have had an understanding of the industrial revolution was Ibsen in his old age: and there wasn't much that old man didn't understand. (Snow 1993, 25)

Kva for sider ved forfattarskapen som gjer Ibsen til dette unntaket, utdjupa ikkje Snow, og i Ibsen-forskinga herskar det usemje når det gjeld kor mykje Ibsen forstod av vitskap og av samtida si.

Etter at han var blitt berømt, deltok Ibsen lite i det offentlege ordsiftet, på same vis som han sjeldan gav uttrykk for kva han las, eller var påverka av – noko som kan ha vore medverkande til inntrykket mange har av at han ikkje var så opptatt av si eiga samtid og samfunnet rundt. Nygaard t.d. meiner det er «oversett og underslått at Ibsen som forfatterfunksjon også var en som mottok impulser fra og var en funksjon både av sin epoke og tidligere epoker» (2013, 16). Dette er òg bakgrunnen for boka *Ibsen in Context* (2021), som med 30 korte essay innan ulike emne prøver bøta på den manglande kontekstualiseringa av Ibsens forfattarskap: «Ibsen's own famous reticence, his unwillingness to pass comment, has since been followed up through many more or less ahistorical approaches and contributions in criticism and scholarship. In other words, Ibsen has to a large extent been seen out of context», skriv redaktørane Narve Fulsås og Tore Rem, som kan fortelja at det var Fredrik V. Hegel som rådde Ibsen til å la vera å kontekstualisera verka sine, då Ibsen på starten av 1880-talet lurte på å skriva ei bok om dei indre og ytre forholda som danna bakgrunnen for dei enkelte skodespela (2021, xvi, xv).

Ifølge mine undersøkingar avsondra derimot ikkje Ibsen seg frå samtida si, og sjølv gav han fleire gonger uttrykk for at han kjente eit sterkt samhøyr med henne: «Dersom min Tilværelse har haft nogen Betydning, som De siger, saa kommer det af, at der er Slægtskab mellem mig

og Tiden. Der er intet bundløst Svælg mellem den, der producerer og den, der modtager» (P18851003Stud_Pol).²⁴

Me veit ikkje om Ibsen las noko av Darwin. Kan henda las han Jacobsens omsetting, som var nokså fri i stoffgjengivinga, og sterkt prega av Jacobsens Häckel-lesing, men ifølge Gunnar Heiberg verka det som om Ibsen føretrakte å læra gjennom diskusjon heller enn ved lesing. Blei han spurt om kva han hadde lese, svarte han aviser, frå «perm til perm» med annonser og det heile (Koht 1954, 289).²⁵ Men sjølv om Ibsen ikkje ville ut med kva han var påverka av, kan ein studera nedslag av ulike diskursar i tekstane hans, slik eg vil gjera med evolusjonsdiskursen, som ekspanderte innanfor same tidsrommet som Ibsens forfatterskap.

I dette kontekstkapittelet vil eg starta med å ta føre meg omgrepet darwinisme, før eg ser nærare på forholdet mellom litteratur og vitenskap på 1800-talet generelt. Låg forholda i det heile tatt til rette for at evolusjonsdiskursen eller andre vitenskapsdiskursar *kunne* sirkulera på tvers av ulike disiplinær? Var dei tilgjengelege for folk utanfor dei vitenskaplege fagfelleskapa? Eg vil venda meg til internasjonal faglitteratur som tar føre seg relasjonen mellom litteratur og vitenskap på 1800-talet, med fokus på Darwins presentasjon av utviklingsteorien sin. Det første forsøket på ein evolusjonsteori som omfatta alle organiske vesen, blei derimot gjort av den franske zoologen Jean-Baptiste Lamarck (1744–1829), og eg vil kort ta for meg fransk og tysk evolusjonisme, før eg i neste kapittel vil sjå nærare på darwinisme-resepsjonen i Skandinavia og særskilt Noreg fram til år 1900. Her vil eg peika på relasjonar og samband som var med på å forma den sosiale og faglege samanhengen Ibsen stod i, og som kan ha påverka forfatterskapen og ideane hans. Eg er m.a.o. ute etter å beskriva ein kontekst som klargjer om og korleis Ibsen kan ha komme i berøring med evolusjonsdiskursen.

²⁴ Dette sa Ibsen i ein tale til studentersamfunnet i København, etter at han hadde vore i Noreg, 3.10.1885, nokre månader før han skreiv *Rosmersholm*, og liknande tankar hadde han gitt uttrykk for i studentanes fanetog, i sept. 1874: «Alt, hvad jeg i de sidste ti år har digtet, det har jeg åndelig gennemlevet. Men ingen digter gennemlever noget isoleret. Hvad han gennemlever, det gennemlever hans samtidige landsmænd sammen med ham. Thi hvis ikke *så* var, hvad slog da forståelsens bro imellem den frembringende og de modtagende?» (P18740910Stud_u).

²⁵ «Alle som forsker på Ibsen, finner fort ut at det er så å si umulig å få klarhet i om han faktisk leste Kierkegaard, Hegel, Nietzsche og så videre. Det samme gjelder litteratur og kunst [...] Når et eller annet intellektuelt eller litterært emne dukket opp i brevvekslingen hans, er Ibsens vanlige strategi å avbryte diskusjonen før den begynner» (Moi 2006, 99).

Darwinisme²⁶

Evolusjonsdiskursen blei forma av mange, og trass i at Spencer og Hackel for fleire blei vel sa viktige som Darwin, utgjer Darwins boker milestolpane i evolusjonslara. Darwin hadde samla enorme mengder observasjonsmaterial av korleis utviklinga hadde funne stad, og dette gav utviklingslara ei vitskapleg forankring som blei eit kvantesprang for evolusjonsteorien, g nar det gjaldt merksemd, utbreiing og status, skriv Dag O. Hessen og Thore Lie i *Mennesket i nytt lys*, ei versikt over darwinismen og utviklingslara i Noreg, som kom i 2002, og som er ei viktig kjelde for meg (36). Darwins versjon av evolusjonsteorien bygde pa vitskapleg dokumentasjon for at alt liv pa jorda er i slekt og har utvikla seg fra same opphav.

Darwins iakttagelser indtager en Plads i den exakte Naturforskning, der er strre og mer fremtredende end nogen tidligere. Hans Blik er skarpere og mer gjennemtregende end andres; han har en evne til at sammenknytte og forbinde Iagttagelser, der er beundringsvrdig. Han viser en overlegen Skarpsindighed i at ordne Forsgene. Hans Undersgelser er ikke famlende eller usikre; han ved altid, hvor han vil hen, og han anstiller de Biologiske Iagttagelse og Forsg, saaledes at han kan faa Svar paa sine Sprgsmaal. (Lochmann 1882 sitert i Lie 2004, 182)

Slik omtala darwinismens mest markerte motstandar i Noreg, medisinarern Ernst Ferdinand Lochmann, Darwin, «en Mand, der i Virkeligheden i denne tilbagetrukne Stilling har utvet en Indflydelse paa sin Tid som maaske aldri nogen Naturforsker», i minnetalen han heldt ved DNVAs rsmte i 1882, det ret Darwin dydde (Lie 2014, 181–2).²⁷

Omgrepet *darwinisme* blei frste gong nytta i april 1860 av den engelske biologen Thomas Henry Huxley (OED). Mange av dei som pa 1800-talet kalla seg darwinistar, sttta evolusjonstanken, sjlv om dei kunne vera skeptiske til ideen om det naturlege utvalet (Lie 2008, 163). «'Darwinism' was, in effect, a semantic vehicle that already in 1880 carried an abundance of connotative cultural luggage» (Hjermitslev et al. 2014, 118). Kven som med rette kunne kallast darwinistar, er ikkje noko eg skal definera og kartlegga her. Ideen om at det er ein slektskap mellom alle levande vesen, kan ein iallfall spora tilbake til i antikken, og tanken blei tatt opp igjen i renessansen, etter mellomalderens meir statiske verdsbilde som var prega av eit klart skilje mellom menneska og resten av naturen. Det dynamiske perspektivet pa mennesket si utvikling fekk igjen auka tilslutning i opplysingstida og fram mot den franske revolusjonen (Lindholm 2012, 14) og blei for alvor sett pa dagsorden av Lamarck og andre vitskapsmenn pa starten av 1800-talet. Utvikling er fellesnemnaren for 1800-talets idear og

²⁶ Delar av dette delkapittelet har likskap med kapittelet «utviklingshistoriske kontekst» i Lvland 2017, 5–6.

²⁷ I 1889 skreiv Lochmann under pa nsket om at det skulle opprettast eit Darwin-monument.

vitskap. I likskap med evolusjonistane leitte Hegel, Comte, Malthus og Marx alle etter lovmessigheita i utviklinga. Bestefar til Darwin, Erasmus Darwin (1731–1802), hadde òg skrive at det går ei kontinuerleg utvikling gjennom heile den organiske naturen som gjer skilja mellom dei ulike dyreslaga uklar, men at all utvikling strevar etter størst mogleg fullkommenskap (Hessen og Lie 2002, 35). Og i 1844 hadde Robert Chambers gitt ut *Vestiges of the Natural History of Creation* der han hevda at alt liv på jorda hadde utvikla seg frå ei slags ursuppe. Den heftige debatten boka vekte, var truleg medverkande til at Darwin venta så lenge med å gi ut *On the Origin* (Hessen og Lie 2002, 49).

I Noreg hadde evolusjonsteorien ein forløpar i filosofen Niels Treschow (1751–1833) som meinte at alle artar, inkludert mennesket, var resultat av ei gradvis utvikling frå eit felles opphav (Winsnes 1993, 382). Ifølge Treschow stamma mennesket frå eit sjødyr eller ein ape, men var samstundes eit guddommeleg vesen som streva etter fullkommenskap (Hessen og Lie 2002, 27). Treschows tankar inspirerte m.a. Henrik Wergeland, som viser til han i «Veslebrunens tale» (1833) og hyllar han i *Skabelsen, Mennesket og Messias* (1830) i lag med Henrich Steffens, ein romantisk naturfilosof som òg tok til orde for at det var ein slektskap mellom alle levande vesen. Charles Darwin var altså ikkje den første som reiv mennesket ned frå sin opphøgde status og plasserte det som ledd i ei lang utviklingsrekke, men det var med *On the Origin* (1859) at ein meinte dette synet nå var vitskapleg belagt. «Darwin achieved the status of a cultural symbol because his book catalyzed the transition to a full-fledged evolutionism within the developmental tradition», skriv biologihistorikaren Peter Bowler (1988, 5). Paradigmeskiftet i kjølvatnet av *On the Origin* var altså eit resultat av idear som hadde modnast over lengre tid. Tanken om at det er ein samanheng mellom alt liv, og at ulike artar er resultat av ein utviklingsprosess, ser òg ut til å vera ein basis for mytologi og folketru i mange samfunn, noko Ibsen tidleg interesserte seg for.²⁸ Slik sett forserte Darwins verk evolusjonsideens status i den grad at det er blitt ståande som paradigmeskiftet par excellence: «Aside from religious beliefs, no other idea or cluster of ideas has ever provoked so strong and sustained a literary response as Darwin's theory of evolution» (Bert Bender 2004, 1, sitert i Hjerimitslev et al. 2014, 103).²⁹

²⁸ Jf. t.d. «Om Kjæmpevisen og dens Betydning for Kunstpoesien» (P18570510Kjæmpe).

²⁹ Filosofen Daniel Dennett samanliknar darwinismen med «a universal acid» that «eats through just about any traditional concept, and leaves in its wake a revolutionized worldview» (Dennett 1996, 63 sitert i Hjerimitslev et al. 2014, 103).

Glidande overgangar mellom litteratur og vitenskap

Darwinismen formulerte ei ny forteljing om menneska som vekte debatt og fekk konsekvensar langt utanfor naturvitenskapens område. På 1800-talet var spesialiseringa og fragmenteringa innan vitenskapen på langt nær kommen så langt som i dag. «[...] the society's cultural background was still a unified one, its fragmentation only beginning in the second half of the century» (Flohr 2015, 10). Vitenskapsdiskursane skilde seg ikkje synderleg frå språket i annan litteratur, og litteratur-omgrepet inkluderte alt som var trykt i ei bok (Otis 2009, xviii).³⁰ Naturvitenskapleg forskning har alltid vore avhengig av diskursive, narrative strategiar (Beer 2000, 46).

In the mid-nineteenth century, scientists still shared a common language with other educated readers and writers of their time [...] they shared a literary, non-mathematical discourse which was readily available to readers without a scientific training. Their texts could be read very much as literary texts. (Beer 2000, 4)

Dei glidande overgangane mellom vitenskap og litteratur blei forsterka i pressa og den aukande mengda tidsskrift som var sett saman av forskjellige tekstar frå mange, ofte veldig ulike fagområde.³¹ Tidsskrifta bidrog til å halda oppe ein felles, allmenn diskurs; i løpet av kort tid kunne lesaren hoppa frå eit fagområde til eit heilt anna, utan å føla at han bevegde seg mellom ulike diskursar:

A common discourse was also sustained by the great reviewing journals and periodicals which contained articles on literature, science, theology, philosophy and much more, so that readers could find a discussion of a poem by Tennyson on one page and an assessment of Mary Somerville's «Connexion of the Physical Sciences» on the next «without any feeling that ... they were moving to a different kind of discourse». (Chapple 1986, 5)

Dermed låg forholda til rette for ein fri flyt mellom ulike diskursar på tvers av sjangrar og samfunnsområde.

Det var heller ikkje uvanleg at ein kombinerte studium i naturvitenskap med studium innan heilt andre fagområde. Darwin, som sjølv hadde ein allsidig bakgrunn frå medisin, teologi og naturvitenskap, hadde Lyells *Principles of Geology* som reiselektyre og inspirasjon på jordomseilinga med «Beagle» (1831–36). Og då han meir enn 20 år seinare presenterte evolusjonsteorien sin i *On the Origin* (1859), henta han eksempel frå eit breitt spekter av

³⁰ Laura Otis' *Literature and Science in the Nineteenth Century* (2009) viser med ei rekke eksempel at det var glidande overgangar mellom litteratur og vitenskap, som på 1800-talet ikkje ein gong blei betrakta som to forskjellige fenomen.

³¹ T.d. inneheldt Dickens' familiemagasin *Household Words* ei blanding av noveller og artiklar om alt frå kjemi til flodhestar, og i «the intellectual *Westminster Review*, George Eliot similarly helped to prepare essays on astronomy, biology, mesmerism, and vivisection» (Otis 2009, xviii).

vitskapsdisiplinar og brukte analogiar og språklege bilde for å få fram fellestrekk i naturens lovmessigheiter.³² «Only a comparison of the unknown with the known can create new forms of understanding, so that metaphor plays a key role in original thought» (Otis 2009, xxi). Dei vitskaplege forfattarane refererte til skjønnlitteratur for å visa at dei hadde danning, samstundes som dei lagde fantasifulle metaforar og analogiar for å synleggjera dei nye teoriane, både for seg sjølve og for folk flest (Otis 2009, xix, xxi og 131).³³ Slik fann det stad ei idémessig, diskursiv og forteljar teknisk utveksling:

Lyell, for example, uses extensively the fifteenth book of Ovid's *Metamorphoses* in his account of proto-geology, Bernard cites Goethe repeatedly, and – as has often been remarked – Darwin's crucial insight into the mechanism of evolutionary change derived directly from his reading of Malthus's essay *On Population*. What has gone unremarked is that it derived also from his reading of the one book he never left behind during his expeditions from the *Beagle: The Poetical Works of John Milton*. The traffic, then, was two-way. Because of the shared discourse not only *ideas*, but metaphors, myths, and narrative patterns could move rapidly and freely to and fro between scientists and non-scientists: though not without frequent creative misprision. (Beer 2000, 4–5)

Vitskapslitteraturen var forståeleg for folk utanfor det spesifikke fagområdet, noko som i Ibsens samtid opna for ei diskursiv utveksling med andre typar forfattarar, i langt større grad enn i nåtidas spesialiserte vitskapsdiskursar.

Gregory Moore meiner at det ikkje var dokumentasjonen som var grunnen til Darwins suksess, men det at han argumenterte på så overtydande vis (2002). Sidan evolusjonsteorien utfordra den kristne skapingssoga og blei møtt med motstand, var det viktig å formidla dei nye ideane på ein logisk forståeleg måte, og Darwin passa sjølv på å presentera teorien sin som komplementær til trua, ikkje i opposisjon til henne. Han måtte lukkast som forteljar, skulle evolusjonsteorien nå fram. For å få lesarane til å førestilla seg den evolusjonære, gradvise endringa som gjekk føre seg over mange tusen år, starta Darwin ukontroversielt med å skildra korleis oppdrettarar gjekk fram då dei alte fram nye dyr (det han kalla kunstig seleksjon), for så å trekka parallellen til evolusjonen som har føregått etter mykje dei same prinsippa (Otis 2009, 235), berre med naturleg seleksjon, og i mykje større målestokk (Moore

³² *Principles of Geology* var ei banebrytande og «kontroversiell bok som argumenterte for at jordas geologi var i stadig endring og utformet av 'blinde' prosesser uten høyere guddommelig mål og mening» (Vøje 2023). «He culled his examples from a whole range of scientific specialisms: geology, botany, physiology, animal husbandry, natural history (about then becoming 'biology'), cell-theory. And he further used analogy and metaphor to elucidate morphological resemblance within the natural order» (Beer 2000, 47).

³³ I artikkelen «The Role of Analogies and Models in Scientific Discovery» i *Scientific Change*, red. A.C. Crombie (1963) «Canguilhem points out that the vocabulary of biological science for a long time depended on unregarded metaphors drawn from human tools and mechanisms» (Beer 2000, 45). Dette er i tråd med nyare kognitiv språkvitskap og omgrepsmetafor teori som har vist kor gjennomsyra språket og tanken vår er av umedvitne, kroppslege erfaringar (Evans & Green 2006, 176).

2002, 23). Sidan han ikkje kunne demonstrera korleis evolusjonen fungerte, måtte han appellera til folks førestillingsevne. Derfor bygde han vidare på kjente bilde, t.d. evolusjonstreet, som var eit resultat av metaforisk gjenbruk: «By offering readers a ‘great tree’ supplemented by a complex, branched diagram, Darwin made his claims more believable, conveying them through a familiar narrative» (Otis 2009, xxv). På dette viset bevegde han seg langt inn i fiksjonslitteraturens forteljeteknikkar:

Darwin is seen as an example of the «impurity of scientific ideas», *The Origin of Species* as a text which is related to a particular historical and cultural situation. It is regarded as a text which «coming from a mode of discourse self-confidently representational and nonfictional ... enters into the dubiously representational realms of narrative and fiction» and becomes an object in which the boundaries between the two kinds of representation and narrative are blurred. (Flohr 2015, 7)³⁴

Ifølge *Darwin's Plots* er *The Origin of Species* like fylt av fantasi som skjønnlitterære verk (Beer, 2000). Men oppfatningane av Darwin er langt frå unisone, og det er heller ikkje synet på Darwin-resepsjonen.

Ifølge Bowler oppfatta ikkje Darwin-resepsjonen i det viktorianske England i 1859 radikaliteten av Darwins materialisme og vektlegging av tilfeldigheter og mekanistiske prinsipp, men såg han i samanheng med den etablerte utviklingstanken som delvis var bygd på kristne kreasjonistiske oppfatningar. Førestillinga om ein darwinistisk revolusjon er, etter Bowlers oppfatning, ei tilbakedatering som er blitt føretatt etter at genetikken eit stykke ut på 1900-talet såg betydninga av darwinismen, noko det tok lang tid før «andre enn en begrenset gruppe vitenskapsmenn» forstod (gjenfortalt i Vassenden 2013, 269). Bowlers syn avvik frå dei fleste teoretikarane eg har tatt føre meg, og ifølge zoologen Petter Bøckman skapte *On the Origin* «sjokk i det viktorianske samfunnet» og utfordra den etablerte samfunnsordenen ved at han indirekte sa at klassesillet, som den gong blei oppfatta som noko «fast og gudegitt», kunne endrast (Vogt 2012). Karl Marx t.d. blei inspirert av Darwins idear, men det blei òg det liberale høgre som meinte ein burde forbedra samfunnet ved å fjerna alle forordningane som beskytta dei fattige (sst.).

Vassenden peiker på at Darwin, ifølge Bowler, først og fremst blei «forstått innenfor rammene av eksisterende utviklingslære» (2013, 279) noko eg ikkje synest er oppsiktsvekkande, sidan Darwin sjølv oppgav kven han såg som forgjengarar og meiningsfeller, og sidan mange av ideane hans blei delt av fleire i den evolusjonistiske

³⁴ I dette sitatet siterer Flohr George Levines *Darwin and the Novelists: Patterns of Science in Victorian Fiction* (1988).

tradisjonen han kom frå. Ifølge Bowler forårsaka derimot Darwin ein «Non-Darwinian Revolution» fordi darwinismen «succeeded in preserving and modernizing the old teleological view» (Bowler 1988, 5). Bowler er slett ikkje aleine om å definera darwinisme som ikkje-teleologisk, men det finst òg dei som legg større vekt på den utviklinga Darwins teori gjennomgjekk. I starten tenkte Darwin at utviklinga var progressiv og gjekk i retning av det stadig meir komplekse og fullkomne, men etter kvart erstatta han trua på ein teleologisk evolusjon med tanken om at endringar i arvestoffet er tilfeldige, og at utviklinga ikkje har noko spesielt formål (Alberts 2012, 475). Darwin gav ut *On the Origin* «i til sammen seks utgaver, med stadig nye tilføyelser og rettelser, alt etter hva han mente var nødvendig i forhold til den løpende debatten om verket. Sjette og siste utgave fra 1872 utkom i norsk oversettelse ... i 1889–90» (Johansen 1998, xxvii). Det tok tid før Darwin gjekk heilt vekk frå at utviklinga var teleologisk.³⁵

For meg ser det ut til at somme legg vekt på teorien i Darwins endelege versjon, medan andre òg ser på den gradvise utviklinga. Vassenden representerer førstnemnde gruppe. Han lagar eit skarpt skilje mellom darwinisme og vitalisme og hevdar vitalismen «ser utviklingen som en bevegelse mot noe bedre og høyere, og ofte innenfor en (metaforisk eller bokstavelig) vekstfigur» i «forlengingen av den tidlige utviklingslærens forestilling om at utviklingen har et spesifikt mål», medan «darwinismens univers er grunnleggende mekanistisk og basert på tilfeldighet som seleksjonens grunnleggende prinsipp» (284). Men skiljet mellom darwinisme og vitalisme er ikkje så vasstett som Vassenden gir uttrykk for. Og sjølv om ein kan seia at mekanismen eller drivkrafta bak, eller rettare sagt *i* evolusjonen, er tilfeldig, sidan han ikkje er styrt av ein utanforståande vilje eller intensjon, og sidan endring kan skje gjennom mutasjonar, spelar likevel faktorar som samanheng, konsekvens, struktur og orden inn på eit meir konkret plan.³⁶

³⁵ «When, at the outset of the nineteenth century, the Chevalier de Lamarck had begun to place emphasis on a kinetic impulse in nature, an impulse to change which was inherent in animate being, it had not been difficult to turn the «chain» of being into a «ladder» towards perfection, on which the economic activities of each generation were like cumulative steps in the progress of humanity toward its ultimate destiny among the angels at God's feet» (Dijkstra 1986, 161).

³⁶ «De individene som er best tilpasset miljøforholdene de lever i, vil til enhver tid ha større sannsynlighet for å etterlate seg flere avkom enn individer som er mindre tilpasset sitt levemiljø [...] Individer med enkelte egenskaper er bedre skikket enn andre til å produsere overlevelsesdyktig og fertilt avkom, og disse egenskapene arves helt eller delvis av avkommet som dermed selv produserer avkom som er godt tilpasset miljøet. Om miljøforholdene endres, vil individer med andre egenskaper klare seg best (Voje, Helsem 2020).

Den første utgåva av *Om artenes opprinnelse* (1859) endar med ei skildring av ein overgrodd breidd med planter, fuglar, insekt og makkar – som har ein tydeleg teleologisk tendens:

disse sinnrikt byggede formene, som er så innbyrdes ulike og avhengige av hverandre på en så komplisert måte, alle er frembragt gjennom lover som fremdeles virker omkring oss. Disse lovene ... er vekst og forplantning, – arv, som nærmest fremgår av selve forplantningen, – **variabilitet som en følge av de ytre livsbetingelsenes indirekte og direkte innvirkning og av bruk og manglende bruk**, – samt en vekstrate så høy at den fører til en kamp for tilværelsen, og følgelig til det naturlige utvalg, som innebærer karakterdivergens og utdøelse av de minst forbedrede former. **Det mest opphøyede mål vi er i stand til å fatte, nemlig frembringelsen av de høyerestående dyr**, følger således direkte av naturens krig, av hungersnød og død. Det er en storhet i denne anskuelse, at livet i all sin mangfoldige prakt opprinnelig er innblest noen få former eller bare én, og at, mens vår klode har fortsatt sitt omløp i samsvar med tyngdens evige lov, et endeløst antall av de skjønneste og forunderligste former, ut fra et [sic] en så enkel begynnelse, har utfoldet seg og fremdeles folder seg ut. (Darwin 1859, i Knut Johansens omsetting frå 1998, 355)

Utthevingane er gjort av meg. Den første fordi den viser at Darwin ikkje var ueinig med lamarckismen når det gjeld den verknaden «bruk og manglende bruk» av organ og ferdigheiter hadde på utviklinga, og den andre fordi han skildrar ei progressiv utvikling mot eit høgare mål. Darwin-sitatet «ser utviklinga som ei rørsle mot noko betre og høgare, innanfor ein (metaforisk eller bokstaveleg) vekstfigur»,³⁷ det som Vassenden meiner er særøige for vitalismen. Avslutninga av *Om artenes opprinnelse* passar slik betre til Vassendens definisjon av vitalismen, enn til darwinisme-forklaringa hans.

Darwin besjela naturen og personifiserte lovmessigheita som ligg i den evolusjonære seleksjonen – det han kalla ‘det naturlege valet’ – av J.P. Jacobsen omtala som ‘kvalitetsvalget’.³⁸ «Like literary writers, nineteenth-century scientists sometimes created characters to embody or personify challenging ideas», og viss ideane blei skildra som sympatiske karakterar, blei det endå lettare for lesarane å godta teoriane (Otis 2009, xxii–xxiii). Samuel Morse presenterte t.d. den elektromagnetiske telegrafan som eit nasjonalt nervesystem (Otis 2009, 13). «In both literary and scientific writing, emerging theories blended with classical myths to form a common cultural language» (Otis 2009, 12). At dette

³⁷ Vassenden 2013, 284 i mi omsetting til nynorsk.

³⁸ Besjeling: «Men naturen er heller ikke som en Mand, der har naaet Idealet og saa gaar glad omkring med den Bevidsthed, at Alt, hvad han gør, er saare godt og fuldkomment; nej Naturen er som en Mand, der vaagen og drømmende stræber mod Idealet uden at spille Tiden med at spørge: om og naar?» (Jacobsen og Møller 1893, 98). Personifisering: «[...] bag det Darwinske Begreb «Kvalitetsvalg» (naturlig Udvælgelse, naturlig Opdrætning) dæmmer en Anelse om noget eller Nogen – «Naturen», «Gud», et Ufatteligt og Navnløst! – der glæder sig over, at Livets Former ændres og fuldkommengøres til at passe efter de skiftende Forhold. Der er forbundet med hint Begreb en Tilfredshed over et uendeligt og universelt Nytte-Fremskridt [...]» (Jacobsen og Møller 1893, 44).

òg gjaldt Ibsen, m.a. då han skapte ei rottejomfru, var eit av hovudpoenga i masteroppgåva mi, som eg skal komma attende til i kapittelet om *Lille Eyolf*.

Men det var ikkje uproblematisk å nytta dette forteljargrepet: Tildelte Darwin det naturlege utvalet for mykje agens og intensjon, kunne folk tru at det var ei guddommeleg styring bak prosessen. Det var vanskeleg å fri seg frå kristendommens preging av dei språklege omgrepa han nytta, særleg når det gjaldt ord som dreidde seg om opphav, skaping og framvekst. Den naturhistoriske, biologiske diskursen han arva, var full av teologi, men i takt med at nye utgåver skulle publiserast, endra Darwin framstillinga av det naturlege utvalet (Beer 2000, 48). Omgrepet 'naturleg utval' antydgar i seg sjølv at det ligg ein vilje bak, at det er noko eller nokon som vel ut, og ifølge Beer gjaldt dette i første utgåva òg ordet *natur* (62). Då han seinare forsøkte å forsvare dette, viste han til språkets metaforiske natur i andre vitskaplege arbeid, nærare bestemt bruken av den kjemiske termen 'elective affinities' (på tysk: *Wahlverwandtschaften*, som òg er tittelen på ein roman av Goethe frå 1806).³⁹

I eit brev til Lyell 17.07.1860 kjem Darwin med ein annan analogi: Det naturlege utvalet har same funksjonen overfor strukturen til organiserte vesen, som ein arkitekt har til ei bygning, men både eksistensen til arkitekten og det naturlege utvalet viser at det i tillegg er nøydd til å eksistera fleire meir generelle lover som ingen likevel ville finna det nødvendig å visa til, når dei krediterer arkitekten for bygningen.⁴⁰ Ifølge Beer nyttar Darwin ikkje berre litterære grep for lettare å overtyda lesaren; det er òg eit grunnleggande epistemologisk samanfall mellom den røynda han prøver å skildra, og det metaforiske språket han prøver å skildra det i: «'Unknown laws' must form part of the theory. His metaphorical language, his examining of analogies, register both incomplete fit and significant affinity» (Beer 2000, 70).⁴¹ Dermed kan språklege nyvinningar raskt sirkulera mellom ulike, gjerne i utgangspunktet fjerntliggende,

³⁹ «In the literal sense of the word, no doubt, natural selection is a misnomer; but whoever objected to chemists speaking of the elective affinities of the various elements? – and yet an acid cannot strictly be said to elect the base with which it will in preference combine [...] So again it is difficult to avoid personifying the word Nature; but I mean by nature, only the aggregate action and product of many natural laws, and by laws the sequence of events ascertained by us» (Darwin-sitat frå 3. utg. av *On the Origin*, i Beer 2000, 63).

⁴⁰ «One word more upon the Deification of Natural Selection: attributing so much weight to it does not exclude still more general laws, i.e. the ordering of the whole universe. I have said that Natural Selection is to the structure of organized beings what the human architect is to the building. The very existence of the human architect shows the existence of more general laws; but no one, in giving credit for a building to the human architect, thinks it necessary to refer to the laws by which man has appeared» (Darwin et. al. 1872 1, 54).

⁴¹ Dette er i tråd med m.a. kognitiv metafor-teori som har vist at metaforen ikkje først og fremst er språkleg «pynt», men tvert imot inngår som ein del av den grunnleggande språkbruken i det å forstå verda og tilværet. Jf. t.d. Lakoff & Johnsons *Metaphors we live by* frå 1980.

bruksområde. Og sidan evolusjonsteorien omfatta alt liv, låg forholda godt til rette for at diskursen kunne bli vid og brei og inkludera alle levande vesen.

Ein som bidrog til dette, var Herbert Spencer (1820–1903) som meinte at det var den same lovmessigheita som styrte naturen, biologien, menneska, kunsten, vitskapen og alle andre samfunnsområde. Slik overførte Spencer evolusjonsteorien og dei biologiske prinsippa til menneska og dei sosiale samfunnsforholda. Alt i *Principles of Psychology*, frå 1855, kom han med teorien om at menneskas psyke/sinn/sjel/ånd var underlagt naturens evolusjonære lovmessigheit, medan Darwin først i *The Descent of Man* (1871) og *Expression of the Emotions in Man and Animals* (1872), eksplisitt tar føre seg menneska, 16–17 år etter Spencer. Mykje tyder på at Spencer, «the single most famous European intellectual in the closing decades of the nineteenth century» (Hylland Eriksen og Nielsen 2001, 37), fekk vel så mykje å seia for utbreiinga av darwinismen på slutten av 1800-talet som Darwin (Høffding 1875, 116). Darwin omtala han som ein av forgjengarane sine:

Jacobsen translated *Origin of Species* from the fifth edition of 1869 in which Darwin counted Spencer among his sources of inspiration and applied Spencer's concept of 'survival of the fittest' in his explanation of his theory of evolution by natural selection. (Hjermitslev 2016, 244)

I dag er Spencer først og fremst kjent som sosialdarwinismens far, men òg i den store tekstmengda Darwin produserte, finn ein sekvensar som formidlar eit sosialdarwinistisk syn på utviklinga (Lindholm 2012, 184).

På same måte som vitskapen nytta skjønnlitterære grep, henta litteraturen inspirasjon frå vitskapen.

Inspirasjon frå vitskapen

Dei skjønnlitterære forfattarane let seg påverka av vitskapens nye narrativ og diskursar, og tok i bruk omgrep og frasar slik at litteraturen og vitskapen på store delar av 1800-talet nytta eit felles ordforråd (Otis 2009, xxv). Slik kunne omgrep raskt bevega seg vekk frå opphavleg kontekst og bli del av nye litterære økosystem (Flohr 2015, 4). Alt i 1898 hadde Edgar Steiger vore inne på det same. Han peikte på at medan Goethe og Lamarque hadde oppdaga den naturlege utviklinga til alt levande, og Herder og Hegel hadde skildra løyndommane i historias utvikling, var det først med Darwins endeleg dokumentasjon av arv og tilpassing –

dei to store utviklingslovene i alt liv, at dette fekk fast vitskapleg form (1898, 273).⁴² Og før det var gått to desennium, hadde darwinismen erobra heile den menneskelege forskinga og gitt menneska nye auge, og tankane nye venger som like sikkert kunne bera tilbake i fortida, som inn i framtida (1898, 273–74). Ifølge Steiger lærte nå diktarane å betrakta verda med Darwins auge, og då blei enkeltmennesket berre eit ledd i ei lenke, eit stykke levandegjort fortid, som spegla bestefarens trekk, og måtte bøta for bestefarens synder, og sjela var kanskje stemt etter sjela til mora og hennar lidenskapar (274).

Vitskapens nye innsikter påverka litteraturen og historieforteljninga når det gjaldt konsept, tematikk og struktur. Evolusjonslæras aksentuering av vekst og forvandling, tilpassing, årsak og verknad, gjensidig avhengigheit, avstamming og slektskap, tilfeldigheit og kamp for tilværet sette sitt preg på forteljninga (Beer 1983, 8). Dei vitskaplege og dei litterære forfattarane var ofte opptatt av dei same emna, og ein kan plutselig sjå ei synkron leiting etter opphav og den første byrjinga innan mange ulike disiplinar (Otis 2009, xxv).⁴³ «The phrases *natural selection, struggle for life, survival of the fittest, and evolution* became the cultural buzzwords of the late nineteenth century» (Dijkstra 1986, 165).⁴⁴ Først i løpet av 1800-talet etablerte naturvitskapen (med fysikken) seg som eige område med fagspesifikk terminologi og forskaridentitet, noko som gjorde den vitskaplege litteraturen mindre tilgjengeleg for folk flest (Otis 2009, 130). Denne utviklinga har halde fram til i dag, og dermed har det oppstått eit behov for populærvitskapleg formidling utanfor fagmiljøa.

Frankrike

Så langt har eg berre brukt døme frå den engelskspråklege litteraturen, men korleis var situasjonen for andre språkområde? Eg vil nå gi eit kort innblikk i situasjonen i eit par andre europeiske land. Evolusjonstanken var som sagt ikkje ny. I 1809, same år som Darwin blei fødd, hadde Lamarck med *Philosophie Zoologique* presentert den første evolusjonsteorien som inkluderte alle formar for liv på jorda (Burckhardt 2019). Han tenkte at organismane eller individa sjølve kunne innverka på evolusjonen gjennom endringar tilpassa miljøet rundt.

⁴² Eg har sjølv omsett desse linjene frå Steigers tekst.

⁴³ Ifølge Otis (2009) tematiserer m.a. forfattar og biolog H.G. Wells evolusjonen i romanane *Time Machine* (1895) og i *The Island of Dr Moreau* (1896) der hovudpersonen dissekerer dyr for å gi dei eit evolusjonært sprang slik at dei kan bli meir menneskelike.

⁴⁴ «De nye tanker koncentrerter i stikord som dengang gjennemsitret aandsatmosfæren med stor suggestiv magt: utvikling, kampen for tilværelsen, arvelighet, tilpasning efter miljø, den dygtigstes seier, determinisme o.l.» (Gran 1918, 96–97).

New characters thus acquired by organisms over the course of their lives were passed on to the next generation (provided, in the case of sexual reproduction, that both of the parents of the offspring had undergone the same changes). Small changes that accumulated over great periods of time produced major differences. Lamarck thus explained how the shapes of giraffes, snakes, storks, swans, and numerous other creatures were a consequence of long-maintained habits. (Burkhardt 2019)

Sjiraffens lange hals såg han t.d. som eit resultat av ei gradvis utvikling som hang saman med at sjiraffen ofte strekte seg etter dei grønne blada i toppen av trea. Handlingar, vanar og eigenskapar ein tileigna seg i løpet av livet, kunne slik innverka på arvematerialet og førast vidare til kommande generasjonar. «In Lamarck's theory conscious endeavour, as well as reflexive habit, are agents of evolutionary change [...] *Intention* is the key to Lamarck's concepts» (Beer 2000, 19). Til forskjell frå lamarckismen betrakta darwinismen naturleg seleksjon som drivkrafta i evolusjonen, men både Darwin, Spencer og Hæckel var lamarckistar i den forstand at dei meinte arv ikkje berre gjaldt det fysiske, men òg emosjonelle, kognitive og moralske aspekt ved mennesket.

The basic idea of «the inheritance of acquired characters» had originated with Anaxagoras, Hippocrates, and others, but Lamarck was essentially the first naturalist to argue at length that the long-term operation of this process could result in species change. Later in the century, after English naturalist Charles Darwin advanced his theory of evolution by natural selection, the idea of the inheritance of acquired characters came to be identified as a distinctively «Lamarckian» view of organic change (though Darwin himself also believed that acquired characters could be inherited). (Burkhardt 2019)

Dei franske zoologane, far og son, Étienne Geoffroy Saint-Hilaire (1782–1844) og Isidore Geoffroy Saint-Hilaire (1805–61) meinte òg at det var dei ytre livsvilkåra som i størst grad påverka artanes utvikling, og at dei forandringane som oppstod, kunne overførast ved arv (Hessen og Lie 2002, 19).

At dei naturvitskaplege teoriene til zoologen Lamarck og biologen Darwin i høgste grad òg gjaldt menneska og deira utvikling, bidrog til ei sameining mellom naturvitskapen og den humanistiske vitskapen. Menneske og dyr var ikkje lenger to separate felt, og nå kunne ein studera menneska og deira aktivitetar på same måten som ein studerte naturen. Dette gjaldt òg det menneskelege produktet litteratur, og i løpet av 1800-talet prøvde fleire å trekka dei litterære ideala i retning naturvitskapen. Nokre av desse var franske, og eg skal her nemna dei som blei mest tonegivande òg utanfor Frankrikes grenser.

Filosofen Auguste Comte (1798–1857), som var den som innførte 'positivisme' som vitskapsfilosofisk omgrep på 1830-talet, let seg begeistra av naturvitskapens empirisk observerande og eksperimenterande måte å arbeida på og ville overføra dette til den

humanistiske vitenskapen (Sletnes u.å.). Han tok til orde for at naturvitenskaplege forklaringsmodellar kunne nyttast på historia, samfunnet og menneskelege erfaringar, og med det la han òg grunnlaget for sosiologien (Stigen 1993, 475). Sjølv om Comte ikkje var evolusjonist i ordets striktaste tyding, bygde filosofien hans i stor grad på ein evolusjonistisk, anti-metafysisk tankemodell. Han delte menneskas søking etter sanning og erkjening i tre utviklingsstadium: Det eldste og mest primitive var det religiøse stadiet, der søking etter sanninga baserte seg på kjenslene; det neste var filosofien, som baserte seg på fornufta, og det siste og høgaste var det vitenskaplege, positive stadiet som baserte seg på eksperimentet (Skålevåg 2006, 51). I Darwins dagbøker finn ein referansar til Comte og dei tre kunnskapsstadia alt i 1838 (Beer 2000, 244).

I tråd med Comtes positivistiske ideal ville den franske filosofen og kritikaren Hippolyte Taine (1828–1893) overføra naturvitenskaplege metodar på diktinga og litteraturkritikken. Litteraturen skulle bli meir realistisk og objektiv, og han skulle kunna forklarast ut frå materielle og samfunnsmessige årsaker (Furusest 2016, 127). Litteraturkritikken og -forskinga (i moderne forstand) var i etableringsfasen og la vekt på historisk-biografiske kausalforklaringar av litteraturen. Ein meinte kulturen var bestemt av historiske og sosiologiske forhold, og «å finne disse var å forklare verkenes tilblivelse. Denne retningen ble allerede antydnet av Charles Augustin Sainte-Beuve, og teoretisk utformet av Hippolyte Taine» (Winther 2018). Ifølge Taine var det tre forhold eller krefter som var i spel i det enkelte kunstverket: kunstnarens rase (medfødte, arvelege anlegg som temperament, fysiognomi og kroppsstruktur), miljø (fysiske og sosiale forhold) og tidspunkt (plassering i ei rekkefølge) (Taine 1987, 237). «Taine representerer den materialistiske rasjonalismen, den naturvitenskaplege determinismen og den eksperimentelle metoden som gjerne forbindes med positivismens hegemoni i 1800-tallets åndsvitenskaper» (Eide, Kittang og Aarseth 1987, 237), og han fekk stor innflytelse, òg i Norden, der Brandes leverte doktorgraden sin om han i 1870 (Andersen 2001, 209).

Jules Vernes verk (1828–1905) er eit eksempel på litteratur som tok opp i seg vitenskaplege teoriar. Verne tileigna seg stor kunnskap innan vitenskap, natur og teknikk, som han på ulike måtar inkluderte i tekstane sine (Unwin 2005, 194). Ifølge Arthur B. Evans (1988, 2) skreiv Verne ikkje ‘science fiction’, men ‘scientific fiction’, og i starten av forfattarskapen opplevde han å bli refusert frå fleire forlag fordi ein tekst, som i revidert versjon fekk tittelen *Fem uker i luftballong* (1863), var for vitenskapleg.

Eit døme på at vitskapen òg let seg influera av litteraturen, var den franske fysiologen og positivisten Claude Bernard (1813–1878), som ifølge Beer «cites Goethe repeatedly» (2000, 5). Bernard var ein av grunnleggarane av den eksperimentelle medisinen og den som oppdaga at menneskekroppen, i normaltilstanden, produserte kjemiske sambindingar (Skålevåg og Mæhlum, 2022). Kan han ha henta ideen frå Goethes roman *Die Wahlverwandtschaften* (i engelsk omsetting *Elective Affinities*)? I romanen, som kom ut i 1809, same året som Darwin føddest og Lamarck publiserte *Philosophie Zoologique*, overfører Goethe, i tråd med det kjemiske omgrepet i tittelen, kjemiens lovmessigheiter på menneskelege relasjonar. Me hugsar at Darwin viste til dette omgrepet då han prøvde å forklara at hans metaforiske personifikasjon av det naturlege utvalet ikkje betydde at han meinte det stod ein aktiv vilje bak; det var ingen som dreiv og valde ut, på same måte som omgrepet ‘valslektskap’ (elective affinities) ikkje betydde at kjemiske stoff tok medvitne val (Beer 2000, 63).

Innleiinga til Bernards *Introduction à l'étude de la médecine expérimentale* (1865) blei ei viktig inspirasjonskjelde for Émile Zola (1840–1902) i utforminga av naturalismens litterære program (Skålevåg 2006, 50–51). Ifølge mange er Zola «den som gikk lengst i forsøket på å gjøre fiksjonslitteratur til et naturvitenskapelig eksperimentlaboratorium for dyder og laster» (Andersen 2001, 213). Shideler (1999, 29) omtalar Zola som den første moderne romanforfattaren som behandla karakterane «as, not like, animals», og metoden for denne handlinga var altså henta frå Bernhard:

Et gennemgående træk i den europæiske naturalisme var ønsket om at skabe en litteratur og en litteraturteori baseret på naturvitenskabelige principper. Et berømt eksempel er Zolas *Le roman expérimental* (1880), som allerede ved sin titel antyder forbindelsen til Claude Bernards *Physiologie expérimentale* (1855–56) og *La Science expérimentale*, der udkom to år før Zolas avhandling. Zola beundrede Claude Bernard og var overbevist om, at Bernards metode lod seg anvende på litteraturen og kunsten. (Sørensen 1991, 359)

Zola var òg inspirert av Taine. I staden for å filosofera om det ein ikkje kunne vita noko sikkert om, skulle forfattaren, som ein lege, granska menneskas kropp og sinn, og dei sosiale forholda dei levde under.⁴⁵

⁴⁵ Brandes skildra legen som hovudfiguren i den nye litteraturen: «Tidens Helt. Aarsagen er vel, at han kan bruges som Inkarnation af Tidens Idealer, de strengt moderne, som ere: theoretisk Videnskabelighed» (Brandes 1883, 122, sitert i Dahlerup 1983, 63).

Noko av motivasjonen bak den naturalistiske litteraturens vending mot naturvitenskapen og eksperimentet kan ein finna i Comtes evolusjonistiske skjema, som samstundes innebar ei utvikling og rangering frå det primitive til det siviliserte.

Vitenskapens tidsalder er, for Zola, karakterisert av sin egen evolusjonistiske prosess, ved at stadig nye vitensobjekter blir omfattet av den eksperimentelle metoden. Først var det bare de døde ting, i fysikken og kjemien, som ble utforsket eksperimentelt. Så, gjennom Bernard, ble også de levende fenomener trukket inn i kretsen av tilgjengelige vitensobjekter. Det neste som står for tur er sosiale objekter; samfunnet og mennesket i samfunnet. Slik går vitenskapen mot erkjennelse av stadig mer komplekse objekter, som ikke skiller seg fra hverandre på andre måter enn nettopp deres økende kompleksitet. (Skålevåg 2006, 51)

Ibsens omtale av skrivinga som *selvanatomi* spelar på likskapen med det vitenskaplege eksperimentet. I stykke etter stykke lar han karakterar som ofte har mange fellestrekk, bli utsett for varierende erfaringar, som justeringar innanfor eit stort og langvarig eksperiment, og etter *Gengangere* blei han samanlikna med Zola, noko eg skal komma tilbake til seinare.

Tyskland

Me veit ikkje kva Ibsen las av den franske litteraturen.⁴⁶ Då han blei spurt kva han tykte om Zola, svarte han: «Jeg leser ikke bøker, det lar jeg min kone og Sigurd gjøre» (Koht 1954-II, 124). Ibsen var ikkje god i engelsk, men kunne litt fransk og italiensk. Tysk, som var det faget han oppnådde beste vurdering i då han i 1850 gjekk opp til examen artium, beherska han etter kvart flytande. Han budde i Tyskland i til saman rundt 17 år (okt. 1868 – sept. 1878; okt. 1879 – nov. 1880 og okt. 1885 – juli 1891), og det er opplagt at han må ha mottatt mange impulsar frå den tyske samtidskonteksten. Mange av dei mest sentrale stykka hans blei skrivne i løpet av åra i Tyskland, og i likskap med Taine meinte han det ikkje var likegyldig kor han oppheldt seg medan han skreiv: «Jordbunden har stor indflydelse på de former, hvorunder indbildningskraften skaber» (B18701028PHa).⁴⁷

Darwins idear slo svært godt an i Tyskland:

Darwins Lære er blevet optaget med stort Bifal af de fleste Naturforskere, især i England og Tyskland, i hvilket siste Land man endog ofte uden videre gaar ud fra den som en afgjort Sag, som noget fullstendig godtgjort, hvilket dog langt fra er Tilfældet

⁴⁶ Dei franske naturalistane blei tidleg omsett til nordiske språk, og Bjørnson drøftar Zola alt i slutten av 1870-åra; Lie skriv om han i *Dagbladet* i 1883, og same år skriv Gran om diktaren og den litterære teorien hans i *Nyt Tidsskrift* (Beyer 1995, 70).

⁴⁷ Like etter følger: «Kan jeg ikke, omtrent som Christoff i Jakob v. Tyboe, pege på Brand og Peer Gynt og sige: 'se, dette var en virus'? Og er der ikke i 'De unges forbund' noget som minder om Knackwurst og Bier?»

skreiv (truleg) Bjørnson i artikkelen «Charles Darwin» i *Norsk Folkeblad* i 1871 (Hessen og Lie 2002, 123). Om Bjørnson i 1871 framleis er skeptisk til delar av Darwins teori, kan han likevel fortelja at teorien står så sterkt i Tyskland at han blir oppfatta som «ei avgjort sak». Dette kan ha samanheng med at det humanistiske danningsidealet og tradisjonen for å sjå vitskap og litteratur i samanheng, stod sterkt der. Den tyske Darwin-resepsjonen er prega av konsept og idear frå *die Goethezeit*, som i tillegg til Goethe (1749–1832) var prega av Gotthold Ephraim Lessing, Johann Gottfried Herder og Immanuel Kant som var verksame på slutten av 1700- og byrjinga på 1800-talet. I tillegg til den store skjønnlitterære produksjonen dreiv Goethe med forskning innan botanikk, zoologi og optikk. Delar av forfattarskapen hans har blitt omtala som ein syntese av vitskap og dikting. Han tok til orde for at alt levande er i slekt, og blir rekna som ein forgjengar for evolusjonismen. Ernst Häckel samanlikna Darwins evolusjonsteori med Goethes metamorfoseteori, og Häckels *Generelle Morphologie der Organismen* (1866) der mange av kapitla i boka opnar med Goethe-sitat, tileigna han Darwin, Lamarck og Goethe (Ajouri 2014, 18). Filosofen Gottfried Wilhelm Leibniz (1646–1716) sitt *kontinuitetsprinsipp*, tanken om at alle vesen er del av den same kjeda, der overgangane frå det eine leddet til det neste er så små og umerkelege at ein vanskeleg kan oppfatta det, fekk òg stor innverknad på seinare evolusjonisme (Hessen og Lie 2002, 17). Det same gjorde geografen og den allsidige naturforskararen Alexander von Humboldt (1769–1859), som ifølgje *Ibsen in Context* òg var evolusjonist (Shepherd-Barr 2021, 86). Idealistane Schellings og Hegels tankar om utvikling og progresjon i natur og samfunn likna på tankar frå *die Goethezeit* og fekk òg innverknad på evolusjonsdebatten på slutten av 1800-talet, trass i at dei av naturforskarane blei kritisert for manglande empirisme (Ajouri 2014, 18).

Historia til dei tyske Darwin-omsettingane vitnar om ei tidleg og tydeleg Darwin-interesse: Det gjekk berre eitt år frå utgivinga av *On the Origin of Species* (1859) til den tyske omsettinga *Über die Entstehung der Arten* av paleontologen Heinrich Bronn kom i 1860.⁴⁸ «The debate started immediately and involved not only biologists but also theologians, philosophers, and the public in general» (Lie 1985, 1). Andre utgåve kom i [1862–]1863, og tredje i 1867. Nye utgåver følgde i same tempoet, og i 1876 kom så sjette utgåve av *Über die Entstehung der Arten*. *The Descent of Man and Selection in Relation to Sex* (1871) (*Die Abstammung des Menschen und die geschlechtliche Zuchtwahl*) blei omsett i 1871.⁴⁹ Andre utgåva kom i 1872 og tredje utgåva i 1875. Òg *The Expression of the Emotions in Man and*

⁴⁸ Denne og dei følgande utgåve-opplysningane er henta frå <http://darwin-online.org.uk/contents.html>.

⁴⁹ Heretter forkortar eg *The Descent of Man and Selection in Relation to Sex* (1871) til *The Descent of Man*.

Animals (1872) blei omsett same år som ho kom ut i England. *Der Ausdruck der Gemüthsbewegungen bei dem Menschen und den Thieren* kom i tredje utgåve i 1877.⁵⁰

Den viktigaste tyske darwinisten var tidlegare nemnde Ernst Haeckel (1834–1919), lege og zoolog, professor i Jena og forfattar av *Natürliche Schöpfungsgeschichte* (1868). For mange, òg i Noreg, blei nettopp denne boka avgjerande for tilslutninga til darwinismen, og det ser ut til at Haeckels utforming av evolusjonsteorien skapte begeistring særleg blant forfattarar og kunstnarar.⁵¹ Haeckel laga vakre illustrasjonar til evolusjonsteorien, og trass i at han møtte mykje kritikk både frå kyrkja og akademien, blei han, ifølgje Bengt Algot Sørensen (1991, 362), «det europeiske kontinentets vel nok mest indflydelsesrige darwinist».⁵² Ved sidan av Darwins hovedverk er truleg *Natürliche Schöpfungsgeschichte* det evolusjonistiske verket med størst utbreiing og innverknad, og det er ingen tvil om at boka var ei viktig inspirasjonskjelde for *The Descent of Man* (1871), som kom tre år seinare (Hessen og Lie 2002, 51).⁵³ I forordet skreiv Darwin:

If this work [*Natürliche Schöpfungsgeschichte*] had appeared before my essay had been written, I should probably never have completed it. Almost all the conclusions at which I have arrived, I find confirmed by this naturalist, whose knowledge on many points is much fuller than mine. (Darwin 1871, i Sørensen 1991, 362)

Haeckel bygde vidare på Darwins idear, som han «supplerte med sine egne mere radikale følgeslutninger», monismen sin, trua på at det ikkje går noka klar grense mellom plante- og dyreriket, og at den organiske naturen har utvikla seg frå den anorganiske (Sørensen 1991, 361). I likskap med grunnleggaren av psykofysikken, Gustav T. Fechner, hevda Haeckel at alle

⁵⁰ Eit utval andre tyske Darwin-omsetjingar er:

1844. Naturwissenschaftliche Reise.

1875. Reise eines Naturforschers um die Welt.

1876. Über den Bau und die Verbreitung der Corallen-Riffe.

1877. Geologische Beobachtungen über die Vulcanischen Inseln.

1878. Geologische Beobachtungen über Süd-Amerika.

1878. *Kleinere geologische Abhandlungen*. (<http://darwin-online.org.uk/contents.html>)

⁵¹ «Haeckel's *Natürliche Schöpfungsgeschichte* (1868) became an important part of the early Norwegian reception of Darwin, and many seem to have read his works in German. He was also a source for the introduction of Lamarck to Norwegian readers» (Rem 2014, 162). «Cohn's *On Bacteria* and Haeckel's *Anthropogenie* represent a hybrid genre consisting of cutting-edge scientific contents and highly emotionalised language. Using a variety of poetic metaphors and rhetorical figures and transforming germ theory into thrilling narratives, they show how blurred the boundaries between science and popular storytelling were in the heyday of the laboratory revolution» (King 2013, 111).

⁵² Mykje av det eg nå skal komma inn på, finn me òg i masteroppgåva mi, men eg tar det med her, sidan det tar føre seg den same idéhistoriske konteksten.

⁵³ «In northern Europe – and more surprisingly Italy – Darwin was filtered very largely through Ernst Haeckel's synthesis of natural selection, Lamarckism and the German morphological tradition», skriv Holmes i si melding av Engels og Glucks *The Reception of Charles Darwin in Europe* bind 3 (2014) for *The British Society for Literature and Science*.

celler har sjel, noko som òg gjeld dyr og planter (sst.). Desse tankane har mykje til felles med romantikkens natursyn og verkar nesten som ein anakronisme i darwinismen, noko som ifølge Sørensen ikkje er langt frå sanninga: Både Häckel og Fechner var naturforskarar som hadde «integreret adskillige af den romantiske naturfilosofis ideer i deres skrifter», og dette stod i motsetning til «den moderne naturalisme, der ellers optrådte som naturfilosofiens argeste motstander» (Sørensen 1991, 360). Sørensen viser til Walter Gebhard (1984, 470) som kallar dette «die Präsenz der Naturphilosophie im Naturalismus als dessen innerer Widerspruch».⁵⁴

Mange såg darwinismen som ei frigjering frå spekulasjon og religiøs dogmatikk, og den naturalistiske litteraturen i kjølvatnet av darwinismen hadde empiriske, naturvitskapelege prinsipp og eit positivistisk naturomgrep som ideal – i kontrast til metafysikken og romantikken. Men Sørensen meiner dette er ein litteraturhistorisk myte, sidan verdsbildet til mange av naturalistane nettopp var inspirert av Häckel og Fechner, noko som òg gjaldt J.P. Jacobsen og hans Darwin-omsettingar (Sørensen 1991, 359–360). Ifølge Sørensen prøvde Häckel rehabilitera omgrepet naturfilosofi til å vera «udtryk for den egentlige og sande videnskab», samstundes som han kritiserte den empiriske vitskapen for å ta eit avgrensa standpunkt – noko som me seinare skal sjå har klare fellestrekk med ytringar Ibsen òg kom med. Häckel overførte òg darwinistiske teoriar på samfunnslivet, og slik blei monismen hans ein slags etikk og religion (sst.).

Häckel, ligesom den tyske romantik et halvt århundrede tidligere, forestilte sig en slags fusion af poesi og naturvitenskab, idet den besjelede natur efter hans mening kunne inspirere digtningen på en mer tidssvarende måde end tidligere tiders mytologiske personifikasjoner. (Sørensen 1991, 365)

Den tyske naturalismen kom seinare enn den nordiske og vesteuropeiske (Sørensen 1991, 359), og Ibsen og Zola blei dei store førebilda både for dei tyske og dei britiske naturalistane. «Die Basis unseres gesamten modernen Denkens bilden die Naturwissenschaften», skreiv forfattar og naturfilosof Wilhelm Bölsche i avhandlinga *Die naturwissenschaftlichen Grundlagen der Poesie* frå 1886, eit av dei viktigaste programskrifta for den tyske naturalismen (Sørensen 1991, 359). Bölsche, som frå 1890 til 1893 var redaktør av kulturtidsskriftet *Freie Bühne*, presenterte og populariserte Darwins og Häckels tekstar på tysk, både gjennom romanar og i dei populære sakprosaabøkene sine, slik J.P. Jacobsen gjorde på dansk (Ajouri 2014, 18).

⁵⁴ Naturfilosofiens nærvær er ei indre motsetning i naturalismen (mi omsetting).

Ein tysk impuls som kom til å få stor innverknad på den norske arvelegheitsdebatten, kom frå biologen August Weismann, som på 1880-talet meinte å ha påvist ein ugjennomtrengelig barriere mellom kroppsvevet og kjønnscellene (Weismann-barrieren) som hindra at vanar og eigenskapar ein hadde erverva seg i løpet av livet, kunne påverka arvestoffet og først vidare til kommande generasjonar.⁵⁵ Sjølv om kroppsvevet var mottakeleg for erfaring og endring, bidrog ifølge Weismann barrieren til at kjønnscellene (kimplasmaet), som står for overføringa av arvestoffet, blei upåverka av endringane i kroppsvevet.⁵⁶ På sikt medførte denne teorien at lamarckismen fekk lågare tilslutning.

Sjølv om Darwin-omsettingane kom i mange opplag, var omsetnaden av bøker generelt liten i Tyskland, samanlikna med i Skandinavia. Tyskarane lånte helst bøker på biblioteka og las mest aviser, familieblad og tidsskrift, noko som resulterte i at forfattarane i stor grad publiserte tekstane sine som føljetongar i pressa (Fulsås 2008, 29). Slik møtte lesarane skjønnlitteraturen som del av eit mangfald av tekstar frå eit breitt spekter av emne, diskursar og sjangrar, ikkje ulikt situasjonen i den engelske pressa. Dermed låg forholda godt til rette for utveksling av diskursar på tvers av disiplinær og fagområde. Pga. liten bokmarknad måtte forfattarane ofte ha eit tilleggsyrke. Mange av dei hadde studert og var del av samfunnsskissa Bildungsbürgertum, der den klassiske, humanistiske danninga stod sterkt. For å få tilgang til universitetsstudium måtte ein ha vore gjennom ei mengd undervisning i latin, gresk og antikkhistorie, medan matematikk og naturfag var marginalisert på gymnaset (Fulsås 2008, 37). «Det må likevel understrekes at den dominerende stillingen til det humanistiske gymnaset ikkje forhindret Tyskland i å bli verdensledende innen naturvitenskap» (Fulsås 2008, 38). Kanskje heng det saman med at overgangen mellom litteratur og vitenskap i den klassiske danninga nettopp var langt meir glidande enn me er vane med i dag.

Ibsen gjekk regelmessig i Literarischer Verein zu Dresden, «en hyggelig sammenslutning av litterært dannede menn» med mål om «å fremme litteratur, kunst og vitenskap» (Fulsås 2008, 74). Då han flytte til München i 1875, blei han medlem av gruppa Krokodil, danna av Paul Heyse (som fekk nobelprisen i litteratur i 1910). Saman med andre leiande forfattarar og vitenskapsmenn var Heyse blitt kalla til München av den bayerske kong Maximilian 2. (konge

⁵⁵ Ideen om at erverva eigenskapar kunne arvast «was not seriously challenged in biology until the German biologist August Weismann did so in the 1880s. In the 20th century, since Lamarck's idea failed to be confirmed experimentally and the evidence commonly cited in its favour was given different interpretations, it became thoroughly discredited. Epigenetics, the study of the chemical modification of genes and gene-associated proteins, has since offered an explanation for how certain traits developed during an organism's lifetime can be passed along to its offspring» (Burkhardt 2019).

⁵⁶ Det som me i dag ville kalt DNA-et.

1848–64), som ville gjera byen til eit sentrum for vitenskap og litteratur. Kongen heldt jamleg symposium der dei innkalla skulle oppdaterast på det nyaste innan vitenskap og litteratur (Fulsås 2008, 43). «Den brede emnesammensetningen avspeiler kongens encyklopediske dannelsesbegrep og hans ideal om inkarnasjonen av dikter og lærd i en og samme person» (sst.). Fleire av forfattarane enda som universitetsprofessorar, og mange av vitenskapsmennene blei òg diktarar (Krauschnick 1974, 272–83, i Fulsås 2008, 43). Me ser altså at litteraturen og vitenskapen hadde same status og var verksame innanfor same feltet. Fleire av forfattarane Ibsen vanka med i Krokodil, hadde borgarleg dannelsesbakgrunn og var professorar. Det var vanleg at forfattarane i Tyskland hadde doktorgrad og nytta doktortittelen, noko Ibsen òg begynte med, fleire år før han i 1877 blei æresdoktor ved universitetet i Uppsala (Fulsås 2008, 48).

Ibsen og den europeiske konteksten

På første halvdel av 1870-talet nådde Ibsen ut til ein større europeisk lesarskare, og slik blei han del av den internasjonale, diskursive utvekslinga, der evolusjonslæra for alvor starta prega litteraturen: «An amused writer in the *Galaxy* in 1873 noted the «universal drenching» of literature and journalistic writing with Charles Darwin’s ideas» (Dale 1989, 32).⁵⁷ Men når blei Ibsen kjent med Darwins evolusjonslære?

På bakgrunn av Brian Downs *Ibsens intellectual background* (1948) og ei ytring frå Gunnar Heiberg om at Ibsen nyleg hadde omvendt seg til utviklingslæra då dei to og J.P. Jacobsen

⁵⁷ Ibsen blei ein del av den etablerte europeiske litteraturen frå midten av 1860-talet. Viss me ser vekk frå omsettinga av *Kongsemnerne* i 1866, som ikkje blei publisert før i 1928, i *Edda*, blei han første gong omsett til tysk i 1868 (Fulsås 2008, 101). Dikta «Med en Vandlilje» og «Lysrød» blei publisert i ein antologi for nordisk lyrikk, *Album Nordgermanischer Dichtung*, der Bjørnson var representert med 23 dikt, og Ibsen med to, og i 1870 kom den første Ibsen-biografien på tysk, noko han sjølv hadde tatt initiativet til (sst.). Året etter blei han skulda for anti-tyske haldningar i vekebladet *Im neuen Reich*, der han òg sjølv tok til motmæle, og i 1872 kom omsettinga av *Brand* som den første Ibsen-boka på tysk (sst.). I 1870 blei han for første gong omtala i England: Edmund Gosse skreiv om *Digte* i *The Spectator*. Og i 1874 stod det eit lite stykke om han i eit fransk tidsskrift (Koht 1954-II, 74). I 1876 blei han for første gong oppført på tysk scene, då Hoftheater i München sette opp *Hærmennene på Helgeland* og Meininger Hoftheater sette opp *Kongsemnerne* omtrent samstundes. Året før hadde Bjørnson hatt stor suksess over heile Tyskland med *En fallit*. Bondeforteljingane hans blei populære i Tyskland alt frå slutten av 1850-åra, og første tyske teaterpremiere fekk han i 1866 (Koht 1954-II, 72). Med *Et dukkehjem* (godt førebudd av *Samfundets støtter*, oppsett i Tyskland i 1878) får Ibsen det store gjennombrøtet i Tyskland og i mange andre land (Koht 1954-II, 107). I tysk omsetning fekk det tittelen *Nora* (1879), og Ibsen blei tvungen til å endra slutten slik at Nora vende heim igjen. Den tyske versjonen blei seld i tusental (Koht 1954-II, 106). Ifølge Fulsås, som kallar *Et dukkehjems* urpremiere i København 4.12.1879 ein formidabel suksess, gjorde *Samfundets støtter* stor suksess på teater i Tyskland i 1878 (2008, 11), i motsetnad til oppsettinga av *Et dukkehjem/Nora* i Berlin i 1880 (Fulsås 2009, 41, 44). Gjennombrøtet i Tyskland kom i januar 1887 med *Gespenster* i Berlin, som gjorde Ibsen til «det store litterære navn i Tyskland. Det britiske teatergjennombruddet følger i 7.6.1889 med oppsettinga av *A Doll’s House* ved Novelty-teatret i London» (Rem 2006, 22), «og samme år blir oppmerksomheten vakt i Paris» (Fulsås 2009, 12).

vanka saman i Roma i 1878, har fleire hevda at det var på denne tida Ibsen blei kjent med Darwins teori (Hessen og Lie 2002, 206). Ibsen og Jacobsen skal ofte ha diskutert utviklingslæra.

Darwin var det store samtale-emne blandt skandinaverne i Rom. Ibsen likte godt å få sig en naturvidenskapelig passiar [...] Det så ofte ut som han foretrakk å erverve de elementære kunnskaper på denne måte istedenfor ved lesning som han hadde lite tilovers for – så skulde han nok selv besørge den videre tenkning [...] Det var sikkert et utslag av hans nylige omvendelse til utviklingslæren som gav sig utslag i disse diskusjoner». (Heiberg 1924, 47–8)

Ifølge Figueiredo skal Ibsen ha lagt

ivrig ut om alt han visste og mente om tidens aktuelle emner, om naturvitenskap, elektrisitet og muligheten for flygemaskiner, alt med en freidig selvsikkerhet som imponerte diletantene og forferdet fagmennene [...] J.P. Jacobsen ristet mange ganger oppgitt på hodet når Ibsen kom inn på hans eget fagfelt, botanikken. Over 50 år var han, men fortsatt innstilt på å være på høyde med sin samtid, ja, i forkant. Denne innstillingen [...] var [...] uttrykk for en tid der intellektuelle, ikke minst de intellektuelle dikterne, ved stor selvfølgelighet og autoritet engasjerte seg på tvers av fagfeltene. (Figueiredo 2007, 193)

Downs antar at Ibsen las Jacobsens omsettingar av Darwin, utan å seia noko om når, berre at han vinteren 1878–9 diskuterte vitenskap med Jacobsen i Roma:

It is probable that Ibsen read in *The Origin of Species* and *The Descent of Man*; since 1872 and 1875 respectively those books were accessible to readers of Danish in the translation of Jens Peter Jacobsen, who enjoyed (in Ibsen's eyes) the combined advantages of being a scientist by education, a friend of Brandes and an original author. Jacobsen and Ibsen were in Rome in the winter of 1878–9 and discussed science together (Centenary Edition, viii, p. 261). (Downs 1946, 162)

Tar me i betraktning at Ibsen sommaren 1878 nettopp hadde flytta frå Tyskland, der han hadde budd dei siste ti åra før møtet i Roma (frå 1868 til 1878), verkar det usannsynleg at han ikkje skal ha støtt på ideane til Darwin før han treffe Jacobsen.

Fokuset på Darwin i Tyskland, i løpet av dei ti åra Ibsen budde der, var så betydeleg at det verkar umogleg at Ibsen ikkje på eit eller anna vis har fått kjennskap til ideane hans. Ibsen meinte sjølv at «tysk filosofi og politikk vida ut verdssynet hans» (Koht 1954, 289). Han las tyske aviser og tidsskrift, vanka i diskusjons- og litteraturklubbar og følgde med i det som skjedde rundt han (Koht 1954-II, 79). Ved fleire tilfelle gav han uttrykk for at han ikkje klara konsentrera seg om skrivinga fordi det som skjedde i verda rundt, stal merksemda.

«Verdensbegivenhederne optager en stor del af mine tanker», skreiv han t.d. til Brandes i 1870 (B18701220GB).⁵⁸ Gerhard Gran legg vekt på rolla den tyske samtidskonteksten spela:

Om Ibsen læste noget av den litteratur som kom frem, kan vel være tvilsomt; vi vét ingenting om det, og det er ikke sandsynlig – han var som sagt ingen ven av vidløftige bøker – og det er ikke nødvendig at anta det. Han hadde jo adskillige aar bodd i Tyskland, hvor Darwins lære i høiere grad end andetsteds hadde gjennomsyret den almindelige tankegang. Häckels sterke sprog og utfordrende konsekvenser fandt lettere vei til det store publikum end Darwins rolige og forsiktige induktioner; i England blev darwinismen længe en biologisk hypotese, i Tyskland blev den hurtigere livsfilosofi, et menneskelig anliggende som optok alles sind, fordi det grep ind i alle livsforhold. Ibsen hadde i Tyskland levet under en ganske anderledes sterke moderne indflydelse, end han vilde ha gjort, om han hadde bodd hjemme. Han tilegnet sig de nye tanker, ikke som en fagmand gjennom studier, – men paa sin vanlige maate, – som en vaaken samtidig der lyttet; han lot tankerne synke i sin sjæl, lot dem ligge og forbinde sig med hans egen eiendommelige tankeverden, befrugte hans digtning, utvide hans horisont, rasere hans fordomme, øke hans spørgeomod. (Gran 1918, 98–99)

Ibsen flytta til Tyskland same året som *Natürliche Schöpfungsgeschichte* kom ut. Det er lite sannsynleg at han kan ha unngått boka. Ifølge Hessen og Lie (2002, 208) hadde Ibsen lese Häckel. I skildringa av det dei kallar Ibsen si personlege naturoppfatning, det han omtala som «sin psykoevolusjonære teori», skriv dei:

Ibsen trekker inn elementer fra mystisisme, platonsk filosofi, Darwins teorier, samt tanker fra Haeckels *Natürliche Schöpfungsgeschichte*, som han også hadde lest, og som på mange måter tilrettela Darwins teorier på en måte som var mer i samsvar med hans egen utviklingstro. (Hessen og Lie 2002, 208)

Men sjølv om det er nærliggande å tru at han har lese Häckel, har eg ennå ikkje funne noka kjelde som beviser det, men eit brev han skreiv til litteraturhistorikaren Peter Hansen i oktober 1870, tyder på at han interesserte seg for naturvitskap og evolusjonsteori:

I den tid jeg skrev «Brand» havde jeg stående på mit bord en skorpion i et tomt ølglas. Fra og til blev dyret sygt; da brugte jeg at kaste et stykke blød frugt ned til den, som den med raseri kastede sig over og udgød sin gift i; så blev den frisk igen. Er det ikke noget lignende med os poeter? Naturlovene gælder også på det åndelige område. (B18701028PHa)

⁵⁸ Her kjem resten av brevet: «Verdensbegivenhederne optager for øvrigt en stor del af mine tanker. Det gamle illusoriske Frankrig er slået istykker; når nu også det nye faktiske Preussen er slået istykker, så er vi med et spring inde i en vordende tidsalder. Hej, hvor ideerne da vil ramle rundt omkring os! Og det kan sandelig også være på tiden. Alt det vi til dato lever på, er jo dog kun smulerner fra revolutionsbordet i forrige århundrede, og den kost er jo dog nu længe nok tygget og tygget om igjen. Begreberne trænger til et nyt indhold og en ny forklaring. Frihed, lighed og broderskab er ikke længere de samme ting, som de var i salig Guillotins dage. Dette er det, som politikerne ikke vil forstå, og derfor hader jeg dem. De mennesker vil kun specialrevolutioner, revolutioner i det ydre, i det politiske o. s. v. Men alt sligt er pilleri. Hvad det gjælder er menneskeåndens revolterning». I 1867 publiserte Brandes for første gong ein lengre artikkel om Ibsens forfattarskap i *Dansk Maanedsskrift* II, som året etter blei del av hans *Æsthetiske Studier* (HIS). 25.4.1866 hadde Ibsen starta brevvekslinga med Brandes, og sommaren 1871 treffest dei for første gong, då Brandes la heimturen frå Italia innom Dresden (HIS). Bortsett frå ein pause i åra 1876–1882 heldt dei kontakten til Ibsen ikkje lenger kunne skriva.

At han meiner «Naturlovene gælder også på det åndelige område», kjem han til å gjenta i ein tale han skal halda i Stockholm i 1887, der tilslutninga til evolusjonslæra er endå meir eksplisitt: «Jeg tror nemlig, at naturvidenskabens lære om evolutionen også har gyldighed med hensyn til de åndelige livsfaktorer» (Ibsen 1887). Samanhengen her talar for at Ibsen alt i 1870 kjente til og gav si tilslutning til evolusjonsteorien. Det var i dette brevet han skreiv at «jordbunden har stor indflydelse på de former, hvorunder indbildningskraften skaber». Sjølv om slike tankar òg var vanlege i romantikken, ber måten Ibsen her formulerer dei på, preg av evolusjonsdiskursen. Etnologen og historikaren Ludvig Kristensen Daa, den fremste fagautoriteten på jordbotn o.l., hadde året før komme med boka *Om Nationaliteternes udvikling I*. (1869) der han opptil fleire gonger viser til Darwins evolusjonsteori. Alt i 1861, i føredraget «Om de geografiske forholdes indflydelse paa kulturens udvikling», hadde Kristensen Daa, som ein av dei første, nemnd Darwin i norsk samanheng.⁵⁹

Ifølge Koht opplevde Ibsen at arbeidet med *Kejser og Galilaer*, som strekte seg over tre år på byrjinga av 1870-talet, stod midt oppi den religiøse og politiske kulturkampen i Tyskland, ein kamp som i grove trekk var eit opprør mot Hegels idealisme, inspirert av Schopenhauers tankar om den blinde viljen og den nye naturvitskapen (Koht 1954-II, 70):

Den nye naturvitskapen fødte ein ny filosofisk materialisme som fengte djupt og vidt i kring; program-skriftet av Büchner, «Kraft und Stoff», kom i utgåve på utgåve, Haeckel og Carl Vogt rente hardare og hardare storm på dei gamle lærdomane om idélivet, og Marx gjorde materialismen til grunnlag for heile arbeidarreisinga. Det var som om all gamal tru skulle rakne. [...] og med «psychophysikken» sin tok Fechner til å føre all sjelegranskinga inn på nye vegar, gjera ho til naturvitskap. (Koht 1954-II, 52)

Koht føyer til: «Kor mykje Ibsen las av alt dette nye, kan vera tvilsamt nokk. Kanskje helst ingen ting» (sst.). Likevel får me inntrykk av at Koht meiner dette var forhold Ibsen kjente til. På same tid kjem det, i eit brev Ibsen skreiv til G. Brandes den 18.5.1871, fram at Brandes meinte Ibsen ikkje hadde tileigna seg «videnskabens nuværende standpunkt»:

Jeg har ofte tænkt på, hvad De engang skrev, at jeg ikke havde tilegnet mig videnskabens nuværende standpunkt. Hvorledes skulde jeg også kunne overkomme dette? Men fødes dog ikke enhver generation med samtidens forudsætninger? Har De aldrig i en portrætsamling fra et af de foregående århundreder bemærket en forunderlig familjelighed mellem de forskellige personer af samme periode? Således også i det åndelige. Hvad vi profane ikke har som viden, det tror jeg vi til en viss grad har som anelse eller instinkt. Og en digters opgave er jo også væsentlig at *se*, ikke at reflektere; navnlig vilde jeg for mig selv se en fare heri. (B18710518GB)

⁵⁹ Det er eit samandrag av i føredraget i boka *En Tylvt Forelæsninger* frå 1862.

Nokre av formuleringane tyder på at Ibsen har tileigna seg den evolusjonistiske diskursen. At han *ofte tenkte* på at Brandes meinte han ikkje hadde tileigna seg «videnskabens nuværende standpunkt», tyder på at merksemda hans var retta mot emnet. Koht er inne på det same:

Han for sin part hadde i det minste ei merkeleg evne til liksom å vêre det som levde og rørte seg i kring han. Han var ein ihuga bladlesar, så mykje kunne koma til han på den måten. I Dresden gikk han stendig i Literarische Gesellschaft, tala med kunnige folk og hørte på foredrag og ordskifte om aktuelle spørsmål. Og hadde han ikkje merka noko til alt det andre, så var det i vissa uråd for han å bli ståande utafør da Eduard von Hartmann i 1869 sendte ut sin «Philosophie des Unbewussten» som freista binde i hop den Schopenhauer'ske pessimismen og den naturvitskapelege framgangslæra, tanken om den blinde viljen og trua på ein fast livssamanheng. (Koht 1954-II, 52)

Det same er Gran: «Skjønt Ibsen ikke var nogen sterk læser, saa var han dog i høi grad lydhør for de tanker som bevæget tiden; intuitivt blev han delagtig i tidens kultur og var selv med om at skape my uro» (Gran 1918, 96).

I sin studie av korleis viktorianske romanar tok opp i seg darwinistiske idear, poengterer Beer at idear ofte lettare blir fanga opp og assimilert når du berre høyrer om dei, medan det å lesa tekstane som formulerer og utarbeider ideane, gjer at du stiller fleire kritiske spørsmål. «Ideas pass more rapidly into the state of assumptions when they are *unread*. Reading is an essentially question-raising procedure» (Beer 2000, 4). Alle i generasjonane etter Darwin

found themselves living in a Darwinian world in which old assumptions had ceased to be assumptions [...] So the question of who read Darwin, or whether a writer had read Darwin, becomes only a fraction of the answer. The related question of whether the reader had read Darwin turns out also to have softer edges than might at first appear. Who had read what does not fix limits. (Beer 2000, 3)

Sitatet frå Beer kan forklara korfor Brandes i 1883, i *Det moderne Gjennembruds Mænd*, kunne skriva:

Skjønt Ibsen læser yderst Lidt og ikke gennem Bøger orienterer sig synderligt over sin Samtid, har han tidt syntes mig at staa i en Art hemmeligheds fuld Overensstemmelse med Tidens gjærende, spirende Ideer. En enkelt Gang har jeg endog havt det fulde Intryk af, at Tanker, der historisk vare i Udbrud, men endnu ikke sporedes som saadanne af Andre, sysselsatte og ligesom pinte ham. (Brandes 1883, 97)

Deretter viser Brandes til eit brev frå Ibsen i 1871, der Ibsen omtalar staten som individets forbanning, eksemplifisert ved Preussen, samstundes som han kallar jødane menneskeslektas adel, noko dei ifølge Ibsen har blitt nettopp fordi dei så lang tid ikkje hadde ein eigen stat. Deretter kjem Ibsen med denne evolusjonistiske ytringa:

Staten har sin rod i tiden; den vil få sin top i tiden. Der vil falde større ting end den; al religion vil falde. Hverken moralbegreberne eller kunstformerne har nogen evighed for sig. Hvor meget er vi igrunder forpligtet til at holde fast ved? Hvem borger mig for at ikke 2 og 2 er fem oppe på Jupiter? (B18710217GB)

Ifølge Brandes viser den siste setning at Ibsen ofte var på høgde med samtida si:

Henrik Ibsen har sikkert ikke kjendt den anonyme Forfatter a barrister's ligesaa sindrige som paradoxe Forsøg paa at vise netop, hvor leder [sic] 2 og 2 paa Jupiter kunne tænkes at udgjøre 5, har rimeligvis heller ikke vidst, hvor stærkt Stuart Mill og andre Tilhængere af den radikale Empirisme vilde applaudere den sidst anførte Linje. (Brandes 1883, 99)

Likevel har det etter kvart danna seg ei oppfatning av at Ibsen ikkje heldt seg oppdatert om si eiga samtid, kanskje fordi han sjeldan deltok i samfunnsdebattane, i sterk kontrast til andre diktarar som Bjørnson, Kielland og Garborg.

Men kanskje er det først og fremst forskinga som ikkje har vore så interessert i å lesa Ibsen i lys av samtida si? Ifølge Helge Rønning viser Ibsens notat at han «forstod langt mer om sine dramaers kontekst enn de snevre tekstnære lesningene som hans stykker ofte er blitt utsatt for» (Rønning 2007, 358–9). Ifølge «de snevre tekstnære lesningene» verkar det «som om han ikke satte seg særlig godt inn i de sentrale politiske, filosofiske og sosiale teorier som fantes i hans samtid. Hans lesning var trolig full av sorte huller. På dette området var han en klar kontrast til Brandes» (Rønning 2007, 28). Når Rønning seinare i boka tar føre seg notata til *Vildanden*, kjem han fram til at dette inntrykket er feil. Den oppfatninga deler eg. Ibsen visste truleg kva han gjorde då han sørga for at «blodårene i diktinga» ikkje var så synlege, men det treng ikkje bety at dei ikkje er der, eller at blodet har slutta strøyma.⁶⁰

Før eg nå går over til å sjå på dei skandinaviske tilhøva, kan eg slå fast at dei tette banda mellom litteratur og vitskap i 1800-talets England, Frankrike og Tyskland skapte diskursive nettverk som strekte seg på tvers av disiplinar, sjangrar, tid og landegrenser, og som sannsynleggjer at Ibsen kom i kontakt med darwinismen tidlegare enn det ein før har trudd.

⁶⁰ Som tidlegare nemnt fortel Fulsås og Rem at det var Fredrik Hegel som rådde Ibsen til å la vera å kontekstualisera verka sine, då Ibsen på starten av 1880-talet lurte på å skriva ei bok om dei indre og ytre forholda som danna bakgrunnen for dei enkelte skodespela (2021, xvi, xv).

3 Litteratur og vitskap i Skandinavia

Den evolusjonistiske diskursen sirkulerte i vitskapen og litteraturen i fleire europeiske land på 1800-talet, men korleis var situasjonen i Skandinavia? Blei det raskt etablert ein evolusjonsdiskurs i dei nordiske landa? Dei skandinaviske landa utgjorde ein felles litterær marknad med ei felles litteraturkritisk offentlegheit (Fulsås 2013, 23), og det blei arrangert felles-skandinaviske kongressar, m.a. det skandinaviske naturforskarmøtet i 1863 i Stockholm, der darwinismen blei debattert.⁶¹ Slik låg forholda godt til rette for at det tidlegare omtalte nettverket av nye idear og diskursar kunne sirkulera mellom dei ulike landa blant det skandinaviske publikummet.⁶² I likskap med resten av den norske kultureliten hadde Ibsen eit nært forhold til både Sverige og Danmark, og sjølv om Noreg prøvde å etablere seg som sjølvstendig kulturnasjon, bar litteraturen framleis sterkt preg av den 400 år lange dansk-norske språk- og kulturfellesskapen.⁶³ Medan han budde i utlandet, var Ibsen oftare i Sverige og Danmark enn i Noreg.⁶⁴

⁶¹ M.a. av Nils Johan Andersson, som i 1861 heldt det første av mange føredrag om darwinismen og utviklingslæra i Vetenskapsakademien i Stockholm, og som skreiv om darwinismen i tidsskriftet *Botaniske Notiser*, som òg blei lese av nordmenn (Hessen & Lie 2002, 87). Og Monrad skulle ha halde foredraget *Philosophie og Naturvidenskab*, men pga. tidsnaud gjekk det ut, men han heldt det i DNVA då han kom heim (sst.). I 1868 blei møtet halde i Christiania, der meir enn 200 nordmenn deltok, m.a. Axel Blytt, Michael og Georg Ossian Sars, Lochmann, Monrad og Ludvig Kristensen Daae (sst.). Også her var darwinisme på dagordenen, slik det var på fleire kongressar i 1860-åra, m.a. den internasjonale arkeologikongressen i København i 1869, som fekk fylldig omtale i dansk presse, som òg hadde norske lesarar (Hessen & Lie 2002, 88).

⁶² Ibsens forlag og forleggar var dansk, språket han skreiv, var dansk. I ein tidleg fase av forfattarskapen tok han i bruk mange særnorske ord og vendingar, som han seinare lét forlaget erstatta med danske ord, slik at det skulle vera lettare tilgjengeleg for den danske marknaden (Koht 1954-II, 26). I tråd med dette endra han òg etter kvart sjølv måten han formulerte seg på. I Sverige sette dei berre om to av stykka til bruk for teateret: *Brand* (1870) og *Kämparne på Helgeland* (1876), elles las dei han på originalspråket (Fulsås 2008, 92). På slutten av 1870-talet inngjekk dei skandinaviske landa ein avtale om gjensidig vern av forfatarrett, som m.a. definerte dei skandinaviske språka som «mundarter» av same språk, og omsettingar frå ein munnart til ein annan som ‘ettertrykk’ (Fulsås 2013, 23). Samanlikna med andre land omsette derimot Danmark veldig mykje utanlandsk litteratur (Fulsås 2013, 21), noko som i samtidas målestokk gav skandinaviske lesarar ein usedvanleg rik tilgang på idear, forteljingar og impulsar frå mange land. Den skandinaviske lesarskaren viste seg òg å vera uvanleg kjøpesterk, slik at bøkene selde i store opplag (Fulsås 2013, 24).

⁶³ Ibsen var skandinavist og ønskte ein sterkare fellesskap mellom dei skandinaviske landa. Skandinavismen var «den einaste politiske tanken som han heldt trutt fast på ifrå ungdom til alderdom» (Koht 1954, 221–2), i likskap med at den skandinaviske samlingstanken var «den høgaste ideen for den akademiske ungdomen» våren 1849 (sst., 44). Ibsens første oppføring i Sverige var *Gildet på Solhaug* ved Kgl. Dramatiska Teatern i Stockholm i 1857, og i Danmark, første gong i 1861: *Gildet på Solhaug* på Casino i København (Koht 1954, 118). Men først i 1870 fekk han eit stykke oppført ved den danske hovudscenen, Det kongelige Theater i København (Figueiredo 2007, 526).

⁶⁴ I Noreg var han berre i 1874 og i 1885 før han i 1891 igjen flytta heim. I 1869 fekk han 300 spd. frå regjeringa for å vera eitt år i Sverige og studera «kunst, litteratur og anna kulturliv» (Koht 1954-II, 26). Etter ti veker returnerte han til Dresden, men då hadde han deltatt på det felles-skandinaviske rettskrivingsmøtet i Stockholm, der han gjekk inn for felles skandinaviske skrivereglar i staden for nasjonale. Etter kvart var han omtrent den einaste som heldt seg til desse reglane, medan nasjonalspråka utvikla eigne reglar (Koht 1954-II, 27).

Som tidlegare nemnt står tradisjonen med å kopla darwinismen og det moderne gjennombrotet i Noreg til Georg Brandes og dansk import sterkt – ein tradisjon som òg har påverka historia, kanskje rettare sagt myten, om Ibsens møte med darwinismen, trass i at alt talar for at han hadde kjennskap til teorien på eit tidlegare tidspunkt, og gjennom andre kanalar.

Danmark

Berre to månader etter at Darwin gav ut *On the Origin*, blei boka omtala i dansk presse, som òg hadde mange lesarar i Noreg.⁶⁵ Hessen og Lie (2002) gir mange døme på at evolusjonsteorien blei presentert og diskutert i Skandinavia på 1860-talet, men dei endar likevel opp med å støtta tradisjonen som koplar gjennombrotet for utviklingslæra til Brandes og det moderne gjennombrotet i 1871.⁶⁶ Dei viser m.a. til Grans påstand om at det moderne gjennombrotet kom frå Danmark, noko Gran minnest då han som skulegut las Vilhelm Møllers *Nyt Dansk Maanedsskrift* (1870–74) i smug (sst.). Det var i dette tidsskriftet den danske forfattaren, naturvitskapsmannen og Darwin-omsettaren J.P. Jacobsen (1847–1885), presenterte Darwins idear.⁶⁷ Omsettinga av *On the Origin of Species* var basert på femte

Opphaldet enda med at kong Carl XV gjorde han til riddar av Wasa-ordenen. I 1870 var han nokre månader i Danmark, og året etter blei han gjort til riddar av Dannebrog. I 1877 blei han så utnemnt til æresdoktor ved Uppsala Universitet. Eg nemner det her, ikkje først og fremst fordi slike utmerkingar var viktige for Ibsen, men fordi det markerer at han blei del av den kulturelle kapitalen òg til nabolanda. Det er mykje som talar for at han hadde interesse av å halda seg informert om det som gjekk føre seg i den skandinaviske offentlegheita.

⁶⁵ I vekebladet *Illustreret Tidende*: «Blandt de nye Bøger, som, udkomne i de sidste Uger hos Murray i London, blive meest kjøbte, læste og omtalte ere [...] Darwins lærde Værk «The Origin of Species». Efterspørgselen er saa stor, at det ene Oplag sælges efter det andet. Darwins Bøg indeholder Udviklingen af en Idee, som han har tænkt over i 25 Aar og i den Tid, som han forsikrer, har fundet stadfæstet ved utallige Erfaringer. Denne Idee er, at alle de saa forskjellige Skabninger i den organiske Natur kunne føres tilbage paa en eneste Art, at enkelte Arter af Skabninger gik tik Grunde og gjorde Plads for Andre, ikke alene som Følge af en forandret Jordbund, Næring eller et forandret Klima, men ogsaa, fordi det er en Naturlov, at den mindre udviklede Art altid fortrænges af den fuldkomnere» (sitert i Hessen & Lie 2002, 82). Hessen og Lie framhevar *Tidsskrift for populære Fremstillinger af Naturvidenskaben* (1854–1883) som det populære tidsskriftet som for alvor skulle bringa Darwin til den danske offentlegheita, eit tidsskrift som òg hadde mange norske abonnentar, og som det blei annonsert for i norske tidsskrift, m.a. i *Illustreret Nyhedsblad. Tidsskrift for populære Fremstillinger af Naturvidenskaben* omtala Darwin første gong i 1861, og i 1863 følgde ein nesten 100 siders omfattande omtale av *On the Origin* (Hessen & Lie 2002, 83). Dansk Naturhistorisk Forening hadde kontaktar i Noreg, og på 1860-talet kom ei rekke artiklar om utviklingslæra og darwinismen i deira *Videnskabelige Meddelelser* (sst.). Koht hevdar derimot at tidsskriftet *Fædrelandet*, hovudorganet for den liberale «intelligensen» i landet, der Clemens Petersen var bokmeldar, «var det einaste danske bladet å rekne for, som på den tida vart lesi i Noreg og Sverige» (1954-II, 3). I 1870 kom Darwins *Rejseagttagelser*, og i 1876 Darwins *Rejse om Jorden* ut i Danmark.

⁶⁶ «Selve gjennombruddet for utviklingstanken i Danmark skulle skje i tiåret 1870–80, omtrent samtidig som i vårt eget land. Særlig er 1871 kjent som året for det moderne gjennombrudd i Danmark, da man begynte å stille spørsmål ved de bestående normer innen kunst, litteratur, filosofi og naturvitenskap» (Hessen & Lie 2002, 83).

⁶⁷ *Nyt dansk Maanedsskrift* blir i *Den store Danske* omtala som «det 'røde' månedsskrift, hvor en ny generation med brødrene Edvard og Georg Brandes i spidsen fremførte tidens nye idéer. Med Darwin og udviklingslæren som adgangskort var J.P. Jacobsen dermed lukket ind i kredsen omkring brødrene Brandes» (Sørensen). I 1873 vann Jacobsen universitetets gullmedalje for ei avhandling om algar. I snl.no står det 1876, men i Hjermitsev et al. 2014, 107 står det 1873. Òg i darwinarkivet.dk står det 1873 (Hjermitsev u.å.).

utgåva, som kom i 1869 og fekk tittelen *Naturlivets Grundlove: Et Forsøg på at hævde Enheden i den organiske Verden*, ein tittel som vitnar om den sterke påverknaden frå monisten Hæckel.⁶⁸ Boka blei publisert som ni pamflettar frå nov. 1871 til nov. 1872, kvar med eit opplag på 1500.⁶⁹

Seinare forskning har peikt på at Jacobsen ikkje i første rekke dreiv med teksttru omsetting, men med transformasjon eller appropriasjon for å fremma sin eigen agenda. Dette fortel Hjerimitslev, Kjærgaard, Clasen og Grumsen i kapittelet «Translation and Transition: The Danish Literary Response to Darwin», publisert i tredje bind av *The Literary and Cultural Reception of Charles Darwin in Europe* (2014, 106–107). Jacobsen var nemleg «heavily influenced by Ernst Haeckel» (107), som han «consulted while translating Darwin» (108), og som han fletta inn tekststykke frå i lag med sitat frå den sveitsiske botanikaren Wilhelm Nägeli (111).⁷⁰ Hjerimitslev et al. kallar Darwin i Jacobsens omsetting ‘Jacobsean Darwinism’ – ein litterær darwinisme som er «more of a Germanized Darwin than a translation of the *Origin of Species*» (2014).⁷¹ Jacobsens omsetting er basert på Hæckels og Nægelis idear om darwinismens revolusjonerande konsekvensar på det moralske og sosiale planet, altså ei form for sosialdarwinisme, i første rekke retta mot dei radikale lesarane av *Nyt Dansk Maanedsskrift*. Pga. Jacobsens posisjon i dansk kultur har Darwin-presentasjonen hans fått status som meisterverk og ein unik litterær prestasjon (Hjerimitslev et al. 2014, 108).⁷²

⁶⁸ Då omsettinga kom som bok, endra Jacobsen tittelen til den meir teksttru *Om Arternes Oprindelse ved Kvalitetsvalg eller ved de heldigst stillede Formers Sejr i Kampen for Tilværelsen* (Hjerimitslev et al. 2014, 107).

⁶⁹ M.a. «Darwins Theori» (1870–71), «Menneskeslægtens Oprindelse» (1871), «Parringsvalget» (1871), «Sindsbevægelsernes Udtryk hos Dyrene» (1873) og «Et Brev om Darwinismen» (1871). I 1872 publiserte tidsskriftet òg Jacobsens «første betydelige digterværk, fortællingen *Mogens*» (darwinarkivet.dk).

⁷⁰ Bengt Algot Sørensen er inne på det same og framhevar at Jacobsens Darwin-presentasjon gjorde Hæckel «almindelig kendt i Danmark» (Sørensen 1991, 362) fleire år før det i 1877 kom ei anonym dansk omsetting av Hæckels *Natürliche Schöpfungsgeschichte*, der dei opphavlege 688 sidene var reduserte til 279 (Hjerimitslev 2016, 245).

⁷¹ «Jacobsens fremgangsmåde i Darwin-artiklerne var den, at han dels refererede og beskrev Darwins teori, dels indskød egentlige oversættelser fra Darwins skrifter. Samtidig indføjede han imidlertid her og der større og mindre afsnit, som han oversatte fra andre naturvidenskabelige værker, deriblant Ernst Haeckels *Natürliche Schöpfungsgeschichte*» (Sørensen 1991, 360).

⁷² Omsettinga av *The Descent of Man – Menneslegtens Afstamning* eller *Menneskets Afstamning og Parringsvalget*, som Jacobsen gjorde samstundes som han skreiv på romanen *Marie Grubbe*, blei utgitt i 13 delar frå okt. 1874 til nov. 1875, med eit opplag på 1250 (<https://www.darwinarkivet.dk/arkivet/danske-reaktioner/biografier/jacobsen-jens-peter/index.html>).

Ifølge Sørensen er J.P. Jacobsen den som i nordisk litteratur «tydeligst illustrerer periodens nære sammenhæng mellem litteratur og naturvidenskab» (1991, 360). I vide kretsar er J.P. Jacobsen «kanonisert som hovedeksempel på skandinavisk naturalisme» (Andersen Jørgen Erslev, Arkiv for Dansk Litteratur). Ifølge m.a. Hjerimitslev et al. (2014, 103–4) var Herman Bang, Sophus Claussen, Karl Gjellerup og Johannes V. Jensen «more prone to realize the potential of Darwin and Darwinism for literature».

Denne darwinisme-varianten hadde Brandes god nytte av i sitt revolusjonære prosjekt, og derfor framstilte han den som noko heilt nytt, introdusert av Jacobsen (sst., 113). Slik kunne Brandes bidra til å gi darwinismen den forma som passa han best, og gjera Darwin til eit våpen i kulturkampen (Hjermitslev et al. 2006, 358).⁷³ Eit døme på dette finn me i Brandes' første bind av *Hovedstrømninger*:

Vi, som lever i Charles Darwins tidsalder, antager ikke mere muligheden af en oprindelig paradisisk tilstand og et fald. Der er ingen tvivl om at Darwins lære vil slå retrohedens moral til jorden ganske som Kopernikus' lære slog den retroende dogmatik til jorden, Kopernikus' system berøvede kirkens himmerig dets udvortes sted, således vil engang Darwins lære berøve kirkens paradisi det's. (Brandes 1872, 262)

Forfattarane av «Translation and Transition: The Danish Literary Response to Darwin» vil avliva myten om at det var Jacobsen som først introduserte danskane for Darwin og slik starta den danske darwinismedebatten. Dei meiner myten er skapt av Brandes og lever framleis i beste velgåande, bl.a. hos danske litteraturhistorikarar som Otto Borchsenius, Jørn Erslev Andersen og B.A. Sørensen (1991, 360) (jf. Hjermitslev et al. 2014, 110).⁷⁴ Hjermitslev et al. framheld derimot at Darwin blei introdusert på 1860-talet: «The fact is that Darwinism had been introduced in Denmark in the 1860s when scientists, journalists and clerics wrote about 'the new theory' in Danish newspapers, popular magazines and journals» (110).⁷⁵ Men ved å framstilla Jacobsens omsetting som den første danske Darwin-presentasjonen snudde Brandes darwinisme-debatten, som på 1860-talet hadde handla om innhald og grunnlag, til å handla om moral, politikk og religiøse verdiar, samstundes som han flytta startpunktet for den danske Darwin-diskusjonen frå 1860-talet og fram til Jacobsens presentasjon på 1870-talet (sst. 113–

⁷³ I si propagandering for det moderne gjennombrøtet bidrog Brandes til at darwinismen blei knytt til eit radikalt opprør mot konservative og kristne idear. Inspirert av Comte ville han at den nordiske filosofien skulle påvisa «aldeles bestemte, uomtvistelige Love, ganske som i Mekanik og Kemi» (Andersen 2001, 209). «Brandes ophøjede den naturvidenskabelige metode skønt han med en enkelt markant undtagelse ikke var bekendt med mange naturvidenskabsmænds skrifter, Undtagelsen var Darwin» (Larsen 2016, 437). I tråd med Hippolyte Taine (som han tok doktorgrad på i 1870) meinte han at kunsten og vitskapen følgde same lovmessigheit, og derfor burde òg forfattarane overføra den moderne naturvitskapens metodar på kunsten.

⁷⁴ «Kendt af en større offentlighed blev den unge naturvidenskabsmand Jacobsen som forfatter af populærvideenskabelige artikler, de fleste om Darwin [...] Disse artikler gav som bekendt stødet til den første offentlige debat i Danmark om Darwinismen, en debat som den ellers så tilbageholdende Jacobsen deltog i med et par indlæg» (Sørensen 1991, 360).

⁷⁵ Brandes' myte blei òg tilbakevist av historikaren Johannes Steenstrup, ein konservativ kritikal av Brandes-kretsen, som i 1883 viste at darwinismen blei debattert i dansk presse alt i 1860-åra (Hjermitslev u.å.). At Steenstrup kritiserte Brandes og Borchsenius då dei hevda at det var Jacobsen som introduserte Darwin i Danmark, er òg eit viktig poeng for Hjermitslev et al. (2014).

114). På den måten kunne Brandes betre bruka Darwin i sitt politiske og ateistiske prosjekt, noko som òg fekk konsekvensar for den norske Darwin-resepsjonen.⁷⁶

Myten om Jacobsen som den store Darwin-introdusøren lever òg i beste velgåande i Noreg, og er, som me hugsar, truleg grunnen til at Ibsens evolusjonisme, eller kjennskap til Darwin, i omtrent alle framstillingar blir sett i samband med at han møtte Jacobsen i Roma i 1878, basert på Gunnar Heibergs skildring av Ibsen som ein nyleg omvendt darwinist (Heiberg 1924, 47–48).

Ifølge Koht var det først med *The Descent of Man* frå 1871 at Darwins nye arvelære «vart til brann i det ålmenne åndslivet», i Norden etter Jacobsens omsettingar i 1872 og 1875: Striden

fengte ut i vide krinsar. Det var som både kristendom og moral sto på spel, om dei nye arvelovene skulle vinne fram. Det var uråd anna, alt dette måtte gripe Ibsen djupt inn i sjela, det kvesste den moralske motsetninga, og gjorde spørsmålet om den personlege fridomen vandare og større. I oppseta av *Et dukkehjem* ser vi tydeleg for eit rom dei nye lærdomane tok i tankane hans. (Koht 1954-II, 116)⁷⁷

Og i ein av dei siste Ibsen-biografiane kan ein lesa at

det sosiale livet i Roma var likevel ikke bortkastet; spesielt samtalene han trolig førte med J.P. Jacobsen om utviklingslæren, må ha betydd mye. Jacobsen hadde oversatt Darwins bøker *On the Origin of Species* og *The Descent of Man* til dansk og skrevet flere artikler om ham i *Nyt Dansk Maanedsskrift*. De neste årene kom ideene om artenes opprinnelse og utvikling til å skape en voldsom debatt i Skandinavia, og de samme ideene kom til å sette klare spor i Ibsens tanker og diktning. (Figueiredo 2007, 193)

Det forbausar meg at så mange knyter Heibergs anekdote til Ibsens kjennskap til Darwin og ikkje nemner at Ibsen på det tidspunktet han møtte Jacobsen, hadde budd ti år i Tyskland, noko som sannsynleggjer at han hadde stifta kjennskap med teoriane til både Darwin og Häckel og den tyske evolusjonsdiskursen i god tid før han møtte Jacobsen personleg i Roma i 1878.

⁷⁶ «While in the 1870s Darwinism was primarily debated by scientists, intellectuals and journalists, in the 1880s Darwin and evolution became integrated parts of works of fiction such as novels and poetry. At this time Darwin was a household name in Denmark [...] The appropriation of Darwin and the theory of evolution display a far more heterogeneous picture than the standard story focusing on Jacobsen and Brandes. There were many different versions of Darwin and Darwinism, and evolutionary ideas were prominent in different literary genres» (Hjermitslev et al. 2014, 114).

⁷⁷ Fleire i samtida peikte på skodespelets darwinistiske diskurs, m.a. Strindberg.

Sverige

Den svenske omsettinga *Om arternas oppkomst genom naturligt urval eller De bäst utrustade rasernas bestånd i kampen för tillvaron* blei publisert i 1871, og året etter kom *En naturforskares resa omkring jorden* (1872).⁷⁸ For nordmenn er det vanskelegare å lesa svensk enn dansk, og ifølge Hessen og Lie blei svært få svenske tidsskrift og bøker som omhandla Darwin, lesne av nordmenn, og det var ytst få utlån av den svenske omsettinga (Hessen og Lie 2002, 89). Men likevel var kontakten til svenskane stor, og i dei naturvitskaplege miljøa blei det «oppretta tette, personlege bånd som resulterte i en omfattende korrespondanse, der det ofte ble tatt opp spørsmål omkring darwinisme og utviklingslære» (sst.). Zoologen Sven Lovén, som m.a. hadde svært god kontakt med Michael Sars og Peter Christen Asbjørnsen, som han brevveksla med frå 1840-talet til Asbjørnsens død, var ofte i Noreg for å gjera undersøkingar i fjordane, og han presenterte *On the Origin* i Vetenskapsakademien så tidleg som 31.3.1860 (sst., 90). Det er tydeleg at impulsane ikkje berre kom frå Danmark, men òg frå eit oppegåande vitskapleg miljø i Sverige, noko som vitnar om at bildet av Brandes og Jacobsen som Darwin-formidlarane i Noreg må justerast – i likskap med bildet av Jacobsen som Ibsens Darwin-augeopnar.

Noreg

På norsk kom *On the Origin* først i 1889–90, med tittelen *Arternes Oprindelse*, og undertittelen *gjennem naturligt udvalg eller de best skikkede formers bevarelse i striden for livet*, omsett av Ingebret Suleng, etter den sjette engelske utgåva

⁷⁸ Ifølge Hjermitsev vekte darwinismen i starten mindre debatt i den svenske offentlegheita enn i Danmark, der teologar og filosofar debatterte evolusjonsteorien. I Sverige blei diskusjonen halden internt i vitskapskrinsar fram til ca. 1880. Hjermitsev forklarar det med at forholda ved universiteta i Danmark var meir radikale; Brandes hadde fleire meiningsfellar der, medan det på universiteta i Sverige herska ein streng, høgre-idealistisk konservatisme (som i Noreg). Av den grunn fekk Sverige først eit moderne gjennombrøt på byrjinga av 1880-talet, då ein generasjon radikale studentar i Uppsala, deriblant August Strindberg, i 1882 danna gruppa Verdandi, som diskuterte moderne vitenskap og litteratur og tok til orde for naturalisme (Hjermitsev 2016, 253–4). Strindberg, som var opptatt av Häckels monisme, dreiv i periodar med kjemiske, alkymistiske eksperiment. Ifølge Ibsen sjølv las han alltid alt Strindberg skreiv. Eg finn denne forklaringa litt underleg sidan mange kjelder har skildra motstanden Brandes møtte på universitetet i København etter at han i 1871 heldt forelesingane *Hovedstrømninger i det 19de Aarhundredes Litteratur*, publisert i 1872 (Fulsås 2008, 744). Carsten Hauch, som var professor i estetikk der frå 1851 til 1873, hadde peikt på Brandes som etterfølgaren sin, men han fekk ikkje stillinga. Ifølge Fulsås hadde professoratet i estetikk ved Universitetet i København «institusjonalisert forbindelsen mellom litteratur og academia: Oehlenschläger hadde vært professor fra 1809, deretter fulgte Carsten Hauch ...» (Fulsås 2008, 52). At Brandes blei utestengt frå universitetet, bidrog ifølge Fulsås til at det litterære feltet lausreiv seg frå det akademiske. På denne tida blei det òg oppretta statlege forfattarstønader, og i tillegg tok den skandinaviske bokmarknaden på 1870-talet til å veksa kraftig, noko som mogleggjorde at forfattarane kunne leva av skrivinga si, og slik oppstod det snart eit sjølvstendiggjort litterært felt i Skandinavia (sst.).

(<http://runeberg.org/arternes/1/>). Då var det gått 20–30 år etter omsettingane til dansk, svensk og tysk. Var den seine omsettinga symptomatisk for Darwin-resepsjonen i Noreg, og medførte ho at det tok lengre tid før forholda låg til rette for at evolusjonsdiskursen kunne komma i sirkulasjon her heime? Ein kan få inntrykk av det når ein les tidlegare handsamingar av emnet.⁷⁹ Ifølge Thore Lie, i artikkelen «Fra The Origin of Species til Arternes Oprindelse», var kjennskapen til darwinismen «noe mangelfullt innen det naturvitenskapelige og medisinske miljøet i 1860-årene» medan det i Noreg var det litterære og humanistiske miljøet som «tidlig forstod Darwins betydning» (2000, 2):

Historikeren Ludvig Kristensen Daa besøkte England i 1861, og året etter oppholdt både Eilert Sundt og Aasmund Olavson Vinje seg der. Alle tre kom darwinismedebatten på nært hold i Darwins hjemland, og dette kommer senere tydelig til uttrykk i deres litterære produksjon. De hadde imidlertid liten innflytelse på det vitenskapelige miljøet. Darwinismen som vitenskapelig teori fikk først fremgang i vårt land gjennom virksomheten til en ny generasjon forskere som startet sin virksomhet i siste halvdel av 1870-årene [...] Botanikeren Axel Blytt, zoologen Georg Ossian Sars og geologen Waldemar Brøgger og medisineren Armauer Hansen. (Lie 2000, 3–4)⁸⁰

Gran har ei litt anna framstilling: Etter at *Arternes oprindelse* og *Menneskets avstamning* i «et tjaar hadde levet et forholdsvis stilfærdig liv inden fagmændenes snevre kreds», fann dei i syttiåra «vei til almindannelsen og voldte en række av omvurderinger i religion, moral, samfundsopfatning, historie, digtning, æstetik og kunstfilosofi» (Gran 1918, 97). Edvard Beyers versjon har meir til felles med Lies: Darwinistiske tankeretningar begynte å nå Noreg «i løpet av 1860- og de første 70-årene», «dels direkte, dels over Danmark, og dikterne hørte til de første som registrerte dem» (Beyer 1995, 48).

Alt i mars 1861 hadde forfattar, forstmann, zoolog, eventyrforskar og leiar for Statens torvdriftsundersøkelser frå 1864–76 Peter Christen Asbjørnsen prøvd å introdusera Darwins idear for norske lesarar med den nesten 13 sider lange artikkelen «Darwin's nye

⁷⁹ «Moderne tankeretninger og farlige, radikale ideer preget ikke samfunnsdebatten i særlig grad, og hele tiåret var på en måte avventende overfor det som skulle komme senere. Diskusjonene blusset da også opp i 1870- og 80-årene, men det er ganske påfallende ved debatten her hjemme, at stridstemaene i hovedsak skulle dreie seg om livssyn, moral og etikk, og i mindre grad om naturvitenskapelige spørsmål», fortel Thore Lie og Nils Christian Stenseth i ein kronikk i *Aftenposten* 12.02.2012 i samband med at Asbjørnsens artikkel «Darwin's nye Skabningslære» (1861) blei gitt ut i moderne norsk skriftform (i motsetnad til tidlegare gotisk skrift) i jubileumboka *En dør til Asbjørnsen og hans verden* redigert av Erik H. Edvardsen (Lie og Stenseth, i *Aftenposten* 12.02.2012).

⁸⁰ Gerhard Armauer Hansen blei ein av dei som bidrog sterkast til å spreia kunnskap om darwinismen i Noreg. I sjølvbiografien sin frå 1910 skriv han at han under studia, som han avslutta i 1866, verken hørde om Darwin eller læra hans (Hessen & Lie 2002, 91). Han kom over Häckels *Natürliche Schöpfungsgeschichte* (1868) i Wien på byrjinga av 1870-talet, og ho blei ei openberring som gjorde han til ein svoren darwinist. Armauer Hansen kom til å skriva mange tidsskriftartiklar om utviklingslæra og teoriar om arv, og i 1886 boka *Afstammingstheorien eller Darwinismen*.

Skabningslære» i tidsskriftet *Budstikken* (Beyer 2019), basert på den tyske omsettinga av *On the Origin* (Lie 2000, 6).⁸¹ «Asbjørnsen såg kor viktig evolusjonslære ville bli for humanistisk forskning», skriv Reimund Kvideland, som peiker på at interessa for folkeleg tradisjon òg kjem fram i Asbjørnsens vitenskapstekstar og «gjer framstillinga levande. På den andre sida kunne hans naturvitenskaplege interesser bli tyngjande detaljar i hans folkloristiske arbeid» (Kvideland u.å.). – eit døme på at dei «to kulturane» enda ikkje hadde skild lag. Asbjørnsen kjente òg godt til Lamarcks teoriar og skilde ikkje mellom lamarckisme og darwinisme i artikkelen. «Det er åpenbart at Asbjørnsen i mange tilfeller har vært like påvirket av Lamarcks teorier som av Darwins» (Hessen og Lie 2002, 64). Asbjørnsen hadde òg god kjennskap til Treschows utviklingssyn, og han skreiv mange zoologiske artiklar om utviklingsteoretiske spørsmål,⁸² men artikkelen «Darwin's nye Skabningslære» fekk lita merksemd: «I motsetning til i andre land, der debatten gikk heftig i vitenskapelige miljøer, fantes det liten eller ingen aktivitet i tilsvarende miljøer her hjemme», fortel Lie og Stenseth (2012).

Ifølge Hessen og Lie skulle det gå «hele syv år før *Skilling-Magazin* i juni 1868 inneholdt et bidrag med tittelen 'Darwin og Darwinismen' [...] en svært god oversiktsartikkel [...] med et portrett av Darwin, som her vel for første gang er avbildet i norske media» (2002, 121). Neste artikkel, den tidlegare nemnde «Charles Darwin», med eit heilsides fotoportrett, kjem i 1871 i *Norsk Folkeblad*, kjøpt og drive av Bjørnson (1869–1871), og truleg forfatta av han.⁸³ Ifølge Hessen og Lie har Bjørnson i 1871 sett seg såpass godt inn i Darwins teori at han kan presentera han nokon lunde korrekt. Ihuga darwinist blei Bjørnson likevel først etter å ha lese *The Descent of Man*. I 1874 står så «Darwins Theorie» i *Ny illustreret Tidende* (2002, 124). Tatt i betraktning at Bjørnson og Ibsen i periodar hadde ein del kontakt, blir det endå mindre sannsynleg at Ibsen ikkje skulle kjenna til Darwin før i 1878.

⁸¹ «Darwin had the good fortune to be introduced into Norway by the thorough and understanding study of his theories which P.C. Asbjørnsen contributed to the magazine *Budstikken* for February and March 1861» (Downs 1946, 162).

⁸² M.a. for *Illustrert Nyhedsblad*, og han viste stor interesse for problem knytt til avl og utvikling av husdyr (Hessen & Lie 2002, 60). I 1953 publiserte *Illustrert Nyhedsblad* «De skandinaviske Kvægracers Oprindelse», der Asbjørnsen antyda eit samband mellom uroksen og dei moderne kvegrasane våre, og i 1862: «Geoffroy Saint-Hilaire: Om Acclimatisationen af fremmede og Tæmningen af vilde Dyrearter» der han framheva viktigheita av å ta vare på dei nyttige ville dyreartane, fordi dei var ei gåve frå naturen» (sst., 61–2).

⁸³ Ifølge Hessen og Lie presenterer Bjørnson Darwin, forskinga og teorien hans i det han «begår den klassiske sammenblanding mellom hans utviklingslære og Darwins forklaringsmodell på denne utviklingen. Forfatteren foregriper imidlertid Darwin ved å trekke mennesket inn i sine betraktninger: «[...] ja, gjennomføres Læren følgerigtig (om end udover, hvad Darwin selv har udtalt), saa nedstammer alle tilhobe, lige fra Mennesket til det laveste Slimdyr og de laveste Alger eller Svampe, fra et Urvæsen, der atter kan være opstaaet af Urslim, som igjen kan tænkes dannet ved en umiddelbar Omdannelse af livløse, uorganiske Stoffe» (siteret i Hessen & Lie 2002, 123).

Eit søk på 'Darwin' i norske aviser i Nasjonalbibliotekets nettbasar, nb.no, viser at Asbjørnsens artikkel frå 1861 ikkje var den første merksemda omkring Darwin her til lands. Darwin var ein kjent forskar som hadde publisert mange viktige arbeid før *On the Origin* i 1859, og han blei nemnt før 1850.⁸⁴ I 1862, eitt år etter Asbjørnsens artikkel, nemner Ludvig Kristensen Daa han i føredraget «Om de geografiske forholdes indflydelse paa kulturens udvikling» frå desember 1861.⁸⁵ Og i 1863 nemnde filosofiprofessor Marcus Jacob Monrad Darwin som eksempel på at naturvitskapen somme tider streifar «ind paa Philosophiens Enemerker [...] Vi har saaledes nylig oplevet, hvorledes en Darwins Theorie om Arternes Metamorphose paa en Maade gjenoptager naturphilosophiske Ideer fra Aarhundredets Begyndelse» (i Hessen og Lie 2002, 77).⁸⁶

3. mai 1869, 10 år etter utgivinga, nemnde teologen og naturforskar Michael Sars *On the Origin* i eit føredrag i DNVA: «Angaaende Arternes Oprindelse bestyrkes ved den samme Omstændighed den tidligere af Lamarque og Göthe, senere af Darwin fremsatte Theorie.» (Hessen og Lie 2002, 78). Sars, som alt i 1828 viste til Lamarck i *Zoologiske lagttagelser*, og som i 1837 hadde vore på føredrag med Étienne Geoffroy Saint-Hilaire (som er nemnt der eg tar for meg dei franske tilhøva), framstiller darwinismen som ei vidareføring av Lamarck og Goethe. Ifølge Beer var denne reaksjonen ikkje uvanleg: «when his book first came out it was

⁸⁴ M.a. stod artikkelen «Om nogle af Tangarternes Forekomst og Anvendelse» av Fr.Chr. Schübeler i *Morgenbladet* 15.8.1853. Schübeler kan fortelja at «Den bekjendte engelske Reisende Darwin beretter saaledes, at mange af koraløerne i Sydhavet have faaet deres Vegetation alene ved hjælp af frø, der paa denne Maade er kommet fra de ostindiske øer og Ny-Holland». Han innleier artikkelen med eit utdrag frå eit dikt av Lord Byron (i tråd med det eg tidlegare var inne på, om at vitskapsmennene brukte litterære eksempel for å underbygga teoriene sine og kanskje òg for å visa at dei hadde danning). At han nemner Darwin her, heng saman med at Darwin i 1842 publiserte *The Structure and Distribution of Coral Reefs*. I 1854 blir Darwin så nemnt under oppslagsordet 'koraller' i *Almennyttigt dansk Konversations-Lexikon*. I tillegg får me eit treff på *Naturwissenschaftliche Reisen von Ch. Darwin (1844)*, og i *Optegnelser paa en Reise rundt Jorden (1854)* viser N.J. Andersson, som skreiv artikkelen frå 1852 i *Morgenbladet*, fleire gonger til Darwins dagbok frå Beagleturen.

⁸⁵ I 1869 kjem Daa så med boka *Om Nationaliteternes udvikling I*, der det igjen opptil fleire gonger blir vist til Darwins evolusjonsteori. I 1866 får me to treff på Darwin: I *Om Tro og Viden som absolut uensartede Principer* av Rudolf Schmidt, og *Til Forsvar for Christendommens Grundsandheder* av C.E. Luthardt 1866, noko som viser at det ikkje gjekk så lang tid før kristenfolk reagerte, sjølv om Lie meiner det er «noe overraskende å se hvor lite direkte motstand det kom fra kirkelig hold mot Darwins lære i slutten av 1860- og begynnelsen av 1870-årene her hjemme» (2000, 4).

⁸⁶ I føredraget «Philosophie og Naturvidenskab» i Videnskabs-Selskabet (i dag Det Norske Videnskaps-Akademi, DNVA). DNVA blei starta i 1857 og må ikkje forvekslast med Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS) som blei stifta i Trondheim av biskop Gunnerus i 1760, og dermed er den eldste vitskaplege institusjonen i Noreg. Alt frå starten av ville Gunnerus at prestane skulle driva vitskaplege studiar, og selskapet er eit godt døme på at det å betrakta vitskapen og litteraturen som to separate område her til lands er av nyare dato. Dette syner deira *Skrifter*, ei av dei eldste vitskaplege publikasjonsseriene i verda, med tekstar av m.a. matematikaren Nils Henrik Abel og zoologen Michael Sars, i tillegg til forfattarar som Wergeland, Welhaven, Ibsen og Ivar Aasen, som òg var språkforskar og botanikar. Det var DKNVS som finansierte Aasens språkforskning, og i 1866 løyvde dei 100 spd. til Ibsen; «Dette selskapet gav enda i 1860-åra pengehjelp til diktarar, og Ibsen kunne attpå vise til at han heldt på med eit arbeid som kom nære bort i vitskap, – dramaet om keisar Julian» (Koht 1954, 234). (Der andre kjelder ikkje er spesifisert, er kjeldene til dette avsnittet DKNVS).

not immediately obvious to all that his work did more than substantiate and give authority to ideas already current» (Beer 2000, 3). Sars, som først hadde vore skeptisk, fortel i føredraget at han er blitt «hendraget til Erkjendelsen af denne Theories Sandhed», og at han alt i 1865 viste til Darwin i «Om de i Norge forekommende fossile Dyrelevninger fra Quartærperioden» (Hessen og Lie 2002, 79). Sars hadde nettopp hatt besøk av Hæckel som var i Noreg for å leita etter den forhistoriske sjøstjernearten *Brisinga*, som Asbjørnsen hadde funne i Hardangerfjorden. «Haeckel besøkte Sars i Christiania, og de to kom snart til enighet om hovedtrekkene i Darwins lære», fortel Hessen og Lie som lurar på om det kan ha påverka Sars til å sidestilla Goethe og Lamarck med Darwin i foredraget (sst., 80).

Michael Sars, som ved sidan av gjerninga som sokneprest hadde dyrka naturvitskapsinteressa si i den grad at han i 1854 fekk eit ekstraordinært professorat i biologi, er eit framifrå eksempel på at naturvitskapen i Norden på 1800-talet var i berøring med andre samfunnsdisiplinar, og at det heile tida skjedde ei utveksling mellom dei ulike fagområda. Dette blei forsterka av at den avgrensa delen av Noregs litle befolkning som hadde utdanning, hørde til det me kan kalla kultureliten, som skreiv i pressa og ytra seg offentleg – eit lite miljø der «alle kjente alle», og det var lett å utveksla meiningar. Då Sars var blitt professor, flytta familien til hovudstaden, og der blei kona Marens salong eit treffpunkt for forfattarar, kunstnarar og akademikarar (Fulsås 2009). Her vanka m.a. Asbjørnsen og Axel Blytt, som begge var svært opptatt av Darwins teoriar alt frå byrjinga av 1860-talet, og «det er vel sannsynlig at de har diskutert dem når de har møtt hverandre hjemme hos Sars-familien» (Hessen og Lie 2002, 96).⁸⁷ Ein annan møtestad for kunstnarar og vitskapsfolk, ja «allslags folk med nasjonale interesser, stortingsmenn, bladfolk, vitskapsmenn, kunstnarar», var Det Norske Selskab, stifta 22.11.1859 av Ibsen sjølv, som fekk med seg Bjørnson til å «be i hop» fleire (Koht 1954, 147).⁸⁸

Ibsen hørde til Paul Botten-Hansens venekrins, «Det lærde Holland». Det same gjorde Aasmund Olavsson Vinje, og det var desse tre som hadde drive det satiriske vekebladet *Manden*, seinare *Andhrimmer*, frå Ibsen i 1850 kom til Kristiania og fram til han i 1851 flytte til Bergen. Før Ibsen i 1864 forlét Noreg, bidrog han aktivt til det offentlege ordskiftet, både i

⁸⁷ Ein omfattande korrespondanse mellom Darwin og botanikaren Axel Blytt vitnar om at dei næra stor gjensidig respekt for kvarandre, og som sonen var òg faren til Axel, Mathias Blytt, professor i botanikk og korresponderte med Darwin alt på 1850-talet (Hessen & Lie 2002, 92–106).

⁸⁸ Selskapet blei stifta for «å fremme norsk litteratur, teater og kunst», men det «fikk ikke utrettet noe og døde hen da Stortinget ble oppløst våren 1860. Ibsen skal ha mislikt politiseringa av selskapet og trekte seg tidleg ut «med en dyb mistillid til alt, som heder foreninger» (Jæger 1896, bd. 2, 580 og HIS 12 2005, 167–8).

form av artiklar, teatermeldingar, debattinnlegg og avisteikningar.⁸⁹ Då Ibsen var tilbake i hovudstaden på 1860-talet, vanka han i periodar saman med «hollandarane» mest kvar dag. I 1862 kom Vinje tilbake frå englandsreisa si, der han, som Lie fortalte, hadde komme «darwinismedebatten på nært hold». Andre som høyrde til same krinsen, var Suzannahs tremenning Ludvig (Ludvigsen) Daae og Ernst Sars, Michael Sars' son, som i 1865 oppheld seg i København, der han følgde debatten om positivisme og andre moderne åndsretningar i britiske, franske og tyske tidsskrift (Fulsås 2020). I likskap med Daae var han del av ein ny generasjon historikarar og hadde truleg god kjennskap til historikarane Ludvig Kristensen Daa og Eilert Sundt, som òg hadde vore i England og komme «darwinismedebatten på nært hold» i høvesvis 1861 og 1862. I artiklar Sundt skreiv, m.a. i 1863 og 1865, står han fram som ein evolusjonistisk kulturforskar som tar i bruk darwinistiske prinsipp utanfor deira biologiske rammer (Hessen og Lie 2002, 74). Og Bull skriv at Sundt visst er «den første som her til lands har søkt å utnytte Darwinismens grunntanker på et historisk emne»; heimkommen frå Verdsutstillinga i London (1862)

gikk han mer planmessig i gang med «Arbeidets Naturhistorie», ut fra den darwinistiske betraktning at f.eks. byggeskikk og ovnsformer, og båttyper som Nordlandsbåten og Listerbåten, hadde utviklet seg gjennom en slags kamp for tilværelsen og et naturlig utvalg, som etterhånden kunne fremavle nye arter. (Bull 1960, 175)

Ifølge Beyer kunne Sundt «resonnere darwinistisk i skrifter fra 1860-årene, i 1870 røper både Vinje og Lie at de kjenner til Darwins teorier, og Bjørnson skriver året etter at ‘Darwins lære har meget beskjeftiget meg’» (Beyer 1995, 48).⁹⁰

Vinje nemnde både Darwin og forkjemparen hans, Thomas Henry Huxley (1825–95), i fleire nummer av *Dølen*, som han gav ut frå 1858 til 1870.⁹¹ «Darwinismen (utan namns nemning) synest vera innpåleikna alt i *Dølen* 1859 25/9», skriv Sigmund Skard i si store avhandling

⁸⁹ Han publiserte teatermeldingar, politiske stykke og dikt under pseudonymet Brynjolf Bjarme. I 1851 blei han òg valt til redaktør for Det Norske Studentersamfunds handskrivne *Samfundsbladet* (Koht 1954, 71), og i 1852 var han ei kort stund medarbeidar i *Arbeider-Foreningernes Blad* (Koht 1954, 75). Han skreiv òg mykje for *Illustreret Nyhedsblad*, som Botten-Hansen redigerte etter at *Andhrimmer* gjekk inn. Og i tillegg fekk han trykt debattinnlegg i *Aftenbladet* – det som ein kunne kalla det nasjonal-liberale bladet i Oslo (Koht 1954, 140) og *Morgenbladet*. Særleg i samband med drifta av Kristiania Norske Teater hanna han i 1861 i heftig avispolemik som gjekk føre seg i både *Morgenbladet*, *Aftenbladet*, *Illustreret Nyhedsblad* og *Christianiaposten* (Koht 1954, 168). I periodar var han i tillegg fast litteratur- og teatermeldar i *Illustreret Nyhedsblad* (1857) og *Morgenbladet* (1862) (Koht 1954, 179).

⁹⁰ Deretter nemner Beyer Ossian Sars' darwinisme-førelingar og først etter dette J.P. Jacobsens presentasjonar og omsettingar. Beyer fortel òg at *Illustreret Nyhedsblad* alt i 1866 publiserte ein lang og grundig artikkelserie om August Comte, skriven av den engelske forskaren George Henry Lewes, gift med George Eliot (Beyer 1995, 48).

⁹¹ I *Dølen* VII, no 10, 6.6.1869 viser Vinje til «Den Darwinske Theori [som] kom i 1859 i Darwins vidgjetne bok: *Upphavet til artene ved den naturlege utveljing*.» Andre døme finn me i følgjande utgåver: 17.1.1869, 14.2.1869, 29.8.1869 (Hessen & Lie 2002, 71–72).

A.O. Vinje og antikken (1938) (referert i Hessen og Lie 2002, 70). Vinje, som hadde lese mykje Treschow, og som siterer *Times* og *Spectator* og heldt seg «godt oppdatert innen den internasjonale debatten omkring utviklingslæren helt til det siste» (72), stod for ein teleologisk evolusjonisme som tenkte seg at alt liv strevar mot stadig større fullkommenskap (69). I *Norges litteratur: fra Februarrevolutionen til verdenskrigen* (1937, 1960) har Bull vidd eit kapittel til «Vitenskapsmenn og litteratur». Om Vinje skriv han:

Hans unge venner hadde solidere kundskaper end han med al sin spredte viden, og de førte ham ind i moderne vesteuropæisk videnskap og tænkning: Han blev interessert for geologi og biologi, sociologi og socialøkonomi, han gav sig til at læse Darwin, Spencer og Huxley, Comte og Stuart Mill, og *Dødens* læsere fik nyte godt av hans voksende indsigter i de forskjellige fag. (Bull 1937, 168; 1960, 167)

Med Vinje heimkommen frå England i 1862, og Ernst Sars og Ludvig L. Daae i same venekrins, held eg det for svært truleg at Darwins evolusjonsteori har vore samtalemne bland «hollandarane», noko som sannsynleggjer at Ibsen kjente til darwinismen alt tidleg på 1860-talet.⁹²

Universitetsbiblioteket hadde skaffa seg omsettingar av *On the Origin* i 1860, og frå 1861 til 1871 er det registrert 21 utlån av den engelske og 16 utlån av den tyske utgåva (Hessen og Lie 2002, 66). Som i andre land var det på 1860- og 70-talet etter kvart òg i Noreg fleire tidsskrift og aviser som skreiv om darwinisme og utviklingslære, og som viser at me på Ibsens tid ennå ikkje kan snakka om «to kulturar» i Noreg.⁹³ I likskap med andre land fungerte blad og

⁹² I 1863 blei det strid om kva forhold landet skulle ha til Danmark. Striden førte til at hollandarane delte seg. Sars-brørne og Vinje, som gjekk for ei norsk-norsk linje, danna «døleringen» i lag med språkforskaren Hans Ross, Carl og Hagbard Berner – nasjonalistar og demokratar som var opptatt av vitenskap og europeisk åndsliv, og som diskuterte Comte, Mill og Darwin (Hessen & Lie 2002, 69). Medan Daae, M. Birkeland, filologen Jacob Løkke og juristen O.A. Bachke var konservative og ville halda fram den danske kulturinja (Koht 1954, 104). På denne tida var Ibsen på reisefot, og ikkje lenge etter flytte han utanlands.

⁹³ Ei av dei viktigaste kjeldene til innsikt i darwinismen på 1870-talet (m.a. for Garborg og Vinje) var det illustrerte månadstidsskriftet *Magazin for Naturkundskab*, med undertittelen «Et Ugeskrift for alle Stønder», utgitt av skulemannen og den populærvitenskaplege skribenten Samuel Albert Ramsvig frå 1871–1874, som skreiv og omsette mange informative og innsiktsfulle artiklar, ikkje berre om Darwin, men òg om Huxley, Hooker, Wallace, Lamarck, Owen og Häckel (Hessen & Lie 2002, 126, 132–123). Under den same Ramsvig fekk tidsskriftet ein ny periode frå 1887 til 1889, denne gong med undertittelen «Tidsskrift for populær Fremstilling af Naturvidenskabene» (Prosjekt Runeberg). Tittelen i følgande tidsskrift talar for seg sjølv: *NOR: Norsk tidsskrift for videnskap og literatur* (1839–1846) og *Norsk Tidsskrift for Videnskap og Litteratur* (1847–1855). Det første blei utgitt av Det norske Studentersamfund, medan historikaren Christian C.A. Lange stod bak det andre. Ifølge Koht var dette «det viktigaste norske tidsskriftet i den tida» (Koht 1954, 58). Det hadde bidrag frå m.a. P.A. Munch, M.J. Monrad og Ivar Aasen, og i oktober 1850 slakta det Ibsens *Catilina* (sst). *Illustrert Nyhedsblad* kom ut frå 1851–66, og i samband med den veksande interessa for paleontologi på 1850-talet peiker Hessen og Lie på «Et palæontologisk Profil» publisert der i 1857, truleg skriven av Botten-Hansen sjølv, som ein av fleire artiklar som på 1850-talet, på forsiktig vis, tok føre seg jordas høge alder (Hessen & Lie 2002, 120). Som eit anna eksempel på at ein i pressa kan finna artiklar som speglar evolusjonistiske straumar òg i Noreg, trekker dei fram artikkelen «Naturvidenskabelige Foredrag af Münchener Videnskabsmænd» som i 1859 stod i *Norsk Maanedsskrift*, som P.A. Munch gav ut frå 1855–60, og som tok føre seg evolusjonsteoriske idear (sst.).

tidsskrift og her som smeltingar for terminologiar, emne og sjangrar.⁹⁴ Ifølge Beyer hadde *Illustreret Nyhedsblad* i 1866 og *Norsk Folkeblad* i 1867 store artiklar om den danske tenkaren Rasmus Nielsens forsøk på å forsvare kristendommen mot «den nye vitenskapen ved å skille dem at» (48), og det var ei storhending då han i 1867 heldt førelesing i Christiania. Både Bjørnson, Lie og Elster blei medarbeidarar i *For Idé og Virkelighed* som Nielsen gav ut mellom 1869 og 73 (sst.). Som eit døme på at darwinismen var eit vanleg diskusjonstema i intellektuelle krinsar i første halvdel av 1860-talet, bruker Hessen og Lie romanen *Et Levnetsløb* av norske Marie Wexelsen frå 1866, som dei omtalar som «et merkelig, lite bidrag som på en indirekte måte viser hvordan utviklingslæren har vært et samtaleemne i mer dannede kretser, om ikke her hjemme, så i hvert fall i København» (Hessen og Lie 2002, 74). Hovudpersonen i Wexelsens bok hamnar i København i «et intellektuelt miljø hvor man uten hemninger diskuterer nye ideer og endog våger å bekjenne seg til utviklingslæren» (75).

1870-talet – smitten breier seg

I 1871, to år etter Stuart Mills *On the Subjection of Women*, publiserte Mathilde Schjøtt *Venindernes samtale om kvindernes underkuelse*, ei bok som styrker inntrykket av at den evolusjonistiske diskursen alt var veletablert. Her lar ho ei av dei diskuterande venninnene, Julie, seia at ein ikkje kan vera sikre på korleis kvinnene hadde utvikla seg viss dei hadde hatt dei same moglegheitene som mennene:

«Hvis ikke Menneskene havde Frihed ogsaa til at forandre og forkvakle Naturen, maatte jo Husdyrene tæmmes om igjen for hver Generation, og der kunde ikke af Planter og Dyr opelskes saa mange forunderlige Varieteter, som der nu gjøres. Der er saaledes bleven mig fortalt, at der i Finland etsteds er fremkommen en Race haleløse Hunde. Der bruges nemlig Hundene til at vogte Ren. For at beskytte dem mod Ulvene, der fornemmelig greb efter deres Haler, huggede man Halerne af dem. Da man havde fortsat denne Behandling gjennem flere Generationer, fødtes tilsidst Hundene uden Hale» [...] «ligesaa lidt som Du kan fordre af Husdyrene, at de skulle fødes vilde, ligesaa lidt som Du kan fordre af Finnehundene, at de alle skulle have Haler, ligesaa lidt kan Du forlange af Kvinderne, at de allerede nu i de skjønne Kunster skulle have naaet den høieste Rang, eller af deres nuværende Standpunkt slutte, hvilken Højde de ere bestemte til at naae [...]» (Schjøtt 1871, 35–36)

Sitatet viser at ideane til Stuart Mill, så vel som Darwin, tydeleg var i sirkulasjon her heime tidleg på 1870-talet.

⁹⁴ T.d. *For Fattig og Rig*, *Skilling-Magazin* og *Almuevennen*, der ein kunne lesa om «fremmede verdensdeler og historiske begivenheter, store personligheter og rare dyr i Afrika, storm og jordskjelv, jordbruksmetoder og tekniske vidundere, emigranternes og sjøfolks opplevelser, stortingsdebatter og nytt fra det store utland [...] Dikt og småfortellinger, gjerne med moraliserende tendens, bidrog til underholdningen. Stor vekt ble lagt på illustrasjonene» (Beyer 1995, 81). Og i *Folkevennen* (1852–1900) redigert av Ole Vig, deretter Eilert Sundt og frå 1868 av Hartvig Lassen, var mange av artiklane små avhandlingar (sst.).

Utover på 70-talet blir politiseringa av Darwin-resepsjonen endå tydelegare. Eitt år etter at Michael Sars i mai 1869 heldt Darwin-føredraget i DNVA, som vekte så lita merksemd, introduserte Ernst Sars, som då var stipendiat, vinteren 1870–71 positivismen i ei rekke forelesingar ved universitetet, medan den yngre broren, zoologen Georg Ossian Sars, i 1872 heldt «de første biologiske forelæsninger, bygget paa den darwinistiske utviklingslære» (Gran 1918, 98).⁹⁵ Ifølge Downs og Bull hadde Ernst òg late seg inspirera av Spencer: «The Norwegian scholar J.E.W. Sars was just making a major application of Spencer's theory of development with differentiation in his *Udsigt over den Norske Historie*, of which the first volume appeared in 1873» (Downs 1946, 151).⁹⁶ Utover på 1870-talet ønskte Ernst å spreia dei nye ideane til eit større publikum, og derfor starta han i 1877 *Nyt norsk Tidsskrift*, som kom ut til 1878.⁹⁷

Sars-brørnes openheit for dei nye ideane var derimot ikkje representativ for dei tilsette ved universitetet i Kristiania generelt. Trass i at Winsnes om 1870–80-åra skriv at «Darwin, Spencer, Mill, Comte er de førende ånder» (1961, 5), stod den konservative høgre-idealismen, med filosofen Marcus Jacob Monrad (1816–97) i spissen, sterkt ved universitetet i Kristiania, både på 70- og 80-talet, medan den empiristiske darwinismen blei sett i båsen for fritenking, i lag med positivisme og materialisme. Det moderne gjennombrøtet blei oppfatta som eit angrep på kyrkja, autoritetane og den konservativt-borgarlege statsoppfatninga, og skapte eit djupt skilje mellom dei truande og dei politisk konservative på den eine sida, og dei venstreorienterte, realistane og fritenkarane på den andre (Brøndsted 2019). Idealistanes ankepunkt mot darwinismen var først og fremst at det åndelege ved mennesket skulle ha blitt

⁹⁵ Ifølge Gran, i 1875 (sst.) men ifølge Hessen og Lie, i 1872 (Hessen & Lie 2002, 13).

⁹⁶ «Alt i en artikkel fra 1857 hadde han fremsat en 'organlov', som vidner om hans tilknytning til naturvidenskapen [...] Fra Spencer optok han faa aar senere 'differentierings lov', og brukte den bl.a. som et bevismiddel imot den skandinaviske forestilling om at de tre skilte nordiske folk engang igjen skulde 'bøie sig sammen'» (Bull 1937, 210).

⁹⁷ Han prøvde fånyttes å få med Georg Brandes som redaktør, men hadde større hell hos religionshistorikaren Jens Lieblein, Noregs første professor i egyptologi, som i lag med Ibsen representerte Noreg ved opninga av Suez-kanalen i 1869, eit opphald og samvær som varte i fleire veker, og som Lieblein rapporterte frå i *Morgenbladet*. I 1858 hadde Lieblein meldt *Hærmændene på Helgeland* for *Morgenbladet*, nr. 119. I åra 1866–68 redigerte han månadstidsskriftet *Norden* (Prosjekt Runeberg), der han i 1866 kom med kritikk av *Brand* (Koht 1954, 271). Fleire har peikt på at Ibsen med Peer Gynt i rolla som egyptolog gir eit lite stikk tilbake (Koht 1954, 310). Frå 1879 deltok Sars for alvor i politikken for venstre i lag med Bjørnson, og i 1882 starta han *Nyt Tidsskrift* (1882–87), men nå var medredaktør Lieblein erstatta med Olaf Skavlan og Sigurd Ibsen. Tidsskriftet ville spegla dei kulturelle straumane i europeisk åndsliv og tok føre seg politikk, litteratur og populærvitskap, og det kom sjølv til å forma samfunnsdebatten, m.a. gjennom ei rekke artiklar om darwinisme og evolusjonsteori (Hessen & Lie 2002, 136). *Nyt Tidsskrift* blei betrakta som positivismens organ (Mehren 2006, 30). Likevel publiserte tidsskriftet i 1883 Lochmanns artikkel «Om Darwin og Darwinismen», der han kritiserte læra om at erverva eigenskapar kunne gå i arv.

til ved det naturlege utval. Monrad fekk støtte frå Lochmann og frå kyrkja, som var negative til den nye, alternative skapings saga, som dei meinte innebar ei degradering av mennesket.

Lochmann og Monrad var to av dei som sørga for at det blei ein darwinisme-debatt her heime. I 1871, 10 år etter Asbjørnsens artikkel, prøvde Lochmann, som var professor i «Pharmakologi, Toxikologi og Hygiene», å setta darwinismen på dagsorden under eit møte i DNVA, 2 år etter M. Sars' føredrag i same institusjon; eit forsøk som skal ha vore mislukka, ifølge Lie og Stenseth, «på grunn av manglende kunnskap blant tilhørerne» (2012). Likeins skal Monrad ha etterlyst ei framstilling av darwinismens system frå nokon som hadde lese Darwin, og då ingen i DNVA meldte seg, tok han sjølv oppgåva. Vinteren 1872–73 heldt han førelesingsrekka «Tankeretninger i den nyere Tid» som m.a. inneheldt ei relativt utførleg skildring av darwinismen som idé (Hessen og Lie 2002, 81). I 1874 publiserte han førelesingane i boka *Tankeretninger i den nyere Tid – Et kritisk Rundskue* (1874) som m.a. var ein analyse og kritikk av darwinismens og positivismens idégrunnlag, der han òg tar føre seg Comte og John Stuart Mill, «uten tvil ment som et motinnlegg mot Ernst Sars» (Winsnes 1961, 30), som ifølge Bull alt i slutten av 1850-åra hadde lese Buckle og Comte, og i starten av 1860-åra Stuart Mill og Spencer.

Sjølv om me kan slå fast at Darwin tidleg figurerte i den norske offentlegheita, har det danna seg inntrykk av at det tok noko tid før evolusjonsteorien hans vekte interesse og debatt. Ein skal ikkje sjå vekk frå at dei små forholda i det norske vitskapsmiljøet, prega av nokre dominerande autoritetar, kan ha verka hemmande på diskusjonen, slik at det i ettertid har danna seg eit bilde av at interessa for dei nye tankane var meir laber enn ho eigentleg var. Det er heller ikkje usannsynleg at motstanden darwinistane møtte, kan ha hemma ordskiftet.⁹⁸

Studentane som starta ved universitetet 1874, blei alt i Lochmanns velkomsttale åttvåra «mot darwinismen, positivismen, materialismen – og mot partiet Venstre», og bakgrunnen var at

⁹⁸ «Selv om Blytt ikke fremsto som darwinist i offentlige sammenhenger, var likevel ingen i tvil om hans standpunkt på dette området, og han skulle da også få føle den mer eller mindre skjulte motstanden som ulmet i 1870-årene» (Hessen & Lie 2002, 106). Då Stortinget skulle handsama opprettinga av eit professorat i botanikk, blei det, for å hindra at Blytt fekk stillinga, starta ein ryktekampanje om at han var darwinist. I dette tilfellet var det faglege ryet likevel sterkare enn angsten for darwinismen, og i 1880 tiltredde Blytt professoratet i botanikk (sst.). Blytt kritiserte den manglende faglege kompetansen til språkforskaren Johan Storm i eit føredrag han heldt om darwinismen, etter at han, utan å ha lese *On the Origin*, lånte *The Descent of Man* tre veker før føredraget: «Darwin brugte mer end 20 Aar, før han kom med sin Theori. Storm behøvede 14 dage à 3 uger til at sette sig ind i Situationen og klare alle Problemer» i brev til botanikaren Wille (19.4.1883) (sst.). «Blytts irritasjon over det lave faglige nivået som ofte preget slike offentlige foredrag og diskusjoner, sammen med hans store respekt for Darwins innsats, har vel vært blant årsakene til at han avholdt seg fra å delta i den offentlige debatt omkring darwinismen» (sst.).

Ernst Sars same året var blitt utnemnt til professor (Andersen 2001, 208).⁹⁹ For å skåna dei unge mot denne påverknaden blei Sars fjerna frå undervisninga til 'anneneksamen' (Lie 1999, 90).

I sin tale 2. september 1874 tok Lochmann sitt utgangspunkt i den tankegang han selv på det medisinske område hadde vært en foregangsmann for: smittsomhetslæren. Han mente at vårt land lenge hadde vært nådig forskånet for de åndelige epidemier, darwinisme, positivisme, og hva de nå het, disse «ulykkelige» utenlandske åndsretninger, som alle sammen stod i «intim, nødvendig forbindelse med yderste venstre i politiken». Men for at man fremdeles skulle ha håp om å unngå alminnelig smitte, måtte Universitetet nå gå i spissen med de nødvendige hygieniske foranstaltninger til forebyggelse av infeksjonen i åndslivet: det burde ikke være tillatt å holde offentlige forelesninger som stod i strid med den rette tro. (Bull 1960, 215)

Smittespesialisten Lochmann brukte utan atterhald smitteterminologien om åndslivet.¹⁰⁰ Til stades under talen var venene Gunnar Heiberg (1857–1929) og Gerhard Gran (1856–1925), som begge reagerte på «professor Lochmanns immatrikuleringsstale med krigserklæringen mot de moderne ideer» (Nettum 2022). Ifølge Nettum representerte Heiberg og Gran «en ny tankeverden basert på Darwins og Brandes' ideer. Dette avspeiler seg i Heibergs originale debut: et større dikt, *Menneskets Genesis*, som ble trykt i *Nyt norsk Tidsskrift* 1878» (Nettum sst.). Året før, i 1877, tok Lochmann i *Morgenbladet* til orde mot at ein darwinistisk etikk blei overført på menneska og samfunnet.¹⁰¹

Ifølge Einar Skavlan (1882–1954) Heiberg-biografi var det heller tvilsamt om Heiberg alt på immatrikuleringsstidspunktet kjente til Darwin og Brandes. Heiberg hørte til det siste kullet som i 1874 tok examen artium etter den gamle klassiske ordninga der hovudvekta låg på latin og gresk, der det ikkje var noko som heitte naturfag. Ifølge Skavlan var

– hele lærdommen [...] humanistisk fortidsdyrkelse, resonnerende hjernevisdom. Ingenting gikk ut på å gi kunnskap om virkelighetens håndgripelige verden. Og det første de unge studentene av dette siste høyklassiske kullet møtte på universitetet, var professor Lochmanns

⁹⁹ Det blei òg den yngre broren, Georg, same året (snl.no). Eirik Vassenden hevdar at den norske Darwin-resepsjonen var så forseinka at motstanden «ikke etablerte seg i noen større grad før på midten av 70-tallet, hos Monrad, og på begynnelsen av 1880-årene, med Lochmann [...] Først på dette tidspunktet ble Darwin allment debattstoff» (Vassenden 2013, 280). Som me har sett, starta derimot både Monrads og Lochmanns Darwin-kritikk på byrjinga av 1870-talet.

¹⁰⁰ Lochmann var lenge åleine blant norske legar om å hevda at kolera, lepra og fleire andre epidemiske sjukdommar blei overført ved smitte, lenge før mikroorganismen for kolera blei oppdaga i 1883. Fleire meiner at han var modell for dr. Stockmann i *En folkefiende* (Larsen, 2005).

¹⁰¹ «For Journalister, Belletrister og hele den ukyndige Hob har Darwinismen simpelthen kun været en motesag. Udi Samfundet, i Industrien og Handelen udviklet med den frie konkurrence som ledende Princip, fandt Darwinismen aabenbart noget beslektet. Grosserere og de store Industridrivere mottog med Glæde denne nye Naturlov, de aandede friere og følte sig lettede fra nogle gamle nedarvede Forestillinger om at man dog ikke ubetinget havde Ret til at knuse den svagere og træde alt under Fødder, fordi man var den sterkere» (Lochmann sitert i Winsnes 1961, 28).

immatrikuleringstale, som innstendig advarte dem mot den moderne naturvitenskapen som førte til vantrø. (Skavlan 1950, 35–6)

Ifølge Skavlan låg det norske åndslivet «i virkeligheten et halvt hundre år bakom utviklingen i de europeiske kulturlandene» (1950, 42):

Alt det som den nye religions- og naturvitenskapen nå i mange år hadde lært menneskene ute i Europa, alt det Georg Brandes bygde på i sine forelesninger – det var ukjent for den norske akademiske ungdommen i 70-årene. Først i 80-årene kom utviklingslæren, Darwin, Spencer og Mill, til å spille noen rolle. Ved universitetet hørte de unge ingenting. (Skavlan 1950, 63)

Me ser at Skavlans versjon ikkje stemmer med funna mine. Koht er òg av ei anna oppfatning. Han fortel at den politiske striden i Noreg på 1870-talet rørte ved alle samfunnsområde, òg litteraturen og vitskapen:

Det var nett no, kringom 1870-talet, at parti-kløyvinga i Noreg på alle område av stats- og åndslivet kveste seg hardest til, og det var fast grense-skil mellom høgre og vinstre, konservative og radikale, ikkje berre i politikken, men likså vel i kunst, diktning, religion, vitskap. Det var ikkje råd å stå utafør. Og Ibsen vart rekna for høgre-diktar. (Koht 1954-II, 24)

Sommaren 1874 var Ibsen i Kristiania og fekk med seg striden på nært hald. Ibsen blei oppfatta som høgre-diktar, pga. samfunnskritikken i *Peer Gynt* (1867) og *De unges forbund* (1869), der mange meinte han hengde ut venstremannen Bjørnson, som etter kvart kom til å personifisera alliansen mellom det politiske venstre og «det litterære venstre» som oppstod på slutten av 1870-talet (Fulsås 2013, 26). Ifølge Koht var Ibsen nå ueinig med dei konservative, og berre nokre dagar etter Lochmanns tale heldt studentane eit fanetog til ære for Ibsen.¹⁰² Etter at Ibsen flytta utanlands og ikkje lenger deltok i det offentlege ordskiftet, òg då verka hans (og somme tider han sjølv) blei heftig debattert, las han, ifølge Koht, lite norske aviser eller blad. Likevel meiner Koht at han «hadde greie på allting, – han vëra alt som rørte seg heime».¹⁰³ I tråd med at Ibsen begynte å orientera seg i retning venstre politisk, begynte han i 1875 å abonnera på *Dagbladet* i tillegg til *Morgenbladet* (Fulsås 2008, 52).¹⁰⁴ Sjølv om han

¹⁰² «Det var den somaren han var heime at striden sto om professor-embetet for J.E. Sars, og når han hørte – eller las – 2dre-september-talen av professor Lochmann med den sterke varinga imot å sleppe den nye filosofien, positivismen og materialismen, inn på Universitetet, eller når han såg innlegga i 'Morgenbladet' imot å gjera Sars til professor for di han var fritenkar, da skremdes han ifrå vennene sine» (Koht 1954-II, 78). «Hollendar-krinsen, som nå stod 'i fremste lina på høgre sida'» (Koht 1954-II, 77).

¹⁰³ «Sjeldan meir enn eit einaste, - dei fyrste ti–tolv åra *Morgenbladet*, og så somtid eit dansk blad attåt. Men så las han blada sine med ein brennhug som var reint uvanleg; han granska dem igjennom frå ende til annan, med lysingar og alt i hop, og han gløypte i seg kvar ein bokstav. På same måten nytta han ut folk som kom heimanfrå; han lét dem tala og fortelja, og han einlydde. Såleis hadde han greie på allting, - han vëra alt som rørte seg heime» (Koht 1954, 289). Me veit òg at han protesterte då den skandinaviske foreininga i Roma ville avslutta abonnementet på *Morgenbladet* og heller abonnera på *Aftenbladet* (B18710106JB).

¹⁰⁴ På slutten av 1870- og 1880-talet blei *Dagbladet*, som hadde forsvart Brandes då han besøkte Noreg, det leiande kulturradikale organet for den radikale venstre-fløyen og stilte seg positiv til nye vitskaplege tankar som darwinismen og utviklingslæra (Hessen & Lie 2002, 135).

ikkje deltok i avisdebattane, responderte han på samtidsdebatten i brev og i talar han heldt – og truleg òg i den dramatiske produksjonen sin.

1880-talet – sosialdarwinisme og auka polarisering

Splittinga som den darwinistiske revolusjonen hadde medført, inkluderte stadig fleire område av samfunnet utover på 1880-talet:

Det tilsig av revolutionære tanker som fra den darwinistisk-naturalistiske retning hadde sat enkelte sind i bevegelse allerede i begyndelsen av syttiaarene, bredte sig efterhaanden i bredere lag, og motsætningerne blev snart likesaa om sig gripende og likesaa skarpe som i det politiske. (Gran 1918, 115–116)

Særleg bidrog den sosialdarwinistiske overføringa av prinsipp frå dyreliv til menneske-samfunn til at polariseringa i 1880-åra auka både i omfang og styrke. «Når man anvendte læren om ‘kampen for tilværelsen’ på samfunnslivet, slik ‘socialdarwinistene’ gjorde, kunne den bli et forsvar for uhemmet egoisme og ‘den sterkestes rett’; det var en konsekvens både Monrad, Lochmann og Lie pekte på» (Beyer 1995, 53). I 1881 skreiv den danske forfattar og teatermeldaren Sophus Schandorph følgande om Spencer, i romanen *Thomas Fris's Historie* frå 1881:

Herbert Spencer [...] anvendte Udviklingsbegrebet i sin Lære om det menneskelige Sjæleliv; han var jo en Psykologiens Darwin, der ud fra elementære Grundfønmørelser lærer at skride frem til Forklaringen af Ytringerne af Nutidsmenneskets forviklede og brogede Sjæleliv, der viser, at vi alle ere Individuer, der fra Fødselen bringer alle tidligere Slægtleds Erfaringer ind i vort Liv. (Schandorph 1881, b. 2, 398, sitert i HIS)

Brandes var heller ikkje framand for desse tankane.¹⁰⁵ I *Det moderne Gennembruds Mænd* (1882) framstilte han den norske delen av den moderne rørsla som ein avleggjar av den danske.¹⁰⁶ Dette blei imøtegått av Irgens Hansen (bror av Gerhard Armauer Hansen) som i si melding av verket i *Dagbladet* protesterte på Brandes' versjon i det han viste til nedslaga darwinismen fekk i Noreg alt på 1860- og 70-talet. Irgens Hansen stadfestar her mine eigne

¹⁰⁵ «I en omtale av *Gengangere* sier han at arvelighetslæren har fastslått determinisme som: ‘den moderne Videnskabs sidste Ord i Sagen, Barnets gennemgaaende Bestemthed ved Forfædrene’. Brandes mener at denne påvirkning også omfatter ‘Bevarelsen af nedarvede Følelser (og derigennem af Dogmer), hvis oprindelige Livsbetingelser er uddøde og vegne for andre, med hvilke disse Følelser staar i Strid. Herved foraarsagedes da [...] en mer eller mindre haardnakket Strid mellem en ny Erkendelse og et gammelt Følelsesliv» (G. Brandes 1905–08, bd. 3, 16–17 i HIS).

¹⁰⁶ Ifølge Kristian Elster d.y., som i 1873 presenterte Georg Brandes for det norske publikum, då han rapporterte frå Brandes' førellesningar om «Den romantiske Skole i Tyskland», vakte Brandes «interesse for og kjendskap til Taine, til Stuart Mill, til den positivistiske filosofi, til Darwin, til Spencer, til Comte og Renan – alle disse navne som er knyttet til sammenbruddet av den gamle og opbygningen av den nye livsfølelse og den nye livsopfatning, hvor biologien og sociologien avløste det teologiske syn. Det var naturvidenskapen som seiret over teologien – efter en lang kamp som allerede Holberg hadde iagttat med en forsigtig-dristig interesse» (1924, 304).

funn som viser at darwinismen vekte interesse og debatt i Noreg tidlegare enn det ein til no har hevda. Særleg trekte Irgens Hansen fram Ernst Sars sin innsats:

Han [Hansen] pekte med rette på den nye tenkning som i 60-70-årene uavhengig av Georg Brandes og dansk åndsliv hadde utviklet seg her hjemme. Vinjes krets hadde vært et arnested for den. Men fremfor alt tillegger han Sars en vesentlig innflytelse. Han nevner anmeldelsen i 1869 av Ludvig Kristiansen Daaes skrift «Om Nationaliteternes Udvikling», hvor Sars holder oppgjør med den romantiske oppfatning av nasjonaliteten som en uopprinnelig mystisk kraft og i stedet – ut fra darwinistisk tankegang – forklarer den som et redskap for kulturutviklingen. Enn videre nevnes Sars's forelesninger 1870 over historien som vitenskap, hvor han innførte «Buckles, Stuart Mills, Comtes Betragtninger over den historiske Udvikling». (Winsnes 1961, 7)

Same året som *Nyt Dansk Maanedsskrift* gjekk inn, starta Brandes-brørne *Det nittende Aarhundrede* (1874–77). Georg hadde bede Ibsen om å skriva ein tekst til tidsskriftet, og i juli 1875 sendte han «Rimbrev», som har blitt lese som programdikt for det moderne gjennombrotet og kritikk av «den gamle rotne samfunns-moralen» (Koht 1954-II, 85). Sjølv om diktet verken inneheld noko som kan minna om ei hylling av *gjennombrotet* eller av nokon som kunne minna om Brandes, har det blitt tatt som ei tilslutning til Brandes og det moderne gjennombrotet. At Ibsen same året starta på *Samfunnets støtter*, har mange oppfatta som ei stadfesting av dette, noko det er fleire grunnar til å setta spørsmålsteikn ved.

Forfattarar som Camilla Collett og Bjørnson hadde vist moderne tendensar lenge før Brandes heldt førelesingane sine i 1871. Brandes hadde kritisert fleire av desse verka, på same vis som han kritiserte *Kjærlighedens Komædie*, *Brand* og *Peer Gynt* for at dei ikkje var poesi – ifølge Koht hang dette saman med at Brandes var «så bunden av gamal litterær tenkemåte at han ikkje fekk seg til å ta harm-diktinga for rett poesi» (Koht 1954, 299). Koht meiner det tvert imot var Ibsen og andre moderne diktarar som til slutt fekk Brandes til å endra syn:

Hans stridsdikting hadde vori eit av æsings-emna i tankelivet åt Brandes, hadde vori med og lært den unge bokdomaren koss nytid-dikting måtte slå tak i livsens brennande spørsmål og setta gjerninga si inn i samtidsstriden [...] Og med den klare tanken sin lyfte han så det Ibsen'ske dikt-kravet enda sterkare fram, så det vart til ny kveik for Ibsen sjølv. (Koht 1954-II, 79)

Ibsen hadde alt med *De unges Forbund* i 1869 gått bort frå verseforma og over til eit meir realistisk uttrykk. At han skriv på *Kejser og Galilæer* (1873) i dei første åra av *gjennombrotet*, tyder på at Ibsen slett ikkje dansa etter Brandes' pipe, slik enkelte har hevda.

Det [var] på ingen måte klart hvilken type teater Georg Brandes egentlig hadde hatt i tankene da han slo til lyd for en litteratur som satte problemer under debatt i 1872. Rettere sagt synes det ganske klart at Brandes på dette tidspunkt ikke forutså det realistiske, borgerlige

problem drama slik det tok seg ut åtte år senere, men derimot hadde hatt en mer tradisjonell romantisk-idealisk litteratur i tankene. (Helmich Pedersen 2019, 276)¹⁰⁷

Men sjølv om betydninga av Brandes' rolle i den norske litteraturhistoria er under revisjon, gjeld det ikkje rolla han spela i den norske Darwin-resepsjonen:

While the traditional historiographical narrative of 'The Modern Breakthrough' has been overly simplistic, not least in giving an impression of clear ruptures and homogeneity, many of the leading Norwegian writers of the late nineteenth century were nevertheless deeply influenced by Jacobsen's and Brandes' particular transmissions of Darwin. (Rem 2014, 160)

Framleis held ein fast på at det norske publikummet først og fremst møtte Darwin i Jacobsens og Brandes' tapping.

Utover på 1880-talet auka tilgangen på kunnskap om darwinismen, og særleg var det i sentrale kulturtidsskrift «den viktigste informasjonen og meningsutvekslingen rundt de nye tankeretningene som nådde oss fra det europeiske kontinentet, kom til uttrykk» (Beyer 1995, 53). Ibsen abonnerte på *Nyt tidsskrift* (Rem 2014, 162), der Sigurd var medredaktør.¹⁰⁸ Det gjorde han truleg òg på det evolusjonistisk profilerte *Nyt Tidsskrift – Ny Række*, som Sigurd og Ernst i 1892 starta saman med Christen Collin og filosofen Arne Løchen, som i 1886 tok doktorgraden på John Stuart Mill (Rørvik 2022). Dei representerte den nye, radikale og empiristiske opposisjonen til hegelianismen som rådde ved universitetet i Kristiania på 1800-talet.¹⁰⁹

¹⁰⁷ For Nygaard er det derimot eit poeng at Ibsen «oppfattet at Brandes slett ikke var interessert i ytre, politiske spørsmål, men bare i individenes indre liv. Derfor skrev ikke Ibsen til Brandes om politikk, men skrev stolt til Brandes at han i *De unges forbund* ikke hadde en eneste avsidesreplik. Han beroliget senere Brandes om at *Keiser og Galilæer* ikke var et tendensiøst stykke» (Nygaard 2013, 162).

¹⁰⁸ *Nyt tidsskrift* (1882–1887 og 1892–95) blei òg ein arena for den moderne novella (Engelstad 2013, 179). I første årgang stod m.a. Bjørnsons novelle «Støv», der dei mannlege hovudpersonane diskuterer Spencer, første gong på trykk. Det same gjorde Amalie Skrams litterære debut, den naturalistiske «Madam Høiers Leiefolk», Kiellands «Karen» og Lies «Slagter-Tobias». I 1883 publiserte tidsskriftet ein artikkel om Émile Zola av Gerhard Gran, noko som blei oppfatta som ei støtte til naturalismen. Jonas Lie (1833–1908) blei òg medarbeidar i *Nyt Tidsskrift*. Lie hadde gått i same klasse som Ernst Sars (og Lorentz Dietrichson) ved Bergen Katedralskole, og seinare gjekk han samstundes med Vinje, Bjørnson og Ibsen på Heltbergs «studentfabrikk». Etter å ha skrivne utanrikspolitiske artiklar til *Illustreret Nyhedsblad* overtok han 1861–1864 leiinga av bladet etter Botten-Hansen, og der publiserte han i 1862 *Kjærlighedens Komædie* og andre kortare tekster av Ibsen (HIS).

¹⁰⁹ Tidsskriftet vitnar om at spørsmålet om nedarving ikkje var mindre aktuelt på 1890-talet enn det var på 70- og 80-talet. I første årgang med Sigurd som redaktør publiserte *Nyt Tidsskrift – Ny række* (1892–93) artikkelen «Hvorfor ligner vi våre forældre?» der professor Sophus Torup gir ei «oversikt over de ulike arvelighetsteoriene som var aktuelle i 1890-årene». Og i andre årgang finn me både A.M. Hansens artikkel «To raser i Norge», om såkalla kort- og langskallar, og W.C. Brøggers «Om Neanderthal-racen og dens betydning for spørgsmaalet om menneskets stamtræ». I tredje årgang pågjekk arvelegheitsdebatten mellom Bjørnson og Armauer Hansen. I 1898 starta Sigurd, med Sars og Bjørnson som redaksjonelle samarbeidspartnarar, kulturtidsskriftet *Ringeren*, for å formidla europeisk litteratur, kultur og vitenskap. Ifølge Hessen og Lie var kvaliteten høg, «kanskje det beste som noen gang er utgitt i Norge», særleg «portrettene av ledende europeiske kulturpersonligheter og vitenskapsmenn» t.d. Häckel, Spencer, G.O. Sars, Alfred Russel Wallace, W.C. Brøgger, August Weismann og

Men litteraturen var ein vel så viktig kamparena, og dei sosiale problema opptok forfattarane, som i likskap med arbeidarane begynte å bli opptatt av sosialistiske idear (Beyer 1995, 41).¹¹⁰ Dei politiske motsetnadene mellom kapital og proletariat auka, og Sundts undersøkingar bidrog til at akademias og borgarskapets begeistring for folkekulturen måtte vika for skepsis og uvilje (sst., 27).¹¹¹ Likeins var kjønn òg del av debatten.¹¹² I oktober 1884, same år som Norsk kvinnesaksforening blei stifta, inviterte Det Norske Studentersamfund til debatt om «Kvindens Stilling i Samfundet», og for første gong var kvinner, representert ved foreninga Skuld, til stades.¹¹³ Universitetet stilte med Monrad og Lochmann som begge var sterkt imot at kvinner skulle få utdanning, sidan «stillsittende akademiske studier vil skade kvinnens nerver og hjerne og de risikerer å miste sin kvinnelighet» (tidsaand u.å.c).

I si litteraturhistorie frå 1975 kan Edvard Beyer fortelja at mange av opprørarane i gjennombrotslitteraturen var kvinner og derfor hørde «til de undertrykte, men har gjerne sunnere instinkter og friere sinn enn mennene, enten av natur eller fordi de ikke er korrumpert av samfunns makt». Var derimot opprøraren ein mann, var han ung og så godt som alltid støtta og inspirert av ei kvinne (Beyer 1995, 39). Me ser at Beyer i si framstilling ukritisk repeterer kjønnsstereotypiane i evolusjonsdiskursen frå siste halvdel av 1800-talet, noko som vitnar om

Oscar Hertwig (Hessen & Lie 2002, 137–138). Tidsskriftet kom ut kvar veke, og i andre og siste årgang blei litteraturkritikaren Carl Nærup medredaktør. Jonas Lie bidrog òg med artikkelen «Niels Treschow og Marcus Jacob Monrad – en kulturhistorisk skitse», der han rekna Treschow som forløparen for Darwin (138), og Brøgger skreiv to artiklar om «Abemennesket», «som vel er en av de grundigste populærvitenskapelige orienteringer om menneskets opprinnelse som var tilgjengelige for norske lesere på dette tidspunktet» (sst.).

¹¹⁰ I den samanhengen nemner han Brandes' artiklar om den tyske arbeidarleiaren Ferdinand Lassalle (*Det nitt. Aarh.* 1874–75, utvida til bok i 1881 (Beyer 1995, 41). Andersen skriv at striden gjekk «mest i litterære genrer, både i skuespill og romaner og i avisartikler, polemikker, trykte foredrag, taler og politiske pamfletter» (Andersen 2001, 201). «I 1893 trykte *Morgenbladet* en artikkel om norsk litteratur i 1880-årene, muligens skrevet av Ludvig Ludvigsen Daae, der litteraturen dette tiåret ble kritisert for å være politisert avislitteratur. Dette gjaldt likevel ikke Ibsen, mente skribenten, han tok for seg problemer på et litt annet plan» (jf. Haffner 1948, 172–74) i HIS 14 2009, 35).

¹¹¹ «Jaabeks sparepolitikk, som blant annet rammet utbyggingen av skolestellet, ble oppfattet og angrepet som kulturfiendtlig, og den politisk-kulturelle selvhvedelsen som kom til uttrykk i lekmannsbevegelse, målreising og folkehøyskole, vakte sterk motvilje i embetsstanden og drev den over i nye ideologiske posisjoner» (Beyer 1995, 27).

¹¹² Den norske kvinnekampen var eit sentralt tema i det moderne gjennombrotet. Amalie Skram blei tidleg på 1880-talet spurt om å vera redaksjonssekretær i *Nyt Tidsskrift*, der Mathilde Schjøtt blei den viktigaste meldaren; og i tilknytning til tidsskriftet redigerte og gav Margrete Vullum ut ein serie folkeskrifter (Iversen 1988, 164). Ifølge Iversen var det det «sterke sammenfallet i moralske og estetiske normer mellom kvinneoffentligheten og det norske gjennombruddsmiljøet [...] som forklarer at de kvinnelige kritikerne fikk så sentrale posisjoner som de gjorde innenfor det kulturradikale miljøet» (sst.).

¹¹³ I 1885 blei Kvinnestemmerettsforeningen stifta, og Landskvinnestemmerettsforeningen i 1898. «Særlig viktig var den pågående virksomheten fra en rekke kvinnelige sakprosaforfattere som Camilla Collett, Aasta Hansteen, Mathilde Schjøtt, Margrete Vullum, Vilhelmine Ullmann og Hanna Andresen Butenschøn. De produserte både egne brosjyrer og essay-hefter. Men det viktigste organet for den fremvoksende kvinneoffentligheten var tidsskriftet *Nylænde*, som ble redigert av Gina Krog» (Andersen 2012, 203) og starta i 1887, som gav ut både sakprosa og skjønnlitteratur.

kor seiglivla desse førestillingane er, og kor vanskeleg det er å ha ein analytisk distanse til diskursar ein sjølv er del av.¹¹⁴

Vitskap i den norske skjønnlitteraturen

Darwinismen fekk implikasjonar på det politiske, filosofiske og religiøse feltet, men korleis gav han seg utslag i den norske litteraturen? I artikkelen «The Danish Literary Response to Darwin» framhevar forfattarane at

what is remarkable about the Danish case is the fact that members of elite literary circles, not the scientific community, were leading the way in communicating evolutionary thinking to a wider audience through introductions to and translations of Darwin's main theoretical works [...] This demonstrated to future generations of young Danish writers that there was no need to shy away from Darwinian thinking and scientific issues in novels, short stories and poetry. Darwin may have been dangerous, but for Danish writers there was nothing to fear. (Hjermitslev et al. 2014, 103–4)

Det humanistiske miljøet i Noreg på 1870- og 1880-talet var like interessert i den nye evolusjonslæra som det naturvitskaplege miljøet.¹¹⁵ Men store delar av academia og kyrkja var negative til dei nye ideane, ikkje berre fordi dei representerte ei alternativ skapingssoege som mange opplevde var uforlikeleg med den kristne skapingsforteljninga – men òg på grunn av den politiske slagsida desse tankane fekk.¹¹⁶ Denne typen fritenking blei assosiert med «det litterære venstre», som hadde slått seg saman med den politiske venstresida, sjølv om «dei frie tankane» òg hadde tilhengarar med høgresympatiar, t.d. blant «hollandarane».¹¹⁷

¹¹⁴ Jf. Gallagher & Greenblatt som poengterte at diskursar må studerast på avstand: «The notion of a distinct culture, particularly a culture distant in time or space, as a text ... carries the core hermeneutical presumption that one can occupy a position from which one can discover meanings that those who left traces of themselves could not have articulated. Explication and paraphrase are not enough; we seek something more, something that the authors we study would not have had sufficient distance upon themselves and their own era to grasp» (Gallagher & Greenblatt 2000, 8).

¹¹⁵ «Any consideration of Charles Darwin's early impact on Norwegian literature and literary life must begin by noting that his first translator into Danish, at a time when Danish was a shared written language in Denmark and Norway and the two countries to a large extent had a common book market, was one of the most prominent authors of his time, J.P. Jacobsen [...] Darwin's Scandinavian reception was thus, from an early stage, inextricably linked to the literary sphere» (Rem 2014, 160).

¹¹⁶ Biskopen av København, Ditlev G. Monrad, omtala i artikkelen «Et Par Bemærkninger om Darwinismen» i *Nyt Dansk Maanedsskrift* i 1871 darwinismen som teorien om at «Mennesket er skabt ikke i Guds, men i en Abekats Billede», ein teori som ifølge biskopen innebar eit tilbakesteg for naturvitskapen. For at evolusjonistane skulle klara å overtyda han, bad han dei oppretta eit ape-akademi der dei kunne leggja forholda til rette for raskt å avla fram menneske, slik at dei kunne bevisa at han tok feil (Monrad 1871, 231).

¹¹⁷ Med Ernst Sars, Bjørnson og Georg Brandes, som på sitt første Noregs-besøk, på tampen av 1876, blei nekta talarstol ved universitetet og heldt førelesingane (om Kierkegaard) i Det Norske Studentersamfunds lokale (Fulsås 2008, 745). Garborg støtta avvisinga, i *Aftenbladet*: «Brandes var nemlig ikke vitenskapsmann. Han var en agitator for vantro og ateisme» (Winsnes 1961, 17).

Med naturalismen meinte mange at litteratur og vitskap var blitt samanfallande.¹¹⁸

Gengangere, som blei publisert 13.12.1881, blei oppfatta som naturalistisk og utløyste strid om kva kunsten kunne skildra, og korleis. At litteratur og vitskap handsamar same emne, var eit av Brandes' hovudpoeng i hans rosande melding som stod i det danske *Morgenbladet* 28.12.1881 (optrykt i det norske *Dagbladet* 1882 nr. 2):

Det er et Tidens Tegn, at Karl Gjellerups Prisaafhandling «Arvelighed og Moral» og Henrik Ibsens Drama «Gjengangere» have set Lyset i et og samme Aar. Thi begge Bøger handle om det samme, dreje sig om en af Tidsalderens store og fruktbare Grundtanker. Den første behandler Arvelighedsproblemet videnskabeligt [...] Ibsens Drama behandler Arvelighedstanken i digterisk Form, fremstiller paa Grundlag af den Determinisme, der nu én Gang er og bliver den moderne Videnskabs sidste Ord i Sagen, Barnets gjennemgaaende Bestemthed ved Forældrene, det Punkt, der er Kjærnen i den hele Arvelighedslære. (Brandes 1881)¹¹⁹

I ettertid kan me iallfall slå fast at med den naturalistiske kunsten var darwinismens diskursar uomtvisteleg komme i sirkulasjon, òg på det estetiske feltet. Same året som Ibsen skreiv *Gengangere*, skreiv han nokre notat som viser at han jamførte naturvitskapen med kunsten:

[DET UORGANISKE KOMMER FØRST] [1881]

Det uorganiske kommer først, derpå det organiske. Først død natur, så levende. Det samme gælder i kunsten. Først vil jeg altid af et opdukkende stof gøre en skitse men det blir til et drama. (Ibsen 1881b)

¹¹⁸ Naturalismen ville gjera verkelegheitsdiktninga til positivistisk vitskap, skriv Beyer (1995, 70). Ifølge Hollendar-venen Lorenz Dietrichson, som hevda naturalismen hadde gitt opp trua på ein åndeleg fridom over materien, representerte det forfall, ikkje framsteg, at forfattarar skifta metode frå fantasi og intuisjon til vitskapleg refleksjon (Dietrichson 1882, 9–10). Johan Ludvig Vibe støtta Dietrichson og hevda at forfattarar ikkje kunne komma med vitskaplege bidrag, men berre påverka gjennom fantasi og kjensler (Vibe 1884, 20). «Hvor meget Videnskaben end er gaaet frem paa andre Felter, ved vi nemlig endnu saa godt som intet, om de sociale og psykologiske Love der betinger Menneskenes Handlinger og Samfundets Skjæbne [...] Vi ved at aandelige Egenskaber nedarves ligesom fysiske, men hvorledes og i hvilken Udstrækning ved vi ikke» (Vibe 1884, 15).

¹¹⁹ Forfattern og teologen Karl Gjellerup er òg eit eksempel på at vitskapen og litteraturen ennå ikkje representerte «to kulturar». Med avhandlinga *Arvelighed og moral – en Undersøgelse* (1881), som han vann gullmedalje for ved universitetet i København, etter at dei «hadde utlyst en prisoppgave som lød på en undersøkelse av den darwinistiske arvelighetsteoriens betydning for morallæren» (HIS), «a book with an evolutionary viewpoint», tok han det han sjølv omtala som «a scientific direction» (Gjellerup 1917). «In his prize paper, however, Gjellerup drew heavily on Darwin, Spencer, Francis Galton and his mentor Høffding», som avhandlinga var skriven på oppmoding frå (Hjermitslev 2016, 250). Trass den vitskaplege suksessen priorerte han etter kvart diktninga, og i 1885 kom det til eit brot med det han sjølv omtalar som «the followers of Georg Brandes». «Instead he turned to Arthur Schopenhauer's pessimistic philosophy, Buddhism, Indian spiritualism and Christian mysticism. He left Denmark for Germany in 1892 and was soon reduced to a marginal figure on the Danish literary scene. Consequently, when Gjellerup in 1917 shared the Nobel Prize in Literature with his countryman, the renowned social realist Henrik Pontoppidan, it came as a surprise to many Danes» (Hjermitslev 2016, 250). Ibsen skreiv og takka for meldinga (3.1.1882). Sidan Brandes flytte til Berlin i oktober 1877, hadde dei ikkje hatt kontakt. Ibsen er ikkje omtalt i den tyske essaysamlinga *Moderne Geister* som Brandes kom med same året, men det er han i *Det moderne Gjennembruds Mænd* (1883), i lag med Bjørnson, J.P. Jacobsen, Holger Drachmann, Sophus Schandorph, Edvard Brandes og Erik Skram.

Det andre notatet har fått tittelen «Den nyeste tids naturforskere», der Ibsen gir uttrykk for at han trur det finst ei felles lov som omfattar heile verkelegheita (Ibsen 1881c). Dette var tankar han delte med Spencer, ifølge Helge Jordheim (2015), den filosofen med størst nedslagskraft i Skandinavia på slutten av 1800-talet. I Norden blei særleg 1880-åras litteratur sterkt påverka av Spencers utviklingsfilosofi, noko tradisjonen i ettertid først og fremst har knytt til Bjørnson, som var meir open om kva han las og var påverka av.¹²⁰

I 1871 fortalte Bjørnson at «Darwins lære har meget beskjeftiget meg», i 1876 las han den danske omsettinga av *The Descent of Man*, og i 1879 kunngjorde han så overgangen frå kristendommen til darwinismen (Bliksrud 2013, 119, Hjermitsev 2016, 259).¹²¹ Ifølge Bliksrud erstatta Bjørnson gudstrua med darwinismen: «Det var læren om slektens evne til reproduksjon, fornyelse og forbedring gjennom slektsleddene som fascinerte ham ved darwinismen» (2013, 119).¹²² Han kalla seg gjerne darwinist eller fritenkar når han ville beskriva det nye livssynet sitt (Vassenden 2013, 269). I lag med Sars var Bjørnson førande i «hovudstadsvenstre», og begge avviste dei ein streng determinisme og – i tråd med det – ein naturalistisk litteratur.¹²³ Bjørnson skreiv evolusjonistiske debattinnlegg i den norske pressa og spreidde budskapet til vener og kjente, og i likskap med Spencer-diskusjonen i «Støv» (1882) tar han i romanen *Det flager i byen og på havnen* (1884) føre seg Prosper Lucas' og Spencers teoriar om arv.¹²⁴ Då den mannlege protagonisten skal halda føredrag om *Gengangere* i jenteforeninga, kjem han i staden med eit eugenistisk innlegg:

¹²⁰ Sjø og Rem 2014, 167 og Hjermitsev 2016, 256–259. Då Bjørnson talte ved avdukinga av Wergelandsstatuen 17.5.1881, stilte han «også Wergeland inn i den aktuelle strid, som den nasjonale foregangsmann og «som fritenker, som republikaner, som den store evolusjonsånd»» (Beyer 1995, 200).

¹²¹ Boka fekk han av Fredrik V. Hegel (Rem 2014, 167). Omvendinga er skildra i nokre salmar, der «Salme II» frå 1879, òg kalla «Ère det evige forår i livet», er mest kjent. Ifølge Bliksrud vitnar Bjørnsons roman *På Guds veje* (1889) «om dikterens nærmest religiøse omvendelse til sosialdarwinistiske, vitalistiske, panteistiske og eugenistiske tankestrømninger» (Bliksrud 2013, 120).

¹²² Ifølge Beyer dikta Bjørnson om degenerasjon i *Kongen* (1877), «men det lå nærmere for ham å feste seg ved mulighetene for en positiv utvikling ved at menneskene selv kan bidra til 'slektnes fremgang og evighet'. Og i motsetning til dem som i darwinismen fant bekræftelse på 'den sterkestes rett', trodde Bjørnson på fremveksten av en høyere personlig og sosial moral ved at de undertrykte – her kvinnene – utvikler selvstendighet og likeverd gjennom 'samfunn og kunnskap', mens undertrykkerne kan vekkes til ansvar» (1995, 191).

¹²³ Om Sars' historiefilosofi skriv I. Iversen: «Han forsto samfunnsutviklingen som resultat av naturnødvendige og lovmessige prosesser, men han la samtidig stor vekt på betydningen av de nasjonale tradisjonene og på den enkeltes ansvar og moralske forpliktelse for utviklingens retning. Det var ut fra dette grunnlaget både Sars og Bjørnson avviste en ensidig determinisme og likeledes en estetikk som la ensidig vekt på skildring av sosial og psykologisk elendighet, på heslighet og død, slik de mente naturalismen gjorde. Både hos Sars og andre mannlige kritikere finner vi stadig uttrykk for skepsis overfor 'estetisisme' eller pessimistisk litteratur» (1988, 162).

¹²⁴ Ein del av boka blei til då han var i Tyrol i lag med Ibsen, sommaren 1884 (Koht 1954, 157). Då var det gått over 20 år sidan dei sist såg kvarandre, og Ibsen blei sur på han etter at Bjørnsons ven, Clemens Petersen, kritiserte *Peer Gynt* i *Fædrelandet* 30.11.1867. Men han blei blid igjen då Bjørnson omtala *Gengangere* i positive ordelag.

Han av slo det men bad om å få fortelle litt om slægtsansvaret; han mente nemlig at i dette, når det blev utarbeidet og følt, lå flere nye moralregler; ja, at herav vilde i meget bryte frem en revolution. Dette blev man spænt på; man glædet sig til en interessant, stille fremstilling – og fik et avrevet men rystende foredrag; pikene satt forskremt, ikke mindre over Rendalens egen bevægelse æn over hans ord. Han ropte til sist ut, at de som slæppte arvelige sygdommer over sine barn; de som hadde hyppigt vanvid i sin slægt og desuagtet giftet sig: de som svækket av utsvevelse satte barn i værden; de som for pengenes skyll giftet sig med vanføre eller helseløse og avlet barn med dem, var verre enn de største skurker, verre æn tyver, falsknere, røvere, mordere ... slik holdt han på. (Bjørnson 1941, 189)

Evolusjonsdiskursen sirkulerte m.a.o. på tvers av ulike skjønnlitterære verk, og i sitatet ovenfor inngår han i interteksten mellom *Gengangere* (1881) og *Det flager i byen og på havnen* (1884).

Jonas Lie (1833–1908) «som i 1877 i offentlige foredrag hadde advart mot de nye tankene, skriver i 1881 til Bjørnson at han nå begynner å komme efter med samvittigheten, så den føler i nytiden» (Beyer 1995, 53). Lie var den einaste av dei «fire store» som kombinerte kristentrua med darwinismen, og i 1891 skreiv han at det mangla sunn skepsis og fridom i «Annamelsen af alle disse sikkre Spencertheorier og Darwinansatser» som nå var blitt den nye ortodoksien, og som blei brukt til å stigmatisera dei ikkje-truande (2009, 2:1189–90, sitert i Rem 2014, 172).¹²⁵ Likevel er Lie ein av dei som først innlemmar desse nye teoriene i litteraturen sin. I romanen *Adam Schrader* frå 1879 lar han hovudpersonen lesa

Darwin, Taine, v. Hartmann og Häckel – og enten det nu var den sidstes Lære om den mæskende Urmave, som Altets Gud og Ophav, eller et naturlig Tilbageslag mod hele hans overspændte sygelige Ungdomstid – [...] Han foretrak helt og klart at gaa over i deres Leir, som ingen positiv Religion antager; det var ialfal glat Bord. (Lie 1994 [1878], 10–11)

Etter kvart blei «den lyse tro på vitenskapens evne til å løse verdensgåten på flere hold avløst av skepsis», noko som pregar store delar av diktinga på 1890-talet – likevel lever optimismen vidare i folket, der han er sterkare enn før, og «finner næring hos Darwin og Spencer, som i 1890-årene blir presentert for et nytt og større publikum, særlig gjennom Bibliothek for de tusen hjem og de populære tidsskriftene *Kringsjaa* og *Ringeren*» (Beyer 1995, 54).

Ibsen om vitenskap og evolusjon

I 1887 grunnla forretningsmannen og forleggaren Johan Sørensen billigbokserien «Bibliothek for de 1000 hjem», «den litterære spydspiss for Venstres mest radikale og 'fritenkenske' fløy»

¹²⁵ Alexander Kielland (1849–1906), «one of the most enthusiastic Darwinists of his time» (Rem 2014, 170), var «den sosiale tendensdikteren fremfor noen» (Fulsås 2009, 32) og alt frå starten av forfatterskapen var han assosiert med Brandes og det «Moderne Gennombudd» (Rem 2014, 170). Kielland, som budde i København 1881–82, blei ein god ven av Jacobsen.

(Langslet 2004, 113), som med fleire positivistiske og evolusjonistiske publikasjonar i perioden 1887–1898 ville spreia utviklingsideane til heile folket.¹²⁶ Same året heldt Ibsen ein tale ved ein fest til ære for han sjølv i Stockholm, der han kom med ei eintydig tilslutning til evolusjonsteorien og presiserte at han meinte den òg gjeld «de åndelige livsfaktorer». Her er eit sitat frå den midtre delen av talen:

[TALE VED FEST I STOCKHOLM 24. SEPTEMBER 1887]

Jeg tror derimod, at den tid, vi nu står i, kunde med lige så god føje betegnes som en afslutning, og at deraf är noget nyt nu i begreb med at fødes. Jeg tror nemlig, at naturvidenskabens lære om evolutionen også har gyldighed med hensyn til de åndelige livsfaktorer. Jeg tror at der nu ret snart forestår en tid, da det politiske begreb og det sociale begreb vil ophøre at existere i de nuværende former og at der ud af dem begge vil vokse sammen en enhed, som foreløbig bærer betingelserna for menneskehedens lykke i sig. Jeg tror at poesi, filosofi og religion vil smelte sammen till en ny kategori og till en ny livsmagt, som vi nu levende for øvrigt ikke kan have nogen klarere forestilling om. Man har ved forskellige anledninger sagt om mig at jeg er pessimist. Og det er jeg også, for så vidt som jeg ikke tror på de menneskelige idealers evighed. Men jeg er også optimist, for så vidt som jeg fuldt og trygt tror på idealernes forplantningsevne og på deres udviklingsdygtighed (Ibsen 1887).

Som me hugsar, hadde Ibsen alt i oktober 1870 skrive at «naturlovene gælder også på det åndelige område», men den gongen brukte han ikkje ordet ‘evolusjon’, noko som likevel ikkje treng bety at han ikkje kjente til darwinismen. Tvert imot tyder likskapen i desse to utsegnene på at det er tankar han har hatt lenge.¹²⁷ Ibsen brukte òg evolusjonsdiskursen i nokre av dei litteraturhistoriske betraktningane sine. I eit brev til Lucie Wolf 25.5.1883 skreiv han det slik:

Kunstformerne dør jo lige så vel som urtidens urimelige dyreformer døde da deres tid var omme. En femfodet jambe-tragedie er jo allerede nutildags en ligeså sjelden forekomst som den fugl dodo, hvoraf der kun lever nogle ganske få individer nede på en afrikansk ø. (B18830525LW)¹²⁸

Om Lochmann kjente til Ibsens tilslutning til evolusjonismen, er ukjent, men året etter sende han avhandlinga han nett hadde skrive – eit forsvar for kristendommen med tittelen *Den nyere*

¹²⁶ Sørensen var ein ven av Bjørnson og hadde i 1884 kjøpt seg inn i Huseby & Co. limit, som dreiv ein radikal bokhandel (Norli) og eit forlag som m.a. gav ut Arne Løchens *Om J. Stuart Mills Logik. En kritisk studie* (1885), Christian Krohgs *Albertine* (1885) og det radikale *Nyt Tidsskrift*. Ei av dei første utgivingane i «Bibliothek for de 1000 hjem» var botanikaren Olav Johan-Olsens (den seinare Olav Sopp) *Udviklingslærens nuværende standpunkt*, den første norske boka om Darwins lære (Lie 1998, 19). I tillegg til verk av Darwin, Spencer, Thomas Huxley, J.S. Mill og Thomas Carlyle gav han m.a. ut Dickens, Zola, Sars, Bjørnson og Sigurd Ibsen – i alt ca. 130 bøker på sju år, med eit opplag på ca. 60 000. Kvar enkelt bok kosta ofte mindre enn ein fjerdedel av vanlege utgåver, og opplaga kunne vera oppe i 20 000 bøker (Tveterås 2020).

¹²⁷ Koht trekker òg ei linje frå det han kallar Ibsens «livs-program Det tredje rike» i *Kejser og Galilæer* til Stockholmstalen og oppsummerer med å seia at «Den ubøyelege, nådelause verdsviljen som nyttar Julian og alle andre til reiskap for seg, er visseleg skyld med både den jødiske og den calvinske Gud, men har da her fått stempelen av dei strenge naturlovene som den nye vitenskapen gjorde til herre i verda» (Koht 1954-II, 62–64). Sjølv om Koht altså ikkje kommenterer det spesifikt, kan eg ikkje forstå anna enn at han tar det for gitt at Ibsen kjente til Darwins evolusjonsteori då han skreiv *Kejser og Galilæer*, dvs. i 1871–73.

¹²⁸ Ibsen var visst ikkje klar over at dodofuglen døyddet ut alt i 1681 (Rem 2014, 166).

Naturanskuelse – til Ibsen som då budde i München. Same året, den 17. mai, skreiv Ibsen tilbake og takka for boka:

München, den 17. Maj 1888.

Herr professor Lochmann!

De har vist mig den ære at sende mig et exemplar af Deres afhandling om «den nyere naturanskuelse», og jeg beder Dem herved modtage min hjerteligste tak for denne Deres venlighed, på hvilken jeg sætter overmåde megen pris.

Bogen har jeg læst med stor interesse, så meget mere, som jeg i længere tid har beskæftiget mig adskilligt med de herhen hørende emner. Men intet af de resultater, videnskaben hidtil synes at være kommen til, har kunnet tilfredsstille mig. Jeg har derfor dannet mig min egen personlige og uafhængige naturanskuelse. Jeg tror at både teologerne og naturforskerne stikker dybt i ensidighed. «Naturen» er ikke noget så materielt, som mange synes at ville gøre den til. Men *hvad* der stikker bagved, – det er den store gåde, den foreløbige hemmelighed.

Foreløbig, efter min mening. For jeg lever på håbet om at udviklingen skal kunne mægte lidt efter lidt at omsætte den store hemmelighed i helt frigørende erkendelse.

Jeg beder Dem undskylde disse hastværksantydninger og tegner mig

Deres ærbødigst forbundne

Henrik Ibsen.

Felles for både talen og brevet er at dei uttrykker ei formeining om at skilja mellom materie og ånd, eller filosofi (vitskap), religion og poesi (kunst) ein gong vil falla. Set me Ibsens «evolusjonstale» inn i den norske og skandinaviske samtidskonteksten, ser me at han kjem samstundes med at Spencers bok *Opdragelse* slår ned i den norske befolkninga som «eit lynnedslag» (Jordheim 2015, 36).

Spencer søkte ein felles lov, «et Princip, hvori at Alt, hvad vi kende, finder sit Udtryk» (Høffding 1875, 108–109). At dette er tankar Ibsen delte, ser me ikkje berre i Stockholm-talen, men òg i det tidlegare nemnte notatet «Den nyeste tids naturforskere»:

[DEN NYESTE TIDS NATURFORSKERE] [1881] NBO Ms.8° 1219:1]

Den nyeste tids naturforskere er mere og mere kommen til den erkendelse at foretelserne på det område, som deres videnskab omfatter, i grunden hviler på et meget lidet antal naurlove, at, alt eftersom forskningen og den deraf flydende erkendelse skrider fremad, dette antal stadigt formindskes, og at vi rimeligvis engang vil komme til at standse foran den opdagelse at der i virkeligheden kun gives en eneste sådan lov, – hvis der overhovedet gives nogen.

Men der er en iagttagelse, som naturforskerne ikke har nogen foranledning til at gøre eller videnskabeligt befatte sig med, og det er den, at denne samme forenkling af lovene udstrækker sig til områder, ~~hvormed de lærde herrer endnu ikke har fundet sig foranlediget til i nogen mærkbar grad at beskæftige sig.~~ der ligger udenfor deres omfangsgrænser, ja, at den udstrækker

sig til alle områder, og at den gælder for områder sig imellem, der er indbyrdes forskellige, og tilsynelatende uensartede.

Den tid ligger ikke så langt tilbage, – hvis den overhovedet er tilbagelagt, – da en dygtig og solid fabrikant eller håndværker ikke vilde føle sig ubehagelig berørt ved at se sin forretning ligestillet med noget som lignet digterisk forfatterskab, og på den anden side er det, især i aviserne, sædvanligt at se en ringeagtet digterproduktion betegnet som noget «håndværksmessigt». Loven for ~~hånd-fabri~~ håndværkeren og for digteren er imidlertid ganske den samme. (Ibsen 1881c)

Sjølv om Ibsen tar utgangspunkt i naturforskarane, skriv han i neste avsnitt at det gjeld «alle områder», òg dei som er «indbyrdes forskjellige, og tilsynelatende uensartede». Kommentaren til tekststaden i HIS prøver likevel å vri det til at det berre gjeld naturen, og ikkje område som fornuft og etikk. Kommentaren prøver m.a.o. å få det til å verka som at tankegodset i «Den nyeste tids naturforskere» (1881) ikkje har mykje til felles med Spencers overføring av darwinismens idear på det menneskas område:

Det dreier seg altså om en nødvendig og overalt gjeldende sammenheng i naturen. Det er omstridt om det finnes naturlover for sosiale og kulturelle fenomener (SNL). Hva Ibsen rent konkret kan ha i tankene, er uvisst, men siden han eksplisitt [sic] nevner naturforskere, gjelder utsagnet trolig ikke de tanker om fornuft og etikk som tenkere og forfattere helt siden antikken hadde ansett som naturlover, forskjellige fra naturvitenskapens. Deres oppfatning var at fornuften er noe som er nedlagt i menneskets natur og danner grunnlaget for naturrett og moralsk forpliktelse. Innenfor naturvitenskapene var det i første del av århundret (under romantikken, og som en konsekvens av dens universaltenkning) et nært forhold mellom naturforskere fra høyst ulike fagområder. Norske, danske og svenske naturforskere etablerte i løpet av 1830-årene et nærmere samarbeid som resulterte i at man i 1839 i Göteborg kom sammen til det første av flere nordiske naturforsker møter. Initiativet var tatt av den norske legen C.A. Egeberg. Fra 1868 deltok også finske forskere. Det første møtet i Norge ble holdt i 1844. Da var spesialiseringen fraværende. Forhandlingene ble delt i tre sesjoner: fysikk, naturvitenskap og legevitenskap. En faglig spesialisering i ulike disipliner skjød ikke fart før i 1880-årene (Schwach 1997). Til tross for denne økende spesialiseringen hadde trolig darwinismen mot slutten av århundret så sterk innflytelse at ikke bare de forskere som var Darwins tilhengere, men også almenheten generelt, kunne oppfatte hans evolusjonsteori som en naturlov med almen gyldighet. Darwins teori bygget på få og enkle prinsipper, knyttet til variasjon, utvalg, arv osv. På dette grunnlag overførte filosofen og utilitaristen Herbert Spencer på slutten av 1800-tallet utviklingslæren til også å gjelde kunst, vitenskap, menneskelig psykologi og samfunnets utvikling generelt, den såkalte sosialdarwinismen. Det var Spencer som innførte begrepet «evolution» og uttrykket «survival of the fittest». Han formulerte også slagordet «størst mulig lykke for flest mulig mennesker» («the greatest happiness of the greatest number»). Spencer så retten til liv og personlig frihet som grunnleggende moralprinsipper og som avgjørende for menneskelig lykke. Hans tanker fikk sterkt gjennomslag i 1870-årene, og hans bøker ble solgt i veldige antall og oversatt til en rekke språk. I dansk språkdrakt ble Spencer første gang introdusert gjennom filosofen Harald Høffdings oversettelser *Om Opdragelse* (1876) og *Mindre Afhandlinger: med en biografisk Skizze* (1878) (jf. HIS 7k, 409–12). (HIS 16k 2010, 605–606)

Når me veit at Ibsen seks år seinare skreiv at han trudde «naturvidenskabens lære om evolutionen også har gyldighed med hensyn til de åndelige livsfaktorer»¹²⁹, verkar HIS' kommentar direkte misvisande og framstår som eit forsøk på å skjerma forfattern frå det som kan minna om eit sosialdarwinistisk tankegodt. Går eg til HIS' kommentar til Stockholm-talen, får eg inntrykket mitt bekrefta: Den over ei side lange kommentaren nemner ikkje den tydelege og oppsiktsvekkande tilslutninga til evolusjonslæra med eitt ord. I staden vektlegg han opplysingar om opphaldet i Sverige, tilvisinga til det tredje riket i *Kejsler og Galilæer* og at «Ibsens spådom om at det politiske og det sosiale begrep vil opphøre å eksistere i sine nåværende former, og at de vil vokse sammen til en enhet», «kan minne om J.L. Heibergs ord i en artikkel fra 1843» som blei skriven «med grunnlag i hegelsk idealisme» (HIS, 16k, 622).¹³⁰ Slik ignorerer kommentaren tekstens evolusjonistiske diskurs og prøver i staden å tillegga han ein idealistisk tendens.

Det går ikkje fram kven det er som har skrivne dei enkelte kommentarane i HIS, men bak valet av kva for tekststader som skal kommenterast (lemmatiseringa), stod hovudredaktør Vigdis Ystad i samarbeid med Asbjørn Aarseth og Thoralf Berg. Kommentaren er eit graverande eksempel på at ein her ikkje har følgd retningslinjene for lemmatiseringa: Målet om å presentera og belysa tekstane «mest mulig fyldestgjørende innenfor rammene av sin historiske situasjon», og ikkje vera fortolkande, i tråd med «det *historisk*-kritiske grunnlaget utgaven bygger på», slik Ystad gjer reie for i «Retningslinjer for kommentarene» (HIS).¹³¹ Derfor er det ikkje til å undrast over at det framleis står att eit arbeid når det gjeld å lesa Ibsen opp mot den historiske konteksten han var del av.

I arbeidet med masteroppgåva mi prøvde eg finna stoff om Ibsens forhold til Spencer, sidan eg syntest eg såg tydelege teikn på at Spencers *Om Opdragelse* kunne ha inspirert Ibsen i utarbeidinga av Eyolfs skjebne. Det einaste eg kom over, var eit avsnitt i andre bindet av Aschehougs *Vestens tenkere* (1993) redigert av Trond Berg Eriksen. I kapittelet om Ibsen, skriven av Vigdis Ystad, står dette:

¹²⁹ Stockholm-talen, 24.9.1887, trykt i fleire aviser, m.a. *Aftenbladet* 26.9.1887, nr. 222.

¹³⁰ Slik held kommentaren fram: «Med grunnlag i hegelsk idealisme skriver han [Heiberg]: 'den nyere Tid har ikke Isolationens, men Foreningens Tendens; Alt stræber mod et Midtpunct; Religion, Kunst og Videnskab ville ikke længere, indbyrdes uberørte af hinanden, stræbe hver for sig mod sit eiendommelige Maal, men de ville alle forene sig i Bestræbelsen mod et eneste Maal'» (Heiberg sitert i HIS 16k, 622).

¹³¹ «Å velge ut tekststeder for kommentering er i en viss forstand en fortolkende handling. Skjønn, kunnskap, samtidens problemstillinger og verkenes virkningshistorie vil nødvendigvis påvirke utvalget av hva som trenger nærmere belysning. Likevel er HIS' overordnede siktemål at kommentarene ikke skal være fortolkende».

Det er karakteristisk at Ibsen bare hadde avsky til overs for Herbert Spencer, hvis tanker han i et brev til Georg Brandes karakteriserte som «filistrøs vismandsmessighet». I stedet kan det synes som om hans diktning springer ut av ideer i slekt med dem vi kan møte hos noen av århundrets største filosofer: Hegel, Kierkegaard og Nietzsche. (Ystad 1993, 562)

Her viser Ystad til eit brev Ibsen skreiv til Brandes, men ho har skrivne Herbert Spencer i staden for John Stuart Mill. Det er Mill og ikkje Spencer Ibsen rakkar ned på fleire gonger i same brevet (B18730430GB), skrivne 30. april 1873, relativt kort tid etter at Brandes hadde omsett *On the Subjection of Women* (1869), men lenge nok til at Ibsen hadde gjort seg kjent med boka. Boka Ibsen kommenterer i dette brevet, er Stuart Mills *Utilitarianism* (1863) (dansk tittel: *Moral, grundet paa Nytte- eller Lykkeprincippet*), som Brandes nyleg hadde omsett, skrivne forordet til og sendt til Ibsen, som svarar slik:

Men nu Stuart Mills skrift! Jeg ved ikke om jeg tør udtale mig om en sag, hvori jeg ikke er fagmand. Dog, når jeg betænker at der gives forfattere, som skriver om filosofi uden at kende Hegel eller den tyske videnskab overhovedet, så synes jeg at mangt og meget kan være tilladt. Jeg vil da ærligt tilstå Dem at jeg aldeles ikke kan forstå at der skal ligge noget fremskridt eller nogen fremtid i den Stuart Millske retning. Jeg begriber ikke at De har villet påtage Dem den møje at oversætte dette skrift, der i filistrøs vismandsmæssighed synes at minde om Cicero eller Seneca. Det er min overbevisning at De i halvdelen af den tid, oversættelsen må have kostet Dem, vilde have kunnet skrive en ti gange bedre bog selv. Jeg tror også at De gør Stuart Mill højlig uret når De tvivler på sandfærdigheden af hans forsikring om at han har fåt alle sine ideer fra sin kone. – De sagde engang i en samtale at medens den tyske filosofi satte sig som opgave at bestemme tingenes begreb, så gik den engelske filosofi ud på at påvise tingenes love. Denne ytring gjorde mig begærlig efter at læse noget af de engelske filosofer; men jeg kan aldeles ikke finde at Stuart Mill har løst den af Dem antydede opgave. «Tingene» er jo dog noget ganske andet end alskens urene forekomster og tilfældigheder. Der kan være nedlagt såre megen skarpsindighed i et slikt skrift; men hvis dette er videnskab, så er «den kristelige etik» også et videnskabeligt værk. (B18730430GB)

Ein kan få inntrykk av at Ystad og kollegaene hennar har hatt eit ønske om å bygga ein mur mellom Ibsen og Spencers forfattarskap.

Det er mykje som tyder på at Ibsen har interessert seg for Spencer, men sidan Spencer la så stor vekt på at den menneskelege utviklinga er ei naturutvikling, har han blitt skulda for fatalisme (Høffding 1875, 128), og særleg etter andre verdskrigen har den sterke innverknaden teoriane hans hadde på litteratur og vitskap på slutten av 1800-talet, blitt tona ned. Eg kan ikkje finna nokon ytringar om Spencer hos Ibsen. At han kjente til han, kan det likevel ikkje vera tvil om. Rem skriv at Ibsen beundra Spencer:

Ibsen bar åpenbart på en skepsis til Storbritannia, en skepsis som blant annet bunnet i nasjonens materialisme, industrialisme og imperialisme, samtidig som han beundret flere av landets menn, som Dickens, Tennyson, Darwin, Spencer og Mill. (Rem 2006, 20)

3.2.1885 takka Ibsen ja til å bli med i Giordano Bruno-komiteen saman med Spencer og Häckel.¹³² At Ibsen moglegvis kjente til Spencer i god tid før dette, gir John Paulsen, som i 1876 ofte var gjest hos Ibsens, oss eit hint om. Venskapen fekk ein brå slutt med Paulsens nøkkelroman *Familien Pehrson* i 1882, der familien Pehrson har klare fellestrekk med familien Ibsen.¹³³ Familien blir framstilt som svært dysfunksjonell, først og fremst fordi faren i huset er så tyrannisk og taus. Sonen Sverre er djupt ulykkeleg, og like før han døyr, diskuterer han det dårlege forholdet til faren med ein ven. Han snakkar om at det er eit brotsverk at enkelte menneske blir foreldre når konsekvensen er at ungane får «legemlige og aandelige skavanker, nedarvet fra forældrene». Då svarar venen: «Nei, nu tror jeg, Sverre, at du har forlæst dig paa Spencer og de andre moderne Filosofer, du altid havde liggende paa dit Bord. Du har ikke fordøiet rigtig deres gudsbespottelige Tanker» (Paulsen 1882, 278). Dette er ikkje eit bevis på at Sigurd las mykje Spencer, men me veit at han på 1890-talet, i samband med at han ønskte bli professor i sosiologi, skreiv artiklar om sosiologiens opphav, som baserer seg på Comte, Spencer og Marx (Langslet 2004, 171). I biografien *Sønnen* omtalar Lars Roar Langslet Sigurd som «den anti-metafysiske norske disippel av Comte og Spencer» (2004, 174).¹³⁴

¹³² Her er brevet der Ibsen takkar ja til tilbodet om å bli medlem: «Roma, 3. februar 1885. Ærede herrer, Jeg har med stor interesse lest referatet om det patriotiske og edle arbeidet som De forener deres krefter til, og jeg føler meg beæret over å bli spurt om å bli medlem av den Internasjonale Komiteen. Jeg takker varmt ja til innbydelsen. Det vil være en stor glede å se mitt navn blant navnene til mange store personligheter som ønsker å ære minnet til den store filosofen Giordano Bruno. Jeg takker Dem for å ha tilbudt meg en plass blant dem, og gir mitt samtykke. Jeg ber Dem motta mine oppriktige ønsker om et vellykket og ærverdig foretak. Deres hengivne Henrik Ibsen». Følgande opplysningar er knytt til brevet: «Brevet gjelder et minnesmerke over Giordano Bruno. Minnesmerket, en bronsestatue på Campo dei Fiori i Roma, utført av Hector Ferrari (jf. illustrasjon i Nilsen & Reznicek 1988, [48]), ble avduket første pinsedag 1889. I den anledning hadde *Dagbladet* en artikkel som minnet om motstanden initiativet var blitt møtt med fra den katolske kirke og presteskaper i hele Europa. De kommunale myndigheter i Roma hadde først avslått å gi tomt, men hadde måttet bøye av (Anonym 1889p). Blant æreskomiteens medlemmer er Ibsen oppført som eneste representant fra 'Svezia-Norvegia'. Blant andre medlemmer er Victor Hugo, Ernest Renan, Herbert Spencer, Charles Bradlaugh og Ernst Haeckel» (Anker 2, 86), (Fulsås, 2009, 397).

¹³³ «Det er klart at Paulsen hentet både personkarakteristika og hendelse fra sin omgang med Ibsen-familien, men det er også klart at det er problematisk å lese boken dokumentarisk» (Fulsås 2009, 65). Då Ibsen hadde lese romanen, sendte han eit brev til Paulsen som einast inneheldt: «Skurk!» (Budat188211JP) og braut elles kontakten med han.

¹³⁴ Sigurd kalla sosiologien ein ny naturvitskap (Langslet 2004, 172), «en 'naturlære' med en naturvitenskapelig metodikk» (Langslet 2004, 175): «Med ordet '*naturlære*' viser Ibsen sine ideologiske kort: Også sosiologien må følge «den såkaldte naturvidenskabelige metode, det vil sige, den positive, induktive og experimentale, den der er basert på iagttagelser og forsøg og går frem fra det enkelte til det hele, fra det bekjendte til det ubekjendte». For det er den eneste sant vitenskapelige metode, og når den kalles naturvitenskapelig, er det bare fordi naturvitenskapene var først ute med å ta den i bruk» (Langslet 2004, 147). Sigurd var overtydd evolusjonist og skreiv m.a. at «Herbert Spencers epokegjørende bidrag var å sette denne comte'ske samfunnslære inn i en evolusjonistisk totalsammenheng» (171): «Kampen for tilværelsen finder jo sted mellem kollektivvæsener ligesaa vel som mellem enkeltvæsener, det naturlige udvalg foregaar blandt institusjoner ligesaa vel som blandt personer... de bedre institusjoners overvægt over de slettere, de høiere samfundskulturers seire over de lavere [...]» (Sigurd Ibsens artikkel om sosiologiens opprinnelse sitert i Langslet 2004, 172).

Langslets biografi sannsynleggjer at Sigurd, etter kvart som han blei vaksen og Ibsen blei eldre, spela ei viktig rolle som ein som orienterte Ibsen om dei idéhistoriske og politiske straumane i samtida. Sigurd las mykje og vidt, og etter kvart skreiv han sjølv òg mange artiklar og essay som faren las. På denne måten kan Sigurd ha vore eit viktig bidrag til Henriks idéhistoriske innsikter – eit av dei kontekstuelle knutepunkta til «europaisk tankeliv og vitenskap, som Sigurd hadde et så intenst forhold til» (Langslet 2004, 17).

Den norske Spencer-interessa gav seg heller ikkje så raskt. I 1896, same år som Ibsen publiserte sitt nest siste skodespel, *John Gabriel Borkman*, og to år etter *Lille Eyolf*, konstaterte professor Monrad til sin skuffelse at Spencer med sin evolusjonisme og agnostisisme framleis var vidt anerkjent (Jordheim 2015, 34).¹³⁵ Me ser at evolusjonsdebatten framleis levde i beste velgåande langt utpå 1890-talet. I 1888–89 publiserte «Bibliothek for de 1000 hjem» *Charles Darwins Liv og Breve* – eit trebindsverk av sonen, Francis Darwin.¹³⁶ Og i 1890 kom endeleg *Arternes Oprindelse*.¹³⁷ På 1880- og 90-talet kom det altså «ut langt flere bøker som omhandlet darwinismen» (Hessen og Lie 2002, 134).¹³⁸ Det er med andre ord ingen teikn på at evolusjonsdebatten stilna. Snarare tvert imot. M.a. debatterte Bjørnson og Armauer Hansen nedarvingsteoriar, og særleg den tidlegare omtalte «Weismann-barrieren», i mange innlegg på 1890-talet.¹³⁹ Men evolusjonsdiskursen var òg under utvikling og endring.

I 1888 danna ei gruppe unge forfattarar som oppheldt seg i København, det radikale tidsskriftet *Ny Jord*, som skulle vera eit «14 Dags Skrift for Literatur, Videnskab og Kunst».¹⁴⁰ Brandes' tankar om gjennombrøt var gammalt nytt, og gruppa ville at ei ny

¹³⁵ I Danmark fekk Høffding i 1887 organisert ei omsetting av dei første 5 kapitla av Spencers *First Principles*, der Høffding sjølv skreiv forordet (Hjermitslev 2016, 249–50).

¹³⁶ Ifølge Lie fekk norske lesarar nå «for første gang et inngående portrett av Darwin som forsker og menneske, samt en grundig presentasjon av hans vitenskapelige innsats» (Lie 2000). Nb.nos N-gramteneste viser då òg ein topp når det gjeld 'darwin'-treff i 1889 med heile 1650 treff i diverse bøker.

¹³⁷ Med undertittelen gjennom naturligt udvalg eller de best skikkede formers bevarelse i striden for livet (1890) i «Bibliothek for de tusen hjem».

¹³⁸ «I 1890 utkom også boken *Om Darwinismen og dens rækkevidde*, av Gustav Adolf Guldberg, som skulle få stor betydning i 1890-årene ... hans klare og objektive fremstilling i boken skulle i høy grad være med på å fjerne den mer generelle motstanden som fremdeles var til stede i 1890-årene» (Hessen & Lie 2002, 134).

¹³⁹ Dei første innlegga blei prenta i *Nyt Tidsskrift*, frå oktober 1894 og utover, men frå 1896 heldt debatten fram i *Kringsjaa*, som var eit meir populært magasin. Bjørnson, som stod for «flyttinga», oppgav som grunn at *Nyt Tidsskrift* ikkje hadde begynt på ein ny årgang då han stod klar med eit nytt innlegg (*Kringsjaa*, 4. årg. [1896], 204). *Kringsjaa* kom ut frå 1893 til 1910 med Hans Tambs Lyche som redaktør og bidragsytar til han døydde i 1898, og inneheldt mykje populærvitenskap, både norsk og omsett. Alt i første årgangen stod ein omfattande artikkel og hyllest av Darwin på trykk. Utanom ordskiftet med Bjørnson publiserte Armauer Hansen i 1896 nokre artiklar der han på meir generelt grunnlag gjorde greie for sitt eige syn på «Teorier om arv» i tidsskriftet *Naturen* (Mehren 2006, 43).

¹⁴⁰ Dei ville «knytte vitenskapen og kunsten tettere sammen. Hjelp leserne å forstå det moderne nervemenneskets psykologi. Forstå Nietzsches psykologi» (Morken Andersen 2018, 107). Til første nummeret

kjenslevarheit måtte få komma til uttrykk (Morken Andersen 2018, 111).¹⁴¹ Strindberg fekk på trykk ein artikkel om kampen mellom ulike hjernar som baserte seg på eksperiment han hadde gjort med sin eigen hjerne, som han meinte var svært sterk, og ifølgje Strindberg kunne sterke hjernar tvinga andres hjernar til å bevega seg automatisk (sst.). Dette er tankar som minner om dei me kan finna i t.d. *Bygmester Solness*, og som høyrer saman med interessa for eksperimentell psykologi, hypnose og spiritisme, som mange av forfattarane, inkludert Ibsen, var opptatt av på denne tida. Som nemnt var både Ibsen og andre av den oppfatninga at den delen av mennesket som blir kalla psyke, sjel eller ånd, var underlagt den same lovmessigheita som den materielle, synlege delen av naturen, noko som stimulerte interessa for å finna ut korleis evolusjonen av desse sidene gjekk føre seg.¹⁴²

Tanken om at evolusjonen òg gjaldt «de åndelige livsfaktorer», delte Ibsen ikkje berre med Darwin og Spencer, men dessutan med 1800-talets ulike vitalistiske og esoteriske fin-de-siècle-retningar som prøvde overføra naturvitenskapens utviklingsteoriar på metafysikken og den oversanselege delen av mennesket. Samstundes som psykologien utvikla seg som vitskap, kom fenomenen som tankeoverføring, spiritisme, hypnose o.l. i fokus. Ein ser òg ei stigande interesse for buddhisme og austleg filosofi, (jf. Karl Gjellerup).

Felles for alle disse strømingene var opprøret mot naturvitenskapenes mekanistiske verdensbilde og interessen for det ubevisste sjelsliv. Samtidig, og det er dette som gir strømingene sin tidsmessige farge, var de dypt preget av naturvitenskapens ideer. Resultatet var en høytid for kvasivitenskapelige teorier og sammenblandinger av religiøse, vitenskapelige og filosofiske ideer. (Figueiredo 2007, 350)

stod Høffding bak innleiingsartikkelen, der han skreiv kritisk om korleis «Udviklingens og Fremskridtets Lov er bleven en ledende Tanke baade i Videnskaben og Livet» (tidsaand.1888, 1. jan). Det kom berre tre nummer. I det andre nummeret stod første del av Hamsuns *Sult* og eit utdrag frå *Bobler*, ein roman Amalie Skram var begynt på, men som aldri blei ferdigstilt (Morken Andersen 2018, 111). Elles skreiv m.a. Christian Krohg, Herman Bang, Carl Ewald og August Strindberg for bladet. (Nettressursen tidsaand.no er samla av Merete Morken Andersen i samband med biografien *Blodet i årene - Amalie Skram og hennes tid* (Spartacus, 2018)).

¹⁴¹ Fleire av gjennombrøtsforfattarane hadde brote med Brandes (Fulsås 2009, 32), og etter kvart uttrykte Brandes sjølv tankar om at gjennombrøtet var blitt for cerebralt og gav følelsane for lite rom. I 1888 heldt han fleire førelesingar om Nietzsche, og han føretok sjølv ei dreining i retning «aristokratisk radikalisme», som han kalla artikkelen om Nietzsche som han publiserte i tidsskriftet *Tilskueren* i 1889. Nok ein gong kritiserte han samtidas forfattarar for at dei ikkje bydde på særleg anna enn kvar dagsrealisme, og at litteraturen var ei samanblanding av dei same ideane som han tidlegare hadde oppfordra forfattarane til å handsama: «de samme Lærdomme, visse Arvelighedsteorier, lidt Darwinisme, lidt Kvinde-emancipation, lidt Lykkemoral, lidt Fritænkeri, lidt Kultus for Folket» – Tolstois tankar lodda mykje djupare enn Bjørnsons forkyning, på same vis som oldkristendommen er mykje djupare enn «Udviklingslærens Seminarievisdom» (Brandes 1889).

¹⁴² I Bull, Paasche og Winsnes' litteraturhistorie står det at 1890-talet er prega av ein «reaksjon mot åttiårenes tendensdiktning og naturalisme som med en merkelig samlet presisjon setter inn og som preger så godt som hele litteraturen i nittårene» (Winsnes 1961, 177). «I aviser og tidsskrifter drøfter legfolk og vitenskapsmenn det ubevisste sjæleliv, drømmer, hypnose og spiritistiske fenomener» (Winsnes 1961, 177). «Sammen med det anti-intellektualistiske drag i tiden går mistilliten til vitenskapen som menneskenes herre og mester», stadig fleire hevda at vitskapen ikkje kunne erstatta religionen, som slik vann att litt av sin prestisje (sst., 181).

Dette er ein del av evolusjonsdiskursen i Ibsens samtid som levde i beste velgåande i det 1800-talet var i ferd med å ebba ut. Likevel er Robert Fergusons påstand om at Ibsen f.o.m. *Hedda Gabler* (1890) ikkje lenger var opptatt av darwinisme (1996, 366), representativ for Ibsen-forskingas manglande interesse for denne konteksten, særleg når det gjeld dei seinare Ibsen-stykkja.¹⁴³

Parallelt med manglande interesse for evolusjonsdiskursen kan me sjå at seinare litteraturhistorikarar har tona ned den politiske tendensen i 1880- og 90-talslitteraturen. Ifølge Iversen gjaldt dette Henrik Jæger, Gerhard Gran, Carl Nærup og Christen Collin: «Istedenfor la de vekt på å vise denne litteraturens egenverdi som kunst. Dermed ble også kvinnesaken og «kjønndiskusjonen» i stor grad fortrent fra historien om det moderne gjennombrudd» (Iversen 1988, 167). Iversen meiner at ein mot slutten av 1880-åra og i 1890-åra kan «observere at følelsen av å være truet av kvinnes framstøt fikk uttrykk i noe som liknet katastrofefølelse» (sst., 166). Som eksempel viser ho til Laura Marholms artikkelserie i *Samtiden* om kvinneskikkelsane i gjennombrøtslitteraturen, og *Kvindernes Bog* som kom i norsk omsetting i 1894, der Marholm forsvarar Strindberg og diktinga hans om det «grufulde og uforståelige» hos kvinna. Marholm hevda «at kvinnesaken måtte bære ansvaret for at det hadde foregått en *feminisering* av kulturen, som hadde splittet den: ‘aldrig har mand og kvinde staaet hinanden så fjernt som nu’» (siteret i Iversen 1988, 166). Garborg, «som lenge hadde ligget i innbitt polemikk med kvinnesakskvinnene om deres moralstandpunkt», og i 1891 hadde åtvare kollegaene sine om at «det mandige ideal er kommet svært af mode i de dele av verden, hvor kvindebevægelsen har størst magt», støtta Marholm (1896, 166). Ifølge Iversen dyrka heile 1890-talets «nyromantiske og sanselighetsdyrkende litteratur» det mandige (1988, 166).

Det skulle dermed ikke gå lang tid etter 1887 før Ragna Nielsen og de andre kvinnene måtte innse at både kvinnesaken og tendenslitteraturen hadde mistet sin dominerende posisjon. Rundt 1890 kom erklæringene om en ny estetisk norm, den «nye romantikken», som ble dominerende i 1890-åra, og kvinneoffentligheten ble stadig mer marginal og avsondret i forhold til den dominerende litterære strømmingen. *Nylænde* ble mer og mer et organ for en kvinnelig litterær og politisk *motkultur* [...] Marginaliseringen av kvinneoffentligheten og kvinnestandpunktet fikk negative konsekvenser for mottakelsen av de mange kvinnelige forfatterne som begynte å gjøre seg gjeldende fra rundt 1890. Paradoksalt nok skjedde det

¹⁴³ Mange har tillagt Brandes ei langt større rolle både som inspirator for og som kjennar av Ibsen enn Ibsen sjølv tildelte han. Dette gjaldt ikkje minst Brandes sjølv, som kom med ei lengre utlegging av Ibsens forfatterskap i ein tale han heldt i 1891, då Ibsen nett var flytta tilbake til Noreg – til protesterande hovudristing frå Ibsen sjølv. Ibsen og Brandes var ikkje synkrone kva gjaldt inspirasjon og interesse-endingar, og evolusjonsdiskursen var så sterkt etablert på mange felt at han ikkje så kjapt blei borte.

parallelt med at den realistiske litteraturen fra 1880-åra ble opphøyet til «gullalderdikning». (Iversen 1988, 167)

Ettertidens nedtoning av og manglende interesse for litteraturens kontekstuelle og idéhistoriske fellesdiskurs har, som tidlegare nemnt, m.a. ført til at vesentlege sider ved Ibsens litteratur er blitt oversett. Det forsøker eg med denne avhandlinga å bøta på.

Avrundning

Etter å ha undersøkt den tidlege Darwin-resepsjonen kan eg slå fast at evolusjonisme-samtalen ikkje kom så seint i gang her heime som fleire har hevda, og han heldt fram med styrke til etter at Ibsen hadde anda ut. «The late-nineteenth century was not a period of total ‘eclipse’ of Darwinism, as biologists and historians have hitherto seen it» (Nash 2015, 158). I motsetning til kva enkelte har trudd, slutta ikkje forfattarane å interessera seg for evolusjonsteorien og darwinismen då «det moderne gjennombrøtet» var over og symbolisme, nyromantikk og dekadanse avløyste naturalismen på 1880- og 90-talet. Det er heller ikkje vanskeleg å få auga på evolusjonismen i tematikkane som var typiske for den norske vitalismen på 1890-talet og nokre tiår framover, som Vassenden fortel, problematiserte «forholdet mellom individ og slekt, mellom subjekt og livsstrøm», der det nettopp ofte er «slektens forfall og død» me blir vitne til (2012, 17). Sjølv om darwinismens hovudverk blei publisert i perioden 1859–75, kom det heile tida nye framstillingar, omsettingar og ny forskning som bidrog til å halda temperaturen i debatten oppe. Ein kan vanskeleg overvurdere verknaden på nær sagt alle område og disiplinær av kulturen.

Etter å ha sett meg betre inn i det nære forholdet mellom litteratur og vitskap i Ibsens samtid synest eg ikkje bildet av Ibsen som ein vitskapsmann er så søkt. I 1896 vart han forresten valt inn i Vitskaps-Selskapet i Oslo [sic], fortel Koht (1954-II, 251). I *Sann opplysning. Naturvitenskap i nordiske offentligheter gjennom fire århundrer* (2017) skriv Merethe Roos og Johan Tønneson at naturvitenskapen har ein marginalisert posisjon i den norske samfunnsdebatten: Då NRK kåra dei 250 viktigaste bøkene som har forma Noreg, «glimret naturvitenskapen med sitt nesten totale fravær», noko dei forklarar med

en nedarvet og innarbeidet forståelse av at naturvitenskapen ikke tilhører den dannede litteraturens domene. Litteraturen skal beskjeftige seg med det som former mennesket som et dannet vesen, mens naturvitenskapen skal beskjeftige seg med det sikre og målbare. (Roos og Tønneson 2017, 11–12)

Ut frå kåringa slår Roos og Tønneson fast at naturvitenskapen i dag har ein marginalisert posisjon i den norske samfunnsdebatten. Dette kan tyda på at det har skjedd store endringar i

forholdet mellom litteratur og vitenskap i løpet av 1900-talet, og kanskje er det ein av grunnane til at relasjonen litteratur–vitenskap har hatt ein marginalisert posisjon i litteraturforskinga på 1900-talet? I dagens samfunnsdebatt spelar derimot naturvitenskapen ei meir sentral rolle m.a. når det gjeld forhold som klima, energi og pandemi. Den historiske gjennomgangen og kartlegginga av det nære sambandet mellom naturvitenskapen og skjønnlitteraturen i denne avhandlingen, vitnar om at naturvitenskapens fråvær på lista over dei 250 viktigaste bøkene som har forma Noreg, kan skuldast samtidas manglande innsikt i kva rolle naturvitenskapen har spelt i forminga av kulturen og offentlegheita opp gjennom tida. Forholdet samstemmer med og speglar den manglande erkjenninga av kor sentral den evolusjonistiske vitenskapsdiskursen var i Ibsens forfatterskap. I det kommande kapitlet skal eg ta føre meg forskarane som dannar unntaka frå dette, og som på ein eller annan måte har relatert forfatterskapen til evolusjonismen.

4 Tidlegare forskning på Ibsen og evolusjonisme

Ibsen peikte fleire gonger på at ein burde lesa tekstane hans «i den samme rækkfølge som den, hvori jeg har digtet dem» (P189803Forord). «Kun ved at oppfatte og tilegne sig min samtlige produktion som en sammenhængende, kontinuérlig hólhed vil man modtage det tilsigtede, træffende intryk af de enkelte dele», skreiv han i forordet til *Samlede Værker* (1898). Han legg m.a.o. vekt på at kvar einskild tekst er ledd i ein samanhengande, kontinuerleg heilskap; ein organisme der den gradvise utviklinga er essensiell. Det lineære perspektivet Ibsen her legg på sitt eige forfattarskap, kan òg kallast evolusjonistisk. Rækkfølga er slett ikkje tilfeldig: Ein skal begynna med byrjinga og følga utviklinga framover. Kvart enkeltledd er viktig, derfor må ein ikkje «lægge noget stykke foreløbig til side, ikke foreløbig springe noget over». I same forordet kritiserer Ibsen resepsjonens tolking av dei seinare arbeida sine for å vera «underleg, mangelfull og misvisande» og trur det skuldast at lesarane har manglande medvit om «sammenhængen mellem værkerne».¹⁴⁴ Viss lesarane derimot strukturerer lesinga etter den rækkfølga enkeltverka er blitt til i, vil samanhengen mellom tekstane bli klarare, og då er sjansen større for at tolkingane vil bli mindre mangelfulle og misvisande.

Tolkingshistoria vitnar om at fleire har følgt Ibsens oppmoding. Resepsjonen er prega av store verk der dei fleste skodespela får ein kort presentasjon, i den rækkfølga dei blei til i, gjerne parallelt med ein kronologisk gjennomgang av biografien. Særleg har Kohts og Bulls presentasjonar av Ibsens liv og verk vore tonegivande for seinare resepsjon, og me finn døme på «liv og verk-tradisjonen» òg i seinare tid. Likevel er den evolusjonistiske ideen som ligg til

¹⁴⁴ «FORORD TIL SAMLEDE VÆRKER: Da min forlægger rettede til mig det elskværdige forslag at foranstalte en samlet kronologisk udgave af mine literære arbejder, indså jeg straks hvilke store fordele dette foretagende vilde frembyde til en rettere forståelse af bøgerne. Samtidig med min fremskridende produktion er yngre slægtsled vokset op og jeg har oftere med beklagelse havt anledning til at bemærke at disses kendskab til mine bøger er betydelig mere indgående for de nyeres vedkommende end for de ældres. Herved er der skét et brud på den læsendes bevidsthed om sammenhængen mellem værkerne indbyrdes og heraf igen udleder jeg for en ikke ringe del den underlige, mangelfulde, og misvisende tolkning og tydning, som mine senere arbejder fra så mange hold har været genstand for. Kun ved at opfatte og tilegne sig min samtlige produktion som en sammenhængende, kontinuérlig hólhed vil man modtage det tilsigtede, træffende indtryk af de enkelte dele. Min venlige henstilling til læserne er derfor, kort og godt, den at man ikke vil lægge noget stykke foreløbig til side, ikke foreløbig springe noget over, men at man vil tilegne sig værkerne – gennemlæse og gennemleve dem – i den samme rækkfølge som den, hvori jeg har digtet dem. Kristiania i Marts 1898. Henrik Ibsen» (Ibsen 1898).

grunn for Ibsens insistering på samanheng og rekkefølge, i liten grad fanga opp eller drøfta av forskinga. Den tidlege resepsjonen er prega av den same evolusjonsdiskursen som utvikla seg parallelt med forfattarskapen, men manglar ei bevisstgjering om denne diskursen og ei gransking av han. Store delar av denne avhandlinga går med til å kartlegga den diskursive konteksten, og sidan motivet er å auka forståinga for to av tekstane ved å lesa dei i lys av denne konteksten må eg prioritera vekk kvantitet til fordel for ein inngåande analyse.

Som del av arbeidet med avhandlinga har eg følgd oppmodinga om å lesa tekstane i same rekkefølga som den Ibsen dikta dei i, men det er verken tid eller plass til å gjera like grundige studiar av alle verka og konteksten dei blei til i. Alt medan Ibsen levde, blei det vanleg å lesa tekstane hans primært i relasjon til det me kan kalla den interne intertekstualiteten, og i mindre grad i lys av andre forfattarar eller annan samtidskontekst (Andersen 2010, 107). Slik blei forfattarskapen ei slags eiga, lukka verd, som Inga Stina Ewbank omtala som «one vast dialogue» (Ewbank 1997, 39, 44–45, sitert i HIS' forord til *Hvite heste*). Å studera den interne samtalen mellom dei ulike stykka har stått sentralt i forskningstradisjonen, medan det har vore langt mindre fokus på den idéhistoriske samanhengen verka blei til i. Ifølge Benjamin Bennett skuldast denne framstillinga av Ibsens uavhengigheit frå konteksten eit ønske om å verna om originaliteten hans: «Ibsen's critics, from Brandes on down, tend to be curiously protective of their author's originality, as if, in order to demonstrate [it], one had to show complete independence from tradition» (1979, 343). Sjølv trur eg det finst fleire grunnar. I seinare tid kan me likevel sjå ei endring, og berre dei åra eg har halde på med avhandlinga, har det dukka opp fleire verk som tar del i denne re-kontekstualiseringa av forfattarskapen.

Pga. det massive omfanget er det lenge sidan det blei umogleg å gi ei fyllestgjerrande oversikt over Ibsen-forskinga. I dette kapittelet vil eg trekka fram forskarar som har relatert Ibsen til kontekst, i første rekke den delen av forskinga som er relevant for skildringa av evolusjonsdiskursen. Og for å få fram diskursen kjem eg for det meste til å sitera, ikkje parafasera, desse forskarane. Eg kjem ikkje til å behandla alle detaljane i denne forskinga her, men fleire element blir følgd opp i verkanalysane der dei er relevante for problemstillinga. Somme av forskarane blei alt nemnt i førre kapittel. Sidan Ibsen-litteraturen er så omfattande og verdsomspennande, vil det sannsynlegvis finnast forskning som skulle vore med i denne oversikten, men som har sloppe unna søka mine.

Når eg skal gi eit oversyn over tidlegare forskning på emnet Ibsen og evolusjonsteorien, vel eg å ta utgangspunkt i Tore Rems kapittel i det lovpriste firebindsverket *The Literary and*

Cultural Reception of Charles Darwin in Europe, redigert av Thomas F. Glick & Elinor Shaffer. Bind tre, som kom i 2014, inneheld to norske innslag: eit kapittel der Thore Lie tar føre seg minnemarkeringa av Darwin i 1882, og artikkelen «Darwin and Norwegian Literature», der Rem gir ei oversikt over «Darwin's early impact on Norwegian literature and literary life». I tillegg til dialogen med Rem er dette resepsjonskapittelet i avhandlinga mi strukturert ut frå ei – i grove trekk – kronologisk tilnærming til den tidlegare forskinga, sjølv om det òg vil komma nokre brot i den kronologiske strukturen når det er andre element som heng tydelegare saman. Sidan dei fleste eg kjem til å nemna her, har ei omfattande forskning bak seg som spenner over fleire litteraturvitskaplege -ismar, har eg valt å la namna deira og ikkje først og fremst dei dominerande retningane strukturera dei ulike underkapitla. Når ein forskar tydeleg er i dialog med anna forskning, vil namn likevel kunne dukka opp utanfor denne strukturen. For å halda orden i kapittelet har eg somme stader supplert med nokre årstal og stikkord for å antyda dominerande retningar innan forskinga – med vissa om at vasstette inndelingar ikkje er moglege.

Når Rem summerer opp føreliggande forskning på darwinisme i norsk litteratur, trekker han fram Lies og Hessens *Mennesket i et nytt lys* (2002) som «the most comprehensive general discussion of Darwin and Norwegian writers» (Rem 2014, 160). Eit par av sidene tar føre seg Ibsens dramatik og utviklingslæra:

Dramaenes symbolikk, handlingsmønstre, hentydninger, utsagn, filosofiske overbygninger og psykologiske understrømmer, kan ofte leses i lys av utviklingslæren, eller rettare sagt, Ibsens egen fortolkning av den, slik den inngår som et element i hans naturforståelse. (Hessen og Lie 2002, 209)

I tillegg til å visa til Lie og Hessen fører Rem opp Eivind Tjønneland og Asbjørn Aarseth som særskild viktige kjelder han har nytta for å skaffa seg oversikt over Darwins innverknad på norsk litteratur og litterært liv (Rem 2014, 160). På dei fem sidene av kapittelet som Rem vier Ibsen, viser han først og fremst til Aarseths og Tjønnelands forskning, men nemner òg Francis Bull, Brian W. Downs, David Rosengarten, Robert Ferguson, H.A.E. Zwart og Bent Tollefsen. I tillegg viser Rem til Linn B. Konrad i det han skriv at «*Ghosts* has also been seen as a dramatic argument 'in the debate on Darwin's theory' (Konrad 1985, 137), but that may seem to simplify the rather complex interrelations between a number of competing scientific theories» (Rem 2014, 163). Rem nemner ikkje kva for andre vitskaplege teoriar han har i tankane.

Rems gjennomgang stadfestar inntrykket av at berre ein svært liten del av den omfattande Ibsen-forskninga har relatert Ibsen til evolusjonismen. Men «there are, of course, also many more possible traces of Darwin in Ibsen, such as in the kind of ‘dysteleology’ described by Gillian Beer and George Levine as typical of post-Darwinian texts», konkluderer Rem i det han viser til Ross Shideler (1999, 50, i Rem 2014, 166). Shideler, som er ein av få utanlandske forskarar som tar føre seg Ibsen i samband med Darwin, skriv likevel at han ikkje er så opptatt av Darwins innverknad på Ibsen – noko Rem reagerer på:

In an argument that is rather indirect and speculative, Shideler reads Darwin’s impact on Ibsen in terms of plots and dramatic representations questioning of the father’s authority, with a biocentric approach replacing religious sanction (1999, 4, 58–96). Shideler is explicitly ‘not primarily concerned with Darwin’s direct influence’ (14). (Rem 2014, 166)

Etter å ha framheva kor viktige J.P. Jacobsen og Georg Brandes var i den skandinaviske Darwin-resepsjonen (160), tar Rem føre seg darwinistiske innslag hos Ibsen, Bjørnson, Kielland, Lie, Garborg, Hamsun og Undset, før han avsluttar med Grimberg-debatten på 1950-talet.

Rem startar med Ibsen:

There is not a single direct mention of Darwin in Ibsen’s letters, but this is in line with the playwright’s general wariness of acknowledging any kind of indebtedness. Ibsen was of course familiar with the main gist of Darwin’s work, and it seems likely that he had read Jacobson’s translation. The one existing report from conversations about such matters between Jacobson himself, Ibsen and the Norwegian writer Gunnar Heiberg, leaves both the playwright’s grasp and his reading open to doubt, however. (Rem 2014, 161)

Som dei fleste som tar føre seg Ibsen og evolusjonismen, tenker òg Rem at det er sannsynleg at Ibsen har lese Jacobsens omsetting av Darwin. Som tidlegare nemnt er det først og fremst *Et dukkehjem* (1879), *Gengangere* (1881), *En folkefiende* (1882), *Vildanden* (1884) og *Fruen fra havet* (1888) som har blitt drøfta i samband med darwinismen, men det har òg blitt peikt på moglege evolusjonistiske element i *Rosmersholm* (1886), *Hedda Gabler* (1890) og *Når vi døde vågner* (1899). Rem kjem inn på alle desse spela, og på linje med dei fleste som har tatt føre seg emnet, peiker han på at påverknaden ofte er tydelegare i utkasta enn i dei endelege versjonane. Me ser at det (med unntak av *Et dukkehjem*) først og fremst er stykka skrivne på 1880-talet som blir nemnt i samband med Darwin. Eg meiner derimot at òg dei seine skodespela er del av ein evolusjonistisk diskurs, og at mykje tyder på at Ibsen aldri slutta å forankra stykka sine i eit evolusjonistisk verdssyn.

Tidleg Ibsen-forsking

I si masteroppgåve om samtidsresepsjonen av *Lille Eyolf* konkluderer Torbjørn Andersen med at Ibsens forfatterskap alt i 1894 «er blitt en verden og et studium for seg, utenfor eller hevet over resten av det litterære landskapet. Målestokken er for en stor del Ibsens egen standard – hans dramaturgi og særegne stil, hans tidlige verk og de dramatiske personene som befolker dem» (Andersen 2010, 107). Heilt representativt for den tidlegaste Ibsen-forskinga (frå 1850 og fram til andre verdskrigen) er det derimot ikkje. Både Henrik Jæger, Gerhard Gran, Halvdan Koht og Francis Bull relaterer forfatterskapen til samtida han blei til i. Alle fekk dei høve til å treffa Ibsen før han døydde, og Ibsens idéhistoriske kontekst, som dei knytte til studia av tekstane hans, var til dels òg deira eigen. Dei skreiv innanfor den positivistiske tradisjonen etter Taine, som òg hadde vore ei inspirasjonskjelde for Ibsen – dei nytta historisk-biografisk metode i forkinga og var opptatt av kva for hendingar, menneske og inntrykk som hadde påverka forfattaren og tekstane hans. Som vanleg i litteraturforskinga på denne tida var ein opptatt av forfatarintensjonen og å finna leietrådar og modellar for rollefigurane i det verkelege livet.¹⁴⁵

For dei tidlege Ibsen-forskarane var realismen det estetiske idealet, noko som m.a. førte til at dei seine, symbolske stykka ofte fekk mindre merksemd og t.o.m. kunne bli vurdert som symptom på at Ibsen begynte å bli gammal og redusert. I si oversikt viser Rem til Bull, men ikkje til Jæger, Gran eller Koht, sjølv om alle peikte på darwinistisk påverknad hos Ibsen. At dei sjølve òg var del av den darwinistisk-biologiske diskursen, viser seg m.a. i karakterskildringane deira.

Henrik Jæger

I 1888 publiserte Henrik Jæger (1854–1895) *Henrik Ibsen 1828–1888, et literært livsbillede* – det første litteraturhistoriske verket om Ibsens liv og verksemd på norsk. Fire år seinare kom Jæger med *Henrik Ibsen og hans Værker: en Fremstilling i Grundrids* (1892), som hadde som mål «at optrække de store grundlinjer for udviklingen af hans eiendommelighed som digter og

¹⁴⁵ Ifølge Edvard Beyer brukte både realistar og naturalistar «autentisk stoff og 'levende modeller', naturalistene gjør det i prinsippet alltid. Men til forskjell fra naturalistene vil realistene prøve å kamuflere modellen, kanskje smelte sammen flere modeller i én person, og gjøre skikkelsen mer 'typisk'» (Beyer 1995, 73). «Det er mer og mer blitt min overbevisning (som det var Goethes), at dikter som skuespiller skal så vidt mulig holde seg til det selvooplevde, selv-erfarne, altså også, så vidt mulig til *levende modeller*», skal Bjørnson ha sagt på 1870-talet (Beyer 1995, 167).

som aand» (Jæger 1892, VIII). I samband med *Samfundets støtter* viser Jæger til si eiga studietid på midten av 1870-talet, der han på førelesingar i zoologi for første gong fekk

fuld greie paa, hvad den frygtelige Darwinisme egentlig var for noget, og for at vi ikke skulde blive ensidige og tage skade paa vor sjæl, fandt vor gamle elskværdige filosofiske professor anledning til under forelæsningerne over psykologi i forelæsning efter forelæsning at levere en imødegaaelse af den slemme teori med alle slags argumenter, baade mulige og umulige. STUART MILL, TAINE OG BUCKLE [sic] blev oversat i nabolandene, og vi unge slugte deres bøger med begjærighed, snart i original, snart i svensk eller dansk oversættelse. En modern [sic] positiv historisk videnskab havde vi anledning til at stifte bekendtskab med ved vort eget universitet, og om vi end hjemme savnede en modern literaturovidenskab, saa havde vi den dog ikke langt borte paa et sprog, der næsten var vort eget, nemlig dansk. Selv COMTE, SPENCER, STRAUSS, FEUERBACH, EDWARD V. HARTMANN og de tyske materialister blev studeret af de mest interesserede, og rundt paa studenterybberne kjæmpedes der drabeligen for og imod de forskjellige slags «ismer» med alle de vaaben, som stod til en ungdommelig dialektiks raadighed. Disse og lignende tegn paa ungdommens voksende vanart skræmte mange af de ældre, og saa blev der baade i forelæsninger og i avisartikler advaret mod alle de slette indflydelser, som var begyndt at gjøre sig gjældende ude fra de store kulturlande. Den store verden derude, den var paa afveie, fordi den var i bund og grund fordærvet. Men vort samfund hvilede gudskelov endnu paa en solid moralsk grundvold; det gjaldt bare at holde de ødelæggende indflydelser borte. Det er dette standpunkt, som i *Samfundets støtter* stadig forfægtes af Rørlund og i begyndelsen af stykket ogsaa af Bernick. Men mod denne opfatning gjør stykkets grundtanke front. (Jæger 1892, 136–137)

Jægers erindringar stadfestar at studentane alt på 1870-talet fekk kjennskap til darwinismen og anna positivistisk tankegods, i motsetnad til kva Skavlan hevda i Heiberg-biografien. I forordet poengterer Jæger at Ibsen hadde bidratt «med raad og daad» i arbeidet med verket, og at Ibsen sjølv hadde lese korrektur «for at mulige misforstaaelser og feiltagelser kunde undgaaes» (Jæger 1892, VII–VIII).

Gerhard Gran

Litteraturhistorikaren Gerhard Gran (1856–1925) som var 28 år yngre enn Ibsen, trekker i tobindsverket *Henrik Ibsen: liv og verker* (1918) inn darwinismen som ein viktig premissleverandør for 1870-talets litteratur:

De nye tanker koncentreres i stikord som dengang gjennemsitret aandsatmosfæren med stor suggestiv magt: utvikling, kampen for tilværelsen, arvelighet, tilpasning efter miljø, den dygtigstes seier, determinisme o.l. Av disse ord var det navnlig arveligheten som slog ned i Ibsen; det var ham jo ingenlunde nogen ny tanke, – Brands, Peer Gynts, Stensgaards skjæbne finder for en stor del sin forklaring i den arv de slæper paa; men hans arvelighetsbegrep var dengang halvt teologisk – nemesis – arvesynd, – navnlig i Brand er dette sterkt betonet. Det nye arvelighetsbegrep, det darwinistiske, var derimot ganske uteologisk, – biologisk – uten metafysik, uten mystik, – ganske vist uforklarlig, men ikke anderledes uforklarlig end alle andre naturfenomener, aarsaksbetinget, lovbundet, gjenstand for videnskabelig undersøkelse, forfølgelig gjennom erfaring, iakttagelse og eksperiment, sandsynliggjort ved embryologiens vidunderlige avsløringer paa den ene side og dyreopdrætternes og plantekrydsernes merkelige resultater paa den anden. (Gran 1918, 97–98)

Som mange andre meiner òg Gran det er med *Et dukkehjem* at «arvelighet i det nye darwinistisk-biologiske lys dukker frem», og han trekker fram Strindbergs kommentar om at stykket var skrive, «ikke for at protestere mot kvindernes underkuelse, men kun for at demonstrere arvelighetens indgrep i karakterdannelse» (Gran 1918, 99). Gran peiker på at det er tonen i replikkane hos Ibsen og ikkje tanken og arvetematikken som er ny: «Det nye er den naturvidenskabelige jargon: [slik som i replikken] racen forædles under smukke omgivelser» (99). Og i utkasta er det tydelegare enn i den endelege versjonen; «det *kunde* simpelthen ikke ha været skrevet uten kjendskap til darwinismen og de derav avledede idéer; ordene gir en tydelig gjenklang av syttiaarenes diskussion hjemme og ute» (Gran 1918, 104). Når det gjeld kvinnesaka, meiner derimot Gran at Ibsen i tida frå arbeidet med *Et dukkehjem* og fem–seks år framover «direkte deltok i den sociale og politiske emancipation», i motsetnad til Strindberg (Gran 1918, 57). Og *Gengangere* er, ifølge Gran,

helt gjennemsyret av den moderne biologiske arvelighetslære [...] neppe i noe annet av Ibsens dramaer er tidens tanker opsuget i den utstrækning og den dybde som her [...] man vilde ganske forutsætningsløst, – uten nogetsomhelst forhaandsresultat, videnskabelig se efter hvorledes det forholdt sig med de «sandheder» vi levet paa, – om de lot sig opretholde med den livsvisdom Darwin og hans efterfølgeres opdagelser krævet som sin konsekvens. (109)

Om *Vildanden* skriv Gran at «alle personerne er indbyggere av mørkeloftet og degenererte vildænder som klamrer sig til livet med det som er igjen av det» (177). Utover det belyser ikkje Gran fleire darwinistiske tendensar hos Ibsen, bortsett frå at han òg peiker på at *Fruen fra havet* er inspirert av den moderne biologiens «paavisning av at mennesket på et stadium av sin fosterutvikling aander med gjeller og altsaa har været et havdyr» (244) og at stykket blei forma av

hans længsel efter havet som hadde demmet sig op i ham i de mange aar han hadde levet et indlandsliv, – av de nye oplevelser ved havet, først i Molde i 1885 og dernæst i Sæby i 1887, i forbindelse med den moderne videnskaps avsløringer og hans evige grublerier over personligheden og hindringerne for dens frigjørelse. (Gran 1918, 245)

Gran heldt *Rosmersholm* for å vera eit av Ibsens beste skodespel, men når det gjeld *Lille Eyolf*, høyrer han til dei som meiner stykket ber preg av at Ibsen begynte å eldast (Gran 1918, 314–317). I kapitlet om kjønnsespesifikk evolusjon skal eg komma tilbake til korleis Gran sjølv gjer bruk av evolusjonistisk diskurs når han omtalar skodespela, og særleg når han skildrar kvinnene i stykka. Etersom Gran var ein av dei første som trekte fram desse sidene ved forfattarskapen, synest eg det er merkeleg at det er så få som seinare viser til han.

Halvdan Koht

Historikaren Halvdan Kohts tobinds biografi *Henrik Ibsen. Eit diktarliv* frå 1928–29, i revidert versjon frå 1954, blir derimot framleis rekna som eitt av hovudverka om Ibsen, og ofte referert i Ibsen-forskinga. Koht (1873–1965) og Julius Elias gav i 1904 ut den første samlinga med Ibsens brev og i 1909 Ibsens etterlatne skrifter i tre bind. I 1930-åra var han saman med Francis Bull og Didrik Arup Seip ansvarleg for Hundreårsutgåva av Ibsens skrifter (1928–1957), der han skreiv innleiingar til sju av skodespela.

Både den første og den redigerte utgåva av *Henrik Ibsen. Eit diktarliv* frå 1954 vitnar om at evolusjonsdiskursen framleis levde i beste velgåande då dei blei skrivne.¹⁴⁶ Særleg er kapittelet «Ætt og arv», der Koht tar føre seg familiebakgrunnen til Ibsen og korleis forfattarens personlegdom, evne og temperament er resultat av arv frå ulike familiemedlemmar, gjennomstrøymd av denne diskursen. Koht, som var historikar i tradisjonen etter Ernst Sars, og hadde eit organisk syn på historia og endringar, bruker ofte orda ‘arv’ og ‘blod’ og tar t.d. for gitt at «livskraft» og «form- og fargesans» kan arvast (8, 10).

Kohts biografi peiker gjentatte gonger på samanhengen mellom Ibsens liv og diktning, samstundes som han gir ei omfattande kontekstualisering av Ibsens verk, der han trekker linjene til tidas idéhistoriske rørsler. Likevel bruker han sjeldan omgrep som ‘darwinisme’ eller ‘evolusjonisme’, sjølv om det fleire stader er tydeleg at det er det han må ha hatt i tankane. Eit døme på dette finn me i andre bind, der han skriv om at Ibsen forkastar verseforma. Koht siterer eit brev til Lucie Wolf (23.5.1888) der Ibsen samanliknar verseforma og andre utdøyande kunstformer med utdøyande dyr, men akkurat den mest darwinistiske delen av brevet, erstattar Koht med tre prikkar [...] i sitatet i boka (Koht 1954-II, 85).¹⁴⁷

Av ein eller annan grunn lar Koht her vera å nemna eller kommentera Ibsens forhold til darwinismen eksplisitt, ei haldning som er slående fleire gonger i biografien, når han nemner Ibsen i samband med vitskapen og samtidskonteksten. Eg får likevel inntrykk av at han tar det for gitt at Ibsen kjente til Darwins evolusjonsteori då han skreiv *Kejsar og Galilæer*, dvs. i 1871–73. Koht skriv at Ibsen grubla på om mannen hadde eit val eller ikkje. «Det var eit

¹⁴⁶ Alt eg her viser til frå 1954-utgåva, står akkurat likt i utgåva frå 1928–29, men sidetala er endra.

¹⁴⁷ Følgande setningar utelet han: «Kunstformerne dør jo ud lige så vel som urtidens urimelige dyreformer døde ud da deres tid var omme. En femfodet jambe-tragedie er jo allerede nutildags en ligeså sjelden forekomst som den fugl dodo, hvoraf der kun lever nogle ganske få individer nede på en afrikansk ø» (B18830525LW).

spørsmål den nye naturvitenskapen hadde tvinga sterkare på menneska enn noko sinne før [...] Den filosofiske determinismen trengde seg på med makt» (Koht 1954-II, 58). Julians opprør les han som symptomatisk for den sjelelege striden og den idéhistoriske konteksten som Ibsen sto i:

Og no såg han striden låga opp på alle kantar. Naturvitenskap og bibel-kritikk vendte våpna sine mot kristenlæra [...] Det var ei bryting mellom gamal og ny tru som endefram gjorde opprøret til keisar Julian aktuelt. Og for Ibsen var det reint personleg aktuelt; det var ein strid han hadde opplevd, og enda ikkje var ferdig med i si eiga sjel. (Koht 1954-II, 53)

Koht legg stor vekt på at Ibsen gjennom heile forfatterskapen var opptatt av arveproblematikken som «hadde forma seg religiøst-moralsk for han: dei nye ættene måtte bøte for det som dei gamle hadde misgjort» (Koht 1954-II, 115). Koht oppgir sjølv inga kjelde. Om *Brand* skriv han:

Frå fyrste til siste akten i det nye stykket møter vi stendig det spørsmålet som hadde vori pina for Ibsen dei siste åra, og som vel hadde legi og gnegi på sjela heilt ifrå tidlege ungdoms-år: kor langt måtte dei nye ættene bera ansvaret for fedresyndene? Kunne dei kaste arven og skulda av seg? Eller kunne dei bøte synda med sitt eige verk? Det er dette spørsmålet som brenn i tilhøvet mellom Brand og mor hans (Koht 1954, 254)

Og i *De unges forbund*

ser vi korleis den ene etter den andre – Stensgård, Fjeldbo, Aslaksen, den gamle og den unge Bratsberg – får forklaringa si ut ifrå ætt og samfunnsvilkår [...] Men samstundes vart det klarare og klarare for han at einskildmannen, liksom vel som samfunnet, drog på eit «lik i lasten», og spørsmålet var om det var råd å få det slengt over bord. (Koht 1954-II, 115)

Begge sitata viser korleis Koht tar for gitt at Ibsen er informert av tankar om arv og determinisme, utan at han bruker nemneverdig plass på å omtala eller analysere denne konteksten. Akkurat som Gran peiker Koht på at Ibsen etter kvart uttrykte seg mykje tydelegare i oppteikningane om kva for idear som låg til grunn for stykka, for deretter å stryka mykje av dette i den endelege versjonen. I samband med *Et dukkehjem* og *Gengangere* lar Koht det likevel ikkje vera tvil om at Ibsen må ha blitt djupt gripen av darwinismens arvelover:

No kom naturvitenskapen i 70-åra og gav heile samanhengs- og ansvars-tanker nytt grunnlag med den nye arvelære [sic] si. Darwin hadde greidd ho ut alt i 1859 [...] Men ho vart ikkje til brann i det ålmenne åndslivet før han førte ho over på menneska sjølv i boka om «The Descent of Man» frå 1871 [...] Det var uråd anna, alt dette måtte gripe Ibsen djupt inn i sjela. (116)

Og i utkastet til *Et dukkehjem*

held doktoren heile førelæsingar om innverknaden av levkår og om ætte-framgangen: «Læg Dem efter naturvidenskaberne, mine damer, så skal De få se hvorledes der er en

gennemgående lov i alting.» Og den lova han talar om, det er den darwin-spencerske om «the survival of the fittest» og «natural selection». Slikt er ikkje ført inn berre til emne for meir eller minder åndfull samtale. Det heng i hop med grunntanken i stykket. Det er noko av det som skuvar Nora sterkast inn i tanken om å gå ifrå heimen sin, når Helmer talar med ho om den arven av lygn som går ifrå mora over til barna og øydelegg livet for dem. Og i eit av dei eldre oppseta driv fru Linde òg denne tanken inn på Nora. Sjølve den dramatiske motsetninga som skaper den tragiske katastrofen, skriv seg ifrå at Nora ikkje har fylt det darwin-spencerske kravet om å lempe seg til etter dei omgjevnadene ho lever i. Eller rettare sagt: ho har lempa seg til reint utvendes, ho har lédd og leika såleis som faren og mannen ynskte; men ho har ikkje greidd å få det rette samhøvet mellom livet utvendes og livet innvendes. (Koht 1954-II, 116)

Ut frå dette Koht-sitatet kan ein få inntrykk av at det er Ibsen sjølv som bruker omgrepa *den darwin-spencerske lov om «the survival of the fittest» og «natural selection»*, men så eksplisitt er Ibsen ikkje. Dette er Koht si utlegging. Rem viser til same tekststaden som Koht: «There are a number of interesting fragments of evolutionary theory in the drafts for Ibsen's plays»:

DOKTOREN: Men vi trænger ikke til de forkomne exemplarer af racen; vi kan undvære dem. Læge [sic] Dem efter naturvidenskaberne, mine damer, så skal De se hvorledes der er en gennemgående lov i alting. Det stærkere træ tager livsbetingelserne fra det svagere og fører sig dem til nytte. Ligeså mellem dyrene; de dårlige individer i en flok må vige for de bedre. Og derfor går også naturen fremad. (Ibsen 1998, 184 i Rem 2014, 162)

Doktorens sosial-darwinisme er tona ned i den endelege versjonen av skodespelet, men me legg merke til at Koht i staden for 'darwinistisk', nyttar 'darwin-spencerske', noko som samsvarar med oppfatninga av at Spencer var like sentral som Darwin sjølv i den norske konteksten. Likevel skriv Koht litt seinare at

det er vel helst eit slumpehøve når forteljinga um vill-anda på loftet her hos Ibsen minner um det som Darwin fortel um vill-endene i båe hovudverka sine, – koss dei misser sermerka sine i fangelive. Men ein indre samanheng er det likevel; for både arv og umgjevingar har so stort eit rom i villand-tragedia. (1929, 240)

I motsetnad til det andre eg har nemnt her, står dette berre i den eldste utgåva av Kohts *Henrik Ibsen: eit diktarliv*, frå 1929. I den reviderte versjonen, som kom 25 år seinare, har han droppa å omtala denne sekvansen frå utkasta til *Vildanden*, som skulle visa seg å bli den tekststaden i Ibsens oeuvre som truleg oftast blir knytt til Darwin, som eg snart skal visa.

Francis Bull

Gran og Koht blir som sagt ikkje nemnt i Rems oversikt, men det blir Francis Bull (1887–1974), Grans elev, som overtok Grans professorat i nordisk litteratur i 1920 (Hannevik, 2020).

Som Koht skreiv òg Bull innleiing til sju av skodespela i *Hundreårsutgaven*, medan Seip stod bak dei fire siste.

I samband med *Gengangere* skreiv Bull (1972) at «gang på gang var det i 1870-årene reist diskusjoner om ‘the survival of the unfittest’, om det ikke var mest humant å gjøre ende på et liv i uhelbredelig sykdom eller sløvhet» (24) før han nemner utkastet til *Et dukkehjem* (1879): «formodentlig hadde han nettopp nu gjort nærmere bekjentskap med Darwins 2 hovedverker», sidan dei nett var omsett av Jacobsen, som Ibsen nyleg hadde vore saman med i Roma. «Ibsen tilegnet sig det han hadde bruk for av utviklingslæren», og «gang på gang dukket reminiscenser og bilder fra utviklingslæren op. Det mest utenpåhengte av dette forsvant i den endelige utarbeidelse; men meget ble sittende igjen» (95). Kva for reminiscenser, og kor me kan finna dei, går Bull likevel i liten grad inn på.

Ein slags bakgrunn for tankane i *Gengangere* (1881) kan, ifølge Bull, vera *Om Menneskets Afstamning* «og Stuart Mills om en Moral grundet paa Nytte- eller Lykke-Principet», i tillegg til Taine og Zola, fransk psykiatri og «Armauer Hansens felttog for å utrydde spedalskheden i Norge» (1972, 105). Men ifølge Bull har Ibsen berre oppfanga «en rekke slagord og spredte idéer» som han har føydd saman med «sine egne grublerier. Noget helhetsbillede av ‘videnskabens nuværende standpunkt’, på et eller annet felt, brydde han sig ikke om å nå frem til» (105–106). Doktor Rank og Osvald

er klare eksempler på degenerasjon og farlig arv, fremstilt slik som man kunde vente det i den begynnende naturalismes tid. Spørsmålet om betydningen av fysisk og sjelelig arv hadde siden 1860-årene gjort sig sterkere og sterkere gjeldende i litteraturen, og stod omkring 1880 som et centralt problem i nær sagt all menneskeskildrende diktning. Det kunde oppfattes og behandles på mange vis, gi utgangspunkt for studier over slektslikhet tross skiftende skjebner og miljø, eller for en utviklingstro og kulturoptimisme i spencersk-darwinistisk ånd; men det kunde også danne grunnlag for en naturalistisk og deterministisk tankegang, slik som i Taines og Zolas forfatterskap og i de samtidige franske psykiatrikeres degenerasjonsteorier. (1972, 104)

Så nemner Bull Lies *Den fremsynte* (1870), Bjørnsons *Kongen* (1877) og Bangs *Haabløse Slægter* (1880) som «studier over degenerasjon» (sst.)

Rem peiker på at Bull i eit av fororda skreiv at det er mogleg «at Ibsens utdypning og omformning av villandsymbolet kan være skjedd under påvirkning, indirekte eller direkte av Darwins beretninger om hvordan villender degenererer i fangenskap» (Bull 1932, 23–24). Som sagt er dette eit av dei darwinistiske innslaga hos Ibsen som har fått størst merksemd, og dei fleste som tar føre seg Ibsen i samband med Darwin, viser òg til Bulls kommentar. I den

første delen av *Norges litteratur fra februarrevolusjonen til første verdenskrig*, bind 4 (1937, 1960), nemner òg Bull Heibergs forteljing om Ibsen og Jacobsen i Roma:

Gunnar Heiberg fortæller at vinteren 1878–79 var Darwin det store samtale-emne blandt skandinaverne i Rom. Den eneste virkelig kyndige paa omraadet var vel J.P. Jacobsen, som hadde oversat Darwin, og han ristet mange ganger paa hodet naar Ibsen freidig kastet seg ind i diskussionen; men, sier Heiberg, «det saa ofte ut som om Ibsen foretrak at erhverve de elementære kundskaper paa denne maate istedenfor ved læsning, som han hadde litet til overs for, – saa skulde han nok selv besørgen den videre tænkning.

Skildringen av Osvald og den tragiske farsarv han bærer paa, er resultatet av en «videre tænkning», som ogsaa har faat nye indslag fra flere kanter.» (1937, 403)

Det same står i utgåva frå 1960, berre at språket er fornorska (1960, 409–10). Elles kjem Bull inn på darwinisme i samband med Vinje og Bjørnson, men ikkje meir når det gjeld Ibsen i dette verket.

Gjennomgangen ovanfor viser at den tidlege resepsjonen tydeleg gjenkjente darwinistiske element i fleire av stykka, samstundes som den sjølv opererte innanfor den same evolusjonsdiskursen, noko som truleg medverka til at diskursen kunne gå under radaren, grunna manglande analytisk distanse.

1945–2000

Brian W. Downs

Ein av dei som blir hyppigast sitert i samband med Ibsen og darwinismen, er Brian W. Downs (1893–1984).¹⁴⁸ Han figurerer òg i Rems oversikt. I 1946 gav han ut *Ibsen. The Intellectual Background* der han peiker på påverknad frå mange forskjellige forfattarar og intellektuelle, særleg i den første delen av forfattarskapen, medan Ibsen etter kvart blei stadig flinkare til å skjula spor frå inspirasjonskjeldene i skodespela. «As time went on his work reveals fewer and fewer obviously external impulses» (Downs 1946, 170). Downs slår likevel fast at Ibsen aksepterte «man's unprivileged position in the evolutionary process. He nowhere hints at any belief in a special creation, with special prerogatives and special obligations of a supernatural order» (Downs 1946, 165).

¹⁴⁸ Downs var den første professoren i Scandinavian Studies i Cambridge (1950–1960).

Ifølge Downs var Ibsen først og fremst opptatt av moral og mindre av naturvitskap, men han meiner likevel at Ibsen kjente til darwinismen, trass i at han røpte lite om kva han las:

With the doctrines of John Stuart Mill, lay opinion on the continent commonly associated those of Herbert Spencer and with the latter the biological thesis first formulated by Charles Darwin in *The Origin of Species* (1859). In view of the currency which some of their conclusions enjoyed, Ibsen must have known about them, but there is no evidence that he studied their works themselves, and philosophy and biology were naturally less congenial to him than morals. (Downs 1946, 162)

Til sitatet ovanfor knyter Downs to fotnotar. Den første er den mest brukte referansen når seinare forskarar nemner at Ibsen truleg kjente til Darwin:

It is probable that Ibsen read in *The Origin of Species* and *The Descent of Man*; since 1872 and 1875 respectively those books were accessible to readers of Danish in the translation of Jens Peter Jacobsen, who enjoyed (in Ibsen's eyes) the combined advantages of being a scientist by education, a friend of Brandes and an original author. Jacobsen and Ibsen were in Rome in the winter of 1878–9 and discussed science together. (Centenary Edition, viii, p. 261, i Downs 1946, 162)

Den andre fotnoten antyder at det er mogleg Ibsen hadde lese Darwin i samband med *Vildanden*: «The remark which Darwin makes on wild ducks in captivity in *The Variation of Animals and Plants under Domestication* may have come to his direct notice and contributed something to *The Wild duck*» (sst.). Me ser at Downs her er meir spesifikk enn Bull og peiker på at Ibsen kan ha kjent til Darwins ytringar om villender frå *The Variation of Animals and Plants under Domestication*, som kom i 1868. I 1950, fire år etter at Downs skreiv dette i *Ibsen. The Intellectual Background*, kom han med ei ny bok, *A Study of six Plays by Ibsen*, der han i sin analyse av *Vildanden* viser til at dyra på mørkeloftet til minste detalj er nøyaktig dei same som i *Variation of Animals and Plants under Domestication II* (1868) (Downs 1950, 148 f.). Men boka var ikkje omsett til dansk, så korleis skal Ibsen ha kjent til henne då? Kanskje gjennom den tyske omsettinga?

I tråd med alle som tar føre seg Ibsen og evolusjonismen, viser òg Downs korleis arv spelar ei stor rolle i forfattarskapen, og han gjer nokre analysar av evolusjonslæras påverknad på Ibsen. Han hevdar at den rolege haldninga fru Alving i *Gengangere* har overfor mogleg incest mellom Oswald og Regine viser at Ibsen hadde akseptert den nye vitskapen [darwinismen] i mykje større grad enn dei fleste samtidige:

The calm manner in which Mrs Alving and the horrified fury with which great sections of the public contemplated the possibility, even the desirability, of an incestuous union between Oswald and Regina – which no one would have condemned in the case of domestic animals – betrays the distance by which Ibsen had outstripped most of his co-evals in the acceptance of

the new science. He not only drew his own conclusions from it, but interested himself in some of its details. (Downs 1946, 165)

Downs nemner som eksempel at Ellida Wangels «sick love of the sea receives a curious illumination from some observations by Ibsen», nærare bestemt at evolusjonsprosessen kom på villspor då dei høgare dyra blei flytta til landjorda og dermed bar med seg ein utilfredsstilt lengt etter det elementet dei ein gong høyrde til, noko Downs set i samband med Häckel og teorien om at fiskane står i direkte evolusjonær linje til mennesket (165). I ein fotnote fortel Downs at Ibsen i 1897 skreiv i I. Milewskis stambok (ein slags autografbok): «Die Entwicklung des Menschengeschlechts ist vom Anfang auf Irrwege geraten. Die Menschenkinder hätten sich zu Seegeschöpfer evolutionieren sollen»¹⁴⁹ (VAR_Vudat1897IM). Med Downs ser me at fleire av dei mest openberre darwinistiske nedslaga hos Ibsen er belyst når me nå er komne til midten av 1900-talet – og det er stort sett dei same nedslaga som blir gjentatt når andre seinare relaterer Ibsen til Darwin.

Edvard Beyer

Edvard Beyer (1920–2003) overtok professoratet i nordisk litteratur ved UiO etter Francis Bull i 1954, og i *Norges litteraturhistorie* som han redigerte, og som kom i seks bind 1974–75, der han sjølv skreiv bind 3, *Fra Ibsen til Garborg*, gir han ei brei skildring av den idéhistoriske samtidskonteksten. Som tidlegare nemnt var dei litteraturhistoriske tekstane som blei skrivne før andre verdskrigen, sjølve til ein viss grad del av den evolusjonistiske diskursen, ein diskurs det ser ut til at desse litteraturhistorikarane tok for gitt, medan Beyer peiker på han med ein større analytiske distanse.

Ifølge Beyer begynte darwinistiske tankeretningar å nå Noreg «i løpet av 1860- og de første 70-årene», «dels direkte, dels over Danmark, og dikterne hørte til de første som registrerte dem» (Beyer 1995, 48). Likevel har han lite fokus på evolusjonistiske element i dei enkelte forfattarskapa. Hos Bjørnson nemner han påverknaden frå Darwin og Spencer i større grad enn han gjer hos Ibsen der det einaste han trekker fram, er *Kejser og Galilæer* som han meiner ein ikkje kjem utanom viss ein

vil gjøre seg kjent i hans idéverden. At han her mente å ha utformet sin «verdianskuelse», bekreftet han så sent som i en tale i 1887. Den naturvitenskapelige utviklingslære har gyldighet også for «de åndelige livsfaktorer» (Beyer 1995, 303).

¹⁴⁹ «Menneskeslektas utvikling kom frå starten av på gale vegar (villspor). Menneskeborna skulle ha utvikla seg til sjøskapningar.» Mi omsetting.

Eg kjem tilbake til Beyer i kapitlet om *Rosmersholm*-resepsjonen, i samband med gjennomgangen av den politiserte samtidskritikken av stykket.

Haakonsen og Høst

I tida etter andre verdskrigen kan ein sjå ei endring i teksttilnærminga. I større grad blir tekstane nå betrakta som autonome, estetiske kunstverk av ein resepsjon som la større vekt på det allmenne i staden for det kontekstuelle, og skodespela blei handsama som formidlarar av åndelege og evige verdiar. Denne lese måten har blitt kalla estetisk-filosofisk (eller estetisk-essensialistisk) (Bjerck Hagen 2019, 32, 82), i Noreg òg Rokseth-skolen, etter Peter Rokseth som var professor i romansk språk og litteratur ved UiO, og som skapte ein ny skule i litteraturforskinga ved å «løfte litteraturhistoria ut av kulturhistoria» (Tønnessen, 2012). Rokseth-eleven Daniel Haakonsen (1917–1989) og hans *Henrik Ibsens realisme* (1957) er sentrale innanfor denne retninga.¹⁵⁰ Haakonsens bidrag til litteraturen om Ibsen og Darwin er lite, men i *Henrik Ibsen: mennesket og kunstneren* som han skreiv i 1981, på tampen av karrieren sin, peiker han på darwinistiske innslag i *Fruen fra havet*. Med tilvising til David Rosengartens tolking (som eg straks kjem tilbake til) skriv han at Ellidas lengt mot havet kan tolkast som ein regressiv lengt,

en lengsel *tilbake*, en lengsel mot et tidligere trinn i menneskehetens historie [...] Ibsen har ganske sikkert kjent Charles Darwin og Herbert Spencers utviklingslære. Han har vært klar over at Ellidas valg på en måte er valget mellom menneskehetens fortid og dens fremtid. (Haakonsen 1981, 212)

Else Høst (1908–1996) er òg sentral innan denne retninga. Monografien hennar om *Hedda Gabler*, som kom i 1958, tileigna minnet om Peter Rokseth, har hausta mange lovord. Her nyttar ho, ifølge vaskesetelen, «alle de midler den moderne litteraturvitenskap rår over: historikk, biografi, manuskriptkritikk, psykologisk dybdegransking, symbolanalyse» (1958). Og i 1967 kom ho med ein monografi om *Vildanden*. Sjølv om retninga har ord på seg for å erstatta den historisk-biografiske tilnærminga til litteraturen med nærlesing av tekstane, legg Høst stor vekt på det biografiske materialet, særleg forholda Ibsen hadde til unge kvinner i forkant og under skrivinga av stykket. Den idéhistoriske samtidskonteksten gir ho derimot lita merksemd. Dette blir sær s tydeleg då Høst, med ein note, kommenterer at ho synest det verkar søkt at Peter Frank Dalrymple Tennant i «A critical Study of the Composition of Ibsen's

¹⁵⁰ Å understreka dei tidlause og tragiske aspekta ved skodespela var, meiner Toril Moi, på 1960- og -70-talet eit desperat forsøk på å redde Ibsens status som stor forfattar og realismen hans frå dei nye estetiske ideala til den formalistiske og strukturalistisk orienterte litteraturvitskapen, det ho kallar modernismeideologien, som òg var nådd fagmiljøet i Noreg (Moi 2006, 57).

Vildanden» (i *Edda* 1934, 327) «anfører Charles Darwin som en mulig kilde for Ibsens villandsymbol. Ibsen hadde vel sin viten om villender ganske enkelt fra sin far og sine brødre, som var ivrige jegere», slår ho avfeiande fast (260). Trass i at ho i litteraturlistene sine har oppført begge ovanfor nemnde verka, der Downs, på svært overtydande vis, drøftar dette emnet, vil ho ikkje gå med på at Ibsen skulle ha brukt Darwin som kjelde. Av ein eller annan grunn nemner ho ikkje Downs i denne drøftinga, berre Tennant, i motsetnad til seinare forskning som berre nemner Downs, ikkje Tennant.

Høst er avvisande i drøftinga av ein eventuell evolusjonsdiskurs i Ibsens verk, trass i at ein kan finna fleire innslag av diskursen i hennar eigne tekstar, m.a. gjeld det hennar essensialistisk prega framstillingar av kjønn. Ifølge Høst har «generalens maskuline oppdragelse» forkvakla «de kvinnelige sider av hennes [Heddas] vesen» som nødvendigvis kom «til å lide under det forhold at hun fra hun var liten hadde hatt faren som sitt eneste forbilde». «En fortrenningsmekanisme ble satt igang, som fikk Hedda Gabler til å bygge opp en mur omkring sitt kvinnelige følelsesliv» og «de fysiologisk betonte instinkter som etterhvert modnet seg i henne» (94). Høst meiner Ibsen bruker «rik hårvekst med den betydning den ofte har i folkemeningen, som tegn på et sterkt utviklet, kjønnsbestemt følelsesliv» (Høst 1958, 155). Eg kjem tilbake til evolusjonismens kjønnsframstillingar i neste kapittel.

Eg tar Høst med i denne oversikten som eksempel på ei eksplisitt avvising av å gå inn på evolusjonsdiskursen. Trass i at eg berre trekker fram det som i denne sammenhengen kan fortona seg som negativt, er eg ikkje ute etter å kritisera. Høsts bidrag er viktige, sjølv om ho har eit heilt anna perspektiv enn mitt eige. Ifølge Moi ville forskinga på 1950-talet ta Ibsens realisme i forsvar mot det ho kallar modernismeideologien, sidan dei var

bekymret for beskyldningen om at Ibsens realisme gjør ham så entydig ett med den perioden og de miljøene han beskriver, at han vil blekne og bli glemt når disse ikke lenger er historisk relevante [...] Som et resultat utviklet det seg i Norge på 1960- og 1970-tallet en merkverdig «åndelig» strømning i Ibsen-kritikken, en strømning som ville beskytte Ibsens status som en stor forfatter ved å understreke de evige, tidløse og tragiske aspektene ved verkene hans, i et desperat forsøk på å holde både de realistiske og de modernistiske ulvene fra livet. (Moi 2006, 57)

Kan det vera at fleire, så kort tid etter andre verdskrigen, hadde eit vel så stort behov for å fri verket frå samtidskonteksten og alt som kunne minna om nasjonalsosialismens pervertering av den «darwin-spencerske» diskursen? Høsts kjensleladde avvising av Tennants forsiktige

antydning om «Charles Darwin som en mulig kilde for Ibsens villandsymbol» kan gi det inntrykket.

David Rosengarten

Me har alt sett at fleire har peikt på darwinistiske element i *Fruen fra havet*. «Darwinian ideas are perhaps most conspicuously present in *The Lady from the Sea*», skriv Rem i oversikta si (165). Den grundigaste utforskinga av darwinistiske innslag i *Fruen fra havet* (1888) finn me i David Rosengartens artikkel «*The Lady from the Sea: Ibsen's Submerged Allegory*» frå 1977, der han argumenterer for at *Fruen fra havet* er eit stort kosmisk drama, der Ibsen «evokes our consciousness of the theme of evolution through the repeated use of the motif of change» (Rosengarten 1977, 465). Rosengarten viser til Stockholm-talen i det han argumenterer for at symbolikken i stykket kan samlast i ein underliggande allegori som

[...] is informed by teachings of Charles Darwin and Herbert Spencer. Ibsen was well-informed about the raging evolution controversy; indeed, within the speech already cited [Stockholmstalen sic] he declared, «I believe that the scientific doctrine of evolution is valid also in respect to the spiritual elements of life» – a comment suggesting recognition of Spencer's work as well as of Darwin's. (Rosengarten 1977, 464)

Deretter viser Rosengarten til Downs som skreiv at det er truleg at Ibsen las Darwin i Jacobsens omsettingar, før han, i resten av artikkelen, peiker på element som han tolkar i lys av evolusjonslæra.

Ifølge Rosengarten inkarnerer dei ulike karakterane i stykket evolusjonære idear (470): sjømannen er ein prehistorisk representant for livet på det tidlegaste stadiet av evolusjonen, og den moderne Dr. Wangel ein representant for det høgste, mest utvikla stadiet (464, 470). Dermed blir «havfrua» Ellidas konflikt ein kamp mellom fortid og framtid, der havfrua representerer regresjonen, medan det å kunna gå er «the latest evolutionary stage», òg sosialt og moralsk (468). Lyngstrand er derimot tydeleg «unfit in two modes of the allegory: the biological mode and the social mode. His frail constitution is the first hint of his inability to survive» (470).

Mange forskarar har kalla Ibsen pessimist, men Rosengarten er den einaste eg har sett som relaterer pessimismen eller Ibsens tekstar til teorien om entropi. Det gjer han i det han les stykkets slutt i lys av Spencers tru på at evolusjonsprosessen ein gong vil reversera, og at «all organisms would be caught in the ebb of dissolution» (Rosengarten 1977, 472). «The earth is seen as ultimately hurtling into the sun; finally, 'the universe ... must be subject to forces

sufficient to cause its complete disintegration'» (Spencer *First Principles*, 520, sitert i Rosengarten 1977, 472). Slutten av *Fruen fra havet* og Ellidas replikk om «The dark days ahead» tolkar Rosengarten i lys av entropi og oppløsning, som han kallar «this Spencerian concept» (472):

One function then of the allegory is to ruin the happy day at the end of Act V. Ibsen seems to be saying that Ellida's evolutionary choice (that is, in the allegory, the collective decision of the human race to hold to the prescribed evolutionary course), will ultimately result in entropy and death. Things may be temporarily sanguine in the Wangel household, but the cosmic drama that has just unfolded predicts the eventuality of chaos. One is reminded of the short-term optimism and long-range pessimism expressed in Ibsen's 1887 Stockholm speech. (Rosengarten 1977, 472)

Entropi eller varmedød blir ikkje trekt inn i tolkingane til Haakonsen, Rem, Ferguson og Tjønneland, derimot relaterer dei alle indirekte til humoralpatologien, i det dei hevdar at Ibsen har eit melankolsk syn på evolusjonen og lengten til havet (Haakonsen 1981, 212, Rem 2015, 165, Ferguson 1996, 349, Tjønneland 1998, 185–6). I tråd med Rosengartens analyse tolkar dei det å lengta til havet som det å lengta til eit tidlegare evolusjonært stadium, noko dei kallar melankolsk, eller tunglyndt. Under «Bakgrunn» til *Fruen fra havet* i HIS gjer Asbjørn Aarseth greie for fleire element i stykket som han ser i lys av samtidas vitskap, først og fremst psykologi og evolusjonslære (Häckel og Darwin), som han meiner Ibsen har frå Jacobsens omsetting av *On the Origin* (Aarseth 2009a). Fleire av desse har Rosengarten tidlegare peikt på, men Aarseth viser ikkje til Rosengarten her. Det gjer han derimot i *Ibsens samtidskuespill: en studie i glasskapets dramaturgi* (1999) samstundes som han poengterer at han sjølv er open for at teksten kan tolkast på ulike måtar (Aarseth 1999, 203).

Litteraturteoretiske tilnærmingar frå 1970–1990-talet

På 1970-talet, då Rosengarten skreiv denne artikkelen, var eit meir ideologikritisk litteratursyn i ferd med å gjera seg gjeldande i litteraturforskinga, der ein, ofte med eit marxistisk eller feministisk utgangspunkt, la vekt på at tekstane skulle synleggjera undertrykkingsmekanismene i samfunnet. Trass i at darwinismens biologiske forklaringar på kjønnsforskjellane fekk stor innverknad på korleis ein oppfatta kjønna i siste halvdel av 1800-talet, har dei feministiske Ibsen-forskarane, i likskap med feminismen elles, ikkje interessert seg for evolusjonismen. T.d. inneheld Joan Templetons *Ibsens Women* (1997) ingen tilvisingar til evolusjonisme, og Darwin, Häckel, Spencer og Stuart Mill blir berre nemnde i samband med Ibsens ytringar til Brandes (Templeton 1997, 122, 333). Men Templeton viser ofte til Ibsens liv og opplyser om moglege modellar for skodespelkarakterane.

Utover på 1900-talet har derimot svært mange lese Ibsen i lys av psykoanalytisk og psykologiserande teoriar (Aarseth 1999, 14). Ved eit par anledningar viste Freud òg til Ibsen-tekstar for å belysa teoriene sine. Ibsens skodespel, og særleg *Fruen fra havet*, eigna seg ypparleg som modell for den terapeutiske psykoanalytiske prosessen der ein gradvis nøstar opp og kastar lys over fortida. I Noreg var filosofen og psykologen Ingjald Nissen (1896–1977) den mest markante innanfor denne retninga, der ein analyserte samanhengen mellom forfattarens psyke og diktverka, på leit etter konfliktmønster forfattere kunne ha overført på rollefigurane sine (Rekdal 2004, 26). Seinare psykoanalytisk forskning har i større grad tolka tekstane som estetiske og sjølvstendige kunstverk, der ein har lagt meir vekt på å psykoanalysera rollefigurane. Anne Marie Rekdal er ein av representantane for denne tradisjonen; eg kjem tilbake til henne seinare i avhandlina. Trass i at Freud sjølv var evolusjonist og stod i gjeld til Darwin i den grad at hans psykoanalytiske teoriar har blitt kalla ein slags darwinistisk psykologi, er det likevel sjeldan at darwinismen eller annan historisk kontekst bli trekt inn i den psykoanalytiske litteraturforskinga.

Bjørn Hemmer

Bjørn Hemmer kjem inn på evolusjonisme i essaysamlinga *Ibsen og Bjørnson* frå 1978 der han skriv at Ibsen og Bjørnson alt på slutten av 1850-talet «erklærer seg som tilhengere av et evolusjonistisk syn på diktekunsten: Den måtte utvikles til stadig «høiere Fuldkommenhed» – som Ibsen uttrykker det» (Hemmer 1978, 31). Her viser Hemmer til Ibsens artikkel «Om Kjæmpevisen og dens Betydning for Kunstpoesien», som vel å merka blei skriven i 1857, to år før *On the Origin of Species*, så her har Hemmer evolusjonistiske idear i forkant av Darwin i tankane (sst.). Han viser til nye, evolusjonistiske tankar hos historikarane som vanka i Botten-Hansens Hollender-krets i lag med Ibsen, m.a. Ernst Sars, Ludvig Daae og Michael Birkeland, tankar som historikaren Ottar Dahl har skildra som eit skifte

i interesse-orientering i sammenheng med «det omfattende gjennombrudd av evolusjonistiske grunnsynsmåter som fant sted i 1850-60-årene». (Ottar Dahl: *Norsk historieforskning i 19. og 20. århundre* 1970, s. 37 sitert i Hemmer 1978, 43). (– Som jeg tidligere var inne på, synes det å gjøre seg gjeldende en tilsvarende evolusjonistisk oppfatning i Ibsens og Bjørnsons syn på dramaet.) Dette nye – mer evolusjonistiskpregede – historiesynet er ikke bare utviklet under innflytelse av positivismen og evolusjonismen (slik Ottar Dahl synes å mene. Han nevner Comte, Darwin, Spencer og en rekke historikere som gav Sars «positivistiske» og «evolusjonistiske» impulser) men har også forbindelse med den romantiske historiefilosofi som Johann Gottfried Herder (1744–1803) representerer. (Hemmer 1978, 43)

Dette historiesynet «oppfatter historiens forløp og utvikling som typisk *organisk*», underlagt allmenne lover på same måte som naturvitskapen, som braut gjennom i Noreg først på 1850-

og -60-talet (sst.). Dette skiftet i synet på norgeshistoria skjer på den tida «da Ibsen og Bjørnson stod fram som diktere og søkte å legge grunnlaget for en ny nasjonal diktning», og det «ser altså ut til å ha hatt vesentlig betydning for Ibsen og Bjørnson», sjølv om Hemmer tar atterhald om at me ikkje veit sikkert om dei blei påverka av historikarane (45). «Sannsynligvis er både de og historikerne influert av tendensene i samtiden, bl.a. den nevnte evolusjonismen. Men vi vet at Ibsen, Sars, Daae og Birkeland møttes i *Hollender-kretsen*», skriv Hemmer før han legg til at Ibsen i 1863 viser til ein artikkel av Sars som handlar om Noreg under dansketida (Hemmer 1978, 45–46).

Denne tråden har eg ikkje sett nokon av dei andre Ibsen-forskarane plukka opp etter Hemmer. Utan å visa til Hemmer eller andre støttar Errol Durbach likevel funn av darwinisme tidlegare i forfattarskapen enn det som er vanleg, i det han finn darwinistisk påverknad alt i *Peer Gynt* (1867). I artikkelen «The Modernist Malaise; *Nichts og ingenting* at the Core of Ibsen's Onion» frå 1994 trekker Durbach ei linje frå *Peer Gynt* til darwinismen:

Another casualty of Ibsen's modernity is the Romantic definition of Self as infinite possibility, an abstract Idea of our imperishable fantasies and hopes. In *Peer Gynt*, Hegel's dream of the perfectibility of Spirit encounters Darwinism which sets physiological limits to unlimited potential, defines man as evolutionary matter instead of pre-existing essence, and reveals a dreadful bestiality beneath the skin. (Durbach 1994, 110–111)

Noko vidare utdjuping eller presisering kjem han derimot ikkje med.

Det ser ut til at Hemmer sjølv òg lar tråden om Ibsens evolusjonisme ligga, for i den seinare *Ibsen: Kunstnerens vei*, frå 2003, der Hemmer m.a. tar til motmæle mot fleire av dei teoribaserte Ibsen-tolkingane som kom i kjølvatnet av den poststrukturalistiske vendinga på slutten av 1900-talet, finn ein ingen tilvisingar til Darwin eller andre evolusjonistar i gjennomgangen av forfattarskapen, verken når det gjeld dei tidlege, nasjonalromantiske eller i dei seinare stykka. I kapittelet «Academic Responses» i *Ibsen in Context* omtalar Bjerck Hagen Hemmer og Haakonsen som nokre av dei mest «influential practitioners» av den idealistiske tradisjonen innan Ibsen-forskinga. Sjølv om retninga var mest markant i perioden 1945–1990, vil ho, ifølge Bjerck Hagen, «remain alive as long as there are readers with a heightened sense of the spiritual value of art and an ahistorical approach to the assumed essential meaning of literary work» (2021, 228).

Jørgen Haugan

Mot slutten av 1970-talet kan me sjå at litteraturforskinga aukar merksemda på retorikken. I 1977 publiserte Jørgen Haugan doktoravhandlinga *Henrik Ibsens metode* som er inspirert av den danske litteraturforskarer Aage Henriksen. Ifølge Haugan var Henriksen den første som braut med den idealistiske måten å lesa Ibsen på, ein lese måte som Haugan hevdar har halde stand heilt fram til i dag (Haugan 2014, 578 og 2021, 174–5). Med sin «mistankens hermeneutikk» starta Henriksen «en ny tidsregning i Ibsen-forskningen» (sst.) ved å ta til orde for at ein måtte vera skeptisk til å tolka replikkane bokstavleg, fordi dei inneheldt det han kalla dobbeltmotiverte utsegn. Slik framheva Henriksen det tvitydige hos Ibsen, kombinert med eit sterkt fokus på seksuelle bevisste og ubevisste motiv, noko Haugan har halde fram med, m.a. i *Dommedag og djevlepakt. Henrik Ibsens forfatterskap fullt og helt* (2014). Ifølge Haugan, som meiner at det danske perspektivet står friare overfor tekstane enn den norske Ibsen-forskinga, som er prega av ærefrykt for nasjonalheilagdomen Ibsen (2014, 582), er det f.o.m. *Gengangere* ingen av Ibsens karakterar som «forsøger at være ærlig» (2021, 169).

Sjølv om Haugan understreker kor viktig «den kontekst, værket er blevet til i», er i forskarens hermeneutiske «dialog med værket» (2021, 170), trekker han sjølv i liten grad inn samtidskonteksten (2014). Han hevdar derimot at den norske Ibsen-forskinga på tvers av ulike retningar og skular, har stivna «i det brandesianske syn på Ibsen som kulturradikal idealist». «Man tager helt bogstaveligt de fiktive personer på ordet, så længe de taler det politisk korrekte, radikalt accepterede sprog» (Haugan 2021, 174). Dette meiner han dansk forskning, ved Erik Christensens «Why should Brandes sabotage Ibsen in Germany» (1985), har avslørt for lenge sidan (Haugan 2021, 174).

Dei siste tiåra av 1900-talet blei strukturalistiske og poststrukturalistiske teoriar dominerande i litteraturstudia, og dette førte med seg ei meir tekstintern og teoretiserande teksttilnærming. Også i Ibsen-forskinga blei forfatterskapens idéhistoriske kontekst som oftast vigd lita merksemd, medan ein var meir opptatt av retoriske analysar og teksten som eit autonomt og komplekst språkkunstverk. Med unntak av Asbjørn Aarseth, Eivind Tjønneland, Erik Østerud, Atle Kittang og Frode Helland avtok forskinga på Ibsens forfatterskap i Noreg i denne perioden.

Meyer og Ferguson

I åra 1967–1971 publiserte Michael Meyer sin trebindssterke *Ibsen: A Biography*, omsett til norsk i 1971 (med nye opplag i 1995 og 2006). Sjølv om biografien er omfangsrik, inneheld han berre nokre få tilvisingar til Darwin. Ein gong viser han til Bull: «Francis Bull (1932) has suggested that Ibsen, in choosing the theme of his new play, may have been influenced by Darwin's account of how wild ducks degenerate in captivity from *The Variation of Animals and Plants under Domestication*», skriv Meyer om villanda som han meiner symboliserer det å leva som tamd og nøgd med korga: Som Hedvig er villanden «et biprodukt av grosserer Werles jaktiver» som «han har kastet fra seg og som familien Ekdal nå tar seg av», samstundes som ho representerer «de fleste dypt sårede menneskers manglende evne til å se virkeligheten i øynene og likevel leve videre» (Meyer 1995, 545). Og elles hevdar han at «*Kejser og Galilæer* med parolen om 'et tredje rike' var like karakteristisk for tiden som Darwins *Artenes opprinnelse*, Renans *Jesu liv* og *Kapitalen* av Karl Marx» (386).

Henrik Ibsen. Mellom evne og higen (1996) av Robert Ferguson er den biografien som i størst grad relaterer forfattarskapen til Darwin: «I det stadige fraværet av Gud hadde Ibsen dyrket Darwin, med et åndelig behov for den følelsen av biologisk determinisme som tillot ham å erstatte arvesynden med en like uopprettelig Genetisk Arv», skriv Ferguson (1996, 334) og finn deterministiske personskildringar både i *Et dukkehjem*, *Rosmersholm* og *Gengangere*. Han hevdar Ibsen var sterkt inspirert av Häckels «biologiske darwinisme» (Ferguson 1996, 346) og at me kan finna igjen Häckels antydning om at menneska hadde utvikla seg frå fiskane både i *Fruen fra havet* og når Brendel i *Rosmersholm* kallar Rebekka «min tiltrækkende havfrue» (349). I tillegg viser han til ein samtale med Henrik Jæger i 1887, der Ibsen samanlikna menneske med rumpetroll.¹⁵¹ Det er dette sitatet det blir vist til dei få gongene *Rosmersholm* blir nemnt i samband med Ibsens evolusjonisme – i oversiktskapittelet nemner Rem at Zwart gjer det (Rem 2014, 164), og eg skal komma tilbake til dette sitatet i min eigen analyse. Det pussige er måten Ferguson presenterer dette på: «Noe han fortalte Jæger om *Rosmersholm* viser at han virkelig strevde for å få taket på denne evolusjonsteorien», skriv Ferguson (349), som for å skapa inntrykket av at Ibsen aldri klarte forstå denne teorien. Denne manøveren har verken hald i Jægers notat eller i andre ytringar frå

¹⁵¹ «Ibsen sammenlignede i aften folkene hjemme med rumpetrold; de bliver engang fuldt udviklede frøer, men endnu har de den sorte hale hængende efter sig, og deres sorte hale som de seiler afsted og svandser med, er forældede ideer, som de skal have lang tid for at blive kvit. Det er noget tilsvarende, han har tænkt paa med de hvide heste i *Rosmersholm*» (Midtbøe 1960, 152, referert i Ferguson 1996, 349).

Ibsens side. Kan hende støttar Ferguson seg her på Heibergs anekdote frå Jakobsen og Ibsens svir i Roma – uansett legg Ferguson noko til i framstillinga som verkar direkte misvisande.

Ei liknande upåliteleg formidling kan me finna når det gjeld *Fruen fra havet*: Ifølge Ferguson var stykket eit forsøk på «å føre denne tanken et skritt vidare, å få til et sammenfall mellom similen og det som ble sammenlignet og tvinge frem en syntese mellom symbol og virkelighet. Ideen kan bare kalles mystisk, for som filosofi var den uklar til grensen av det meningsløse» (348). Vidare skriv Ferguson: «De uvante tankene om havet og evolusjonen som skjuler seg bak *Fruen fra havet*, viser at Ibsen, som alltid, forsøkte å være på høyde med og til og med ligge foran tiden» (352). I tillegg hadde han og Suzannah «en felles interesse av fenomener i grenselandet mellom psykologi og spiritualisme» og var m.a. opptatt av hypnose (sst.). Sjølv om Ferguson har rett når det gjeld ekteparet Ibsens interesse for det mystiske, er ikkje ideen om menneskas evolusjonære utgangspunkt i havet mystisk.

Om prosessen med *Brand* skriv Ferguson:

Ibsen hadde kanskje mistet troen, men den sosiale betrakteren i ham så at det var en ny tid som demret i den sensasjonelle suksessen til Darwins *Artenes opprinnelse*. Han fornemmet det kommende oppgjøret med Gud fra Nietzsche, Rutherford, Freud og andre. (Ferguson 1996, 137)

Sitatet kan gi inntrykk av at han meiner Ibsen kjente til *Artenes opprinnelse* då han i 1865–66 skreiv *Brand*, sjølv om måten han uttrykker det på, òg kan bety at Ibsen gjennom sine sosiale observasjonar oppfatta den nye tida som demra.

Ferguson legg vekt på dei same elementa som Koht, og ingen av dei relaterer dei seinare stykka til darwinismen. Utan å gå nærare inn på det hevdar Ferguson at «*Hedda Gabler* markerte slutten på Ibsens lange og ivrige beskjeftigelse med determinismen som erstatning for arvesynden, og mysteriet med Heddas lidenskapelige, hemmede, voldsomme og opprørske karakter får lov til å forbli et mysterium» (366). Ferguson held fram:

Det må ha skjedd noe med Ibsen som gjorde ham i stand til å skrive et stykke som verken brukte Gud eller arvelighetsteorien som meningsryggrad. Som moderne dramatiker hadde han operert i det filosofiske feltet som lå igjen etter Darwins oppdagelser, og ivret for å fylle dette feltet – dette tomrommet – med deterministiske adferdsteorier og en karakterpsykologi som var avledet fra Taine. Den viktigste innflytelsen som opphevet også behovet for denne erstatningen, var den nye psykologien til yngre menn som Strindberg, Nietzsche og Hamsun. (367)

Det er ikkje ofte *Hedda Gabler* blir nemnt i samband med darwinismen hos Ibsen, noko som er rart, sidan forarbeida til stykket inneheld mange tydeleg evolusjonistiske ytringar, m.a. om

kjønn, som eg skal komma tilbake til seinare. Tjønneland peiker på at me i stykket finn mønsteret «strong woman and a weak man», samstundes som han skriv at desse darwinistiske allusjonane er heller usikre (1998, 84). Og ifølge Rem var Ibsens sosiale og kulturelle kontekst «radically reconditioned by Darwin's theories. The stress on environment and inheritance rather than God, and, perhaps most clearly in a play such as *Hedda Gabler*, of chance and random developments, are likely evidence of this situation» (Rem 2014, 166). Men trass i Fergusons relativt lemfeldige påstandar skal me sjå at han likevel skal få mykje av æra for å snu fokuset på Ibsen og darwinisme.

1997–2021

Ross Shideler

Med titlar som «The Absent Authority: From Darwin to Nora and Julie» (1988), «Darwin, weak men, strong women and Ibsen's Pillars of Society» (1997) og *Questioning the Father: From Darwin to Zola, Ibsen, Strindberg, and Hardy* (1999) var Ross Shideler ein av dei som på tampen av siste tusenår relaterte Darwin til Ibsen. Shideler peiker på den sosiale betydninga av Spencer og Darwins teori om «survival of the fittest», at Darwin og teoriene hans i løpet av 1870-talet blei «common knowledge», og at 1800-talets romanar og skodespel deltok i den offentlege debatten om familien og dei «naturlege» og unaturlege kvinnerollene (Shideler 1999, 89). Shideler viser til at Brandes i 1872 refererte til Darwin i første bind av *Hovedstrømninger i det 19de Aarhundredes Litteratur*, og Shideler viser òg til J.P. Jacobsens Darwin-tekstar og til Downs som fortel om møtet mellom Ibsen og Jacobsen i Roma (1997, 256). Ifølge Shideler var «the Darwinian restructuring of once unquestionable biological and cultural differences, particularly in relation to the male and female, [...] what authors like Ibsen and Strindberg, both preoccupied with absent and present authority, write about» (Shideler 1999, 24–25). Shideler meiner Ibsen såg «tendencies toward emancipation all around him, and his plays reflect the tension between the public effort to sustain an idealized 'holy family' and realities of the latter half of the nineteenth century» (Shideler 1999, 62–3).

Shideler tar føre seg *Samfundets støtter*, *Et dukkehjem*, *Gengangere* og *Hedda Gabler* i lys av darwinismen. Han ser *Samfundets støtter* som eit feministisk stykke, der kvinnene «possess the strength and morality that men lack» (1999, 71).

In *Pillars of Society*, within the context of a Darwinian world and morality, we see a patriarchal family in a crisis caused by the presence of an independent woman. The unstable family structure dramatized by Ibsen relies on the subtext of a biocentered world, one in which

the father and the authority built into the father's name are being displaced. Darwin wrote the plot for that subtext. (243)

Ifølge Shideler gir *Samfundets støtter* (1877) unik innsikt i den historiske konteksten som blanda ideane til Darwin med dei til kvinnerørsla for å skapa motstanden mot patriarkatet:

By undermining the divine father, Darwin weakened a significant premise of the patriarchal chain of being which located women lower on the scale than men. Although he did not intend this effect, Darwin's «biocentric» vision – a view of life itself as the central fact of being – reinforced women's claims for independence and social equality. (Shideler 1997, 242)

Shideler peiker på at mange av Ibsens drama viser svake menn og kvinner som utfordrar patriarkatet, to tema han meiner

often intertwine with Darwin's questioning of the Divine Patriarch. In essence, Ibsen's representations of the father and the bourgeois family function at least partially as a trope for Darwin's undermining of the Christian patriarchy [...] With the publication of *The Descent of Man* in 1871, Darwin's almost commonplace assumption of the human male's superiority over the female becomes explicit: although possessing certain virtues, she is limited by faculties «characteristic of the lower races». But it was Darwin's threat to religion that troubled his readers, not his attitudes about women and other races. (242–43)

Samstundes som Darwin hevda at kvinnene var mindre utvikla enn mannen, meiner Shideler han var med på å bryta ned patriarkatet og bildet av den omnipotente faderguden, og på den måten styrkte han likevel kvinnerolla. Shideler legg større vekt på avvisinga av Gud enn på evolusjonismens kjønnsforståing – ei prioritering som er i strid med mine egne funn. Sjølv om Shideler gjer eit viktig arbeid ved å lese Ibsen i lys av Darwin, kan det sjå ut som om han trer ei moderne forståingsramme ned over stykka når han jamfører oppgjeret med Gud med oppgjeret med patriarkatet. Konsekvensen er at han dermed ikkje blir i stand til å sjå at Ibsens stykke slett ikkje var fri for dei meir problematiske sidene ved evolusjonismens kjønnsforståing.

Aarseth og Tjønneland

Rundt årtusenskiftet kan ein òg i Noreg sjå ei aukande interesse for å undersøka litteraturen i lys av dei tilhøva han blei til i. Aarseth og Tjønneland har lese Ibsen i relasjon til den evolusjonistiske konteksten, og i 1999 peika Aarseth på at temaet kultivering av dyr i *En folkefiende* har

en viss likhet med enkelte teorier som stammer fra Charles Darwin, spesielt hans hovedverk *On the Origin of Species*, som var blitt oversatt til dansk av J.P. Jacobsen i 1872. Det er liten tvil om at Ibsen kjente en del av Darwins teorier gjennom dette arbeidet, som var mye diskutert i 1870- og 1880-årene. (Aarseth 1999, 111)

Og 10 år seinare er Aarseth blitt endå sikrare:

At Ibsen også forsøkte å følge med i samtidens naturvitenskapelige teorier og forskningsresultater, og ønsket å gjøre bruk av dem i sine skuespill, er det en del eksempler på, blant annet i *Vildanden*, hvor vi kan se at han har satt seg inn i deler av Charles Darwins utviklingsteori (jf. innledningen til *Vildanden*, under Bakgrunn). Også når det gjelder *Fruen fra havet*, kan Darwins hovedverk *On the Origin of Species by Means of Natural Selection* (1859) – i J.P. Jacobsens danske oversettelse fra 1872 – føres opp blant kildene. (Aarseth 2009a)

Ifølge Aarseth heng utvalet av dyr på mørkeloftet saman med at Ibsen hadde lese Jacobsens omsetting av *On the Origin* som inneheld liknande passasjar i første kapittel (Aarseth 2005, 6–7).

Tjønneland er derimot usikker på om Ibsen las Jacobsens omsetting: Sjølv om Ibsen trefte Jacobsen i Roma, og sette pris på diktinga hans, er det få sikre kjelder på at Ibsen var påverka av Jacobsens tankar omkring evolusjonismen (Tjønneland 1998). Aarseth viser òg til Tjønneland (1998) som nemner Stockmanns tale om foredling av hunderasar, «men ikke finner det bevist at det er Jacobsen som har formidlet dette Darwin-innslaget i skuespillet» (Aarseth 1999, 111). Det same gjeld utvalet av dyr på mørkeloftet i *Vildanden* (Aarseth 1999, 128): «Eivind Tjønneland finner det ikke klart bevist at det i Ibsens diktning finnes nedslag av Darwin som er formidlet av J.P. Jacobsen». Med fare for å verka like repeterande som tidlegare forskning er når det gjeld å peika på evolusjonistiske innslag hos Ibsen, vil eg likevel sitera Aarseth som meiner det ikkje kan

være tvil om at utvalget av dyr på familien Ekdals loftsrom indikerer kjennskap til Darwins *On the Origin of Species*, som Ibsen trolig bare har kjent i Jacobsens danske oversettelse, selv om verket også forelå i en mindre kjent norsk utgave ved Ingebret Suleng (Høvik 1872), og i flere tyske utgaver (jfr. Tjønneland, 1998/99, 54–56). (Aarseth 1999, 128)

Her kan det sjå ut som om Aarseth meiner *On the Origin of Species* kom i norsk omsetting alt i 1872. Det same hevdar Tjønneland i eit intervju med tidsskriftet *Videnskab.dk* (Nordal 2009). Men det stemmer ikkje. Ingebret Suleng fekk oppdraget i 1888, og i 1889–90 blei omsettinga publisert og møtt med stor merksemd og «begeistring på mange hold» (Hessen og Lie 2002, 199). At Ibsen truleg berre kjente til Jacobsens omsetting, slik Aarseth skriv, held eg, som tidlegare vist, for svært lite sannsynleg.

Aarseth trekker òg inn Downs som i sin analyse av *Vildanden* (1950) viser til at dyra på mørkeloftet er dei same som i *Variation of Animals and Plants under Domestication II* (1868), men sidan verket ikkje var omsett til dansk, meiner Aarseth det «neppe har vært kjent

av Ibsen» (Aarseth 1999, 128, jf. Aarseth 2005, 6). Til tysk blei boka derimot omsett same året som ho kom ut, dvs. i 1868, under tittelen *Das Variiren der Thiere und Pflanzen im Zustande der Domestication*, men Aarseth ser heilt bort frå at Ibsen, som same året flytte til Tyskland og budde der dei neste tolv åra, fekk kjennskap til boka der.

I 2010 skreiv Tjønneland at innverknaden den lamarckistiske darwinismen hadde på 1880-talslitteraturen, er «a fact almost totally ignored in Norwegian literary history», og peiker på at *Gengangere* «can also be understood within this paradigm, as indeed Brandes suggests in his review of Ibsen's play» (Tjønneland 2010, 115). Men darwinistiske innslag i Ibsens forfatterskap er, ifølge Tjønneland, framleis lite utforska:

To a large extent, Ibsen scholars have tended to explain the power of posterity on [sic] the dramatic characters and the resulting pessimism in psychoanalytic terms, by means of the compulsion to repeat in a Freudian sense. By contrast the evolutionary theories current at Ibsen's time have been neglected, such as in the research on *Ghosts*. (Tjønneland 2010, 116–117)¹⁵²

Han meiner likevel det er velkjent at Ibsen var påverka av Darwins idear, sjølv om bruken hans var «highly eclectic and poetic», t.d. Dr. Rank og Dr. Stockmann «clearly advocate Darwinian ideas» (Tjønneland 2010, 115). Men ifølge Tjønneland er presisjonsnivået lågt når Ibsen ytrar seg om evolusjonen (1998, 181–82). Arvetematikken i *Gengangere* og i *Rosmersholm* passar godt i eit evolusjonært perspektiv, og i *Fruen fra havet* tok Ibsen, ifølge Tjønneland, «the full step towards an adaptation of Darwin: All life began in the sea, and therefore some human beings still have a yearning towards their origin» (Tjønneland 2010, 115).

Mi eiga gransking av norsk litteraturhistorieskriving strid imot Tjønnelands påstand om at darwinismens innverknad på 1880-talslitteraturen «nesten er totalt ignorert». Derimot passar det betre på 1890-talslitteraturen, noko som truleg heng saman med at darwinismen i litteraturen blir kopla til Brandes og det moderne gjennombrotet, som Brandes på 1890-talet sjølv distanserte seg frå. Dette har truleg medverka til å skapa eit inntrykk av at forfatarane ikkje lenger var opptatt av darwinismen då me runda 1890-talet, sjølv om eg finn mange eksempel, både i litteraturen og i 1890-talskonteksten, som viser at evolusjonismen levde i beste velgåande, trass i at Darwin var død og Brandes hadde funne nye inspirasjonskjelder. Dette trur eg òg er ein av grunnane til at dei forskarane som har vore opptatt av evolusjonisme

¹⁵² 'Posterity' tyder 'kommande generasjonar'. Eg trur Tjønneland her likevel meiner fortidas makt over karakterane.

i Ibsens forfatterskap, har vore mindre opptatt av stykka han skreiv på 1890-talet. I staden har mange peikt på den moglege Nietzsche-inspirasjonen i 90-talsstykkka, mest i *Hedda Gabler*, *Bygmester Solness* og *John Gabriel Borkman*, men som eg skal visa, levde evolusjonsdiskursen i beste velgåande både i Nietzsches og Brandes' forfatterskap, og langt inn på 1900-talet.

I 2022 kom Tjønneland med boka *Abnorme kvinner. Henrik Ibsen og dekadansen* (2022) som relaterer Ibsen til dekadanseomgepet. I den samanhengen skriv han at «abnorme» kvinner i åra 1890–96 blei assosiert med

det umoralske og kriminelle, hysteri og psykisk patologi, utagerende seksualitet, atavisme, det dyriske, det følelsesstyrte, det degenererte, det 'ville', 'primitive' og orientalske raser, anarkister og bohemer. Den abnorme kvinne hadde ofte en destruktiv innflytelse på mannen. Alle disse assosiasjonene var mer eller mindre knyttet til dekadansen. (2022, 23)

Boka inneheld ingen verkanalysar eller nylesingar, bortsett frå at Tjønneland her trekker inn degenerasjon i samband med følgande oppteikning til *Hedda Gabler*: «Hedda: Husk på at jeg er et gammelmandsbarn – og dertil en udlevet mands – eller en affældig da – Det har kanskje sat sine mærker» (HU XI, 515) som ifølge Tjønneland viser «at Ibsen også hadde arvelig degenerasjon i tankene når det gjaldt tittelrollen» (2022, 74).

Vill–tam

Blant dei forskarane som i seinare tid har tatt føre seg Ibsen og evolusjonismen, har fleire lagt vekt på tematiske motsetningspar som «vill–tam» og «dyr–menneske». Både Tjønneland og Aarseth tar føre seg korleis opposisjonen *vill–tam* går igjen hos Ibsen, og korleis han bruker den til å seia noko om mennesket. Ifølge Aarseth er det ville hos Ibsen det autentiske og frie:

Han har funnet plass til en implisitt moralfilosofisk evaluering av overgangen fra vill til tam tilstand, fra naturlig til kunstig eksistens, fra frihet til fengsel. I den sammenhengen blir det ville, naturlige og frie opplevd som autentisk liv, mens det tamme og ufrie blir stemplet som annenrangs. (Aarseth 1999, 128)

Tjønneland deler i stor grad same oppfatning, men hevdar at Ibsens bruk av dikotomien står i motsetning til Darwin. Ifølge Tjønneland viser Ibsen ei negativ haldning til temjing som ein form for degenerasjon, bortsett frå i *En folkefiende*, der han plutseleg gjer ei heilomvending og framstiller det kultiverte og tamde som positivt samanlikna med det ville. Tjønneland tolkar m.a.o. Thomas Stockmann som talerøyr for forfattaren sjølv. «Her bliver de domesticerede, 'civiliserede' dyrearter foretrukket. Dette er rå socialdarwinisme», konkluderer han i intervjuet med *Videnskab.dk* (Nordal 2009). Tjønneland finn òg eit Darwin-

nedslag i *Når vi døde vågner*, men nå meiner han Ibsen igjen har gått tilbake til det gamle synet om at vill er bra og tam er dårleg (1998, 186). Rem gjentar Tjønnelands og Aarseths standpunkt når han skriv at Ibsen i *En folkefiende* framstiller det tamde som meir positivt enn i andre spel der det framstår som negativt samanlikna med det ville, og at Thomas Stockmanns meiningar ligg tett på «a version of Social Darwinism» (Rem 2014, 162–3). Kirsten Shepherd-Barr gjentar òg Tjønnelands syn i boka *Theatre and Evolution from Ibsen to Beckett* (2015).

Også Aarseth viser til Tjønnelands påpeiking av Darwin-nedslaget i *Når vi døde vågner*: at Rubek lagar portrett av menneske med dyretrekk, og at det er snakk om trekk frå husdyr, ikkje ville dyr. Dei tamme er nemleg forkvakla, noko som er ein effekt av domestiseringa (Aarseth 1999, 350). I artikkelen «Ibsen and Darwin: A Reading of *The Wild Duck*» frå 2005 slår Aarseth fast at «Darwin finds an astonishing variety and interest in domesticated species; for Ibsen domestication means degeneration» (7). I tråd med Tjønneland og Aarseth omtalar Rachel Price i artikkelen «Animal, Magnetism, Theatricality in Ibsen's 'The Wild Duck'» frå 2006 kjæledyra hos Ibsen som «part and parcel of a cult of deformed and deforming domesticity», som ho meiner er «a constant in Ibsen's plays» (Price 2006, 805). I delkapittelet om eugenikk, i analysen av *Lille Eyolf*, drøftar eg kva rolle temjing spelar hos Ibsen, og om det alltid kan knytast til degenerasjon.

Eit nytt og nytenkande bidrag til denne forskinga er Lisbeth P. Wærps artikkel «The Struggle for Existence. Ibsen's *The Wild Duck*» frå 2020, der Wærp skriv at «the symbolism of the wild duck is clearly influenced by Darwin» – anten det er frå *Variations of Animals and Plants under Domestication* eller frå *On the Origin*, noko ho held for meir sannsynleg (1). Wærp fortel at forskingslitteraturen (dvs. Tjønneland 1998, Zwart 2000, Aarseth 2005, Shepherd-Barr 2015 og i meir moderert form Rem 2014) har poengtert at medan temjing hos Darwin leier til variasjon, framstiller Ibsen i *Vildanden* temjing som degenerasjon: Anda blir symbolet på svakheit, temjing, degenerasjon og inautentisk liv (Høst 1967, Aarseth 1999, 2005, Tjønneland 1993, 1998, Zwart 2000, Shepherd-Barr 2015). Sjølv om Wærp er einig i at «Ibsen clearly toys with and exploits» «that domestication implies degeneration towards inauthentic life» (12), meiner ho ei slik talking speglar verdiane til idealisten Greger:

we see that the hierarchy of values upon which the prevailing interpretation of the loft symbolism is based—wild nature as freedom and authenticity; town, the indoors and tameness/domesticated existence as confinement and inauthenticity—reiterates the idealist Greger's understanding. (8)

Wærp meiner derimot at Ibsen, som Darwin, behandlar domestisering verdinøytralt, og framhevar at anda blir favorisert. I motsetnad til dei andre dyra på loftet slepp ho å bli jakta på, og slik blir loftet

an image of what Darwin calls the struggle for existence between the favored and the not favored, in order to allow the cast of characters to be reflected in it [...] it applies both to the weak as well as to the strong, and the metaphor itself does not exalt freedom and authenticity—what we are confronted with is a value-neutral image of existential struggle under different prevailing conditions for the domesticated. (Wærp 2020, 2)

Ifølge Wærp representerer loftet eksistensen og kampen for tilværet både for dei favoriserte og dei som ikkje er det (14), og hovudtrekket ved loftmetaforen er at kampen står mellom alle domestiserte dyra, men dei som er favoriserte, har større sjanse for å overleva enn dei som ikkje er favoriserte (11) (jf. undertittelen på *The Origin of Species: the Preservation of Favoured Races in the Struggle For Life*), noko som blir spegla i lagnaden til fam. Werle og fam. Ekdahl. Wærp peiker på at Hjalmar bruker ordet ‘begunstiget’ om Werle, det same ordet Jacobsen bruker i Darwin-omsettinga si (Wærp 2020, 18). Likeins meiner ho dyremetaforikken i stykket – det at Werle blir omtala som ein bukk, og at Gregers samanliknar seg sjølv med ein hund, medan dr. Relling kallar Ekdahl ‘fe’ – forsterkar dette (Wærp 2020, 26–27). Utan å påstå at Ibsen var klar over det, peiker Wærp på at dette òg passar med Nietzsches idé om overmennesket, det robuste samvitet og herre–slave-moralen som ho meiner har fellestrekk med Darwins seleksjonsteori i det at dei begge «deal with strength and selection by way of specific qualities» (Wærp 2020, 16, 28). Ho peiker på at det i notata til stykket står at «Christianity demoralises and restrains both men and women in different ways» (Wærp 2020, 16).

Eg er einig med Wærp i at det ikkje berre er symbolet villanda, men heile stykket, med familien Werle vs. familien Ekdahl i spissen, som isceneset kampen for tilværet. Det er først og fremst familiane stykket handlar om, og Wærp tolkar ikkje fridom og autentisitet, som ho finn representert i familien Werle, som hovudverdiane i stykket, men held fram at stykket er meir ei undersøking enn ei vurdering: «Ibsen’s moral-philosophical analysis is an investigation rather than an evaluation». Eg trur dette gjeld fleire av stykka hans.

Wærp meiner Mois fokusering på det kvardagslege kastar nytt lys over fleire av stykka, men presiserer likevel at *Vildanden* ikkje først og fremst tematiserer kvardagslivet, men derimot kontrasten mellom dei to familianes kvardag, for å framheva forskjellane og dei ulike vilkåra dei har i kampen for å overleva (6).

Fleire har lurt på om Ibsen har lagt ein Darwin-allusjon i munnen på «den tynnhårede» mannen i første akt av *Vildanden* når han lar han seia: «Herre Gud, når det kommer til kampen for tilværelsen, så». Rem seier seg einig med Bent Tollefsen, som i «Darwin og *Vildanden*», skriv at Hjalmar ikkje kan vinna i kampen for tilværet, og at det er naturen som går av med sigeren i stykket; dei sterke overlever, dei svake døyr (Tollefsen 1999, 54–57, sitert i Rem 2014, 164). «Nature has no sense of justice» (Rem 2014, 164).

Dyr–menneske

Rem tar òg opp at ein hos Ibsen generelt finn «a concern with animality» – kanskje mest openbert i *Vildanden*, og han viser til Aarseth når han skriv at sjølv om dyrebilde ikkje er ei post-darwinsk oppfinning, fekk dei ny kontekst etter Darwin: «It may also be the case, as Aarseth has argued, that Darwin’s work encouraged ‘the tendency in the art of literature towards a metaphoric connection between the human and the animal’» (Aarseth 2005, 2 i Rem 2014, 164). Rem viser til Rachel Price’s «Animal, Magnetism, Theatricality in Ibsen’s *The Wild Duck*» som peiker på «a striking number of characters who are strongly associated with a particular animal, among others the squirrel Nora [...] the ‘beast of prey’ Rebecca West, the mermaid Ellida [...], the Rat-Wife [...], and the Bear Hunter (*When We Dead Awaken*)», men mest av alt i *Vildanden* (Rem 2014, 164). Price nemner òg Maja, som ho kallar spegelen til bjørnejegeren Ulfhejm, og «the animal-mask sculptures (or their inspiration, Irene)» (Price 2006, 805). Med utgangspunkt i villanda kallar Price desse Ibsen-karakterane «‘becoming-human’- or ‘becoming-animal’-» karakterar (sst.), ei skildring som Price ikkje nemner, impliserer eit evolusjonsperspektiv som vektlegg karakteranes utviklingsprosess i overgangen mellom dyr og menneske. Eg noterer meg òg at alle Price tar med i denne «becoming-human»-samanhengen, bortsett frå bjørnejegeren og Gregers, er kvinner. Ho relaterer òg Hedvigs og Gregers’ identifikasjon med høvesvis villanda og hunden som dykkar etter ender, til 1800-tallskonteksten: «the fact that both Hedvig and Gregers identify with animals and with each other *via* these animals is oddly resonant with nineteenth-century speculations that animal telepathy had a vestigial corollary in people». Her viser ho m.a. til Freud som skreiv at han mistenkte at «psychical transference [...] is the original, archaic method of communication between individuals» (809). Ifølge Price heng desse tankane saman med førestillinga om at ein kan kontrollera andres sinn, som ho meiner pregar heile Ibsens oeuvre:

speculations on the persistence of some animal mode of communication echo widely held associations during the period between unseen forms of communication, sympathetic magic, and the possible control of others' minds—the latter, as it happens, a constant throughout the Ibsen oeuvre. [...] This, then, is the background for the more overtly politicized, less cryptic animal magnetism at work in much of Ibsen's plays, and certainly in Gregers's influence on Hedvig. (810)

Ho viser til Aarseth's artikkel «on Darwin's possible influence on Ibsen» der han peiker på at

«animal symbolism» frequently feeds Ibsen's satire, and that «somehow the physical resemblances perceived between human beings and certain animals of the higher order must have attracted [Ibsen's] creative imagination,» but he does not go on to explore the aesthetic or ethical questions Ibsen is able to address through attention to animals. (813)

Sjølv let Price vera å relatera tematikken dyr – menneske til 1800-talets evolusjonistiske diskurs, trass i at fleire av elementa ho påpeiker, openbert er del av den.

I samband med emnet *menneske–dyr* hos Ibsen viser Rem òg til artikkelen «The Birth of a Research Animal: Ibsen's *The Wild Duck*» frå 2000 der H.A.E. Zwart koplar utforskinga av dyr–menneske-interaksjonen i *Vildanden* til samtidige idear knytt til ein på den tida ny praksis som gjaldt laboratorieforsøk på dyr i vitskapen (Zwart 2000, 91–108 i Rem 2014, 164). Eit eksempel på dette er Darwin's kommentar «We have seen how soon the wild duck, when domesticated, loses its true character, from the effect of abundant food, or from taking little exercise», som Zwart meiner har inspirert til familien Ekdahls dyreeksperiment på mørkeloftet (Zwart 2000, 94). I tillegg peiker Zwart på det han kallar «a number of Darwinisms – that is, quotes borrowed from popular Darwinism like *struggle for existence* and *survival of the fittest*» i siste akt av *En folkefiende* og i *Vildanden* (Zwart 2000, 93). Men Zwart meiner det ikkje er relevant å diskutera om Ibsen hadde lese Darwin eller ikkje, sidan Darwin i Ibsen's samtid uansett var «i lufta»:

It is important to stress, however, that the issue of any direct influence of quotes from Darwin on the genesis of Ibsen's play, as well as the issue of whether Ibsen was in the habit of reading Darwin himself or rather relied on secondary (notably newspaper) sources, is not so relevant to my argument. Darwin was 'in the air' in those days, and Darwin-like ideas and phrases were collective cultural property, inciting intellectual discussion and comments in many different circles throughout Europe. An important aspect of Ibsen's talent was indeed his almost seismographic sensitivity for the major intellectual discussions of his era. For more details on Darwin's influence on Ibsen see: Shideler (1997). (Zwart 2000, 106)

Zwart viser til Shideler for å finna ut meir om Darwin's innverknad på Ibsen. Men går me til Shideler, finn me at Shideler, trass i at han, som me har sett, relaterte Ibsen til darwinismen, likevel synest det er vanskeleg å vurdere «Darwin's actual influence on Ibsen» (1997, 256).

Aukande kontekstualisering frå slutten av 1990-talet

På tampen av 1990-talet kom to doktoravhandlingar om Ibsen, dei første norske sidan 1978: Frode Hellands *Melankoliens spill* (1997) – ei lesing av dei fire siste skodespela, med melankolien som topos, inspirert av Walter Benjamins melankoliomgrep, og Anne Marie Rekdals *Frihetens dilemma* (1999) der ho les Ibsen i lys av Jacques Lacans psykoanalytiske teori. I 2000 kom Lisbeth Wærps ph.d.-avhandling, *Overgangens Figurasjoner*, som er ei retorisk nærlesing av *Kejser og Galilæer* og *Når vi døde vågner*. Ingen av desse trekker inn evolusjonismen eller Darwin, heller ikkje Wærp, sjølv om forvandling og metamorfose står sentralt i avhandlinga hennar. Avhandlingane inneheld få tilvisingar til historisk samtidskontekst og er slik representative for 1990-talets meir teoritunge, verkimmanente litteraturforskning med autonomietetiske analysar. Rundt tusenårsskiftet var denne tendensen likevel i endring. I 2002 kom Nina S. Alnæs si doktoravhandling *Varulv om natten – Henrik Ibsen. Folketro og folkediktning*, som i likskap med dei tre andre avhandlingane kom i bokform kort tid etter. Alnæs gjer eit djupdykk inn i mytologi og folkediktning i Ibsens forfatterskap og bidrar med ei kontekstualisering som tilfører tekstlesingane ny innsikt. Ho nemner verken evolusjon eller darwinisme, men innsikta ho bidrar med, har vore nyttig for mi eiga lesing, og eg kjem tilbake til henne i analysen av *Rosmersholm*.

Då Ibsen hadde vore død i 100 år, kom Mois Ibsen-bok *Ibsens modernisme* (2006) der ho først og fremst går i rette med det ho meiner er Ibsens tvitydige status når det gjeld modernismen: «På den ene siden representerer han modernismens ubestridte begynnelse innenfor teateret; på den andre siden mener svært mange at uansett hvor viktig han var for modernismens utvikling, var Ibsen selv ingen modernist» (Moi 2006, 16). Dette skuldar Moi på det ho kallar *modernismeideologien*, som bygde på eit heilt spesifikt sett «av estetiske oppfatninger som ble dominerende i den vestlige verden etter 1945» (sst.), og som lagde ein snever modernismedefinisjon med utgangspunkt i den seinmodernistiske, avantgardistiske kunsten og litteraturen som blei skriven etter andre verdskrigen (39).¹⁵³

¹⁵³ Omgrepet hentar ho frå Fredric Jameson: *A Singular Modernity* (2002). Eit døme på at modernismeideologien har nådd teaterkritikken i Noreg, er Jon Refsdal Moes dom over Ibsens realisme i artikkelen med det retoriske spørsmålet i overskrifta: «Hvor god er egentlig Henrik Ibsen?»: «Fravær av meta-scenisk refleksjon gjør Ibsen til en nokså spesiell, og fra et teatermessig ståsted litt kjedelig dramatiker, ser vi bort fra hans romantiske dramaer og hans anspor til symbolisme på 1890-tallet [...] den sceniske realismen, som Ibsen modellerer sine stykker over, er et forlenget tilbakelagt stadium i teaterkunsten» (Refsdal i *Norsk Shakespeare- og teatertidsskrift* 3 (2004) 23–25, sitert i Moi 2006, 48).

Moi skriv at Ibsens stykke fell innanfor realismeomgrepet både som periode og som forteljarstil, samstundes som dei var moderne. Ho meiner han var den første som skreiv skodespel som braut med idealismen, og at det derfor er rett å kalla Ibsen far til det moderne dramaet, trass i at han ofte skreiv teater som framstiller livet til rollefigurane på ein måte som får lesaren til å tenkja at det kunne ha hendt i verkelegheita, og sjølv om han, ifølge Moi, lar karakterane prøva bruka språket i håp om å gjera seg forstått hos dei andre.

I kartlegginga av ulike samtidsimpulsar på Ibsens forfatterskap trekker Moi m.a. inn den visuelle kunstens moglege innverknad, og *Kejser og Galilæer* er det einaste Ibsen-dramaet der ho nemner darwinismen:

Når vi ser på den ferdige teksten, er det åpenbart at *Kejser og Galilæer* går rett inn i noen av sin tids mest kontroversielle stridsspørsmål. Det kretser for eksempel uavlatelig omkring determinisme. Darwinismen var utvilsomt en viktig bidragsyter til den allmenne interessen for dette spørsmålet, men det var også de nye fagdisiplinene statistikk og sannsynlighetsberegning, for de viste at matematikkens ubønhørlige nødvendighet kunne brukes til å forutse folks handlinger. (Moi 2006, 273–4)

Ifølge Moi, som meiner ho representerer ei teorikritisk vending i litteratur- og Ibsen-forskinga på byrjinga av 2000-talet, er det ein samanheng mellom det ho omtalar som tørkeperioden i Ibsen-forskinga mellom 1978 og 1998, og det ho kallar modernismeideologiens hegemoni i dette tidsrommet. Rundt tusenårsskiftet gjorde så den norske Ibsen-forskinga nokre forsøk på å få Ibsen til å stemma med kriteria for modernismeideologien, og til det eigna dei fire siste skodespela seg best (Moi 2006, 58). Paradigmeskiftet som fann stad i det litteraturvitskaplege Noreg, endra den estetiske verdivurderinga av skodespela, med det resultat at den modernismeideologiske forskinga viste «en klar forkjærighet for de fire siste skuespillene» – dei same skodespela som fleire tidlegare hadde stempla som symptom på den aldrande Ibsens manglande grep (Moi 2006, 59). Eg tar føre meg Moie egne Ibsen-lesingar ved fleire anledningar utover i avhandlinga, derfor går ikkje nærare inn på dei i dette kapitlet.

I 1996 tok Helge Rønning til orde for «de ulike historiske perspektivene i den kritiske overtagelsen av Ibsens dramatikk», i staden for «den offisiøse hyldest til nasjonalmonumentet Ibsen» (59). I samband med dette siterte Rønning Elaine Showalter, som i ei teatermelding av *Hedda Gabler* skreiv: «Who will live and who will die, who will survive the Darwinian and spiritual struggle for survival, become the unspoken questions behind the play's erotic triangles and symmetrical rivalries» (23.8.1996, sitert i Rønning 1997, 59). I si «liv og verk»-bok, *Den umulige friheten* (2007 [2006]), der Rønning, ifølge vasketelen, plasserer «Ibsens forfatterskap i en sosial- og idéhistorisk sammenheng», viser han med jamne mellomrom til

den evolusjonistiske konteksten, sjølv om han i liten grad lar det få konsekvensar for lesingane av stykka. Boka kom same året som Moie bok, og her går Rønning i rette med det inntrykket ein del av forskinga har formidla, om at Ibsen i liten grad var interessert i samfunnslivet i samtida si, og at han ikkje forstod samtidas sentrale teoriar. Ifølge Rønning er Ibsen-forskinga sjølv opphav til dette feilaktige inntrykket som han meiner har blitt danna på bakgrunn av «de snevre tekstnære lesningene som hans stykker ofte er blitt utsatt for» (Rønning 2007, 358–359).

Sjølv kommenterer Rønning Ibsens skodespel først og fremst i lys av dei samfunnspolitiske tilhøva dei blei til under, men i lesinga av *Fruen fra havet* trekker han inn evolusjonismen. Her viser han til Aarseth (1999, 212) og Haakonsen (1981, 212) og til Jacobsens Darwin-omsetting, når han skriv at

det har vært pekt på hvordan Ibsen gjennom Ellidas replikker om mennesket som et vesen med opprinnelse i havet benytter en slags evolusjonshistorisk kode som kopler henne til en lengsel etter noe primitivt, og at han i dette bygger på Darwin, som han sannsynligvis hadde lest i J.P. Jacobsens oversettelse. (Rønning 2007, 329)

Eg kjem ikkje nærare inn på Rønning her nå, men eg går i dialog med han når eg kjem til analysen av *Rosmersholm* seinare i avhandlinga.

Me ser ein auke i Ibsen-litteratur i åra opp mot 100-årsjubileet for hans død i 2006. Ivo de Figueiredos tobinds Ibsen-biografi *Mannen* (2006) og *Masken* (2007) er omfangsrik og detaljert, men inneheld få tilvisingar til evolusjonistisk diskurs. Figueiredo repeterer Aarseth og Tjønneland når det gjeld opposisjonen *vill-tam* hos Ibsen, og elles nemner han at Ibsen kan ha lese Darwin i Jacobsens omsetting (Figueiredo 2007, 291). Han kjem òg inn på Suzannah Ibsens begeistring for John Stuart Mill, og Henriks skepsis, som han gir uttrykk for i brev til Brandes i 1873:

Ibsen var [...] ikke spesielt tidlig ute da han tok opp kvinnens stilling i *Et dukkehjem*. Heller ikke tidligere hadde han vist noe synderlig engasjement for kvinnespørsmålet. Den gangen Georg Brandes' oversettelse av John Stuart Mills *On the Subjection of Women* vakte oppstandelse i Skandinavia, reagerte han med skepsis. «Jeg vil ærlig tilstå Dem,» skrev han til Brandes i 1873, «at jeg aldeles ikke kan forstå at der skal ligge noget fremskridt eller nogen fremtid i den stuart millske retning». (Figueiredo 2007, 206)

Dette kjem eg tilbake til i kapittelet om kjønnsespesifikk evolusjon.

I *Ibsen in Context* (2021) deler Erik Bjerck Hagen Ibsen-forskinga i fire grupper:

four major modes of academic Ibsen interpretations: modernist, realist, idealist and Romantic-Satanic. These modes do not follow each other in a neat chronological way, but are rather parallel lines of thought, each of them Romantic in their own way, and each of them traceable back to the early days of Ibsen criticism (223)

Bjerck Hagen, som sjølv representerer ei teorikritisk dreining i forskinga, tok alt i 2000 til orde for eit «hermeneutisk-pragmatisk» alternativ til den teoritunge litteraturtilnærminga som lenge hadde vore einerådande (Bjerck Hagen 2000, 11), eit syn han i *Hva er litteraturvitenskap* (2003) på ny gjorde gjeldande i samband med kollega Atle Kittang. Bjerck Hagen plasserer Kittangs *Ibsens heroisme* (2002) i «the modernist mode» «although the trend seemed by then on the verge of critical retreat» (2021, 225).¹⁵⁴ I *Hvordan lese Ibsen?* (2015) fortset Bjerck Hagen oppgjeret med strukturalistiske og poststrukturalistiske tilnærmingar til forfatterskapen som han meiner set teorien i vegen for teksten. Til desse litteraturforskarane tel han Toril Moi, som «mot sin vilje og mot sin intensjon» sjølv er ein del av den realisme-fiendtlege og dobbelperspektiverte linja som går vidare inn i poststrukturalismen, m.a. fordi ho ikkje forstår forgjengarane sine rett (Bjerck Hagen 2015, 47). Likevel plasserer han henne i 2021 i den realistiske modus-gruppa (226). Men det er arbeidet til dei tidlegaste Ibsen-forskarane som, ifølge Bjerck Hagen, har tilført forskinga mest og forstått tekstane best, og det er deira metode han sjølv vil følge (2015, 176). Han trekker òg inn kontekst i gjennomgangen av forfatterskapen, sjølv om det ikkje gjeld evolusjonismen. Eg kjem likevel tilbake til Bjerck Hagen ved fleire høve.

Gjennom nye retningar som legg vekt på den kulturelle, historiske, sosiale og politiske konteksten litteraturen blir skapt i, er litteraturhistoria i ferd med å bli løfta tilbake inn i kulturhistoria igjen, etter at ho blei «løfta ut» etter andre verdskrigen. Fleire andre, forutan Bjerck Hagen, rettar, etter kvart som ein kjem eit stykke inn på 2000-talet, merksemda mindre mot teori og meir mot den historiske konteksten. Ifølge Bjerck Hagen har «den teoretiske impuls avtatt en del, og de mest markante utgivelsene har igjen vært av mer empirisk og historisk art», t.d. Ståle Dingstads *Den smilende Ibsen* (2013) (Bjerck Hagen 2015, 12).

Eit anna døme på dette er Hilde Bondevik som i artikkelen «Henrik Ibsen og hysteriet» (2005) og i doktoravhandlinga *Hysteri i Norge, et sykdomsportrett* (2009) tar føre seg «hysteri hos Ibsens rollefigurer, mest hos Nora, fru Ellida Wangel og fru Hedda Tesman» og les stykka i

¹⁵⁴ Ifølge Moi forvandlar *Ibsens heroisme* (2002) «Ibsen til en blanding av Maurice Blanchot og Jaques Derrida» som «framviser alle hovedtrekkene i modernismeideologien» (Moi 2006, 59). Moi hevdar Kittang projiserer over på Ibsen «et så å si totalt negativt syn på språkets uttrykksmuligheter», i likskap med Helland som «gjør Ibsen til en 1800-tallets Adorno» (Moi 2006, 59–60).

lys av samtidas psykiatriske teoriar, særleg dei til den franske nevrologen Jean-Martin Charcot. At Ibsen skreiv hysteridiagnosen inn i fleire av kvinnerollene sine, kan ifølge Bondevik ha verka inn på korleis omverda og medisinen har forstått hysteri sidan «Ibsen var opptatt av medisin, og samtidig medisin var opptatt av Ibsen» (2005, 327–328).

To bidrag til nye blikk på Ibsens biografi er *Den biografiske Ibsen*, redigert av Astrid Sæter (2010), og Jon Nygaards «- af stort est du kommen.» *Henrik Ibsen og Skien* (2013) som tar til orde for at Ibsens drama ikkje blei til i eit historisk eller kulturelt vakuum. Ifølge Nygaard les tidlegare forskarar som Hans Heiberg (1967), Ystad (1996) og Hemmer (2003) Ibsen som «kunstnergeniets uttrykk i større og større grad ... uavhengig av kontekst, som om Ibsen aldri var født, aldri hadde levd i et samfunn og i en bestemt tidsepoke», eit syn han meiner m.a. blei vidareført av Harold Bloom og Ivo de Figueiredo: «Selv om Figueiredo har et omfattende historisk bakteppe i fremstillingen av Ibsen, er dette hele tiden bare et bakteppe. Det blir aldri brukt som en kontekst han setter Ibsen inn i [...]» (Nygaard 2013, 14). Ifølge Nygaard har Ibsen-biografane «fra Jæger over Koht og Meyer til Figueiredo» sementert mytane om at Ibsen, etter farens konkurs, var fattigguten som mot alle odds blei ein verdsberømt forfattar. Nygaard viser at denne oppfatninga ikkje stemmer, og at Ibsen hørte til patrisierklassen, som i Noreg fungerte som ein adelsklasse, og slik forstod han òg seg sjølv (Nygaard 2013, 105). Han meiner framstillinga av Ibsens oppvekst etter farens konkurs som fattigsleg og enkel er feil: Ikkje berre nasjonalt, men òg i europeisk samanheng skilde Skien seg ut som ein rik og moderne by med eit velståande nærings- og handelsliv; Ibsen kom frå den eksklusive patrisierklassa og ville tilbake dit; farens konkurs var ein del av ei stor krise i næringslivet på 1830-talet og slett ikkje eineståande. Nygaard ønskte «gi en ny forståelse av Ibsens liv og verk», og boka hans kjem med reviderte, interessante opplysningar om biografisk og historisk kontekst som kan bidra med ny innsikt òg i forfatterskapen, men den jobben ser det ut til at Nygaard overlét til andre. Sjølv kjem han nesten ikkje inn på dei enkelte skodespela, og trekker dermed ikkje den nye kunnskapen inn i tekstlesinga.

I førre kapittel viste eg stadig vekk til Narve Fulsås, som har komme med viktige bidrag til kontekstualiseringa av Ibsens forfatterskap. Han har peikt på behovet for ei historisering og re-kontekstualisering av Ibsen fordi mykje er oversett eller misforstått både når det gjeld biografien og forfatterskapen (Fulsås 2011, 16). Fulsås har skrivne innleiingane og kommentarane til dei fire binda med brev i *Henrik Ibsens Skrifter*. Eit anna bidrag er artikkelen «Ibsen Misinterpreted: Canonization, Oblivion, and the Need for History» (2011) i *Ibsen Studies*, XI, og i 2017 gav han, i lag med Tore Rem, ut boka *Ibsen, Scandinavia and the*

124

Making of a World Drama, som òg tar livet av nokre mytar om at det var mot alle odds at Ibsen klarte skapa verdslitteratur i den skandinaviske bakevja. Saman er Fulsås og Rem redaktørar av *Ibsen in Context* som kom i 2021, og som eg alt har vist til fleire gonger.

Eg vil òg omtala masteroppgåva *Tre moderne litterære svar på Henrik Ibsens Et dukkehjem med hovedvekt på Matias Faldbakkens Kaldt produkt. Plassering i forhold til tradisjonen og parodibegrepet* (UiB 2009), fordi ho trekker inn den darwinistiske konteksten. Her kjem Anders Kaasen i samband med mottakinga av *Et dukkehjem* inn på dei darwinistiske innslaga som er framtrekande i utkasta til stykket. Han viser til Gerhard Grans påpeiking av korleis det darwinistiske tankegodset i Doktor Ranks replikkar i utkasta til stykket gradvis blir tona ned i den endelege versjonen (26): «Den vitenskapelige basisen for Ranks slutninger er langt mer subtil og underforstått i den ferdige teksten» (Kaasen 2009, 18–19). Med tilvising til Rekdal skriv han at dei historisk-biografiske forskarane peikte på Mill og Darwin som moglege kjelder for *Et dukkehjem* då det kom ut (Rekdal 2004, 67 i Kaasen 2009, 26), medan den biologiske determinismen i stykket sjeldan blir nemnt i nyare forskning

kanskje fordi den passer dårleg inn i postmoderne humanioras anti-essensialisme. Likevel er det hevet over en hver tvil at *biologisk* nedarving av ferdigheter, persontrekk og sykdom er et premiss for *Et dukkehjem*, slik tilfellet også er i *Gengangere* og *Vildanden*. Dette er i tråd med Darwin og kan ha vært influert av Ibsens samkvem med J.P. Jacobsen i Roma i tiden like før arbeidet med *Et dukkehjem* tok til. (Kaasen 2009, 32)

Kaasen tilføyer at «Jacobsen hadde oversatt Darwins hovedverk i 1872 og skrevet flere artikler som introduserte hans tanker i nordisk intelligentsia og det er vel dokumentert at Jacobsen pleide omgang med Ibsen i Roma i andre halvdel av 1870-tallet», og han viser til Figueiredo (2007, 193) og Koht (1933, 261) (Kaasen 2009, 19).

Shepherd-Barrs *Theatre and Evolution from Ibsen to Beckett* som kom i 2015, har vidd eit eige kapittel til Ibsen og evolusjonismen, der ho trekker fram Robert Fergusons Ibsen-biografi frå 1996 som banebrytande, i det ho hevdar at før denne «little interest was shown in the connection between Ibsen and Darwin, let alone other evolutionary thinkers» (63). Då ser ho vekk frå at Ferguson i stor grad repeterer Halvdan Kohts poeng når det gjeld Ibsens darwinisme, og ho nemner heller ikkje dei andre tidlege Ibsen-forskarane. I tillegg viser ho, som tidlegare nemnt, m.a. til Tjønnelands og Rems forskning i det ho tar føre seg moglege evolusjonistiske innslag i fleire av skodespela.

So the human family becomes Ibsen's Petri dish, in which he experiments with the basic ingredients of human evolution – heredity and environment – to test familial bonds, gauge the extent of biologically determined instincts and suggest radical, alternative familial

constellations whose common theme is the displacement or complete absence of a dominant patriarchal figure. If Ibsen engages with evolution more thoroughly than with any other scientific idea, it is because he can posit seemingly endless variations based around the single family unit and the individuals within it while also bringing them into direct relationships with the active forces of their natural environments: land, (mountains and forests) and water (fjord, sea, river, ice, snow, rain).

Ibsen's biocentrism situates humans as just one part of a vast, interconnected nature, not its privileged centre. (Shepherd-Barr 2022, 84)

Ho skriv at Ibsen var påverka av Häckel, men ho konkluderer med at Ibsen likevel nyttar stoffet fritt og etter eige godtykke, gjerne stikk i strid med dei opphavlege intensjonane til vitenskapmennene. Dette gjeld m.a. bruken av motsetningsparet *vill–tam*:

where Darwin hails domestication as positive because it yields greater variety in species, Ibsen equates domestication with degeneration and as therefore negative. This «creative misprision»—the misunderstanding of domestication as weakening the organism—becomes a brilliant dramatic stroke in plays like *The Wild Duck*, *The Lady from the Sea*, and *When We Dead Awaken* (1899). (Shepherd-Barr 2015, 78)

Her deler ho Tjønnelands oppfatning, og i likskap med han meiner ho at Ibsen i *En folkefiende* plutselig fyller dikotomien med motsett innhald, noko ho hevdar er typisk for Ibsen: «he reverses his idea [...] in the comparison Stockmann makes between poodles and mutts. He simply cannot be pinned down to any single dogmatic idea or program» (78). I tråd med desse tolkingane (og med myten om at hans siste replikk var «tvert imot») har ho kalla kapittelet om Ibsen «On the contrary». Eg kjem tilbake til Shepherd-Barr ved fleire høve seinare i avhandlinga.

Gjennomgangen av den tidlegare forskinga avdekkjer eit behov for å ei grundigare granskning av Ibsen og den vitenskaplege, evolusjonistiske samtidsdiskursen. Me ser at den tidlegare forskinga i stor grad tar føre seg dei same elementa i nokre få av skodespela der det er berøring mellom forfattarskapen og den darwinistiske konteksten, og slik er det dei same poenga som sirkulerer og blir repetert. Det er langt sjeldnare at det blir gjort nye lesingar og nye funn som utvidar innsikta og opplevinga av stykka. Når ein ser på kor omfattande evolusjonsdiskursen var, kan ein undrast over at det ikkje har blitt gjort grundigare forsøk på å lesa Ibsen i lys av denne. Eit av dei verkelege problema med at forskinga ikkje har tatt omsyn til evolusjonsdiskursen, er at me har produsert blinde flekkar overfor Ibsens syn på kjønn. Ved å ikkje ta evolusjonsdiskursen inn over oss har me ikkje vore i stand til å sjå at ein heil forskings- og formidlingstradisjon, som me kan samla under overskrifta *feministen Ibsen*, på fleire punkt er på kollisjonskurs med kjønnssynet til evolusjonisten Ibsen. Det er på tide å ta dette kjønnssynet nærare i augesyn.

5 Kjønnsspesifikk evolusjon og «Ibsens feminisme»

Som det går fram av kontekstkapittelet, er det mykje som talar for at evolusjonsteorien fekk stor innverknad på Ibsens menneskesyn. Han responderte på diskursen til Darwin, Spencer og Häckel i større grad enn det som til nå har vore kjent: Både i brev, talar, dramanotat og i ferdige stykke bidrog Ibsen med evolusjonistiske utsegner og karakterskildringar. Den lakuna i forskinga som gjennomgangen min har avdekka, blir særleg akutt når me ser nærare på Ibsens syn på kjønn. Sidan forskinga ikkje har tatt evolusjonsdiskursen på alvor, har me heller ikkje – til nå – vore i stand til å identifisera og kritisk undersøka korleis Ibsens tekstar tar opp i seg og bidrar til førestillingar om kjønnsspesifikk evolusjon – førestillingar som ikkje stemmer godt overeins med oppfatninga vår av Ibsen som feminist.

I oppteikningane til *Hedda Gabler* skreiv Ibsen at «Mænd og kvinder hører ikke til det samme århundrede →» (Ibsen 1890), ei setning som gir inntrykk av at Ibsen deler same oppfatning av kjønn som m.a. går igjen i Darwins og Spencers tekstar. Darwin og Spencer hadde eit dualistisk syn på kjønn, basert på ein asymmetrisk hierarkisk kjønnsforskjellstanke om at kvinna er på eit lågare utviklingstrinn enn mannen. Ibsens påstand om at kvinna høyrer til i eit anna hundreår, rommar ei evolusjonistisk førestilling som ved første augekast ser ut til å kollidera med den betydinga forfattarskapet hans har hatt for kvinnefrigjeringa. Det darwinistiske synet på kjønn representerer jo det motsette av det me vanlegvis assosierer med Ibsens kvinneroller.

Mange har meint at fleire av dei kvinnelege karakterane i Ibsens skodespel representerer eit unntak frå 1800-talets kjønnsroller, og ofte har skodespela hans blitt oppfatta å romma ein kritikk av samtidas kjønnsrollemønster. I kapittelet «Feminism» i *Ibsen in Context* (2021) skriv Moi at

Ibsen has gone down in history as the greatest literary champion of women's rights in the nineteenth century.[...] Late nineteenth-century women saw themselves in heroines striking out for freedom and independence. They were convinced that Ibsen advocated radical reform, even revolutionary transformation, of women's status in marriage, family and society. They admired Nora Helmer, Helene Alving, Rebecca West, Ellida Wangel, Hedda Gabler because they took them to support this agenda. But Victorian women also admired Ibsen's heroines for claiming their right to an independent life of the mind [...] Mrs Alving and Rebecca West insists on their right to read what they want and to make up their own mind about new and radical ideas [...] Yet women also responded to female characters struggling in vain against

stultifying conventions, identifying powerfully with their despair and depression and their sense of confinement and frustration. Rebecca West and Hedda Gabler in particular became emblems of that struggle. (91)¹⁵⁵

Ibsen, derimot, skreiv ein gong at den oppfatninga *Moi her gir uttrykk for*, er resultat av ei slags ønsketenking, der lesarane legg «sine egne Følelser og Stemninger ind» i teksten. Dette hevda han i talen han heldt etter at Norsk Kvindesagsforening hadde hylla han i mai 1898:

[TALE VED NORSK KVINDESAGSFORENINGES FEST I KRISTIANIA 26. MAI 1898]

Jeg er ikke Medlem af Kvindesagsforeningen. Alt, hvad jeg har digtet, har ikke været ud af nogen bevidst Tendens. Jeg har været mere Digter, mindre Social-Filosof, end man i Almindelighed synes tilbøielig til at tro. Jeg takker for Skaalen, men maa fralægge mig den Ære bevidst at skulle have virket for Kvindesagen. Jeg er ikke engang paa det Rene med, hvad Kvindesag egentlig er. For mig har det staaet som en Menneskesag. Og læser man mine Bøger opmærksomt, vil man forstaa det. Det er nok ønskeligt at løse Kvindespørgsmaalet, saadan ved Siden af; men det har ikke været hele Hensigten. Min Opgave har været *Menneskeskildring*. Men vistnok er det saa, at naar *den* er nogenlunde rammende, saa lægger Læseren sine egne Følelser og Stemninger ind. Man tilskriver Digteren det; men nei, det er ikke saa; man digter det smukt og fint om, hver efter sin Personlighed. Ikke alene de, som skriver, ogsaa de, som læser, digter; de er meddigtede; de er manges Gang mere poesifulde end Digteren selv.¹⁵⁶

Er talen eit forsøk på å vera mystisk og mangetydig, eller er det ei tilslutning til samtidas kjønnsførestillingar? Viss det siste er tilfellet, korleis kan eit slikt syn ligga til grunn for det som av mange blir oppfatta som revolusjonerande kvinneskikkelsar? Dette er spørsmål eg skal komma tilbake til i den avsluttande drøftinga. Først vil eg gjera greie for dei kjønnsførestillingane som prega den evolusjonistiske diskursen i Ibsens samtid.

Kjønnsførestillingar på 1800-talet

I 1851 flytta den tjuetre år gamle Ibsen til Bergen for å begynna som lærling ved teateret, etter at han fire månader tidlegare hadde fått beskjed om at han skulle dømmast til tvangsarbeid på Akershus festning for barnebidraga han skulda Else Sophie Birkedalen og den fem år gamle sonen deira, Hans Jacob Hendrichsen. Same året omtala Arthur Schopenhauer (1788–1860) i essayet «Über die Weiber» kvinnene som det andre og svake kjønn: Dei var affekterte, nytingssjuka store barn som kunne passa som sjukepleiarar og førskulelærarar, men ikkje stort

¹⁵⁵ «In 1912, at the age of twenty, the feminist writer and journalist Cicily Isabel Fairfield took the pen-name Rebecca West in homage to Ibsen's heroine. In the British press in the 1910s and 1920s this Rebecca West was regularly cast as a beyond-the-pale feminist», fortel *Moi* som eit eksempel på «the many subtle ways in which the names of Ibsen's heroines circulated as emblems of radical feminism in British culture before World War II. When the new women's movement took off in the late 1960s and early 1970s, Ibsen's heroines again became key cultural reference points» (2021, 92).

¹⁵⁶ Talen inneheld endå eit avsnitt, som eg kjem inn på om litt.

anna.¹⁵⁷ Synet var representativt for Ibsens samtid og bygger på idear om at mannen frå naturens side er sterkare utrusta intellektuelt og moralsk, førestillingar som iallfall går tilbake til antikken, og som m.a. blei understøtta av kvinna sine rolle i kristendommens syndefallsforteljing. Ideen om at kvinna i mindre grad enn mannen var utstyrt med evner som ikkje først og fremst var knytt til det kroppslege, går som ein raud tråd gjennom fleire hundreår, men der ein tidlegare hadde tenkt at desse kjønnsforskjellane var skapt av Gud, begynte vitskapen i det nittande hundreåret å tenka at utgangspunktet låg i utviklinga av mennesket som kroppsleg, biologisk vesen (Dahlerup 1983, 28).

Framstillinga av menn og kvinner som to forskjellige artar, med heilt ulike eigenskapar, òg kalla to-kjønns- eller to-kroppsmodellen, overtok for synet på kvinna som ein uutvikla mann i siste halvdel av 1800-talet (Johannisson 1996, 48). Ein tenkte m.a.o. at evolusjonen var kjønnsespesifikk, dvs. at kjønna hadde utvikla seg ulikt, noko ein m.a. forklarte med utgangspunkt i teoriar om arv. Det naturvitskaplege kjønnsynet la grunnlaget for fagdisiplinar som psykologi, psykiatri og antropologi, der ein tok føre seg kva for utslag desse fysiske kjønnsforskjellane fekk for følelseslivet og dei kognitive eigenskapane.¹⁵⁸ Lenge hadde ein tenkt at kvinna var mannen underlegen, og på 1800-talet oppfatta ein det som vitskapleg bevist (Rossbach 2002, 5, Dijkstra 1986, 164).

«Sent på 1800-tallet forestilte biologiske determinister seg biologisk kjønn som noe gjennomsyrende», skriv Moi og viser til W.K. Brooks *The Laws of Heredity* (1883) og andre naturvitskaplege spesifiseringar av kjønnsforskjellane, som «ble toneangivende for debatten omkring biologi og kvinnens rettigheter i de to siste tiårene av 1800-tallet» (Moi 2002, 33).¹⁵⁹ Vitskapens leiting etter generalitet og lovmessigheit prega òg teoriane om kjønn:

¹⁵⁷ «Sie sind sexus sequior, das in jedem Betracht zurückstehende, zweite Geschlecht, dessen Schwäche man demnach schonen soll, aber welchem Ehrfurcht zu bezeugen über die Maßen lächerlich ist und uns in ihren eigenen Augen herabsetzt [...] Mit mehr Fug, als das schöne, könnte man das weibliche Geschlecht das unästhetische nennen. Weder für Musik, noch Poesie, noch bildende Künste haben sie wirklich und wahrhaftig Sinn und Empfänglichkeit; sondern bloße Aefferei, zum Behuf ihrer Gefallsucht, ist es, wenn sie solche affektiren und vorgeben» (Schopenhauer 1851).

¹⁵⁸ Eitt-kjønnsmodellen hadde si forankring i teologien og ikkje, som to-kjønnsmodellen, i biologi eller anatomi. Fram til mellomalderen tenkte ein at kvinna sine kjønnsorgan var ein variant av mannens: vagina ein innovervendt penis og livmora ein innvendig pung – «siden mannlige og kvinnelige forplantningsorganer ikke ble oppfattet som fundamentalt forskjellige, ble anatomiske ulikheter fremstilt som hierarkiske og ikke komplementære. Mannen befant seg på toppen og kvinnen på bunnen av samme verdiskala» (Moi 2002, 27).

¹⁵⁹ «Kapittelet som tar opp intellektuelle forskjeller mellom menn og kvinner, ble først utgitt i det antifeministiske *Popular Science Monthly* i 1879. Brooks' synspunkter ble ofte gjengitt og diskutert» (Moi 2002, 33, 34). Ifølge Johannisson, som òg kopla det biologiske synet på kvinna med starten på kvinnefrigjeringa, støtta forsvararane av patriarkatet seg på vitskapen som overførte kjønnsrelasjonane frå det sosiale til det biologiske (1996, 24).

It is a cardinal tenant of natural philosophical, scientific and medical thinking that it searches for a high degree of generality. The vast majority of writings on sex differences and sexuality were rooted in the search for lawlike statements which displayed male and female as natural facts. (Jordanova 1989, 8)

Då ein i 1827 oppdaga kvinna eggcelle og forstod at far ikkje skapte menneskeliv åleine, starta opphevinga av patriarkatet: «Andre opdagelser i 1800-tallet førte i samme retning, f.eks. påvisningen af at barnløshed kunne skyldes fejl i mandens sæd. Og med den begyndende prævention satte en anden patriarkatsopløsende faktor ind: kontrollen over undfangelsen af liv gik faderen af hænde» (Dahlerup 1983, 27). Brooks, som sjølv peikte på at teorien hans stod «halvveis mellom Darwins teori om naturlig utvelgelse og lamarcianisme» (Moi 2002, 34), meinte m.a. at menns og kvinners hjernar var forskjellige, og at kvinnehjernen, i motsetnad til mannshjernen, egna seg dårleg til refleksjon.¹⁶⁰ Vitskapen kom med biologiske forklaringar på korfor kvinna hadde ei underordna stilling i samfunnet.

Behovet for i biologisk terminologi å kodifisere kvinnens underlegenhet ble intensivert i samme øyeblikk som hun begynte å kreve større frihet [...] Gjennom å fremstille kvinnen som styrt av underlivet og det kjønnsespesifikke, skjøre nerve- og sjelssystem, ble det mulig å erklære henne uegnet for den offentlige arena. Da Edward Clarke i *Sex in education* (1873), en pyramidal salgssuksess spekket med vellystige avskrekkende eksempler, påsto at kvinnens helse og morsoppgaver sto i fare hvis hun ble sluppet frem til høyere utdannelse, representerte han en hel generasjon leger. Risiko for overanstrengelse, innskrunpet livmor og lumske bekkenskader, periodiske svingninger, irritabilitet og psykisk labilitet gjorde den unge kvinnen uegnet [...] Den kvinne som tross i advarslene insisterte på å tre frem på det offentlige scene, kastet vrak på sin kvinneidentitet og ble med biologisk logikk forvandlet til hermafrodit, en mannekvinne, et tredje kjønn. Med et slikt springbrett kom forholdet mellom kjønnene til å bli fremstilt som oppstått av naturens orden [...] vitenskapelige teorier ble flettet sammen med rene maktforhold kjønnene imellom. (Johannisson 1996, 27–28)

Ein meinte at kvinna oppgåve var å føda born og vera mor, stort meir hadde ho ikkje evner til.

Etter at ein hadde tolka kvinna natur ut frå ein anatomisk-fysiologisk modell, retta ein på midten av 1800-talet eit meir spesifikt fokus mot kvinna underliv (den gynekologiske modellen)¹⁶¹, og ved hundreårsskiftet tok meir nevrologiske tolkingmåtar over:

¹⁶⁰ «Når han [Brooks] går videre til de intellektuelle forskjellene mellom mann og kvinne, påstår han at mannshjernen er i stand til å forstå det ukjente: opdagelser, naturvitenskap, de høyeste kunstneriske og filosofiske innsikter er reservert for menn. Kvinnehjernen kan ta seg av det kjente, alminnelige og hverdagslige, holde greie på tradisjoner og sosiale skikker, kort sagt, ta vare på alt som krever 'rasjonell handling uten refleksjon'» (Moi 2002, 35).

¹⁶¹ Omgrepet 'gynekologi' (gr. 'gyne' = 'kvinne' og gr. 'logia' = 'lære') kom i bruk på 1860-tallet. «Gynekologien legitimerer forestillingen om seksualiteten og reproduksjonen som mer avgjørende for den kvinnelige enn for den mannlige natur» (173). «Urologien ble aldri gjort til en vitenskap om den maskuline natur. Veien til kunnskap om mannens vesen gikk ikke gjennom hans forplantningsorganer» (Johannisson 1996, 174).

I spissen for arbeidet med å definere kjønnskarakteristika på detaljplanet sto sexologer som Havelock Ellis, fysiske antropologer som Paul Broca, nevrologer som Oscar Vogt og ikke minst den tyske antropologiske skolen, representert av tunge navn som Heinrich Ploss (*Das Weib in der Natur- und Völkerkunde*; i 9 opplag 1884–1908) [...] Siden kvinnen så ut til å oppvise en lavere grad av biologisk varietet enn mannen, var hun spesielt godt egnet som materiale for rasebiologisk vurdering. (Johannisson 1996, 42)

Darwins variasjonshypotese «beviste» at mennene hadde gjennomgått ein større evolusjon og derfor stod på eit høgare utviklingstrinn enn kvinnene, som var meir generaliserbare enn mennene (Johannisson 1996, 43).¹⁶²

Kva betydning fekk så Darwin og meiningsfellane hans for samtidas kjønnsoppfatningar? Me har tidlegare sett at sjølv om det fanst ein evolusjonistisk diskurs før Darwin publiserte hovudverka sine, fekk den omfattande dokumentasjonen og den grundige, saklege og overtydande argumentasjonen hans revolusjonerande verknad på eit breitt spekter av vitenskaplege disiplinar. Fekk dei liknande effekt på kva ein tenkte om kjønna, eller var det evolusjonistiske kjønnsynet berre ei vidareføring av romantikkens kjønnsoppfatning, og diskursen dermed så etablert at darwinismen ikkje tilførte noko nytt?

Darwinistisk kjønnsdiskurs

Ingenting tyder på at darwinismens betydning var mindre når det gjaldt korleis folk oppfatta kjønn. Tvert imot: «Theories of biological sexual difference generated by Darwin and his disciples gave the full weight of scientific confirmation to narrow Victorian ideals of femininity» (Showalter 1987, 121–122). I *The Descent of Man, and Selection in Relation to Sex* (1871) og *The Expression of Emotions in Man and Animals* (1872) heldt Darwin fram i same overtydande, vitenskaplege tone når han utførleg skildra og forklarte forskjellane mellom menneska, som han tidlegare hadde gjort då han tok føre seg dyreriket, anten det dreidde seg om kjønn eller andre merkbare ulikskapar. Denne biologiseringa av mennesket fekk store konsekvensar, òg når det gjaldt oppfatninga av kjønn.

Med sitt evolusjonistiske prinsipp og tesene om et naturlig utvalg og den best tilpassedes overlevelse skulle den [darwinismen] raskt dukke opp ikke bare i mer eller mindre brutale sosialdarwinistiske varianter, men også som grunnprinsipp i en rekke vitenskaper: Anatomi, fysiologi, morfologi, antropologi, rasebiologi, psykologi og sosiologi [...] Det problematiske *likhetsprinsippet* – med utgangspunkt i at artene fra begynnelsen av var skapt fiks ferdige – kunne oppheves og de biologiske forskjellene forklares som resultat av utviklingsprosesser

¹⁶² «Og hvad nu Sindet angaar, da er Manden modigere, mere stridbar, mere energisk end Kvinden, og han er ogsaa mere opfindsom end hun [...] Give vi os derfor til at maale Mænd og Kvinder i de forskellige Racer, saa finde vi, at Mændene variere langt mere end Kvinderne [...] Af disse Forhold ved Størrelse og Behaarung drage vi den Slutning, at Manden har varieret mest, og at Kvinden staar nærmest ved Menneskets dyriske Ophav» (Jacobsen & Møller 1893, 200–201).

[...] En rekke nye, hierarkiske klassifiseringer og typologier ble introdusert. (Johannisson 1996, 24–25)

Evolusjonistane meinte å ha klare bevis for at kvinnene låg etter mennene i utviklinga, både emosjonelt og intellektuelt, og Darwin var ikkje noko unntak: «Man is more courageous, pugnacious, and energetic than woman, and has a more inventive genius», skreiv han i andre del av *Descent of Man* (1871, 301). Kvinna var derimot mildare og mindre egoistisk: «Woman seems to differ from man in mental disposition, chiefly in her greater tenderness and less selfishness» (Darwin 1871, II, 311).¹⁶³ Dette hang saman med morsinstinktet:

Woman, owing to her maternal instincts, displays these qualities towards her infants in an eminent degree; therefore it is likely that she should often extend them towards her fellow-creatures. Man is the rival of other men; he delights in competition, and this leads to ambition which passes too easily into selfishness. These latter qualities seem to be his natural and unfortunate birthright. It is generally admitted that with woman the powers of intuition, of rapid perception, and perhaps of imitation, are more strongly marked than in man; but some, at least, of these faculties are characteristic of the lower races, and therefore of a past and lower state of civilisation. (Darwin 1871, II, 311)

Ifølge Darwin har kvinna sin styrke når det gjeld intuisjon, rask persepsjon og sannsynlegvis imitasjon, men sidan dette er eigenskapar som er karakteristiske for det han kallar «the lower races», vitnar det om eit lågare, tidlegare og mindre sivilisert trinn av utviklinga.

Trass i at han vanka i kretsar med mange svært oppegåande kvinner, hevda Darwin likevel at mannen er klart overlegen når det gjeld intellektuell kapasitet, uansett kva han prøver på, anten det gjeld tenking, fornuft eller fantasi, eller det å bruka sansane eller hendene.¹⁶⁴ Den mannlege overlegenheita er unngåeleg og kan ikkje endrast, sidan mannen, ifølge Darwin, har meir energi og uthaldsevne (1871, II, 312). Det er tydeleg at Darwin her har Stuart Mill i bakhovudet (*The Subjection on Women* kom to år før Darwins *Descent*), og i ein fotnote til siste sitatet går han imot Stuart Mill: «J. Stuart Mill remarks ('*The Subjection of Women*', 1869, p. 122), 'The things in which man most excels woman are those which require most

¹⁶³ «Spencer described the body politic in terms of the governing male as the Head, the workers as Hands, and middle-class women as the Heart» (Showalter 1987, 109).

¹⁶⁴ Darwin kjente m.a. Harriet Martineau, som han uttrykte stor beundring for. «Despite many respectful and admiring interactions with Martineau and other female writers and thinkers, as well as with his intelligent and well-read sisters, wife, cousins and colleagues' wives, Darwin comprehensively dismissed women's intellectual potential» (Sims 2021, 9). «The chief distinction in the intellectual powers of the two sexes is shewn by man attaining to a higher eminence, in whatever he takes up, than woman can attain—whether requiring deep thought, reason, or imagination, or merely the use of the senses and hands. If two lists were made of the most eminent men and women in poetry, painting, sculpture, music, – comprising composition and performance, history, science, and philosophy, with half-a-dozen names under each subject, the two lists would not bear comparison. We may also infer, from the law of the deviation of averages, so well illustrated by Mr. Galton, in his work on 'Hereditary Genius,' that if men are capable of decided eminence over women in many subjects, the average standard of mental power in man must be above that of woman» (Darwin 1871, II, 311).

plodding, and long hammering at single thoughts.' What is this but energy and perseverance?» spør Darwin retorisk (1871, II, 312), før han konkluderer:

Thus man has ultimately become superior to woman. It is, indeed, fortunate that the law of the equal transmission of characters to both sexes has commonly prevailed throughout the whole class of mammals; otherwise it is probable that man would have become as superior in mental endowment to woman, as the peacock is in ornamental plumage to the peahen. (Darwin 1871, II, 313)

I J.P. Jacobsens omsetting/attforteljing er tonen intensivert:

Hvad saa end Stuart Mill siger, er der unægtelig stor Forskel paa Mandens og Kvindens Sindelag og Aandsævner, og det er Kvinden, som i sidstnævnte Henseende er den ugunstigst stillede. Det er ikke vor Mening, at dette skulde gøre de Fordringer, den nævnte Forfatter stiller til Fordel for Kvindens Stilling i Samfundet, i mindste Maade mindre berettigede; vi hævde blot, at der er Forskel. Skriv to Lister over de mest fremragende Mænd og Kvinder i Poesi, Malerkunst, Billedhuggerkunst og Musik, med en fem, seks Navne for hver Kunst, og **se saa, om Kvinderne kunne maale sig med Mændene! Det er saa overordenlig rimeligt, at de ikke kunne det.** Da Menneskene stode paa det barbariske Trin, maatte Manden kæmpe for at beholde Kvinden; men Styrke uden Mod hjælper kun lidt, og disse to Egenskaber udrette ikke meget uden Klogskab, Beregning og Omsigt: hos Manden skærpedes da alt dette, medens Kvinden ganske roligt travede rundt i den daglige Gernings Trædemølle. Civilisationen gjorde ikke Ende paa Sagen. I de civiliserede Samfund stilles der netop endnu større Fordringer til Mandens aandelige Ævner, her er jo netop disse blevne de Vaaben, som bruges i tilværelseskampen; den dygtigste vinder Formue, kan vælge sig en Hustru, og hans Børn kues ikke i Opvæksten af Fattigdommen [...] Kvinderne maatte i meget lang Tid, mange Generationer igennem, være stillede paa en saadan Maade, at Fordringerne til deres aandelige Ævner vare langt større end selv nu, for at de i Gennemsnit skulde komme i Besiddelse af lige saa store aandelige Ævner, som Mændene gennemsnitlig have. (Jacobsen 1893, 203–4, mine uthevingar)

Darwin støtta seg på Carl Vogts kraniemålingar: At kvinna hadde mindre kranium, beviste at ho var mindre utvikla enn mannen (Darwin 1871 II, 314). Darwins påstandar blei mottatt som ei stadfesting av at kvinna var hemma i vekst, og dei fekk stor innverknad på samtidas oppfatning av kvinner og menn.¹⁶⁵ Eit eksempel på dette er Spencer som ifølge Bram Dijkstra blei påverka av Darwins kjønnssyn:

By the time Spencer published *The Study of Sociology* (1873), the influence of Darwin's low opinion of women in the evolutionary scale echoed very directly in his own remarks. No longer where the mental variations between men and women «trifling». Instead, Spencer now declared, «that men and women are mentally alike, is as untrue as that they are alike bodily». (Dijkstra 1986, 169)

¹⁶⁵ «His words became law and were repeated everywhere as if they were based on the most absolute of scientific truths. From this point on, virtually everyone who wished to say anything about the «inherent» differences between the sexes quoted Darwin directly, or indirectly, with the air of adducing incontrovertible proof» (Dijkstra 1986, 167).

Dei meinte begge at evolusjonen gjekk i retning av stadig større kompleksitet, mangfald og individualitet, først og fremst representert ved vaksne, kvite menn. At kvinnene var meir like på born enn mennene var, viste at dei hadde utvikla seg mindre og dermed var meir dyriske, òg mentalt. Nå hevda Spencer at kvinnene hadde fått ein bråare stopp i deira individuelle utvikling, sidan dei trengte kreftene til reproduksjonen, noko som resulterte i at deira moralske kapasitet var mindre utvikla, særleg når det gjaldt sansen for rettferd, i tillegg til at kvinna låg langt etter mannen når det gjaldt originalitet og nytenking, ja tenking i det heile.¹⁶⁶ Kvinna styrke låg i evna til herming og etterlikning.

Woman was, in evolutionary terms, no more than «an undeveloped man» –the title of a long chapter in Harry Campbell's disquisition on *Differences in the Nervous Organisation of Man and Woman*. And, certainly, it was why «the mind of the average woman appears to be absolutely deficient in the power of coherent, impersonal thought,» as George Fleming insisted in 1888 in *The Universal Review*. (403, i Dijkstra 1986, 169)

Ein tenkte m.a.o. at evolusjonen var kjønnsespesifikk, og at forskjellen mellom menn og kvinner berre ville auka.¹⁶⁷ I *The Descent of Man* støtta Darwin dei som meinte at ein ekstremt fjerntliggende forfar til virveldyra truleg har vore hermafroditt eller androgyn, og at separasjonsprosessen og utviklinga av kjønna framleis gjekk føre seg (Darwin 1871, I, 207). Den vidare evolusjonsprosessen kom dermed til å auka forskjellen mellom kjønna (Darwin 1871, II, 314). Mannen ville halda fram med å utvikla seg på alle område, medan kvinna utvikling var hemma, noko som kunne henga saman med at ho trengte kreftene til å føda barn. Kvinna hadde meir til felles med det dei kalla primitive folkegrupper, for alle hadde ikkje same plastiske potensial for endring og utvikling som den kvite mannen. Vogt kom til liknande konklusjon: «The lower the state of culture, the more similar are the occupations of the sexes» (sitert i Dijkstra 1986, 171).¹⁶⁸

¹⁶⁶ «Spencer argued that human development depended on the expenditure of a fixed fund of energy. Since women depleted, or sacrificed, their energy in the reproductive process, they were heavily handicapped, developmentally arrested, in intellectual competition» (Showalter 1987, 122). «This 'arrest of individual development' in women resulted in 'a perceptible falling-short in those two faculties, intellectual and emotional, which are the latest products of human evolution—the power of abstract reasoning and that most abstract of the emotions, the sentiment of justice—the sentiment which we regulates conduct irrespective of personal attachments' [...]» (340–42, sitert i Dijkstra 1986, 169).

¹⁶⁷ «The theories of sexual difference adumbrated by Darwinian science were incorporated into a highly prescriptive late Victorian psychology of women [...] While the fundamental differences between the sexes where, of course, physical, Darwinian psychiatrists insisted that (in Maudsley's words), «'there is sex in mind as distinctly as there is sex in body'» (Showalter 1987, 122).

¹⁶⁸ Under dekket av komplementaritet forsterka darwinismen, ifølge Cynthia Russett kvinna rolle som sekundær og reproduserande, medan mannen var den primære og produserande (Russett 1989, 12).

Endra Darwin oppfatning etter kvart som kvinnekampen skreid fram? Ti år etter *Descent of Man* ser det ikkje slik ut:

In 1881 the American educator and social reformer Caroline Augusta Kennard wrote to ask Darwin if she correctly understood him on the inferiority of women. Missing the irony, he responded by saying, «I certainly think that women though generally superior to men [in] moral qualities are inferior intellectually. He conceded that there was «some reason to believe that aboriginally (& to the present day in the case of Savages)» men and women demonstrated comparable intelligence, thus implying the possibility of regaining such equality in the modern world. «But to do this, as I believe», he added, «women must become as regular ‘bread-winners’ as are men; & we may suspect that the early education of our children, not to mention the happiness of our homes, would in this case greatly suffer.» (Sims 2021)

Georg Romanes, evolusjonsbiolog og grunnleggaren av den komparative psykologien, forklarte i 1887 dei mentale forskjellane mellom kjønna med fysiske forskjellar i hjernen: «Not only is the grey matter, or cortex, of the female brain shallower than that of the male but also receives less than a proportional supply of blood» (Romanes 1887). Strindberg, som sette seg godt inn i dei naturvitskaplege teoriene, innrømte i ein artikkel for *La Revue Blanche* i januar 1895 at han ikkje visste korfor kvinna var mannen underlegen, men han hadde eit forslag: Menstruasjonen, som kvinna brukte ca. fjerdeparten av livet sitt på, tappa henne for krefter og blod som ho hadde trunge viss ho skulle ha utvikla seg intellektuelt. Han foreslo at

«these periodical bleeding are in part to blame for the arrest in growth and development of woman, and that indeed this anemia of necessity serves to atrophy the brain.» That is why it was appropriate to designate the normal physical and mental condition of the grown woman as that of a «sick child». (13–14, i Dijkstra 1986, 170)

Strindberg-forskinga har peikt på at 1884 var eit vendepunkt i forholdet hans til kvinna; frå då av begynte han m.a. å skildra kvinnene med sjuklege drag (Tarschys 1970, 157).

Litteraturen har alltid vore opptatt av menneskas søking etter ein make, og darwinismen, som betrakta reproduksjonsinstinktet som den sterkaste drivkrafta, som samstundes var utsett for strengast sosial kontroll, gav 1800-talets forfattarar og forskarar eit biologisk perspektiv på temaet (Otis 2009, 239):

In 1871, when Darwin introduced the idea of sexual selection, he offered literary writers a new language in which to formulate a problem they had long been describing. In *The Descent of Man*, he attributed considerable power to female organisms, providing anthropomorphic descriptions in which females chose their mates based on the males’ ostentatious displays. (Otis 2009, 239)

Likevel meinte Darwin at evolusjonen hadde ført til eit skilje mellom dei siviliserte menneska og dei primitive dyra ved at menneska er den einaste arten der menn tar det seksuelle valet:

Darwin, however, did not see female choice as a universal law of sexual selection. Human being differed from all other animals, he believed, in leaving sexual choice to the males. Darwin's account reinforced cultural readings of female desire as a dangerous force that threatened the social order. When women did take the active role and select their mates, they were acting in a primitive fashion, revealing people's animal origins. (sst.)

I kjølvatnet av dette blei det skrive tekstar der det kvinnelege seksuelle valet blir framstilt som usivilisert: «The violence of this matriarchal culture, where women make all the choices, affirms the convictions of any reader who regards female sexual choice as uncivilized» (Otis 2009, 240).¹⁶⁹ Dette kan forklara dei negative reaksjonane Amalie Skram fekk frå dei progressive kollegaene sine då ho skildra kvinneleg seksualitet og lyst. Både dei mannlege og dei kvinnelege kritikarane reagerte negativt på *Constance Ring* (1885).¹⁷⁰ Når ho seinare likevel blei anerkjent, blei ho omtala som ein *mannleg, karsleg* forfattar.¹⁷¹

Kjønnsførestillingane gjennomsyrrer òg den litteraturhistoriske diskursen: I Jægers *Illustreret norsk Literaturhistorie* (1896) skriv han at Skram «fører den mandigste, den mest håndfaste pen, nogen norsk dame til dato har ført. I det hele taget er hun et af de djærveste og mandigste talenter i nynorsk litteratur» (sitert i Iversen 1988, 166). Og ifølge Iversen skal Gran i *Samtiden* i 1897 ha sett «kronen på verket ved å skrive en oversiktsartikkel over forfatterskapet» som han kalla «Amalie Skram. En kvinde, der skriver som en mand» (sst.).

Sitata vitnar om at evolusjonsdiskursen og tanken om at evolusjonen er kjønnsespesifikk, på tampen av hundreåret framleis gjorde seg gjeldande på det litterære feltet, sjølv om Darwin hadde vore død nokre år.¹⁷² Den evolusjonistiske diskursen var blitt så vanleg og verka så overbevisande at dette kjønnsynet òg fekk tilslutning hos feministar som Ellen Key i Sverige:

In line with Spencer, Key argued that important biological and intellectual differences between the sexes had evolved through mankind's struggle for existence, and consequently feminists should focus on advocating the inherited female talent of nursery and education instead of

¹⁶⁹ I meldinga av Bert Benders *The Descent of Love: Darwin and the Theory of Sexual Selection in American Fiction* peiker Kassia Boddy på at forfattarar som William Dean Howells og Henry James «also found in Darwin support for the view that men are more highly evolved than women and that choice of sexual partner always rests with the male» (Boddy 1999, 356).

¹⁷⁰ «Bjørnson brøt deres vennskap for en lang periode, og både denne og de etterfølgende romanene hennes, som alle handlet om kvinner og kvinneskjebner, ble oversatt av de norske kvinnelige kritikere og for eksempel ikke anmeldt i *Nylænde*. Men hun ble også møtt av uvilje og negativ kritikk hos mannlige kritikere og forfattere som i utgangspunktet var positive til naturalismen, for eksempel Irgens Hansen og Alexander Kielland. Deres reaksjon var ikke vendt mot hennes naturalisme, men mot at hun som kvinne tillot seg å skildre kvinners seksuelle erfaringer og mot det dystre bildet hun ga av kvinnetilværelsen» (Iversen 1988, 165–66).

¹⁷¹ Pil Dahlerup fortel at 'mandig' er Brandes' «yndlingsord og ideal i *Det moderne Gjennembruds Mænds* (1983, 63).

¹⁷² Ifølge Shepherd-Barr fokuserte evolusjonsdiskursen på belastninga som biologien sette på kvinnene: «Evolutionary discourse focused particular attention on the burden that biology placed on women» (2015, 92). Eg ville heller sagt at evolusjonsdiskursen sette dei biologiske sidene ved kvinna i fokus, men utan å ta omsyn til den belastninga dette fokuset innebar.

attempting to copy male behavior. Small wonder, this argument was seen as reactionary by many of her fellow feminists. (Hermitslev 2016, 254–5)

Men sjølv om darwinismen fekk stor innverknad på kjønnsførestillingane i siste halvdel av 1800-talet, møtte han òg motførestillingar.¹⁷³ Stuart Mills *On the Subjection of Women* (1869) fekk stor merksemd og vekte debatt som varte til langt inn i neste hundreår.¹⁷⁴

Tidlegare forskning på korleis Ibsen stilte seg til samtidas kjønnsdiskurs

Kor i dette landskapet stod Ibsen? Går ein til Ibsen-forskinga, blir ein ikkje nødvendigvis så mykje klokare m.o.t. dette spørsmålet. Moi, som både har forska på feminisme og på Ibsen, kan fortelja at Strindbergs syn på kjønn er gjennomsyra av biologisk determinisme, men Ibsen nemner ho ikkje i denne samanhengen (Moi 2002, 29).¹⁷⁵ Dette trass i at Laura Marholm Hansson i 1896 hevda at Ibsen-kvinner som Hedda, Hilde og Rita var «tydelige afledninger av Strindbergs kvinder» (1896, 75).¹⁷⁶ Moi kjem heller ikkje inn på emnet i *Ibsens modernisme* (2006) der ho gjennomgår store delar av forfattarskapen og argumenterer for at Ibsens modernisme m.a. ligg i feminismen hans, der han øydelegg idealismens dikotomisering av kvinna som anten hore eller madonna (2006, 19). Her skriv ho at «Strindbergs flørt med darwinismen i et stykke som *Faderen* er typisk for perioden» (Moi 2006, 111), men korleis Ibsens tekstar plasserer seg i denne idéhistoriske samanhengen, kjem ho ikkje inn på. I Ibsen-analysane trekker ho i liten grad inn samtidskonteksten, noko som er i tråd med Bjerck Hagens påpeiking av at Moi generelt har «utelukka Ibsens norske kontekst» (Bjerck Hagen 2019, 554). Moi nemner heller ikkje Stuart Mills *On the Subjection of Women*, eller Brandes' omsetting, trass i at ho elles legg vekt på Brandes' innverknad på Ibsen. Bjerck Hagen reagerer òg på dette, og på at ho ikkje nemner noko om merksemda boka «umiddelbart vakte,

¹⁷³ «There were those like John Stuart Mill, Mona Caird, and the philosopher David G. Ritchie who argued that 'womanhood was largely a social construct,' but they were countering culturally embedded biases shared by even the best-educated and most scientific of men» (Shepherd-Barr 2015, 95).

¹⁷⁴ *Kvindernes Underkuelse* låg m.a. på salongbordet til Amalie Skram i 1889 (Andersen 2018, 40).

¹⁷⁵ «Som entusiastisk leser av naturvitenskaplige skrifter var han [Strindberg] svært godt informert om samtidens debatter om kvinners og menns natur. (Fotnote: Det er ingen tilfeldighet at Rittmesteren i stykket er en vitenskapsmann, hvis arbeider hans hustru Laura ikke bare er ute av stand til å forstå, men til og med anser som tegn på hans galskap.) I *Fadren* fremstår mann og kvinne, ektemann og hustru, som to ulike arter, den seksuelle relasjonen eksisterer ikke» (Moi 2002, 29). Her er nokre replikkar frå dramaet som illustrerer dette: «*Rittmesteren*: Det er som rasehat dette. Om det er sant at vi stammer fra apene, må det i hvert fall ha vært fra to arter. Vi er jo ikke lik hverandre? *Laura*: Hva vil du egentlig si *Rittmesteren*: Jeg føler at i denne kampen må en av oss gå under. *Laura*: Hvem *Rittmesteren*: Den svakeste, naturligvis. *Laura*: Og den sterkeste har rett? *Rittmesteren*: Alltid rett fordi han har makt!». Strindberg frykta at eit radikalt matriarkat ville gå sigrande ut av kjønnskampen (Moi). 1888: Ibsen er begeistra for stykket, men «han har behov for å tilføye at de erfaringene som stykket viser til, ikke stemmer med hans egne» (Andersen 2018, 310).

¹⁷⁶ Marholm Hanssons *Wir Frauen und unsere Dichter* (1895) blei omsett av Olaf Broch og fekk tittelen *Vi kvinder og våre digtere* (1896).

hos Kristian Elster d.e. (i Bjørnsons *Norsk Folkeblad*) eller hos Camilla Collett og flere andre kvinnelige debattanter» (Bjerck Hagen 2019, 551). I kapittelet «Feminism» i *Ibsen in Context* (2021) er Moi langt meir moderat når det gjeld Ibsens feminisme: «There is no doubt, then, that ever since they first came into the world, some of Ibsen's plays have been felt to speak directly to feminist concerns», oppsummerer Moi, før ho likevel konkluderer med at «Ibsen's plays help us to think more clearly about key issues in feminist theory. Ibsen himself may or may not have thought of himself as a feminist. But in his plays he *thinks* as a feminist» (2021, 92, 97).

Om Ibsens nedlatande kommentar om at Stuart Mill hadde fått alle ideane sine frå kona, Harriet Taylor Mill, som var filosof og medforfattar av boka, skreiv Brandes ti år seinare:

Mill's Bog om Kvindesagen var, om jeg ikke fejler, ham [Ibsen] stærkt imod da den udkom, og Mills Skribentpersonlighed indgjød ham ingen Sympathi. Navnlig forekom Mills Paastand eller Tilstaaelse, at han skyldte sin Kone Meget og det bedste i sine Skrifter, Ibsen med hans udprægede Individualisme latterlig. (Brandes 1883, 128)

I tillegg til at Joan Templeton og Bjerck Hagen kommenterer Ibsens forhold til Stuart Mill¹⁷⁷, tar Figueiredo i *Masken* (2007) føre seg ekteparet Ibsens splitta syn på Mill, og Colletts frustrasjon over Ibsens konservative kvinnesyn (205–6):

Ibsen var med andre ord ikke spesielt tidlig ute da han tok opp kvinnens stilling i *Et dukkehjem*. Heller ikke tidligere hadde han vist noe synderlig engasjement for kvinnespørsmålet. Den gangen Georg Brandes' oversettelse av John Stuart Mills *On the Subjection of Women* vakte oppstandelse i Skandinavia, reagerte han med skepsis. «Jeg vil ærlig tilstå Dem.» skrev han til Brandes i 1873, «at jeg aldeles ikke kan forstå at der skal ligge noget fremskridt eller nogen fremtid i den stuart millske retning.» Innvendingene gjaldt riktignok ikke kvinnespørsmålet i seg selv, men noen direkte positive utsagn om kvinners rettigheter fra Ibsens munn eller hånd har vi ikke fra denne tiden. Tvert imot skal Collett ha blitt nedslått over hans konservative kvinnesyn da de to ble kjent på begynnelsen av 1870-tallet; det passet bedre for en gammeltestamentlig profet, skal hun ha hevdet i heftige diskusjoner. (Figueiredo 2007, 206–7)

Utan anna grunngeving enn at «det er liten grunn til å tvile på hennes [Suzannahs] innflytelse på mannens syn i kvinnesaken», kjem Figueiredo likevel fram til at Ibsens innstilling til kvinnesaka endrar seg på 1870-talet, «mye takket være innflytelse fra Collett og etter hvert Suzannah, og smått om senn gav dette seg utslag i diktningen. Anmelderne hadde for lengst

¹⁷⁷ Templeton kjem inn på Brandes' tankar om Ibsens kommentar om Stuart Mill og kona hans (1997, 125). Ho nemner òg at det er likskap mellom Brandes' introduksjon til Stuart Mills bok og *Samfundets støtter* (333). I si nye litteraturhistorie nemner Bjerck Hagen òg Ibsens kritiske haldning til Mill: «Ibsen fikk aldri noen sans for John Stuart Mill. I april 1873 beklager han til Brandes at denne har brukt tid på å oversette også boken *Utilitarianism*, som for Ibsen var preget av «filistrøs vismandsmæssighed». Han legger til og med inn følgende antifeministiske stikk: *Jeg tror også at De gør Stuart Mill højlig uret når De tvivler på sandfærdigheden af hans forsikring om at han hat fåt alle sine ideer fra sin kone*» (Bjerck Hagen 2019, 551–52).

registrert at han gjerne utformet kvinneskikkelsene som mer interessante enn de mannlige», men f.o.m. *Samfundets støtter* gir han dei, ifølge Figueiredo, overskridande dimensjonar, som munnar ut i Noras opprørske, samfunnstruande handlingar (Figueiredo 2007, 207).

Ibsen var kritisk til Stuart Mill og avviste tankane hans om at ein ikkje kunne slå fast noko sikkert om kvinns vesen eller meining, sidan ho ikkje hadde fått utvikla seg på linje med mannen. Dette høver dårleg til bildet av Ibsen som verdslitteraturens store feminist, men i eit brev frå 1928 skreiv Sigurd at Suzannah klarte å omvenda han etter mange års påverknad:

fra først av hadde min far ingenting til overs for kvindeemancipationens idé. Min mor derimot blev fyr og flamme for den efter læsningen av Stuart Mills bok om «Kvindens undertrykkelse», og det var hende, som omvendte ham efter en årelang påvirkning. Resultatet viste sig så i «Samfundets støtter» og «Et dukkehjem»». (Langslet 2004, 401)

I motsetnad til Henrik beherska Suzannah både engelsk og fransk, i tillegg til tysk, og ifølge Ibsen-forskar Astrid Sæthers biografi *Suzannah* (2008) las ho truleg *The Subjection of Women* i Dresden før Brandes hadde omsett boka til dansk.¹⁷⁸

Henrik fortalte ofte at han overlét lesing av bøker til Suzannah, og både ho og Sigurd lånte bøker i namnet hans, og f.o.m. 1865 kan ein sjå at Suzannah las mange bøker av kvinnelege forfattarar.¹⁷⁹ Sæther fortel om då Brandes i juli 1871 besøkte Ibsen i Bøhmen: «Diskusjonene de førte om diktning, filosofi og vitenskap, om Stuart Mill, Schopenhauer og Taine, var like berikende for dikteren som for kritikeren» (168). Det er m.a.o. stor sannsynlegheit for at Henrik var orientert om dei bøkene Suzannah las, om han ikkje hadde lese dei sjølv. Mange meiner *Samfundets støtter* er påverka av Camilla Colletts besøk hos dei i Dresden 1871–72.¹⁸⁰

¹⁷⁸ «Av det må man kunne slutte at Ibsen kjente Stuart Mills [sic] like tidlig som Brandes», skriv Sæther og viser til at Nils Collett Vogt peikte på det same i eit brev til Bergliot Ibsen: «Allerede i *De Unges Forbund* kunne man spore Henrik Ibsens sympatier for «kvindeemansipationen»: Versstykket [dvs. avstanden] fra hende til Nora i *Dukkehjemmet* er kort. La det være at Henrik Ibsen ikke likte Mills' [sic] bok. Han var dog inde paa samme vei & [sic] sin tanke som den store englænder saa tidlig som i 1869, det aar *De unges forbund* blev offentliggjort (Collett Vogt, 14.4.1916, Ms. 4, 2590, 89, sitert i Sæther 2008, 215).

¹⁷⁹ Det var berre mennene som fekk låna. Utlånslistar i Den Skandinaviske foreininga i Roma viser at Suzannah m.a. las Germaine de Staël, George Sand og Mathilde Fibiger, Frederika Bremer, Emilie Flygare-Carlén, Sofie von Knorring og Camilla Collett. «Den foretrukne forfatter har vært George Sand, hele ti av hennes bøker var utlånt. Madame de Staëls *Corinne* var lest mange ganger. De radikale, nye kvinnelige forfatterne var Suzannahs favoritter, ikke de engelske kriminalromaner, som det ofte er blitt hevdet. I tillegg har hun lest faglitteratur innen kunst, tidsskrifter, reiseskildringer og noen historiske verker» (Sæther 2008, 215).

¹⁸⁰ Downs meiner *Kjærlighedens komedie* er utvikla som ein kritikk av *Amtmannens døtre*, og at Ibsen her støtter fornuftssekteskap, sidan han lar Svanhild velja Guldstad i staden for Falk (1949, 71), men det at han lar Svanhild velja Guldstad, treng jo ikkje bety at Ibsen sjølv støttar fornuftssekteskap. Svanhild er vel ikkje noko talerøyr for Ibsen, som ved fleire høve kritiserer det å gifta seg av praktiske og økonomiske grunnar, og ikkje av kjærleik. Likevel meiner Downs at Ibsen er tilhengar av den store kjærleiken: i dei siste stykka har heltane begått svik, og det største er sviket mot den begjærlege kjærleiken, t.d. Borkman og Rubek, og kanskje Solness. I ein

Diskusjonen om kvinnens stilling gikk på denne tiden høyt i huset Ibsen. Fru Collett var sjokkert over måten tyske kvinner ble behandlet på [...] Hun ble oppbrakt over Ibsens likegyldighet i saken. Var han egentlig en radikaler? Hans holdninger var passive, mente hun og hamret løs. Ibsens kvinnesyn var høyst tilbakestående, og om dette var de to kvinnene enige. Suzannah hadde lest hennes bøker og hadde vært særlig opptatt av *Amtmandens Døtre* da den utkom i 1854. For Collett fant i Suzannah en samtalepartner som var meget belest innen moderne europeisk litteratur. (Sæther 2008, 172)

I eit brev til sonen Alf skreiv Collett: «Han [Ibsen] er fra Top til Taa Egoist, og navnlig er han dette som Mand ligeoverfor Kvinder. Hans huslige Forhold har vidst mindst kundet virke paa ham. Læg Mærke til alle hans Helte: *Despoter* ligeoverfor Kvinder er de alle» (sitert i Figueiredo 2007, 207). Om same besøket skriv Koht at Collett «både undra seg og arga seg for di han tenkte så gamaldags om kvinna i samfunnet» (1954-II, 96). Same året gav Collett ut *Sidste Blade 2den og 3dje Række* (1872), som fekk Ellisiv Steen til å skriva at «med dette skriftet toger Camilla Collett i virkeligheten inn i norsk litteratur i spissen for det moderne gjennombrudds forfattere (Steen 1954, 166 og 170; sitert i Bjerck Hagen 2019, 551). Våren 1877 kom Collett igjen innom dei i München, på veg til Roma, og diskuterte «mykje med han om ekteskap og andre kvinnespørsmål. På nytt måtte ho gong på gong bli sint for dei meiningane han forsvara», skriv Koht om dette treffet (1954-II, 96).

I 1877, då Ibsen var midt i arbeidet med *Samfundets støtter*, fekk dei besøk av Aasta Hansteen, som mange meiner er modellen for Lona Hessel (Koht 1954-II, 95).¹⁸¹ Koht viser ingen kritisk distanse til den essensialistiske kjønnsdiskursen når han skildrar Lona som kunne

vinne sigeren for sanning og fridom, for di ho hadde, og fekk lov til å nytte, den ekte kvinnelege evna til å kaste inn i manns-livet «et glimt af dette usammenhengende springende i betraktningen» som «virker vækkende og rensende» på mannen. Ibsen kjende denne evna på næraste hald, – den «ulogiske», men viljesterke kvinna som hata brennande alt konvensjonelt, alle samfunns-fordomane. Slik hadde han sjølv skildra kona si i 1870. (Koht 1954-II, 95)

fotnote nemner Downs at Signora Duse, skodespelaren, meinte Hedda kjem i same kategori, noko Downs ikkje er einig i. Eg lurar på korfor ikkje. Kan ikkje kvinnene jamførast med mennene på dette punktet? Downs meiner at Ibsen av ulike kjærleiksforhold føretrekker det som bygger på vane og felles interesser, som døme nemner han Thomas Stockmann og kona, og det som han meiner Rita og Alfred kan sjå fram til. Ifølge Downs kan m.a.o. eit godt kjærleiksforhold vera eit fornufts ekteskap hos Ibsen (Downs 1946, 77).

¹⁸¹ «Åsta Hansteen var tanta til Mathilde Schjøtt, som i 1871, med utgangspunkt i Stuart Mills *Kvindernes Underkuelse*, namnlaust gav ut *Venindernes Samtale om Kvindens Underkuelse*» (Koht 1954-II, 94). Året før hadde ho reist rundt i heile Norden og halde mange foredrag der ho kritiserte kyrkjens syn på kvinnene, noko som vekte sterke reaksjonar (Hagemann 2005, 64). I den frigjorte Lona Hessel (først heitte ho Hassel, som «minte endefram om Hansteen» (Koht 95)), finn me, ifølge m.a. Koht, forgjengaren til Nora Helmer. Så namnelikskapen mellom Lona og Nora er neppe tilfeldig. Koht fortel at dei første oppteikningane til *Samfundets støtter* (1877) var «så mykje meir av eit kvinnesak-stykke enn det til slutt vart», men Ibsen venta med å utarbeida denne tematikken til neste stykke, som var *Et dukkehjem* (1879) slik han ofte førte vidare tema og tendensar frå utkastane og idéfasane i seinare stykke (1954-II, 95).

Ved fleire høve skildra Ibsen Suzannah som ulogisk og barnleg. I samband med *Kærlighedens Komædie* hadde Ibsen skrive: «Den eneste, som dengang billigede bogen var min kone. Hun er en karakter, som jeg netop behøver, – ulogisk, men med et stærkt poetisk instinkt, med et storsindet tænkesæt og med et næsten voldsomt had til alle smålige hensyn»

(B18701028PHA). Og diktet «Til den Eneste», som Ibsen skreiv i januar 1856, omtalt som Ibsens friarbrev, inneheld følgande verselinje: «Turde jeg skue tilbunds i / din blomstrende barnesjæl» (Ibsen 1856, jan.). Likeins inneheld diktet «Til Susannah Thoresen», som truleg var fletta inn i eit brev til Suzannah i mars 1856, m.a. desse to strofene: *Saa kasted jeg lønligt mit Øie / Til hende, den eneste, hen, / Alt havde hun hørt og smilte / Saa barnligt til mig igjen. Da følte jeg Mørket vige, / De strømmende Toners Væld / Fra hende, som eier den rige, / Blomstrende Barnesjæl* (1856). Det Ibsen her framhevar som positivt: ei kvinne med barnesjel, som i tillegg hadde eit barnleg smil og eit sterkt og ulogisk instinkt, var sannsynlegvis meint som eit kompliment frå Ibsens side.

«De drar begge til Amerika som følge av at de ble utstøtt i et småborgerlig, trangsynt samfunn», skriv Sæther om Åsta og Lona, før ho siterer Hans Heiberg, som er ein av dei som framhevar at Ibsens kvinnefigurar representerte noko nytt:

Rundt den stadig hulere samfunnsstøtten Bernick kryr det av levende kvinneskjebner, og det er dette som gir stykket liv. Etter den tid får Ibsens mannlige hovedpersoner aldri mer fred for dette hovedproblemet. Stadig nye kvinneskikkelser, **på forskjellige utviklingstrinn** og av forskjellig lynne, dukker frem som forgrunnspersoner. Det er en av forklaringene på at Ibsen ble sin tids mest nyskapende dramatiker. I *den* ublodige revolusjonen var han, mer enn noen annen den seirende revolusjonære tenker. (Heiberg 1967, sitert i Sæther 2008, 195–96)

Eg har utheva ‘på forskjellige utviklingstrinn’ for å gjera merksam på at også Heiberg bruker frasar som kan assosierast med evolusjonsdiskursen i omtalen av Ibsens kvinneroller, så seint som i 1967, og *kvinneskikkelsene* omtalar han som *forgrunnspersoner*, i motsetnad til *Ibsens mannlige hovedpersoner*. Ifølge Sæther blei Ibsen etter kvart så påverka av Suzannah og andre kvinnesakskvinner, som Collett og Hansteen, at han

måtte distansere seg tydelig fra et kvinnesyn som hans åndsbror Brandes dyrket. Kvinner skulle selvsagt være mannen likeverdig, hevdet Brandes også, men de var best som «Natur». Her har de to menn nok i teorien hatt en grunnleggende felles oppfatning av kvinners likeverd, men i praksis hadde de slett ikke fulgt samme linje. Det kan neppe herske tvil om at Suzannah og hennes radikale venninner påvirket Ibsen i hans oppfatninger av kvinnespørsmålet. De hadde bidratt til den transformasjon som gjorde Ibsen til en moderne samfunnskritiker. (Sæther 2008, 196)

Nokre konkrete eksempel på Ibsens tydelege distansering frå Brandes’ kvinnesyn kjem Sæther likevel ikkje med. Ho viser ikkje korleis ho kjem fram til at Ibsen var ueinig med

Brandes i at kvinnene var best som «Natur», anna enn påstanden om at Ibsen, under påverknad frå Suzannah og dei radikale venninnene hennar, blei ein moderne samfunnskritikar. Ut frå sitatet ovanfor, og andre ytringar der Brandes tydeleg gir uttrykk for at kvinna ikkje var mannen likeverdig, verkar det òg rart når Sæther skriv at *de to menn nok i teorien hadde en grunnleggende felles oppfattelse av kvinners likeverd*. Det kan sjå ut som at påstanden først og fremst botnar i eit *ønske* om at dei oppfatta kjønna som likeverdige. Særleg etter at ein har tatt eit nærare blikk på dei kjønnsoppfatningane Brandes gir uttrykk for.

Brandes hevda at kvinnene mangla formgivande evner. Magdalene Thoresen og Camilla Collett er dei einaste kvinnene som blir nemnt i *Det moderne Gjennembruds Mænd* (1883).¹⁸² Om *Amtmandens døtre* skreiv han at «denne dristige Bog opfyldte paa hin Tid alle norske Sind, og den førte nok saa vittigt, kun mere formløst, det Angreb paa Forlovelser og Ægteskaber, der i Ibsens Drama er rettet med mandlig og fastere Haand» (Brandes 1883, 125). Dahlerup meiner at Brandes såg annleis på *Kvindernes Underkuelse* då ho blei utgitt på nytt i 1885, «stadig i hans oversættelse»; han, som i *Emigrantlitteraturen* (1872) tok til orde for kvinnefrigjering, gjekk etter kvart imot kvinners stemmerett (Dahlerup 1983, 587).¹⁸³ «Jeg vil ikke se Kvindesagen, som jeg selv ganske alene har bragt frem her i Norden og i en Aarrække ene kæmpet for under Forfølgelse fra alle Sider, forvrøvlet af uvidende Kvinder»,

¹⁸² I *Det moderne gennembruds kvinder* (1983) fann Pil Dahlerup ut at dei 70 kvinnelege danske skjønnlitterære vaksenforfattarane som debuterte i perioden 1871–91, i enda mindre grad enn dei mannlege forfattarane skreiv om frigjorte, sjølvstendige kvinner, noko Dahlerup kom fram til hang saman med at Brandes-brønne verka hemmande på kvinnes utviklingsmoglegheit i Danmark. Ifølge Dahlerup som hevdar at «Brandes' agitation for kvindernes frigørelse ikke sker for kvindernes skyld, men for mændenes» (76), hindra Brandes kvinnene i at *vove sig frem for Dagens Lys*» (Dahlerup 1983, 87). Sjølv om Brandes hadde skrive at det var «ægte dikterisk» å gjera seg til organ for kvinnerørsla, fremja han ikkje dei kvinnelege forfattarane; han bidrog gjerne med råd og rettleiing, men overlét omtalen av bøkene deira til broren. Derimot skreiv han gjerne nekrologar når dei døydde. I perioden 1871–91 meldte Brandes ikkje ein einaste kvinneleg dansk forfattar. «Han skrev et forord til Adda Ravnkildes *Judith Første* i 1884, men det var – karakteristisk nok – samtidig en nekrolog. Det er trods alt påfaldende for en kritiker, der hævder, at han «selv ganske alene» har introduceret og «kæmpet for» kvindesagen i Norden» (Dahlerup 1983, 126). Den 18.12.1886 høyrer Victoria Benedictsson Brandes forelesa om kjønn: «Hun hørte ham snakke om kvinnen og mannen. Mannen er kraft, vilje, hensynsløshet, sa George Brandes, kvinnen er evnen til å elske helt og uten konvensjonelle hensyn. Varmt, fullt og livskraftig. Kvinnen er modig, oppofrende, sterk. Hun er villig til å gi alt gjennom kjærligheten, uten sjalusi, uten baktanke, rett og slett fordi det er hennes natur å elske» (Andersen, 2018, 70).

¹⁸³ I *Emigrantlitteraturen* (1872) tok Brandes, ifølge Dahlerup, eit «opgør med den gamle selvoppgivende kvindetype à la Goethes Gretchen og Clärchen»: «Her er, siger jeg, ingen Frigørelse for Aandes; thi denne unge Pige har ikke Aand i Betydning af Forstand, hun er lutter Sjæl» (*Emigrantlitteraturen* 1872, 118). «Nye bevægelser som bonde- og arbeiderbevægelsen betragtes som barnlige fortidsfænomener. Kun kvindebevægelsen er «moderne» – men ikke så moderne, at Brandes finder kvinder, der selv kan formulere den» (Dahlerup 1983, 72). Dahlerup meiner Brandes bidrog til at den mannlege karakteren blei endra slik den nye samfunnsutviklinga hadde bruk for: «en nedbrydning af det patriarkalske mandsbillede til fordel for et naturvidenskabeligt, humaniseret og seksualiseret mandsbillede» (86) samstundes som han sjølv var full av gammaldagse patriarkalske førestillingar. Eit eksempel på Brandes' patriarkalske praksis var at han endra namnet på kona si frå Henriette til Gerda «fordi hun skal have et nordisk Navn, og et, der svarer til mit Navn» (Gerda Brandes: «Lyse Minder», *Politiken* 13/10 1935) i Dahlerup 1983, 92). Georg og Gerda Brandes passa så fint saman, tykte Brandes.

skreiv han i eit brev til Bjørnson (1887, 4. sep.). Til det svarte Bjørnson: «Ikke De har rejst kvinnesaken i Norden; det har fru Collett længe før Dem samt indbragt kunskab fra Amerika» (1887, 7. sep.). Same år kalla Brandes Strindbergs *Faderen* (1887) «en uforglemmelig Sjæleskildring af Kvindens særlige Hunkøns-Svagheder og Laster» (1887). I *Det unge Tyskland* (1898 [1890]) skreiv Brandes at «ingen af de faa store Kvinder, som beherske Aanderne i dette Tidsrum, har frembragt noget Kunstværk, ingen af dem har endog blot forsøgt derpaa. De have hverken skrevet Romaner eller Afhandlinger» (383).¹⁸⁴

Feministen Ibsen?

Sjølv om Dahlerup rettar sterk kritikk mot Brandes, oppfatta ho Ibsens kvinnelege karakterar som «overbevisende frigjorte fiktionsfigurer», i den grad at Dahlerup nyttar omgrepet «Ibsenkvinder» om dei (Dahlerup 1983, 349). Dahlerup går likevel ikkje nærare inn på kva for kvinneroller eller skodespel ho har i tankane, eller kva ved kvinnerollene ho oppfattar som frigjort. På liknande vis hevdar Sæther at Ibsen, som var ueinig med Stuart Mill, og kritiserte Brandes for å ha omsett han, skal ha utvikla eit meir radikalt kvinnesyn enn Brandes. Kan Ibsens kvinnesyn ha vore så radikalt og revolusjonerande som mange vil ha det til, samstundes som han t.d. var så negativ til Stuart Mill? Templeton omtalar skodespela hans som «the quintessential feminist work because it does nothing less than destroy the notion of Woman, the female Other of history» (1997, XV). Har Templeton og meiningsfellene hennar rett, eller er det eit utslag av at dei legg «sine egne Følelser og Stemninger ind» i teksten, slik Ibsen, 26.5.1898, hevda dei som oppfatta han som feminist, gjorde? Dersom ein tar evolusjonsdiskursen med i betraktninga, tar Templeton feil.

I denne talens siste avsnitt knytte han sitt eige diktarkall om å «løfte landet og give folket et høiere stade» saman med det som han meinte var kvinnenes oppgåve:

Jeg vil tillade mig med Modification at takke for den Skaal, som er rettet til mig. Thi det ser jeg jo, at Kvinderne har en stor Opgave paa de særlige Omraader, som denne Forening virker for. Jeg vil udbringe en Takkeskaal til Kvindesagsforeningen og ønske den Held og Fremgang. For mig har det altid staaet som en Opgave at løfte Landet og give Folket et høiere Stade. Under dette gjør sig to Faktorer gjældende: det staaer til *Mødrene* ved anstrengt og

¹⁸⁴ «Det gælder også de store udenlandske franske kvinder, Mme de Staël og George Sand, som Georg Brandes satte stor pris på. De havde ideer, synspunkter, liv, erfaringer og oplevelser, men ikke kunstnerisk formkraft» (Dahlerup 1983, 88). Dahlerup fortel at *folkets* rolle i *Emigrantlitteraturen* er mykje mindre enn kvinnenes, sjølv om dei òg høyrer heime i *lystprincip-afdelingen* og ofte blir kopla saman, som i uttrykket «*Folkets Gunst, Kvindernes Kjærlighed*» (67, sitert i Dahlerup 1983, 77). «*Emigrantlitteraturen* lader sig altså læse som Brandes' programerklæring om kvindernes (og delvis) 'folkets' frigørelse som en nødvendig forudsætning for mandens ret til at udvikle videnskabelighed og humanitet» (Dahlerup 1983, 77).

langsomt Arbeide at vække en bevidst Følelse af *Kultur* og *Disciplin*. Dette maa skabes i Menneskene, før man kan hæve Folket videre. Det er Kvinderne, som skal løse Menneskespørgsmaalet. Som Mødre skal de det. Og kun *da* kan de det. Heri ligger en stor Opgave for Kvinderne. Tak og Skaal for Kvindesagsforeningen! (P18980526)

Kvinnenes oppgåve var m.a.o. mødrenes oppgåve; berre som mødrer kunne dei løysa ho. Når dei hadde gjort sin del, som var å vekka og skapa «en bevidst Følelse av *Kultur* og *Disciplin*» i menneska, kunne han og andre «hæve Folket videre». Ibsens perspektiv er evolusjonistisk: Menneska skal utvikla seg vidare, oppover; dei skal hevast nokre trinn opp på utviklingsstigen. I likskap med Schopenhauer gir Ibsen uttrykk for at kvinnene er skikka til å ta seg av den tidlege utviklinga og slik leggja grunnlaget for fortsett utvikling som andre skal føra vidare. Og kven er så dei andre som skal overta når kvinnene er ferdige med oppgåva si? Jo, dei som ikkje er kvinner – altså mennene. I talen ligg det ein klart dualistisk kjønnspremiss i botn: Han opererer med ei biologisk todeling som er forankra i den kjønnslege forutsetninga for å kunna føda.

Talen blei halden i ei tid då mange var opptatt av korleis ein kunne skapa sunne koner og mødrer, m.a. for å motverka trusselen om tilbakegang og degenerasjon. Degenerasjon er eit omgrep som sameinar kultur og medisin: «Når kulturen er utsatt for degenerasjon, vises det til biologiske forklaringsmodeller, og litteraturen trekkes på sin side også inn i den medisinske diskursen» (Bondevik 2019, 290). Legar og vitskapsmenn rettleidde og opplyste.¹⁸⁵ Alt i 1884 hadde Lochmann åtvara om at kvinnefrigjeringa leia til degenerasjon: «Den nyere Naturvidenskab har aabnet vore Øine for denne Slægternes Synken, der navnlig vil være truende, naar Kvinden træder ud af den Kræds, hvortil Naturen har henvist hende» (Lochmann 1884, 24. okt.). Den internasjonalt anerkjente danske gynekologen Frantz Howitz åtvara i sin *Bidrag til en Sundhedslære for Kvinder* (1892) mot at jenter og kvinner skulle anstrenge hjernen og nervesystemet, eller driva med fysisk aktivitet, fordi det kunne ha uheldig innverknad på utviklinga av dei indre organa.¹⁸⁶ Særleg viktig var det å verna om

¹⁸⁵ Ifølge den biologiske determinismen gjennomsyra biologisk kjønn ikkje berre forplantingscellenes eigenskaper, men heile menneskeorganismen, noko som forklarar og rettferdigger sosiale normer, og «forsøk på å forandre eksisterende sosiale normer vil få katastrofale følger for menneskeheten fordi de strider mot naturlovene» (Moi 2002, 38–9).

¹⁸⁶ I boka *The Evolution of Sex* (1890) forklarte biologane Geddes og Thomson bakgrunnen til kjønnsforskjellane i målbare eigenskapar ved cellene. Dei hevda at «den store velnærte og passive eggcellen er et cellulært uttrykk for kvinnelige egenskaper» (1890, 109). Johannisson fortel at *The Evolution of Sex* blei lesen over heile den vestlege verda, og òg Moi skriv at boka hadde stor innverknad på denne perioden, og at skildringa av dei fysiske kjønnsforskjellane blei brukt som argument mot ei frigjering av kvinna: «Akkurat som Brooks forkynner 'rasens' endelikt hvis kvinnens stilling blir forandret, så tror Geddes og Thomson at 'arten' vil gå undergangen i møte om ikke kvinner forhindres i å konkurrere økonomisk med menn» (Moi 2002, 38).

livmora, slik at ein i staden for å «opklække kvindelige studenter, gouvernanter og forfatterinder», vil få «flere sunde hustruer og mødre».¹⁸⁷

Moi synest at «the idea that Ibsen, of all people, would say that women will save humanity through their work as mothers is surprising» (2021, 93). Ho viser til Gail Finney som i kapittelet «Ibsen and feminism» i *Cambridge Companion to Ibsen* (1994) òg undra seg over dette, sidan Ibsens eigne «actual or prospective mothers either deny their pregnancy, abandon their children, give them away to be cared for elsewhere, raise them in an atmosphere of deception, or neglect them» (Finney sitert sst.). Korfor Ibsen har «chosen to depict ‘bad’ motherhood in his plays while still thinking of ‘good’ motherhood as crucial for the radical transformation of society», gir Moi inga forklaring på, sjølv om ho tilføyer at «on this logic, the ‘cause of women’ becomes a necessary but not sufficient step towards the general improvement of humanity» (94).

Gretten, kallar Moi Ibsens respons på Kvinnesaksforeiningas hyllest, der han m.a. sa at han «never wrote with the ‘cause of women’ in mind», og ho slår frampå om at talen kan vera

a response to the often reductive and overly politicized reception of his realist works. Ibsen wanted to be taken seriously as a *poet*, not as a social and political scribe. As so many writers both before and after him, he appeared to believe that there is a tension between politically committed writing and literary imagination, genuine aesthetic creativity. One glimpses, in this speech, the Romantic idea that while a politically committed writer sacrifices his poetic freedom to a non-literary platform, a true poet (*Digter*) remains fundamentally free, unfettered by ordinary, material and ideological concerns. (2021, 93)

Mois hypotese verkar lite overtydande når ein veit at Ibsen fleire gonger i løpet av forfattarskapen gav uttrykk for at han meinte skiljet mellom poesi og andre kategoriar/sjangrar var flytande, jf. t.d. Stockholm-talen, der han sa han trudde «at poesi, filosofi og religion vil smelte sammen till en ny kategori og till en ny livsmagt, som vi nu levende for øvrigt ikke kan have nogen klarere forestilling om» (sjå s. 77). På same vis tok han i teksten «Den nyeste tids naturforskere» (1881) til orde for at diktning er eit handverk, og at «loven for håndværkeren og for digteren er imidlertid ganske den samme», «ja, at den

¹⁸⁷ «Der kan komme en abnorm Slaphed i Muskulaturen af Livmoderen. Vi kunde hos den Art Kvinder, naar de ere blevne fuldvoxne, finde Livmoderen som hos et Barn paa 8 Aar, og som Følge heraf kunne vi finde dels en heel Række sygelige Fænomener af ret betydelig Art, dels, i Tilfælde af Ægteskab, Ufrugtbarhed. Samtidig med den ringe Udvikling af Livmoderen kunne vi oftest ogsaa konstatere en Standsningsdannelse af Æggestokkene, som yderligere bidrager til at karakterisere vedkommende Kvinde som Invalid [...] Det er vel muligt, at man ved at følge mit Raad faaer færre kvindelige Studenter, Gouvernanter og Forfatterinder opklækkede, men jeg troer for vist at der bliver flere sunde Hustruer og Mødre [...] Svømning, Riden, Bicycleren, Skøitløben, alle indeholde visse gynækologiske Farer, naar de drives paa uheldig Maade» (Howitz: *Bidrag til en Sundhedslære for Kvinder*, 1892, 26 f., sitert i Dahlerup 1983, 31).

udstrækker sig til alle områder, og at den gælder for områder sig imellem, der er indbyrdes forskellige, og tilsyneladende uensartede» (Ibsen 1881c). Når ein derimot ser Ibsens ytringar om mødrer og kvinner i det evolusjonistiske perspektivet som begge desse tekstane tar, blir det lettare å forstå korleis dei inngår i prosjektet hans om å løfta folket «towards the general improvement of humanity», for å bruka Mois eigne ord (2021, 94). Men denne konteksten rører Moi ikkje. I samband med hans «surprising claims» om mødrene, viser ho berre til Ibsens kallenamn «the Sphinx» (94) på same vis som me skal sjå Shepherd-Barr visa til Ibsens *contrarianism* når ho prøver tillegga han ei bestemt haldning til temjing (2015, 78). Mois konklusjon er at:

A hundred years before feminist theory engaged in such debates, Ibsen's plays already raised questions about women's relationship to the universal. Feminists will continue to discuss them because Ibsen's richly imagined and deeply thought cases continue to inspire new feminist insights. (Moi 2021, 97)

Liknande tankar gav Sæther uttrykk for i sin rapport frå det 5. internasjonale Ibsenseminaret i München, i 1983: «There is no doubt that it is precisely Ibsen's presentations of women's life conditions that today too are of great significance for the feminist movement» (Sæther 1985, 46). Er «feministen Ibsen» ein tekstintern storleik som kan lesast ut av skodespela hans uavhengig, eller på tvers av den biografiske Ibsens ytringar?

På same vis som det er vanskeleg å finna forskning som studerer Ibsen i lys av samtidskonteksten, er det vanskeleg å finna forskning som tar føre seg Ibsen og samtidas kjønnsdiskurs, noko som òg gjeld det me kan kalla den feministiske Ibsen-forskinga.¹⁸⁸ I *Cambridge Companion to Ibsen* (1994) fortel Gail Finney i kapittelet «Ibsen and feminism» at «Ibsen himself often linked the women's cause to other areas in need of reform, arguing for example that 'all the unprivileged' (including women) should form a strong progressive party

¹⁸⁸ Det er ikkje berre den feministiske delen av Ibsen-forskinga som ikkje har vilja røra ved darwinismen. Den feministiske litteraturforskinga har generelt vist det Elizabeth Grosz omtalar som «virtual ignorance and neglect of Darwin's work», trass i at denne forskingsgreina etter kvart har tatt føre seg mange andre mannlege teoretikarar. «It is not clear why Darwin – whose enduring impact on knowledge and politics is at least as strong as that of Hegel, Marx, or Freud – has been left out of feminist readings» (Grosz 2005, 14). Grosz forstår ikkje korfor det er slik, men lurar på om det kan henga saman med at darwinismen meinte kvinnene stod i ein sterkare relasjon til naturen enn mannen (som dermed står i sterkare relasjon til kulturen). Sjølv om Grosz skriv at «women have no more, or any less, connection to the natural (or the social) order» (216), meiner ho likevel at feministar vil ha nytte av å slutta å unngå Darwin. Grosz framhevar at Darwins arbeid representerer noko meir enn kjønnsførestillingane, som trekker i ei anna retning og som gjer at det ikkje er statisk: Darwins arbeid «stresses difference, divergence, bifurcation, and division, the fracturing of a social and biological field, rather than interconnectedness and wholeness. It is the asystematicity of the Darwinian system that is of interest to me» (Grosz 2005, 216).

to fight for the improvement of women's position and of education» (89).¹⁸⁹ Det ho viser til her, skreiv Ibsen til Bjørnson 23.3.1884:

Kunde jeg få det, som jeg vilde ha' det derhjemme, så skulde alle de uprivilegerede slå sig sammen og stifte et stærkt, resolut og pågående parti, hvis program skulde være rettet udelukkende på praktiske og produktive reformer, på en meget rummelig udvidelse af stemmeretten, regulering af kvindernes stilling, folkeundervisningens frigørelse fra alskens middelalderligheder o.s.v. (B18840323BB)

Men som me ser, tok han berre til orde for ei «regulering av kvinnes stilling», og ikkje for at kvinnene skulle få utdanning, slik ein fort kan få inntrykk av i Finneys omsetting.

I 1996 kalla Ferguson Ibsen «distinctly a feminist» (1996, xii), og ifølge Shideler gir Ibsens skodespel «one of the most powerful insights we have into a supportive male's vision of the women's movement and of the status of women in the nineteenth-century family» (1999, 8–9). Likevel konkluderer Shideler i 1999 med at han ikkje ser Ibsen som ein forkjempar for kvinners rettar: «Although I do not view Ibsen as a propagandist for women's rights, I argue that his awareness of the need for a new understanding of women and their rights was and is highly meaningful» (Shideler 1999, 191–92).¹⁹⁰ Eg registrerer at forskingas oppfatningar er sprikande og ulne, og derfor vil eg nå ta føre meg eksplisitte ytringar om kjønn og kvinnesak frå Ibsens side, i jakta på Ibsens skriftlege artikulasjonar og deira affinitet med evolusjonsdiskursen.

Ibsen om kjønn

Då Laura Kieler, forfattar og modellen til Nora, spurte om Ibsen kunne anbefala hennar *Ultima Thule* til utgiving, svarte han den 26.3.1878:

Den hele skildring er uden spor af sandsynlighed, troværdighed og realitet. Jeg kan nok forstå at noget sådant af Dem er bleven nedskrevet; men det er mig ubegribeligt at ikke Deres mand på det bestemtteste har modsat sig offentliggørelsen af noget så ufærdigt [...] I en familie, hvor manden er ilive, kan det aldrig være nødvendigt at hustruen, således som De, selv tapper sit åndelige hjerteblod. Jeg forstår heller ikke at sådant tillades Dem. (B18780326LK)

Den autoritære haldninga Ibsen gir uttrykk for å venta av mannen som skulle hatt ansvaret for å stoppa dette, tyder lite på feminisme. Koht skriv at Ibsen alltid nekta viss nokon prøvde ta han til inntekt for «kvinnesaks-kvinnene» (Koht 1954-II, 110). Men ifølge Gran, som trur

¹⁸⁹ «Elizabeth Robins [1928] speaks for all turn-of-the-century actresses in claiming that 'no dramatist has ever meant so much to the women of the stage as Henrik Ibsen» (Finney 1994, 93).

¹⁹⁰ Shideler fortel at «McFarlane places Hedda within the context of a contradictory need to dominate and to be dependent. For him, 'What used to be thought of as Ibsen's propaganda for Women's Right now falls into a more meaningful perspective'» (1999, 289).

Ibsen sikkert har lese Colletts *Fra de stummes leir*, som blei offentleggjort i ein artikkelserie frå 1874 og utover, «med stor interesse» (1918, 25), kunne Ibsen kallast feminist ei tid på slutten av 1870- og byrjinga av 1880-talet.¹⁹¹ Han viser m.a. til at Ibsen i 1884 skreiv under på eit stortingsforslag om særlege for gifte kvinner og hevdar at han i tida frå arbeidet med *Et dukkehjem* og fem–seks år framover «direkte deltok i den sociale og politiske emancipation» (1918, 53).

Samstundes som han arbeidde med *Et dukkehjem*, la han fram forslag om at kvinnene skulle få stemmerett og kunna bli tilsett som bibliotekar i Den Skandinaviske Forening i Roma. I eit innlegg i foreninga den 27.1.1879 grunn gav han først forslaget med at det hadde vist seg så vanskeleg å få dyktige menn til bibliotekarstillinga. Dyktige menn var ikkje interesserte i ei slik stilling, derimot trudde han at det ville vera lettare å få dyktige kvinner til å søka. Nå fann ein jo kvinner i fleire ulike yrke, og erfaringane var gode (P18790227DSF). Her viser han først og fremst stor tiltru til kvinns instinkt, som ho har felles med ungdommen, dvs. dei som ikkje endå er ferdig utvikla, og kunstnarar, kanskje fordi han tenker at dei er meir intuitive, fantasifulle og kreative (sst.). Slik er talen i tråd med darwinistisk kjønnsdiskurs og tanken om at kvinna hadde ei utprega evne til herming og etterlikning, eit syn me veit hadde sterk støtte i samtidas kjønns teori og langt inn i neste hundreåret.¹⁹²

Oppfatninga var at kvinnene var styrt av instinkt, og når dei tok avgjerder, skjedde det kjapt og intuitivt – dette blir tydeleggjort av Gran, som konkluderer med at Ibsens «iver for kvinderne maa da ha været noksaa brændende i denne tid» (59):

Dette er det væsentlige av Ibsens begrundelse for kvindernes stemmerett i foreningen; vi kjender ham igjen i den maate hvorpaa han sammenstiller kvinderne med kunstnerne og ungdommen, i den maate hvorpaa han betoner det personlige og umiddelbare instinkt i motsætning til gammelmandsfornuftigheden. Det var herpaa han grundet sit haab til kvinderne,

¹⁹¹ «*Et dukkehjem* er ikke noget indlæg i kvindesaken, selv om den lidenskap hvormed dette spørsmål blev debateret i syttiaarene, har interessert Ibsen og været en av de impulser som var med ved skuespillet tilblivelse. Men kvindesaken som politisk og socialt partidannende slap aldrig ind i hans digtning [...] Da Nora forlot sin mand og sine barn, saa var det ikke for å kjempe for rettigheter, verken kommunal eller politisk stemmerett, ja ikke engang særreie som Ibsen dog selv senere var med paa praktisk at arbeidet for; men det var for at hævde sin ret som menneske» (Gran 1918, 78–79). Ifølge Finney blei *Et dukkehjem* «enthusiastically welcomed by feminist thinkers in Norway and throughout Europe» (Finney 1994, 19). Ho trekk fram at Gina Krog kalla stykket og «its likely reformativ effects a miracle» (sst.). Stykket «did indeed have a significant impact on the improvement of women's condition in Scandinavia» (Finney 1994, 92).

¹⁹² Sigurd Ibsens artikkel «Kvindesagen» frå 1911 (publisert i *Udsyn og indblik* året etter) vitnar om at denne essensialistiske oppfatninga var svært utbreidd og skulle fortsetta å vera det langt inn i neste hundreår. Her skriv Sigurd at han håper frigjeringa av kvinna vil føra til «et alt større råderum i samfundslivet for hjerte og intuition, for den symphatiske følelse og den instinktmessige evne til at ane og fornemme, kort sagt for de kvindelige egenskaber og dermed også for kvinden selv» (Ibsen 1912, 195–196).

– til deres større oprindelighet, deres utømmethet, deres uavhengighet av vedtægt. (Gran 1918, 57–8)

Her gjer Gran sjølv bruk av evolusjonsdiskursens vektlegging av dei primitive, mindre kultiverte eigenskapane ein tilla kvinnene: «det personlige og umiddelbare instinkt, deres større oprindelighet, deres utømmethet, deres uavhengighet av vedtægt» – m.a.o. at kvinnene er mindre temde, dvs. villare og meir opphavlege – nærare det dyriske i mennesket enn mannen. Koht kallar tanken om kvinns geniale instinkt som «ubevidst træffer det rette», ein arv frå romantikken, som hadde fostra slike kvinne-skapnader som Agnes og Solveig (Koht 1954-II, 102). Ibsen, som meinte tilstanden i foreininga var ei audmjuking for kvinnene, snakka samstundes «om kor usle menneska, og serleg kvinnene, var – koss dei alltid strita imot dei nye tankane som skulle gjera dem større, rikare, betre» (Koht 1954-II, 103). Ibsens forslag gjekk ikkje gjennom, og fleire kvinner uttrykte òg skepsis. Av Gunnar Heiberg veit me at Ibsen blei veldig skuffa over korleis forslaga hans blei mottatt, òg blant kvinnene:

Og hvorledes hadde kvinnene stillet sig – kvinnene som hans gave var bestemt for? De hadde intrigert og agitert imot. De hadde kastet hans gave i sølen. Hvad er dette for slags kvinder? De er verre – verre enn de laveste, verre enn utskuddet – Nu talte han ikke lenger rolig, strøk sig ikke lenger besindig i håret. Han rystet sitt hode med den grå manke. Han la armene i kors over brystet. Hans øine gnistret. Hans stemme skalv, hans munn dirret og han skjøv underleben ut. Han lignet en løve, eller meget mere, han lignet den senere folkefiende, dr. Stockmann. Og han gjentok og gjentok: Hvad er dette for slags kvinder, for slags damer, for slags hunkjønn, uvidende, i dypeste forstand udannede, umoralske, på nivå med de laveste, de usleste – de – (Heiberg 1924, 68–71)

Etter dette sette Ibsen sjeldan foten sin i den skandinaviske foreininga, og kanskje blei Ibsens iver for kvinnene, jf. Gran, litt mindre brennande?

I meldinga av *Ibsen, Scandinavia and the Making of a World Drama* (2018) drøftar Frode Helmich Pedersen om Fulsås og Rem har rett i at tendensen i *Et dukkehjem* var motivert av Ibsens behov for fornya anerkjening frå den liberale venstresida, særleg frå Bjørnson og Brandes, som begge hadde fremja kvinnefrigjering i høvesvis *En fallit* (1875) og *Magnhild* (1877), og med omsetjinga av *On the Subjection of Women* (1869).

Fulsås og Rem gjør en nær sagt heroisk innsats for å klare opp i Ibsens ideologiske utvikling omkring utgangen av 1870-årene, særlig med hensyn til forholdet mellom «det sosiale spørsmål», som inkluderte diskusjonen om kvinnens stilling i hjemmet, og politikens sfære, som ble ansett som et separat felt, uten berøring med «det sosiale spørsmål». Tesen er her at Ibsen med *Et dukkehjem* tydelig får frem at det sosiale spørsmålet om kvinnens stilling ikke kunne sees løsrevet fra politikens økonomiske og juridiske verden. Jeg skal ikke påstå at de tar feil på dette punktet – men for min egen del forblir jeg av den oppfatning at Ibsen var og ble fremmed for nær sagt ethvert tilløp til prinsipiell politisk tenkning, og derfor også helt ute av stand til å stå fast ved konsekvente politiske standpunkter, også med hensyn til kvinnesaken. Fulsås og Rem legger stor vekt på at Ibsen på et møte i Den skandinaviske

forening i Roma i januar 1879 refset sine kolleger for ikke å tillate en kvinnelig bibliotekar – men denne refsen kan vel like gjerne skyldes Ibsens personlige krenkelse etter å ha blitt overprøvd i sitt forsøk på å skaffe en kvinnelig bekjent jobb i Roma, som en følge av et prinsipielt standpunkt om kvinners frigjøring.

For øvrig ser det ut til å bestå en spenning i forfatterens resonnement på dette punktet: På den ene siden ser de ut til å mene at Ibsens vending mot det politiske venstre primært skyldtes hensynet til hans egne muligheter som dramatiker, på den andre siden synes de også å hevde at hans progressive standpunkter var genuine og suget av eget bryst. For Fulsås og Rem blir *Et dukkehjem* uansett et stort vendepunkt i Nordens politiske teaterkunst, ikke minst fordi det gjennom Noras exit fremmer likestilling mellom kjønnene og dermed er å anse som et kraftig angrep på datidens patriarkalske samfunn. Det er selvsagt mulig å se slik på saken, men forfatterne burde kanskje også tatt med et problematiserende forhold: Nemlig at de to ledende konservative organene i Norge på denne tiden, *Aftenposten* og *Morgenbladet*, ikke hadde annet enn rosende ord å si om stykket da det kom ut. Hvordan kunne det ha seg? En mulig forklaring er at de konservative kritikerne hadde oppfattet det samme som Georg Brandes antagelig lenge hadde mistenkt: at Ibsens stykker (i motsetning til Bjørnsons) ikke var egnet til å føre til politisk handling, og dermed heller ikke utgjorde noen reell fare for det bestående. (Pedersen 2019, 278)

Men viss Pedersen har rett i at Ibsens stykke ikkje utgjorde nokon fare for det bestående, korleis kan det då ha seg at forfattarskapen har fått denne posisjonen innanfor kvinnefrigjeringa? I neste kapittel skal me sjå at dei leiande konservative organa i sine meldingar av *Rosmersholm*, sju år etter *Et dukkehjem*, i alle fall hadde alt anna enn rosande ord å seia då det kom ut, noko som kan trekka i tvil Pedersens hypotese om at Ibsens stykke ikkje var eigna til å føra til politisk handling, og dermed ikkje utgjorde nokon reell fare for det bestående.

Om dei skuffande erfaringane Ibsen gjorde seg i Den Skandinaviske Forening, fekk konsekvensar for det pågåande arbeidet med *Et dukkehjem*, veit me ikkje. I oppteikningane til *Et dukkehjem* skriv han:

Der er to slags åndelige love, to slags samvittigheder, en i manden, en ganske anden i kvinden. De forstår ikke hinanden; men kvinden dømmes i det praktiske liv efter mandens lov, som om hun ikke var en kvinde, men en mand.

Hustruen i stykket ved tilslut hverken ud eller ind i hvad der er ret eller uret; den naturlige følelse på den ene side og autoritetstroen på den anden bringer hende ganske i vildrede.

En kvinde kan ikke være sig selv i nutidens samfund, der er et udelukkende mandligt samfund, med love skrevne af mænd og med anklagere og dommere der dømmer den kvindelige færd fra mandligt standpunkt.

Hun har begået falsk, og det er hendes stolthed; thi hun har gjort det af kærlighed til sin mand, for at redde hans liv. Men denne mand staar med al hverdagslig hæderlighed paa lovens grund og ser sagen med mandligt øje.

Sjælekampe. Trykket og forvirret under autoritetstroen taber hun troen på sin moralske ret og evne til at opdrage sine børn. Bitterhed. En moder i nutidens samfund, ligesom visse insekter gå hen og dø når hun har gjort sin pligt til slægtens forplantelse. Kærlighed til livet, til hjemmet, til mand og børn og slægt. Fra og til kvindelig afrysten af tankerne. Pludselig tilbagevendende angst og rædsel. Alt må bæres alene. Katastrofen nærmer sig ubønhørligt, uafvendeligt. Fortvivlelse, kamp og undergang. (NBO Ms.4° 1113a, bl. 1r-v)

Felles for desse oppteikningane er eit strengt essensialistisk og dikotomisk syn på kjønna, som er så vesensforskjellige at dei ikkje kan forstå kvarandre, noko som særleg gjeld samvitet/moralen og det åndelege/kognitive. Det stemmer overeins med den darwinistiske kjønnsdiskursen og oppfatninga av at kvinnene mangla forståing for det prinsipielle og universelle. Kvinnas rettesnor er den individuelle, subjektive kjærleiken, i motsetnad til mannen som retter seg etter dei generaliserte, allmenngjorte, judisielle lovene. Det er ingen tvil om kva for ei av desse åndelege lovene som er mest velutvikla. Kvinna kan derimot godt samanliknast med «visse insekter». Ho er først og fremst naturleg følelse: kjærleik, stoltheit, fortvilning, angst, redsel, bitterheit. «Tankerne ryster hun av seg, fra og til».

I *Norsk litteraturhistorie* (2001, 2012) opererer Per Thomas Andersen med to forskjellige feminismeomgrep: likestillingsfeminisme og forskjellsfeminisme. Likestillingsfeminismen kravde full juridisk og politisk likestilling, og meinte kvinner hadde same evner som menn og derfor skulle ha same rettar og moglegheiter. Som eksempel på dette nemner Andersen *Et dukkehjem*, Bjørnsons *Leonarda* og resten av det Andersen omtalar som 1870- og 1880-tallets berømte tendenslitteratur. Og her siterer Andersen Ibsen: «*En Kvinde kan ikke være sig selv i nutidens Samfund, der er et udelukkende mandligt Samfund*, skrev Ibsen» (Andersen 2012, 243). Som kontrast til denne feminismen presenterer Andersen forskjellsfeminismen, som

legger vekt på at kvinner har andre egenskaper enn menn, spesifikt kvinnelige egenskaper som samfunnet nedvurderer og undertrykker. Kravet er at det skal gis rom for realiseringen av kvinnelige egenskaper og verdier. En slik forskjellsfeminisme kan idéhistorisk føres langt tilbake til forestillinger om det kvinnelige og det mannlige som komplementære kosmiske prinsipper. Generelt har det biologiske og kroppslige spilt en større rolle i forskjellsfeminismens tradisjon, mens likestillingsforkjemperne har sine røtter i en tradisjon som legger større vekt på fornuft og rasjonalitet. På 1800-tallet gjorde forskjellsfeminismen seg mest gjeldende i begynnelsen av århundret og i 1890-årene. Den sterkt fokuserte likestillingsfeminismen fra 1870- og 1880-årene bør ikke danne norm for vurderingen av Camilla Colletts feminisme. Hun stod for en kvinnefrigjøring som hadde et annet fokus enn diskusjonen fikk i realismens litteratur. (2012, 219)

Andersen presiserer ikkje kva for eit anna fokus han har i tankane her. (Handlar det kanskje om å bli ein betre partnar for mannen?) Funna i denne avhandlinga tyder derimot på at Ibsens eventuelle feminisme høyrer meir heime i kategorien forskjellsfeminisme, enn i likestillingsfeminismen, som Andersen gjer han til representant for. Det er på tide å revurdere dette synet, særleg fordi Andersens litteraturhistorie er mykje brukt både på universiteta og i dei vidaregåande skulane.

Viss dei essensialistiske tekstutdraga ovanfor kan kallast feministiske, må det i beste fall vera det Andersen kallar forskjellsfeminisme, og ikkje likskapsfeminisme, som *Et dukkehjem* ifølgje

Andersen representerer. Det kan ikkje vera tvil om at Ibsen her sluttar seg til to-kjønnsmodellen og tenker at utviklinga av kjønna følger to ulike lover. Grans kommentar til oppteikningane vitnar om at han gjer det same:

Av denne kjerne er nutidstragedien vokset frem, – «Et Dukkehjem»; det er den tragiske konflikt mellom en kvindelig og en mandlig samvittighet, mellem den naturlige følelse og autoritetstroen. Vi skjønner allerede av disse korte optegnelser, hvad side Ibsen staar paa, – at det er den naturlige følelse og ikke autoritetstroen som har hans hjerte; det er den kvindelige samvittighet han gjør sig til advokat for, den kvindelige samvittighet som taler ut av det oprindelige menneskeinstinkt uten tanke paa noget andet end det ædle motiv, – i modsætning til den mandlige samvittighet som ligger bunden under loven og samfundsvedtægterne, – den kvindelige samvittighet som føler og handler ut fra det spørsmål: hvad er ret for mig? – i modsætning til den mandlige samvittighet som spør: hvorledes vil samfundet dømme mig, hvad vil de andre si? (Gran 1918, 60–61)

Gran opererer med den same essensialistiske todelinga av kjønna, der kvinna «taler ut av det oprindelige menneskeinstinkt» – «hvad er ret for mig?» – og slik representerer naturen, «den naturlige følelse», og det individuelle i motsetnad til mannen, som abstraherer, representerer det objektive og offentlege, og rettar seg etter samfunnet rundt. Det er dette synet som ligg til grunn for å tenka seg at evolusjonen er kjønnsespesifikk. Biologen Anne Fausto-Sterling, som framhevar evolusjonismens påverknad på dei sosiale kjønnsrollene på tampen av 1800-talet, fortel at ideen om at samfunnet per definisjon var maskulint, var svært utbreidd. Kvinner som kravde same rettar som mennene, blei derfor per definisjon oppfatta som maskuline og resultat av regresjon eller embryologisk abnormalitet (Fausto-Sterling 2000, 154).

I eit notat til *Gengangere*, som kom to år etter *Et dukkehjem*, skreiv Ibsen:

Disse nutidens kvinder, mishandlede som døttre, som søstre, som hustruer, ikke opdragne efter deres beg'avelse' beg{g}, holdt borte fra deres kald, frataget deres arv, forbittede i sindet, – disse er det, som afgiver mødrene for den unge generation. Hvad blir følgen? (Ibsen 1881a)¹⁹³

Notatet er både prega av empati med kvinnes vanskelege situasjon og ei evolusjonistisk uro for følgene av denne situasjonen. Desse to aspekta finn eg igjen i dei fleste av Ibsen-stykkane som skal komma, sjølv om uroa for framtidsutviklinga etter kvart blir så dominerande at kvinnes *kald* blir synonymt med morsrolla og framtidsansvaret som ligg i den rolla.

Etter mottakinga av *Gengangere* luftar Ibsen, i eit brev til Sophus Schandorph 6.1.1882, frustrasjonen sin over at han blir tillagt meiniane til nokre av karakterane. På tampen av

¹⁹³ «Nora hadde sétt tragedia stige opp for seg i skræmelege spørsmålet om koss lygn-livet hennar kunne verke på barna. Og i ei av dei fyrste oppskriftene til *Gengangere* spør Ibsen kva slags barn dei kan gje verda «disse nutidens kvinder, mishandlede som døttre, som søstre, som hustruer, ikke opdragne efter deres begavelse, holdt borte fra deres kald, frataget deres arv, forbittede i sindet» (Koht 1954-II, 117).

sitatet kjem han med ei ytring om Helene Alving som vitnar om at to-kjønnsmodellen stadig står ved lag:

Saa har man sagt at bogen forkynner nihilisme. Ingenlunde. Den befatter sig ikke med at forkynde nogetsomhelst. Den peger kun paa, at der gærer nihilisme under overfladen, hjemme som andetsteds. En pastor Manders vil altid ægge en eller anden fru Alving frem. Og just fordi hun er kvinde, vil hun, naar hun engang er begyndt, gaa til de yderste yderligheder. (B18820106SS)

Trass i at Helene Alving er ei intelligent og oppegåande kvinne som store delar av livet har lagt band på seg sjølv, og som i langt større grad enn t.d. ektemannen har vore i stand til å beherska seg, gir sitatet ovanfor uttrykk for at fordi ho er kvinne, vil ho truleg gå til «ytterligheter». Fordi ho er kvinne, har ho mindre evne til sjølvregulering og til å stoppa når ho først er i gong. Denne tankegangen er lettare å følga når ein ser han i lys av kjønnsdiskursen som dominerte då Ibsen skreiv dette.

I talen Ibsen heldt til arbeidaranes fanetog i Trondheim fire år seinare (14.6.1885), set han sin lit til kvinnene og arbeidarane; det er dei som kan utvikla *karakterens, viljens og sinnets Adel*, som er det einaste som kan frigjera menneska. Går me derimot til den neste talen der han tar føre seg kvinnenens rolle i samfunnet, den han heldt i Kvindesagsforeninga tretten år seinare (1898), prøver han fri seg frå feminist-stempelet: Kvinnene skal løysa menneskespørsmålet, men det kan dei berre gjennom morsrolla, «og kun *da* kan de det», presiserer han. Det einaste verket han deretter skal komma til å skriva, er *Når vi døde vågner*, som kjem i desember året etter. I eit intervju med *Verdens Gang* 12.12.1899 fortel han at stykket er ein epilog til ei rekkje arbeider som startar med *Et dukkehjem* og ender med *Når vi døde vågner*. Når det gjeld kvinnekarakteranes moglegheiter, har eg vanskeleg for å sjå at denne rekka representerer noko anna enn ein nedtur. Uansett kva for eigenskapar ein vektlegg hos Nora, uttrykker avskjeden hennar eit ønske om større autonomi og fridom. Men sjølv om eg veit at Ibsen skal ha sagt at me i fru Alving kan sjå korleis det hadde gått med Nora viss ho ikkje hadde gått, men blitt verande, kan eg i løpet av denne rekka av skodespel ikkje sjå at han viser oss at det finst andre vegar å gå enn å venda tilbake til morsoppdraget.¹⁹⁴ Der ligg framtida, i alle fall frå eit evolusjonsperspektiv.

Er det kanskje i det at han viser fram dei manglande moglegheitene til desse karakterane at Ibsens feminisme ligg? Viser stykka oss at viss kvinner som Rebekka og Hedda hadde fått

¹⁹⁴ *Et dukkehjem* omskreiv han tre gonger, og i det første utkastet brukte han ordet 'kvindespørgsmålet', men i endeleg form var alt slikt stroke; «det var ikkje teori, det var liv, stykket skulle gje», konkluderer Koht (1954-II, 103) i det han har slått fast at «kvinna var for han den rette talsmannen for det *naturlege*» (Koht 1954-II, 100).

andre moglegheiter, så ville dei utvikla seg heilt annleis, slik at dei under friare og betre omstende kunne ha blitt meir harmoniske kvinner og ev. mødrer? Eller er denne måten å lesa på ei «feillesing» – ei ønsketenking som tolkar kvinnenes mistilpassing som eit sunnheitsteikn og eit opprør mot dei avgrensa moglegheitene deira, der det som er gale, eine og åleine skuldast samfunnsforholda? Eller representerer desse kvinnene, slik eg les det, først og fremst ei utvikling på avvegar, som truar framtida, sidan dei ikkje er i stand til å skapa og ta vare på avkommet? Eg kan ikkje sjå at vona i desse skodespela ligg i at kvinnene skal få større fridom og bli meir likestilte med mannen, men trur derimot håpet i stykka ligg i at kvinnene omfamnar si kjønnsespesifikke livsoppgåve som mødrer og oppdragarar. For å undersøka dette nærare skal eg snart dukka ned i *Rosmersholm* frå 1880-talet, og *Lille Eyolf* frå 1890-talet, og analysera kjønnsdiskursen som der kjem til uttrykk, men først vil eg ta føre meg nokre oppteikningar til *Hedda Gabler* (1890) som har vore av stor betydning for dette prosjektet.

Oppteikningane til *Hedda Gabler* (1890)

I dei mange forarbeida til *Hedda Gabler*, som kom fire år etter *Rosmersholm* og fire år før *Lille Eyolf*, finn me mange utsegner som har ei eksplisitt evolusjonistisk tilnærming til kjønna. Den første har vore eit springbrett for prosjektet: «Mænd og kvinder hører ikke til det samme århundrede →» (NBO Ms.8 2638) (Ibsen 1890).¹⁹⁵ «Den kvindelige fantasi er ikke aktiv og selvstændig skabende som den mandlige. Den behøver en liden smule virkelighed til hjælp». «NB. Det indbyrdes kvindehad. Kvinderne har ingen indflydelse på de ydre statsanliggender. Derfor vil de ha «indflydelse på sjælene» Og så har så mange intet livsmål (mangelen heraf er en arv) →». «Hovedpunkter: 1.) De er ikke alle skabte til at være mødre. 2.) Det sandselige drag er i dem, men de har skræk for skandalen. 3.) De fornemmer at der er livsopgaver i tiden, men de kan ikke få tag i dem».

Desse utsegnene er gjenkjennelege med det tankegodset som blir uttrykt i periodens evolusjonsdiskurs, og bygger opp under inntrykket av at Ibsens dramatikkk var affiliert med denne diskursen. I talen han heldt i Kvindesagsforeningen (1898) gav Ibsen uttrykk for kva han meinte var livsoppgåva for kvinnene: *Løse Menneskespørgsmaalet. Som Mødre skal de det. Og kun da kan de det. Heri ligger en stor Opgave for Kvinderne*. Men kva meiner han med at mangelen på livsmål er *en arv*? Arv impliserer ofte at noko er medfødd, fysisk overført mellom generasjonane, og ikkje først og fremst noko som kan førast tilbake til

¹⁹⁵ Alle dei kommande sitata i dette delkapittelet er henta frå same manus, derfor fører eg ikkje opp referansen fleire gonger.

samfunnsforholda eller miljøet. Viss det skuldast arv at så mange kvinner manglar eit livsmål, kan det framstå som ei essensialistisk oppfatning av kvinnene og det ein kan kalla kvinneproblemet. I same arbeidsnotat moderer han dette noko: «NB! Det er egentlig hele mandens liv hun vil leve. Men så kommer betænkelighedene. De nedarvede og de indplantede.» I motsetnad til arv, representerer ‘indplantede’ det som ikkje er medfødd, men som er blitt forma av miljøet.

Forarbeida til *Hedda Gabler* inneheld meir evolusjonistisk tankegods: «Det er om de «underjordiske kræfter og magter» der handles. Kvinden som grubearbejder: Nihilisme. Far og mor tilhørende forskellige tidsaldrer. Den kvindelige underjordiske revolution i tænkningen Slavefrygten udad imod det ydre.» Parallelt med at han plasserer kvinner og menn i kvar sine hundreår, plasserer han mødrer og fedrar i ulike tidsaldrar. I tillegg til dette tidsperspektivet, som kan illustrerast langs ein horisontal akse, opererer han med eit vertikalt utviklingsrom der kvinna i det siste sitatet held til på det nedste trinnet, under jorda, i gruva, der ho arbeider og revolusjonerer tenkinga. I eit slikt polarisert perspektiv er det naturleg å tenka at ein i andre enden av skalaen, over jorda, finn den åndelege tenkinga, som i dette perspektivet då truleg er mannleg. Omgrepsparet apollinsk og dionysisk, som har eit liknande perspektiv på motsetninga mellom det følelsesstyrte (under)jordiske og den klare åndelege tenkinga, kan kasta lys over utsegna. Omgrepa stammar frå Nietzsches *Die Geburt der Tragödie aus dem Geiste der Musik* (1872) der han tar føre seg «antikkens skille mellom to livsprinsipper, det apollinske (forstand, rasjonalitet, klarhet, orden, beherskelse, det individuelle) og det dionysiske (mørke, villskap, instinkter, rus, seksualitet, det kollektive)» (HIS *Bakgrunn* til *Hedda Gabler*). I den endelege versjonen får me vita at Ejlert Løvborg har lært Thea Elvsted å tenka:

FRU ELVSTED [...] han har gjort et slags virkeligt menneske ud af mig. Lært mig at tænke – og forstå både det ene og det andet. HEDDA Læste han kanske med dig også? FRU ELVSTED Nej, ikke just læste. Men han talte med mig. Talte om så uendelig mangt og meget. Og så kom den dejlige, lykkelige tid, da jeg fik dél i hans arbejde! Fik lov til at hjælpe ham! (55)

Og i eit av notata får me vita at Løvborg, som i likskap med Ibsen hevdar at dei menneskelege ideala ikkje er evige, meiner at Thea har «en ubevidst fremtidsside» i seg:

NB!! «Hvorfor skal jeg følge en samfunns-moral, som jeg véd, ikke vil holde ud en halv menneskealder til. Når jeg skejer ud, som de kalder det, så er det en flugt fra det samtidige. Ikke fordi jeg finder nogen fryd i udskejslen Dertil stikker jeg for dybt i det bestående. → «Thea, det lille fæ, forstår ingen ting af det. Men hun er bare dejlig alligevel. Der er en ubevidst fremtidsside i hende.»

Korleis ser så denne framtidskvinna, som litt seinare i notatet blir omtala som «det konventionelle sentimentale, hysteriske spidsborgeri», ut?

Fru Elvsted er en spæd skikkelse med smukke, bløde ansigtsformer. Øjnene er lyseblå, store, runde og noget fremstående, med et forskræmt spørgende udtryk. Håret er påfaldende lyst, næsten hvidgult, og usædvanlig rigt og bølgende. Hun er et par år yngre end Hedda. Påklædningen er mørk visitdragt, der er smagfuld men ikke helt efter nyeste mode. (37)

Og korleis blir Hedda skildra?

Hedda kommer fra venstre side gjennom bagværelset. Hun er en dame på 29 år. Ansigt og skikkelse ædelt og fornemt forment. Hudfarven er af en mat bleghed. Øjnene er stålgrå og udtrykker en kold, klar ro. Håret er smukt mellebrunt, men ikke synderlig fyldigt. Hun er klædt i en smagfuld, noget løst siddende formiddagsdragt.¹⁹⁶

Thea er mjukare og meir frodig og fruktbar enn den bleike, matte, voksaktige Hedda, som Løvborg i eit av utkasta kallar «– du dejlige, kolde – marmorkolde tøs!» Me legg merke til at Ibsen òg om Hedda bruker ordet ‘ædelt’, ‘fornemt’. I Høsts monografi tolkar ho det slik:

Holder man disse to portrettene opp mot hverandre, får man et bestemt inntrykk av at Ibsen i Thea Elvsted og Hedda Gabler har villet fremstille to motsatte kvinnetyper: en kold, avmålt og lite givende, mot en varm, myk, fryktsom og hengiven. Like forsvarsløs som den ene ser ut til å være over for livet og menneskene, like sikkert synes den andre på å beherske begge deler. (Høst 1958, 154–155)

Ibsen lar det ikkje vera tvil om kven av dei som har framtida føre seg. Han lar gravide Hedda skyta seg, medan Thea, i lag med Tesman, er travelt opptatt med å rekonstruera boka om framtidas kulturmakter – Løvborgs og hennar «barn», ei bok som ifølge Showalter «is explicit about the relationship between men and women in the future» (1996). «Ibsen’s masterpiece was about the coming century», skreiv Showalter i ei melding av to *Hedda Gabler*-førestillingar, 23.8.1996. I meldinga, der det neste sitatet er samanfallande med mi eiga oppfatning av fleire av Ibsens skodespel, viser Showalter til Løvborg som fortel Tesman at me kan spekulera om framtida,

and that speculation forms the theoretical framework within which Ibsen locates the fate of his characters. Who will live and who will die, who will survive the Darwinian and spiritual struggle for survival, become the unspoken questions behind the play’s erotic triangles and symmetrical rivalries. As in our own millennium the fin-de-siècle’s intense speculation about the future focused on the Woman question, the Marriage question, and the coming of the New Woman and the New Man. (1996)

¹⁹⁶ I arbeidsmanuset er ho skildra slik: «Hedda. Slank middelhøj skikkelse. Ædelt forment fornemt ansigt med en fin voksfarvet hud. Øjnene har et tilsøret udtryk. Håret mellebrunt Ikke synderlig stærk hårvækst. Klædt i løs morgenkjole, hvid med blå besætning. Ro over manererne. Øjnene stålfarvede, med et mat skær.»

Som Showalter tenker eg at spørsmålet om kven som døyr, og kven som overlever den fysiske og åndelege kampen for tilværet, ligg under ikkje berre dette skodespelet, men òg *Rosmerholm* og *Lille Eyolf*. Showalter meiner Hedda tar livet sitt «not only because she is trapped but because she must give way to the New Woman of the future, the woman who dares all to live» – jf. skildringa av Theas *ubevidst fremtidsside* i oppteikningane.

With her aristocratic tastes, her boredom and hauteur, her distaste for intellectual or physical labour and her cowardice, Hedda is an anachronism. She can imagine a relationship with another human being, male or female, only in terms of power. In contrast, Thea Elvsted, a character consistently underestimated by Ibsen's critics, has the courage and the intelligence to work beside the man she loves. (Showalter 1996, 18)

Eg er einig med Showalter, som ikkje automatisk plasserer sympatien sin hos hovudrolla, Hedda, slik mange tenderer til. Gjer ein det, er det lett for at oppfatninga av Thea blir farga av Heddas motvilje. I oppsettingar blir Thea ofte framstilt med mindre kraft og autoritet enn Hedda, totalt oppslukt av Løvborg. Showalter påpeiker at

Thea should be played by an actress as strong as the one who plays Hedda. Her youthful vigour and thick blond curls should contrast with Hedda's sense of aging and fatigue, of thinning hair and shrinking possibilities [...] Her conversations with Løvberg [sic] have opened her eyes to hypocrisy and self-indulgence, and told her to think for herself. (1996)

I eit selskap i 1891 fortalte Kitty Kielland Ibsen at ho ikkje hadde sansen for sjølvoppofrande kvinner som Thea Elvsted. «Jeg skriver for å skildre mennesker, og det er mig komplett likegyldig hvad fanatiske kvinnesakskvinner liker eller ikke liker!» skal Ibsen ha svart, og ikkje lagt skjul på at han var misnøyd med borddama si (Figueiredo 2007, 414–15).

I eit av notata står: «Tesman: «Det nye i E.Ls bog er læren om udvikling på grundlag af kammeratskab mellem mand og kvinde.» og «E.Ls tanke om kammeratskabsforholdet mellem mand og kvinde – Redningstanken!» «Den nye bog handler om «de to idealer» Thea kan ingen besked give». Sjølv om Thea ikkje har greie på ideal, er ho open og upløgd og klar for å bli forma og befrukta, i motsetnad til Hedda som til samanlikning framstår som stivna og hard, og mindre mottakeleg for endring. I Thea er det regenerasjon, viss me ser det frå eit evolusjonsperspektiv, medan Hedda er motsetninga. Då Brandes meldte stykket, omtala han Hedda som «en sand Degenerasjonstype» (*Kjøbenhavns Børstidende* 22.2.1891). Er Thea den type framtidskvinne Ibsen etterlyser i talane i 1885 og i 1898? I motsetnad til Hedda, som er redd for skandale og å framstå som latterleg, forlét Thea mannen sin for å følge Løvborg. I eit anna notat står:

Da jeg havde kastet denne nye bog fra mig, da stod et nyt stort strålende arbejde frem for mig. Der må De hjælpe. Jeg behøver kvinder, Hedda –! I middelalderen var kvindesamvittigheden slig beskaften at en kvinde fik nag om hun opdaged at hun var gift med sit søskenbarn –

Thea er både villig til å la seg læra opp av mannen, for så å gå heilt og fullt opp i prosjektet hans. Er det redningstanken? Eg konstaterer at sitatet ovanfor omtalar samvitet som kjønnsespesifikt, og kvinnesamvitet som ein einskapleg storleik gjennom heile mellomalderen, og slik formidlar det, i likskap med fleire av sitata ovanfor, både eit normativ og eit evolusjonistisk syn på kjønn. Likevel hevda Ferguson, som me hugsar, at «*Hedda Gabler* markerte slutten på Ibsens lange og ivrige beskjeftigelse med determinismen som erstatning for arvesynden, og mysteriet med Heddas lidenskapelige, hemmede, voldsomme og opprørske karakter får lov til å forbli et mysterium» (1996, 366). Heller ikkje antologien *Ibsen's Hedda Gabler. Philosophical Perspectives* (2018, redigert av Kristin Gjesdal) kjem inn på evolusjonismen i stykket.

Dette er symptomatisk for store delar av resepsjonen: Sjølv når evolusjonsdiskursen er tydeleg og eksplisitt, som i utkasta til *Hedda Gabler* ovanfor, blir det i liten grad fanga opp av forskinga, som har vist oppsiktsvekkande lita interesse for dette aspektet ved tekstane. Med unntak av kommentarane om dei tidlegare nemnde tekststadene i oppteikningane til *Et dukkehjem*, i *Vildanden* og i *Fruen fra havet* manglar ei vidare utforsking av evolusjonsdiskursen hos Ibsen. Slik stadfestar det inntrykket av at den evolusjonistiske samtidskonteksten i liten grad har vore belyst eller undersøkt i samband med Ibsens tekstar. Resultata eg har komme fram til når eg nå skal avslutta første delen av avhandlinga som eg har kalla *kontekst*, styrker dette: Ibsens forfattarskap utvikla seg parallelt med evolusjonsdiskursen, som viser seg å ha hatt større nedslag i det norske ordskiiftet i perioden 1860 til 1900 enn kva tidlegare fastslått. Det er truleg at Ibsen alt på 1860-talet må ha komme i kontakt med evolusjonismen, og når me veit kor stor merksemd darwinismen fekk i Tyskland dei åra Ibsen budde der, er det svært sannsynleg at Ibsen må ha vore velinformert om ideen, og vanskeleg kan ha unngått diskursen i den tyske offentlegheita.

I kontekstkapittelet har me sett at ytringar Ibsen kom med i brev og talar, forarbeid o.l. tydeleg deltar i sirkulasjonen av denne diskursen, noko som òg gjeld evolusjonsdiskursens førestillingar om kjønn. Men korleis er det med den skjønnlitterære delen av forfattarskapen? Møter me igjen desse førestillingane i *Rosmersholm* og *Lille Eyolf*? Eller kan det vera at *likestillingsfeministen Ibsen* (Andersen 2012, 243) er ein tekstintern storleik eller stemme som

kan lesast ut av stykka hans uavhengig, eller på tvers av den biografiske Ibsens ytringar, slik oppfatninga av (eller førestillinga om) Ibsens forfatterskap som «the quintessential feminist work» (Templeton 1997, XV) kan tyda på?

Dette vil eg nå, i lys av konteksten eg har skildra så langt i avhandlinga, i dei neste kapitla, i avhandlingas tekstanalytiske del, søka svar på når eg nå skal analysa *Rosmersholm* og *Lille Eyolf*, som kom høvesvis fire år før og fire år etter at Ibsen skreiv oppteikningane til *Hedda Gabler*. I likskap med det som i desse forarbeida blir omtala som «det nye i E.L.s bog», trur eg både *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* på ymse vis tematiserer «læren om udvikling på grundlag af kammeratskab mellem mand og kvinde». Men til desse stykka finst det ikkje tilsvarende forarbeid som så tydeleg teiknar opp den evolusjonistiske kjønnsdiskursen. Likevel trur eg at me nettopp i denne delen av diskursen kan finna svaret på korfor det eine stykket endar med sjølv mord og det andre med flaggheising og Ritas «Tak!».

DEL 2: ANALYSE

6 Resepsjonen av *Rosmersholm*

Før eg skal i gang med resepsjonen og mi eiga lesing, vil eg gi ei rask handlingsoversikt.

Resymé

Rosmersholm er det einaste av Ibsens skodespel som har fått tittelen frå staden der stykket utspelar seg: «Rosmersholm, en gammel herregård i omegnen af en liden fjordby i det vestlige Norge». Handlinga i alle fire aktene går føre seg i våningshuset på garden, i løpet av eit par seinsommandagar, samstundes som me får fleire innblikk i fortida. Me møter Johannes Rosmer, ein 43 år gammal avgått og fråfallen prest og enkemann, og den 30-årige Rebekka West. Rebekka blei tilsett som selskapsdame til kona i huset, Beate Rosmer, som for ca. halvanna år sidan tok livet sitt. Beate kasta seg utfor møllefossen fordi ho ikkje ville stå i vegen for Rebekka (75), som me litt seinare i stykket får vita har lurt barnlause Beate til å tru at ho, Rebekka, venta barn med Rosmer.¹⁹⁷ Etter at Rosmer får vita om dette, frir han til Rebekka, som brått avslår, trass i at dette har vore målet hennar heilt sidan ho kom til Rosmersholm.

Parallelt har me vore vitne til den konservative rektor Krolls forsøk på å trekka Rosmer med inn i samtidas politiske strid, og kampen han tar opp når han får vita at Rosmer har blitt ein radikal fritenkar. Påverka av Rebekka, som har kontakt med den radikale Peder Mortensgård, var Rosmers nye målsetting å gjera alle menneske til frie adelsmenneske, men Kroll klarar provosera fram ei vedkjenning av medverknad til Beates død ifrå både Rosmer og Rebekka, og på bakgrunn av denne pressar han Rosmer attende på dei konservatives rekker. For å gi Rosmer tilbake sin *glade skuldfridom* tar Rebekka, som seier livet på Rosmersholm har forvandla henne, til slutt på seg heile skulda for Beates død, samstundes som ho prøver overtyda Rosmer om at han i det minste har klart å adla eitt menneske, nemleg Rebekka sjølv. Som bevis på dette ber Rosmer henne følga han i møllefossen, noko Rebekka samtykker i.

¹⁹⁷ Eg følger namnebruken i stykket, derfor bruker eg for det meste etternamn om mennene og fornamn om kvinnene. Til Kroll fortel Rebekka at ho, frå ho var 25, har gitt seg ut for å vera eitt år yngre enn ho er, sidan ho framleis er ugift (69). Tala i parentes viser til sidetal i pdf-versjonen av hovudteksten, 1. utg., i *Henrik Ibsens skrifter*, historisk-kritisk utg., elektronisk versjon.

Innleiing

Ibsen skreiv *Rosmersholm* sommaren 1886 i München, der han hadde budd sidan oktober 1885.¹⁹⁸ Våren 1885 gjekk han med tankar om å flytta tilbake til Noreg, der han ikkje hadde vore sidan 1874, men etter at han og Suzannah reiste til Noreg sommaren 1885, skrinla han planen om å flytta heim. Han hadde komme tilbake til eit Noreg med sterk politisk og ideologisk strid som strekte seg langt inn i kulturelle og litterære sirklar, og han var letta då han 29. september forlét landet igjen.¹⁹⁹ Etter nokre dagar i København drog han og Suzannah til München, der dei slo seg ned og blei buande til han i 1891 endeleg flytta tilbake til Kristiania.

I rekka av skodespel plasserer *Rosmersholm* (1886) seg etter *En folkefiende* (1882) og *Vildanden* (1884) og før *Fruen fra havet* (1888). Deretter følger *Hedda Gabler* (1890), *Bygmester Solness* (1892) og *Lille Eyolf* (1894). Som me såg, har fleire peikt på darwinistiske innslag i stykka rett før og like etter, men bortsett frå Fergusons kommentar om at Kroll tar i bruk «darwinistiske arvelighetsteorier for å forklare og fordømme Rebekkas adferd» (Ferguson 1996, 337) er det få påpeikingar av evolusjonistiske innslag i *Rosmersholm*.²⁰⁰ Dermed har fortolkingstradisjonen gått glipp av fleire «manglande mellomlenker» som forklarar korfor dei endar i møllefossen, og nettopp det tilsynelatande uforklarlege ved sjølvmorda har, som me straks skal sjå, òg vore resepsjonens ankepunkt overfor stykket. I det følgjande skal eg gi eit innblikk i *Rosmersholm*-resepsjonen, før eg i neste kapittel går over til mi eiga lesing av stykket. Nokon større gjennomgang av *Rosmersholm*-resepsjonen har eg ikkje funne. Ifølge Torbjørn Andersens resepsjonshistoriske masteroppgåve om *Lille Eyolf* frå 2010 har det generelt vore lite forskning på Ibsen-resepsjonen.²⁰¹

¹⁹⁸ Han kom flyttande frå Roma, der han hadde budd sidan 1880. Før det hadde han òg budd i München frå 1875 til 1880.

¹⁹⁹ Året før hadde Sverdrup komme til makta, og Noreg hadde nettopp innført parlamentarismen (1884), men det var allereie store splittingar i venstregeringa som ikkje levde opp til forventningane. Kampen gjekk for seg på mange område, òg i litteraturen. Ibsen var til stades på Stortinget då Kiellands søknad om diktargasje blei avslått, noko mange radikale venstrefolk oppfatta som eit svik frå Sverdrup si side. Samstundes raste den vidgjetne *sedskapsdebatten*, ein sentral del av samtidas kjønnsdebatt, som nådde sitt klimaks medan Ibsen sat i München og skreiv på *Rosmersholm*.

²⁰⁰Edvard Beyer skriv at «sterkere eller svakere innslag av naturalisme er det i mange av de verkene vi ellers helst vil kalle realistiske. Arv og miljø har skjebnebestemmende makt i *Gengangere*, *Vildanden* og *Rosmersholm* f.eks.» (1975, 72). Bjerck Hagen har òg kommentert at «Doktor Wests arv og miljø har gjort henne til den hun var» (2015, 148).

²⁰¹ Til 2010 var det berre skrive hovudfags- og masteroppgåver om resepsjonen av *Fru Inger til Østeraad*, *Brand*, *Et dukkehjem*, *Gengangere*, *En folkefiende* og *Hedda Gabler* (Andersen 2010, 6).

I prosjektet mitt utgjer resepsjonen av dei enkelte stykka berre ein liten del av heilskapen, og sidan *Rosmersholm*-resepsjonen er så omfattande, må eg gjera utdrag. I tillegg er resepsjonen sprikande, og dermed vil dei utdraga som blir gjort, gi ulike bilde. Eg vil òg nytta meg av dei to nyaste resepsjonsgjennomgangane eg har komme over. Den eine finn me i *Hvordan lese Ibsen?* (2015), der Erik Bjerck Hagen drøftar *Rosmersholm* i lys av resepsjonen til utvalde kritikarar og forskarar. Den andre, Eivind Tjønnelands artikkel «Hamsuns kritikk av Ibsen. En resepsjon av *Rosmersholm*-resepsjonen?» (2016), kom året etter. Her ser Tjønneland, som òg i 1992 tok føre seg *Rosmersholm*-resepsjonen i «Selvmordene i Henrik Ibsens *Rosmersholm*», på stykkets samtidsresepsjon i samband med Hamsuns litterære program. Både desse og andre oppsummeringsforsøk eg har lese, viser at det ikkje berre er i tolking og vurdering av stykket at oppfatningane sprikar, men at usemja òg gjeld oppfatninga av resepsjonen. I tillegg til å nytta Bjerck Hagen og Tjønneland som kjelder til resepsjonen vil eg derfor òg kommentera og nyansera deira presentasjonar av *Rosmersholm*-resepsjonen.

Resepsjonen vitnar om at stykket rommar element som har vore vanskelege å forstå. Særleg gjeld dette korfor Rosmer og Rebekka endar med å ta livet av seg. Som tidlegare nemnt trur eg dette blir meir forståeleg når me les dei i lys av den idéhistoriske konteksten stykket blei til i. I tillegg til dei teoriane som på 1880-talet prøvde forklara enkeltindividets utvikling i lys av evolusjons- og nedarvingsteoriar, utvikla vitskapen teoriar om korleis menneskas miljø verka inn på denne utviklinga. Og *Rosmersholm* viser ikkje berre kor sterkt slektsarven formar menneska – i like stor grad utforskar stykket korleis miljøet og dei menneskelege relasjonane verkar inn på utviklinga, både til det enkelte mennesket og til samfunnet rundt. Fortida er heilt klart ein avgjerande faktor når ein vil finna ei årsak til sjølvmorda, men den strekk ikkje til som einaste forklaring.

Med darwinismen blei menneska nå sett på som ein del av naturen, og i tråd med samtidas naturalistiske vitskapsideal ville ein studera menneska på dei vilkåra. Mange gav uttrykk for at dei same lovene som gjaldt for resten av naturen, òg gjaldt menneska. Dette var tankar som Ibsen ved fleire høve gav uttrykk for at han delte, m.a. då han året etter at han var ferdig med *Rosmersholm*, i Stockholm-talen 24.9.1887, sa at han trudde *naturvidenskabens lære om evolutionen også har gyldighed med hensyn til de åndelige livsfaktorer*. Liknande tankar finn me hos Ernst Sars, som Bull fortel «satte sig som maal at finde og fremstille de almene ‘lover’ som gjaldt for den historiske utvikling, og som han mente maatte svare til ‘Livets Instinkt og Drift, – Organismens indre Naturlove’» (Bull 1937, 210).

Vitskapens nyvunne innsikt på område som elektrisitet, magnetisme, termodynamikk, bakteriologi og virus, og optimismen som utviklinga av mikroskop og andre måleinstrument førte med seg, inspirerte samtida til nytenking kring menneskas livsforhold og kva som innverka på desse. Dette er ein kontekst som resepsjonen for det meste har sett vekk frå, trass i at Ibsen, som me har sett, ofte blei omtala som ein forskar og vitskapsmann på menneskas sjeleliv; og trass i at han, t.d. i oppteikningane til *Vildanden* (1884) skreiv om «den sjette sans» og «magnetisk indvirkning».²⁰² At me har oversett vitskapsdiskursen, får konsekvensar for oppfatninga av vesentlege element i tekstane og i verka som heilskap. Ei rekontekstualisering av *Rosmersholm* i lys av denne konteksten, som var så sentral då stykket blei skriva, kan forløysa sider ved teksten som igjen kan tydeleggjera utviklinga til karakterane, og vera oppklarande når det gjeld korfor dei endar med å ta livet sitt. Men først skal eg presentera nokre utdrag og oversikter frå stykkets resepsjonshistorie, stort sett i kronologisk rekkefølge.

Samtidsresepsjonen

Dei som tidlegare har lese stykket relatert til konteksten, har stort sett avgrensa seg til politiske og biografiske forhold, medan vitskaps- og evolusjonsdiskursen har blitt vigd lita merksemd. Dette på tross av at kvinneverettsforkjemparen og redaktør av Norsk Kvinnesaksforenings blad, *Nylænde, Tidsskrift for Kvindernes Sag*, Gina Krog, alt i 1887 tydeleg las stykket i lys av den evolusjonistiske diskursen. Etter å ha vist til dei som meinte stykket var sørgeleg og uhyggeleg, fortel ho at ho «efter den tragiske slutning» blei gripen «af en stor ufornuftig livsglæde» og syntest ho hadde høyrte «fremtidens evangelium forkyndt» (Krog 1887, 25).²⁰³ Sjølv om Krog konkluderer med at «Rebekka og Rosmer må i møllefossen fordi de ikke har kraft til livet», hevdar ho likevel at «Ibsens tro paa kvinderne, paa sit lands kvinder har aldrig faaet et stoltere udtryk end her.» Om Rebekka skriv Krog at ho er «sund i sit ubetvingelige begjær, sund og vild og hensynsløs og forfærdelig som naturkraften selv, hun ligner vort eget lands natur i dens pragt og vildhed», før Krog

²⁰² Ei rekkje medie- og teknologihistorikarar har vist den nære samanhangen mellom vitalistisk tenking og framveksten av psykofysikk og forskning på elektrisitet o.l., og særleg er heile diskursen rundt spiritisme ein sentral del av mediehistoria. Ikkje berre bruker dei omgrepet 'medium' om dei som kan mediera mellom denne og «den andre sida», men fleire har argumentert for at spiritismen oppstår pga. eller i samsvar med periodens nye medium (t.d. telegrafan).

²⁰³ «Det høres rigtigt og fornuftigt af folk, naar de siger, at dette er en sørgelig bog, og at de blir triste og uhyggelige tilmode af at læse den, det er ikke dem, men de, som føler glæde efter læsningen, som skylder forklaringen», skriv Krog (1887, 25).

konkluderer med at «i Rebekkas vældige natur, kan den største evolution gaa for sig» (Krog 1887, 26).

Krogs kommentar vitnar om at det ikkje var uvanleg å trekka inn evolusjonsperspektivet i samtalen om kvinnene, og jo mindre kultiverte kvinnene verka, jo større tenkte ein seg evolusjonspotensialet deira. Rosmer derimot, «den gennem slægter adlede, han havde ikke kraft igjen til kamp, og de jagende hvide heste rev ham med sig ud i møllefossen. Og bogens spørgsmaal blir da det, om forædlingen kan gaa for sig uden at tage kraften saaledes fra menneskene, at de ikke taaler livet» (Krog 1887, 27). *Foredlinga* som gjekk føre seg i utviklinga frå natur i retning sivilisasjon og kultur, hadde den haka ved seg at ho tærte på kreftene. Krogs melding stadfestar at den darwinistiske evolusjonsdiskursen, med fokus på motsetnaden mellom det ville og det tamde, mellom naturens kamp for tilværet og kulturens foredling, var veletablert i samtidas samtale om kjønn og karakter, og ein naturleg kontekst å lesa stykket opp imot.

Men slett ikkje alle delte Krogs begeistring for Ibsens nye stykke. I innleiinga til *Hundreårsutgaven* står det at ein tidleg kan snakka om ein polarisert samtidsresepsjon: «Både hjemme i Norden og utenlands blev stykket fra første stund møtt med glødende begeistring i enkelte kretser og med iskald eller forarget kritikk i andre; den dag idag er vurderingen av *Rosmersholm* merkelig divergerende», oppsummerer Bull (1972 [1932], 171). I *Norges litteratur fra februarrevolusjonen til første verdenskrig* (1960), 28 år seinare, skriv Bull at

finheten og stemningsrikdommen i *Rosmersholm* ble ikke fullt verdsatt da stykket utkom [...] blant de «rigtige» kritikere i bladene var det mange som påstod at personene i *Rosmersholm* var mer tenkt enn sett, og at et så abstrakt tankedrama vanskelig kunne gjøres levende og virkningsfullt på scenen. (436)

Krog blir tydelegvis ikkje rekna til dei «*riktige* kritikerne». Dei Bull må ha hatt i tankane, må ha vore dei konservative meldarane Bredo Morgenstjerne i *Aftenposten*, Alfred Sinding-Larsen i *Morgenbladet* og Carl David af Wirsén i *Post och inrikes tidningar* i Stockholm, og deira, ifølge Bjerck Hagen, *skarpsindige meldingar* der dei m.a. kritiserte hovudpersonane og stykket for å vera eit abstrakt «psykologisk Experiment» (Bjerck Hagen 2015, 140, 151). Kanskje òg Erik Skram, som i si melding i *Illustreret Tidende* i København 5.12.1886 hevda at stykket «mere er skrevet om Tanker end om Mennesker» (Skram 1886).

«Av de første anmelderne var det en hel rekke som ikke klarte å tro på Rosmer og Rebekka», fortel Bjerck Hagen (2015, 151). I boka si har han ikkje tatt med Gina Krog, og han nemner

dermed ikkje at ho tok sterkt til motmæle mot denne kritikken av *uvirkelighed i anledning af «Rosmersholm»*. Krog poengterte tvert imot at ho meinte Ibsen hadde lykkast med det kunststykket å skildra «i et levende menneskepar et helt universum, det er ikke uvirkelighed, det er koncentreret liv og virkelighed» (Krog 1887, 28). Når Bjerck Hagen utelét Krog, går han òg glipp av det evolusjonistiske perspektivet, som i gjennomgangen hans avgrensar seg til kommentaren om at «Doktor Wests arv og miljø har gjort henne til den hun var» (2015, 148).

Ei anna som delte Krogs oppfatning, var Mathilde Schjøtt i si teatermelding «Kristiania theater 1886–1887. En Hanske. Rosmersholm» i *Nyt Tidsskrift* same år.²⁰⁴

Uvirkelighed gjort virkelig ved den mesterligste kunst, romantik gjort realistisk gjennom det jevneste, ligefremmeste udtryk, hedensk slægtstragedie i moderne kristeligt klædebon, de døde, som blir uhyggelig levende igjen, fortiden, der stiger frem og stænger fremtiden [...] Dramaet foregår i samvittigheden, blir derved maaske baade det enkleste og det dybeste, Ibsen har skrevet. (Schjøtt 1887, 778)

Schjøtt trur ikkje at Rebekka blir adla ved at ho tar opp i seg Rosmers *ædlere natur* (781), og ho prøver forklara det paradoksale ved at den svake Rosmer til slutt viser seg å vera sterkast: «Ikke alene den stærke vilje har magt over den svage, men den rene vilje over den urene, den fine natur over den grove» (779).

Sjelden, maaske aldrig er der fremstillet et skjønnere forhold end det mellem Rosmer og Rebekka, saadan som vi først får se det, det er realisasjonen af, hvordan de fleste kvinder tænker sig kjærligheden – et skjønt, rent venneforhold i fuld gjensidig tillid og fin hensynsfuldhed, i alvorligt samarbeide, i fælles tro paa et rent samliv mellem mand og kvinde...Der hører en Ibsensk grusomhed til for at rive denne skjønne illusion itu og vise os vrangen. (780)

For Schjøtt representerer Rebekka naturkrafta og Rosmer kulturen. Rebekkas sjølv mord er ei soning, medan Rosmer døyr fordi han ikkje klarar seg utan henne: «Han kan ikke undvære hende. Er hendes død en soning saa er hans en selvopgiven, en anerkjendelse af at kulturen uden naturkraften er uden selvstændighed, uden initiativ» (781).

Som me ser, vektlegg Schjøtt natur–kultur–problematikken, og ho ser stykket i lys av den pågåande samfunnsdebatten: Ho meiner *Rosmersholm* «gaar som et tversnit gjennom vort samfund», «vi sættes midt op i vor politiske strid [...] I den henseende skaanes ingen partier» (782). Schjøtt's tekst, som òg er ei melding av Bjørnsons *En hanske*, meiner begge skodespela kastar lys over samtidas sedskapsdebatt, berre at i *Rosmersholm* er kjønnsrollene bytt om: «Alle de forudsætninger, al den beskyttelse, som forudsætningerne gir, og som ellers er

²⁰⁴ Christiania Theater hadde første framføring 12.4.1887, til *tordnende applaus* (Ystad 2009).

kvindens, er her mandens – og omvendt. Ganske stille og diskret er *Rosmersholm* paa dette punkt et modstykke til *En hanske*» (781). Ein annan forskjell, poengterer Schjøtt, er at Bjørnsons *En hanske*, i motsetnad til *Rosmersholm*, «hører til kampagne-litteraturen; den er et indlæg i en strid, har et maal udenfor kunsten», medan Ibsens stykke «har sit maal i sig selv», der «moralen ikke er lagt til rette» (778). Hos Bjørnson får ein raskt auga på kva som er bodskapen hans – kva han har vilja med *En hanske*, men det gjer ein ikkje med *Rosmersholm*: «Man kan ikke sige, hvad Ibsen har villet med *Rosmersholm*. Han har skabt et kunstværk. Det virker objektivt ved den plastiske ro, som blir hovedinntrykket selv i den mest bevægede stemning» (sst.). Schjøtt er m.a.o. svært begeistra for Ibsens nye, sterke og autonome kunstverk.

Utan å visa til denne samanhengen har Bjerck Hagen valt å sitera nettopp dei setningane der Schjøtt skriv at ein ikkje kan seia kva Ibsen har *vilja* med stykket, som del av hans eigen introduksjon av kor vanskeleg stykket er:

Rosmersholm er vanskeligere å få tak på enn de fire foregående skuespillene. I likhet med *Vildanden* tilhører det de aller mest kommenterte Ibsen-verkene, men det er mindre enighet i sekundærlitteraturen, både med hensyn til tolkning og vurdering. Allerede i 1887 skriver Mathilde Schjøtt: «Man kan ikke sige, hvad Ibsen har villet med *Rosmersholm*. Han har skabt et kunstværk. Det virker objektivt ved den plastiske ro, som blir hovedinntrykket selv i den mest bevægede stemning» [...] Vurderingsproblemerne stod da også sterkt i den tidligste resepsjonen, men har falmet i takt med det tjuende århundrets tiltagende kanonisering av Ibsen. (Bjerck Hagen 2015, 138–139)

Tatt ut av samanhengen skapar sitatet eit inntrykk av at Schjøtt, i likskap med dei andre kritikarane Bjerck Hagen nemner, er negativ og ikkje finn vidare meining med stykket.²⁰⁵ Les ein derimot setningane i den samanhengen dei står i, blir det klart at Schjøtt ser det som positivt at *Rosmersholm*, i motsetnad til *En Hanske*, ikkje er *kampagne-litteratur*. I likskap med Krog er Schjøtt utan atterhald begeistra for stykket.

Det einaste ho har noko å utsetta på, er at ho som spelte Rebekka, ikkje hadde «den aandelige personlighed, som rollen påkræver, eller fantasi til at skabe den» (784). Likeins meinte teatersjef Fallesen ved Det kongelige Theater i København at stykket «ikke vilde tage sig ud fra Scenen og gjøre Lykke der». Teateret mangla «en Kunstnerinde, som paa en tilfredsstillende Maade vilde kunne udføre Rebekka West' vanskelige Rolle» (Hegel 1887, 3).

²⁰⁵ «Leser man de skarpsindige anmeldelsene til Bredo Morgenstjerne i *Aftenposten*, Alfred Sinding-Larsen i *Morgenbladet* og Carl David af Wirsén i *Post- och Inrikes Tidningar*, ser man hvilke spenninger og motsetninger og problemer som ligger like under overflaten i *Rosmersholm*» (Bjerck Hagen 2015, 140).

feb.). Og i Halvdan Kohts ytring om same emnet er den evolusjonistiske diskursen heilt eksplisitt:

Samtida hadde ikkje så lett for å forlike seg med at Ibsen ikkje lenger syntes vera så aktivt med i all den striden som rådde. Da *Rosmersholm* kom ut (til jula 1886), vart det med det same likså lite forstått som *Vildanden*, eller kanskje enda mindre. Noko gjorde det kanskje òg at stykket ikkje med ein gong fann skodespelarinner som greidde tolke eit så samansett lynne som Rebekka West. Det måtte liksom ein ny ætteledd av skodespelarar til å bera fram dei nye Ibsen'ske skapnadene (Koht 1954, 183).

Den nye *ætteledden* hørde framtida til.

Ho som spelte Rebekka under urframføringa, som fann stad i Bergen 17.1.1887, fekk likevel god omtale, i likskap med resten av framføringa, trass i at fleire syntest slutten var gruffull og uforståeleg:²⁰⁶

«Rosmersholm» er det bitreste Værk, denne Nordens store Truer og Velgjører endnu har sendt hjem til os [...] Inden «Rosmersholms» med Familieportrætter oversaaede Vægge er Uhyggen tilhuse. Blomsterrigdommen derinde er som Kistelaagets Flor [...] Men inden disse Døre viser Henrik Ibsen os Mennesker, som han aldrig nogensinde før har gjort det. Aldrig har han boret saa dybt i nogen Menneskesjæl, aldrig saa nøie udgransket dens lønligste Fuger. ([Anonym forfatter 1887], 18. og 20. jan.)

Sjølv om ein påpeikte at stykket var dystert og knugande tungt, var omtalane av oppsettingane jamt over positive. Dette gjaldt òg Tyskland: Trass i at dei tyske kritikarane meinte stykket var djupt pessimistisk og «tungt som Luften i hans Hjem [dvs. hjemland]», var responsen etter dei første framføringane i Tyskland positiv. Interesse for den tyske premieren (ved Stadt-Theater i Augsburg) 6.4.1887 var enorm, og òg den første førestillinga i Berlin, 5.5.1887, fekk positive meldingar: «*Rosmersholm* blir i den siste av disse avisene stilt høgere enn *Gengangere*. Anmelderen understreker stykkets grandiose makt og den ubesvikelige konsekvens i personenes psykologiske utvikling» (Ystad 2009, 314). *Rosmersholm* vann «seg en særlig popularitet» i Tyskland (Bull 1972, 172). Om stykket skreiv Edgar Steiger at «hier, wo alles Symbol wird, läuft der Darwinimus gleichsam als Gespenst durchs Haus und hält den Menschen den Mund zu, dass sie sich nicht laut zu reden getrauen, und bedroht die Kinder mit dem Finger, dass sie das Lachen verlernen» (1898, 278).²⁰⁷ Dei mest konservative avisene heldt seg derimot tause. I England blei stykket først oppført i februar 1891, til mykje kritikk, og det same gjaldt USA, der det hadde premiere i 1904.

²⁰⁶ Kjelder til dette og neste avsnitt er https://www.ibsen.uio.no/DRINNL_Ro|intro_performance.xhtml og melding av urpremieren på *Rosmersholm* ved Den Nationale Scene i *Bergensposten* 18. og 20. januar 1887.

²⁰⁷ I mi omsetting: «Her kor alt blir symbol, løper darwinismen gjennom huset som eit spøkelse og held handa føre munnen til menneska, slik at dei ikkje tør snakka høgt, og truar borna med fingeren, slik at dei avlærer å le».

Samtidskritikken var altså ikkje så negativ som seinare oppsummeringar kan gi inntrykk av; det var først og fremst dei konservative som var kritiske. Bortsett frå Erik Skram ser venstresida ut til å ha vore entusiastisk, og etter kvart gir stadig fleire innanfor det tonegivande litterære miljøet uttrykk for begeistring. Strindberg var som regel sterkt kritisk til Ibsen, men ikkje til *Rosmersholm*, som han responderte på med essayet «Sjålamord. (Apropos Rosmersholm)» skrive i 1887. Strindberg kalla «Rosmersholm obegriplig för teaterpubliken, mystisk för den halfbildade, men alldeles klar för den, som har kännedom om den moderna psykologien» (141).²⁰⁸ Strindberg var opptatt av vitskap og tilhengar av evolusjonsteorien, og i denne perioden forfatta han fleire tekstar med eit tydeleg evolusjonistisk tilsnitt. I likskap med Krog og Schjøtt var han opptatt av at evolusjonen var kjønnsespesifikk. Det ser ut til at dei med radikale sympatiar hadde større utbyte av teksten enn «de riktige» konservative kritikarane frå embetsmannsklassen, som me snart skal sjå, følte seg angripne.

Men kritikken kom òg frå dei som meinte debatt- og problemlitteraturen var avleggs, og som varsla at nyromantikken var på trappene. Blant desse var Hamsun, som i sitt oppgjer med naturalismen kritiserte «dei fire store» for å *dikte efter videnskap og tal*, og Ibsen for å dikta *om samfunnsspørsmål* (Hamsun 1960, 52; 2008, 35). Hamsun meinte stykket var eit tendensdrama, og Rosmer var, som andre av Ibsens roller, *karakterer og typer*: «Ubevisst er denne mann et barn av Norge, av århundret og Stuart Mill» (2008, 30–31). I Hamsuns auge var Rosmer utdatert. Når ein les den tidlege resepsjonen, ser ein at Hamsun ikkje var åleine om å sjå *Rosmersholm* som eit tendensdrama. Arv og miljø, forvandling og degenerasjon, politikk og religion, ideal og determinisme var sentrale emneknaggar i den evolusjonistiske diskursen som prega naturalismen. Ved gjennomgangen av eit breiare spekter av resepsjonen av så vel boka som teateroppføringar ser ein at dei radikale – dei som var tilhengarar av *gjennombrotet* – i langt større grad enn dei konservative var positive til stykket. Dei høgrekonservative, som i stor grad avviste evolusjonsteorien og dei andre moderne, sekulære gjennombrotsideane som uttrykk for ein opprørsk og umoralsk smitte, var òg negative til *Rosmersholm*. Politiseringa av kritikken er eit vitnesbyrd om at stykket gjekk inn i evolusjonsdiskursen, men sidan Bjerk Hagen og Bull ikkje les stykket evolusjonsdiskursivt, misforstår dei òg resepsjonen og går glipp av *korfor* dei «riktige» kritikarane avviste stykket.

²⁰⁸ Strindberg, som interesserte seg for «psykologins olika riktningar, som italienaren Cesare Lombrosos kriminalantropologi [...] utvecklade samtidigt ett starkt socialdarwinistiskt intresse av genetiskt slag, och hans naturvetenskapliga intresse fördjupades under hela årtiondet, för att under 1890-talet komma i förgrunden särskilt i form av de kemiska experiment han utförde och de skrifter i kemi han utgav» (Olsson, 2007–2011).

Det same gjeld òg Tjønneland. Dette skal me nå sjå nærare på i det eg vil visa nokre utdrag frå dei første meldingane i kronologisk rekkefølge.

Utdrag frå den politiserte samtidskritikken

Alt den første meldinga av stykket, signert «A» i *Aftenposten* 24.11.1886, same dag som boka kom ut, viser at dei konservative følte seg angripne og meinte Ibsen i *Rosmersholm*, som i livet elles, tok politisk stilling for dei radikale:

I «Rosmersholm» tales om nogle mægtige og besjælende Tanker i Tiden. Men hvad der er for Tanker, og hvori deres Kraft ligger, derom oplyses Intet. At dømme efter deres Indvirkning paa de Personer, der skulde befrugtes af dem, er denne Kraft heller ikke meget at prise. Uagtet Digteren med sin Sympathi er hos de radikale Ideer, er det Synd at sige, at han har stillet de radikale Personer i et glimrende Lys paa de andres Bekostning. («A» 1886, 24. nov.)

De radikale personer Ibsen, ifølge meldaren, *har stilt i eit glimrande lys*, må vera Mortensgård og Rebekka, sjølv om meldaren seinare skriv at «Rebekka, denne nye Kvindefigur, som Ibsen her har skabt, har sit finske Blod, der skal forklare det dæmoniske ved hendes Natur; men det er dog en Figur, der ikke staar ved sit Virkelighedspræg og som neppe kan erkjendes for at være en ud af Livet greben Type». Kritikken om at ho som spelte Rebekka, ikkje var utvikla nok til å vera truverdig, liknar denne kritikken av rollefiguren.

Òg den neste meldinga, signert Carl David af Wirsén i *Post- och Inrikes Tidningar* i Stockholm 27.11.1886, gir uttrykk for å finna Ibsens venstresympatiar i stykket.²⁰⁹ Det er tydeleg at Wirsén kjenner sin eigen stand og verdiane sine, representert ved *Rosmersholm*, angripne, og som eit motangrep framstiller han Ibsen som ein slags swedenborgs heksemeister: «Ibsen, insvept i sin underliga astrologmantel, sin mystifierande själf tillräcklighets med kabbalistiska tecken utsirade kåpa». Då blir sjølvmoda utslag av hemmeleg magnetisme, og Rebekka blir Ibsens meiningsfelle:²¹⁰ «hon och Ibsen hafva däremot alldeles orätt, om de föreställa sig, att enligt denna lifsåskådning ett själfmord någonsin kan försona någonting». For Wirsén

synes det tämligen klart, att Ibsen i sin åskådning af de djupaste frågorna slites mellan minnen från Kierkegaards dystra religiositet – den enda form, under hvilken Ibsen tyckes vilja betrakta kristendomen – och tämligen naturalistiska funderingar om «ärftligheten» af religiösa idéer och fördomar.

²⁰⁹ Transkribert frå Carl David af Wirsén, *Kritiker*, Stockholm 1901, 67–74. «Och om Ibsen gifver en af sina vanliga ironiska snärtar, när han låter Kroll klaga öfver att i skolan det just är de mest begåfvade gossarne, som smittats af de radikala idéerna, så får väl den saken stå för författarens räkning.»

²¹⁰ «De dragas af ett gemensamt öde, af hemlig magnetism och göra bägge ända på sitt lif, i det de kasta sig i strömmen.»

Desse *naturalistiske funderingane om nedarvinga* er ikkje i tråd med Wirséns smak.²¹¹

Vore deras sjålfmord att betrakta som ett fruktansvärdt intyg på den inre ödeläggelse, dit ett libertinistiskt fritänkeri, när det är förenadt med missaktning af andras heliga rätt, leder, då vore om slutet intet annat att säga, än att det innebär en tragisk konsekvens. Men Ibsen, som på det hela taget visar sympati för Rebekkas idéer och hånar de gamla «fördomarna», står ej på den botten, att man med skäl kan tillägga honom en sådan uppfattning af etisk tragik, och därför stannar man äfven denna gång, såsom hos honom så ofta är fallet, i villrådighet om hans verkliga mening.

Rebekkas politiske sympatiar blir tatt for å vera Ibsens eigne, med den konsekvensen at dei konservative føler seg tråkka på. På den radikale fløya vekker dette derimot heilt andre reaksjonar.

I motsetnad til dei konservative, som kritiserte stykket for å vera verkelegheitsfjernt, var radikalaren Johan Daniel Irgens Hansen (bror til Gerhard Armauer Hansen) i *Dagbladet* 28.11.1886 begeistra og kalla stykket «en Tragedie paa vor Virkeligheds Grund» (Irgens Hansen, 1886). Irgens Hansen legg ikkje skjul på at han les stykket som del av den darwinistiske diskursen. Sjølv deler han òg artikkelasjonar, førestillingar og åskodingar som blir sirkulert i denne diskursen, t.d. når han skriv at «trods Artsligheden» mellom stykkets karakterar og karakterar frå andre stykke lar dei seg likevel lett skilja frå kvarandre. Eller når han skildrar Rosmer som «den sidste Ætling af en gammel Stamme, hvor Melankoli er arvelig og lægger Tyngsel over alle Følelser, alt Liv [...] i hans bløde, modtagelige Sind lever Muligheden for en Udvikling, som maa føre til Befrielse fra det Rosmersholmske Livssyn». Det same gjeld Irgens Hansens forklaring av dødsprosessen i stykket:

I to Døgn jager de hvide Heste om Rosmersholm. Gjengangere af døde Mennesker, døde Gjerninger, døde Tanker, døde Følelser hvirvler Modløshed og Rædsel op [...] I de stille Stuer er Time for Time hvisket ind i hendes Sjæl denne alt gjennemsvivende Sammenhæng, denne Vedhængen ved det givne, denne evneløse Overgivelse af Individet til Slægten, Traditionen, Pligten, Loven.

Determinismen er ikkje til å ta feil av.

I *Aftenposten* 30.11.1886 var Bredo Morgenstjerne tydeleg på hogget, og før han i det heile tar fatt på meldinga av stykket, bruker han dei seks første avsnitta på å latterleggjere Ibsen som på linje med Thomas Stockmann forkynner *Forpost-Sandheder* som ikkje fungerer for andre enn «den lille Forpostafdeling, hvor Digteren kjæmper». Trass i at Morgenstjerne

²¹¹ Wirsén var Svenska Akademiens faste sekretær frå 1884 til 1912. I *Ibsens modernisme* nemner Moi Wirsén som døme på idealismen på tampen av 1800-talet, som «var blitt slagordet til de antinaturalistiske, antimodernistiske, moraliserende tilhengerne av oppløftende skjønnhet i litteraturen», og ho meiner det er derfor Ibsen aldri fekk nobelprisen (Moi 2006, 147).

kritiserer stykket for å vera dunkelt og gåtefullt, synest han det som skjer mellom Rebekka og Rosmer, er svært føreseieleleg, med kommentarane «Og det var jo noget, man paa Forhaand kunde vide [...] Og det var jo ogsaa noget, man paa Forhaand kunde vide». Morgenstjerne les stykket som ei støtteerklæring til dei moderne, frie tankar; både Rosmer og Rebekka er «af Ibsen stillede i en saadan Belysning, at de synes at gjøre Krav paa vor Sympathi og Tilslutning som de frie Tankers, de nye Sandheders Talsmænd». Og Rebekka representerer ein *survival of the fittest*-moral, i tråd med Ibsens ideal: «At ophøie Kampen paa Baadkjølen, det er: den stærkestes Ret, til Livsprincip betegner intet Fremskridt, men et uhyre Tilbageskridt i Arbeidet for at skaffe det størst mulige Antal Mennesker den størst mulige Sum af Lykke». Også her ser me korleis evolusjonisme blir jamført med radikal politikk.

Det er uklart korfor Bull, Bjerck Hagen og Tjønneland (som me snart skal sjå) legg så stor vekt på Morgenstjernes melding at ho blir tonegivande for deira oppsummering av heile resepsjonen. Kan hende heng det saman med den sarkastiske slaktens patos og overtydningsevne. Alfred Sinding-Larsen i *Morgenbladet* delte iallfall Morgenstjernes oppfatning: «Lad Rebekka staa som ikke helt tilbunds gennemtrængt af den saakaldte Frigjørelses forfærdelige Evangelium», skreiv han 1. og 2.12.1886 og hevda at «digteren gjennom Rebekka ironisk spørger, om det [konservative Arbeide i vort Land] ikke nu egentlig kommer temmelig sent». I tillegg til å lesa Rebekka som eit talerøyr for forfattern ser han stykket i lys av evolusjonismen og meiner det gir uttrykk for forfatterns «dunkle og uhyggelige Livsanskuelse og Synsmaader»: Rebekka er «dreven af de slette Instinkter, der – ifølge den i Stykket dominerende Arvelighedstheori – er overført paa hende ved hendes uægte Fødsel», medan «det «rosmerske Livssyn», der – ligeledes fremgaaet af Arvelighedsprincippet – *adler* hende». For «helten, Rosmer, er – navnlig seet fra Arvelighedsprincippets Standpunkt – helt og holdent en født Modsætning til Rebekka». Hovudpersonane er «Tankeexperimenter», «Sygelige, Skjæve og Haltende», og Sinding-Larsen konkluderer med at «aandelige Abnormiteter ere ikke i nogen højere Grad end de fysiske egnede til at virke paa Scenen». Sinding-Larsen les stykket som eit angrep på kristendommen og lurar på om «denne besynderlig naive og uklare Mysticisme [hører] med til Digterens eget dunkle Standpunkt?» Han hevdar at Ibsen behandlar Rosmer og Rebekka med «den umiskjendelige Sympathi», med «et høiere og ædlere Livssyn, en mere følsom Samvittighed, en større Modtagelighed for forædlende Indflydelser end hos deres i Religionens formentlige Tvangstrøie indsnørede Medmennesker». Sinding-Larsen synest likevel det verste av alt er *den radikale presses*

panegyriske lovord, sjølv om han i grunnen ikkje hadde venta anna enn en enstemmig og høirøstet Applaus derifrå.

Så langt har alle kritikarane i gjennomgangen plukka opp evolusjonistiske aspekt ved stykka. Det blir dermed stadig meir påfallande at nyare resepsjonshistorikarar ikkje har kommentert dette. Georg Nordensvan, som ifølge SNL støtta dei radikale 1880-årsforfattarane, skreiv 4.12.1886 i *Ny Illustrerad Tidning* (Stockholm) ei rosande melding der han fortel at han først fekk inntrykk av at Ibsen i *Rosmersholm* har stilt «fram för sina landsmän en totalbild, skarpt utmejslad, af den tid och de förhållanden de lefva uti». Nordensvan er begeistra og meiner det gåtefulle kjem av at Ibsen loddar djupare i menneskesjela enn nokon har gjort før:

Det kan väl knappast nekas, att ju skarpare Ibsen går nutida förhållanden in på lifvet, dess klarare står hans afsigt för åskådaren, dess djupare verka hans ord – som en stormklocka, bådande oväder, eller som en segerviss fanfar. Det är hans pejlande nedåt i människosjälär, hvilkas djup ingen lodat, som gör honom dunkel, gåtfull. – (Nordensvan, 1886)

Og trass i at Nordensvan ikkje heilt forstår *korfor* Rosmer tar livet sitt, betraktar han han likevel som ein føregangsmann og forpostfektar: «Men Rosmer är en af förposterna. Vi forstå ej fullt *hvarför* han måste falla – men vi förneka att han är den siste af sin ätt, af den unga ätten på Rosmersholm. Den skall skjuta många friske skott ännu». Med eitt unntak ser me at sjølvmorda møter betrakteleg større sympati og forståing hos dei radikale enn hos dei konservative.

Unntaket er Erik Skram, som i den neste meldinga skreiv at *Rosmersholm* handlar meir om tankar enn om menneske. Rebekka og Rosmer er «tænkte, ikke sete Personer. – At Ibsen tænker bedre, end mange andre ser, kan ikke her være afgjørende» (Skram, 1886). Skram kunne ikkje tru at trollkvinna Rebekka var blitt adla:

Har [Rosmer] blot ved et fortroligt Samliv at vise sig som den ædle Natur, han er, kunnet forvandle hende fra en Slags sejdbryggende Troldkvinde til et opofrende og sanhedskærligt Væsen, hvad maa han da ikke kunne udrette i Verden naar han umiddelbart træder op for at adle Menneskene? (Skram 1886, 2)

Men Skram skreiv fint om Mortensgård, «et solid opfattet lille Virkelighedsmenneske» som er den einaste «til at tage sig af den sunde Fornuft». Som sagt avvik Skram frå «regelen» om at dei radikale var rosande og dei konservative kritiske til stykket. Skram var heller ikkje begeistra for Bjørnsons *En hanske*, som han kritiserte for nokon lunde det same som *Rosmersholm* (Skram 1883). Som sin gode ven Hamsun var heller ikkje Skram begeistra for

tendensen. *Tendenslitteratur* var ikkje lenger eit plussord blant alle radikale, særleg ikkje blant dei yngre forfattarane.²¹² Det var gått nokre år sidan det moderne gjennombrøtet i Danmark, og fleire av forfattarane som var assosiert med det, m.a. Drachmann og Jacobsen, hadde gitt ut bøker som braut med Brandes' litterære «tvangstrøye» (Fulsås 2009, 31).²¹³

Fleire oppfatta *Rosmersholm* som eit tendensdrama, og i likskap med dei konservative, var nyromantikarane kritiske, m.a. fordi dei gjenkjente evolusjonsdiskursen. Ein av desse var Knut Hamsun som hevda *Rosmersholm*, i likskap med mesteparten av tendenslitteraturen, var umoderne og mangla psykologisk innsikt. Ifølge Rolf Nyboe Nettum representerte Hamsun nettopp 1890-års nedtoning av 1880-års store konflikter og «voldsomme partilidenskapers tid» (Nettum 1995, 12). «Som Bojer hevder han at det er viktigere å være et individ enn Høire- eller Venstremann» (Nettum 1995, 13). Nils Collett Vogt, eit «barn av embetsstanden» som beundra Brandes og hadde tileigna seg dei radikale ideane frå 1880-åra, skreiv derimot ei begeistra melding av Christiania Theaters *Rosmersholm*-oppsetjing, som kom på trykk i *Morgenbladet* 13.4.1887 (Nettum 1995, 14). Og då Tharald Blanc (under signaturen «c.») i *Aftenposten* 13. og 15. april 1887 meldte same oppsetjing, peikte han på den polariserte mottakinga boka hadde fått:

Da det ved Juletider udkom i Trykken, var det ogsaa, som det vil erindres, Gjenstand for en høist forskjellig Bedømmelse i Pressen. Medens det fra enkelte Hold løftedes til Skyerne som et Mesterverk af første Rang, og betegnedes som et af Digterens dybsindigste Verker, fandt andre, at det snarere maatte betragtes som et Arbejde af temmelig tvivlsomt æsthetisk Værd – et uhyggeligt Produkt af den ensomme Grublers syge Tvivl og dybe Menneskeforagt. (Blanc 1887)

Denne korte gjennomgangen av aviskritikken viser at *Rosmersholm* blei sett i lys av samtidas darwinistiske evolusjonsdiskurs, både av dei som var begeistra for stykket, og av dei som ikkje var det. Evolusjonsteorien fungerte som ein markør for eit større spekter av oppfatningar og haldningar av politisk og livssynsmessig art, som prega den polariserte resepsjonen av stykket; venstre-tilhengarane var darwinistar, høgre-tilhengarane og dei konservative verna

²¹² Då Irgens Hansen hadde meldt Amalie Skrams *Constance Ring* då ho kom ut i juni 1885, skreiv Erik «et indignert brev til avisen» der han anklaga Hansen for å bedømme boka «utelukkende som tendensroman» (tidsaand.u.å.a).

²¹³ I 1883 hadde det kome til ope brot, som Ibsen kommenterte i brev til Hegel: «– Jeg for mit vedkommende kan for øvrigt ikke se nogen ulykke deri, om det literære venstre skulde blive sprængt. Jeg tror at disse mange højt begavede forfattere er bedst tjent med at arbejde hver for sig uden at skotte til siden efter et fælles program» (B18831227FH).

om den kristne skapingsforteljninga.²¹⁴ Slik er resepsjonen ein klar indikasjon på at stykket *har* evolusjonistiske element i seg som fortener å bli tatt på alvor.

Ytringar frå Ibsen viste ein sterk reformiver i forkant av *Rosmersholm*, og ifølgje innleiinga til *Hundreårsutgaven* hadde han aldri før tatt så direkte parti i den politiske striden som han gjorde i *Rosmersholm*.²¹⁵ Etter *De unges forbund* (1869) hadde han blitt oppfatta som høgreiditar, men etter *Et dukkehjem* (1879) og *Gengangere* (1881) var det over (Koht 1954-II, 24).²¹⁶ Gran fortel at Suzannah etter *Vildanden* skreiv til Henrik frå Kristiania:

«Aldrig hadde jeg trod, at vi i den grad stod paa det sorte bræt hos høirepartiet». Og et par maaneder senere hadde «Aftenposten» først mottatt *Vildanden* med begeistring, men derefter foretat et skyndsomt tilbaketog, og Ibsen var ialfald ikke i tvil om at dette tilbaketog var resultat av pres fra partiet: «Aftenposten» fik simpelthen ikke lov til at være begeistret for Ibsen. Saaledes stod i denne tid partierne mot hverandre (se i Ibsen breve II, 246). (Gran 1918, 188)

Då Ibsen sommaren i 1885 var i Noreg, kom det til ope brot med hans gamle ven Lorentz Dietrichson.²¹⁷ Etter at Ibsen takka nei til eit planlagt hyllingstog frå Studentersamfunnet, der Dietrichson var leiari, skreiv Dietrichson eit smededikt om dette, som igjen utløyste sterke motreaksjonar frå *Dagbladet*, *Verdens Gang* og frå radikale studentar som braut ut og danna «Den frisindede studentforening» (Gran 1918, 197, 203–204).²¹⁸ Under slagordet «Kristus eller Ibsen (alias djævelen)» angreip teologane Ibsen *som fritænkeren, der motarbeidet*

²¹⁴ «Fra høires side blev venstre og «den moderne vantro» slaat sammen; venstre var en truende fare, ikke blot for staten, men ogsaa for kirken og religionen og moralen [...] paa den ene side høire og troende, paa den anden side venstre og vantro» (Gran 1918, 116).

²¹⁵ M.a. skreiv han i eit brev til Bjørnson våren 1884 at han vil slå «alle de upriviligerede» i hop i eit «stærkt, resolut og pågående parti», og programmet skulle vera «praktiske og produktive reformer» som «en meget rummelig udvidelse af stemmeretten», «regulering af kvindernes stilling, folkeskoleundervisningens frigjørelse fra alskens middelalderligheder o.s.v.» «Også i *Rosmersholm* er hans partistandpunkt synlig. Tross all hans vennelse og forakt for en politikertype som Mortensgård er det bare venstrepartiet han setter et svakt håp til; gjennom skildringen av rektor Kroll er det som om han sier sig løs fra og uttaler dommen over hele det gamle høire, dets idealer og dets kampmåte» (Bull 1972, 160).

²¹⁶ Etter «*Gengangere* var Ibsen høires forlorne søn – man kastet han av sig, – med bitter skuffelse, men bestemt for alle tider, – venstre kunde ta ham, – der hørte han hjemme nu med sin forpestede syffilisdigtning» (Gran 1918, 119–120).

²¹⁷ Dietrichson «undgik ham, søkte sin omgang blandt konservative embedsmænd, vilde ikke længere ha noget med ham at gjøre» (Gran 1918, 188). Ibsen parerte med å skriva til Dietrichson at «med et studentersamfund under din ledelse føler jeg mig ikke i slægt. Meddel studenterne dette» (sitert i Gran 1918, 191).

²¹⁸ «Jeg attraar ikke fakkeltog eller slikt. Den største glæde Studentersamfundet kunde berede mig, vilde være, om venstrepartiet, minoriteten, kunde vokse sig saa stor og sterk deroppe, at den blev majoritet, og da selvfølgelig kastede baade Lorentz Dietrichson og de andre ud af bestyrelsen og valgte frisindede mænd ind i deres sted». Han ønskte «at ret mange høirestudenter ret snart maatte komme til at tilegne sig et frisindet livssyn, saa at det blev dem en selvfølge at skille sig af med stagnationsmagterne og i deres sted indsætte et styre, der havde kontakt med tidens tanker og bestræbelser» (Gran 1918, 200–201). Dei samla seg i Arbeidersamfundet til «protestmøte mot Studentersamfundnets optræden mot Henrik Ibsen», 17.10.1885 (Gran 1918, 195–98). Ibsen og dei andre diktarane blei tilbydt æresmedlemskap, noko Ibsen tok imot med takksemd (204). Han ønskte den frilynte studentforeninga Fram hjarteleg framgang for «enhver tidsmessig reform på det åndelige og det sociale område»; han hadde inga tru på at det gamle venstrepartiet ville ta opp slike saker (Koht 149).

kristendommen (Gran 1918, 198). Konflikten var «i høi grad karakteristisk for tiden; – hidsigheten og hadskheden som aldrig har manglet i vore politiske kampe, hadde aldrig naadd en slik styrke som i ottiaarene» (Gran 1918, 204). Samtidskritikken viser altså at evolusjonsdiskursen var ein vesentleg ingrediens i den politiske debatten.

Det neste som kom frå Ibsens hand, var altså *Rosmersholm*. Sett i denne samanhengen er det ikkje overraskande at dei konservative kritikarane uttrykte skepsis og misnøye, medan det store fleirtalet av dei radikale, var svært positive. I likskap med forordet til *Hundreårsutgaven*, kjem Edvard Beyer òg inn på den polariserte mottakinga, men i motsetning til Bull, som er forsiktig med å trekka politikken inn i resepsjonen, er Beyer tydeleg:

Det meste av litteraturkritikken i 1870- og 80-årene hadde et sterkt politisk tilsnitt. En realistisk eller naturalistisk skildring kunne i seg selv være et angrep på de bestående forhold og bli mottatt deretter, tiljublet fra venstre og fordømt fra høyre, gjerne i skjønnetens navn. Den betydeligste kritikeren på høyresiden var Monrad, men også professor Lochmann rykket ut iblant, og av de yngre kan nevnes Kr. A. Winter-Hjelm (1843–1915) og Bredo Morgenstjerne. (Beyer 1995, 79–80)

Og i 1880-åra gjekk Johan Vibe (1840–97) til angrep på naturalismen i ein artikkelserie i *Aftenposten*, som kom som bok i 1884 (Beyer 1995, 80). Denne polariserte og politisk funderte kritikken blir ofte oversett i seinare resepsjonsgjennomgangar.

Eit eksempel på det finn me i Tjønnelands artikkel «Hamsuns kritikk av Ibsen – en resepsjon av *Rosmersholm*-resepsjonen?» (2016), der han hevdar at *Rosmersholm* utfordra «det naturalistiske eller realistiske smaksregimet, og leserne opplevde et forventningsbrudd. Stykket falt ikke på plass innenfor «problemer-under-debatt»-paradigmet» (32). Her gjer Tjønneland eit poeng av at Hamsun, i eit forsøk på å skjula sin Ibsen-inspirasjon og få lanseringa av «det ubevidste sjæleliv» til å framstå som meir nyskapande og original, framstilte *Rosmersholm* som forelda, i det han karakteriserte Rosmer som ein naturalistisk klisjé, modellert på naturalismens program. Tjønneland fortel at Hamsuns framstilling stod «i motsetning til hva en enstemmig skandinavisk resepsjon hevdet i 1886» (Tjønneland 2016, 37, 39). Men det stemmer ikkje at samtidsresepsjonen var einstemmig. Dei radikale som framleis var tilhengarar av gjennombrøtet, var, som me har sett, positive til stykket. Det var nettopp hos dei som ønskte at litteraturen skulle setta «problemer under debatt», og som representerte det naturalistiske smaksregimet, stykket vekte begeistring.

Tjønnelands gjengiving av Rosmersholm-resepsjonen viser seg upåliteleg. Ser ein etter i artikkelens litteraturliste, oppdagar ein at dei einaste meldingane Tjønneland refererer til, er skrivne av Morgenstjerne, Sinding-Larsen og Skram. Som me har sett, representerte ikkje desse kritikarane det naturalistiske smaksregimet, dei var tvert imot motstandarar av det. Me hugsar at den konservative, idealistiske Wirsén nettopp kritiserte Ibsen for at han i *Rosmersholm* kom med «naturalistiska funderingar om ‘ärftligheten’ af religiösa idéer och fördomar». Det same gjeld Morgenstjerne, som systematisk hadde angripe alle skodespela f.o.m. *Gengangere* (Templeton 2008, 16). Morgenstjerne spør retorisk om *Rosmersholm* «i Modsætning til Ibsens øvrige Arbejder» ikkje var eit «Indlæg i Problem-Debatten, men kun et psykologisk Experiment», for like etter å svara at det «er en af de mange – om end en af de mindre sandsynlige – Muligheder, som Digteren stiller til vor Disposition». Resepsjonen var ikkje samstemt, og i likskap med Hamsun og dei fleste andre las Morgenstjerne skodespelet politisk, og dei felte ulike smaksdommar, alt etter om dei samtykte med tendensen eller ikkje.

Dei elementa i stykket som var vanskelege å forstå, blei ikkje automatisk vurdert som ei svakheit, og Tjønnelands utval og framstilling av tre negative kritikarar kan langt frå seiast å representera «en enstemmig skandinavisk resepsjon» som «oppfattet stykket som fullt av mystifikasjoner. Personene var uforståelige og abnorme» (31). Tjønneland skriv at «[k]ritikerne fikk presentert en forskrudd psykologi de ikke taklet. Kritikken oppfattet Ibsens uforståelighet som udemokratisk. Bredo Morgenstjerne fastslo at Ibsen skrev litteratur for smaksgourmeter, for en liten elite» (32). At det nettopp var Morgenstjerne som kritiserte Ibsen for å vera elitistisk, verkar ved første augekast merkeleg, men ikkje når ein les resten av meldinga, som tydeleg er politisk motivert. Dei kritikarane Tjønneland bygger artiklane sin på, var ikkje representantar for «problemer-under-debatt»-paradigmet, slik Tjønneland hevdar. Dette var venstresidas prosjekt, som høgresida, med professor Monrad i bresjen, kritiserte. Av same grunn lét dei tyske konservative kritikarane vera å melda stykket, trass i at stykket fekk svært stor åtgau. Dei meir radikale kritikarane var derimot svært begeistra.

Ved å oversjå dei positive meldingane mister ein det evolusjonistiske perspektivet av syne. At skodespelet nettopp behandlar dei politiske motsetningane, var nok medverkande til at mottakinga blei så polarisert. Både Rebekka og Mortensgård representerer folket og arbeiderklassa, og Rosmer og Kroll embetsmennene. Ibsen relaterer ytterlegare til den aktuelle politiske og idéhistoriske todelinga ved at han knyter sekularitet og fritenkeri, promiskuitet, det politiske venstre og kampen for tilværet og andre radikale idear til Rebekka og Mortensgård. Rosmersholm, derimot, representerer ikkje berre embetsmennene, men òg

kyrkja, dei konservative og høgresida – og degenerasjon. Slik speglar stykket dei politiske og ideologiske skiljelinene i det norske samfunnet då stykket blei skriva. Men Ibsen lar Rebekka og Rosmer gjera eit forsøk på å overskrida dei, og i Mortensgård viser han at endring er mogleg. Det er opplagt at samtidsresepsjonen såg desse sidene ved stykket, og at mottakinga blei polarisert: Venstresida såg i den sterke Rebekka (og delvis òg i survival-of-the-fittest-Mortensgård) ei optimistisk, framtidsretta tru på at endring er mogleg, medan høgresida såg det som eit angrep på dei gamle verdiane og embetsmannssamfunnet, som nettopp hadde lidd eit kraftig nederlag.

Den politiserte samtidsresepsjonen vitnar om at *Rosmersholm* inneheld evolusjonistiske element som blei fanga opp av samtidas lesarar, men ikkje av seinare forskning – eller viss forskinga har fanga det opp, har ho ikkje vist interesse for det. Samtidsresepsjonen vitnar altså om moglegheita av ei kontekstuell lesing av *Rosmersholm* opp mot evolusjonsdiskursen, men denne moglegheita har ikkje blitt tatt tak i, heller ikkje av den akademiske fortolkingstradisjonen, slik me skal sjå i neste delkapittel.

Den akademiske fortolkingstradisjonen

Over på 1900-talet blir ikkje stykket lenger like sterkt knytt opp mot samtidsforholda. Nå snakkar me ikkje lenger om samtidsresepsjonen, men om det me kan kalla den akademiske fortolkingstradisjonen. Etter som tida har gått, og dei ulike litterære tilnæringsmåtene har skifta, har dette prega måten *Rosmersholm* har blitt lese på. Dramaet høyrer, i likskap med *Vildanden*, til dei aller mest kommenterte Ibsen-verka, men når det gjeld *Rosmersholm*, er det mindre semje i sekundærlitteraturen både når det gjeld tolking og vurdering (Bjerck Hagen 2015, 138). Som eksempel på dette nemner Bjerck Hagen Odd-Stein Anderssen som i 1968 skreiv at forholdet mellom Rosmer og Rebekka ennå er langt frå uttømmende klarlagt, og Fredrik Engelstad som i si lesing frå 1985 kommenterte at «ingen andre av Ibsens dramaer blir så ofte opplevd som ‘gåtefullt’ og vanskelig tilgjengelig» (59, sitert i Bjerck Hagen 2015, 138). Særleg gjeld dette stykkets avslutning, dobbelt-sjølvmordet.

Fleire meiner dei uforståelege sjølvmorda er resultat av ei svakheit ved Ibsen som dramatikar. Tjønneland (1992) fortel at t.d. Fritz Neumann i artikkelen «Die Entstehung von *Rosmersholm*» (1922) hevda at den heroiske Rosmers skjebne ikkje lar seg foreina med den naturalistisk teikna Rebekka, og at stykket opphavleg må ha vore tenkt som to forskjellige drama, som smeltar saman på mislykka vis (Tjønneland 1992, 54). Arild Haaland skriv at sjølvmorda er tvitydige fordi dei på den eine sida fører til døden, samstundes som dei positivt

stadfestar pakta mellom Rosmer og Rebekka som ein ny start som ikkje kan realiserast i denne verda, noko som gjer sjølvorda heroiske og tragiske (1978, 125). Utfordringa med sjølvorda har gitt seg utslag i svært mange ulike tolkingar, og *Rosmersholm* har blitt karakterisert som politisk samfunnsdrama, romantisk eller tragisk kjærleiksdrama, trekantdrama, idédrama, psykologisk drama og kriminaldrama.

Når eg nå skal ta føre meg den seinare resepsjonen, har eg valt å dela han inn etter to hovudtendensar som eg har kalla sympatisk og skeptisk lesemane, då eg synest det karakteriserer den mest markante forskjellen mellom dei ulike lesingane. Desse to tendensane heng vesentleg saman med korleis ein oppfattar Rosmer. Dei lesingane som eg har sortert under sympatisk, ser Rosmer som ein forfina og nobel idealist, som står i skarp kontrast til det som då gjerne blir oppfatta som kyniske krefter i omverda, representert ved ein konservativ, og til tider brutal rektor Kroll på høgresida, og ein opportunistisk og i somme auge infam Mortensgård på den andre enden av den politiske skalaen. I dette politiske klimaet har Rosmers «prosjekt» om å skapa glade, frie adelsmenneske tronge kår. Den einaste han klarar adla, er den umoralske og i mange sine auge ville og rovdyraktige Rebekka, som etter kvart angrar og tilstår brotsverket sitt. Til slutt forstår dei at dei elsker kvarandre, og i dette lyset blir sjølvorda tolka som eit reinskande og frigjerande kjærleiksfullt soningsoffer, ei forsoning av motsetnaden mellom kultur (Rosmer) og natur (Rebekka).²¹⁹

På den motsette enden av tolkingsspekket er sympatien bytt ut med det som fortonar seg som stor skepsis til måten Rebekka og Rosmer framstiller seg sjølv på, noko som ofte utløyser ein psykologisk analyse av hovudpersonane, gjerne på bakgrunn av ulike psykologiske teoriar, jf. Freuds berømte tolking som det stadig vekk blir referert til i resepsjonen.²²⁰ I staden for å sjå sjølvorda som forsøk på foreining og forsoning i ei verd der det ikkje lenger er plass for ideal og idealistar, blir dei oppfatta som resultat av dystopi, livstrøytte og depresjon. Dei som heller i denne retninga, har eg sortert under det eg kallar den skeptiske lesemane. Ei slik

²¹⁹ Tjønneland (1992) og Bjerck Hagen (2015) omtalar desse tolkingane som idealistiske. Bjerck Hagen omtalar dei m.a. som *den tradisjonelle linjen fra Brandes via Bull til Haakonsen*, som han meiner er *overraskende idealistisk* (159).

²²⁰ Freud viser til det han kallar ødipuskomplekset og draumen han meiner mange ungjenter har, som «går ut på at husets frue på en eller annen måte skal bli borte og at husets herre skal gifte seg med henne. *Rosmersholm* er det største kunstverk i denne genren som behandlar en ungpikes dagdrømmer og fantasier. Det som gjør dette stykket til en tragedie, er at heltinnens dagdrøm er helt i overensstemmelse med virkeligheten slik den fortonet seg for henne for noen år siden» (Freud 1982, 17).

inndeling er eit analytisk grep for å strukturera det omfattande materialet, sjølv om eg er på det reine med at ho slett ikkje er uproblematisk.

Den sympatiske lesemåten

Lenge dominerte det me kan kalla den tradisjonelle, sympatiske lesemåten. Bjerck Hagen skriv at «den store kritiske tradisjonen» (her nemner han Henrik Jæger (1888), Brandes (1898), Bull (1960), Skavlan (1960), Beyer og Haakonsen) har vore

merkelig positivt innstilt til både Rosmer og Rebekka. Man har tenkt seg at hans tanker om de frie glade adelsmennesker har hatt en positiv innflytelse på den amoralske Rebekka, og at deres felles undergang nok symboliserer en straff, men også et ideal for fremtiden. (141)

Henrik Jæger t.d. meinte Rosmers «rene og noble tænkemaade, hans humanitet og hans elskværdighed paavirker og forfiner» Rebekka (Jæger 1888, 284, sitert i Bjerck Hagen 2015, 141). Likeins siterer Bjerck Hagen Brandes som i 1898 skreiv at Ibsen i *Rosmersholm* hadde «overvundet sin gamle Mistro og har troet paa Lutringen af denne Pige med den besudlede Fortid, har paavist og fremstilt den gode Kjærne, Renheden, tilsidst Storheden hos Forbrydersken, Løgnersken, Mordersken» (Brandes 1898, 149, sitert i Bjerck Hagen 2015, 141). Men Bjerck Hagen har utelatt den neste setninga, der Brandes skriv at Ibsen «har udført dette paa saa overbevisende Maade, at selv den, der aldrig har truffet nogen Rebekka – og hun er vel blandt Ibsens norske Kvinder i højest Grad Undtagelse – selv han nærer intet Øjeblik Tvivl om at hun er mulig» (Brandes 1898, 149). Men sjølv om ho er «en Personification af Nordlandet ... de voldsomme, ubeherskede Temperamenters Land», synest Brandes ho verkar meir russisk enn norsk (sst. 149). Som mange andre såg òg Brandes mange parallellar mellom Rosmer og Ibsens eigen situasjon under noregsbesøket året før, eit samband som kan vera medverkande til at så mange innanfor den sympatiske lesemåten skildrar Rosmer med ei ærbødigheit som ikkje lar seg foreina med dei meir demoniske sidene hans. Men dette skreiv Brandes i 1898; i 1886 ville han ikkje melda stykket, så det blei Edwards oppgåve. Edvard Brandes kalla det «meisterverk» og «vidunderleg dikting», og han las det som bilde på den politiske situasjonen i Noreg. «Og han hylder Rosmers ønske om at adle folket: ‘Aldrig har den fri Forsknings store Opgave her i Norden i en renere Form været Midtpunkt i et Digtværk’ (sitert i Reinecke-Wilkendorff 2004, 90). Georg var derimot mindre begeistra, og i eit brev til Edvard skreiv han at *Rosmersholm* er «god og stor, men mig dog for uklar», og at «Rosmer er for kjedelig til ret at interessere» (Brandes sitert i Reinecke-Wilkendorff 2004, 90).

I likskap med Krog og Schjøtt nyttar Lou Andreas-Salomé i *Henrik Ibsens kvinneskikkelser* (1893, i Hulda Garborgs omsetting) ordet *naturkraft* om Rebekka, «den stærkeste og forvovneste af disse [Ibsens] Kvindeskikkelser», som må gi livet og si sterke, sunne natursjel i byte for ei sart, foredla menneskesjel, medan Rosmer er «ude af Stand til i Sandhed at optage hendes frie Naturkraft og i sig smelte Modsætningerne sammen» (100, 103).²²¹ I tråd med evolusjonismens biologisk-patologiske fokus, og vektlegginga av forholdet natur–kultur, skildrar ho det som skjer mellom Rebekka og Rosmer som ein nedbrytande prosess gjennom smitte, sjukdom og død:

Smitte, Sygdom, Død, – det er Navnene paa Tiltrækning, Kjærlighed og Ægteskab i «Rosmersholm». Thi det er de gamle Modsætninger Instinkt og Lov, Frihed og Tvang, Naturverden og Loftverden, som staar bagom, kun at deres indre Uforenbarhed ikke længer som tidligere aabenbarer sig i Fjendskab og Feide, men ved det tragiske i deres Forening. Og i Sandhed, haardere end i den mest sønderlidende Kamp, som Nora eller Fru Alving kjæmpede for sin Frigjørelse, fremtræder Modsætningernes indre Splid her i den Nødvendighed, med hvilken Hengivelse og Undergang betinger hinanden. (105)

Andreas-Salomé ser forholdet mellom Rebekka og Rosmer og sjølvmodra som «den ydre Reflex af en indvendig, allerede fuldendt Proces» som Rebekka veit «ikke har sit Udspring i en sund, nødvendig Beslutnings Klarhed, men at det er Sygdommens endelige Udgang, den sidste Forvirring, som de endelig ligger under for» (105, 100–101). Andreas-Salomés tolking inngår tydeleg i samtidas vitskapsdiskurs, og eg kjem tilbake til den i analysekapittelet.

I sitt tobindsverk *Henrik Ibsen. Liv og verker* (1918) deler Gran, som i 1884 hadde vore medstiftar av Norsk Kvinnesaksforening, entusiasmen til dei radikale meiningsfellene sine: «Dette drama inntar en særstilling i Ibsens produktion [...] psykologisk mere overbevisende, rikere i sin menneskelighet, gjennemtrængt av en vemodens sødme som vi ellers sjelden træffer hos Ibsen» (Gran 1918, 240–41). I likskap med Krog oppfattar ikkje Gran dramaet som pessimistisk, sjølv om «de to dunkle vokaler» i namnet *Rosmersholm*, «virker ganske umiddelbart suggestivt og med éngang anslaar stemningen».²²² For Gran er Rosmer ein fintfølande mann med nerver, «et ædelt stof, men mat blod» (210) som har blitt frigjort gjennom samlivet med Rebekka, kanalen «hvorigjennem frigjørelsens kilde hadde tilflytt ham» (210, 221). «Han er likevel den sterkeste, hun er smittet av hans livssyn, hendes

²²¹ På tysk heitte boka *Henrik Ibsens Frauengestalten* og blei publisert i 1892.

²²² «Men hadde Ibsen saaledes allerede faat idéen til *Rosmersholm* før Norgesreisen i 1885, – rimeligvis umiddelbart efter fuldendelsen av *Vildanden* og som en reaktion mot den haabløse pessimisme i dette drama», kom han av ulike grunnar ikkje skikkeleg i gang med arbeidet før i juni 1886, men då gjekk det fort og alt i september var det ferdig (Gran 208). «Den gamle herregaards aand svæver over det hele, – allestedsnærværende [...] under vegten av husets traditioner, slegtens sykelige samvittighetskrupler synker Rebekka sammen, umerkelig beseiret, forvandlet, – adlet, men udyktiggjort» (1918, 241).

lidenskap er forvandlet til usanselig kjærlighet, hans samvittighet er gaat over paa hende» (221). Korleis forklarar Gran dette paradokset? Jo, stemninga, ånden og dei daude si makt på staden er sterkast og sigrar.²²³ Gran gjer sjølv bruk av evolusjonistisk diskurs når han omtalar skodespela – og særleg kvinnene: «Det er slegtskap mellem Rebekka og Ellida; de er begge ubændige naturer, og de gennemgaar begge en forædlingsproces» (Gran 1918, 263).

Same år som Gran skreiv Gunnar Heiberg at *Rosmersholm* var blant dei største verka Ibsen hadde skrive, i lag med *Vildanden*, *Gengangere*, *Bygmester Solnes* og *Naar vi døde vaagner* (Bjerck Hagen 2015, 10). Og Helge Krogh skriv at Ibsen når høgast

etter min og vel de flestes mening, ved midtpunktet av sin lange utvikling, i «Gengangere», «Vildanden» og «Rosmersholm». [...] De har ideenes aktivitet, tendensens spenstighet. Men idé og tendens er fullkomment innsmeltet i en menneskeskildring som ikke kan betegnes med noe annet ord enn *allvitenhet*. (Krogh 1954, 40–41 sitert i Bjerck Hagen 2015, 2)

I likskap med Bull i innleiinga til *Hundreårsutgaven* tar Koht, som rekna *Rosmersholm* som eit av Ibsens viktigaste drama, føre seg alle moglege modellar han drar kjensel på i stykket, og i tolkinga viser han først og fremst til Ibsens eigne ytringar.²²⁴ Han meiner Rebekka var det «første mennesket Ibsen skapte som var djupt merkt av den naturen ho var oppvaksen i» (1954, 184), og hennar utvikling er det «som i grunnen er hovudsaka i dramaet» (180). Som Gran og mange andre framhevar Koht korleis det er dødskreftene som dominerer og til slutt overvinn livet på *Rosmersholm*.

I den seinare resepsjonen finn ein ofte igjen sitat frå Gran, Bull og Kohts historisk-biografiske forskning utan at det blir referert til dei. Mange tolkingar vektlegg Ibsens noregsbesøk sommaren 1887 og den konfliktfylte politiske situasjonen i landet i siste halvdel av 1880-åra. Bull hevdar m.a. at «scenen mellem Mortensgård og Rosmer i annen akt [...] gir et levende inntrykk av Ibsens harme over de menn som under debatten om Kielland-saken fortiet eller fornektet sine fritenkerske anskuelser av taktiske og partimessige grunner» (1972, 157). Dette

²²³ «Rosmersholm er ogsaa sterkere enn Rebekka, seirer over hendes hedenske samvittighet som hadde ført en fortvilet og haabløs kamp mot de dødes magt over Rosmers sjæl, – litt efter litt dulmes hendes handlemod ind under stemningen fra den gamle herregaard, hendes opreiste vilje knækkes under indflydelsen av den aand der strømmer ut fra den milde, sjælfulde, men impotente Rosmer, hun blir adlet, men betaler sit adelsskap med sit livs lykke, ogsaa hun ender med at se de hvite hester og tro paa dem. Paa denne konflikt er der ingen løsning, eller kun én løsning: livet har ikke længere bruk for dem, for ingen av dem, og ikke har de bruk for livet, og saa finder de sin frigjørelse der hvor den er at finde: i møllefossen» (Gran 1918, 239-4).

²²⁴ Både Bull og Koht er sterkt overtydde om at den svenske poeten Carl Snoilsky og Urban von Felitzen er modellar for Rosmer, og Snoilskys kone og Laura Gundersen for Rebekka (Bull, 1972, 161–165, Koht 1954, 373). Lista over moglege modellar for Brendel er òg lang (Bull 1972, 169).

poenget har blitt ein gjengangar i den seinare resepsjonen. Bull siterer òg Ibsen då han, etter møta med Dietrichson, skreiv at Dietrichson viste

en sindets og tankens smålighed, en karakterens afkræftelse, en elendig hensyntagen til andre menneskers domme og meninger, som ikke kunde andet end virke modbydeligt på mig [...] Men han er på en viss måde at undskylde. Han står under en daglig påvirkning af sneverhed og småsindethed, som en så slap natur som hans ikke kan holde stand imod. (Sisert i Bull 1972, 159–60)

Viss berre naturen til enkeltindividet er slapp nok, gjer det han, som me ser, mottakeleg for all slags påverknad frå omgivingane. Det evolusjonistiske menneskesynet skin gjennom skildringa av Dietrichson.

I innleiinga om *Rosmersholm* i *Hundreårsutgaven* (1932) fortel Bull at Ibsen begynte å arbeida med stykket før noregsreisa, truleg alt vinteren 1884–85, men starta først skrivinga like etter at han første gong hadde sett *Gengangere* oppført, 14.4.1886 i Augsburg (Bull 1932, 314). Bull ser ein tydeleg samanheng mellom *Rosmersholm* og *Gengangere*, og delvis *Vildanden*: Familiane Alving og Rosmer «er viet undergangen, preget av degenerasjon, – den siste levende ætling er livsudelig og dødsmerket; men de døde lever: kammerherre Alving og fru Beate» (Bull 1932, 313). I omtalen av stykket i 1960-utgåva av *Norges litteratur fra februarrevolusjonen til første verdenskrig* gjentar Bull dei same tankane, men nyttar ikkje lenger termen ‘degenerasjon’ (Bull, Paasche, Winsnes, Houm 1960, 430), noko som kan henga saman med at bruken av omgrepet i 1960 ikkje lenger er stovereint. 28 år etter innleiinga i *Hundreårsutgaven* er Bull framleis i samklang med den idealistiske oppfatninga av at *Rosmersholm* på eit vis uttrykker optimisme, sidan Rosmer og Rebekka går «gladelig» i døden, og Rosmers ideale førestillingar blir stadfesta gjennom adlinga av Rebekkas sinn (sst., 434).

I mange av desse positive omtalane, som hos Schjøtt, Gran og Koht, finn me ei ærbødigheit i tilnærminga til Ibsens tekst. Her er ingen mistankens hermeneutikk eller jakt på dobbeltbotna utsegner, i alle fall ikkje overfor hovudpersonane. Når det gjeld Kroll og Mortensgård, er skepsisen derimot langt større. Dei to blir stort sett alltid nemnt i same andedrag, som karikerte motsetningar. Det ser ut til at nærleik til samtidsdebatten, slik han blei handtert av pressa, fell uheldig ut for bipersonane. I Kroll kjenner Koht igjen «fullt av drag frå ‘hollandarvennene’ og rikeleg med talevendingar frå *Morgenbladet*», og

på den andre sida den folkelege bladstyraren Peder Mortensgård, personleg frigjort nokk, ja så frigjort så han samvetslaust kan rekne berre med den brøken av fridom som lesarane hans og partiet tåler, ein ekte «kanin» som grov seg fram under jorda, fram til herremakt over

trælbundne sjeler. Ibsen hadde nok kjent slike folk òg. Og namnet hans har vorti typen på den sleipe smygar-ånda i bladheimen. (Koht 1954, 181)

Som Koht hevdar Bull at Kroll, ein karikatur av hollendar-kretsen, representerer høgres fanatisme, medan Rosmer og Brendel representerer Ibsens eigne vonbrot, og Mortensgård venstrepartiets «lurvethet og feighet» (Bull 1972, 159). Grans omtale av «redaktør Mortensgaards kyniske opportunisme» er ei formulering som går igjen i resepsjonen (239) (sjølv om dei færraste refererer til Gran). Det som derimot ikkje går igjen, er Grans ytringar om at «Mortensgaards plebeiiske væsen sätter stedets og beboernes fornemhet i endnu klarere relief», eller at «Ulrik Brendels fantastiske vid virker underlig grelt i disse omgivelser» (241). Kanskje fordi arrogansen her er så eintydig. Grans kommentar står i kontrast til Schjøtt's omtale av Brendel som «den forlorne romantiker, dødfødte digter og parodiske frihedshelt»; Kroll er derimot «den fine, orthodoxe, gammeldagse autoritetsmand» (Schjøtt 1887, 782).²²⁵

Beyer fortel at litteraturen i åra etter 1884 spegla polariseringa mellom borgarskapet og embetsmannskulturen, som enda med embetsmannsstatens nederlag ved innføringa av parlamentarismen. Dette gjeld i alle fall resepsjonen av *Rosmersholm*, noko som truleg er grunnen til at Rekdal (utan å nemna døme) skriv at det heilt fram til etterkrigstida var ein påfallande konsensus om at *Rosmersholm* først og fremst var eit samfunnsdrama der Rosmer blei oppfatta som forfattarens idealistiske talerøyr, og vekta lagt på det politiske konfliktstoffet i første akt (2000, 134).

Den sympatiske fortolkningstradisjonen blir ført vidare inn i etterkrigstida m.a. av Einar Skavlan som i ei melding av ei oppsetjing frå 1947 skriv at Rosmer smitta Rebekka med

sin rene og forfinte kjærlighet» og «sin usvikelige renslighetssans», og for å gi han bevis for det, går hun i døden med han; «han elsker henne, men han må tro på henne. På ingen annen måte kunne han vinne den troen. Det ble eventyret for dem begge, virkelighetens forunderlige eventyr». (Skavlan 1960, 188 sitert i Bjerck Hagen 2015, 142)

Og i *Henrik Ibsens realisme* skriv Daniel Haakonsen: «Det er som en ny skapning er fremstått av deres forening: hans renhet og uskyld er på høyde med hennes håp, og friheten i hennes vilje forliker seg med de strenge krav han stiller til dem begge» (Haakonsen 1957, 115, sitert i

²²⁵ Skildringa av ulike framføringar viser at dei ulike teatera tok seg store fridomar ved utforminga av Kroll og Mortensgård, som gjerne blei karikerte. Allereie til urframføringa i Bergen moderniserte regissør Gunnar Heiberg Kroll's replikkar, og ein kritikar til stades ved premieren skriv at: «Peder Mortensgård opptrådte med tettklippet rødt hår og blikket rettet mot takbjelkene når han diskuterte med sine medspillere. Han fingret seg i hakeskjegget og beholdt hele tiden et halvt, bondefult (listig) smil, mens han snakket en blanding av dialekt og bymål. Rektor Kroll ble fremstilt «altfor lavt, baade i Maske og Spil», med underbetoning av det høytidelige og embetsmannsmessig korrekte som anmelderne forutsatte hos en slik person, slik at skikkelsen fikk et ordinært preg» (Platou 1887, sitert i Ystad 2009).

Tjønneland 1992, 70). Ifølge Haakonsen utviklar dei seg slik at dei, under kjærleikens makt og ved gjensidig påverknad, overtar «den annens sinn og livsinnstilling» (Haakonsen 1981, 241).

Til denne idealistiske tradisjonen føyer Errol Durbachs tolking seg. Han meiner det berre er gjennom døden Rebekka symbolsk kan oppleva gleda i handlinga: «they move through the process of expiation, self-judgement and atonement to joy, restoring order to the moral universe and discovering a complete fulfillment of self in the love of the other» (Durbach 1982, 252, sitert i Tjønneland 1992, 71). Ifølge Durbach kan ikkje lenger språket gjenoppretta meininga i verda. I *Time's Disinherited Children. Childhood, Regression and Sacrifice in the Plays of Henrik Ibsen* er Robin Young inne på det same når han skriv at «their suicide, like Beate's, is a declaration and a proof of love in the only style which Rosmerholm can admit – the sacrifice of self to the patterns of the past» (1989, 123–24). Young omtalar sjølvorda som katarsis og meiner det er Rebekkas barndom som fører dei dit, for ho kjem ikkje berre frå ein annan kultur, det er som om ho kjem frå ei heilt anna verd (Young 1989, 117–118).²²⁶ Til denne tradisjonen føyer òg Vigdis Ystad seg som i artikkelen «*Rosmersholm* og psykoanalysen» les stykket som ein tragedie, der Rebekka og Rosmer

skaper og tilintetgjer seg selv i én og samme offerhandling [...] På grunn av den tragiske konfliktstruktur i selve livets og kjærlighetens vesen, kan den fullkomne kjærlighetsrealisering bare skje ved den fullstendige hengivelse: ved offeret. Derfor innebærer realiseringen av personenes fremtidshåp på samme tid både håpets og deres egen undergang. (Ystad 1996, 162)

I 2003 kom *Varulv om natten* der Nina S. Alnæs utforskar dei mange elementa i stykket som har gjenklang i folkeleg tradert litteratur. Boka bygger på doktoravhandlinga hennar ved same namn frå året før. I tolkinga av sjølvorda samstemmer Alnæs med Ystad (som rettleia ph,d,-en hennar), og derfor har eg plassert boka under den sympatiske lese måten. Men tyngdepunktet i Alnæs' avhandling ligg i den grundige og fruktbare behandlinga av det mytisk-folkelege stoffet i skodespela. Ifølge Alnæs er det, etter *Peer Gynt*, først og fremst i skodespela frå 1884 til 1894 at det mytiske er til stades, dvs. i *Vildanden*, *Rosmersholm*, *Fruen fra havet*, *Bygmester Solness* og i *Lille Eyolf* (12), og ho hevdar at forskinga har neglisjert tekstanes mytiske nivå i over hundre år (221). Her tenker ho truleg først og fremst

²²⁶ «And it is significant that, from *Rosmersholm* onwards, the attitude of women to childhood, their own and other people's, and (in various literal and metaphorical senses) to childlessness, is also vital to the drama. *Rosmersholm* may be the scene of the action, and the traditions of the place may supply the stage for the drama. But it is Beate's madness and Rebecca's determination and strength of character which drive on the action; and it is Rebecca's childhood which will lead to the final catharsis. For Rebecca comes from a different culture, almost a different world» (Young 1989, 117–118).

på perioden 1870–1970, sidan *Mythic Patterns in Ibsen's Last Plays* av Orley Holtan kom i 1970, og Per Schelde Jacobsens og Barbara Fass Leavys *Ibsen's forsaken Merman. Folklore in the late plays* i 1988. Men òg i seinare forskning ser Alnæs ei nedvurdering av det mytiske, noko som bl.a. viser seg i dei mange som avfeiar madam Helseths kommentarar og førestillingar (228).²²⁷ Alnæs meiner at ei mytisk tidløyse pregar *Rosmersholm*, som ho les som eit allegorisk verk: «Fragmenter av folketro og folkediktning er integrert i denne realistisk-symbolske settingen som minnelser fra en fortid da menneskene resonnererte og erkjente ut fra tanker om en skjebnebestemt lovmessighet der enkeltmennesket var en del av naturens spill» (223). Fleire av Alnæs' drøftingar av element i *Rosmersholm* er relevante for mi eiga tolking, og desse kjem eg tilbake til i analysen.

Fire år seinare, i *Den umulige friheten* (2007), omtalar Rønning *Rosmersholm* som eit av Ibsens tre politiske skodespel. Han peiker på at pressa i alle desse stykka har ein sentral posisjon der ho formidlar mellom intimsfæren og den offentlege sfæren (215), men til mi store forbausning hevdar han at Ibsens framstilling av pressa, frå den «upolitiske» boktrykkar Aslaksen i *De unges forbund* og *En folkefiende*,

over den radikale journalistikken med Billing og Hovstad i *En folkefiende* fram til den kyniske og helt moderne presses representant med Peder Mortensgård i *Rosmersholm* [...] representerer en perspektivendring som beveger seg fra mild ironisering til infam forakt. (Rønning 2007, 181)

I mine auge er Mortensgård heilt klart framstilt langt meir positivt enn Aslaksen, Billing og Hovstad, men ifølge Rønnings tolking er Mortensgård teikna med infam forakt, der han tvingar seg inn på Rosmers «intimsfære og krever at han skal ta offentlig standpunkt og ikke holde sine følelsesladete meninger for seg selv» (215).

Bortsett frå Bull er Rønning den einaste som peiker på at «bildet av den veke og barnløse Rosmer som det siste skudd på en gammel og sterk families stamme går rett inn i degenerasjonsmotivet» (214).²²⁸ Rønning ser dette motivet, som var så sentralt i det nittande hundreårs europeiske litteratur, i samanheng med krisa i det borgarlege samfunnet på slutten av 1880- og 1890-talet (213). «Det ytret seg i de verkene som er blitt benevnt som naturalistiske, der den syke arv og det degenererende miljø ikke bare rammer de fattige, men

²²⁷ «Den naive og totalt uforstående madam Helseth» (Haugan 1977, 157). «For madam Helseth: overtro ut fra noen folkelige forestillinger; for oss: en symbolstruktur som forteller oss hva personene i stykket ikke selv kan si oss, fordi det har med deres fortrenninger å gjøre» (Østerud 1982, 28).

²²⁸ Tjønneland, t.d., nyttar ikkje ordet 'degenerasjon', men «negasjonen av tidens kontinuitet» om det «at Beate var barnløs, og at barna på Rosmerholm hverken gråter eller ler, dvs. ikke får lov til å være barn» (Tjønneland 1992, 65).

like mye de rike» (sst.).²²⁹ Krisa forklarar Rønning med veldige og uforklarlege økonomiske konjunktursvingingar, i tillegg til «at borgerskapet fra å være den stigende og ekspansive klasse som erobret samfunnet fra det gamle degenererte aristokrati, nå ble utsatt for press fra en stadig voksende og styrket arbeiderklasse» (sst.). Men litt seinare spør han likevel etter kva som er årsaka til denne krisefølelsen» (227). Han konkluderer med at det borgarlege Europas problem er den «situasjonen som tematiseres i Rosmer-skikkelsen»:

Det var det svekkete individs situasjon i et desintegrerende samfunn, som igjen var nært knyttet til de uoverstigelige motsetninger som fantes i en kultur som på den ene side krevde at moralske normer skulle opprettholdes og respekteres, og på den annen side ble mer og mer smertelig klar over at instinkter og drifter var avgjørende for menneskelig lykke og ulykke. (227)

Rønning skriv at det einaste håp om redning for Rosmer «ligger i at slekten kan tilføres ny kraft utenfra. I denne sammenheng kommer Rebekka inn» (214). Korfor Rebekka ikkje lukkast, gir Rønning derimot inga forklaring på: «I kampen mot de borgerlige livsformer går de to idealistene Rosmer og Rebekka under» (227). Rønning presiserer ikkje kva for 'borgerlige livsformer' han meiner dei kjempar mot.

Han omtalar Rebekka som «et av de mest slående bilder på den nye uavhengige kvinnen i det nittende århundres litteratur», og som Schjøtt meiner han at dei tradisjonelle kjønnsrollene er invertert i forholdet mellom Rebekka og Rosmer (218). Han viser òg til at Beate og Rebekka «glir inn i to sentrale kvinneforestillinger i særleg den victorianske litteraturen»: Beate som *the mad woman in the attic*, og Rebekka som framstår som den tålmodige engelen som pleier sjuke og går mannen til hande, men som Rønning hevdar eigentleg er «den selvstendige, erobrende kvinne, som vil forme mannen etter sine forestillinger og definere både seg selv og ham i et likeverdig forhold. Hun er bildet på den emansiperte kvinne» (219).

I *Ibsens modernisme* omtalar Moi *Rosmersholm* som eit meisterverk og som Ibsens «mørkeste og mest komplekse stykke» (2006, 411). Ho meiner det handlar om «språklig skeptisisme» (379) og at hovudtemaet i stykket er «uttrykk, kommunikasjon og språk» (392); Rosmer og Rebekka klarar ikkje kommunisera med kvarandre, og stykket viser «hvilke ødeleggelser tvilen på språket fører med seg» – og slik er det «en av Ibsens mest pessimistiske analyser av moderniteteten» (410). I tolkinga av sjølvmoda og i sin sympati overfor Rosmer er Moi på linje med dei idealistiske lesingane. Ho trur på at samlivet med Rosmer har verka

²²⁹ Som eksempel på verk som viser dette mønsteret, nemner han Zolas romanserie *Les Rougon-Macquart* (1871–1893), Herman Bangs *Haabløse Slægter* (1880) og *Stuk* (1887) og Ibsens *Gengangere* (1881).

forvandlande på Rebekka: «Livet sammen med Rosmer forandret henne, fjernet det ville, seksuelle begjæret og fylte henne med ren, forsakende kjærlighet i stedet. På tross av alt dette innrømmer Rebekka at denne forvandlingen har tilintetgjort det eneste hun ønsket seg i livet: lykke» (391). At Rosmer verken ser eller hører Rebekka, dvs. at han er lite observant overfor henne, skuldast, ifølge Moi, at han ikkje vil sjå begjæret hennar, fordi han drøyer om ein kjærleik heilt utan begjær: «Hva er det med Rosmers forhold til Rebekka som han ikke vil se? Jeg er sikker på at det er hans åpenbare fornektelse av kroppen hennes, av hennes følbare, ville, ubetvingelige begjær etter ham. Det er dette han har unngått, og resultatet er tragisk» (395). Her overser Moi dei replikkane som gir oss innblikk i Rosmers undertrykte seksualitet, i tillegg til at Moi ser vekk frå at Rosmer i det heile er lite sanningssøkande.

«Idet Rosmer og Rebekka nærmer seg slutten, er de blitt uhyrlige i sin vanvittige, hvitglødende avvisning av verden», skriv Moi (2006, 403) samstundes som ho hevdar at Rosmer *plutseleg* bestemmer seg for å bli med Rebekka i fossen (404). Moi meiner det er lykke i dei siste replikkane, at Rebekka to gonger understrekar glede ved å ta livet sitt saman med Rosmer, og at dei ofrar livet «for en drøm om absolutt renhet» (407). Rebekka og Rosmer er nemleg «romantikere med knust hjerte, som ikke orker den verdenen som det borgerlige demokratiet har skapt» (410):

Ved slutten av stykket beskriver Rebekka stemningen på Rosmersholm, ikke som munter og frigjørende, men som noe dystert og knugende, noe som tynger henne ned og hindrer henne i å bli lykkelig. Dette er dystopi, ikke utopi. Rosmers idealisme er nå blitt til sitt eget negative speilbilde, akkurat som Rosmers og Rebekkas «ekteskap» er negasjonen av det livet i samfunnet som ekteskapet vanligvis representerer. (Moi 2006, 410)

Moi meiner det er noko tragisk ved avslutninga

fordi Ibsen har plassert hovedpersonene i en verden deformert av egoisme, selvforherligelse og kynisme. Når stykket ender, står Brendels spydige fordømmelse av Mortensgård uimotsagt. Det er *denne* moderne verdenen, full av foraktelige politiske manøvrer i en like foraktelig presse, som Rebekka og Rosmer avviser. I en slik verden skinner Rosmers naive og livsudyktige idealisme som et fyrtårn. Det er ikke rart Rebekka blir tiltrukket av ham: han synes å være den eneste tvers igjennom gode og anstendige mannen hun noen gang har møtt. (Moi 2006, 409)

Mot Moie tolking stiller Bjerck Hagen spørsmålet:

Hvis det var den borgerlige kulturens motstand mot edelhet Ibsen ville ha frem, hvorfor gjorde han da ikke Rosmer iallfall litt sterkere og Rebekka iallfall litt mindre demonisk? Slik kunne de iallfall samlet ha fått noe mer moralsk motstandskraft vis-à-vis Kroll og Mortensgård. Det er ellers en styrke ved *Rosmersholm* at Kroll er mer sympatisk og mer intelligent enn Manders, og at Mortensgård er langt mer tiltalende enn redaktør Hovstad. (Bjerck Hagen 2015, 164)

Når det gjeld Mortensgård og Kroll, som eg kjem tilbake til i analysen, er eg einig med Bjerck Hagen.

Mois tolking har mykje til felles med tidlegare tolkingar innanfor den sympatiske lese måten. Men samanlikna med resepsjonen før andre verdskrigen, som i langt større grad trekte inn politisk og biografisk stoff i tolkinga, er desse seinare sympatiske lesingane for det meste verkautonome. Eit unntak frå dette er Rønning, men sjølv om han kjem med relevante og interessante opplysningar frå konteksten, lar han ikkje desse få konsekvensar for tekstanalysen. Samstundes ser me at resepsjonen som høyrer til den same idéhistoriske epoken som verket, og delte den evolusjonistiske diskursen og tilnærminga til skodespelet og karakterane si utvikling (altså Bull, Gran, Koht, Salomé, osv.), i liten grad observerte og kommenterte denne fellesdiskursen, som blei tatt for gitt. Det betyr likevel ikkje at diskursen og ideane var mindre viktige; «evolutionary ideas are even more influential when they become assumptions embedded in the culture than while they are the subject to controversy», fortel Gillian Beer (2000, 2). Som eg var inne på innleiingsvis, er diskursen og denne sida ved materialet lettare å studera på avstand. At det var så politisk og ideologisk lada, kan vera medverkande til at mange lét vera å kommentera det i klartekst. Då Gina Krog skreiv at Rebekka «ligner vort eget lands natur i dens pragt og vildhed [...] i Rebekkas vældige natur, kan den største evolution gaa for sig» (1887, 26) så var det ei politisk og ideologisk talehandling som impliserte tydelege standpunkt om både kjønn, nasjon og religion, som truleg var openberre for alle involverte i samtida. Medan mykje av dette stoffet blei tatt for gitt i den første resepsjonen, har store delar av resepsjonen etter andre verdskrigen i staden for det situerte vektlagt det tidlause, evige, ideale ved verket, noko me kan sjå framleis pregar mange lesingar av *Rosmersholm*. Dermed har dei idéhistoriske elementa i verket ofte blitt oversett. Sosialdarwinismens bestialske kulminasjon i andre verdskrigen har truleg vore medverkande til at ein i ettertid lenge skugga unna den biologisk-evolusjonistiske diskursen når han ikkje var heilt opp i dagen, slik som t.d. hos Strindberg.

Den skeptiske lese måten

Der den sympatiske lese måten tenderer til å sjå Rosmer som ein edel idealist, som gjennom samlivet med Rebekka klarar adla og slik få fram det beste i henne, og til å tolka sjølv morda som tragisk-heroiske offerhandlingar, er den andre tolkingsretninga prega av større skepsis når det gjeld hovudpersonanes forsøk på å framstå som noble eller adla. I staden for å tillegga sjølv morda ei forsonande kraft blir dei vurdert som resultat av at karakterane ikkje orkar leva

vidare. Me såg denne meir skeptiske haldninga hos Erik Skram, og me finn ho hos George Bernhard Shaw, som hevda Rosmer var forvirra og Rebekka full av sjølvforakt, desillusjonert og vonbroten (1891). Moi, som meiner «Rosmer legemliggjør Schillers idealisme», fortel at Shaw hevda «at slutten av *Rosmersholm* skulle leses som en likefram kritikk av det idealistiske kravet om at den rene, trofaste og gode kvinnen skulle ofre alt for kjærligheten» (2006, 383). Ifølge Schillers idealisme var seksualiteten ein rå og vulgær del av den verkelege menneskenaturen (i motsetnad til den sanne delen), og estetikken til Schiller «fremmet ekstrem idealisering av kvinner (siden de ble sett på som bærere av seksualiteten), og var slik en sterk inspirasjonskilde for den voldsomme oppblomstringen av fantasier om den ‘rene kvinne’ i 1800-tallslitteraturen» (sst.).

Denne skepsisen går igjen i dei mange psykoanalytiske og psykologiserande lesingane, t.d. hos Fredrik Engelstad, som i si freudianske tolking såg «to bedragere som sammen tar livet av seg, uten å erkjenne dybden i sitt eget bedrageri. De flykter fra livet fordi det ikke lenger er noen vei tilbake» (1985, 87, sitert i Rekdal 2000, 136). Mange har lese Rosmer som ein edel mann med ein *forne*m natur, medan Rebekka – «helt i sine instinkters vold» – er hans strake motsetning (Svendsen 1940, 505). Jørgen Haugan er inne på liknande tankar, først i doktoravhandlingen *Henrik Ibsens metode* (1977), og 27 år seinare, i *Dommedag og djevlepakt* (2014), der han oppmodar oss til ikkje å tru på det hovudpersonane seier (375). Særleg gjeld dette Rebekka, og Haugan meiner at «den åndfulle og tørre herregårdsbestyrer» Rosmers ideale prosjekt om å skapa glade, frie adelsmenneske er ei livsløgn som Rebekka ikkje deler (371), og Brendels eksempel viser korleis det ville gått om Rosmer hadde prøvd å setta planen ut i livet (378). I Haugans auge handlar stykket ikkje om politikk, men om erotikk, og Rosmers «program» for frie, glade adelsmenneske dreier seg eigentleg om seksuelt fråhald (381). Likevel skriv han at det er «fortiden og forståelsen av den [som] blir stykkets egentlige problem» (2014, 371). *Rosmersholm* er nemleg «Ibsens dommedag over seg selv og sin ungdoms idealisme» (sst.) skriven for å kasta lys over at den hemma og kulturelt forkrøpla Rosmer ubevisst har vanskeleg for å innrømme at han har vore driven av same slags seksualitet som Rebekka (374). Slik trekker Haugan parallellar til Ibsens biografi og hevdar Ibsen òg sublimerte sin eros, men sidan det ikkje gjorde han til eit betre menneske, tok han eit oppgjør med det i *Rosmersholm* (395). Slik blir «den edle, forfinede Rosmer» – «en havmann som ikke kan elske og som legger alt dødt omkring seg» (371) – i Haugans auge «et lærestykke i ubevisst ondskap og selvbedrag» (395).

Ifølge Haugan representerer Rebekka «en kald kvinne uten empati, med ønske om hevn over mannen som har ødelagt hennes liv» (396), ei radikal endring av kvinnebildet i Ibsens forfatterskap; ho er den mest kompliserte av Ibsens karakterar så langt, og den første i eit nytt, sterkt galleri av «fryktinngytende, handlekraftige, manipulerende kvinner» som erstattar undertrykte husmødrer som fru Bernick, fru Stockmann og fru Ekdal (375). Haugan peiker på at både havfruer og havtroll lokkar menn i undergangen (388), og han hevdar at tilståingane ho kjem med, er iscenesettingar «i et forførende idealistisk perspektiv» (387). Ekteskapet deira blir realisert i ei demonisk, underjordisk verd, og det er Rebekka som styrer og kalkulerer, medan Rosmer, som er «i sin lidenskaps vold», fell som offer for den fortrenge seksualiteten sin (391–2). Med referanse til folkevisenes struktur peiker Haugan på at me blir vitne til at ein stadig større del av Rosmers fortrenge seksualitet blir avdekka, og han viser til at Brendel i ein tidlegare versjon seier til Rebekka: «Dem slipper han nok at få lokket ned under vannene» (393). Som i andre delar av Ibsens forfatterskap meiner Haugan at Ibsen òg her nyttar elementsymbol for å synleggjera komponentane i dei sjelelege konfliktane (392): «Hvor den rosmerske idealisme hører hjemme i særdeles luftige lag, der handler Rebekka i det skjulte med et underjordisk strømmende element i Rosmer, vannet» (393). Ifølge Haugan blir Ibsens skodespel f.o.m. *Rosmersholm* «bedrageriske, dobbeltbunnete, og handler kun tilsynelatende om det de i første omgang synes å handle om», og den forføringa Rebekka driv på med «overfor sin omverden, anlegger Ibsen overfor sitt publikum» (400).

Blant dei skeptiske lesarane er det mange som ikkje kjøper bildet av Rosmer som den edle, noble mannen: «I regard Rosmer as a male narcissist, a weak, self-centred figure. It is not primarily Rosmer who is the tragic hero in this drama – it is the women», skreiv Astrid Sæther i artikkelen «The Female Guilt Complex. A study of Rebekka West in Ibsen's *Rosmersholm* in the light of recent feministic psychoanalytical theory» (Sæther 1985, 46). I Sæthers psykoanalytiske lesing vender ho seg til Freud når ho vil ha svar på det som i hennar auge er «the main question: Why did Rebekka turn away when she had happiness within her grasp, so to speak?» (1984, 43). Freud undra seg over det same: «Hvordan kunne det henge sammen at denne eventyrsersken som med sitt hemningsløse pågangsmot og sin «fribårne» vilje gjorde alt for å få sine ønsker oppfylt, nå plutselig ikke vil slå til til tross for at hun har anledningen til å få det som hun vil?» spurte Freud i «Henrik Ibsens *Rosmersholm*» (Freud 1982, 14). «Freud's answer is that Rebecca is actuated by a feeling of guilt, which has its origin in her former relationship with her foster father – and probably real father too – Dr West. I find Freud's article highly significant» (Sæther 1985, 39). Sæther, som meiner stykket

er konstruert over fleire ødipale situasjonar, og at Rebekka ubevisst har drepe mor si og blitt farens elskarinne, kjem fram til at Rebekka ser Rosmer som far sin, og dermed hamnar i ein ødipal situasjon som forhindrar henne frå å akseptera frieriet (44, 45).

Når me veit at Freud bygde psykologien sin på det darwinistiske menneskesynet, er det merkeleg at den store tradisjonen med psykoanalytiske lesingar ikkje analyserer eller kommenterer den evolusjonistiske diskursen i stykket eller samtidskonteksten. I staden er dei einseitig opptatt av den seksuelle tematikken, som dei bruker Freuds modellar for å tolka og forklara. Dette resulterer i lesingar som er avgrensande, og som overser viktige sider ved teksten.

Tjønneland meiner den grunnleggande innsikta i Freuds tolking er «at Rosmer som begjærsubjekt bare er interessant i den grad han tilhører en annen, nemlig Beate, som spiller rollen som ‘moren’ i Elektrakomplekset» (Tjønneland 1992, 72). Tjønneland synest ikkje sjølvmorda er heroiske, og han sluttar seg til det han kallar naturalistiske tolkingar som meiner Rebekka og Rosmer stadig viklar seg lenger inn i sjølvbedraget. Å tolka sjølvmorda idealistisk kan ein derimot berre «hvis man har som eksplisitt metodologisk forutsetning å forholde seg «frivillig døv» og å avstå «fra å lytte til replikkene» (1992, 54). Sjølv tar han til orde for metodepluralisme (1992, 53).

Tjønneland hevdar at «de idealistiske fortolkningene interesserer seg lite for de mentalitetshistoriske og idéhistoriske aspektene, det sosiologisk-politiske feltet i forhold til Ibsen» (74). I mine auge gjeld dette først og fremst lesingane etter andre verdskrigen. Etter å ha lese Gran, Koht, Bull og Beyer og andre undrar eg meg over at Tjønneland kan skriva at «i samtlige litteraturhistoriske fremstillinger er det for dårlig dokumentert hvor godt Ibsen fulgte med i debatten om bohêmen i Den frisindede Studenterforening» (Tjønneland 1992, 76). Han hevdar at

Jægers beskrivelse av «den landflyktige, hjemløse bohême» som «fremtidens for tidlig fødte børn», med behov som «først kan tilfredsstillen under friere, rigere og skjønnere samfundsformer», og som opplever det moderne samfunn som «en trøstesløs sandørk, hvor de ingensteds kan fæste bo» i fortalen til «Fra Kristiania-Bohêmen» har unnsloppet nesten alle Ibsen-forskere. (Tjønneland 1992, 65)

Meir presis eller konkret enn dette blir Tjønneland likevel ikkje når det gjeld sambandet mellom historisk kontekst og *Rosmersholm*, men stør seg derimot på Szondi, som i samband med Ibsen har påpeikt at det tragiske ikkje ligg i sjølvmordet, «men i den kjedsommelige, ørkesløse og ‘tragiske’ kontinuiteten ved selve livet; i vår tid går menneskene rundt som

levende døde» (Tjønneland 1992, 78). Ifølge Tjønneland er sjølvordaren likegyldig overfor livet og døden. «Selvmord er ikke lenger noen tragisk begivenhet, selv om det er kjedelig at slikt skjer» (Tjønneland 1992, 78). I artikkelen frå 2016, tjuefire år seinare, hevdar

Tjønneland at

Rosmer og Rebekka havnet i møllefossen på grunn av sine egne indre demoner, snarere enn at de bukket under fra presset fra Kroll og Mortensgård. Til syvende og sist knekkes de av egen skyldfølelse. Derfor må de gå «den samme vei som Beate gikk». Og dette skjønnte ikke kritikken, kan vi konstatere i ettertid. (2016, 32)

Trass i Tjønnelands mål om metodepluralisme og kritikk av tidlegare resepsjon tilfører det, til sjuande og sist, ikkje lesinga av stykket noko anna enn nok ein analyse av hovudpersonanes psyke og tilkorkkommenheit.

Fleire har som sagt hevda at Ibsen brukte Snoilsky som modell for Rosmer, og Bull meinte i tillegg at Rebekka var basert på kona hans, grevinne Ebba Piper. Eventuelle modellar er òg viktig for Joan Templeton, som i kapittelet ho har kalla «Taming wild women» i *Ibsen's Women* (1997), fortel at feministane hylla den frigjorte Rebekka West, samstundes som ho peiker på at Rebekka endar opp med å ofra livet sitt som bevis på kjærleiken til ein mann:

The English writer Cicely Fairchild even took «Rebecca West» as her pen name. This response reflects contemporary feminists' eagerness for a role model at the expense of Ibsen's character, for while Rebecca West's independent spirit and liberal thinking are qualities typical of the New Woman, she destroys herself to prove her love for a man and thus embodies with a vengeance the old idea of feminine self-sacrifice. (Templeton 1997, 181)²³⁰

Templeton omtalar Rosmersholms innverknad på omverda som mørk: «Rosmersholm spreading its dark influence over the district 'like some sort of plague', is the enemy both of joy and of errors, and thus of life» (194). Og Templeton er ei av få som, i tillegg til å peika på Rosmers egoisme og sjølvbedrag når han hevdar at Rebekkas sjølvord vil gi han trua på at han har kraft til å adla menneske, eksplisitt trekker fram at Rosmer viser *pleasure* ved tanken på moglegheita av at endå ei kvinne er på veg ned i møllefossen, eit moment som mange ofte overser:

Rebecca's voluntary death will enable him to regain his faith in his power «to ennoble the human spirit,» but the self-deception and egotism in this justification seem less damning than

²³⁰ «Bonnie Kime Scott notes that Cicely Fairchild chose her pen name because Rebecca West was initially interpreted as representing the «fresh, rebellious spirit of the new woman», but later regretted her choice; she once remarked that she was not at all like the «gloomy» Rebecca» (*The Gender of Modernism*, red. av Scott, 1990, 560, sitert i Templeton 1997, 357–358).

the pleasure Rosmer receives from the image of a second swaying woman following a first one into the wild mill-race. (Templeton 1997, 192)

Ifølge Templeton foreslår Rosmer «that his wife's childlessness had a cause other than sterility» (186), men ho skriv ikkje kva for anna grunn ho har i tankane. Derimot fortel ho, i likskap med Haugan, at Ibsen, som i førsteutkastet til stykket kalla Beate Agnete, noko som vekker assosiasjonar til den danske folkevisa om Agnete og havmannen, endra denne «too blatant indication of Rosmer's collusion in his wife's disappearance. In the third draft of *Rosmersholm*, Brendel says to Rebecca: 'For you there is no danger lurking. He is not likely to lure *you* into deep water'» (359). Ho peiker òg på det tankevekkande faktum «that Beata's suicide followed from the distorted vision of reality does not alter Rosmer's wish that Rebecca imitate her; abnormal or normal, the woman who loves him proves it by dying» (192). Denne skepsisen overfor Rosmers rollefigur er symptomatisk for dei skeptiske lesingane.

Anne Marie Rekdal fortel at «den psykoanalytisk orienterte lesar» kallar «fellesdøden for selvmord og selvdestruksjon» (2000, 134–35). Òg i *Ibsens to kvinner* frå 2012 har Rekdal ei psykoanalytisk tilnærming til stykket, der seksualiteten blir tolka som motivasjonen bak store delar av handlingane. I hennar auge handlar *Rosmersholm* først og fremst om «flukt fra erotisk begjær. Rebekka flykter fra sin incestuøse fortid» (78), og Rosmer føretrekker barndomsforelskingas begjærlaus lykke som «peker i retning av mor–barnkjærlygheten i en ikke-seksualisert begjærrelasjon» (Rekdal 2012, 77). I likskap med Rekdal knyter Atle Kittangs *Rosmersholm*-analyse i *Ibsens heroisme* (2002) òg an til den psykoanalytiske tradisjonen, og han ser sjølv mordet som Rosmer og Rebekkas sameining i døden.

I Bjerck Hagens gjennomgang av *Rosmersholm*-resepsjonen i *Hvordan lese Ibsen?* skjer drøftinga på fleire plan. Samstundes som han presenterer utdrag frå diverse meldingar og tolkingar, og vurderer kor treffande han synest dei er, argumenterer Bjerck Hagen for si eiga oppfatning av at skodespelet ikkje er bra nok til å fortene ein plass blant Ibsens beste, der mange andre har meint det høyrer heime. Trass i at han er einig i at mykje i *Rosmersholm* er *mektig og uribsenssk*, er like mykje «svært vanskelig å leve seg inn i og ta fullt ut alvorlig» (10, 139). Han meiner det er grunnlag for «å påstå at skuespillet etter hvert fortaper seg i dunkel og overspent psykologi» (139), og lurar på om det kan henga saman med at stykket er vanskelegare å få tak på enn dei tidlegare skodespela (10, 138). Ikkje hjelper det å søka svar i resepsjonen: Idealistane klarer ikkje overtyda om at stykket «fungerer som den tragedie det er ment å være», sidan Bjerck Hagen ikkje synest at hovudpersonane har fallhøgde nok til å vera

tragiske: «De er jo begge mordere: Rebekka myrder Beate; og Rosmer får Rebekka med på selvmordet» (140).

Bjerck Hagen finn ikkje svar på *korleis å lesa Ibsen* verken i dei idealistiske eller i dei psykologiske lesingane. Eit tredje og meir tilfredsstillande tolkingsalternativ finn han i Elizabeth Hardwicks «Ibsen's Women» (1971) som er «negativ til den store tradisjonen fra Brandes og Jæger til Bull og Haakonsen» og meiner at *Rosmersholm* verken er tragedie eller samfunnskritikk, men eit «helsvart kriminaldrama om hensynsløst begjær, håpløs naivitet, sjalusi, mord og kjærlighetens opphør» (Bjerck Hagen, 167). Hardwick forenkler «intrigen til et moralsk og primitivt trekantdrama som med nødvendighet skurr seg ned i desillusjon og undergang for alle involverte» (166), å la Tolstojs *Anna Karenina* og *Macbeth*: «For Hardwick er Rebekka først og sist den hensynsløse jeger, Rosmer den forfengelige selvbedrager, og Beate det sørgelige offer» (Bjerck Hagen, 166). Men sidan uhygge ikkje kan erstatta kjensla av tragikk, saknar Bjerck Hagen likevel «den estetiske lyst eller behag som ledsager store tragedier så vel som verk av typen *Et dukkehjem* og *Vildanden*» (161).

Bjerck Hagen er usikker på om intrigen er truverdig, og om me eigentleg interesserer oss «for hvordan de to sammen forstår at de må kaste seg i fossen?» (140). For han forstår ikkje kva Ibsen vil med *Rosmersholm*, og korfor han har tillagt fortida så mykje makt: «Ibsen har bebyrdet Rebekka med denne ekstreme fortiden: Er det bare ment å symbolisere fortidens sterke makt overhodet? Eller er det ment å forklare hvorfor Rebekka var blitt så hensynsløs: Doktor Wests arv og miljø har gjort henne til den hun var» (148). Det at Bjerck Hagen her overser eller ikkje vil gå inn på den evolusjonistiske diskursen som ligg i stykkets sterke fortidsaspekt, tenker eg er grunnen til at han får problem med å forstå kva Ibsen vil med *Rosmersholm*.

Den skeptiske lesemåten er meir interessert i psyken og kjønnslivet til hovudpersonane enn i kontekst og samfunnsforhold. Der den sympatiske lesemåten ofte vektlegg dei gode sidene hos hovudpersonane og gjerne trekker linjene tilbake til dei konfliktfylte politiske forholda i Noreg på 1880-talet når dei konkluderer med at forholda blir for kyniske og tøffe for den edle idealisten Rosmer og hans nyss adla Rebekka, vektlegg Hardwick og andre innan den skeptiske lesemåten dei mindre flatterande sidene. Sjølv synest eg ikkje skalaen *god-vond* er fruktbar her. Trass i at Hardwick har eit poeng i at det er «a self-interest that drives Rebecca and darting, smug self-satisfaction that allows Rosmer to pretend nothing is happening» (2011, 92), inneber påstanden om at «den altoppslukende erotikk forvandles til håpløs

kjærlighetsmangel så snart den tredje part er ryddet av veien» (Bjerck Hagen 2015, 166) ei sterk forenkling av Rebekkas utvikling. Hardwick forklarer sjølvmoda med at innsikta i korfor Beate tok livet sitt, fyller Rosmer med større fascinasjon for det destruktive enn for livet. Dette leiar Rosmer og Rebekka inn i mørkeret, dei startar mistru og mislika kvarandre, og Rosmer begynner å frykta Rebekka, som tar livet sitt av «furious disappointment in Rosmer and disgust with herself» (2011, 101).

Rosmer is frightened of Rebecca and in a Norwegian madness of his own asks her to match Beata's love. Together they throw themselves in the millstream. Even if the suicide is not entirely convincing, there is no life left in their love. But they do not die from guilt, but from the uselessness of it all, from the emptiness, from self-hatred. (2011, 93)

Eg er einig med Hardwick i at dette ikkje verkar *heilt truverdige*, og trur det blir lettare å forstå sjølvmoda når ein, i staden for å koka stykket ned til eit kompakt og introvert trekantdrama, slik store delar av dei skeptiske lesarane gjer, trekker samtidas idear om kva for lovmessigheit og dynamikk som formar menneskeleg utvikling og samspel, inn i lesinga. Det er dette eg skal gjera i følgjande analysekapittel.

Konklusjon

Den tidlege resepsjonen var meir politisert. Trass i trippel-sjølvmoda fann mange radikale ein optimisme i *Rosmersholm* som dei konservative ikkje såg. I den seinare resepsjonen tenderer dei sympatiske lesingane, i likskap med dei tidlegare radikale, i større grad mot å sjå sjølvmoda som ei idealistisk kjærleikshandling, medan dei skeptiske lesingane har fleire fellestrekk med dei konservatives mistru til stykkets karakterar og motiva deira. Skiljet går mellom dei som har tillit til at den edle Rosmer adlar Rebekka, noko dei radikale og seinare dei sympatiske lesingane i stor grad har, og på den andre sida, dei som i staden for adling ser løgn og bedrag. På Ibsens tid hadde dei fleste radikale trua på at ei kvinne som Rebekka kunne siviliserast og forvandlast til eit meir moralsk menneske viss ho blei utsett for den rette påverknaden. Dei konservative, som derimot i større grad tok avstand frå evolusjonsteorien, og i likskap med Kroll følte at verdiane deira blei angripne, og at sympatien i stykket støtta den nye fritenkinga, delte i mindre grad dei radikale sin tillit til karakteranes etos og adlingsmoglegheiter. Dei seinare skeptiske lesingane skil seg frå dei konservatives ved at dei ikkje føler seg angripne. Derfor vurderer dei i større grad enn dei konservative i den tidlege resepsjonen stykket som vellukka.

Gjennomgangen viser at *Rosmersholm* gir rom for ulike og motstridande tolkingar, og at resepsjonen særleg er splitta i oppfatninga av hovudkarakterane, noko som får konsekvensar

for synet på korfor dei endar med å ta livet av seg. Sjølv finn eg ikkje nokon av forklaringane tilfredsstillande. Sjølvmorda er verken ei kjærleiksfylt offerhandling i ei elles kynisk omverd eller utslag av keisemd frå to livstrøytte desillusjonerte. Funna eg har komme fram til så langt, syner at ei nylesing av stykket tvingar seg fram, der eg flyttar perspektivet frå det vertikale til det horisontale planet, og undersøker stykket i lys av samtidsdiskursen og den idéhistoriske konteksten stykket blei til i. Då vil òg sjølvmorda blir lettare å forstå.

7 Analyse av *Rosmersholm* (1886)

Den 2.10.1886, tre dagar etter at Ibsen hadde sendt *Rosmersholm*-manuskriptet frå seg, skreiv han til Hegel:

Dette stykke er at betragte som en frugt af studier og iagttagelser, hvilke jeg forrige sommer under mit ophold i Norge havde anledning til at gøre. Stykket vil, så vidt jeg indsér, ikke kunne give anledning til angreb fra nogen side. Derimod håber jeg, det vil fremkalde en livlig diskussion. Navnlig venter jeg en sådan i Sverig. (B18861002FH)

Etter å ha undersøkt resepsjonen av stykket kan me slå fast at Ibsen hadde rett i at diskusjonen kom til å bli «livlig». Tre år seinare, i *Henrik Ibsens Liv og Forfattervirksomhed: aktmæssig fremstillet*, slo J.B. Halvorsen fast at «i den Ibsenske Digtning er *Rosmersholm*, som blev skrevet i München, et af de Skuespil, som har fremkaldt den vidtløftigste Polemik mellem samtidige Recensenter og Fortolkere» (1889, 77). At Ibsen likevel trudde skodespelet ikkje ville gi høve til angrep frå noka side, kan tyda på at han trudde han hadde skrive slik at ingen kunne vera sikre på kva han eigentleg meinte. Trass i at fleire av kritikarane nettopp framheva det enigmatiske ved stykket, gav den høgst betente politiske og ideologiske samtidskonteksten likevel rikeleg med skyts til den konservative pressas angrep både på *Rosmersholms* karakterar og på forfattaren.

Likevel kan eg vera einig med Gran då han, 32 år seinare, skreiv at den første setninga i sitatet ovanfor neppe rammar «kjernen i *Rosmersholm*, de politiske kampe er jo i dette drama trukket ind i bakgrunden og tjener nærmest kun som akkompagnement til hovedtemaet som bevæger sig i et ganske andet plan, i det rent sjælelige» (1918, 208). Gran trur Ibsen hadde fått ideen til stykket før han drog til Noreg i 1885, rett etter at han var ferdig med *Vildanden*, og det ser ut til at han i *Rosmersholm* henta opp fleire av ideane frå dei første oppteikningane til *Vildanden*. «Som en reaktion mot den haabløse pessimisme i dette drama [*Vildanden*], – saa varte det dog længe før han kom ordentlig i arbejde med det [*Rosmersholm*]; først ute i juni (1886) begynte han «for alvor at sætte pennen på papiret», men da gik det ogsaa hurtig» (Gran 1918, 209). Om Gran her tenker på *Rosmersholm* eller på den lange pausen i arbeidet som reaksjonen *mot den haabløse pessimisme i Vildanden*, er uklart for meg. I førre kapittel såg me at mange på venstresida, trass i trippel-sjølvmorda, fann ein optimisme i *Rosmersholm*, der dei konservative i større grad fann pessimisme. I løpet av den kommande analysen vil årsaka til denne splittinga bli tydelegare.

Plan og forskings spørsmål

Innleiingsvis i dette kapittelet vil eg først klargjera eigen posisjon og eigne prioriteringar når det gjeld dei spørsmåla som utkrystalliserte seg i resepsjonsgjennomgangen i førre kapittel. Me såg at det store spørsmålet alle stiller seg etter å ha lese *Rosmersholm*, er korfor dei endar med å ta livet av seg. Dette er òg det sentrale spørsmålet som ligg til grunn for min eigen analyse, og i løpet av dette kapittelet vil eg presentera dei forklaringane eg har kome fram til. Eg vil peika på sider ved stykket eg meiner har vore underkommunisert i forskinga så langt, sider som er så sentrale delar av tekstens reisverk at noko manglar og blir uforløyst viss me overser dei. Prosjektet mitt er å løfta fram det i stykka som blei forma i tråd med samtidas vitskapsdiskurs, og som best kan belyst som del av denne. Dette er òg bakgrunnen for nokre av dei sjablongmessige deloverskriftene i kapittelet, som nettopp framhevar det tidstypiske ved karakterane.

Delkapitelloverskrifta «Rosmer – degenerert» har samanheng med at mange av dei opplysningane me får om karakteren, er trekk som i samtida blei oppfatta som degenererte – trekk som eg skal visa leier til at Rosmer tar sitt eige liv, noko som samstundes blir avslutninga for familien Rosmer på Rosmersholm, og på Rebekkas liv. Fordi dikotomien regenerasjon–degenerasjon var ein så sentral del av stykkets tankegods og tidsånd, kjem eg til å nytta desse omgrepa, sjølv om dei i mange samanhengar er erstatta av nye omgrep i dag.²³¹ Eg tar òg føre meg Rosmers fortrenge begjær som blir meir synleg utover i stykket, men som store delar av resepsjonen har valt å sjå vekk frå i det dei skildrar Rosmer som begjærlaus. I tråd med dette synest mange det er vanskeleg å forstå at Rosmer frir når han har fått innsikt i Rebekkas rolle i Beates død. I første rekke gjeld det den sympatiske lese måten, som ser Rosmer som ein edel og nobel mann.²³² Det forundrar meg at så mange lar vera å kommentera Rosmers reaksjon då Rebekka, som nyss har fått vita at dr. West var hennar biologiske far, fortel at ho har ei «fortid»:

Rebekka [...] du skal vide *det*, Rosmer, at jeg har en – fortid bag mig. **Rosmer** Noget mere, end det, du har fortalt? **Rebekka** Ja. Noget andet og noget mere. **Rosmer** med et svagt smil Er det ikke underligt, du, Rebekka? Tænk, at en anelse om sligt noget har strejft mig en gang imellem. **Rebekka** Har det! Og endda så –? Alligevel? – **Rosmer** Jeg trode aldrig på det. Jeg bare legte med det, – sådan i tankerne, forstår du. (86)

²³¹ Frå å ha vore eit nøkkelord gjekk 'degenerasjon' etter andre verdskrigen ut av bruk både i kvardagsspråket og som fagleg omgrep (Warberg 2016, 17), sjølv om det framleis er i bruk i medisinsk terminologi.

²³² «Havde Rebekkas Handlemaade ligeoverfor Beate dræbt Rosmers Kjærlighed, havde det været forklarlig» (Morgenstjerne 1886). «Realistisk vurdert ville den samvittighetsfulle Rosmer helt ha fornektet Rebekka da hun tilstod sitt tilnærmede mord, og han ville selv ha påtatt seg en stor del av skylden» (Bjerck Hagen 2015, 150).

I mine auge er det tydeleg at Rosmer reagerer med eit slags behag på denne opplysninga, som viser seg å vera noko han har drive og fantasert om. Dette er berre ein av fleire tekststader der det kjem fram at det bak Rosmers nobelheit skjuler seg mindre edle sider. Akkurat her er eg på linje med den meir skeptiske lesemåten, som eg har inntrykk av har blitt vanlegare dei siste tiåra, sjølv om t.d. både Moi og Bjerk Hagen i liten grad viser skepsis til Rosmer-karakteren.

I dei neste to delkapitla viser eg korleis Beate og Rebekka, trass i at sistnemnde av mange blir oppfatta som ei frigjort feministisk heltinne, er skildra i tråd med darwinistiske førestillingar om kvinna, som gjer det lettare å forstå korfor begge endar opp i møllefossen. Her vil eg visa til formlikskap mellom ulike utsegner i teksten og utsegner som formidlar haldningar og oppfatningar som var del av den diskursive konteksten.

I delkapittelet «Affinitet, påverknad, smitte» analyserer eg dynamikken i dei mellommenneskelege relasjonane i stykket, og den verknaden hovudpersonane har på kvarandre, i lys av 1800-talets naturvitskapelege forklaringsmodellar som blei brukt i forsøk på å forstå menneskeleg innverknad og endring. Den rosmersholmske atmosfæren lammar spontanitet, eigenvilje, handlekraft og følelseslivet generelt, ein prosess som kan forklarast med samtidas teori om psykisk smitte. Mange har peikt på kor sentralt samspelet mellom Rebekka og Rosmer, og den gjensidige verknaden dei øver på kvarandre, er. Rebekka hevdar sjølv at livet på Rosmersholm har forvandla henne, og eit viktig spørsmål er korleis det kan ha seg at vitale, sterke Rebekka lar seg påverka av den svake og handlingslamme Rosmer, i den grad at ho følger han i døden. Det har eg ennå ikkje sett godt forklart. Korfor har ikkje Rebekka ein regenererande verknad på Rosmersholm? Dette er spørsmål som føyer seg rett inn i dei overordna problemstillingane som Ibsen utforskar gjennom store delar av forfattarskapen sin, spørsmål om kva det er som fremjar frigjerande, regenererande utvikling og forvandling – og kva det er som hemmar og determinerer – spørsmål som var del av den store utviklingsdiskursen i samtida.

Me såg at den sympatiske lesemåten, særleg i tida før andre verdskrigen, la stor vekt på *natur-kultur*-dikotomien, der den edle Rosmer representerte kultur, og den «ville», rovdyraktige Rebekka natur. Utan at det blir uttalt like eksplisitt, står dikotomien *god-vond* òg sentralt i den sympatiske lesemåten, der Rosmer blir tolka som representanten for det gode, medan Rebekka representerer motsetninga, heilt til ho blir adla og ho og Rosmer blir eit par. I dei sympatiske lesingane overtar då den politiske og mediale offentlegheita, personifisert ved Kroll og Mortensgård, representasjonen av det vonde. Som eg var inne på, blei Rosmer og

Rebekkas sjølv mord i dette lyset ofte tolka som ein konsekvens av at dei ikkje orka leva under slike kyniske samfunnsforhold som særleg Mortensgård representerer. I mi lesing er derimot ikkje *god–vond* lenger den dominerande dikotomien, noko som får konsekvensar for oppfatninga og vurderinga av dei ulike karakterane. I den skeptiske lesemåten, der Rosmer ikkje blir oppfatta som så edel og god, blir motsetninga mellom kultiverte Rosmer og ville Rebekka mindre, og dermed blir *natur–kultur*-dikotomien, som var sentral i den evolusjonistiske diskursen, tona ned. I mi eiga tolking, som reaktualiserer det evolusjonistiske perspektivet, kjem derimot *kultur–natur*-motsetninga til å stå sentralt igjen, i lag med motsetnadpar som *styrkande–svekkande*, *passiv–aktiv*, *arv og miljø*, *ånd–materie*, *maskulin–feminin*, *liv og død*. Slik plasserer tolkinga mi seg verken innanfor den sympatiske eller skeptiske lesemåten, men har nokre fellestrekk med begge. Ho er ikkje sympatisk i det at eg ikkje ser Rosmer som ein edel idealist, eller sjølv morda som einaste moglegheit til å realisera kjærleiken i eit kaldt og kynisk samfunn, men i motsetnad til dei skeptiske lesingane ser eg heller ikkje sjølv morda som resultat av likegyldig livstrøytte.

Rosmer og Rebekkas utvikling gir meining i lys av samtidas vitskapsdiskursar. Ved å visa til dei prøver eg å nøsta opp i korfor tre menneske, i det mange ville kalla «sin beste alder», i løpet av kort tid gjer sjølv mord på ein vakker og velrenommert herregard i Distrikts-Noreg på tampen av 1800-talet. I det siste delkapittelet, som eg har kalla «Tilbakegang og utsletting», skal eg samanfatta alle trådane som fører i møllefossen.

Kven leier kven i fossen?

Sidan sjølv morda er så sentrale i analysen, vil eg først bringa på det reine at det *er* Rebekka som blir med Rosmer i døden, og ikkje omvendt, slik somme har hevda. Eit eksempel på det er Moi, som meiner det er Rebekka som vil ta livet sitt, medan Rosmer *plutselig* bestemmer seg for å bli med henne i fossen (2006, 403):

Ikke alle forskere har lagt merke til at Rosmer ombestemmer seg. Atle Kittang går så langt som til å snakke om «den Rosmer som i sluttscenen overtaler Rebekka til å gå saman med seg i fossen», noe som impliserer at Rosmer har vært fast bestemt på å begå selvmord hele tiden». (Moi 2006, 404)²³³

Her meiner eg det er Kittang som har rett. Alnæs, som viser til forarbeida, meiner òg det er Rosmer som tar initiativet:

²³³ Også Mary Kay Norseng hevda at Rebekka «fikk med seg den famlende Rosmer på en selvmordspakt» (1992, 97).

Det er helt åpenlyst Johannes Rosmer som lokker og overtaler henne til den halsløse gjerningen, *han* er det som snakker om den modige avgjørelsen i besnærende, hypnotiserende vendinger. Ibsen bruker selv denne betegnelsen på det som foregår i Rosmer i sine notater under utarbeidelsen av dramaet: «(...) Så er der ingen livslykke mer for ham. Det dæmoniske vækkes af smerten og bitterheden. Han vil dø, og hun skal dø med ham.» (Alnæs 2003, 246)

Sjølv om Rebekka på slutten av andre akt trua med å gå same vegen som Beate, viss Rosmer heldt fram med å be henne om å gifta seg med han, er det Rosmer som i fjerde akt tenker at han ikkje orkar leva:

Rosmer Å du, – jeg tror ikke lenger på min evne til at forvandle mennesker. Jeg tror ikke på mig selv i nogen sag mere. Jeg tror hverken på mig eller på dig. **Rebekka** *ser mørkt hen på ham* Hvorledes vil du da kunne leve livet? **Rosmer** Ja, det forstår jeg ikke selv. Jeg begriber det ikke. Jeg tror ikke, jeg *kan* leve det. – Og jeg ved jo heller ikke den ting i verden, som det kunde være værdt at leve for. **Rebekka** Å livet, – det har fornyelse i sig. Lad os holde fast ved det, du. – Vi kommer tidsnok ud af det. (88)²³⁴

Ennå har ikkje Rebekka mista motet eller livskrafta si.

Den neste replikken viser endå tydelegare Rosmers desperasjon, og sjølv om han nå ber Rebekka om vitnesbyrd, vurderer ho ikkje moglegheita av eit sjølvmord:

Rosmer *springer urolig op* Så giv mig troen igen! Troen på *dig*, Rebekka! Troen på din kærlighed! Vidnesbyrd! Vidnesbyrd vil jeg ha'! **Rebekka** Vidnesbyrd? Hvor kan jeg gi' dig vidnesbyrd –! **Rosmer** Det *må* du! (*går henover gulvet*) Jeg bærer ikke dette øde, – denne forfærdelige tomhed, – dette, – dette – *Det banker hårdt på forstuedøren.* (88)

Det er Brendel som bankar på, og det er han som set fram ideen om eit fysisk offer frå Rebekka. Når Brendel har gått, tenker dei likevel først at Rebekka må reisa vekk: «**Rosmer** *sætter sig i lænestolen henne ved ovnen* Der blir nok ikke andet for alligevel, Rebekka. Jeg ser det. Du *må* rejse. **Rebekka** Ja, jeg øjner ikke noget valg» (91). Så fortel Rosmer at han har sørga for den økonomiske framtida hennar, og nå forstår Rebekka forskrekka at han vurderer å gjera slutt på livet:

Rosmer Men om nu jeg gik bort – **Rebekka** Å, Rosmer, – du vil leve lenger end jeg. **Rosmer** Det usle livet står det da vel i min magt at råde for selv. **Rebekka** Hvad er dette her! Du tænker da vel aldrig på at –! **Rosmer** Synes du, det vilde være så underligt? Efter det ynkelige, jammerfulde nederlag, som jeg har lidt! Jeg, som vilde føre min livssag til sejr –. Og så er jeg flygtet fra det hele, – endnu før slaget rigtig var begyndt! **Rebekka** Tag kampen op igen, Rosmer! Prøv bare, – og du skal se, du sejrer. Du vil adle hundreder, – du vil adle tusender af sind. Prøv bare! **Rosmer** Å, Rebekka, – jeg, som ikke lenger tror på min egen livssag.

²³⁴ Når Rosmer i byrjinga av fjerde akt spør Rebekka kva ho tenker ta seg til etter at ho har dratt nordover, svarar ho: «Jeg ved ikke. Jeg vil bare sé at få ende på det. **Rosmer** Få ende på det? **Rebekka** Rosmersholm har knækket mig. **Rosmer** *blir opmærksom* Siger du det?» (81). 'At få ende på det', kan tolkast som at ho tenker ta livet sitt, men det kan òg tolkast som at ho vil enda opphaldet på Rosmersholm. At Rosmer først *blir opmærksom* etter at ho har sagt at Rosmersholm har knekt henne, tyder på at han òg forstår det som eit ønske om å enda opphaldet hos han. Hadde han forstått det som eit sjølvmordsønske, hadde han høgst sannsynleg *blitt opmærksom* alt då.

Rebekka Men din sag har jo alt stått sin prøve. *Et menneske* har du i alle fald adlet. Mig, så længe jeg lever. **Rosmer** Ja, – hvis jeg turde tro dig i dette. (92)

Og etter at ho ber han seia om det er noko ho kan gjera for å gi han trua på dette (92), er det han spør om ho er villig til å gå same veg som Beate:

Rosmer Har du mod til, – er du villig til, – gladelig, som Ulrik Brendel sa', – for min skyld, nu i nat, – gladelig, – at gå den samme vejen, – som Beate gik? **Rebekka** *hæver sig langsomt op fra sofaen og siger næsten målløs* Rosmer –! (93)

Rebekkas forferda reaksjon viser tydeleg at ho ennå ikkje har vore inne på tanken om å ta livet sitt.²³⁵

Det stemmer heller ikkje at Rebekka tar livet sitt fordi ho er livstrøyt og skuffa, slik mange har hevda. Og det nærast sadistiske tildrivet som kjem til uttrykk i Rosmers oppfølgingsreplikk, passar dårleg til bildet av ein edel mann:

Rosmer Ja, du, – det er dette spørsmål, som jeg aldrig vil kunne gøre mig fri for, – når du er rejst. Hver time på dagen vil jeg komme tilbage til dette samme. Å, jeg synes, jeg ser dig lys levende for mig. Du står ude på kloppen. Midt ude. Nu luder du dig ud over rækværket! Svimler i en dragning ned imod fossestryget! Nej. Så viger du. Vover ikke, – hvad *hun* voved.

Når Rosmer avsluttar med at ho ikkje vågar det som Beate våga, appellerer han til det Rebekka har igjen av mot, vilje, kamplyst og konkurranseinstinkt:

Rebekka Men hvis jeg nu havde det mod? Og den gladelige vilje? Hvad så? **Rosmer** Så måtte jeg vel tro dig. Så måtte jeg vel få troen igen på min livssag. Troen på min evne til at adle menneskesind. Troen på menneskesindets evne til at adles. (93)

Rosmer ber om dette offeret, først og fremst for å få igjen trua på «sin livssag», på at han har «evner til at adle menneskesind». Kanskje gjer han det òg for å få bevis på at ho elsker han, slik Beate gjorde. Uansett er det hans eiga sjølvkjensle som står i fokus og er hovudmotivet bak ønsket.

Så kan ein spørja korfor Norseng, Moi og andre flyttar initiativet til sjølv mord over på Rebekka. Eg skal ikkje gi meg til å spekulera på det, men kan slå fast at initiativet til sjølv mordet, i likskap med begjæret, ikkje passar inn i den sympatiske tolkingstradisjonens dikotomiske tolking av Rosmer som den gode, edle og Rebekka som den dårlege, ville, som tilhørde eit lågarestående primitivt utviklingsstadium.

²³⁵ Jf. Alnæs som skriv at «hun blir helt lamslått når Rosmer foreslår at hun skal gjenta Beates handling, det kommer totalt overraskende på henne» (2003, 267).

Der mange av dei idealistisk prega lesingane ser den edle og adlande Rosmer, spør Hardwick om ikkje Rosmer er

just a bit comic? He has been turned into an object by Beata and Rebecca. Observers on the sideline see everything about him that is hidden to himself, especially his fertile justifications. Vanity, boastfulness, emotional pomposity infect his thoughts and actions. He cannot in the end be taken seriously and this above all make the bitter battle for position stupid and ugly. (2011, 94)

Sjølv om Hardwick kan ha rett i at Rosmer har sublimert begjæret og lurt seg sjølv til å tru at han ikkje har gjort noko galt, finn eg ingenting i stykket som bekreftar påstanden hennar om at «Rosmer is perhaps ready for death, since he has fallen back in love with Beate, or with her love for him» (Harwick 2011, 101). Derimot er det tydeleg at tanken på Beates offer har ein stimulerande verknad på Rosmer og triggjar fram ønsket om å få Rebekka til å gjera det same. Her kjem destruktivteten til syne, og behovet for å kjenna at han endeleg har makt over desse kvinnene, som han har kjent seg så skremd og pressa av.

Det er tydeleg at det er Rosmer som først tenker på sjølv-mord, etter at Brendel har gitt han ideen om eit offer frå Rebekka. Ingen av dei er fast bestemt på å ta livet sitt, men Rosmer er den som først tenker tanken, òg når det gjeld Rebekka. Impulsen er hans, og når han ytrar den, er det først sjokkerande og framand for Rebekka, men i dynamikken av tiltrekking som er mellom dei, påverkar han henne. Og når det ser ut til at han endrar meining, er det ho som tar det vidare. Til slutt blir Rosmers initiativ verkeleggjort. Hans overtaling og påverknad har ein sterkare verknad enn Rebekkas forsøk på å overtala han til å leva.

Korfor endar livskraftige og kampvillige Rebekka med å gi etter for Rosmers destruktivitet? I strid med den sympatiske lese-måten er det ingenting som tyder på at det er av di dei ikkje orkar leva under kynismen representert ved Kroll og Mortensgård, og at døden blir einaste utveg for den reine, åndelege kjærleiken deira. I mine auge finn sjølv-morda ikkje stad fordi «de er romantikere med knust hjerte, som ikke orker den verdenen som det borgerlige demokratiet har skapt» (Moi 2006, 409). Det er ikkje kjærleik, men eit ønske om makt som pregar Rosmers drift mot døden i siste akt.

Det er heller ingenting som tyder på at dei er drivne av keisemd og livstrøytte, slik den skeptiske lese-måten har ein tendens til å hevda. Ibsen ville at Rebekka skulle spelast av ei ung kvinne; ho kunne gjerne vera uerfaren. Ho måtte for all del ikkje spelast av 55-årige Laura Gundersen (fødd 1832) (figur 1 under), men heller av 24-årige Constance Bruun (fødd i 1863) (figur 2 under), argumenterte Ibsen overfor teatersjef Schrøder (16.1.1887):

Fru Gundersen vilde kunne give en i de fleste henseender ypperlig fru Alving. Som Rebekka West derimod kan jeg ikke tro at hun vilde være ret på sin plads. Frøken Bruuns ungdom og angivelige mangel på personlige erfaringer eller oplevelser gør mig ikke betænkelig. Iagttagelser kan i fornødent fald træde i oplevelsens sted, og desuden, – nye opgaver vækker og udvikler til alle sider. (B18870102HSch)



Figur 1



Figur 2

Figur 1: Heyerdal, Hans. (1879). *Laura Gundersen*. [Maleri]. Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, billedkunstsamlingene.

Figur 2: Persen, Søstrene. (u.å.). *Constance Bruun*. [Fotografi]. Oslo Museum. https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Fil:Constance_Bruun.jpg.

Bilda og sitatet står opp under hypotesen om at det ikkje er depresjon eller livstrøytte som gjer at dei tar livet av seg. Var livstrøytte motivet bak sjølvorda, var det truleg ikkje så viktig at Rebekka blei spela av ein ung skodespelar, tvert imot. At ho er kvikk og vaken, er nettopp eitt av Rebekkas fremste særtrekk. Ikkje på noko punkt i skodespelet viser Rebekka at ho er trøyt av livet. Spleen eller melankoli strekk derfor ikkje til som forklaring. Men sjølv om det kanskje er kjærleik som driv Rebekka til å tilstå drapet på Beate, for å fri Rosmer frå skuld, er fleire krefter medverkande til at ho plutselig gir opp i sin eigen kamp for tilværet og følger Rosmer i døden. Sjølvorda deira er inga kjærleikshandling. Det er destruktive krefter som driv dei fram.

I resepsjonsgjennomgangen såg me fleire konstatera at det har vore viktig for Ibsen å få fram at det er dødskreftene som herskar på Rosmersholm. Likevel undra dei fleste seg over at

Rosmer og Rebekka vel å ta livet av seg. Ser me derimot desse dødskreftene i lys av stykkets samtidskontekst, av 1800-talets utviklingsdiskurs og teoriane om kva som fremja liv og regenerasjon, vs. stagnasjon og død – teoriar som me alt har sett var ein sentral del av skodespelets idéhistoriske kontekst, og som viste seg å ha både religiøse, kjønnsideologiske og politiske innverknader på korleis stykket blei oppfatta og mottatt – blir det lettare å forstå korfor *Rosmersholm* endar slik det gjer. Desse ideane vil stå sentralt i analysen min.

Følgande melding av Armauer Hansens *Afstamningsteorien eller Darwinismen*, skriven av Ivar Aasen i *Fedraheimen* 04.12.1886, gir eit innblikk i darwinismens kår i Noreg ti dagar før *Rosmersholm* kom ut:

Afstamningsteorien eller Darwinismen, af G. Armauer Hansen heiter ei liti gild Bok, som hev komi ut i Bergen hjaa Ed. B. Gjertsen. Ho er berre 84 Sider stor, men Innhaldet er so godt og trøysamt, at det er ein Hugnad aa lesa ho. Det vert i vaar Tid meir og meir naudturvelegt aa hava Greide paa dei ymse Spursmaal, som er uppe i Tidi. Det høyrer med til den aalmene Daningi dette, og serlegt so lyt ein hava noko Kjennskap til Darwin si Læra. Det finst ingi onnor vitenskapeleg Meining, som hev havt so stor Verknad som denne. Ho hev vendt upp og ned paa heile den vitenskapelege Granskingi i dette Aarhundrad og flestalle Vitenskapsmenn gjeng no med paa ho. Namnet Darwin kjenner mest alle Folk, men dei hev lite Greide paa Læra hans. Det fær ein av denne Boki. Ho er lett og livlegt skrivi, so alle kann skyna ho. Ho vilde vera ei høveleg Julegaava for Ungdomen. Kostar 1 Krona. (Aasen 1886)

I 1886 har mest alle nordmenn høyrte om Darwin, sjølv om dei fleste har lita greie på læra hans. Mykje talar for at denne læra er del av dei nye ideane som Rebekka har klart å få Rosmer begeistra for, «alle de nye tankerne» som Rebekka så gjerne vil vera med i (73), men som ifølge Kroll berre var «en viden» som ikkje er gått henne i blodet (70). Eg vil derimot visa at denne kunnskapen gjennomstrøymmer heile lagnaden hennar. I dei kommande delkapitla skal eg syna at det er mykje som talar for at både Rosmer og Rebekka er utforma på bakgrunn av nettopp desse nye tankane og best kan forståast i lys av desse.

Rosmer – degenerert

Me såg at forskinga er delt i korleis dei les karakteren Rosmer. I mangfaldet av tolkingar som er blitt han til del, er det i samtidsdiskursen eg finn det mest treffande epitetet. I lys av alle opplysningane me får om hans personlegdom, bakgrunn, familieforhold og framtidsutsikter, er *degenerert* det ordet som best samanfattar rolla hans som sisteleddet på Rosmersholm, og i dette delkapittelet skal eg visa korfor.²³⁶

²³⁶ Læra om degenerasjon stod sterkt i Noreg på tampen av hundreåret. Nasjonalbiblioteket si N-gram-teneste viser ein topp for 'degeneration' i 1884, same året som Lochmann publiserte *Darwin og darwinisme* og Thorvald

Rosmer er både resultat av og representant for dei dødskreftene som rår på herregarden. Etter at han slutta som prest, held han seg helst åleine på arbeidsrommet sitt, der han steller med stamtavler og anna historisk material. I starten av stykket kjem rektor Kroll, som er Rosmers svoger, på besøk for å søka Rosmers hjelp i den politiske og ideologiske kampen som har brote ut:

Kroll Du skal hjelpe dine gamle venner. Gøre som vi andre. Ta' hånd i med så godt du kan.
Rebekka Men rektor Kroll, De kender jo herr Rosmers ulyst til sligt noget. **Kroll** Den ulyst får han se at overvinde nu. – Du følger ikke nok med, Rosmer. Du sidder her og murer dig inde med dine historiske samlinger. Gud bevares, – al respekt for stamtavler og hvad dertil hører. Men tiden er ikke for den slags sysler – desværre. Du gør dig ingen forestilling om, hvorledes tilstanden er ude omkring i landet. Der er vendt op og ned på, snart sagt, hvert eneste begreb. Det vil bli et kæmpearbejde at få alle de vildfarelser ryddet ud igen. (14)

Konservative Kroll er redd for dei nye ideane som truar den gamle samfunnsordenen, *villfarelsane* som han meiner har «vendt op og ned på, snart sagt, hvert eneste begreb». Kroll, som har «fåt blod på tand» (8) og vil kjempa med alle våpen mot «denne fordævelige, nedbrydende og oppløsende tidsånd» (14), bruker ordet *borgarkrig* om samfunnsdebatten som rasar mellom det politiske venstre og høgresida (8). Dei subversive ideane Kroll har i tankane, må vera det radikale, sekulære og evolusjonistiske tankegodset som i samtida gjekk under fellesnemninga *fritenkeri*. I stykket omtalar dei tilhengarane av desse tankane som *frigjorte*, eit uttrykk Rosmer, Rebekka, Kroll og Mortensgård til saman nyttar åtte gonger. Det må vera desse ideane Rebekka har fått del i gjennom dr. West og boksamlinga som ho arva (36). Til Kroll fortel ho at ho les «disse radikale bladene» (8), og Rosmer svarar bekreftande når Kroll spør om ho hadde ei bok «som handled om ægteskabets hensigt – efter vor tids fremskredne opfatning» (36).

Kroll Nå, jeg tænker, det er ligedan bevendt med det meste af dette her, som De kalder for Deres frigjorthed. De har læst Dem til en hel hob nye tanker og meninger. De har fåt vide et slags besked om forskninger på forskellige områder, – forskninger, som synes at omstyrte adskilligt af det, der hidtil hos os har gældt for uomstødeligt og uangribeligt. Men alt dette er bare ble't en viden hos Dem, frøken West. En kundskab. Det er ikke gåt Dem i blodet. (70)

Den forsinga Kroll viser til, kan ikkje vera anna enn den naturvitskaplege, darwinistiske forsinga som utgjer den idéhistoriske konteksten som analysen min bygger på. Slik er evolusjonsdiskursen ikkje berre eit idéhistorisk bakteppe som pregar teksten på eit meir

R.B. Buchholz sitt andre bind av *Om Folk og Slægters tilbagegang* (første bind kom 1883). På den tida blei synonymet 'tilbagegang' brukt hyppigare enn 'degeneration', og N-gram viser ein klar topp for 'tilbagegang' i 1886, same år som *Rosmersholm* kom ut. Eit anna synonym var 'utarta' (frå det tyske 'entarten') som tydde å fjerna seg frå det artstypiske og utvikla seg til noko verre (naob.no), jf. Nordaus bestseljar *Entartung* (1892) som på norsk fekk tittelen *Degeneration* (1895).

indirekte plan, men òg del av karakteranes tankegods og konfliktstoff, og ein aktiv del av stykkets tematikk.

Dette fritenkeriet er det Rebekka nå vil at den tidelegare presten ope skal vedkjenna seg. Men Rosmer er redd og seier han har *skræk for folkemøderne* (15). Når Kroll nå ber han om å ta redaktørjobben i det nyinnkjøpte *Amtstidenden*, svarar **Rosmer** «Jeg kan ikke, Kroll. Jeg duer ikke til det. **Kroll** Duer ikke? Det samme sa' du, da din far skaffed dig kaldet – **Rosmer** Jeg havde ret. Derfor gik jeg også min vej» (15). Ironien i at far hans skaffa han kallet, understrekar at Rosmer lenge har vore unnvikande og late andre styra han. Kroll, som ifølge Rosmer sjølv har «været som en selvskreven rådgiver for mig sålænge vi har kendt hinanden. Lige fra jeg blev student» (12), påpeiker at Rosmer, som lett lar seg påverka av andre (40), har skrøpeleg dømmekraft, både når det gjeld «mennesker og forhold i livet» (65). Rosmer er veik og treng folk å støtta seg til, og det er lett å få makt over han.

Sjølv om det er tydeleg at Rosmer syter med det heile, har han lova Rebekka at han skal stå offentleg fram med det nye radikale synet sitt og gjera folk til *frie, glade adelsmenneske*. Nå vil Rebekka at den motvillige Rosmer fortel Kroll at han har endra politisk ståstad: «**Rebekka** har nærmet sig Rosmer og siger sagte, hurtigt og ubemærket af rektoren Gør det! **Rosmer** ligeså Ikke i aften. **Rebekka** som før Jo netop. *Hun går hen og stiller med lampen*» (13–14). Og når Rosmer ikkje gjer det, men på Krolls oppmoding om å ta i eit tak for fellesskapen, unnvikande svarar at «det slags arbejde ligger slet ikke for mig», trassar Rebekka han og fortel det sjølv:

Rebekka Og så tror jeg nok, at herr Rosmer er kommet til at se på tingene i livet med åbnere øjne end før. **Kroll** studser Åbnere? **Rebekka** Ja, eller friere da. Mere uhildet. **Kroll** Hvad skal dette her sige? Rosmer, – du kunde dog vel aldrig være så svag at la' dig dåre af en slig tilfældighed, som den, at massehøvdingerne har vundet en midlertidig sejr! (14)²³⁷

Der den passive Rosmer er engsteleg og feig, er Rebekka aktiv og dominerande. Det er ho som har stått for påverkinga. Alt før ho kom til Rosmersholm, hadde Rebekka gjennom Kroll forstått at Rosmer var ein ho kunne innverka på og få makt over. Ho vann innpass gjennom Beate, som ho sjarmerte såpass at Beate trygla henne om å komma til Rosmersholm som selskapsdama hennar.

²³⁷ Dette overser Moi. Om tekststaden på slutten av fjerde akt, der Rebekka seier at ho ikkje vil bli liggande i vatnet lenge, skriv Moi at «det er noe nytt ved Rebekkas stemme i disse linjene. Dette er første gang hun gir Rosmer ordre» (2006, 405). Men som me ser, gjer Rebekka det alt i første akt.

Rebekka Ja, det var altså *det*, ser du, – jeg vilde være med i den nye tid, som brød frem. Være med i alle de nye tankerne. – Rektor Kroll fortalte mig en dag, at Ulrik Brendel havde havt svær magt over dig en tid, mens du endnu var gut. Jeg syntes, det måtte kunne gå an for mig at ta' dette her op igen **Rosmer** Kom du hid med en dulgt hensigt –! (73)

Det er ikkje merkeleg at Rosmer blir sjokkert over dette, han som har trudd at «det, som fra først af førte os to sammen, – det, som binder os så inderligt til hinanden, – vor fælles tro på et rent samliv mellem mand og kvinde →» (53).

Fleire meinte Ibsen her har snudd kjønnsrollene på hovudet (m.a. Schjøtt 1887, 781). Den mjuke, passive Rosmer og den dominerande, handlekraftige Rebekka har begge noko androgynt over seg. Som eg var inne på i kapittelet om kjønnsespesifikk evolusjon, tenkte darwinistane at virveldyras utgangspunkt må ha vore «hermaphrodite or androgynous», og at evolusjonen medførte ei aukande differensiering mellom kjønna (Darwin 1871, I). Derfor blei det androgyne betrakta som degenerert. Den ungarske fysikaren og kritikaren Max Nordau kallar Rosmer Rebekkas slave, sidan han føler seg svakare enn henne (Nordau 1893, 269). I kapittelet «Der Ibsenismus» i *Entartung, 2. Band, 3. Buch: Die Ich-Sucht* (1893), som kom på norsk i 1895 med tittelen *Degeneration*, omtala Nordau Rosmer som ein *Schwachkopf* – ein degenerert masochistisk mann med svakt hovud, som blir herska over av kvinna (Nordau 1893, 271).²³⁸ *Degeneration* blei ein bestseljar over heile Europa og tonegivande innanfor samtidas evolusjonsdiskurs, og er dermed relevant for denne diskursanalysen. Trass den indignerte moralismen som gjennomstrøymmer Nordaus Ibsen-lesingar, gir boka godt innblikk i tidas degenerasjonsangst – i førestillingar som er fruktbare i forståinga av herregarden

²³⁸ Nordaus bruk av 'masochistisk' viser til psykiater, sexolog, hypnotisør og baron, Richard Freiherr von Krafft-Ebings vidgjetne *Psychopathia Sexualis: mit besonderer Berücksichtigung der conträren Sexualempfindung: eine klinisch-forensische Studie für Ärzte und Juristen* frå 1886, same år som *Rosmersholm* kom ut. Nordau, som hadde følgd Charcots førelesningar om hysteri, tok i 1882 den medisinske doktorgraden på ei avhandling om «kvinnens kastraksjon» (Buvik 2001, 45). Ibsen blei sjølv brukt som eksempel på ein degenerert forfattar, både av Nordau og kriminalantropologane Guglielmo Ferrero og Cesare Lombroso, som hevda at både kriminalitet og kunstnerisk kreativitet kunne vera utslag av degenerative nevrosar og atavisme (som vil seia at sjukelege trekk eller primitive eigenskapar dukkar opp igjen etter fleire generasjonars forløp, som ein arv frå fjerne slektsledd og tidlegare utviklingstrinn, jf. NAOB). I *The Man of Genius* (1891) bruker Lombroso Ibsen som døme på at geniale menn ofte er små av vekst, noko som samstundes var eit teikn på degenerasjon (Lombroso 1891, 7). Dette hadde si naturlege forklaring: «Reptiles have more ribs than we have; quadrupeds and apes possess more muscles than we do, and an entire organ, the tail, which we lack. It has been in losing these advantages that we have gained our intellectual superiority. When this is seen, the repugnance to the theory of genius as degeneration at once disappears. Just as giants pay a heavy ransom for their stature in sterility and relative muscular and mental weakness, so the giants of thought expiate their intellectual force in degeneration and psychoses. It is thus that the signs of degeneration are found more frequently in men of genius than even in the insane» (Lombroso 1891, v).

Rosmersholms tilbakegang, personifisert ved den tidlegare geistlege, for tida heimesyslande Johannes Rosmer.

Sjølv om Rosmer berre er 43, er det noko gammalt og avkrefta over han. Andre akt opnar med ei skildring av Rosmer i «arbeid» på heimekontoret sitt:

*Johannes Rosmer, i husfrakke, sidder i en højrygget stol ved skrivebordet. Han skærer op og blader i et hefteskift og ser lidt i det hist og her. Det banker på døren til venstre. **Rosmer** uden at vende sig Kom kun ind. **Rebekka West**, i morgenkjole, kommer ind. **Rebekka** God morgen. **Rosmer** slår efter i skriftet God morgen kære. Er der noget du vil? (31)*

Påpeikinga av at han ikkje snur seg, og at han slår opp i skriftet når Rebekka kjem inn, lar oss forstå at Rosmer prøver lata som han arbeider travelt, samstundes som konstateringa av at han nett har skore skriftet opp, varskur oss om at han ikkje ein gong har begynt å lesa, men overflatisk blar litt *hist og her*. Me skjønner raskt at han berre simulerer djup konsentrasjon – slik minner han om Hjalmar Ekdahl og Alfred Allmers, to andre stundeslause som prøver gi inntrykk av at dei har mykje å gjera. Truleg er dette eit av karaktertrekka som resulterte i at Nordau kalla Rosmer ‘Schwachkopf’ (svakhovud/idiot), eit uttrykk som minner om Buchholz’ bruk av ‘Aandssløvhed’ som eit degenerasjonsteikn som opptrer som følge av «Menneskets Mangel paa Kundskab og Energi» (62):

Saaledes ser man ogsaa, at hvor der er almindelig Tilbagegang, der er ingen frugtbar intellektuel Sands, der er Aandssløvhed tilstede. Og derfor fordrer Mennesket ogsaa altid under Tilbagegang en ydre Ledelse og Vækkelse samt fornyet Organisation, for at Aandsstyrken kan optræde paany. (Buchholz 1883, 63)

Desse skildringane passar svært godt på Rosmers vantande kraft og innsikt – det eg vil kalla hans svake åndsnærvær – som kjenneteiknar den manglande merksemda han viser overfor Rebekka, Beate og det som har føregått i heimen hans dei siste åra. Av den grunn kan eg ikkje dela Mois forbausning over at Rosmer ikkje ser eller klarer anerkjenna Rebekka, og eg deler heller ikkje oppfatninga av at den dårlege kommunikasjonen er hovudtemaet i stykket (Moi 2006, 397). At Rebekka ikkje kommuniserer tankane og følelsane sine ope fram, skuldast m.a. at heile opphaldet på Rosmersholm er bygd på løgn, ei løgn som Rosmer ikkje ønsker å gjennomskoda, og som Rebekka først innrømmer i siste akt. Heller ikkje då er Rosmer interessert i å høyra om Rebekkas fortid, men føretrekker fantasiane sine. Den dårlege kommunikasjonen speglar stykkets harde realitetar og det faktum at Rosmer eigentleg ikkje er så interessert.

At Rosmer har leikt seg med tanken om at Rebekka har ei fortid, vitnar likevel om at han inst inne ser Rebekka betre enn han gir inntrykk av under den fredsæle framtoningen sin (86). Konfliktsky og engsteleg har han gjort seg meir uvitande enn han eigentleg er, og slik har Rebekka kunna kjempa «på bådkølen» om han, i hans eigen heim, utan at han trong gripa inn (84). Denne tilsynelatande vankunna har legitimert passiviteten hans og i staden late han dyrka venskapet med Rebekka. Passiviteten og omgåinga tolkar fleire av medkarakterane og store delar av resepsjonen som uskuld og uttrykk for hans edle karakter og moralske alvor. Ein kan få inntrykk av at førestillinga om denne edle, naive, som er for god til å sjå det vonde i andre menneske, og i det som utspelar seg rundt han, òg er del av Rosmers sjølvbilde – det som dr. Relling truleg ville kalla ei livsløgn.

Eg er ikkje samd i at det er moralsk alvor som dominerer Rosmer, slik Bjerck Hagen, Moi og andre forfektar. Men han har eit ømfintleg samvit og behov for å kjenna seg skuldfri, noko som truleg heng saman med den strenge, autoritære oppsedinga han har fått.²³⁹ Så langt har han sloppe ta del i livsstriden, men som Ekdahl og Allmers går Rosmer og drøymmer om å gjera noko viktig:

Rosmer Jeg synes, det er en uafviselig pligt for mig at tænde lidt lys og glæde her, hvor slægten Rosmer har skabt mørke og tyngsel gennem alle de lange, lange tider. **Kroll ser strængt på ham** Jo, det vilde være en værdig gerning for den mand, med hvem slægten dør ud. Lad sligt ligge, du. Det er ikke passeligt arbejde for dig. Du er skabt til at leve som den stille forsker. **Rosmer** Ja, det kan så være. Men jeg vil nu med i livsstriden en gang, jeg også. (40–1)

Men Rosmer har *et blødt sinn* (67) og manglar handlekraft. I tillegg tyder mykje på at han har svak libido og blir skremd av erotiske tilnærmingar: «Jeg har jo fortalt dig om hendes ustyrlige, vilde lidenskabelighed, – som hun forlangte, jeg skulde gengælde. Å, den rædsel, hun indgød mig!» fortel han opprørt sin svoger Kroll om Beate (36). Den frustrasjonen me ser her, er i sterk kontrast til slik han vanlegvis er: «altid stille, behersket», som det eit par sider seinare står i replikktilvisinga (39). Meir enn ti gonger blir ‘stille’ brukt i samband med Rosmer og Rosmersholm, noko som framhevar den halvdaude, livshemmande undergangsstemninga i heimen hans.

Då Ulrik Brendel var læraren hans, fekk han stor innverknad på Rosmer: «**Kroll** Ja, jeg ved, at han gik her og propped dig hodet fuldt med oprørske meninger og at din far så jog ham på porten med sin ridepidsk. **Rosmer lidt bittert** Far var major her hjemme i sit hus også» (18).

²³⁹ Gunnar Heiberg kalte han «en samvittighetsdekadent» (1918, sitert i Bjerck Hagen 2015). Ifølge Spencer kunne «frygtsomhed» skuldast «svagelighed» (Spencer 1895, 143).

Ibsen lar oss forstå at det har råda ei autoritær stemning på Rosmersholm, og litt seinare stadfestar Kroll at det strikte, autoritære *siden umindelige tider* har prega staden:

Kroll Men du har en pligt imod din slægts traditioner, Rosmer! Husk på det! Rosmersholm har siden umindelige tider været som et arnested for tugt og orden, – for respektfuld agtelse lige over for alt det, der er hævdet og godkendt af de bedste i samfundet. (40)

Truleg er dette bakgrunnen for at Brendel snakkar om «disse forhadte mure» som han tydeleg har dårlege minne frå, når han etter mange år plutseleg dukkar opp på Rosmersholm igjen (18, 22). Dei vonde minna er iallfall ikkje forårsaka av Rosmer – Brendels replikkar tyder tvert imot på at dei har hatt eit overmåte varmt og nært forhold: «Johannes, – min gut, – du, hvem jeg har elsket mest –!» (18), «min egen gut» (20), «min Johannes» (21), «min egen kære gut!» (23), «Johannes, min gut, min dyrebare lærling» (88), «min kære gut» (89). Desse kjærleikserklæringane, og det at Brendel vart jaga på dør, opnar for moglegheita av at forholdet deira kan ha hatt noko seksuelt ved seg. I så fall må det i Brendels tilfelle vera snakk om pedofil, krenkande åtferd overfor Rosmer, som då var gutunge.²⁴⁰ I tillegg veit me at Rosmer var *dypt ulykkelig* i ekteskapet med Beate (40), som var barnlaust. Og me har nett vore innom at det kvinnelege begjæret verkar skremmande på han (36). Då tenker eg ikkje berre på redsla han viste då han minna Kroll på søsteras ville begjær; i tillegg blir me fleire gonger vitne til at han ikkje responderer på Rebekkas tilnærmingar – det som Moi meiner skuldast at han ikkje klarar anerkjenna eller sjå henne. Men som me nett såg, legg Rosmer merke til meir enn han gir inntrykk av, og mykje tyder på at den manglande responsen hans på Rebekkas intimiserande merksemd heng saman med ei frykt for kvinneleg begjær. Ialfall når det blir meir enn ein fantasi han kan leika seg med.

På 1800-talet blei det å vera seksuelt fråhaldande rekna som like skadeleg for menn som seksuelle utskeiingar. Darwin var motstandar av sølibatet, ein meiningslaus restriksjon dei «siviliserte» påla seg, i trua på at det var dydig, sidan det innebar sjølvkontroll. Resultatet var at «primitive» rasar formeirar seg mykje kjappare (Darwin 1871, 143). I tillegg meinte ein at fråhaldet ville gjera at den opphissa fantasien konstant krinsa rundt kjønnet, medan regelmessige heterofile samleie ville hindra at perversjonar som onani, sodomi, flaggelantisme, orgiar og andre sjukdommar fekk utvikla seg, hevda legen George Drysdale i den svært innflyttingsrike bestseljaren *Grundtræk af Samfundsvidenskabten / eller fysisk*,

²⁴⁰ Nissen og Tjønneland skriv at Brendel kan vera homoseksuell, og i artikkelen «Var danske skuespillere modeller for Ulrik Brendel og Ballested» (1964) peiker Eli Ansteinsson på moglege homofile modellar (Tjønneland 1992, 63). Bjerck Hagen viser òg til Nissens tolking, noko som får Ystad til å skriva at «Bjerck Hagen legger endog til at Rosmer kanskje også er homofil» i kritikken av *Hvordan lese Ibsen?* (Ystad 2015).

kjønslig og naturlig Religion / En fræmstilling af den sande Aarsag til og af det eneste Helbredelsesmiddel for Samfundets tre Hovedonder: Fattigdommen, Prostitutionen og Cølibatet/ af en Doctor i Medicinen (Fosli 2020, 197–8).²⁴¹ Som barn av si tid var Drysdale opptatt av å åtvare mot alt som leier til svekking og degenerasjon. Han insisterte på at kroppens organ måtte nyttast og trenast viss dei ikkje skulle degenerera og mista livskrafta (Drysdale 1876, 41). Men det var viktig at utføringa var «normal», «fordi naturen ikke tillater avvik fra sin plan uten å straffe individet for det» (Skundberg 2018, 304).

Felles for Beate og Rebekka er at dei blir skildra med ein seksualitet som står i skarp kontrast til den undertrykte og passive seksualiteten som kjenneteiknar Rosmer. Dei uheldige ringverknadene av slike ujamne forhold får stor merksemd hos Drysdale: «A great deal of mischief is done by two persons of unequal constitutions being matched together, as is so frequently seen in married life. Here the wife either exhausts the husband, or the husband the wife» (Drysdale 1876, 84–85). Hos den svakare parten kan slike forhold føra til ytterlegare svekking, nervøs irritabilitet, dårleg appetitt og fordøying, hypokondri, avsmak på livet og kvinneleg selskap, mental råd- og kraftløyse og alle symptoma på nervøs utmatting (sst.). Til sjuande og sist kan det svekka både genitalia og moralen:

A weakness of the genital organs is here also produced, and involuntary seminal discharges may be established which will reduce the patient to the last degree of wretchedness. Besides this, the moral character, in the very sensual and dissipated, becomes selfish, and in many other respects most imperfect and lamentable. (Drysdale 1876, 84–85)

Skildringa kan lett relaterast til Rosmer, og mot denne bakgrunnen blir det lettare å forstå korfor Beates lidenskap, som ho ville han skulle gjengjelda, fylte han med slik redsle. Hadde han vore kvinne, hadde han truleg blitt innlemma i gruppa av Ibsens karakterar som gjerne blir omtala som hysteriske.²⁴² Ifølge Heidi Bondeviks *Hysteri i Norge: et sykdomsportrett* (2019) står det kvinnelege hysteriet «i sentrum for Henrik Ibsens realistiske teater» (287). Litteraturens hysteri ser ut til å «begrense seg til kvinnelige eksponenter, noe Ibsen, Bjørnson

²⁴¹ Første gong utgitt i 1854, anonymt, med tittelen *The elements of social science or physical, sexual and natural, religion*. I løpet av 1854–1900 kom boka i 30 opplag (på svensk i 1878 og på dansk i 1879), m.a. sitert av Strindberg, Brandes, Nordau og m.a. lesen av Bjørnson og Skram (Johannisson 1996, 67, Fosli 2020, 197). Boka gjorde stort inntrykk på Bjørnson, som las ho i 1879 (Skundberg 2018, 304). «Darwin, Spencer, Lamarck og Galton la det vitenskapelige grunnlaget for en ny, sekulær moral, med George Drydales bok *Grundtræk af Samfundsvidenskaben* (1879) som en viktig inspirasjonskilde i samtidig debatt» (Skundberg 2018, 17).

²⁴² I *Over Ævne I* (1883), som kom tre år før *Rosmersholm*, hadde Bjørnson vore «opptatt av de psykologiske fortrenningsmekanismene hos kvinner, som en nettopp hadde oppdaget førte til hysteriske sykdomstilstander» (Iversen 1988, 165). Bak i boka, som han skreiv eit par månader etter *En hanske*, viser han til ei av Charcots avhandlingar om nervesjukdommar og til eit anna fransk verk om hypnose og hysteri; «men han gjorde det senere klart at disse henvisningene bare gjaldt fremstillingen av Klara Sang og hennes sykdom» (Beyer 1995, 186).

og Skram har vist» (364). Utan å trekka inn nokre av Ibsens mannlege karakterar fortel Bondevik om ei kulturell forneking av det mannlege hysteriet – frå at hysteri midt på 1800-talet mest gjaldt menn, blei hysteri-diskursen flytta over på kvinna og på ikkje-normale menn (Bondevik 2019, 287).

Rosmer føretrekkjer fråhaldet, og truleg er det grunnen til at mange oppfattar han som aseksuell og kjønnslaus. «Hvad er dog dette for en urimelig Lære om den *lutrende, rensende* Indflydelse, der udgaar fra den kjønsløse Rosmer! Det er dog rent seminaristisk dette at anse Kjønsløshed for Renhed. De staa begge [Ibsen og Bjørnson] til Halsen i gammel Theologi», skreiv Brandes (30.12.1887), som hadde lese, og var begeistra for Drysdale. Likeins tok Brandes i minneartikkelen over Ibsen (1906) «igen afstand fra den kønsforskrækkelse, han fandt hos Ibsen» (Reinecke-Wilkendorff 2004, 90). Brandes ser berre Rosmers edle framtoning og ikkje den fortrenge seksualiteten som viser seg i stykkets siste akt. Innblikket me får i Rosmers seksualitet, står i stil med den forsiktigheita og angsten han viser på andre område av livet, men fungerer òg som ei førebuing av den lokkande grua han fortel at han føler i slutten av fjerde akt, der begjæret og behovet for makt ikkje lenger er skjult.

I lys av Krafft-Ebings og Nordaus diskurs kan me seia at den masochistiske slaverolla Rosmer har inntatt overfor den kvinnelege dominansen, nå slår over i eit sadistisk ønske om å sjå Rebekka gå i fossen for hans skuld. Nå er det den demoniske sida av Rosmer som overtar.

Rebekka har prøvd å overtyda Rosmer om at han har klart å adla henne: «Men din sag har jo alt stået sin prøve. *Et menneske har du i alle fald adlet. Mig, så længe jeg lever*» (92). Likevel er ikkje Rosmer tilfredsstilt. Han ønsker seg eit offer:

Rosmer Så lad mig da få sé, Rebekka, – om du, – for min skyld, – endnu i denne aften. – (*afbryder*) Å nej, nej, nej! **Rebekka** Jo, Rosmer! Jo, jo! Sig det, og du skal få sé. **Rosmer** Har du mod til, – er du villig til, – gladelig, som Ulrik Brendel sa', – for min skyld, nu i nat, – gladelig, – at gå den samme vejen, – som Beate gik? **Rebekka hæver sig langsomt op fra sofaen og siger næsten målløs** Rosmer –! **Rosmer** Ja, du, – det er dette spørgsmål, som jeg aldrig vil kunne gøre mig fri for, – når du er rejst. Hver time på dagen vil jeg komme tilbage til dette samme. Å, jeg synes, jeg ser dig lys levende for mig. Du står ude på kloppen. Midt ude. Nu luder du dig ud over rækværket! Svimler i en dragning ned imod fossestryget! Nej. Så viger du. Vover ikke, – hvad *hun* voved. **Rebekka** Men hvis jeg nu havde det mod? Og den gladelige vilje? Hvad så? **Rosmer** Så måtte jeg vel tro dig. Så måtte jeg vel få troen igen på min livssag. Troen på min evne til at adle menneskesind. Troen på menneskesindets evne til at adles. **Rebekka tar langsomt sit sjal, slår det over hodet og siger behersket** Du skal få troen igen. **Rosmer** Har du mod og vilje – til dette, Rebekka? **Rebekka** Det får du dømme om imorgen, – eller siden, – når de fisker mig op. **Rosmer tar sig for panden** Der er en lokkende gru i dette –! (93)

Det er med opphissing Rosmer nå tar styringa. Det er ikkje nok for han at *ei* kvinne har tatt livet av seg. Nå vil han ha eit offer til. Begjærleg trassar han si eiga redsle for kvinnes «ustyrlege, vilde lidenskabelighed» og kastar seg uti kampen. Intenst skildrar han den lokkande grua ved tanken på at kvinnene gir seg hen til han – gladeleg. Mange har undra seg over at ‘gladelig’ dukkar opp heile tre gonger i denne sekvensen. I mine auge er det for å poengtera lystelementet. Den synlege og lydlege likskapen med ‘adelig’ gjer det nærliggande å samanlikna orda, og då fell merksemda på Rebekkas ytring om at adlinga gjekk på kostnaden av begjæret og lycka (86) – ein opposisjon som får fram lystaspektet ved ‘gladelig’. Motsetnaden blir endå tydelegare når me ser at begge bruker ‘gladelig’ saman med vilje og mot, som var dei andre aspekta som gjekk dukken ved adlinga. Det minner om *Gengangere*, der livslykka blei sett opp imot plikt og kontroll.

I denne scenen spelar utan tvil begjæret større rolle enn moralen. Det lenge undertrykte begjæret er den destruktive drivkrafta hans nå, og eg synest det er merkeleg at så mange unnlét å kommentera dette. Det gjer derimot Alnæs som omtalar Rosmers opphissing ved tanken på «å *nyte* synet av henne i hennes siste stund» som eit grotesk innslag som skil seg frå resten av dramaet, bortsett frå då han seier at han har leika seg med tanken om at Rebekka har ei fortid (Alnæs 2003, 273). Ho meiner «det er nærliggende ut fra en rent realistisk tolkning å si at vi har med en lystmorder å gjøre, en som kjenner det frastøtende tiltrekkende; i demonisk vellyst blir han nærmest ruset bare ved *tanken* på å se henne kaste seg utfor» (Alnæs 2003, 274).

Det er påfallande at Rosmer omtalar Beates sjølv mord som «denne gribende – anklagende sejr – i møllefossen» (51), men ved å kalla Rosmer ein «lystmorder», overdriv ein desse elementa, samstundes som ein reduserer karakterens og verkets kompleksitet. Då har Alnæs’ tilvising til eit Ingjald Nissen-sitat meir føre seg: Rosmer vil nå «herske over livet ved å befale over døden. Hans uhyre melankolske skyldfølelse, som betinges av hans hemmelige lystfølelse, driver ham til å tilintetgjøre alt omkring seg» (Nissen 1973, 58–59, sitert i Alnæs 2003, 275).

Lik ein draug eller nøkk drar han Rebekka med seg i fossen. Det er neppe tilfeldig at Rosmer deler namn med Rosmer havmand, eit undersjøisk, demonisk troll i ei gammal folkevisse (Alnæs 2003, 259). Namnet Rosmer var på denne tida ikkje brukt i Noreg (HIS). Det er heller ikkje første gong Ibsen alluderer til dette mytologiske, demoniserande bildet på seksualitetens destruktive sider, jf. verselinja «Nøkken lader som han sover; – liljer leger ovenover» i diktet

«Med en vannlilje» (1871). Folkemytologien inneheld døme på at nøkken kunne varsle drukningsulykker og sjølv mord. Ifølge *Salomonsens konversasjonsleksikon* knytte nordisk folketru to forskjellige typar overnaturlige vesen til elva: Den eine var kvinnelege, livskraftige og sterke jettemøyar som «utdtrykker Vældets Livskraft og Strømmens Styrke», og som opphavleg truleg var sjølve elva, i motsetning til dei mannlege vesena, knytt til ein bestemt stad i elva: «i det stille Vand, der tilsynelatende er saa fareløst, i Elvebredningen ell. Smaaindsøer, bor Nøkken, der ved Svig lokker Mennesker i sin Vold» (Salomonsen 1915–30, 132). Rebekka samstemmer med det kvinnelege, og Rosmer med det mannlege vesenet i denne skildringa. Det opphavlege aspektet ved dei kvinnelege jettemøyane i dei mytologiske innslaga, bygger opp under førestillinga om kvinns lågare utviklingsstadium.

Også det sentrale og mykje kommenterte motivet med dei kvite hestane representerer ei kopling mellom død og seksualitet, og først kalla Ibsen stykket *Hvide heste*, men til slutt avveik *Rosmersholm* såpass mykje frå dei første utkasta at HIS har valt å føra *Hvide heste* (1886) som eit eige skodespel. I fleire forvandlingseventyr forvandlar nøkken seg nettopp til ein kvit hest når han skal lokka menneska i tjørna (Young 1989, 118), jf. Kittelsens illustrasjonar av nøkken som kvit hest nedanfor. «Stundom hender det at Nøkken skaper sig om til en sølvgraa Hest som gaar og beiter ved Tjernet. Han tenker aa faa narret en op paa Ryggen sin, saa sætter han lukt paa Vandet med ham», skreiv Kittelsen (u.å.).



Figur 3



Figur 4

Figur 3: Kittelsen, Theodor. (1909). Nøkken som hvid hest. [Maleri]. <https://images.squarespace-cdn.com/content/v1/5a271c786f4ca355093b93f5/1577017685354-83M96SPLILTR1T45YABI/nokken-som-hvit-hest-1909-painting-theodor-kittelsen.jpg?format=1000w>.

Figur 4: Kittelsen, Theodor. (1907). Nøkken som hvid hest. [Maleri]. https://no.m.wikipedia.org/wiki/Fil:Theodor_Kittelsen_-_Nøkken_som_hvit_hest.jpg.

At ‘hross’ var ‘hest’ på norrønt (‘Ross’ på tysk), og at ‘nøkk’ på latin heitte ‘hippopotamus’, dvs. ‘elvehest’, ‘flodhest’, forsterkar denne samanføyinga. Ibsen var m.a.o. ikkje åleine om

denne koplinga mellom hest og vatn som bilde på drift og død.²⁴³ «Fossestryk og styrtende elveløp ble koplet til farlige undergangskrefter i menneskets sinn, og knyttet til tøylesløs driftsliv» (Alnæs 2003, 243).



Figur 5

Figur 5: Crane, Walter. (1892). *Neptun's Horses*. [Maleri].
https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Walter_Crane_-_Neptune%27s_Horses_%281910%29.jpg.

Alnæs fortel at kvite hestar var knytt til død i gammal folketru; for madam Helseth er dei gjengangarvette og dødsvarsel, for Beate sjølv døden og for Rebekka bilde på egne erfaringar (231–2). «Hesten er ikke bare fortid, gjengjeldelse og død, men også kraft, fornyelse, erotikk, liv og skapende håp» (Ystad 1996, 163, sitert i Alnæs 2003, 227). Tvtidygheita i bildet speglar stykkets kamp mellom livskrefter og dødscrefter (det som Freud nokre år seinare skulle komma til å omtala som libido/eros og thanatos) og kan forklara det som skjer med Rosmer i siste akt, der koplinga av dødsdrift og seksualdrift gir seg utslag i sadisme og masochisme. Dei mytologiske elementa står opp under lesinga av Rosmer som meir samansett enn det dei sympatiske lesingane fangar opp, og det ambivalente og angstfylte forholdet han har til kvinnene, blir særleg tydeleg når me samanliknar det med det fortrulege forholdet han har til mennene.

Uansett kor aggressiv Kroll blir, eller kor mykje Brendel skrøner, viser Rosmer dei berre tillit og varme. Gong på gong ser me at han møter sluheita deira med ei naiv tiltru til at dei berre

²⁴³ «Du skal se bølgerne flyve mod land som vilde, hvidmankede heste», seier Hjørdis om havet nordpå i *Hørmennene på Helgeland*, og «Ha, hvilken lyst at sidde som hexekvinde på hvalens ryg, at ride foran snekken, vække uvejr og lokke mændene i dybet ved fagre galdrekvad!» (Ibsen 2006).

vil vel. Denne oppførselen bygger opp om bildet av den edle Rosmer, men framhevar på den andre sida kor skeptisk han er overfor kvinnene. Når Rebekka seier det har gått føre seg eit omslag i henne og ho kjenner seg forvandla, reagerer Rosmer forbausande motvillig og skeptisk, noko følgande replikkar viser: «Å, hvad er dog dette her, Rebekka» (85), «Å, turde jeg sandt tro det!» (86), «Å du, – jeg tror ikke længer på min evne til at forvandle mennesker. Jeg tror ikke på mig selv i nogen sag mere. Jeg tror hverken på mig eller på dig» (87–88). Nettopp derfor er det merkeleg at han er så lydhøyr overfor Kroll og Brendel sine endringar: «**Rosmer** Men Kroll, – du er jo rent som forvandlet idag!» (33), «**Rosmer** Der er hændt Dem noget, herr Brendel! Hvad er det? **Brendel** Så du observerer forvandlingen? Ja, – du må vel det» (88–89). Den årvakne merksemda overfor Brendel og Kroll står i sterk kontrast til offeret han krev for at han skal tru på Rebekka. Han overser heilt kor farleg Kroll blir når han får vita at Rosmer har skifta side, på same vis som han er blind for Brendels svake sider. Overfor sine tidlegare rådgivarar er han tillitsfull og underdanig, og den verknaden Brendel framleis har på han, er forunderleg sterk. «Jeg tror så nær, at han var mand for at forvirre dine begreber endnu engang [...] For du er så svært modtagelig for indtryk udenfra», påpeiker Kroll etter at Brendel er gått (24) – eit trekk som stør opp under bildet av den veike, utarta Rosmer, som framleis er som voks i hendene på sin gamle læremeister og forfører.

Begge Brendels besøk har ein forvandlande effekt på Rosmer. Under det første får Rosmer brått ei heilt anna innstilling til det å gå ut og delta i offentlegheita enn han hadde før Brendel dukka opp. Etter at Brendel har sagt at han skal ofra ideala sine for å reisa landet rundt og halda føredrag, gjer Ibsen oss merksame på at Rosmer, som før var så motvillig og usikker, plutsleg gjengjelder Rebekkas blikk når ho utfordrar han: «**Rebekka** ser betydningsfuldt på Rosmer Hvor mange er der vel, som gør det? Som tør det? **Rosmer** gengælder blikket Hvem ved?» (22). Brendel bit seg merke i at «forsamlingen er bevæget. Det kvæger mit hjerte – og styrker viljen. Og dermed så skrider jeg altså til handling» (sst.).²⁴⁴ Når Brendel er gått, er det ein heilt forvandla Rosmer som brått vil fortelja Kroll om omvendinga si, samstundes som Ibsen to gonger lar Kroll minna oss på kor lett påverkeleg Rosmer er. Etter at Kroll har sagt at han trur Brendel har forvirra Rosmers «begreber endnu en gang», svarar «**Rosmer** Å nej, du. Nu er jeg kommen på det rene med mig selv i alle dele. **Kroll** Gid det var så vel, kære

²⁴⁴ ('Kvege'='styrke', jf. BOB) – Brendels replikk framhevar korleis den kjenslemessige bevegelsen og den styrkande effekten det har på hjartet og viljen, leier til handling.

Rosmer. For du er så svært modtagelig for indtryk udenfra. **Rosmer** Lad os sætte os. Og så vil jeg tale med dig» (24).

Brendel har ein slags suggererande effekt som framkallar ei endring i Rosmer, som Rosmer ikkje registrerer sjølv. Alt som ung hadde han stor makt over Rosmer (73). Og etter Brendels andre besøk hos sin «dyrebare lærling» i fjerde akt, der han seier at Rebekka *gladelig* må ofra halve litlefingeren og *ligeledes gladelig* venstre øyra (90–91), er det at Rosmer endar med å ønska eit offer frå Rebekka: «**Rosmer** Har du mod til, – er du villig til, – gladelig, som Ulrik Brendel sa’, – for min skyld, nu i nat, – gladelig, – at gå den samme vejen, – som Beate gik?» (93). I tillegg til at Ibsen lar Rosmer repetera *gladelig* to gonger, akkurat som Brendel nettopp gjorde, utstyrer han replikken med ikkje mindre enn seks tankestrekar, som får Rosmer til å framstå stotrande, som var han hypnotisert.

Dette kan passa med Kohts forteljing om at Ibsen

i disse åra – liksom i tidlege ungdoms-år – var sterkt oppteken av allslags hypnotiske spørsmål, tanke-overføring, tvangs-tankar, og alt slikt. Han kunne komma reint i opprør når nokon gjorde hypnotiske eksperiment for moro. I oppskriftene til *Vildanden* hadde han skrivi om den først påtenkte drøymaren i stykket at «den sjettede sans» og «magnetisk indvirkning» var en «yndlingstanke» hos han [...] Han var i disse åra fylt av tanken på den løyndomsfulle makta eitt menneske kunne få over det andre [...] Tanken skulle komma att i stykke etter stykke. (Koht 1954, 189–90)

Rosmersholm er utvilsamt eitt av desse stykka. Koht fortel at Ibsen dei siste åra i München «spurte og grov hos kjenningane sine om nokon hadde røynt sovorne ting [som hypnotisme e.l.]. Han kom reint i ekse ein gong som det på moro vart gjort nokre hypnotiske freistnader i nærværet hans; han kunne ikkje like at det vart leika med noko så alvorleg» (Koht 256). Den opphissa oppførselen til Rosmer verkar som eit slags delirium, slik Buchholz i artikkelen om *Gengangere* skildra sjølv mordet og deliriet som forårsaka av degenerasjonens

skjulte ændringer, der nærmer individet til sindssvaghed (kvartaldrikkere, selvmordere) og desuden i mange tilfælde paa en mere eller mindre ændret forbindelse mellem hjerne og indvoldsnervknuderne, da ogsaa *delirium tremens* let opstaar og selvmord blir følgen. (Buchholz 1882, 3)²⁴⁵

Her kan noko av forklaringa på Rosmers elles så uforklarlege sjølv mord ligga. Ut frå scenetilvisingane (i kursiv) ser me at Rosmer «ligesom uvilkårlig dreven imod sin egen vilje»

²⁴⁵ I NAOB forklart med ‘vanvidd’, ‘galskap’ og med tilvising til Kristian Elsters skildring av «den, af et slags erotisk delirium grebne, lamme kavaler» i «En fremmed fugl» (1884) og til Gunnar Heibergs bruk av «et delirium av fryd» i skodespelet *Jeg vil væge mit land* (1917 [1912], 131). Skildringane stemmer med Rosmers erotiske, frydefulle (*gladelige*) delirium på slutten av siste akt.

mistar kontrollen over seg sjølv: «**Rosmer** ligesom uvilkårlig dreven imod sin egen vilje Så lad os sé da. Du siger, at den store kærlighed er i dig. At gennem mig er dit sind adlet. Er det så? Har du regnet rigtig over, du? Skal vi gøre prøve på regnestykket? Hvad?» (92). Dei harde, pågåande replikkane skil seg sterkt frå den måten me er vane med at den vanlegvis så milde, stille og engstelege Rosmer plar uttrykka seg på. Og like etter lar Ibsen han ta seg til panna, som for å markera at det er noko gale med hovudet hans: «Rosmer *tar sig for panden* Der er en lokkende gru i dette –!» (93).

Rosmers utvikling passar til Charcots skildring av hysteriet, der *det lidenskapelige stadiet* blir etterfølgd av *delirium*. Ifølge Charcot og Briquet var hysteriet hos menn knytt til arv eller traumatiske opplevingar i barndommen (Bondevik 2019, 32), og når det gjeld Rosmer, kan begge delar passa. Charcot meinte hysteriet var «et uttrykk for nevrologisk avvik med utspring i arvelig degenerasjon av nervesystemet» (Johannison 1994, 153), og legar på 1800-talet vurderte menn med hysteriske trekk som «lite mannlige, enten litt kvinnelige eller homoseksuelle» (Bondevik 2019, 32), noko som òg kan passa på Rosmer. Uansett er det ei underleg endring som skjer her, så totalt annleis frå den Rosmer me til nå har lært å kjenna, at store delar av resepsjonen har valt å oversjå det, medan andre omtalar det som eit grotesk innslag, som skil seg frå resten av dramaet og gjer han til ein lystmordar (Alnæs 2003, 274). Bondevik er heller ikkje noko unntak når ho skriv at «enkelte av Ibsens mannlige skikkelser kan fortolkes som om de er påført hysteriske trekk» (365) før ho nemner Helmer og Tesman, men ikkje Rosmer, sjølv om hysteridiagnosen kunne passa like godt på han.

I eit av notata til *Hedda Gabler* fører Ibsen Løvborgs utskeiingar tilbake til den «opsamlede sandselighed» som samværet med venninnene forårsakar (Ibsen 1890). Mykje tyder på at Rosmer òg har ein del fortrengt og oppsamla *sandselighed* som, når den slepp laus, gir seg utslag i den destruktiviteten han viser på slutten. Slik er Rosmers undertrykte *sandselighed* og følelsesliv sterkt medverkande til at dei endar i fossen.

Sjølvmorda kan òg sjåast i lys av korleis den kvinnelege kjærleiken blei framstilt i samtidas kunst: Gjennom heile 1800-talet fanst ei førestilling om at døden reinska og heilaggjorde kvinna, samstundes som ho likevel kunne vekka seksuell attrå (Dijkstra 1986, 59). Eit særleg populært motiv i siste halvdel av hundreåret var den umedvitne, meir eller mindre daude, men likevel vakre sirena, jf. dei mange avbildingane av den drukna Ophelia med opne auge og raudnande kinn, og henda flytande i vasskorpa, omgitt av blommar. Desse skildringane romma moglegheita for to forskjellige betraktarposisjonar:

One can take the male's position and experience the aggressive-sadistic sentimentality of the dominator for whose sake the woman has died, or one can opt for the passive-masochistic pleasure of self-sacrifice centred in the figure of a dead lady. (Dijkstra 1986, 51)

Desse to betraktarposisjonane passar som hand i hanske på sjølvmoda i *Rosmersholm*. Dei rommar både Rosmers plutselige sentimentalitet ved tanken på Beates sjølvmod og det aggressivt-sadistiske ønske om at Rebekka skal gå same vegen. Lysta Rosmer viser når han ser for seg kvinnene på veg ut i fossen for å tilfredsstilla han, aukar i takt med følelsen av at det er han som har makta over kvinnene og det feminine han har kjent seg trua av. Samstundes rommar betraktarposisjonen Rebekkas passiv-masochistiske sjølvopppofring i det ho gir etter for Rosmers trong. Truleg er det dette som gjer at sjølvmoda lar seg tolka som eit åndeleg, heilag og reinskande ekteskap, slik mange har gjort. Slik uttrykker sjølvmoda sentrale trekk ved samtidas kjønnsoppfatningar og det seksuelle spelerommet knytt til desse.

Dette spelerommet var slett ikkje eintydig. Kjønnsrollene var i endring, og seksualitet var samtidas store stridsemne, jf. sedskapsdebatten som raste då stykket blei skriven.²⁴⁶ Rosmers fortrenge seksualitet, som frå før av opna for ulike tolkingar, blei i denne konteksten tatt til inntekt for fleire av debattens standpunkt. Me såg at Brandes, som i likskap med fleire tolka den erotiske passiviteten som konsekvens av at han var aseksuell, hevda Ibsen her var ute med den moralistiske peikefingeren sin. Representantar for kvinnerørsla kunne derimot sjå duoen Rebekka og Rosmer som eit ideal for eit venskapeleg, seksuelt fråhaldande forhold, jf. t.d. Schjøtt's fellesmelding av *Rosmersholm* og *En Hanske*:

Sjelden, maaske aldrig er der fremstillet et skjønnere forhold end det mellem Rosmer og Rebekka, saadan som vi først får se det, det er realisasjonen af, hvordan de fleste kvinder tænker sig kjærligheden – et skjönt, rent venneforhold i fuld gjensidig tillid og fin hensynsfuldhed, i alvorligt samarbejde, i fælles tro paa et rent samliv mellem mand og kvinde [...] Der hører en Ibsensk grusomhed til for at rive denne skjønne illusion itu og vise os vrangen. (Schjøtt 1887, 780)

På sedskapsdebattens valplass blei m.a.o. Rosmer (og Ibsen) tatt til inntekt for hanske-standpunktet, dvs. at både kvinner og menn skulle vera seksuelt fråhaldne før inngått ekteskap (Bredsdorff 1974).²⁴⁷ For oss som har sedskapsdebatten meir på avstand og i staden kan retta

²⁴⁶ Utgangspunktet var prostitusjonsdebatten i 1882, der Hans Jæger tok til orde for sosialisme og fri kjærleik, noko som vekte sterke reaksjonar og blei starten på bohémrørsla. I desember 1885 hadde Jæger gitt ut *Fra Kristiania-bohemen*, og i 1886 gav Christian Krohg ut *Albertine*, som begge blei beslaglagt for usedskap. Då Garborg, som var ueinig med Bjørnsons «hanske-standpunkt», skildra hykleriet og dobbeltmoralen omkring seksualiteten i romanen *Mannfolk* (1886), mista han stillinga si i Riksrevisjonen. Frå nå av kan ein kalla det sedskapskrigen, og han kom til å rasa til langt inn på 1890-talet (Andersen 2001, 232).

²⁴⁷ Bjørnson grunn gav «hanskestandpunktet» sitt med Spencers evolusjonistiske påstand om at monogamiet var den høgste form for samliv (Andersen 2001, 232). «In a series of public lectures in Scandinavia, Bjørnson

fokuset mot dei lange linjene, representerer Rosmers seksualitet først og fremst tilbakegang. Med Rosmer var det for all tid over for slekta Rosmer på Rosmersholm.

Frå eit konservativt perspektiv kunne det tolkast negativt at den ærverdige «æt, som nu snart i et par hundrede år har siddet her som den første i distriktet» (16), ikkje skulle førast vidare.

Frå eit evolusjonistisk perspektiv var det eit uttrykk for stagnasjon og tilbakegang:

Sagen er, at Forholdet her [i den høie Kultur og Civilisation] blir et kunstigt i samme Grad som Civilisationen og Kulturen tiltager. Man ser saaledes desværre de største Afvigelser fra Formfuldendheden netop, hvor Kultur og Civilisation kan paaberaabes. Man ser Aandssløvhed raade ved siden af bestemte intellektuelle Mangler, Lyder og organiske Feil, Misforhold i Dannelse af Systemer og Organer og deraf følgende Sygdomme samt for tidlig Død ved Siden af vexlende Livsheld overalt. (Buchholz 1883, 55)

Tolkinga av sjølvmoda som ein åndeleg siger har, som sagt, ein tendens til å sjå vekk frå begjæret som i løpet av stykket blir meir og meir synleg. At Rosmer har prøvd å fortrenge det, samstundes som han har late andre få makt over seg, og lydige har bøygd seg for dei som var sterkare, kan vera medverkande til den destruktiviteten dette begjæret har, når han endeleg slepp det fri. I evolusjonsdiskursivt lys kan dette forklarast med at ei overdriven kultivering av driftslivet kan få degenerative konsekvensar, jf. at Rosmer er så engsteleg og usjølvstendig, og trekker seg unna all kamp med dei som er sterkare.²⁴⁸

Fire år tidlegare hadde Buchholz i ein lengre artikkel gjort greie for korleis Ibsen i *Gengangere* åtvare mot den sterke degenerasjonstrusselen: «Der ligger altsaa den Sandhed til Grund for Ibsens Drama, at Mennesket selv bereder Slægten nedad organisk Tilbagegang og at de kommende Slægter vil lide *uforskyldt af de svundne Generationers «Misgjerninger»*, hevda Buchholz (1882, 3). Tittel på artikkelen var «Arvelighed og Æsthetik» (1882), ein «lægevidenskabelig Betragtning om *Gengangere*» i *Ny illustreret Tidende* – jf. Halvorsens *Henrik Ibsens Liv og Forfattervirksomhed: aktmæssig fremstillet* (1889).²⁴⁹ Buchholz skreiv at Ibsen, ein av «de klareste Aander», prøver

criticized Brandes' vision of free love which in turn made Brandes furious. In this way, Spencer's anthropological research on the evolutionary development of the institution of marriage from polygamy to monogamy played an important role in the break between two of the leading freethinkers in Scandinavia» (Hermitslev 2015, 258).

²⁴⁸ Også Andreas-Salomé skriv at Rosmer har eit viljelaust sjølv (1893, 100): «Hos Rosmer er den troende Afhængighed af gammel Skik og Sæd, den paa Rosmersholm fra gammelt brugelige Føielighed overfor det engang vedtagne, bleven til en Viljesvaghed, som har hindret ham i en selvstændig Udvikling» (Andreas-Salomé 1893, 82).

²⁴⁹ «Den lægevidenskabelige Betragtning af Stykkets Problem blev nogen Tid i Forvejen belyst [af Distriktslæge Thv. Buchholz] i *Ny ill. Tid.* 1882, No. I i Stykket «Arvelighed og Æsthetik» (Halvorsen 1889, 70).

om ikke ogsaa gjennem Dramaer kan udsendes en Advarsel mod Tilbagegangen. Og man kan vistnok heller ikke finde det urimeligt, at et Drama kan blotte ligesaavel de menneskelige Svagheder, som fører til uheldige Arvelighedsforhold, som andre, der kun fører til en uheldig social Skjæbne. (Buchholz 1882, 3)

Sjøløv om Darwins evolusjonsteori har lært oss at *artstypen* ved *arvelighedslovene* «kan overskrides» «saa den hele organiske natur viser en fortsat utvikling til fremskridt i organisation fra en laveste form til den høieste – til mennesket og videre», må me vera merksame på at denne utviklinga òg kan gå motsett veg, og

Ibsen vil derfor paa den mest slaaende maade bekjendtgjøre for masserne hans sterke syn paa en endog voldsom tilbakegang [...] Darwins lære om organiske *fremskridt* ved arvelighet indeholder nemlig kun den halve sandhed. Den organiske *tilbagegang* ved arvelighet er ligesaa sikker og det er i konsekvents hermed, at ogsaa Ibsens hovedpersoner, hvis arvelighedsforhold forresten ikke kjendes, uigjenkaldelig maa gaa til grunde, – døden indtræffer for tidligt eller i den bedste alder – fordi den udartede slægt ikke længer er organiske bevægelig». (Buchholz 1883, 3)

Men i *Gengangere* skjer dette alt i første ledd, noko som ifølge Buchholz er misvisande, då degenerasjonen forplantar seg nedover i generasjonane. Det gjeld

tilbagegang i utvikling, livsevne og levetid – i åndsliv og organisation – som viser sig i sterkere grad end før eller som en ødeleggende dragsu [sic] indenfor slægterne i de menneskelige forhold» [...] *Darwin* har vistnok ogsaa søgt at vinde et bestemtere Resultat, idet han fremhæver (I «Menneskets Oprindelse») at den hele Skabning gaar stadigt fremad i Organisation fra en lavere til en høiere Art alene ved «Kvalitetsvalg», «Parringsvalg» – altsaa ved Arvelighet [...] Men hint Resultat af den nyere videnskabelige Forskning, kan ikke gjælde fuldt ud for Mennesket; thi ved Livsbetingelser vil i det følgende forstaaes *alle* de Forhold som med en vis Tvang *maa* have Indflydelse paa Organisationens Udvikling her til Tilbagegang, altsaa ogsaa Aandslivets manglende Indflydelse. (Buchholz 1883, 49)

Men etter Buchholz' artikkel endrar dette seg, og både i *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* lar Ibsen oss få innblikk i korleis slektstrekk går igjen i fleire generasjonar. At Ibsen gir dette så stor merksemd, kan verka merkeleg, viss ein ikkje er merksam på evolusjonismen i dette – jf. t.d. Bjerck Hagens kommentar om at «fortiden *har* større makt i Rosmersholm enn den hadde selv i *Gengangere*, dét er iallfall sant» (Bjerck Hagen 2015, 143).

Hvorfor i all verden har Ibsen eventuelt lagt så mange fortidshindringer i veien for sine personer? Hadde ikke halvparten vært nok? Var ikke dem han påla fru Alving mer enn tilstrekkelig? Hvorfor må han laste dobbelt så mye på Rosmer og Rebekka? (Bjerck Hagen 2015, 157)

Dei lange slektslinjene Ibsen insisterer på å få med, viser oss at hovudpersonanes psyke er prega av generasjonane som gjekk føre, og slik lar Ibsen oss forstå at det er ein samanheng mellom forfedranes tukt og disiplin og Rosmers mangel på sjølvstende og redsel for begjær.

Aandssløvhed og Mangel paa moralsk Selvretning, der foranlediger unaturlige Livsformer, samt de haarde, kuende saavel som de heldige Livsbetingelser indvirker i Slægtskifter lidt efter lidt system- og organvis efter Tilstandes og Forholdenes Natur til Individernes stadige Tilbagegang i Organisation. (Buchholz 1882, 3)

På Rosmersholm har *livsbetingelsene* vore *haarde og kuende* i mange generasjonar. Mykje tyder på at dei daude slektningane framleis har ein lammande verknad på Rosmer, som er påfallande handlingslamma og lite vital.

Rosmer synest «det er tungt. Tungt, Rebekka. Men det står ikke til mig at træffe valg. Hvorledes skulde jeg vel kunne komme ud over dette!» (53) Det hjelper ikkje kor mykje Rebekka oppfordrar han til å «leve, virke, handle. Ikke sidde her og gruble og ruge over uløselige gåder» (53). Sjølv om ho får han litt på glid, kjempar ho forgiveves mot generasjonars overmakt:

Rosmer Men nu åbner der sig for mig et liv med kamp og med uro og med stærke sindsstemninger. For jeg *vil* leve mit liv, Rebekka! Jeg lar mig ikke slå til jorden af uhyggelige muligheder. Jeg lar mig ikke foreskrive min livsgang, hverken af levende eller af – nogen anden. (53)

Rosmer skuggar unna ordet ‘døde’. Slik ser me at dei framleis har makt over han. «De henger lenge ved sine døde her på Rosmersholm», seier Rebekka på første side, før ho blir motsagt av den som best kjenner forholda: «**Madam Helseth** Jeg tror nu *det*, jeg frøken, at det er de døde som henger så længe ved Rosmersholm» (6). Slik blir det frå første stund slått fast at det er dødskreftene som dominerer på garden.

2.1.1887 skreiv Ibsen til Schrøder at Rosmer ikkje måtte spelast av Sigvard Gundersen (figur 6 under), men av «den fineste og sarteste skikkelse teateret rår over», ein som Kroll kunne «imponere og dominere»; som ein ikkje stussa over at Brendel kalla «min gutt», og som me kunne tru Rebekka hadde kjent «et vildt sansedrukkent begær» etter (B18870102HSch).

16.1.1887 argumenterte han for at Hjalmar Hammer (figur 7 under) ville passa betre som Rosmer.



Figur 6

Figur 6: Szacinski, Ludwik. (1894). *Sigvard Gundersen*. [Fotografi]. Oslo Museum. <http://www.oslobilder.no/OMU/TM.T01201a>.



Figur 7

Figur 7: [Anonym kunstnar]. (u.å.). *Hjalmar Hammer*. [Xylografi]. Oslo Museum. <http://rogalyd.no/artist/hjalmar-hammer-1846-1896>.

Som tidlegare nemnt har mange peikt på Carl Snoilsky som modellen for Rosmer, men i eit brev Ibsen skreiv til Snoilsky 14.2.1886, ser det òg ut som om Dietrichson har vore modellen, Ibsen trefte både Snoilsky og Dietrichson i Molde sommaren 1885. Slik Ibsen i brevet skildrar Dietrichson – det gjeld m.a. «*karakterens afkræftelse og elendig hensyntagen til andre menneskers domme og meninger, og den slappe naturen som ikke kan holde stand imod en daglig påvirkning av sneverhed og småsindethed*» – har han mange fellestrekk med Rosmer, som Ibsen snart skal utforma (B18860214CS). Degenerasjonsdiskursen frå skodespelet går igjen. Ein del av stykkets samtidskontekst, som truleg er like viktig som opphaldet i Molde med Snoilsky og Dietrichson, krangelen med Dietrichson og studentforeininga og diktargasje-avslaget til Kielland, er den spesielle folkehelsesituasjonen i landet, og det faktum at Noreg, pga. så mange leprasjuka, stod «overfor en medisinsk trussel ingen andre vestlige land trengte å bekymre seg over» (Godøy 2019, 87). I dei fleste vestlege landa forsvann sjukdommen i løpet av 1400-talet, men i Noreg hadde tilfella auka. Brian Downs skriv at nedarvingsdebatten var stor i Noreg på 1870-talet, pga. debatten om korleis ein skulle behandla lepra, og peiker på

at Noreg, av alle land i Europa, var sterkast angripen, og det såg ut til å auka. I 1875 hadde Noreg meir enn 2000 smitta (Downs 1946, 163).²⁵⁰

Trass i at Gerhard Armauer Hansen i 1873 oppdaga lepra-basillen og slo fast at lepra var smittsamt, ikkje arveleg, var Buchholz ein av mange som var overtydd om at lepra var eit arveleg degenerasjonsfenomen, og han gjekk hardt ut mot dei som hevda at sjukdommen var smittsam (Buchholz 1884, 9-15). Etter ein heftig og lang debatt vedtok Stortinget i 1885, same året som Ibsen var heimom, før han starta arbeidet med *Rosmersholm*, ei lov om tvangsinnlegging av alle spedalske. Sjukdommen røynde på den nasjonale sjølvkjensla:

Samme sykdom rammet svarte og hvite mennesker. Slik knyttet lepra Norge til koloniale områder som India, Madagaskar og Senegal, og det i en tid da verden ble delt mellom ukultiverte, barbariske områder i sør og siviliserte land i nord. Med tanke på hvor uhyrlig en slik kobling må ha fortonet seg for den gjengse nordmann, er den påfallende fraværende i det offentlige ordskiftet. At en del tolket det hjemlige lepraproblemet inn i en slik ramme, kan vi likevel gå ut fra. Lepraen gjorde nordmenn litt mindre hvite. Armauer Hansen var blant dem som sa det tydeligst i sin bemerkning til lepralovens utkast: «Spedalskhedens Forekomst hos os maa nærmest ansees for en Skamplet paa vort Folk». Han var «ikke i tvil om at den måtte anses for å være et «Kjendetegn paa et lavt Kulturtrin» skrev han i «Ang. Udkast til Lov om Spedalskes Afsondring og Indlæggelse i offentlig Pleie eller Helbredelsesanstalt m.V.» (1885). (Godøy 2019, 91)

Sjølv om det vanskeleg lar seg bevisa, er det svært truleg at denne leprakonteksten var med på å forsterka frykta for degenerasjon i Noreg. Notatet «Det fuldfærdige menneske» frå 1881 vitnar om at lepra-problemet opptok Ibsen: «vi tillader spedalske at gifte sig, men <...> eres afkom – ? de ufødte – ?» (Ibsen 1881d). Dette har blitt tolka som at Ibsen er tilhengar av eugenikk, noko eg skal komma tilbake til i eit seinare kapittel.²⁵¹ Ifølge Gran skreiv Ibsen dette notatet same året som

dr G.A. Hansen, efterat han hadde gjort sin epokegjørende opdagelse av leprabacillen, begyndte sitt felttog til spedalskhedens utryddelse, og agiterte for sine tvangslove som gik ut på lovfæstet isolasjon av de syke og lovfæstet forbud mot egteskap mellem dem. Lovforslaget vakte adskillig principiel debat, – motstand baade fra teologisk, juridisk og demokratisk hold; teologerne fandt lovene et formastelig menneskelig indgrep i Guds anordning, juristerne saa i disse undtagelseslove et farlig brud paa de principper som ellers behersker vor lovgivning; de demokratiske politikere betegnet dem som et uttilladelig og grusomt attentat paa den individuelle frihed, saameget desto forkasteligere, fordi det omtrent udelukkende rammet de smaa i samfundet. (Gran 1918, 105)

Isoleringa av dei spedalske hadde ønskt effekt: På 1900-talet forsvann sjukdommen gradvis, og «etter andre verdenskrig var det bare en håndfull igjen» (Godøy 2019, 91–92). Gran kalla

²⁵⁰ Ifølge SSB var det i 1856 2858 og i 1875 1752 tilfelle av leprasmitta her til lands (ssb.no).

²⁵¹ Buchholz fortel at «skotterne kastrede de Spedalske» (23).

det «en seier for den darwinistisk-biologiske forskning, en praktisk seier som enhver kunde ta og føle. Ibsen saa straks hva det gjaldt» (Gran 1918, 106).²⁵²

Denne delen av den historiske konteksten rundt Ibsens noregsbesøk i 1885 blir ofte utelaten, sjølv om han inngår i «de studier og iagttagelser, hvilke jeg [Ibsen] forrige sommer under mit opphold i Norge havde anledning til at gøre» i forkant av *Rosmersholm* (jf. tidlegare nemnde brev til Hegel (B18861002FH)). I lys av denne samtidskonteksten og periodens dominerande diskurs er det at eg kjem fram til at degenerasjon er det epitetet som best dekker alle Rosmers særeigenheter og den tilbakegangen han representerer for Rosmersholm. I skodespelets samtid blei både sterilitet, homoseksualitet og sjølv mord oppfatta som teikn på degenerasjon (Lombroso 1891, vii).²⁵³ Dei første to lar Ibsen vera ei moglegheit. At Rosmer har ein finger med i spelet i alle tre sjølv morda, treng me derimot ikkje vera i tvil om.

Beate – hysterisk?

For litt over eitt år sidan tok Beate livet sitt ved å kasta seg i møllefossen, ifølge Rosmer og Rebekka, fordi ho var sjuk. Hennar noko diffuse sjukdomsbilde, slik me blir kjent med det gjennom replikkane til Rosmer, Kroll og Rebekka, er i tråd med kvinnebildet i det seine 1800-talets over- og middelklassekultur, som var gjennomsyra av sjukdom og skrøpelegheit ofte knytt til underlivet, seksualitet og fruktbarheit (Johannisson 1996, 71). Heile fem gonger bruker Kroll *stakkers* når han omtalar søstera si (7), «vår stakkers Beate» (8), «den stakkers

²⁵² Eg ser ikkje vekk frå at samtidas kjennskap til det norske lepraproblemet har spela inn på resepsjonen av Ibsen i utlandet. Rem (2006) fortel at leiaren av *The Daily Telegraph* frå 1891, kalla *Gengangere* «en åpen kloakk, et avskyelig ubandasjert sår, en skitten handling utført i all offentlighet, eller som et spedalsksykehus med alle dører og vinduer åpne» (alle sitata i denne nota er i Rems omsetting). Og kritikaren Clement Scott hevda *Gengangere* «tydelig nok illustrerer de skadelige resultater av at Loven om smittsomme sykdommer er avvirket i Norge» (Rem 2006, 156). Debatten om Ibsen blei «relatert til moral, religion, seksualitet, dekadanse, degenerasjon, medisin og annen vitenskap» (Rem 2006, 33). Han blei framstilt som «et eksempel på 1890-tallets forfallstendenser» (Rem 2006, 32). Ifølge Rem gir det meining «å tenke seg 1800-tallsnordmannen i et postkolonialt perspektiv [...] Britiske kritikere kunne påpeke Ibsens manglende evne til å heve seg opp til 'våre vestlige standarder for korrekt språk', han manglet rett og slett den stilsans som bare kunne komme fra et fremskreden stadium av kultur og sivilisasjon» (Rem 2006, 27). Evolusjonsperspektivet er del av det koloniale perspektivet, der ulike samfunn og kulturar hierarkisk blir tillagt ulike evolusjonstrinn. Då George Egerton, ei av «nykvinnene», som på slutten av 1880-talet oppheldt seg eit par år i Noreg, debuterte med novellesamlinga *Keynotes* i 1893, skreiv tidsskriftet *The National Observer* (16.12.1893) at «det er for mye av den grove, overdrevent selvoptatte morbiditeten som mest åpenbart stammer fra det blodforgiftede Norge» i meldinga (Rem 2006, 28). Eg held det for sannsynleg at den norske lepra-konteksten bidrog til å forsterka oppfatninga av Ibsen og forfatterskapen hans som morbid og degenerert, og at denne leprakonteksten var med på å forsterka Ibsens, og mange andre nordmenns, interesse for evolusjonsvitenskapen.

²⁵³ «Degenerasjonslæren hadde blitt en integrert forståelsesmodell innenfor en rekke fagfelt over hele Europa mot slutten av 1900-tallet, fra biologi og medisin via fremvoksende vitenskaper som psykiatri og kriminalantropologi til pseudo-vitenskaper som parapsykologi og spiritisme samt ulike esoteriske og okkulte bevegelser [...] Dersom det ikke ble tilført regenerativt arvestoff, ville en slekt dø ut i løpet av tre eller fire generasjoner. De siste stadiene var de mest alvorlige, og resulterte i individer som endte slekten ved å bli sinnssyke, sterile, homoseksuelle eller begå selvmord» (Warberg 2016, 16–17).

forpinte og overspændte Beate» (36) osv.; Rosmer gjer det fire gonger: t.d. «den stakkers syge» (36), «min stakkers hustru» (47), og «den stakkers hemsøgte» (11), og to gonger kvar bruker Rebekka og madam Helseth *stakker/-s* om Beate.

Betoninga enten av det utflytende og uspesifikke eller av det utagerende og melodramatiske (vandrende livmødre, hysteri, vill seksualitet) er typiske for stilen som ble brukt når kvinnesykkeligheten ble beskrevet. Det biologiske kjønns avgjørende innflytelse på sykdom og helse var således en grunntese i århundreskiftets medisinske byggverk. Kvinnen var både mer synlig og mer utydelig enn mannen. Hun befant seg nærmere naturen og kroppen. (Johannisson 1996, 39)

Teorien om at eit utilfredsstilt seksualliv var sjukdomsframkallande, var i vinden, og Ibsen lar det ikkje vera tvil om at samlivet med Rosmer ikkje var tilfredsstillande.²⁵⁴ Me får vita at Beate hadde eit ustyrleg og vilt begjær som skremde Rosmer, samstundes som me blir fortald at ho ikkje kunne få barn, og at ho blei sjuk på sinnet.

Rosmer insisterer gjentatte gonger på at Beate var sinnsjuk, at «det var hendes egne forstyrrede hjernenerver, som jog hende ind på de vildsomme afveje» (37), og at det var derfor ho tok livet sitt, men Ibsen lar oss forstå at det ikkje stemmer:

Kroll Så sig mig da, – hvad tror du egentlig var den dybeste grund til, at Beate gik hen og endte sit liv? **Rosmer** Kan du være i tvil om det? Eller, rettere sagt, kan der spørges om grundene til det, som en uheldig, syg, utilregnelig foretar sig? **Kroll** Er du viss på, at Beate var så aldeles utilregnelig? Lægerne mente i alle fald, at det ganske ikke var så ganske afgjort. **Rosmer** Hvis lægerne nogensinde havde set hende således, som jeg så mangan gang har set hende både nætter og dage, da vilde de ikke ha' tvilet. **Kroll** Jeg tvilte heller ikke dengang. **Rosmer** Å nej, det var nok desværre umuligt at tvile, du. Jeg har jo fortalt dig om hendes ustyrliche, vilde lidenskabelighed, – som hun forlangte, jeg skulde gengælde. Å, den rædsel, hun indgød mig! Og så hendes grundløse, fortærende selvbebrejdelser i de sidste år. **Kroll** Ja, da hun havde fåt vide, at hun for hele sit liv vilde bli' børnløs. **Rosmer** Nå, tænk dig altså selv –. En sliq jagende, grufuld kval over noget ganske uforskyldt –! Og hun skulde være tilregnelig? (36)

Rosmer responderer ikkje når Kroll nemner Beates reaksjon på at ho kom til å bli verande barnlaus, og han blir irritert når Mortensgård fortel at han ikkje hadde inntrykk av at Rosmers «stakkers ulykkelige hustru» «var syg på sindet» (46–48). Madam Helseth, som har eit godt

²⁵⁴ I *Over Ævne I* (1883) «var Bjørnson opptatt av de psykologiske fortrenningsmekanismene hos kvinner, som en nettopp hadde oppdaget førte til hysteriske sykdomstilstander» (Iversen 1988, 165). Drysdale førte sjukelegeita blant kvinnene til «det kvinnelige kjønnsorgans manglende avbenyttelse [...] Drysdale, Nystrøm og den tyske kvinnelegen Anna Fischer-Dückelmann vektla også samspillet mellom seksuell frustrasjon og sykkelighet [...] Nevralgier, tannverk, genrelle smertesyndromer og en lang rekke nerve- og sinnsykdommer» (Johannisson 1996, 67–68). Det same gjaldt hysteri hos kvinnene (Iversen 1988, 158). Novella «Pyrrhussegrar» av Mathilda Malling, utgitt under pseudonymet Stella Kleve i det svenske kvinnetidsskriftet *Framåt*, tar utgangspunkt i Drysdales bok og «beskriver det tilbakeholde kvinnelige begjær som en direkte årsak til at en ung kvinne få tuberkulose» (tidsaand.u.å.b). Novellas skildringar av undertrykt seksualitet skapte så mykje oppstyr at tidsskriftet blei lagt ned (Ney, 1993).

forhold til Rebekka og trur fru Kroll er det «riktig slette mennesket» som innbilte Beate at Rebekka var gravid, er òg ueinig i at Beate var galen, trass i at det «tok svært på» Beate at ho trudde ho ikkje kunne få barn (57–59).

Gjennom dei andre sine motførestillingar lar Ibsen oss forstå at me ikkje kan stola på Rosmer og Rebekkas framstilling, som botnar i behovet for å skjula eiga rolle i Beates sjølv-mord. Og trass i at han held fram med å snakka om Beate «sin syge kærlighed» og «syge hjerne» (51), blir det etter kvart vanskeleg for Rosmer, som lett blir plaga av dårleg samvit, å oppretthalda sin «stille, glade skyldfrihed» (52). Etter konfrontasjonen med Kroll begynner han å spørja seg om ho kanskje ikkje kan ha unngått å leggja merke til relasjonen mellom han og Rebekka – «at vi læste de samme bøger. At vi søgte hinanden og talte sammen om alle de nye ting» (51).

Likevel er det mange, særleg innanfor den sympatiske lesemåten, som viser tillit til Rebekkas og Rosmers ord om Beates tilstand, m.a. Andreas-Salomé som omtalar Beates sjukdom som ‘fullstendig nerveforstyrrelse’, jf. Rosmers replikk om Beates *forstyrrede hjernenerver* (37).

Ude af Stand til at væge sig mod Rebekkas Indskydelser, pinet og martret, men alligevel uvilkaarlig følgende hende, drives Beate efterhaanden ind i en Tilstand af fuldstændig Nerveforstyrrelse. Og der med mister hun det eneste Vaaben, som hun endnu besad: sin Mands Hengivenhed. Hendes voldsomme Selvanklager, hendes lydelige Græmmelse, den næsten vilde Lidenskab, med hvilken hun klamrer sig til ham, og søger at tvinge ham til sig, virker frastødende paa hans ømfindtlige Natur, som noget plagsomt, unaturligt. (Andreas-Salomé 1893, 86)

Sjølv om me aldri får sjå Beate, kan me konstatera at ho er utforma i tråd med kjønnsførestillingar som var så utbreidde at heller ikkje Salomé tviler på Rebekkas og Rosmers framstilling. På tampen av 1800-talet meinte ein at kvinna var langt meir sårbar for sinnssjukdom enn mannen: Sidan kjønn og sjel var tettare samanvevd hos henne, blei sjukdommen meir deformerande. Darwinismens tonegivande teoriar om arv og degenerasjon skapte i tida 1870–1920 nye forteljingar om kvinneleg galskap, sjølv om emna var som før: «While the name of the symbolic female disorder may change from one historical period to the next, the gender asymmetry of the representational tradition remains constant», konkluderte Showalter i si studie av engelsk psykiatri i åra 1830–1980 (1987, 4, 17).

Rebekka og Kroll deler oppfatninga av at «stakker Beate» hadde ein svak konstitusjon både fysisk og psykisk, og trengte «så sørgelig» «til pleie og skånsom omgang» (9). Det var m.a. mykje ho ikkje tolte:

Kroll Nej, hvor De har fåt den gamle stuen pyntelig og pæn. Blomster både højt og lavt. **Rebekka** Rosmer holder så svært af at ha' friske levende blomster omkring sig. **Kroll** Det gør nok De også, tror jeg. **Rebekka** Ja. Jeg synes, de bedøver så dejligt. Før måtte vi jo nægte os den fornøjelse. **Kroll** *nikker tungt* Stakkers Beate tålte ikke duften. **Rebekka** Ikke farverne heller. Hun blev så rent fortumlet – **Kroll** Jeg husker det nok. (*i lettere tone*) Nå, hvorledes går det så her ude? (7)

Her kan blomane tolkast som eit slags bedøvande afrodisiakum Rebekka nyttar i kurtisen av Rosmer, ein hypnotiserande rekvisitt i tråd med forfattarens og samtidas interesse for hypnose og suggesjon, som det dermed kan vera fleire grunnar til at den fintmerkande Beate reagerte på.²⁵⁵ Men sjølv om det var mykje som kunne utløysa Beates «fortumling», framstiller Rebekka Beates sensitivitet som eit symptom på eit sjukeleg sinn. I tråd med dette narrativet finn Downs klare indikasjonar på det han omtalar som ein kvinneleg seksuell erethisme som hos Beate «tended to lesbianism».²⁵⁶ Ifølge Downs pregar denne tilstanden fleire av Ibsenkvinnene: I *Når vi døde vågner* gir den seg kanskje utslag i galskap, medan han meiner kvinneleg frigiditet blir antyda i *Fruen fra havet* og *Hedda Gabler*, før han konkluderer med at «it is unlikely that Krafft-Ebings *Psychopathia Sexualis* (1893) had much to teach Ibsen» (Downs 1946, 179–180). At Downs meiner Krafft-Ebing hadde lite å læra Ibsen, kan skuldast at dei alle tre (Downs inkludert) opererte innanfor den same diskursen, der kvinneleg seksualitet blei framstilt som noko unormalt, ja abnormt, ifølge Krafft-Ebing. Me ser iallfall at oppfatninga av fleire av Ibsenkvinnene er i tråd med denne diskursen, som framstilte sjukdom som del av den kvinnelege identiteten. «Litteraturen bugner av eksempler. I romaner og biografier, brev og selvbiografier, overalt finnes kvinnen som valgte sykdom som identitet» (Johannisson 1996, 261).

Bortsett frå Rosmers vitnesbyrd om Beates sjuke kjærleik og sjuke hjerne får me ikkje vidare innsikt i kva det er som gjer henne så stakkarsleg, bortsett frå at det tok svært på henne at ho trudde ho ikkje kunne få barn – noko ho truleg først fekk vita kort tid før ho tok livet sitt, via Rebekka som overtydde henne om at ho sjølv var gravid. Beate Krolls giftemål til Rosmersholm, og til ein ny kvardag som fru Rosmer, kan ikkje ha vore uproblematisk. Det

²⁵⁵ I sept. 1884 skreiv Ibsen til Suzannah at han har vore med på spiritistiske seanser i Gossensass: «I en liden afsluttet kreds har vi havt en højst ejendommelig og interessant underholdning. Frøken Schirmer fra München beskæftiger sig nemlig med spiritisme, eller hvad det skal kaldes. Hun har den evne, ved berøring af et andet individ at få dette til at udføre hvad hun vil. Her fandt hun et meget brugbart medium i en frøken v. Pfeuffer, en ung nervøs dame, og har med denne foretaget en række af de mest utrolige eksperimenter, senere også med andre; nu er hun rejst» (B18840917Sul).

²⁵⁶ 'Erethisme' ifølge NAOB: 'overfølsomhet', frå gresk: *erethismos* 'irritasjon, irritert sinnsstemning'.

var truleg inga lykkeleg husfrue som trygla om at Rebekka skulle flytta inn til dei som selskapsdame:

Rebekka De har altså rent glempt, at det var Beate, som tigged og trygled mig om at flytte her ud. **Kroll** Ja, da De havde fåt forhekset hende også. Eller kan det kaldes for venskab, det, som hun kom til at føle for Dem? Det slog over i forgudelse, – i tilbedelse. Det arted ud til, – hvad skal jeg kalde det? – til et slags desperat forelskelse. Ja, det er det rette ord. (66)

I likskap med Downs meiner Tjønneland at Kroll her antyder eit lesbisk forhold mellom Rebekka og Beate (1992, 63). Sidan det ikkje er noko anna som peiker i den retninga, les eg 'forelskelse' her i overført tyding, slik eg òg les 'forgudelse' – som uttrykk for den makta den manipulerande Rebekka får over den ulykkelege og fortvilte Beate.

Den ulykkelege og deprimerede kvinna var eit tilbakevendande tema i den kvinnelege gjennombrotslitteraturen og samsvarar, slik Dahlerup ser det, med den realistiske oppfatninga av kvinnelegheitas vilkår under eit patriarkat og eit mannssamfunn (480–1).

«Århundreskiftets leger brukte begrepet reflekssymptomer om det spekter av diffuse symptomer som ikke kunne knyttes til noen bestemt patologi, og som ble ansett som typisk for kvinnen», og ofte blei dei tilskrivne ei irritert livmor, tarm e.l. (Johannisson 1996, 255–57). Refleksar blei betrakta som dei mest regressive, opphavlege reaksjonane, meir primitive enn drift og instinkt, totalt unndregne fornuft og refleksjon.²⁵⁷

Æggestok, æg og livmoders eksistens og funktion kan ikke længere benægtes, til gengæld kan det påvises, at disse organer er kvindens biologiske centrum, og at de bestandig er syge eller sygdomsfremkaldende. Menstruasjon, graviditet og fødsel bliver funktioner, der kræver langvarige sengelejer, kurophold eller medikamenter. (Dahlerup 1983, 30–31)

Legane hadde ein tese om at kvinnaas konstitusjonelle mangel på stabilitet hang saman med menstruasjonen, som «inkarnerte de periodevise svingningene som viste at kvinnekroppen til forskjell fra mannens ikke var et stabilt organisk system» (Johannisson 1996, 111). Det var m.a.o. ingen kunst å sjukeleggjera den ulykkelege, suicidale Beate. Rosmer og Rebekka hadde ein heil legevitenskap i ryggen.

Sjølv om ikkje Ibsen lar nokon av dei andre kalla Beate hysterisk, høver ordet godt på den skildringa dei gir av henne.²⁵⁸ Mot slutten av 1800-talet var hysteri ein av ei vanlegaste diagnosane, som blei behandla med gynekologiske og kirurgiske inngrep. Med bakgrunn i

²⁵⁷ Forskinga har bevist at livet har utvikla seg frå eit refleksliv til eit driftsliv, og frå drift til instinkt, «og fra instinktet til et bevidsthedsliv», slo Ivar Flem fast i *Nyt Tidsskrift, ny Række* (1893/94).

²⁵⁸ Ibsen nytta termen om Fru R (Thea Elvsted) i eit arbeidsmanus til *Hedda Gabler* (1890): «Det nervøst-hysteriske nutidsmennesket» (NBO Ms8° 2639). «Brack forstår godt at det er det indelukkede hos H. [Hedda], hendes hysteri, som egentlig er det motiverende i hele hendes handlemåde» (Ibsen 1890).

nedarvingsteoriane betrakta ein på 1870-talet hysteri som eit degenerasjonsfenomen i kjølvatnet av den moderne sivilisasjonen. At hysteri-diskursen var så vanleg, kan ha vore medverkande til at overraskande mange ikkje reagerer på dei andre si framstilling av Beate, eller på Rosmers rolle i hennar undergang. Som Rosmer overfor Rebekka seinare innrømmer, må Beate «ha' lagt märke til, hvor lykkelig jeg begyndte at føle mig fra den tid, da *du* kom til os», dette sjølv om Rosmer synest han var «så omsorgsfuld for at skåne hende. Når jeg tænker tilbage, så synes jeg, jeg var som på mit liv for at holde hende udenfor alt vort. Eller var jeg ikke det, Rebekka?» (51). Det er ei merkeleg forståing av ordet *omsorgsfuld* Rosmer viser her. Det er ikkje til å undrast over at Beate reagerte.

Sjølv om mange har festa tillit til at ho var sjuk, meiner eg teksten opnar for å lesa Beate som den sunnaste av dei tre, med adekvate reaksjonar både på den avvisande og usjølvstendige mannen og på den psykiske terroren ho blei utsett for etter at Rebekka flytta inn. Då ho til slutt hoppa i fossen, var det ikkje fordi ho var sjuk. Overtydd om at Rebekka var gravid med Rosmers barn, veik ho plassen for den nye familien. Ho fekk heller inga hjelp då ho to gonger det siste leveåret oppsøkte bror sin «for at klage sin angst og sin fortvilelse»:

Kroll Stakker, – hun bad og trygled om, at jeg skulde tale til dig. **Rosmer** Og hvorfor gjorde du så ikke det? **Kroll** Kunde jeg dengang et øjeblik tvile på, at hun var sindsforvirret? En slig anklage imod en mand som du! Og så kom hun igen, – vel en måneds tid bagefter. Da var hun roligere at se til. Men da hun gik, sa' hun: Nu kan de snart vente den hvide hesten på Rosmersholm. **Rosmer** Ja, ja. Den hvide hesten, – den talte hun så tidt om. **Kroll** Og da jeg så prøvte at få hende bort fra de triste tanker, så svarte hun bare: Jeg har ikke så lang tid igen. For nu må Johannes straks gifte sig med Rebekka. **Rosmer** næsten *mållos* Hvad er det du siger –! Jeg gifte mig med –! **Kroll** Det var en torsdags eftermiddag. – Lørdags aften kasted hun sig fra kloppen ned i møllefossen. **Rosmer** Og du, som ikke varsled os! **Kroll** Du ved jo selv, hvor ofte hun lod ord falde om, at nu måtte hun visst snart dø. **Rosmer** Det ved jeg nok. Men alligevel; du *skulde* ha varslet os! **Kroll** Det tænkte jeg også på. Men da var det for sent. (37–38)

At Rosmer ikkje fekk med seg at det i hans eigne stover gjekk føre seg ein «kamp på båndkølen mellem Beate» og Rebekka (84), er vanskelegare å fatta. Sjølv om han heile tida blir motsagt, held Rosmer fram med å bygga opp under Rebekkas kyniske svindel, ved uheiderleg å framstilla Beate som driven av primitive, sjuke impulsar. I deira versjon blir Beate ei slags «madwoman in the attic» – 1800-talets klisjé av den gale, ville og ustyrlege kvinna, i tråd med at den arketypiske dæren i løpet av hundreåret hadde skifta kjønn frå mann til kvinne.²⁵⁹

²⁵⁹ «Romantikken kom til å opphøye det kvinnelige vanvidd nesten til kult – med Hamlets Ofelia som forbilde – en inkarnasjon av ubeherskede følelser og besjelet ekstase. Jaget, vill, voldsom, seksualisert, både et omvendt speil av viktariatidens dydige kvinne og en bekræftelse på utviklingslærens kvinneanalyse med kjønn og drift i fokus» (Johannisson 1996, 161, 163).

Rosmer [...] Så har hun altså gåt her, hun, – i sin syge kærlighed, – tiet og tiet, – passet på os, – lagt mærke til alt, og, – og mistydet alt. **Rebekka** *knuger sine hænder* Å, jeg skulde aldrig ha' kommet til Rosmersholm. **Rosmer** Å tænke sig til, hvad hun har lidt i taushed! Alt det stygge, som hun i sin syge hjerne har troet at kunne bygge op og lægge sammen om os. – Talte hun aldrig til dig om noget, som kunde bringe dig på et slags spor? **Rebekka** *ligesom opjaget* Til mig! Tror du, at jeg da var ble't her en dag længer? (51)

At Rebekka her, halvvegs uti skodespelet, framleis spinn vidare på veven av løgn og forstilling, går tydeleg fram av scenen over. Endå er her få teikn på «adling» – men nettopp denne råheita eller villskapen utstyrer henne med det største adlingspotensialet, skal det visa seg.

Rebekka – vill naturkvinne

Det er tydeleg at det var viktig for Ibsen å få fram at Rebekka står i tett samband med naturkreftene og kjem frå meir primitive forhold enn det siviliserte Rosmersholm. Sjølv om Ibsen hadde skapt viljesterke kvinnekaraktarar tidlegare, er Rebekka den første som ser ut til å vera påverka av fin-de-siècles nye, begjærstyrte femme fatale-aktige «rovdyrkvinne» – eit kvinnebilde som vaks fram i løpet av dei to siste tiåra av 1800-talet, då kvinnekampen hardna og mennene begynte å føla seg trua (Iversen 1988, 166).²⁶⁰ Parallelt kom vitskapen med stadig fleire utleggingar av den kvinnelege seksualiteten:

During an era when patriarchal culture felt itself to be under attack by its rebellious daughters, one obvious defense was to label women campaigning for access to the universities, the professions, and the vote as mentally disturbed, and of all the nervous disorders of the *fin-de-siècle*, hysteria was the most strongly identified with the feminist movement. (Showalter 1987, 145)

I kunsten blir kvinneskildringane meir fysiske, erotiske. Frå å ha vore ei åndeleg, heimleg nonne blei kvinna nå drift og materie.²⁶¹ Ifølge Dijkstra var denne vendinga del av same diskursive utviklinga (1986).

Rosmersholm opnar med ei skildring av daglegstova på garden. Rommet er prega av forfedrane og – som ei motvekt til dette – dei friske vekstane som Rebekka har henta inn og

²⁶⁰ I resepsjonskapittelet kom eg inn på at fleire meinte Rebekka var den første av eit nytt slag kvinner hos Ibsen. Sjå t.d. Bjerck Hagen 2015, 143; Gail Finney 1994, 97 og Robin Young 1989, 117, 119, 222.

²⁶¹ «Within a relatively short period of time—a decade or two at most—she now fell, in the eyes of many men, quite down to earth from her former perch in the heavens. Soon she was once again to become the very personification of mother earth [...] She was the symbol of nature, was the earth, eager to give – but also voraciously hungry» (Dijkstra 1986, 83). «Once the sexual nature of woman had been rediscovered by the scientists of the 1860s, and she therefore could no longer remain the virginal keeper of the soul, her ancient mythological associations with fertility were resurrected by artists and writers everywhere» (Dijkstra 1986, 84). Den kvinnelege seksualiteten blei «fremstilt som i utgangspunktet sterkere, farligere og mer grenseløs enn mannens, bundet til primitive utviklingsstadier av natur, drift og kaos» (Johannisson 1996, 60).

pynta opp med, og dei opne dørene og vindauga (1886, 7, 24, 77). «*Dagligstuen på Rosmersholm er pyntet med friske birkegrene og markblomster*», og det er «*en opsats med blomster og planter*» foran vinduet. Etter at me har fått vita at «*ældre og nyere portretter af prester, officerer og embedsmænd i uniform*» heng «*rundt om på væggene*», blir me fortalt at «*vinduet står åbent. Ligeså forstuedøren og den ydre husdør. Udenfor ses store gamle træer i en allé, som fører til gården. Sommeraften. Solen er nede*». Ved det opne vidaugget sit Rebekka «*og hækler på et stort hvidt uldsjal som næsten er færdigt. Af og til kikker hun spejdende ud mellem blomsterne*» (5). Den heklende Rebekka held utkikk etter Rosmer – lik ei speidande, spinnande vevkjerring – eit bilde som blir halde ved like gjennom heile stykket; i alt åtte gonger blir me opplyst om at ho heklar. Slik blir heklinga eit førevarsel og ein metafor for det farlege, «*rovdyraktige*» som ligg og lurar bak førsteinstrykket av ei kvinne som forstår å gjera det så hyggeleg rundt seg.

Bak Rebekkas venlege og hyggelege framtoning ligg sterk manipulasjon. I løpet av tilståinga hennar blir me gjort kjent med det samansette motivet ho hadde for å søka seg til Rosmersholm, og at ho har følgd ein langsiktig og brutal plan: «**Rebekka** Det er ganske sandt, at jeg engang la' mine garn ud for at vinde indpas her på Rosmersholm. For jeg mente som så, at jeg nok skulde komme til at gøre min lykke her. Enten på den ene måden eller på den anden, – skønner du» (83). Forskinga tolkar Rebekkas motiv forskjellig. Sæther meiner ho kjem til Rosmersholm fordi samtidas kjønnsroller gjer at ho treng ein mann, skal ho få realisert prosjektet sitt (1984, 4). Sæther, som gjerne vil finna ein feministisk diskurs i skodespelet, kommenterer ikkje at Rebekka til slutt avslører at ho hadde som mål å bli gift med Rosmer, og at det politiske målet ikkje var einaste grunnen for å ønska seg til Rosmersholm. Dag Østerberg går til andre ytterlegheita og hevdar at

forholdet utvikler seg slik at hun smitter ham med sin kulturradikalisme, mens han smitter henne med sin kristelige skyldbevissthet. Begge kjenner seg livsudugelige og går i fossen sammen. Det skuespillet har vel tydeligst brodd mot kulturradikalismen, siden det er Rebekka som farer med bedrag. Frigjortheten viste seg å være et påskudd for å gjøre et godt gifte. (1980, 105)

Det blir forenklande å berre vektlegga eitt av motiva. Rebekkas motiv er samansett, og på Rosmersholm ser ho moglegheita til å oppnå fleire fordelar. Trass i at ho er kunnskapsrik og ressurssterk både mentalt og sosialt, og det ikkje er nokon tvil om at det er ho som øver innverknad på Rosmer politisk og ideologisk, er det likevel han som verkar forvandlande på henne. Koht slår fast at det er «*denne utviklinga hos Rebekka, som i grunnen er hovudsaka i dramaet*», noko som «*måtte få fylgjer for den Rosmer som Ibsen hadde vilja dikte om*» (Koht

1954, 180). Sjølv om me så langt i stykket kunne fått inntrykk av at Ibsen her har skapt ei frigjort feministisk heltinne, som uomtvisteleg er langt meir oppgåande enn den mannlege hovudpersonen, blir hennar åndelege kapasitet likevel framstilt som sekundær, samanlikna med hennar meir instinktive, driftstyrte sider. Dette er i tråd med samtidas oppfatning av kvinna (Fausto-Sterling 2000, 154). Me forstår òg at den intellektuelle stimulansen kjem frå pleiefaren som Rebekka arva den progressive litteraturen av, stefaren som me etter kvart forstår ho har hatt eit seksuelt forhold til etter at mor hennar døydde, og som ifølge Kroll var hennar biologiske far (68). Slik blir det lagt langt mindre vekt på Rebekkas intellekt enn driftene hennar.

Når me ser stykka i lys av motsetnaden *natur–kultur*, som me har sett mange har gjort når det gjeld *Rosmersholm*, representerer kvinna naturen og mannen kulturen. Koht skriv at Rebekka er «det fyrste mennesket Ibsen skapte som var djupt merkt av den naturen ho var oppvaksen i»: I *Vildanden* var naturen eit levande symbol, i Rebekka ei makt i sjela – havet levde i henne (1954, 184). Brendel kallar Rebekka «min tiltrækkende havfrue» (90), og Ibsen lar henne fleire gonger nytta bilde frå havet når ho skildrar følelsane sine.²⁶² Havfruesymbolikken knyter karakteren til vasselementet, bildet på det umedvitne, følelsesdrivne, erotiske og irrasjonelle, eit motiv Ibsen vier heile sitt neste stykke, *Fruen fra havet* (1888) til. Sjølv omtalar Rebekka seg som eit havtrol: «Men jeg, – jeg vilde herefterdags bare være som et havtrol, der hang og hængmed det skib som du skal sejle frem på. Jeg må overbord» (94).²⁶³ Elementsymbolikken understrekar det primitive samstundes som det ladar karakterane med forvandlingspotensial som kan illustrerast ved at dei går frå havmenneske til jordmenneske, som er omgrepa Ibsen kjem til å nytta i *Lille Eyolf*, seks år etter at han hadde tematisert det i *Fruen fra havet* (55).

Opp igjennom tidene har naturen blitt skildra som hokjønn, det gjorde m.a. Darwin, medan han utstyrte det aktive, naturlege utvalet med hankjønn. Darwin «distinguished the gender of nature and natural selection. Nature is always ‘she’ [...] Darwin’s personification of nature as female was, of course, part of a long tradition [...] The effects of personifying nature as

²⁶² I HIS’ kommentar til ordet ‘havfrue’ kan me lesa om korleis kvinnelege vassvetter, som sidan antikken har blitt skildra som naturvesen som trua sivilisasjonen og mannen, på 1800-talet var eit ynda motiv i ei rekke operaer, ballettar, dikt, romanar og skodespel, representerte førestillinga om det reint kvinnelege og sameininga av eros–vatn–død (HIS 8k 2009, 403–404). Ibsen var ein av mange kunstnarar som deltok i sirkulasjonen av havfrue-myten (Sawaya 2021, 22).

²⁶³ Sæther skildrar det å kasta seg i vatnet som ei tilbakevending til ein uskuldstilstand, men i staden for å trekka inn evolusjonsperspektivet blir det i Sæthers psykoanalytiske lesing av *Rosmersholm* ei tilbakevending til ein pre-ødipal situasjon (1985, 46).

female are manifold» (Beer 2000, 65). Tradisjonen er lang for å kopla motsetnaden *natur–kultur* til dualismane *feminin–maskulin*, *passiv–aktiv* og *materie–ånd*. Kvinna blei assosiert med natur, kropp og det irrasjonelle, og mannen med kultur, ånd og fornuft (Showalter 1987, 3–4). Slik drar den eine dikotomien assosiasjonar frå dei andre med seg og verkar gjensidig forsterkande og sementerande.

Evolusjonslæren syntes å plassere mennesket nær dyret. Dypt inne i den blanke utviklingstroen lurte en marerittvisjon av et flytende univers hvor bare en hårfin nyanse, et biologisk slumpetreff, kunne skille det menneskelige fra det dyriske og sjelen fra den primitive kroppen. En slik farlig nærhet ble avverget ved at kvinnen sammen med barnet og villmannen ble skutt inn som en artsegen blandingsform mellom natur/drift og kultur/fornuft. I emnet kvinnen som fristerinne og vampyr – skjønn, eggende, livsfarlig – skulle angsten for kvinnen utnyttes vilt og tveegget i fin-de-siècle-kulturens kunst og litteratur. Gjennom late, lystne bilder – det Bram Dijkstra kalte *perversjonens idoler* – veller fantasiene om det kvinnelige onde frem: Den lumske, seksuelle kvinnen med ormer, fjær og lignende dyriske attributter som en mørk utfordring for den fornuftsstyrte mannen. (Johannisson 1996, 20–21)

Også Andreas-Salomé kallar Rebekkas handlingar ein ‘natur-akt’ og samanliknar dei med rovdvrets blanding av list og begjær (86):

Besidder hun end ingen Magt over sine oprørte Drifter, saa har hun dog Besindelse nok til indenfor disses Grænser at øve den Selvovervindelse, som skal til for at komme Maalet nærmere. Det er Rovdyrets naturlige List, dets bløde Pote og snedige Gebærder, naar det, fyldt af graadigt Begjær, sniger sig rundt om sit Bytte. Hvad hun gjør kan næsten lignedes med en Natur-akt og antager mer og mer Karakteren af det elementære, driftmæssige, jo længer hendes Handlinger river hende med sig. (Andreas-Salomé 1893, 86)

For å bygga ytterlegare opp under dei ville, primitive sidene ved Rebekka har Ibsen late ho komma frå Finnmark, som ein på 1800-talet tenkte låg bortanfor sivilisasjonen: «I løpet av 1800-tallet ble [det] etablert en ganske sterk teori om at nordlendingene var så primitive at de ikke kunne betraktes som helt normale nordmenn» (Knutsen 2013, 355); omgitt av så mykje sjøluft, som trengde inn i kroppen og fortjukka blodet og saftene, hadde dei utvikla ein eigen blodtype som gjorde dei avstumpa, usedelege og ufølsame for sorg og død, fortel Nils M. Knutsen, som nyttar Ibsen som eksempel på denne diskursen:

At nordlendinger faktisk ble sett på som ekstra primitive, får vi en påminnelse om i *En folkefiende* (1882) [...] I fjerde akt forteller dr Stockman at han har arbeidet som lege i en «forskrekkelig avkrok langt der nordpå», men at dette var bortkastet tid: «Det hadde vært tjenligere for de stakkars forkomne skapninger om de hadde fått en dyrlege der oppe». (2013, 355)

Synet på nordlendingane som særleg primitive, er i samsvar med samtidas raseteoriar, som baserte seg på biologisk og evolusjonistisk teori om arv og degenerasjon som m.a. florerte i den medisinske litteraturen på den tida (Showalter 1987, 108). Nord-Noreg, og særleg

Finnmark, blei forbunde med trolldom og hekseri. Dei mest omfattande hekseprosessane i Noreg utspelte seg i kystsamfunna i Aust-Finnmark (HIS 8k 2009, 269–70), og frå dette området kjem Rebekka West, med same namn som ei kvinne hengd for hekseri i 1645.²⁶⁴ Før doktor West adopterte henne, heitte ho Gamvik, som mor si, og ein kommune lengst nord i Aust-Finnmark. Gamvik (kan vera avleidd frå det samiske husværet ‘gamme’) har lydlikskap med verbet *ganda* som tyder ‘forheksa’, ‘trolla’ eller ‘mana’.²⁶⁵ Nærare blir ikkje Rebekkas tilknytning til det samiske presisert.

Det er uvanleg at Ibsen utstyrer karakterane sine med så tydeleg geografisk tilhøyrsløse som her. «Det er nordlysvildhet over hende», skreiv Elster om Rebekka i *Illustreret norsk litteraturhistorie* (1924, 391). Kroll nyttar då òg ordet *forheksa* om Rebekkas verknad på folk – først forheksa ho han, så Beate, og slik skaffa ho seg innpass på Rosmersholm:

Kroll (*dempet*) Hvem kunne ikke De forhekse, – når De la’ an på det? **Rebekka** La’ jeg an på at! **Kroll** Ja, det gjorde De. Jeg er ikke så tosset nu længer, at jeg bilder mig ind, der var nogen følelse med i spillet. De vilde simpelt hen skaffe Dem indpas på Rosmersholm. Sætte Dem fast her. Det var det, jeg skulde hjælpe Dem med. Nu ser jeg det. (66)

I eit evolusjonsperspektiv blir det dyriske, utamde og usiviliserte eit regressivt trekk som vitnar om at desse kvinnene er på eit anna utviklingsstadium enn mennene dei lever saman med. I avhandlinga *Arvelighed og moral* (1881) heldt Gjellerup «den ofte bemærkede [forbindelse] mellem kjønslyst og Grusomhed» fram som eit regressivt trekk: «Det er mer end et Billede, naar vi tale om, at ‘Rovdyret vækkes i Mennesket’, eller at ‘Vikingebloodet kommer i Kog’» (Gjellerup 1881, 128). Den rovdyraktige, primitive, erotiske, forheksande, demoniske og androgyne Rebekka rommar m.a.o. mange av dei trekka som snart skulle bli typiske for fin-de-siècle-kulturens demoniserte kvinnebilde: Den androgyne mannekvinna, vampyren og freistarinna var variasjonar over det same skremmebildet av kvinnekjønn, tett samanfiltra med seksualitet og død, og altså understøtta av fleire vitskaplege disiplinar (Johannisson 1996, 206). Slik svarar Rebekka til ein type kvinner som er portrettert av mange kunstnarar i Ibsens samtid, jf. t.d. Edvard Munchs vampyrskildringar.

Av somme blir denne kvinnetypen oppfatta som likestilt og frigjort, det gjeld m.a. Alnæs som omtalar henne som «den frigjorte, selvstendige, moderne kvinnen» (2003, 247), og Rønnings

²⁶⁴ Val av namn på hovudpersonen er truleg inspirert av den historiske Rebecca West, ei engelsk kvinne på ca. 30 år som blei hengd under dei store hekseprosessane i august 1645, kjent i Ibsens samtid gjennom boka *Witch Stories* (1861), samla og redigert av E. Lynn Linton; ifølgje Ystad «finnes det flere parallellar mellom anklagene under prosessen mot Rebecca West og handlingsforløpet i Ibsens skuespill» (HIS 8k 2009, 268–9).

²⁶⁵ «Gamme: mindre hustype med vegger av jord eller torv, tidlegare særleg brukt i samiske område» (NOB).

oppfatning av Rebekka som den emansiperte kvinne (2007, 219). Men i mine auge blir ikkje Rebekka skildra som frigjort, sjølvstendig eller moderne. Sjølv om ho har tatt til seg dei moderne ideane til doktor West, er ho bunden av fortid og lagnad: «**Rebekka** Ja, du, – *det* er jo det forfærdelige, at nu, da al livets lykke bydes mig med fulde hænder, – nu er jeg ble't slig, at min egen fortid stænger for mig» (87). I lys av den evolusjonistiske samtidskonteksten blir det klart at det ville og viljesterke som ligg bak gjennomføringa av den brutale planen om å ta livet av Beate, for sjølv å sitja som frue på Rosmersholm, ikkje er moderne frigjortheit. Det er snarare noko rått og brutalt, som i løpet av samlivet med Rosmer, «lidt efter lidt, – skønner du. Næsten umærkelig, – men så overvældende til slut» (85), gjennomgår det som Rebekka sjølv omtalar som adling, forvandling og «det store omslag» (sst.). Ved første augekast kan begjæret hennar forvekslast med frigjort vilje, men lese i lys av den evolusjonistiske konteksten står det fram som dyrisk drift, på motsett ende av utviklingsskalaen og den kultiverte og siviliserte ånds- og tankeverksemda – jf. Andreas-Salomés skildring av rovdycet Rebekka, og Strindberg som karakteriserte Rebekka som «en omedveten kannibal, som slukat den förra hustruns själ» (1887, 149). I evolusjonsteoretisk perspektiv er Rebekka ingen frigjort kvinneskikkelse, men ein representant for den refleks- og instinktstyrte kvinna som er på eit meir primitivt stadium av evolusjonen enn den kultiverte mannen.

Rosmer og Rebekka kontrasterer kvarandre på mange område. I motsetnad til Rosmer er Rebekka aktiv, dominerande og handlekraftig, trekk som i samtida blei betrakta som maskuline. I tillegg er ho utstyrt med svak moral og sterkt begjær, noko vitskapen var kommen fram til òg var utprega mannleg. Ei kvinne med slike androgyne trekk kunne oppfattast som degenerert, noko me ser eksempel på i Nordaus bok, der han omtalar Rebekka som ei av Ibsens hysteriske, nymfomane mannekvinner, *Mann-Weibern* (Nordau 1893, 170).²⁶⁶ Rebekka var så instinktiv og så heilt i sine drifters makt at Nordau hadde vanskeleg for å festa lit til at ho kunne halda seg kysk og dydig i den daglege omgangen med Rosmer, gjenstanden for flamma si (Nordau 1893, 171). Med skrekk og indignasjon reagerte Nordau på det han omtala som Ibsens hysteriske kvinneskapnader; dei likna dei degenererte kvinnene til Wagner, som trong formyndarar og eigentleg hørde heime på galehuset – «Zu ihnen

²⁶⁶ Nymfomani var ein vanleg diagnose på tampen av 1800-talet, utforma i tråd med samtidas evolusjonistisk inspirerte medisin, som såg ein sterk samanheng mellom kvinns underliv og seksualitet, og hennar psykiske og neurologiske tilstand. Ovariometri (innsnitt i eggstokk) gjekk sin sigersgong som kvinne medisinsk behandling dei siste tiåra av 1800-talet (Johannisson 1996, 194–195). Tore Rem fortel at då *The Master Builder* blei oppført i London på 1890-tallet, blei Hilde Wangel av kritiske røyster diagnostisert som nymfoman (Rem 2006, 25).

gehören Noras, Ellidas, Rebekkas, Stockmanns, Brands u.s.w.» (Nordau 1893, 266). Og Noras opprør var «et slags evangelium for hysteriet hos begge kjønn» (Nordau 1893, 379, sitert i Bondevik 2019, 291). Ifølge Nordau var Ibsen-kvinnerenes lagnader det dikteriske uttrykket for den kjønnslege forvirringa til ein degenerert forfattar, det som Krafft-Ebing kalte masochisme (Nordau 1893, 268). Ibsen gjer den moderne vitskapen til ein naturleg del av verket sitt, skreiv Robert Geyer i *Étude médico-psychologique sur le théâtre d'Ibsen* (1902), der han karakteriserte Rebekka som «mentalt degenerert med tvangstanker», i likskap med Brand, Gregers Werle, Hedvig og Eyolf; Nora, Hilde, Ellida og Rita omtala han som «mentalt degenererte med hysteri»; Rosmer og Rubek var derimot melankolske tvilarar, medan Hedda og Regine blei karakterisert som «mentalt degenererte med moralsk utilregnelighet/ idiotia» (Bondevik 2019, 302–303). Idéhistorisk er Geyer representativ for fin-de-siècles diagnostikk, tufta på «ideer om degenerasjon og samtidig en voksende tro på vitenskapelig utvikling og orden», fortel Bondevik (303).

Ibsen lar oss forstå at Rebekka endrar seg i samlivet med Rosmer. I si siste store tilståing skildrar ho utviklinga si som ein kultiveringsprosess: Frå ho først la sine «garn ud for at vinde indpas her på Rosmersholm», utvikla ho etter ei stund, «dette vilde, ubetvingelige begjær» etter Rosmer som ho mistok for å vera kjærleik, men sidan forstod berre var begjær (83). I starten er ho i stand til å gå over lik for å få det begjæret hennar er retta mot. Seinare omtalar ho det som «dette stygge, sansedrukne begær» som i løpet av samlivet med Rosmer «kom så langt, så langt bort fra mig» (85). Og etter halvanna år på Rosmersholm har begjæret blitt forvandla til kjærleik. Dette omslaget som mange, inkludert meg sjølv, har hatt vanskeleg for å forstå, viser seg å vera heilt i tråd med det evolusjonistiske synet på kjærleiken, der kjærleiksevna blei betrakta som det siviliserte produktet av ei lang utvikling. Ei utgreiing av denne ideen finn me m.a. i førelesingane Sigurd Ibsen heldt, då han i 1896 skulle vurderast for eit professorat i sosiologi.²⁶⁷ Her skildra han kjærleiken som resultatet «af en fremadskridende kultur» – kjærleiken var «en luksusplante, som ikke kan trives i de vilde samfunds ubearbejdede jordbund» (Sigurd Ibsen, sitert i Langslet 2004, 177). Inspirert av Spencers altomfattande evolusjonistiske sosiologi dreiv Sigurd med det som nærast kan kallast evolusjonistisk misjonering (Langslet 2004, 171). Han hevda bl.a. at

alt i samfunnet er i utvikling – også ordninger som folk flest tror må ha vært der så lenge mennesker har eksistert. Det gjelder ikke minst ekteskapet og familien, grunnpilarene i de borgerlige samfunn: I den form vi kjenner dem, er de sene frukter av en uendelig lang

²⁶⁷ Pappa Henrik var til stades ved alle 16 prøveførelesingane. Men Sigurd blei ikkje professor og kjende seg motarbeidd. Først i 1949 skulle UiO få sitt første professorat i sosiologi (Langslet 2004, 155).

biologisk og historisk prosess, og slett ikke ordninger som i sine grunntrekk har vært uforanderlige fra tidenes morgen. Ja, endog kjærligheten er en frukt av utvikling. (S. Ibsen sitert i Langslet 2004, 177)

Det er den enkle kjernen i hans utlegning av familielivets sosiologi, slik vi kjenner den fra en serie store artikler i 1896 og 1897, i *Dagbladet*, *Verdens Gang* og *Norske Intelligenssedler*, og fra «Det menneskelige kjønssamkvems urform», publisert i *Samtiden* 1897 [...] Man blir imponert av den overveldende stoffmengden Ibsen trekker inn, fra etnografi og antropologi, fra gamle historieskrivere, myter og sagn – og i noen artikler også fra biologi og zoologi. Alt måtte med, for at det evolusjonistiske totalperspektiv skulle bli så overbevisende som mulig. (Langslet 2004, 177–8)

Øg Nordau såg på ekteskapet som eit stort framsteg frå «dei villes lause paring» (1893, 270). Frå det perspektivet blir det klart at Rebekka i starten var så vill at ho ennå ikkje var i stand til å føla kjærleik. Men samværet med Rosmer verkar kultiverande på henne, og når ho startar utvikla kjærleik, er ho ikkje lenger omsynslaus. Då er det ikkje lenger om å gjera å bli gift med Rosmer, og til slutt er ho villig til å ofra sitt eige liv for å gi han tilbake trua på seg sjølv og kjærleiken hennar.

I siste akt er sjalet ho har hekla på, ferdig, men i motsetnad til kva ein kunne forventast av rovdyrmetaforen, er det til slutt ho sjølv som hamnar i «nettet». I kontrast til hennar tidlegare så kvikke og offensive natur er det nå ei svekt Rebekka som *hevar seg «langsomt op fra sofaen»*, før ho, med rosmersholmsk seinleik, tar *«langsomt sit sjal, slår det over hodet»* og gir etter for Rosmers ønske om at ho skal gå same veg som Beate og gi han tilbake trua på hans «evne til at adle menneskesind. Troen på menneskeindets evne til at adles» (93). Då er ho gått frå havfrue og eitt trinn opp på utviklingsskalaen.

Dei mange eksotiske primitivitetens-indikatorane Ibsen har utstyrt Rebekka West med, gjer at eg, trass i at ho er så oppegåande og kvikk, etter samtidas målestokk les henne som eit usivilisert naturbarn med moglegheit for «den største evolusjon». Dette blir ekstra tydeleg når ho blir samanlikna med og adla av Johannes Rosmer, personifikasjonen av den ærverdige herregårdens tilbakegang, det siste leddet i ein gammal, svekt og utdøyande kultur. «Rebekka har havet og Finnmarksnaturen i sitt eget vesen, som Rosmer er gjennomtrengt av herregårdens ånd» (Beyer 1978, 122). Slik representerer dei to motsette rørsler – to motsette utviklingslinjer som møtest i eit felles punkt: døden, som Kittang uttrykte det, utan å gå nærare inn på utviklingsdiskursen (2002, 211). Rebekka og Rosmer er m.a.o. kvarandre sin evolusjonsdiskursive motpol.

Affinitet, påverknad, smitte

Den innverknaden Rosmer og Rebekka har på kvarandre, er modellert gjennom naturvitenskaplege forklaringsmodellar som på tampen av 1800-talet blei brukt i forsøk på å forstå menneskeleg påverknad og endring. I stykket kjem dette bl.a. til uttrykk gjennom tankar om affinitet, adling og smitte. *Rosmersholm* tematiserer korleis menneskeleg affinitet og påverknad kan verka endrande og forvandlande og føra til nye syntesar og bindingar. Ibsen skildrar samspelet mellom to svært forskjellige menneske, som me får vita kjem frå heilt ulike forhold, har stikk motsette bakgrunnar (arv) og har hatt heilt forskjellige oppvekstvilkår (miljø). Innverknaden Rosmer og Rebekka har på kvarandre, liknar den dynamiske prosessen i Strindbergs fabel «Naturligt urval eller den fria kärleken» (20.8.1885), ein av fleire evolusjonistiske fablar Strindberg publiserte i *Politiken* i august 1885. Her skildrar han korleis klor og natron, to forskjellige kjemiske stoff, inngår ei ny kjemisk binding og blir koksalt; ein prosess han hevdar liknar ekteskapet: «Säga att den kemiska föreningen icke liknar den äktenskapliga förbindelsen, vore att göra naturen orätt» (230). Strindberg tenkte at naturens og i dette tilfellet kjemiens lover gjaldt på fleire livsområde, mennesket var jo natur, og kjemi (slik Goethe gjorde i *Die Wahlverwandtschaften* (1809)). Ibsen gav òg fleire gonger uttrykk for at han meinte ei felles lov gjaldt for heile universet, jf. t.d. talen han skal komma til å halda, eitt år etter at *Rosmersholm* kom ut, der han hevdar at *naturvidenskabens lære om evolutionen også har gyldighed med hensyn til de åndelige livsfaktorer*, og teksten «Den nyeste Tids Naturforskere» (1881).

I *Rosmersholm* blir affinitet og smitte m.a. tematisert gjennom dei ulike kulturane Rosmer og Rebekka representerer. Kontrastane mellom dei heng ifølge Kroll saman med den totalt forskjellige bakgrunnen deira:

Kroll Ætlingen af de mænd, som her ser ned på os, – han slipper nok for at rive sig løs fra det, som uafhængelig er gåt i arv fra slægt til slægt. **Rebekka** (*ser tankefuld ned for sig*) Johannes Rosmer har svært dybe røtter i slægten. Det er både visst og sandt. **Kroll** Ja, og det skulde De ta't hensyn til, ifald De havde havt hjertelag for ham. Men De kunde vel sagtens ikke ta' den slags hensyn. Deres forudsætninger er jo så himmelvidt forskellige fra hans. **Rebekka** Hvilke forudsætninger, mener De? **Kroll** Jeg mener forudsætningerne i udspringet. I oprindelsen, frøken West. **Rebekka** Nå så. Ja, det er ganske sandt, – jeg er gåt ud fra meget ringe forhold. Men alligevel – **Kroll** Det er ikke stand og stilling, jeg siger til. Jeg tænker på de moralske forudsætninger. **Rebekka** Forudsætninger Kroll–? For hvad? **Kroll** For at De overhovedet blev til. **Rebekka** Hvad er det, De siger! **Kroll** Jeg siger det jo kun, fordi det forklarer hele Deres adfærd. (67)

Kroll er determinist og påstår at Rebekkas bakgrunn har forma heile åtferda hennar. Det og instinkta hennar gir han som forklaring på korfor Rebekka pleidde doktor West til han

døydde: «**Kroll** Hvad De gjorde for ham, udleder jeg af et uvilkårligt datterlig instinkt. Hele Deres færd for resten holder jeg for et udslag af Deres oprindelse» (68). Ferguson reagerer på at Kroll, som hudflettar Rosmer for fråfallet hans, sjølv tar i bruk «darwinistiske arvelighetsteorier for å forklare og fordømme Rebekkas adferd» (Ferguson 1996, 337). Men dette treng ikkje vera ein glipp frå Ibsens side. Sjølv om kristen-konservative Kroll heilt sikkert tok avstand frå darwinismens menneskesyn, var nedarvingsteoriar eldre enn som så. Ein finn liknande tankar allereie i Det gamle testamentet, og nemnast må òg Darwins forløparar Lamarck og hans landsmann, Prosper Lucas (1808–1885), den franske legen bak *Traité philosophique et physiologique de l'hérédité naturelle*, på engelsk: *Philosophical and Physiological Treatise on Natural Heredity*, som kom i to bind i høvesvis 1847 og 1850, av Darwin skildra som «the fullest and the best on this subject» (1859). Ifølge Nordau, som hevda nedarving er «kjepphesten Ibsen rir i alle stykka sine», og at Ibsen leier alt negativt tilbake til arv, er Lucas den einaste kjelda Ibsen nyttar når det gjeld dette emnet (Nordau 1893, 172, 175).

På Rebekkas påstand om at «min fars navn var Gamvik, herr rektor», responderer Kroll med å seia at «Deres mors bestilling måtte tidt og jævnt bringe hende sammen med distriktslægen» (68). I forskningstradisjonen blir mor til Rebekka stort sett alltid omtala som jordmor (t.d. av Sæther 1985, 41), trass i at det finst tekstelement som peiker i retning av at ho var prostituert. Det blir m.a. vektlagt at Rebekka kom frå «meget ringe forhold», slik det står i sitatet ovanfor, der Kroll insisterer på at forutsetningane hennar var så dårlege at det forklarar heile oppførselen hennar, inklusiv hennar mangel på moral. Sannsynlegvis ville ikkje hennar «stand og stilling» vore like elendig viss mora var jordmor, og truleg hadde ikkje grunnlaget for Krolls fordømming av Rebekkas opphav vore like brutalt. Eg har inntrykk av at Nordau tolkar Krolls ytringar i same retning som meg, sjølv om han får ta nymfomani-karakteristikken på eiga kappe, der han skriv at «in *Rosmersholm* wird Rebekkas Nymphomanie daraus erklärt, dass sie die uneheliche Tochter einer sittlich anfechtbaren Lappin ist» (1893, 173).²⁶⁸

Kroll tar ikkje høgde for noko endringspotensial. Likevel hevdar han at «hele egnen har ta't sit præg fra Rosmersholm» (40). Her får han støtte frå madam Helseth, som meiner dette har skjedd via smitte, noko som får ei ekstra tyding når ein les det i lys av evolusjonsdiskursen. Madam Helseth fortel at små born ikkje skrik på Rosmersholm: «Nej. Her på gården har de

²⁶⁸ I mi omsetting: «I *Rosmersholm* blir Rebekkas nymfomani forklart ved at ho er den uekte dottera av ein moralsk tvilsam lapp (kvinneleg)». ('Lapp': utdatert og nedsetjande nemning for same, NOB).

små barn aldrig brugt at skringe, så længe folk kan mindes». Og når dei blir større, ler dei heller ikkje: «Lér aldrig, så længe de lever».

Rebekka Det vilde da være besynderligt – **Madam Helseth** Har frøkenen nogen eneste gang hørt eller set pastoren lé? **Rebekka** Nej, – når jeg tænker mig om, så tror jeg næsten, De har ret. Menneskene lé nu i det hele ikke meget her på disse kanter, synes jeg. **Madam Helseth** De gjør ikke det. Det begynte på Rosmersholm, siger folk. Og så har det vel bredt sig ud, som et slags smitte, det også, kan jeg tro. **Rebekka** De er en dybsindig kone, De, madam Helseth. (59)

Korleis skal ein forklara at følelseskulda har spreidd seg frå Rosmersholm til området rundt? Ibsen lar madam Helseth ty til medisinsk diskurs. Ho kallar det smitte. Men kva for slags smitte er det snakk om? Smitte kjem utanfrå, i motsetnad til arv (og forvandling). Stykket er skrivne i 1885–6, på eit tidspunkt der smitte stod høgt på dagsorden, særleg i Noreg. Som me har sett, nytta smittelegen Lochmann ordet ikkje berre om fysisk patologi, men òg om sosiale og kulturelle forhold, og Armauer Hansen hadde nettopp funne ut at lepra er smittsamt, ikkje arveleg (jf. kapittelet «Litteratur og vitskap»).

Inspirert av madam Helseths smitte-simile bruker Rebekka i fjerde akt verbet *smitte* om innverknaden Rosmer har på henne, og sidan Ibsen etter hennar smitte-bilde lét Rebekka rosa Madam Helseth for å vera ei djupsindig kone, forsterkar det inntrykket av at Rebekkas bruk av *smitte* er bokstaveleg meint:

Rosmer Hvorledes forklarer du hvad der er skjed med dig? **Rebekka** Det er Rosmer-slægtens livssyn, – eller *dit* livssyn i alle fald, – som har smittet min vilje. **Rosmer** Smittet? **Rebekka** Og gjort den syg. Trælbundet den under love, som før ikke galdt for mig. Du, – samlivet med dig, – har adlet mit sind –. **Rosmer** Å, turde jeg så sandt tro det! **Rebekka** Du kan trygt tro det. Det rosmerske livvsyn adler. Men – (*ryster på hodet.*) – men, – men – **Rosmer** Men? Nu? **Rebekka** – men det dræber lykken, du. (85–6)²⁶⁹

Det viser seg at madam Helseth ikkje var åleine om å betrakta den menneskelege dynamikken i lys av samtidas naturvitskap. I boka *Contagionism and Contagious Diseases: Medicine and Literature 1880–1933* (2013) fortel George Rousseau at ein i tida då *Rosmersholm* blei skriven, såg på denne type psykisk smitte som noko heilt reelt, og ikkje berre eit språkleg bilde:

One other crucial development after Darwin's *Origin* – the doctrine of psychic contagion – influenced the formation of the contagious sodomite. It occurred through the rise of suggestion psychology in the 1870s, and peaked during the last two decades of the nineteenth century. Suggestion as a means of influencing other persons had been ingrained in folk psychology for

²⁶⁹ Ifølge Tjønneland er det ordet smitte som «smitter over på Rebekkas replikker [...] Det at ordet smitte her selv er et uttrykk for smitte, er det uerkjente problem som gjør frigjøringen så vanskelig. Denne imitasjonen av Madam Helseth er det motsatte av en metaforisk overføring» (1992, 72). Tjønneland overser her Rebekkas anerkjenning av Helseths bruk av 'smitte', som markerer at Rebekka bruker ordet bevisst, og ikkje som uerkjent imitasjon.

centuries; the difference now, in the 1870s, was its medicalization and pathologization. All sorts of doctors, especially the new psychiatrists, then turned away from other research to study its operations: Charcot i Paris, Ambroise-Auguste Liébeault and Hippolyte Bernheim in Nancy, Albert Moll in Germany, Vladimir Bekhterev in Russia, and others. Bekhterev brilliantly summed up suggestion in a single sentence in his book translated into English as *Suggestion and its Role in Social Life* (1897): «Suggestion is [...] one of the ways of exerting influence of one person over another even under conditions of ordinary life». (Rousseau 2013, 53)

I tråd med den nye vitenskapen tenkte ein at ikkje berre kroppen, men òg psyken kunne utsettast for smitte og infeksjon gjennom psykiske mikrobar, som ein var sikre på fanst, sjølv om ein ennå ikkje hadde moglegheit for å sjå dei. Den type suggesjon som Bekhterev omtala, kan passa på den påverknaden Rebekka og Rosmer har på kvarandre, slik han òg kan passa på den gjensidige påverknaden me ser mellom Halvard Solness og Hilde Wangel (og kanskje Solness' oppleving av at han har hjelparar som oppfyller ønska hans).

Discussions of «suggestion» usually occurred within contexts of hypnosis – another budding development in those two decades – and sought to explain how «psychic contact» developed. [...] The language invoked almost always depicted the «influenced person» as somehow infected or poisoned by the influence of the other [...] No one had ever seen «psychic microbes» with the naked eye or with the assistance of microscopes, but the psychiatrists doubted not their existence. The *contagium psychicum* was specifically conceptualized as infection polluting body and mind. It was particularly effective through the pathway of sexual suggestion and rarely opposed by patients, as imaginative writers of the time continued to maintain. Psychic contagium had a social power, they thought, because the depressed contingent wished to belong more than they realized. (sst., 54)

Er det slik ein kan forklara Rosmers verknad på Rebekka, som eit *contagium psychicum*, den som *knekk viljen* – men som samstundes *adlar sinnet*?

Det er ikkje så lett å gjennomskoda nøyaktig korleis dette går føre seg, men me ser at Ibsen ikkje var åleine om slike idear. Tvert imot høyrde dei til den vitenskapsinspirerte utforskinga av mennesket, som Ibsens forfatterskap er ein sentral del av.

Psychic contact (*contagium psychicum*) [...] which causes a psychic infection, whose microbes, although invisible with the microscope, nevertheless function here, there and everywhere, similarly to physical microbes, and are transferred through words, gestures, and movements of surrounding people, through books, newspapers, etc. in a word, wherever we are in the surrounding society, we are exposed to the action of psychic microbes and therefore we are in danger of being psychically, and contagiously infected. (Bekhterev 1995, 1, sitert i Rütten og King 2013, 54)

I tillegg til at ein trudde dei psykiske mikrobane var noko heilt reelt, som fanst over alt i samfunnet, var dette eit ypparleg grunnlag for litterære metaforar: «Microbes and human subjects seem linked in a normative, political way that forms the ‘horizon of understanding’ for contemporaries and provides a perfect metaphorical setting for literary adaptations» (sst.

8–9). Og Ibsen var, som så ofte elles, forut for si tid: Ifølge Marianne Hänseler kjempar Thomas Stockmann mot

contagious typhoid microbes and contagious political corruption, this protagonist himself is infected with unethical ideas and gradually turns into a microbelike political radical who spreads anarchy. When he argues against parasite-like politicians, he uses the same rhetoric of exterminism as for the fight against bacilli, claiming that «all men who live upon a lie ought to be exterminated like vermin.» [...] It is, however, remarkable that Ibsen uses the language of exterminism to create an analogy between the hunting of parasites and humans even earlier than medical bacteriology; the later focusses on eradication and extermination only around 1890. (Hänseler 2009, 126–129, sitert i Rütten og King 2013, 9)

Som tidlegare vist tilbyr vitskapen nye innfallsvinklar til skildringa av dynamikken i menneskelege relasjonar, og i *Rosmersholm* lét Ibsen seg m.a. inspirera av bakteriologien. Tidlegare forskning har slått fast at det er mystiske element i diktinga hans, utan at eg har sett nærare skildringar av desse.²⁷⁰ Den verknaden fleire av karakterane har på den veike Rosmer, er så inngripande at den nesten verkar overnaturlig, jf. Wirsén som i meldinga meinte både Rosmer og Rebekka blei dratt «af hemlig magnetism». Rebekkas langsamheit i det ho gir etter for Rosmers press, kan lesast på liknande vis. Ibsen hadde sjølv eit eksemplar av Willy Reichels *Der Magnetismus und seine Phänomene* (1892), som han hadde notert i (Ibsen 1892).

Hos Rosmer er likevel den svekte personlegdomen, som lar seg forma som voks av dei dominerande motspelarane sine, eit relativt stabilt trekk ved personlegdommen, som innanfor mangfaldet av menneskeleg oppførsel verken treng vera mystisk eller overnaturlig. Eg har tidlegare vore inne på den suggererande effekten Brendel har på Rosmer. Ein liknande verknad kan me observera at Rebekka har, t.d. på slutten av andre akt når ho står bak Rosmer som sit nedtrykt og synest det er tungt:

Tungt, Rebekka. Men det står ikke til mig at træffe valg. Hvorledes skulde jeg vel kunne komme ud over dette! **Rebekka** *bag stolen* Ved at skabe dig nye forhold. **Rosmer** *studser, ser op* Nye forhold! **Rebekka** Ja, nye forhold til verden udenfor. Leve, virke, handle. Ikke sidde her og gruble og ruge over uløselige gåder. **Rosmer** *rejser sig* Nye forhold? (*går henover gulvet, standser ved døren og kommer så tilbage*) (53)

Her er det Rebekka som på magisk vis stimulerer Rosmers vilje slik at han i løpet av mindre enn ei side seinare vandrar rundt og forkynner at «nu åbner der sig for mig et liv med kamp og med uro og med stærke sindsstemninger. For jeg *vil* leve mit liv, Rebekka! Jeg lar mig ikke slå til jorden af uhyggelige muligheder» (53). Men Rebekkas verknad på Rosmer blir aldri

²⁷⁰ Sjå t.d. Figueiredo 2007, 350; Ferguson 2006, 346; Sæther 2008, 324 og Hessen og Lie 2002, 208.

kalla adling eller forvandling. Den slags dannande påverknad går av ein eller annan grunn berre frå Rosmer til Rebekka, men aldri motsett veg.

Rebekka fortel at ho på Rosmersholm kom inn under ei framand lov som har *knækket* henne *sønder og sammen* fordi *det vilde, ubetvingelige begjær* etter Rosmer førte til at ho mista motet og viljen (81). I stykket framstår viljen og sinnet (òg kalla ‘tanke, medvit, ånd’) som motsette krefter, som går på bekostning av kvarandre, der viljen er skitten og mindre verdig enn sinnet: Rosmer vil «gøre alle mennesker i landet til adelsmennesker» «ved at frigøre sindene og luttre viljerne» (26). Sinnet kan m.a.o. frigjerast viss viljen blir reinska/foredla. Seinare fortel ho at Rosmer-slektas livssyn har smitta viljen hennar og gjort han sjuk og «trellbunden», samstundes som det har adla sinnet hennar gjennom at ho fekk ta del i alle tankane hans. Med evolusjonens dynamikk, «Lidt efter lidt, – skønner du. Næsten umærkelig, – men så overvældende til slut. Lige til bunden af mit sind», gjekk «det store omslag for sig», og «så kom der kærlighed op i mig. Den store, forsagende kærlighed, –» (85). Det er Rosmers åndelege påverknad som forvandler Rebekka slik at «rovdyret» i henne gjennomgår ein humaniseringsprosess, eller evolusjon, som Krog kalla det. I stykket går dette under metaforen ‘adla’, som er den viktigaste påverknadsmetaforen i stykket.

Men kva er det rosmerske livssyn? Ein streng kristendom med fokus på skuld og samvit? Rosmer er jo ikkje lenger truande, men verdiar og haldningar endrar seg ikkje like raskt som ein tileignar seg ny innsikt. Dette var noko Ibsen sjølv kom inn på då han svarte ein elev, som på vegne av eit samtalelag ved Aars og Voss’ vidaregåande skule i Kristiania hadde bede Ibsen forklara kva stykket handlar om:

Kravet på arbejde går ganske visst igennem «Rosmersholm». Men foruden dette handler stykket om den kamp, som ethvert alvorligt menneske har at bestå med sig selv for at bringe sin livsfølelse i samklang med sin erkendelse. De forskjellige aandsfunktioner udvikler sig nemlig ikke jevnst og ikke ligelig i et og samme individ. Tilegnelsesdriften jager fremad fra vinding til vinding. Moralbevidstheden, «samvittigheden», er derimod meget konservativ. Den har sine dybe rødder i traditionerne og i det fortidige overhovedet. Heraf kommer den individuelle konflikt. Men først og fremst er stykket naturligvis en digtning om mennesker og om menneskeskæbner. Med min beste hilsen til hver især af samtalelagets medlemmer tegner jeg mig. Deres særdeles forbundne Henrik Ibsen. (B18870213BK)

Svaret har fungert som ei rettesnor for mange, og det stør opp under mi eiga lesing av Rosmer og Rebekka som representantar for to motsette haldningar.²⁷¹ Rebekka er den personifiserte *tilegnelsesdriften*, som i HIS blir definert som «trangen til å skaffe seg egen vinning; det å

²⁷¹ Både Hemmer (1991, 181) og Bull, som eg tidlegare var inne på, viser til dette svaret (HU X, 337) – «en genganger i *Rosmersholm*-resepsjonen» (Tjønneland 1992, 77).

gjøre til sin eiendom, ta i sin besittelse» – begjæret – som «jager fremad fra vinding til vinding», og vil ta Rosmer i *sin besittelse*. På den andre sida representerer Rosmer den konservative *moralbevisstheten* med «sine dybe rødder i traditionerne og i det fortidige overhovedet». ²⁷² Men i samlivet påverkar dei kvarandre: Rebekkas tileigningsdrift smittar over på Rosmer, og med adlinga aukar Rebekkas moralmedvit.

Førestillinga om kjønna som to diametrale motsetningar, som er med på å prega kulturhistorias utvikling, stod sentralt i samtida. For Brandes, t.d., som i *Emigrantlitteraturen* hadde etterlyst «en nærmere undersøgelse af den kvindelige Aands Eiendommelighed til Forskjel fra den mandlige», var «forholdet mellem mandlighed og kvindelighed et centralt fænomen i det modsætningsforløb mellem realitetsprincip og lystprincip, som for ham bærer historien» (Dahlerup 1983, 74). Brandes, som knytte realitetsprinsippet til det mannlege, og lystprinsippet til det kvinnelege, skreiv om Mme de Staëls produksjon at «den falder ligesom i to Dele, en mandlig og en kvindelig Virksomhed, den filosofiske og den digteriske, Ideerne og Følelserne. En særegen Inderlighed i Følelsens Behandling røber overalt, at Forfatteren er en Kvinde» (1872, 190). Når eit realitetsprinsipp var utlevd, så måtte fornyinga, ifølge Brandes komma frå lystprinsippet, «enten i form af en indre lovmæssighed eller i form af historiske agenter fra lystprinsippetets side, dvs. *fra kvinderne eller folket*» (Dahlerup 1983, 75). Dette liknar på Ibsens tanke om at kvinnene og arbeidarane skulle stå for eit fornyande adeleg element, som han gav uttrykk for i talen til arbeidaranes fanetog i Trondheim i 1885. Både Rebekka og, som me seinare skal sjå, Rita står for det me kan kalla eit slags lystprinsipp, og dei har ein fornyande verknad på høvesvis Rosmer og Alfred.

Det er ein etymologisk samanheng mellom ‘adel’ og ‘edel’, eit hyppig brukt adjektiv i resepsjonens skildring av Rosmer. Alnæs peiker på at Rosmer aldri utdjupar kva han legg i det å adla sinna, og at dette har blitt tolka svært ulikt, alt frå å vera eit politisk-kulturelt handlings- og dannelsingsprogram (Østerud 1982, 4) til seksuelt fråhald (Engelstad 1992, 160, 165, sitert i Alnæs 2003, 224 og Haugan 2014, 381). Tjønneland er av den oppfatninga at «gladelig eller adelig, forestillingene som disse ordene vekker innenfor rammene av stykket forblir like tomme» (Tjønneland 1992, 70). I den sympatiske resepsjonen gir mange uttrykk

²⁷² Både Ibsen og Garborg (i meldinga av *En folkefiende* i *Nyt Tidsskrift* 1882) hadde tidlegare vore inne på at samvitet og «moraliteten» er meir konservativt enn tanken og «bevidsthedslivet», fordi det har djupare røter i tradisjon og fortid. Dette var òg Spencer og Nordau opptatt av: «Es ist merkwürdig, zu sehen», sagt Herbert Spencer, «wie sehr die Menschen gewöhnlich den Lehren, die sie dem Namen nach verworfen haben, tatsächlich ergeben bleiben, indem sie ihr Wesen bewahren, nachdem sie ihre Form aufgeben» (Spencer 1892, 117, sitert i Nordau 1893, 183).

for at Rosmer adlar Rebekka, utan å presisera kva dei legg i omgrepet: Ifølge Schjøtt blir Rebekka adla ved at ho tar opp i seg Rosmers *ædlere natur* (781), og om *Lille Eyolf* skreiv Collin at sorga «virkelig adlet» Rita (1895). Rita påstår jo sjølv at sorga forvandla henne, så Collin nyttar det truleg som eit synonym for forvandla, slik me såg at Rebekka òg gjorde. Men medan ei forvandling kan få ulike utslag, har ‘adla’ ein tydeleg positiv valør. Gina Krog omtalar dr. Wangel (i *Fruen fra havet*) som «den helt adlede», *saa færdig i sindets udvikling* (Krog 1889, 21) noko som tydeleggjer det evolusjonistiske innhaldet i metaforen. Adlinga er ei utvikling av sinnet – eit mentalt, sjeleleg og moralsk sprang oppover og framover i utviklingsspennet mellom primitivt dyr og åndeleg menneske. I samtidsdiskursen ser tematiseringa av dette spranget oppover på evolusjonsstigen likevel først og fremst ut til å gjelda kvinnene og arbeidarane.²⁷³ Den gamle adelen som Rosmer representerer, var derimot kommen så langt i adlingsprosessen at han er trua av tilbakegang og treng *fornyelse fra lystprinsippet*, for å seia det med Brandes.

På siste sida i den første utgåva av *On the Origin* nyttar Darwin adjektivet ‘ennoble’, som på norsk tyder ‘adla’ eller ‘foredle’, om evolusjonen: «When I view all beings not as special creations, but as the lineal descendants of some few beings which lived long before the first bed of Silurian system was deposited, they seem to me to become ennobled» (Darwin 1859, 489). J.P. Jacobsen omsette det med ‘at blive ædlere’ (1893, 122). I den tyske omsettinga nyttar H.G. Bronn ‘veredel*’ 18 gonger (1860). Ein sjekk på Nasjonalbiblioteket sin N-gramlesar viser ein utstrekt bruk av ‘ædel’ i tidsrommet 1875–1925, medan ‘adel’ og ‘adle’, som jamt over er hyppigare brukt, har ei stigning frå 1860 og ein nedgang på slutten av 1890-talet. Bruken av ordet ‘adel’ er størst i tidsrommet då darwinismen har si blomstring. I den første norske omsettinga av førsteutgåva, som først kom 129 år seinare, i 1998, har Knut Johansen valt å omsetta ‘to become ennobled’ med ‘å stige i verdighet’. På liknande vis blir adjektivet ‘aristokratisk’ brukt som ein metafor for det kultiverte, det som var kommen langt i utvikling, ja, kanskje for langt.²⁷⁴ Eit søk på ‘adle’ i HIS, viser at Ibsen brukte det seks gonger, fire av dei i *Rosmersholm*. Elles brukte han det i eit langt brev til Brandes, feb. 1871, som inneheld

²⁷³ «Demokratiets livsbetingende Opgave er at aristokratisere sig», skreiv Ibsen i eit album til Forfatterenes Høstmesse (1895).

²⁷⁴ I skildringa av frøken Falk og frøken Baumann i Lies *Adam Schrader* (1879): «den ene aristokratisk regelmessig og formskjøn; den anden med sin kraftige, livlige skikkelse tilhørende nutidens genre, der giver det sjælelige udtryk ud af det uregelmæssige» (Lie 1879, 122).

fleire eksplisitt evolusjonistiske ytringar, og der Ibsen omtalar jødane som «menneskeslægtens adel».²⁷⁵

Rosmers draum om å adla andre, liknar Ibsens ønske om å bidra til folkets utvikling, til «en åndelig frigørelses- og renselses-prosess» (B18800616LP) som ville få det til å tenka stort, og løfta det eit par trinn opp på evolusjonsstigen – jf. talen til Kvindeforeningen i 1898, der han sa han ville «hæve Folket videre» etter at mødrene hadde skapt «en bevidst Følelse av *Kultur og Disciplin*» i borna.²⁷⁶ Han omtala forfattargjerninga som eit kall, og gav uttrykk for at litteratur kunne ha ein «særleg Mission for Verdensudviklingen» (B18650128BB, B18660602GS, B18710227CCH). I talen til arbeidaranes fanetog i Trondheim 1885, kort tid før han skreiv *Rosmersholm*, fortalte han at han «hele mit Liv, alt hvad jeg kan» *vil og skal virke for* «omformning av samfundsforholdene», gjennom *karakterens, viljens og sindets adel* som «vil komme til os med vore Kvinder og med vore Arbejdere»:

Her er altsaa endnu meget at gjøre, før vi kan siges at have naaet frem til virkelig Frihed. Men jeg frygter for at vort *nuværende* Demokrati ikke vil magte at løse de Opgaver. Der maa komme et *adeligt* Element ind i vort Statsliv, i vor Styrelse, i vor Repræsentation og i vor Presse. Jeg tænker naturligvis ikke paa *Fødselens Adel* og heller ikke paa *Pengenes*, ikke paa *Kundskabens Adel* og ikke en Gang paa *Evnernes* eller paa *Begavelsens*. Men jeg tænker paa *Karakterens Adel*, paa *Viljens* og paa *Sindets Adel*. Den alene er det, som kan frigjøre os. Dette Adelskap, som jeg haaber, at vort Folk maa forlenes med, det vil komme til os fra to Kanter. Det vil komme til os fra to Grupper, som endnu ikke har taget nogen ubodelig Skade under Partitrykket. Det vil komme til os med vore Kvinder og med vore Arbejdere. Den Omformning af Samfundsforholdene, som nu forberedes ude i Europa, den beskjæftiger sig væsentlig med Arbejderens og med Kvindens fremtidige Stilling. Den er det, jeg haaber paa og venter paa, og den vil jeg virke for og skal jeg virke for hele mit Liv, alt hvad jeg kan. Det er med disse faa Ord, at jeg vil tillade mig at frembære min hjerteligste Tak for al den Ære og Glæde, som Trondhjems Arbejderforening iaften har beredt mig. Og idet jeg frembærer min Tak, udbringer jeg et Leve for Arbejderstanden og for dens Fremtid. (P18850614Arb_Dagbl)

²⁷⁵ Han skriv m.a. at «staten har sin rod i tiden; den vil få sin top i tiden. Der vil falde større ting end den; al religion vil falde. Hverken moralbegreberne eller kunstformerne har nogen evighed for sig. Hvor meget er vi igrunden forpligtet til at holde fast ved? Hvem borger mig for at ikke 2 og 2 er fem oppe på Jupiter?» (sst.) «Staten er individets forbandelse. Hvormed er Preussens stats-styrke købt? Med individernes opgåen i det politiske og geografiske begreb. Kellneren er den bedste soldat. Og på den anden side Jødefolket, menneskeslægtens adel. Hvorved har det bevaret sig i isolation, i poesi, trods al råhed udenfra? Derved at det ikke har havt nogen stat at trækkes med. Var det forblevet i Palæstina, vilde det for længe siden være gået under i sin konstruktion, ligesom alle andre folk. Staten må væk!» (B18710217GB).

²⁷⁶ Sommaren 1880 skreiv Ibsen til den tyske omsettaren Ludwig Passarge: «Alt, hvad jeg har digtet, hænger på det nøjeste sammen med hvad jeg har gennemlevet omend ikke oplevet; hver ny digtning har for mig selv havt det øjemed at tjene som en åndelig frigørelses- og renselses-prosess; thi man står aldrig ganske uden medansvarlighed og medskyldighed i det samfund man tilhører» (B18800616LP).

Rønning viser òg til denne talen som, på linje med *Gift* (1883) og *Familien på Gilje* (1883), var uttrykk for det han omtalar som det kulturradikale temaet «forestillingen om kvinnen som bærer av friheten, som den nye adel» (2007, 31):

Holdningen til kvinnene og arbeiderklassen var i tråd med synet på de «usiviliserte» folkeslag som de edle ville, som var ubesudlet av sivilisasjonen. Slutten av *En folkefiende* (1882) der doktor Stockmann drømmer om å skape en skole for de mest rampete gategutter som han betrakter som bærere av en annen form for innsikt, er et uttrykk for en slik holdning (sst.)

Rønning får det til å høyrast ut som at kvinnene og arbeidarane, «de edle ville», alt var adla, og den metaforiske bruken av ‘adla’, har han inga god forklaring på:

Det er for øvrig karakteristisk at det innanfor kulturradikale kretser var en tendens til å gripe til metaforer fra et forgangent aristokratisk samfunn, når man skulle betegne håpene for framtiden. På den ene side skuet man fram mot et frihetens idealrike, på den annen side drømte man seg tilbake til en tilstand som eksisterte før de moderne sosiale konflikter kom inn i verden. Man kan tale om en slags regressiv utopi. (sst.)

I lys av evolusjonsdiskursen uttrykker adlingsmetaforen derimot ikkje *en slags regressiv utopi*, slik Rønning skriv, men ideen om at det primitive ein gong i framtida kan bli foredla. Og det er den ideen som ligg bak forvandlingstematikken som utspelar seg i utviklinga av dei kvinnelege hovudkarakterane, i både *Rosmersholm*, *Fruen fra havet* og *Lille Eyolf*.

Kampen for tilværet

«Man is the rival of other men; he delights in competition, and this leads to ambition which passes too easily into selfishness. These latter qualities seem to be his natural and unfortunate birthright» (Darwin 1871, II, 311). Denne karakteristikken, som ser ut til å passa på dei fleste av Ibsens mannlege karakterar, gjeld òg for den mjuke og passive Rosmer, i alle fall når me, i lys av den vitkapsdiskursive konteksten, går han nærare etter i saumane. Då ser me at Ibsen framstiller stykkets konflikthar som ein evolusjonistisk «kamp for tilværet» – eit aspekt som òg Krog framhevar i meldinga si: «At det sterke maa seire, og det svage gaa under, det er en tilværelsens lov, vi ikke kommer bort fra» (Krog 1887, 28).

Strid om overtak og makt pregar dei menneskelege relasjonane både i privatsfæren og i offentlegheita hos Ibsen. I denne kampen utpeiker det seg ingen heltar eller skurkar. Som tidlegare nemnt har den sympatiske lesemåten ofte framstilt Rosmer – og i somme sine auge òg (den adla) Rebekka – som dei gode, og Mortensgård og Kroll som dei vonde, kyniske kreftene. Eg finn derimot inga klar todeling mellom det gode og det vonde i Ibsens karakterteikningar. Alle har dei både positive og negative eigenskapar, noko som truleg er

årsaka til det mangfaldet av tolkingar som er blitt *Rosmersholm* til del. I det evolusjonistiske perspektivet blir dikotomien liv og død, eller kva som er livskraftig og oppbyggande, og kan redde kulturen frå degenerasjonstrusselen, viktigare. «Der er stridende kræfter virkende, som enten ødelægger eller opbygger», skreiv Buchholz, i samband med *Gengangere* (1882, 2). Dette gjeld i høgste grad for den kampen for tilværet som går føre seg i samfunnet i og rundt Rosmersholm. Ikkje berre får det konsekvensar for korleis me oppfattar hovudpersonane, men òg Kroll og framfor alt Mortensgård, som store delar av resepsjonen har gjort til ein slags Judas-figur. Men då ser ein vekk frå dei mange opplysningane me får om bakgrunnen og fortida hans.

Det er ikkje berre i kontrast til Rebekka at Rosmer framstår som livsudugeleg, eller degenerert, for å bruka samtidas terminologi. Det gjer han òg i forhold til Kroll og Mortensgård. Det erkerivalane Mortensgård og Kroll har felles, er at dei, i motsetnad til Rosmer, taklar livskampen, medan Rosmer, i kraft av å vera ein rosmer, har hatt moglegheita til å heva seg over han (18, 42). Men me får høyra at Rosmer dømde Mortensgård strengt då han, som svært ung, fekk barn med ei gift kvinne mannen var rømt ifrå (56). Den strengheita Rosmer då viste, liknar den han seinare påpeiker kjenneteikna rosmerane, og som me forstår må ha prega oppveksten hans. Eit anna innblikk i den autoritære sida hans får me i tredje akt, der madam Helseth tørkar støv i daglegstova, men skvett til og skundar seg ut då ho høyrer Rosmer komma ned (60). Pastoren liker nemleg ikkje å sjå feiekosten. Rosmers venlegheit ser ut til å berre bli dei som er sterkare enn han, til del, dei han instinktivt veit er over han på rangstigen. Overfor dei andre ser haldninga derimot ut til å vera ei anna. Slik kjenner Rosmer plassen sin i hierarkiet, er underdanig overfor dei som står over han, men ventar underdanigheit frå andre.

Strid er eit sjølv sagt aspekt ved livet for Rebekka. Ho tok kampen opp mot Beate og vann, utan at samvitet har plaga henne. Rosmer derimot drøymmer om eit kampfritt samfunn: «Ingen hadefuld strid mere. Bare kappestrid. Alle øjne rettet mod det samme mål. Alle viljer, alle sind stevnende fremad, – opad, – enhver ad sin egen naturnødvendige vej. Lykke for alle, – skapt igennem alle» (61). Kanskje drøymmer han om den englelike tilstanden menneska, ifølgje Spencer, til slutt skal enda opp i (jf. *Moralens Udviklingshistorie* av Letourneau, skildra i Løvland 2017, 78, 90). Eg er ikkje åleine om å trekka Spencer inn i lesinga av *Rosmersholm*. I meldinga med tittelen «An Ibsen Service» som stod i *Daily News* 24.2.1891 (6), skreiv den anonyme meldaren av Vaudeville-teateret si framføring av *Rosmersholm* at Ibsen, «den norske etiske anarkist har, fra noen hold, blitt mistenkt for på subtilt vis å ville latterliggjøre

overdrivelsene hos de spencerianske individualister og de trøstesløse doktrinene til Schopenhauers disipler» (sitert i Rem 2006, 149). Og trass i at meldaren meinte den beste skodespelarprestasjonen blei utført av han som spelte rektor Kroll, hevda han likevel at «ingen skuespillers dyktighed kunne skape troverdighet av en slik skisse. Plutselig begynner denne inkarnasjonen av gammeldagse vaner og fordommer helt oppriktig å snakke all denne nymotens sjargong fra arvelighetslæreren» (sitert i Rem 2006, 150). Spencers utviklingssyn kan forklara Rosmer-slektas utvikling der sivilisasjonsprosessen har nådd sitt høgdepunkt og nå er på veg ned. Ifølge Sigurd Ibsen samanfatar Spencers utviklingssyn «alle fremtoninger like fra den oprindelige verdenstaages differentiering til de menneskelige kulturers opstaaen og hensyngnen i en eneste sammenhæng, i en fortløbende række af udviklings- og opløsningsprocesser af den ene og utabelige naturkraft» (sitert i Langslet 2004, 171–2).

Det kampaspektet Darwin meinte var ein sentral del av menneskes utvikling, som bidrog til å auka eller i det minste vedlikehalda dei fysiske og mentale kreftene og overtaket deira (Darwin 1871 II, 313), har Rosmer halde seg utanfor. Rosmer toler ikkje stå i kamp og skuld kjensle. Lykke for han er «den stille, glade, trygge følelse av skyldfrihed» (62), medan kamp er vilje, uro og sterke sinnsstemningar, noko han gir uttrykk for mens han førebur seg til kampen som Rebekka kasta han ut i, mot Rosmers vilje (53). Men Rosmer bestemte seg raskt for å la kampen vera. For Rebekka, derimot, høyrer lykka til kampen og tileigningsdrifta, og når ho er adla, og ikkje treng kjempa om Rosmer lenger, er begjæret og lykka borte (86).

Rebekka Rosmersholm har magtstjålet mig. Her har jeg fåt min egen modige vilje stækket. Og forkluddret! Den tid er forbi for mig, da jeg turde vove, hva det så skulde være. Jeg har mistet evnen til å handle, Rosmer [...] **Rebekka** Der faldt en sindshvile over mig, – en stilhed, som på et fugleberg under midnatssolen oppe hos os (84–85)²⁷⁷

Slik får ein inntrykk av at begjær og kamp heng saman. I *Menneskeracernes*

Skønhedsbegreber skildra Darwin kampen som grunnleggande for ei sunn utvikling (Jacobsen og Møller 1893, 217). Forsvann kampaspektet slik at kven som helst kunne produsera seg, ville det føra til degenerasjon av det menneskelege arvematerialet (Hessen og Lie 2002, 264). I Rosmersholm-samfunnet er det nå andre som overtar rosmerane sin plass, og der står Peder Mortensgård i spissen. Tidleg i første akt får me vita at «Mortensgård har stor magt over mange her omkring» (15). Og Brendel, som kallar han «fremtidens høvding og herre», hevdar

²⁷⁷ Eg reagerer på bruken av ‘fugleberg’ på s. 86. Eit fugleberg er ein koloni av hekkande fuglar, der det sjeldan herskar stille, men tvert imot skjerande skrik frå utallege måker og andre sjøfuglar. Og midnattssola skin midt i hekkeperioden, kor fuglekolonien er på sitt travlaste og mest bråkete. Men når det plutselig fell ro over fuglefjellet, når skrika plutselig stilnar, vil roen opplevast endå sterkare. Det er kanskje denne tilstanden av unntak Rebekka siktar til. Jf. ord- og sakskommentarer HIS.

han «har almægtigheds-evnen i sig» (90). Framtoningen hans er likevel heller puslete: «*Peder Mortensgård kommer sagte og stille ind gennem døren til venstre. Han er en liden spinkel mand med tyndt rødligt hår og skæg*» (42).

Mange har ei veldig negativ oppfatning av Mortensgård, deriblant Moi, som framstiller han som den vonde motparten til den gode Rosmer:

Mortensgård, som ikke kan forestille seg noe som ligger hinsides hans egne evner, er Rosmers diametrale motstykke. Hvis Rosmers ideal er å foredle andre ved å åpenbare sin innerste sjel, er Mortensgård en mann hvis innerste personlighet *er* et uttrykk for samfunnskraftene. Dersom framtiden tilhører Mortensgård, har ikke den borgerlige moderniteten noen plass for sjeler. (Moi 2006, 389)

Eg deler ikkje denne negative oppfatninga. Namnet tyder på at Mortensgård kjem frå fattige kår. Han har jobba seg opp og fram, i motsetnad til Rosmer. Då han hadde fullført lærarutdanninga, gav Rosmer han yrkesforbod, som i tillegg til sosial fordømming, innebar at han har måtte omstilla seg og finna ein ny leveveg. Trass i at Mortensgård i snart to år har hatt anledning til å ta hemn, viser han inga hemnlyst.

Av ein eller annan grunn lar store delar av resepsjonen vera å kommentera den uretten og motgangen Rosmer har påført Mortensgård. Eg har heller ikkje sett nokon kommentera Mortensgårds replikk om at Rosmer ikkje skjønner «fuldt ud, hvad sligt noget har på sig». Her markerer Ibsen den privilegerte Rosmers manglande empati med den unge Mortensgård: «**Mortensgård** De har mærket mig en gang for alle. Mærket mig for hele livet. Nå, De skønner vel ikke fuldt ud, hvad sligt noget har på sig. Men nu kan De kanske snart få føle den svien selv, herr pastor» (45). Derimot har mange tolka replikken om at Rosmer kanskje snart får *føle den svien selv*, som ein trussel frå Mortensgård, sjølv om det ikkje treng vera anna enn ei tilvising til dei reaksjonane me veit ventar Rosmer frå Kroll og meiningsfellene hans. Hadde Mortensgård vilja, kunne han ha hemna seg for lenge sidan. Når han ikkje gjorde det medan dei var politiske motstandarar, er det lite truleg at han skulle ha planar om å gjera det nå som dei er på same side. Han har ikkje misbrukt tilliten Beate viste då ho skreiv brev til han i forkant av sjølvmordet hennar, og det er ingenting som tyder på at han ikkje har halde tett, sjølv om Beates død sikkert var noko som opptok folk, og som det var mange spekulasjonar rundt.

Sjølv om me får mange innblikk i forhistoria mellom Rosmer og Mortensgård, som lar oss sjå kor brutalt Rosmer den gong fór fram, er det likevel forbausande mange som overser den delen av historia – på same vis som dei overser Rosmers mindre edle sider. Sympatien som

blir den mannlege hovudpersonen til del, framstår omvendt proporsjonalt med antipatien overfor Mortensgård. Om det skuldast at lesaren som regel har størst innleving med protagonisten, eller om det òg er ein konsekvens av at privilegerte akademikarar identifiserer seg meir med den danna, distingverte Rosmer enn med Mortensgård, skal eg ikkje gi meg til å spekulera i. Men me kan iallfall slå fast at dikotomien *god–vond* ikkje bør vera styrande i lesinga av stykket. Då er motpolane *livskraftig* og *livsudyktig* langt meir fruktbare.

Mange har hevda at Ibsen føretrekker den dydige kjærleiken og viser ei negativ haldning til elskov, og sjølv om dette stykket ikkje akkurat er ein hyllest til begjæret, er det ingen tvil om at det er Rosmer som gjorde noko klanderverdig då han straffa Mortensgård så overmåte hardt for hans unge kjærleikssynd. Mortensgård blir tvert imot skildra med mot og ønske om å ta ansvar og gifta seg etter å ha gjort kvinna gravid (i motsetnad til Ibsen sjølv 40 år tidlegare): «**Madam Helseth** Gifte sig med hende vilde han jo også. Men det kunde han da ikke få lov til. Og så fik han nok svie svært for det. – Men siden så har, min tro, Mortensgård slått sig op, han. Der er nok mange, som søger *den* manden» (57). Kroll, derimot, blir utstyrt med langt fleire openbert amoralske eigenskapar. Han har gjennomskoda Rebekka og lenge vore klar over hennar *forheksande* evner. Kanskje kunne han t.o.m. ha gripe inn og forhindra Beates sjølv mord. I staden valde han å halda seg roleg og lata som om alt var i orden, òg etter at han fekk vita at ho gjekk med slike tankar. Ein kan mistenka at han har late det heile skje fordi det gav han makt over Rosmer – ei makt me ser at han veit å nyttiggjera seg.

Moi er likevel ikkje åleine om ei einssidig negativ vurdering av Mortensgård. Rekdal hevdar at Mortensgård står for ei pervertering av det politiske fridomsomgrepet når han seier at: «Skulde der rygtes et eller andet, som er på tvers med fordømmene, så kan De være viss på at hele den fri åndsretning får høre ilde for det» (2000, 153). Alnæs omtalar «den opportunistiske redaktør Peder Mortensgård» som representant for «halvhjertede venstrefolk» (2003, 220), og Rønning går så langt som å hevda at Mortensgård er teikna med *infam* forakt frå Ibsens side, som tvingar «seg inn i hans [Rosmers] intimsfære og krever at han skal ta offentlig standpunkt og ikke holde sine følelsesladete meninger for seg selv» (215). Bjerck Hagen har derimot ei anna oppfatning: «Mortensgård og Kroll er overlevende, ikke fullt ut beundringsverdige, men i praksis langt å foretrekke fremfor de to selvmorderne» (164). Bjerck Hagen meiner det er dei sjølvvironiske, ikkje-idealisticke politikarane som står sigrande igjen når dei naive idealistane er sett ut av spel – «Dermed oppnås det en helt annen kompleksitet enn i *En folkefiende*. Der var doktor Stockmanns motstandere helt uspiselige; her er de fulle av realistisk og melodramatisk vigør» (Bjerck Hagen 2015, 164–165). Her må

eg seia meg einig med Bjerck Hagen. Samanlikna med dei andre sine misgjerningar er Mortensgårds ønske om å teia med Rosmers kristne fråfall, for å nytta den politiske konversjonen slik han tener saka best, småtter.

Mortensgård og Kroll har gjort det beste ut av motgangen dei har hatt, og ingenting tyder på at dei ikkje kjem til å halda fram på det viset. Dei står midt i striden og tilpassar seg forholda. Rosmer derimot toler ikkje motstand og evner ikkje kjempa. Samanlikna med Kroll og Mortensgård er Rosmer tydeleg 'unfit', for å bruka eit darwinistisk omgrep. Og med han døy slekta ut. Nettopp gjennom vektlegginga av slektsperspektivet gir Ibsen oss innsikt i korfor det er blitt slik. Rosmer, som kjem frå ein familie som i mange generasjonar har vore leiande i samfunnet og trona øvst på rangstigen, står for eit skifte i maktforholda. Tilpassinga til regimet på Rosmersholm har gjort han mistilpassa til samfunnsendringane utanfor herregarden.

Nå er det Mortensgård folk vender seg til, slik dei før søkte rosmerane. Når ein ser Mortensgårds utvikling frå fattige kår til utdanning og lærarstilling, for så å bli utstøytt og fråtatt jobben, til nå å vera den folk søker for råd og hjelp, ser ein at Ibsen i Mortensgård har teikna ein sær s tilpassingsdyktig mann som er lydhør overfor omgivnadene. Ikkje berre lar Ibsen oss få god innsikt i fortida hans, han lar Brendel peika på at Mortensgård er den personifiserte *survival of the fittest* (90). Han hadde mot til å følge følelsane sine, noko som resulterte i at Rosmer merkte han for livet, men i motsetning til Beate og Rebekka blir ikkje viljen hans knekt. Tvert imot: Mortensgård viser at endring er mogleg. Det er han som går sigrande ut, ikkje embetsmannen Kroll som fortel at dei mest oppegåande gutane på skulen hans har ei hemmeleg foreining der dei held Mortensgårds avis. «**Kroll** [...] Men det traugreste ved sagan er, at det er alle de begavede gutter i klassen, som har rottet sig sammen og stiftet dette komplot imod mig. Det er bare stymperne og eftersidderne, som har holdt sig udenfor» (13). Slik får me vita at dei evnerike og tilpassingsdyktige utfordrar den gamle autoriteten Kroll og følger den framtidsetta Mortensgård, medan taparane held seg utanfor striden, slik òg Rosmer helst vil gjera.²⁷⁸ Dei radikale hadde m.a.o. all grunn til å vera positive til *Rosmersholm*, medan ein ikkje treng undra seg over at dei konservative kritikarane kvesste skriveklørne, eller, som i Tyskland, heldt seg tause.

²⁷⁸ Ifølge NAOB betyr 'stymper' 'ynkelig, fattig, hjelpeløs, ussel, feig, dum person eller skapning'.

Tilbakegang og utsletting

Som me har sett, har den vitkapsdiskursive lese måten ikkje berre konsekvensar for korleis me forstår hovudkarakterane og bipersonane, men han kan òg bidra til å oppklara dei gåtefulle sjølvmoda, som har delt resepsjonen i ulike leirar, òg når det gjeld oppfatninga av kven som er drivkrafta bak sjølvmoda. Ifølge Bjerck Hagen er det «den mye sterkere Rebekka West» som fører «den svake Rosmer» mot undergangen (2015, 139). Han viser til Haakonsen som meiner Rebekka står for den negative innverknaden: «Rosmers dominerende egenskap er renhet, finhet, skrupuløs moralsk sans, – allikevel har Rebekka ledet ham inn i den uvirkelige tanke om et platonisk venns kampsforhold mellom en gift mann og en vakker ung kvinne bak hustruens rygg» (Haakonsen 1957, 67, sitert i Bjerck Hagen 2015, 158). Gran meiner likevel at Rosmer er «den sterkeste, hun er smittet av hans livssyn, hendes lidenskap er forvandlet til usanselig kjærlighet, hans samvittighet er gaat over paa hende» (1918, 221).

Fleire tekststader vitnar om at Rosmer ikkje er så rein og moralsk som dei sympatiske lesingane vil ha det til. Den positive vurderinga baserer seg først og fremst på den Rosmer prøver framstå som, og på Krolls innsnigande replikkar når han prøver overtala Rosmer til å ta redaktørstillinga. Overfor Mortensgård og Madam Helseth har han vist heilt andre sider, slik at Madam Helseth trur Rosmer nå sender Rebekka vekk fordi han har gjort henne gravid, men ikkje vil gifta seg med henne: «**Madam Helseth** Jeg mener, som sandt og ret er, frøken. Han skulde ikke fri sig ifra det på *den* måden, ikke» (80). Sjølv om Beyer omtalar Rosmer som «en eterisk drømmer, forfinet og rettsindig», ser han, med tilvising til notata, at «på bunnen ligger det farlige muligheter hos ham også: «det demoniske» – heter det i opptegnelsene – som bryter fram i siste akt» (1978, 122).

Som me ser, fungerer dikotomien *god–vond* dårleg som analysereiskap. Sjølvmoda framstår like problematiske anten hovudpersonane er amoralske forbrytarar eller to edle elskande. I første tilfellet må ein ty til livstrøytte og depresjon som forklaring på korfor dei ikkje kan leva vidare, og i andre tilfelle plasserer ein feilen hos samfunnet og politikarane. Ingen av variantane er tilfredsstillande – verken den skeptiske eller den sympatiske lese måten tilbyr noka god forklaring på korfor dei tar livet sitt, som ikkje forenkler karakterane og plottet og ignorerer vesentlege sider som ikkje passar inn i sjablongane. Først i lyset frå det lange evolusjonsperspektivet og ideane om kva som svekker og styrker – gir framgang og tilbakegang – står sjølvmoda fram med ein logikk som kan sporast i teksten. Då blir dei det endelege punktumet for tilbakegangen på Rosmersholm, ein prosess som har pågått i fleire

generasjonar. Den skjøre og utarma Johannes Rosmer er så skakkøyrt og livsudugeleg at han endar med å ta knekken på det som kunne ha vore redninga. Destruksjon blir resultatet av hans utarta og engstelege takling av begjæret og livskraftene. Mot dette har den adla Rebekka West ingenting å stilla opp.

I tråd med denne diskursen skreiv Krog: «at det sterke maa seire, og det svage gaa under, det er en tilværelsens lov, vi ikke kommer bort fra (men engang skal lyset og godheden faa styrken paa sin side, og da er forbandelsen hævet, da blir de to – aand og natur, da blir de to *et*)» (Krog 1887, 28). Som store delar av samtidsresepsjonen tenker ho truleg Rosmer som *aand, lyset og godheden*, og Rebekka *natur og styrken*, og Krog har tru på at syntesen mellom ånd og natur ein gong i framtida vil lukkast betre enn i tilfellet Rosmer og Rebekka. Korleis forklarar Krog at det ikkje lukkast? Kvinneforkjemparen Krog var positiv til at Rebekka var livskraftig, vill og omsynslaus, og dermed hadde «mulighed for den største evolution» (sst.). Den evolusjonen Krog har i tankane, er Rebekkas åndelege utvikling. Ho må gjerne halda fram med å vera livskraftig og sterk. «Det er ikke om ilden skal brende eller slukkes kampen gjelder, men om den skal ødelegge oss eller bli vår tjener» (sst.). I Rebekkas tilfelle blei elden derimot sløkt. Ho mista styrken sin på Rosmersholm.

For at dei elskande skulle verka styrkande og ikkje svekkande på kvarandre, var det, ifølge Drysdale, viktig at dei var av same konstitusjon (Skundberg 2018, 158). Det kan me ikkje seia om Rosmer og Rebekka. Tvert imot er dei påfallande ulike, og sjølvmoda heng saman med den svekkande verknaden dei har på kvarandre. Som me såg, har fleire uttrykt tillit til Rebekkas utsegn om at samlivet med Rosmer har forvandla henne. Fleire har peikt på at det er som om Rosmer og Rebekka i løpet av stykket byter sjel, slik at begge på slutten reagerer slik den andre opphavleg ville ha gjort (Elster 1924, 392 og Heiberg 1918, 32 sitert i Bjerck Hagen 2015, 143).

Etter at Rebekka har vunne kampen, fått rydda Beate av vegen og har Rosmer for seg sjølv, roar tileigningsdrifta seg, og det ho omtalar som sitt *vilde, ubetvingelige, stygge og sansedrukne begær*, endrar seg til det som kan kallast kjærleik. At Rebekkas begjær er vekke, kunne ein, t.d. med René Girards teori om det mimetiske begjæret, lesa som resultat av at kampen om Rosmer nå er vunnen, slik enkelte òg har gjort. Men Rebekka er framleis sterkt knytt til Rosmer, og begjæret blei borte i forvandlingsprosessen: «Lidt efter lidt, – skønner du. Næsten umærkelig, – men så overvældende til slut. Lige til bunden af mit sind» (85), noko ho først blir klar over når Rosmer har fridd. Det er kjærleiken – eit resultat av adlingsprosessen –

som gjer at ho ønsker å tilstå brotsverket sitt og gi Rosmer tilbake hans «glade skyldfrihet», som til slutt endar med at ho følger han i døden.

Rebekka seier at Rosmersholm har adla henne. Samlivet med Rebekka har derimot hatt ein vulgariserande verknad på adelsmannen Rosmer som gradvis framstår som mindre edel. Slik har Rebekka ein brutaliserande effekt som får fram det verste i Rosmer. Rosmer, som hadde lite krefter i utgangspunktet, blir endå meir avkrefta av samlivet med Rebekka. På slutten av tredje akt «*segner Rosmer ned i lænestolen ved vinduet*», mens han tar innover seg Beates skjebne: «**Rosmer** Dette spind af løgn og bedrag har hun, – den ulykkelige syge, gåt her og trod på!» (75). ‘Spind’ vekker assosiasjonar til vevkjerringa, og det er den same lenestolen kor Rebekka har sete og hekla på det store, kvite ullsjalet, Rosmer her *segner ned i*. Nå tilstår Rebekka, for å gi Rosmer tilbake *sin glade skuldfrihed*, men likevel viser ho ingen teikn på dårleg samvit: «**Kroll** Ikke et ord, som tyder på anger. Føler De kanske ingen? **Rebekka koldt afvisende** Undskyld, herr rektor, – det er en sag, som ikke kommer nogen anden ved. Det skal jeg nok klare ved mig selv» (76).

Samvitsrobuste Rebekka avveik like mykje frå samtidas kvinneideal som engstelege, sarte Rosmer avveik frå idealmannen. Mange hadde vanskar med å tru at Rebekka blei forvandla. Andreas-Salomé meinte ho berre var svekt:

Men Rebekka er ikke i Sandhed forvandlet til et nyt Selv; det er kun det gamle Selv, som er blevet svækket og fremmed for hende gennem en fremmed Aands spøgelsesagtige Indflydelser. Hendes Anger er Spøgelsesrædsel, – Rædslen for at se sig selv dø. Hun er intet Forvandlings Symptom, men et Opløsningens. (1893, 95)

‘Forvandling’ passa derimot betre på tause og tolmelige Beate:

Thi i hende har Tugt og Trosstrenghed udryddet alle rovdyragtige Lyster; ikke engang Had eller Hævnlyst formaar hun at føle ligeoverfor Rebekka; taus og hjælpeløs trækker hun sig tilbage i sin store Taalmodighed og Tilgivelse og feirer den stille Seir over sin Medbeilerske – i Møllefossen. (sst.)

Trass i at dei seier at Beate ikkje kunne få born, er det, på bakgrunn av alle opplysningane me får om Rosmers driftsliv, meir truleg at han er den impotente avslutninga på Rosmer-slekta. I tråd med stykkets evolusjonisme oppfatta Brandes, Gran og Nissen Rosmers impotens som kjernen i stykket, og ifølge Nissen var det årsaka til Rosmers livsstil og haldning, og det hans *uhyrlege maktstrev* prøver kompensera for (1931). Sagt med Buchholz’ terminologi er Rosmer det plastiske resultatet av Rosmer-slektas arv og slik eit bilde på Rosmer-stammen

(1882, 6). Impotensen fungerer som ein av stykkets mange degenerasjonsmarkørar, i tråd med kvelte drifter og kjensler, sjølvstende og livskrefter.

Den elles svært så sprikande resepsjonen er samstemt i påpeikinga av kor markant ulike Rosmer og Rebekka er, men ein ting har det umake paret felles, som ofte blir oversett: Dei er begge skildra i skarp kontrast til kjønnsidealane, til det som i samtida blei rekna for ein sunn, viril mann og ei sunn, dydig kvinne. At den handlingslamma, barnlause og engstelege Rosmer ikkje samstemde med mannsidealet, er eg ikkje åleine om å hevda. Og nettopp fordi Rebekka dannar ein så sterk kontrast til sin mannlege motpart, er det nærliggande å oppfatta denne, i utgangspunktet, aktive, vilje- og ressurssterke finnmarkingen som sunn og uforderva. Med våre dagars blikk er det lett å tenka slik. Men då blir det vanskeleg å forklara korfor dei endar i møllefossen, noko me har sett fleire mislykka forsøk på. Sjølv om me trekker inn evolusjonsperspektivet, blir det likevel vanskeleg å forstå korfor ei sunn Rebekka ikkje fungerer som den *regenerative* krafta Rosmersholm treng.

For å få klarheit i dette må me sjå nærare på evolusjonismens kjønnsdiskurs. I kapittelet om kjønns-spesifikk evolusjon såg me korleis samtida betrakta det maskuline og feminine som grunnleggande forskjellige kategoriar som gjennomsyra kjønna frå cellenivået og opp til det kognitive og moralske planet, det som òg blir kalla den åndelege sida ved menneska. Rebekkas aktive, pågåande og dominerande sider blei betrakta som maskuline element som høyrde heime hos ein mann. På ei kvinne blei dei derimot atypiske, dei var avvik frå arten – det ein kalla utarting, på tysk *Entartung*, på engelsk *degeneration*, og resultat av usunn utvikling. Det same gjeld karaktertrekka til Rosmer. Hadde Rebekka vore like mjuk og føyeleg, like mild og engsteleg som Rosmer, hadde det vore i tråd med idealet og arten, men på mannen Rosmer blir det utarting. At Rebekka i tillegg var den intellektuelt overlegne, kunne òg tolkast som degenerasjon, og frå det perspektivet framstår det likevel ikkje som så paradoksalt at det var ho som blei åndeleg adla av å få del i Rosmers tankar. Det motsette var den gong kanskje ikkje tenkeleg. Ifølgje darwinistane, m.a. psykolog og sosiolog Gustave Le Bon, skulle dei kjønns-spesifikke forskjellane i hjernekapasiteten derimot auka i takt med siviliseringa (Johannisson 1996, 45).

Rosmersholm blei til etter at det i Noreg nett hadde gått føre seg ein revolusjon når det gjeld kvinners rett til høgare utdanning: I 1882 fekk dei tilgang til examen artium, og i 1884 til alle universitetets embetseksamenar, noko som vekte debatt og sterk motstand m.a. i den norske legestanden. Forsøk på å oversjå dei intellektuelle forskjellane mellom kjønna, kunne bli ein

katastrofe for rasen (Brooks 1883, 263). I starten av debatten (1881) kom professorane ved Det medisinske fakultet med følgende kunngjering, som to år etter blei resirkulert i Storthingsproposisjon no. 56 (1883):

Regelen er vel den at Kvinder der kommer inn paa disse Aandslivets felter, der ligesom af Naturen ikke er Anvist dem, tabe deres Kvindelighed, at deres Intelligens udvikles paa bekostning af deres Gemytsliv, saa ofte faar det Indtryk at der ved Kvinder af denne Art er noget abnormt, der ikke tillader nogen tvivl om, at kvinden her er udenfor sit naturlige felt. (Schjøtz og Nordhagen 1992, 3784)

Det androgynе og overskridande ved motpolane Rosmer og Rebekka kunne oppfattast som perverterte skremmebilde av ein evolusjon på avvegar – på det katastrofale ved at radikale, samfunnsundergravande faktorar som t.d. kvinnefrigjeringa fekk utvikla seg fritt (jf. Brooks 1883, 263 og Nordau 1893, 269).

Då er det ikkje lenger merkeleg at Rebekka, som heilt klart har ein sterk innverknad på Rosmer, ikkje fungerer regenererande, slik som den kloke, harmoniske og gode Thomasine gjer på familien Kurt i Bjørnsons *Det flager i byen og på havnen* (1884) som kom to år før *Rosmersholm*. Rebekka har veldig lite felles med Bjørnsons edle Thomasine. Samanlikna med samtidskontekstens kvinnebilde blir det klart at Ibsen i Rebekka ikkje har teikna den sunne, regenererande kvinnelege krafta Rosmer hadde trunge. Og som om ho ikkje var atypisk nok som kvinne, har Ibsen i tillegg utstyrt henne med eit opphav og ei fortid som forsterkar det ville, rå og umoralske ved henne. Ikkje berre går ho brutalt og samvitslaust over lik for å vinna Rosmer, i tillegg skal me ana at mor hennar var prostituert, og at ho sjølv har levd i eit incestuøst forhold til sin eigen far.

I Kristiania anno 1886 var arvelighets- og degenerasjonsteorier kommet inn som en pessimistisk impuls som bidro til å svekke den medisinske og psykiatriske optimismen [...] og ikke minst skulle disse impulsene dukke opp hos forfattere som Bjørnstjerne Bjørnson, Henrik Ibsen og Amalie Skram. Interessant her er også teorien om større arvelig påvirkning fra mor til datter og far til sønn, enn fra mor til sønn og far til datter. Arvelovene gjenoppdages som kjent ikke før 1900. (Bondevik 2019, 227)

I samband med *Rosmersholm* viser Bondevik til «Freuds innledende teori om hysteri som forårsaket av en traumatisk opplevelse (overgrep) i barndommen» (2019, 287). Ifølge Buchholz kunne manglande moralsk og religiøs forming føra til tilbakegang. Slik er Rebekka like tyngd av fortidas belastande vekt som Rosmer, sjølv om ho, evolusjonistisk sett, er på motsett ende av kultiveringsskalaen.

I *Rosmersholm* viser Ibsen oss to vidt forskjellige menneske, med vidt forskjellig bakgrunn, som møtest og verkar på kvarandre. Begge er dei forma av kvart sitt miljø: den eine av det næraste ein på den tida kan komma ein norsk adel – ein gammal kultur, der ein i lang tid hadde disiplinert (dei dyriske) driftssidene ved mennesket. For den andre, som kjem frå den fjernaste utkanten ein kan finna innanfor same landegrensene, gjaldt det motsette. I utkastet til stykket opererte Ibsen òg med to søstre som først dukkar opp igjen i neste stykke, *Fruen fra havet* (1888), truleg fordi han «tykte dei ville ha gjort Rosmersholm for mykje til ein heim for levande menneske, og det var dei døde maktene han ville gje herredømet der» (Koht 1954-II, 181). I likskap med Koht har mange påpeikt at det er dødskreftene som herskar på Rosmersholm. Samstundes har mange undra seg over korfor Ibsen har lasta på hovudpersonane så mykje fortid, ja, korfor fortida er så sterkt til stades i stykket (jf. Bjerck Hagen 2015, 148). I lys av samtidas vitskapsdiskursar og evolusjonsdiskursens langsiktige perspektiv blir samanhengen mellom dødskreftene og dei mange innblikka me får i Rosmer og Rebekkas konstitusjon, fortid og slekt, klarare. Forfall og degenerasjon var dødskrefter ein tenkte seg verka gjennom fleire ledd og blei forsterka av einsidig påverknad frå miljøet: I Rosmers tilfelle, som resultat av at sivilisasjonsprosessen var kommen for langt; i Rebekkas tilfelle, fordi han ikkje var kommen skikkeleg i gang. Degenerasjonsdiskursen og frykta for tilbakegangen, som var utbreidd i skodespelets samtid, er sterkt til stades i *Rosmersholm*, som i mine auge er minst like pessimistisk som *Vildanden* – av mange halde for å vera Ibsens mest pessimistiske verk.

Med tilvising til Thomas Kuhns bruk av omgrepet *kriseperiode* kallar Jon Nygaard Ibsens samtid, og særleg tida rundt 1884 med embetsmannsstatens og venstre-rørslas fall, *det modernes drama*, fordi det strekar under «den dramatiske motsetninga i Ibsens samtid mellom vekst, forandring og ekspansjon – og undergang, katastrofe og nederlag» (2013, 26).

Rosmersholm (1886) tematiserer nettopp utvikling, forandring og undergang. Ifølge Nygaard handlar ikkje Ibsens dramatik om modernisering og storbyvekst, men om undergangen til den gamle patrisierklassa som Ibsen vaks opp i (sst.). Patrisierklassa, som fungerte som ein slags adel, var lukka mot andre samfunnsklasser, noko som resulterte i stort omfang av inngifte innanfor den litle gruppa, ofte i nær familie (Nygaard 2013, 92). Dette gjaldt m.a. Ibsens foreldre: far hans var onkel til si eiga kone, Ibsens mor. Foreldras «merkelige nesten-incestuøse ekteskap» skal alt frå barndommen av ha fascinert Ibsen (sst.), og det er ingen ting som tyder på at fascinasjonen for ulike former for slekt- og ekteskap blei mindre etter at han i vaksen alder kunne sjå dei i lys av Darwins utviklingslære og teoriar om de- og regenerasjon.

8 Lille Eyolf (1894)

I *Lille Eyolf* (1894), som kom åtte år etter *Rosmersholm*, prøver Ibsen ut eit motsetnadspår som har mykje til felles med Rebekka og Rosmer. Også denne gongen er kvinna den pågåande og utfordrande motparten til ein heller handlingssvekt mann, og i likskap med Rebekka og Rosmer kjem Rita og Alfred fram til at dei er skuldige i eit anna menneskes død. Men sjølv om denne innsikta først driv ekteparet frå kvarandre, og me forstår at i alle fall den eine av ektefellane vurderer sjølv mord, lar Ibsen den gjensidige innverknaden dei har på kvarandre, denne gongen falla positivt ut til slutt. I dette kapittelet vil eg undersøka korfor Ibsen lar Rita og Alfred leva vidare, medan han sender Rosmer og Rebekka i fossen. Det vil eg gjera ved òg å lesa dette stykket i lys av den same evolusjonistiske vitenskaps- og kjønnsdiskursen som eg har utforska tidlegare i avhandlinga. Eg har tru på at begge skodespela, og framfor alt avslutningane, slik vil bli lettare å forstå. For i tillegg til at skodespela har ein del fellestrekk når det gjeld karakterar og innhald, har dei òg det til felles at resepsjonen av stykka er sprikande og motsetnadsfylt, særleg når det gjeld korleis ein forstår avslutningane.

Lille Eyolf har ord på seg for å vera endå vanskelegare og meir uforståeleg enn *Rosmersholm* (Rønning 2007, 304, 295), men før eg presenterer dei viktigaste trendane i resepsjonen, vil eg starta med å gi eit overblikk over handlinga. Eg vier eit eige delkapittel til det eg meiner er manglar i tidlegare tilnærmingar til stykket, og som er årsaka til at *Lille Eyolf* har blitt oppfatta som Ibsens «problembarn». Deretter gir eg ei kort innføring i dei viktigaste funna frå analysen eg gjorde i masteroppgåva mi, som dette prosjektet bygger vidare på. Eg vil referera til hovudtrekka i lesinga eg gjorde der, når det er relevant for den vidare analysen. I dei følgjande to kapitla les eg *Eyolf* og barnedøden som resultat, og fullendinga av, tilbakegangen i Allmers-slekta og Alfreds kompliserte forhold til Asta, som han trekker med seg inn i ekteskapet med Rita. Eg tar føre meg korleis førestillinga om kvinna som anten hore eller madonna pregar Alfreds, og store delar av resepsjonens, oppfatning av Asta og Rita, før eg viser korfor desse oppfatningane ikkje berre er forenklande, men direkte villeiande. Eg forklarar òg korleis Rita fungerer som den regenererande instansen som er årsaka til at stykket endar med flaggheising i staden for sjølv mord.

I dei siste delkapitla tar eg så føre meg sider ved den evolusjonistiske samtidsdiskursen stykket inngår i, som det så langt har vore lite fokus på, i håp om at reaktualiseringa av denne

diskursen kan bidra til ei betre forståing og verdsetting av *Lille Eyolf* i sin heilskap, og ikkje berre i ein tilskoren og nedstrippa versjon, slik me ofte møter det i seinare tids oppsettingar.

Resymé

I *Lille Eyolf* lar Ibsen oss følga ein familie på den staselege garden deira, «*ude ved fjorden, et par mile fra byen*», når deira einaste unge druknar. Det skjer ein vakker sommarmorgon, etter at den 36 år gamle Alfred Allmers, «*ejensomsbesidder, literat og forhenværende timelærer*» (som det står i rollelista), kvelden før er kommen heim frå ein lengre fjelltur. Etter ti års ekteskap med den *smukke, temmeleg store, yppige og blonde* Rita, *på omkring 30 år*, og etter overtaling frå legen, drog han for å skriva ferdig ei avhandling om det menneskelege ansvaret, men då han i løpet av seks–sju veker ikkje fekk ned eit einaste ord og gjekk seg vill og trudde han skulle døy, kom han heim tidlegare enn planlagt, bestemt på å gi opp boka. I staden vil han via seg til farsrolla. Han vil gjera den ni år gamle sonen, Eyolf, som *er liden af vækst, ser sygelig ud, men har smukke kloge øjne*, til den «fuldfærdige» i slekta (8). *Eyolf er halt og går med krykke under venstre arm*, etter at han som eitt-åring fall frå stellebordet, medan Alfred hadde late seg lokka til å ha sex med Rita, då han egentleg skulle passa sonen.

Opprømt innvier Alfred Rita og den yngre halvsøstera si, læraren Asta, som er kommen med dampskipet frå byen, i sin nye livsplan, som inneber ei pedagogisk heilomvending «tilbake til naturen»: Vidunderbarnet Eyolf, som alltid puggar og les, skal bli ein friluftsgut! I vitalistisk-biologiske bilde skildrar Alfred korleis han skal få Eyolf til å bløma. Frå nå av skal Eyolf berre leika og gjera det han har lyst til, og kanskje vil han ein gong i framtida fullføra farens avhandling! Ivrig sender Alfred sonen «ned på stranden til de andre gutterne» (11). Men Eyolf vil ikkje gå, og Alfred, småirritert over at sonen i anledning heimkomsten har på seg ei jålete uniform, blir sint når han får høyra at dei fattige gutane på stranda påstår at Eyolf aldri kan bli soldat (12). «*Truende*» seier Alfred at «de gutterne, de skal engang få føle, hvem der er herrer dernede på stranden!» Då bankar frøken Varg, eller Rottejomfruen, som ho oftast vert kalla, på døra og tilbyr hjelp til å bli av med det som «nager og gnaver». Rita og Alfred seier dei ikkje har noko slikt, men i løpet av det korte besøket rekk Rottejomfruen å trollbinda Eyolf med den vesle mopsen sin, og når dei går, listar Eyolf seg etter dei ned til sjøen der han blir ståande på brygga og sjå dei ro vekk. Ifølge gutane på stranda sjanglar han litt før han fell uti og blir liggande på botnen med opne auge, for så å bli ført vekk av havstraumen. Ingen prøver redda han, sjølv om me har fått vita at alle utanom Eyolf kan svømma.

I resten av stykket (andre og tredje akt) snakkar dei vaksne om det som har hendt, og slik får me innsikt i dei problemfylte familieforholda som i stor grad heng saman med Asta og hennar uvanleg nære forhold til Eyolf og Alfred. Asta og Alfred har vakse opp i trua på at dei har same far, men via gamle brev har Asta nett funne ut at mora hennar var utru, og at ho og den tolv år eldre Alfred likevel ikkje er i slekt. Då dei var yngre, likte Alfred å sjå på når ho tok på seg hans gamle guteklede, og han kalla henne Eyolf, ei hemmelegheit Rita først fekk innblikk i under «hyrdestunda», den kvelden sonen blei lam. Alfred, som syntest Rita var «fortærende dejlig», fortel at Ritas «guld» og «grønne skoge», som gav økonomisk sikring til han og den foreldreause Asta, var grunnen til at han gifta seg med henne. Sidan har han halde på med manuset til *Det menneskelige ansvar*, der han har søkt hjelp hos Asta, som òg har opptredd som reservemor for Eyolf.

Rita håpte Asta skulle slå følge med vegbyggaren Borghejm når han snart skal forlata staden, men nå vil ikkje Asta reisa likevel. I samtalanene etter drukninga kjem grumset frå fortida fram, og alt tyder på at ekteskapet nå er over. Etter først å skulda på kvarandre innser Rita og Alfred at dei ikkje er utan skuld i sonens lagnad. Dei innrømmer at dei har halde han på avstand etter fallet frå stallebordet. Fortvila ber dei Asta flytta inn til seg, men når ho forstår at Alfred ikkje vil at forholdet deira skal endra seg, trass i at dei ikkje er i slekt, bestemmer Asta seg likevel for å følge Borghejm. Då vil Alfred vekk, og moglegheita for at han vurderer å ta livet sitt, er open. Når Rita trur at ho blir åleine igjen, utløyser det ei forvandling i henne. Når ho høyrer skrika frå strandsittargutane som blir slått av dei fulle fedrane sine, og kvinnene som «hyler om hjelp for dem →», bestemmer ho seg for å ta dei til seg, «som om de var mine egne».²⁷⁹ Ho har håp om at ho kan «mildne – og forædle deres livsskæbne», og at det kan fylla tomrommet i henne med «noget, som kunde ligne en slags kærlighed» (77–78). Når Alfred høyrer dette, ber han om å få bli for å hjelpa henne – han som nettopp har føreslått at ho skal jamna heile strandstaden med jorda, for å ha noko å gjera når han fer. Skodespelet endar med ekteparets forsoning, som blir markert med at Alfred heisar flagget, og at Rita rekker han handa og seier «tak!».

²⁷⁹ I *Norges litteraturhistorie*, bind 3: *Fra Ibsen til Garborg*, skriv Beyer at i tillegg til Garborg, Skram og Krohg blir det «gitt skarpe, mer eller mindre naturalistiske glimt av fattigdommen både hos Kielland, Elster, Lie og Bjørnson», (72) men han nemner ikkje Ibsen, sjølv om skildringa av strandsittarane i *Lille Eyolf* må seiast å vera eit skarpt glimt av fattigdom.

Samandrag av resepsjonshistoria

*Lille Eyolf*s resepsjonshistorie har fellestrekk med historia til stykkets tittelfigur, den oversette og lamme niåringen Eyolf Allmers. Ifølge Asbjørn Aarseth, som har skrivne innleiinga og bakgrunnsstoffet til stykket i den siste autoriserte utgåva av Ibsens samla verk, HIS, ser *Lille Eyolf* ut til

å være mindre omskrevet enn noe annet av Ibsens tolv siste skuespill. Grunnen til denne relative mangelen på oppmerksomhet er neppe at handling og personutvikling er mer gjennomskuelig og lettere å komme til klarhet over enn i de andre tilfellene. Tolkningshistorien viser i alle fall at lesningene spriker på helt vesentlige punkter. (Aarseth 1999, 282)

I dei norske litteraturhistoriene

blir *Lille Eyolf* bare avspist med noen korte bemerkninger. Asbjørn Aarseth (i Fidjestøl et al. 1996, 378) spanderer ti linjer på dramaet og konstaterer at *Lille Eyolf* «er det mest stillestående og det minst påakta av Ibsens samtidsskodespel». I Per Thomas Andersens litteraturhistorie fra 2001 (245) nevnes *Lille Eyolf* kun en passant. (Andersen 2010, 6)

Stykket blir ikkje nemnt i *Ibsens modernisme* (Moi 2006), og det får heller inga merksemd hos Kittang (2002), Bjerck Hagen (2015), Rekdal (2000) eller Lorentzen (2006).²⁸⁰ Men sjølv om *Lille Eyolf* kom til å få status som eit av Ibsens svakaste og minst omtalte skodespel, blei det møtt med begeistring hos dei fleste meldarane i samtida (m.a. Brandes 1894, Collin 1895).

Den 11.12.1894 blei *Lille Eyolf* sleppt i Kristiania og København. På førehand florerte spekulasjonar om kva stykket handla om, men Ibsen hadde gitt streng beskjed om at ingenting skulle røpast. Derfor blei han opprørt då *Politiken* 14.11. publiserte rollelista og eit «temmelig misforstått og misvisende referat av de to første aktene i stykket» som utløyste ein hissig diskusjon i danske og norske aviser (Seip 1935, 237–238). Boka selde godt, og innan nokre månader hadde skodespelet hatt premiere ved mange teater både i Europa og i USA (Aarseth 2009b, Seip 1935).²⁸¹ I Kristiania fekk det 36 oppføringar berre i 1895 (Seip 1935, 237).

Avisene skildrer hvilket kappløp det var om å få tak i boken. *Morgenbladet* nådde så vidt å få den omtalt samme aften. I de nærmeste dagene blev den anmeldt i pressen over hele Europa;

²⁸⁰ I «Ibsen and Fatherhood» (2006) hevdar Jørgen Lorentzen at det er forska lite på farsrolla hos Ibsen, sjølv om han meiner det er det mest gjennomgripande temaet i forfatterskapen. Lorentzen er særleg opptatt av at fedranes skjebne får store konsekvensar for sønene, og meiner *Gengangere* og *Vildanden* er dei to klarast familieorienterte skodespela med spesielt fokus på farskap, i tillegg til *Brand*, *Samfundets støtter* og *Et dukkehjem*. Sjølv om familien og farsrolla er heilt sentralt i *Lille Eyolf*, nemner ikkje Lorentzen det, bortsett frå at Allmers er oppført under kategorien 'den patriarkalske faren' i ei inndeling over ulike farsstypar.

²⁸¹ Urpremiere i Berlin 12.1.1895, premierar i Kristiania 15.1.1895, Bergen 21.1.1895, Wien 27.2.1895, København 23.3.1895, London 23.11.1896. Ifølge Seip blei det oppført på Haymarket-Theatre i London 3.12, før det utkom, «av dilettanter» (Seip 1935, 237).

den utkom samtidig på en mengde språk. Mottagelsen var til dels preget av sensasjonen omkring den noen uker i forveien. I København blev stykket oplest i et av byens største lokaler av P.A. Rosenberg den dag det utkom, men for et relativt lite publikum. Sensasjonen om boken voldte at den måtte ut i to nye oplag kort etter, altså en bokhandlersuksess som aldri før. (Seip 1935, 238)

Lekkasjen forårsaka stor ståhei og rykte om at Ibsen nå hadde skapt ei kvinneverole som overgjekk alt «hvad Ibsen endnu har skabt af sælsomme, anelsesfulde, halvt dæmoniske Kvindeskikkelser», som det stod i «Henrik Ibsens nye Stykke. Rita Allmers» (*Dagbladet* 15.11.1894). Det blei òg skapt forventningar om at dette var eit nytt symboldrama frå Ibsens hand, men då boka endeleg var i butikkane, blei mange positivt overraska over at ho inneheldt mindre symbolisme enn dei hadde frykta. Alt frå første meldinga (Nils Kjær i *Dagbladet*) ser ein begeistring over at Ibsen nå hadde forlate symbolismen frå dei seinare stykka, til fordel for større realisme (Kjær 1894, 12. des.). Kristoffer Randers i *Aftenposten* gav òg uttrykk for at han her fann svært lite av den symbolismen som hadde prega Ibsens seinare stykke. «Er vor gamle Digter bleven ung igjen? Vil han gjøre Skam paa de yngre? Thi saa ungdomsfrisk er han her, saa umiddelbar og kraftig, saa livsfrodig og varm, at saagodtsom intet tyder paa Aarenes Vegt», slo Randers begeistra fast (1894, 13. des.). Edvard Brandes følgde opp med å hevda at *Lille Eyolf* ikkje «vil bli gjenstand for så mange dypsindige tolkningsforsøk eller så heftig meningsutveksling som dikterens tidlige verk» (1894, 14. des.).

Denne responsen kan synast pussig når ein veit at Frøken Varg, alias Rottejomfruen, spelar ei avgjerande rolle i stykket. Så skreiv då òg kommunisten Franz Mehring i si melding i *Die neue Zeit* 15.1.1895 (her i Knut Johansens omsetting) at:

Ibsen kan ha hatt de vakreste og mest dypsindige tanker da han skreiv *Lille Eyolf*, men det har åpenbart ikke lykkes han åpenbare dem for verden [...] Vi har ikke engang den minste hypotese å sette fram for leserne når det gjelder Rottejomfruen og Mopsemann. Og sjøl om vi hadde den mest åndrike hypotese om dem, ville det ikke være bryet verd for oss å skrive den ned. (Mehring 1895, 102–104)

Den skandinaviske samtidsresepsjonen gav derimot stort sett uttrykk for at Rottejomfruen var eit symbolistisk innslag i eit elles realistisk drama, skriv Torbjørn Andersen i si grundige gransking av den skandinaviske samtidsresepsjonen (2010, 57). Georg Brandes samanlikna henne med rottefangaren frå Hameln (Brandes G. 1894), og Edvard Brandes meinte ho var «selve Døden» (Brandes E. 1894). Ifølge Collin var ho driven «af en lignende syg, seksuel trang som en *Jack the Ripper* og mange andre, hos hvem den kjønslige attraa blir til ødeleggelsesdrift» (Collin 1895, 220). Og Collin tar del i tidas smittediskurs når han hevdar at

«selv er hun ofte saa træt af at hypnotisere eller smitte fra sig vilje» (sst.). Likevel vegrar han seg for å tillegga henne ei symbolsk tyding:

Hvis man abolut skal tro, at Ibsen har gjemt en symbolsk betydning i denne figur, som en kjerne for tyske og andre nøtteknækkere, da ligger det vel nærmest at betragte hende som et symbol paa *naturen*, med havet som sin moderlige favn [...] Hele naturen som en abnorm mor for sine børn [...] Men Rottejomfruen er jo Rottejomfruen og ikke nogen mor. Saa denne gang bør vel digteren frikjendes for symbolik. (Collin 1895)

Collin var ikkje åleine om å tona ned symbolikken. Thoralf Klavenæs meinte at ein ikkje trong tillegga henne ei symbolsk tyding, sjølv om han like etter omtala henne som symbol på «alle de sælsomme krefter i livet, der fører mennesket i fordærvelse, de hemmelige ønskers, drømmenes og fantasiens lokkende magt» (sitert i Andersen 2010, 57). Trass i at det var «stor enighet om at Rottejomfruen skal eller kan tolkes symbolsk, avstår de fleste fra å fortolke hva hun i så fall symboliserer», konkluderer Andersen, før han legg til at dei som likevel «våger seg på det», gjerne tolkar henne «som en personifikasjon av døden eller skjebnen» (2010, 58). Òg den seinare resepsjonshistoria har, slik me snart skal sjå, slite med å forholde seg til denne spesielle rollefiguren, noko som truleg har prega resepsjonen og vurderinga av stykket som heilskap. Me finn ein klar tendens til å plassera henne og Mopsemann som ein kuriositet som spelar mindre rolle enn t.d. relasjonane mellom dei vaksne i stykket. I mi tilnærming til stykket spelar desse to derimot ei viktig rolle, og den som lesinga mi har mest felles med, er Moritz Prozor, Ibsens autoriserte franskomsettar, som i tillegg ofte skreiv forord til stykka. Mykje tyder på at Ibsen hadde stor tillit til han, jf. m.a. eit brev til Prozor den 5.3.1900.²⁸²

Prozors innleiing til *Lille Eyolf* inneheldt enkelte opplysningar frå Ibsen sjølv, kan Seip fortelja, utan å presisera dette nærare (238).²⁸³ Ifølge Prozor var Ibsen alltid opptatt av arv og miljø, «dessa lagar om ärftlighetens och omgiftningens betydelse, som alltid äro föremål för hans tankar», og som «oupphörligen sysselsätta honom» (1895, 367). I forordet ser me samtidas evolusjonsdiskurs m.a. i Prozors skildring av Rottejomfruen, «en hemlighetsfull kraft, som gör sig gällande öfverallt, där det finnes något, som 'nager og gnaver'», som først drar

till sig allt, som bär orons och lidandets frö innom sig, och driver sedan sina offer att störta sig själfva i fördärfvet. På det viset gå visserligen äfven många ädla och goda frön förlorade. Men

²⁸² «De har i grunden ret når De siger at den serie, som afsluttes med epilogen, egentlig begyndte med *Bygmester Solness*. Men mere indgående vil jeg ikke gerne udtale mig om dette. Overlader alle kommentarer og tolkninger til Dem. Med de hjerteligste hilsninger tegner jeg mig Deres hengivne og takskyldige Henrik Ibsen.»

²⁸³ Forordet til *Lille Eyolf* kom i svensk omsetting i tidsskriftet *Ord och Bild* i 1895, i forkant av den franske versjonen som blei publisert litt seinare same året, og er hovudsakleg Prozors eiga tolking av stykket, ei tolking som får stor autoritet når Ibsen lar ho stå som innleiing til den franske utgåva.

dessa frön voro icke lifskraftiga, och det är framför allt om lifvet som det är fråga. Och denna förstörande makt tjänar just lifvets intressen, då den i djupaste djup upprör alla lifskraftiga själar [...] Han [Ibsen] känner ingen fruktan inför de skräckingifvande naturkrafter, åt hvilka han gifver mänsklig gestalt i somliga af sina styckens figurer. (1895, 370)

Prozor nemner ikkje kva desse naturkreftene kan kallast, men skildringa av dei passar godt til Darwins omgrep *det naturlege val*.

Også Prozors handsaming av dei kvinnelege rollefigurane er i tråd med den evolusjonistiske kjønnsdiskursen og representativ for store delar av samtidsresepsjonens positive mottaking av Rita, som viste seg å ikkje vera så overskridande *sælsom* som rykta i kjølvatnet av lekkasjen ville ha det til. Prozor meiner Rita kanskje er «den mest lefvande af Ibsens alla kvinnskapsler [...] Hon är icke en nevrose-patient, hon är en frisk och lefvande kvinna, ja, hon är lifvet själf, i dess mest ‘fortærende’ alstringskraft» (1895, 371).²⁸⁴ Prozor knyter Rita til førestillinga om det dyriske: «I denna kvinnas natur finnes en latent gudomlighet, innesluten i ett hölje af skön och stark djuriskhet» (sst.). For Prozor er Rita kjærleiken, materien, lidenskapen, drifta, instinktet, medan Alfred er den ufruktbare idealisten, å la Rosmer og andre av Ibsens mannlege karakterar. Fordi talentet ikkje står i stil med idealet, blir han sjølvopptatt og hatefull (1895, 373).

För att bära frukt måste tänkandet falla i fruktbar jordmån. Annars blir det ofruktamt och förtorkadt, en källa till själfviskhet och hat. De idéer, som Allmers förut utvecklade för Rita, hafva befruktats hos henne, utan att hon vetat därom. Och nu har den stund kommit, då de bryta ut. Vid åsynen af denna oväntade tilldragelse, hvartill initiativet utgått från honom men som aldrig kunde bringas till fullkomning af honom, den passionslöse idealisten, upptändes Alfred ånyo af denn «fortærende» elden. (1895, 373–4)

Dette lange sitatet, som har mange fellestrekk med Brandes' tankar om kvinna som historisk agent for det fornyande lystprinsippet, gir i klare vendingar uttrykk for det dikotomiske, evolusjonistiske kjønnsynet, som stod sterkt i ei rekke vitkapsdiskursar på slutten av 1800-talet, og som Prozor finn i *Rosmersholm* og *Lille Eyolf*.

Jo mindre vekt meldarane la på symbolismen i stykket, jo høgare vurderte dei stykkets kvalitet. Andersen konkluderer i si avhandling om samtidsresepsjonen med at dette var i tråd med realismen som dåtidens rådande estetiske norm (107). Som eg var inne på ovanfor, kom Andersen fram til at resepsjonen av *Lille Eyolf* demonstrerer «hvordan Ibsens forfatterskap allerede er blitt en verden og et studium for seg, utenfor eller hevet over resten av det litterære landskapet», der målestokken i stor grad er Ibsens eigen standard og dramaturgi (2010, 132,

²⁸⁴ ‘Alstring’ = produksjon, skapende virksomhet, især intellektuell, kunstnerisk, ifølge ordnett.no.

107). Særleg er det mange som samanliknar ekteparet Allmers med Rosmer og Rebekka, ofte i Alfreds disfavor. Mange var samde med Fernanda Nissen som meinte Alfred var «en redusert variant av adelsmennesket Rosmer» (Nissen 1894). Det same meinte Prozor: «Rosmers ädla bild lyser framför de andra ... som icke hafva annat gemensamt än ofruktsamheten i sin verksamhet» (1895, 373). Me ser at Rosmer, òg for Prozor, representerer ideane og Rebekka instinkta, trass i at Rebekka er den som står for den intellektuelle påverknaden av Rosmer, og ikkje omvendt.

Trass i jamt over positiv mottaking og godt sal sprika oppfatningane av korleis *Lille Eyolf* skulle tolkast. Som i *Rosmersholm* var det særleg slutten som skapte debatt. Ifølge Aarseth gjaldt det først og fremst «Alfred Allmers' troverdighet, spesielt i den avsluttende scenen, hvor han slutter seg til Ritas valg av ny livsoppgave» (1999, 282). Sjølv om store delar av stykket går ut på å avdekka løgn i eit dårleg ekteskap, og ein får inntrykk av at Alfred vil nytta høvet til endeleg å bryta ut, endar det likevel med at han heilt til slutt spør Rita om å få bli og hjelpa henne når ho har bestemt seg for å ta til seg dei fattige gutane på stranda, som han så langt berre har vist avsky for.

Dei fleste tolka dette bokstaveleg og var positive til den filantropiske tendensen og «det de oppfattet som en mildere og mer forsonlig Ibsen» (Andersen 2010, 48). Bjørnson fann den avsluttande flaggheisinga «rørende» (Koht 1954, 265), og Collin meinte sorga «virkelig adlet» Rita, og at den nye planen hennar òg vekte Alfreds altruistiske anlegg. I evolusjonistisk stil forklarte Collin dette med at «døden gjør livsdriften myg og smidig; den lærer menneskene at akklimatisere sig», før han konkluderte med at «det begynner næsten at bli beboeligt ogsaa i digternes verden. Og vi kan kanske sætte over porten til det nye theater: Ei blot til ulyst!» (Collin 1895). Og i tidsskriftet *Samtiden* gav Thoralf Klavenes uttrykk for at han bedømte dramaet «mer som etisk tendensskrift end som æstethisk kunstschrift» (sitert i Andersen 2010, 48).

Men den vitskaplege resepsjonen vitnar om at *Lille Eyolf* ikkje sluttar så eintydig som enkelte kritikarar vil ha det til. Mange er av den oppfatninga at slutten berre er tilsynelatande altruistisk, men eigentleg ironisk meint. Andre meiner han rett og slett ikkje fungerer, og særleg har mange i ettertid hatt vanskar med å tru på ekteparets heilomvending. Dei synest vendepunktet kjem litt for brått, slik at Ritas forvandling ikkje er truverdige, og ekteparets einigheit på slutten ikkje er anna enn nok eit egoistisk forsøk på å halda ut med seg sjølv og sitt eige tomrom (t.d. Helland 2000, Rekdal 2008, Haugan 2014, McFarlane 1989, Northam

1973, Bien 1973 og Rønning 2007). Dei første negative vurderingane kom likevel rett etter utgivinga, frå svenskane Wirsén (i svenske *Vårt Land* 2.12.94) og Hjalmar Söderberg (i ein artikkel om *Lille Eyolf* i *Ord och Bild* i 1895). Wirsén, som me hugsar slakta *Rosmersholm*, trudde ikkje på at Rita kunne forvandla seg i løpet av den korte tida stykket varte; i tillegg var stykket for symbolistisk: krykka, auga og vasslilja var banale symbol, og Rottejomfruen eit resultat av Ibsens «ständiga åtrå efter det bisarrt demoniska». Wirsén, som klaga over den dekadansen han fann i Ibsens 1890-talsspel, meinte «ordene i Ibsens diktning mer og mer mister sin betydning, og at hovedvekten i skuespillene ligger på de uuttalte ordene, som man må gjette seg til». Just Bing i *Morgenbladet* 20.12.94 kalla Allmers ein fantast og peikte på at det ofte «ligger en dobbeltbunn i Ibsens replikker».

Me ser at Haugans påstand om at Aage Henriksen skapte ein ny lese måte med sitt fokus på dobbeltemotiverte utsegner, og slik innleia «en ny tidsregning i Ibsen-forskningen» (Haugan 2014, 578) overser at ei slik tilnærming til Ibsens tekstar alt fanst i Ibsens samtid. Slik eg var inne på i kapitlet om Ibsen-resepsjonen, hevda Haugan at Henriksen var den første til å bryta med den idealistiske måten å lesa Ibsen på, ein tradisjon innan resepsjonen som Haugan meiner har halde stand heilt fram til i dag (sst.). Men allereie Hjalmar Söderberg, som ikkje hadde tiltru til Ritas forvandling, kalla grunntonen i stykket ironisk; Alfred var teikna med ironi, og stykket må lesast mellom linjene (1895). Wirséns og Söderbergs oppfatning kom til å dominera store delar av den seinare fortolkningstradisjonen heilt fram til tusenårsskiftet, men i Ibsens samtid var dei fleste positive til *Lille Eyolf*, noko som òg gjaldt dei få som las dramaet meir mistenksamt eller ironisk (Andersen 2010, 48). Dette kom derimot til å endra seg. Parallelt med at fleire utover på 1900-talet vurderte stykket som eit av Ibsens svakaste, fekk stykket òg mindre merksemd. Fleire gav uttrykk for at peripetien kom for tidleg, sidan *Eyolf* døyr i første akt, og at resten av stykket blei for dialog-basert, og hadde gjort seg betre i ein roman.

I *Illustreret norsk litteraturhistorie*, andre bind, som kom ut i 1924, omtala Kristian Elster *Lille Eyolf* som «lite interessant», «skematisk og utvortes», ja, Ibsens dårlegaste sidan *Samfundets støtter* (376). Han synest Ibsen her gjentar seg sjølv, og at Rita og Alfred rett og slett er for ordinære til at dei interesserer oss! Ifølge Elster var det «kommet noget stivnet i mesterskapet. Livet seg ut av replikkerne, det dypsindige og mystisk tanketunge og det symbolske blev det mest fremtrædende» (397–398). Særleg har sluttscenen vore medverkande til at fleire har vurdert stykket som eitt av Ibsens svakaste, på linje med *Fruen fra havet*, som er det andre av Ibsens samtidsstykkje som har ein forsonande slutt (t.d. Helland 2000, 243, 270

Horst Bien 1973, 272, Klavenæs 1895, Orley I. Holtan 1970, 133). Det kan faktisk sjå ut til at ein forsonande slutt, for somme, i seg sjølv verkar diskvalifiserande, og *Lille Eyolf* har blitt lese som symptom på at Ibsen, som var 66 år då stykket kom ut, hadde begynt å mista grepet (Gran 1918, 314–17).

I masteroppgåva mi går eg grundigare inn på enkeltlesingar av stykket. Her vil eg berre nemna dei autoriserte, tonegivande innleiingane til stykket: i *Hundreårsutgaven*, HU (Bull, Koht, Seip) 1928–57, skriven av språkforskaren Didrik Arup Seip (1935), og i *Henrik Ibsens skrifter*, HIS, skriven av Asbjørn Aarseth. Seip er mest opptatt av biografisk kontekst, og han omtalar *Lille Eyolf* som del av Ibsens poetiske skriftemål, i tråd med at store delar av resepsjonen i førre hundreår var prega av ei psykoanalytisk eller psykologiserande tilnærming til stykket, der særleg forholdet mellom dei vaksne karakterane har blitt vigd mykje merksemd.²⁸⁵

Psykoanalytikere har talt om at et «intensivt betonet familiekompleks» i hans eget sjeleliv ligger til grunn for de tragiske konflikter i hans diktning; ganske særlig mener de at «søskenkomplekset» i *Lille Eyolf* har sitt ophav i tidlige sjelelige konflikter i hans eget liv. (Seip 1935, 236)

I tillegg peiker Seip på at det i arbeidsmanuskriptet finst «sterkere spor etter den diskusjon om kunst og moral som blev ført våren 1894 mellem forskjellige yngre forfattere og kritikere», noko som m.a. viser seg i Ibsens bruk av ordet «livskunst», skapt av Collin i polemikken mot «kunsten for kunstens egen skyld» (1935, 237). Han kommenterer òg «Ibsens interesse for nedarvede egenskaper» når han lar «farens karaktersvakhet» komma «til syne hos gutten i forsterket grad», «slik som dette så ofte forekommer med barn av slike fedre», og at Ibsen antydar «at denne egenskap går enda lenger tilbake i slekten» (Seip 1935, 233).

I HIS' innleiing til stykket er Aarseth, i kapittelet om bakgrunnen for stykket, mest opptatt av moglege førelegg for Rottejomfruen. Me får vita at Ibsen kjente til segna om rottefangaren frå Hameln, men ifølge Aarseth har han brukt fester til mor si, Kristine Cathrine Ploug, «som forbilde for denne skikkelsen» (Aarset 2009b). Bergen skal visstnok òg ha hatt ei slik rottejomfru i 1850-åra, og Aarseth kan ikkje utelukka at ideen kan ha komme derfrå (sst.), og i tillegg fortel han at Johanne Heiberg har skrive om ei liknande kvinne, noko han trur Ibsen kan ha lese. Heiberg nemner «en skuespiller med en mops som var påfallende lik sin herre.

²⁸⁵ T.d. Charles R. Lyons som tolkar Eyolfs død som eit resultat av den seksuelle konflikten mellom foreldra (1967, 57). «I Kindermordlitteraturen er Eyolfs selvmord et yndlingstema. Psykoanalytikerne kvesser sine våpen. Det fokuseres på foreldrene, Alfred og Rita, som sammen med Asta levde i et ødeleggende trekantforhold» (Vesterhus 2008, 2854).

Dette eksemplet har trolig gitt Ibsen ideen til å utstyre Rottejomfruen med en hjelper, hunden Mopsemand», skriv Aarseth i innleiinga. Aarseth viser òg til at Ibsens bror, Nicolai, var halt, noko som «kan ha bidratt til utforminga av Eyolf Allmers» (jf. Mosfjeld 1949, 232 i Aarseth 2009b). «Vi ser at det er en kombinasjon av elementer fra det tyske sagnet og fra dikterens erindringer fra sin barndom som bygger opp fremstillingen av det som fører til Eyolfs drukning i fjorden», konkluderer Aarseth (sst.).

Seip og Aarseths biografiske fokus er symptomatiske for store delar av den seinare resepsjonen. Mange har ført trekantrelasjonen mellom Rita, Alfred og Asta tilbake til Suzannah, Henrik og søster Hedvig, som han hadde hatt litt kontakt med etter at han flytte tilbake til Kristiania. Fleire hevdar Suzannah kan ha blitt sjalu på dette – trass i at kontakten til Hedvig var minimal, og Ibsen på denne tida var meir opptatt av å pleia kontakt med langt yngre kvinner enn søstera si (jf. Sæther 2022). Dette gjeld t.d. Koht (1954, 264) og Ferguson (1996, 406–7), som i gjennomgangen av alle dei seinare stykka ikkje vier nokon av desse mindre merksemd enn *Lille Eyolf*, som hovudsakleg blir relatert til hendingar i Ibsen privatliv. Det at Ibsen nyleg hadde flytta heim, trur dei har fått han til å tenka på

[...] familien igjen, og noen av de konkrete utgangspunktene for hans neste stykke, *Lille Eyolf*, stammer fra Skien. Det kan virke som om Eyolf selv står i en viss gjeld til Ibsens yngre bror Nicolai, som ved et ulykkestilfelle ble sluppet av barnepiken som spedbarn, slik at han fikk skjjev rygg. Nicolai døde barnløs i 1888. (Ferguson 1996, 404)

Ferguson foreslår òg at Ibsen har henta inspirasjon frå ekteskapet til Bergljot og Sigurd, som var «ektemannens erstatning/reisefølge [for Suzannah] lenge etter at han ble gift» (407). Og Alfreds forslag om å riva strandsittaranes rønner kan vera «et ekko av den stemningen av personlig gjengjeldelse» Ibsen var i pga. «at det norske samfunn ikke hadde gitt hans sønn Sigurd den jobben han mente at en sønn av ham hadde krav på» (Ferguson 1996, 408). Ferguson, som har vist til darwinisme i fleire andre stykke, skriv at Ibsen etter *Fruen fra havet* ikkje lenger var opptatt av determinisme og nedarvingsteoriar (366–7). I likskap med Ferguson nemner heller ikkje den delen av Ibsen-resepsjonen som tidlegare har peikt på darwinistiske innslag i fleire stykke, *Lille Eyolf* i denne samanhengen. 1890-talsstykka til Ibsen har i liten grad blitt knytt til den evolusjonistiske konteksten, bortsett frå nokre sekvensar i *Når vi døde vågner*.

Lille Eyolf har blitt oppfatta som «vanskelig å forstå, ja, det har blitt sett på som kryptisk inntil det hermetiske» (Helland 2000, 243). «Dette kompliserte ekteskapsdramaet er neppe tolket til bunns», konkluderer Sæther (2008, 288). Dei motstridande oppfatningane av korleis dramaet

skal tolkast, har prega resepsjonen fram til i dag, men etter 2000 kan det sjå ut til at stykket har fått ein liten renessanse. Det blir framført oftare enn før, og interessa frå forskinga har auka (Andersen 2010, 4).²⁸⁶ I tillegg til Alnæs' *Varulv om natten*, som handsamar alle tolv samtidsstykk, er Hellands analyse av dei fire siste skodespela (*Melankoliens spill*, 1997) likevel den einaste norske doktoravhandlinga som gir ein lengre analyse av *Lille Eyolf*. I masteroppgåva mi går eg nærare inn på tolkinga hans, der han omtalar Rottejomfruen som noko av «det merkeligste og mest gåtefulle innenfor Ibsens dramatik» (253), samstundes som han tar til orde for at ein skal la vera å tolka kva ho symboliserer (254).

Den symbolske tydinga til Rottejomfruen og Mopsemann blei det sentrale omdreiingspunktet i analysen min, slik Rottejomfruen òg er omdreiingspunktet for stykkets handlingsgang. Som Andersen peikte på, utvikla det seg alt i Ibsens levetid ein tendens til å relatere tekstane hans til den interne interteksten, og til diktarens liv og biografi, heller enn til samtidskonteksten. Prosjektet mitt har som mål å supplera denne forskingstradisjonen og dei mange seinare psykologiserande lesingane med ei kontekstualiserande lesing, for nettopp å få fram andre og nye sider ved stykket og forfattarskapen. Den sprikande resepsjonen og tolkingane av *Lille Eyolf*, og semja om at stykket er uklart og innfløkt, gjer det aktuelt med ei ny tilnærming. Eg vil derfor gå vidare på det arbeidet eg gjorde i masteroppgåva, der eg las stykket i lys av den evolusjonistiske samtidskonteksten.

Problembarnet *Lille Eyolf*

Resepsjonsgjennomgangen viser at mange har fokusert på relasjonane mellom dei vaksne, medan frøken Varg og Mopsemann, stykkets symbolske outsidersar, og Allmers' pedagogiske heilomvending, har fått mindre merksemd. Kanskje har Ibsens ytring om at stykket ikkje er eit «oppdragelsesdrama», påverka resepsjonen til ikkje å fokusera på desse elementa, trass i at dei føyer seg rett inn i samtidas evolusjonistisk-pedagogiske diskurs. Ifølge Seip skal Ibsen eit par år etter utgivinga ha fortalt den tyske litteraturforskaren Zschalig at

de tar feil de fortolkere som ser på *Lille Eyolf* som et 'opdragelsesdrama', som et skuespil for foreldre for å minne dem om de plikter som opdragelsen av deres barn pålegger dem. Med dette stykke har jeg på ingen måte hatt for øie pedagogiske nyttighetsformål. Med slike

²⁸⁶ Frå 1968 til 2000 blei det skrive fire hovudfagsoppgåver, og seinare ser det ut til at det har komme åtte til, med ulike vinklingar, i tillegg til at stykket (så vidt) blir nemnt i T.G. Syversens *En psykoanalytisk tilnærming til farsfigurer i Henrik Ibsens samtidsdramaer* ved UiO i 2015. Det er skrive sju doktoravhandlingar der *Lille Eyolf* inngår som ei av fleire primærkjelder, og ei som har hovudvekta på stykket: *Eyolf: Kinder und Kinderschicksale im Werk Henrik Ibsens* (av Susanne Kramarz i 1990).

oppgaver har jeg ingenting å gjøre. Mine hensikter er alltid rent dikteriske. (Seip 1972 [1935], 237)²⁸⁷

Like før utgivinga hadde Collin, i *Nyt Tidsskrift, ny Række*, 2. årg. nov.1893–okt.1894, samanlikna *Gengangere* og Bjørnsons *Det flager i byen og på havnen* (1884) med Lies *Niobe* (1893), som nyleg var kommen ut. Han skreiv at alle tre bøkene handlar om forholdet mellom foreldre og barn, og at han derfor vil kalla det pedagogisk diktning, sjølv om han reknar med at uttrykket vil «skurre i digteres øren»: «De har uvilkaarlig, af enforenet kunstnerisk og medmenneskelig trang, søgt at veilede os i kunsten at leve» – «Ibsen viser os sin opfatning gennem et negativt livsbillede, Bjørnson gennem et positivt. Den ene advarer, og den andre tilskynder» (167).

Tidlegare forskning forklarar stort sett Eyolfs død som resultat av foreldras egoisme og disharmoniske ekteskap, sjølv om foreldra ikkje har noka direkte skuld i at han fell frå brygga. Dei ville tvert imot ha hindra han, viss dei visste at Eyolf lista seg etter Rottejomfruen. Derimot tyder mykje på at Rottejomfruen ønskte rydda ut Eyolf, slik ho *ryddar ut det som nager og gnaver*. Det ser ut til at ho lykkast i å trollbinda guten, og ho prøver ikkje redde han då han fell i sjøen. Rottejomfruen er ein framand, og ingenting tyder på at ho handlar på oppdrag for foreldra. Likevel har mange tolka henne som agent for Ritas undermedvit. Dei meiner Rita ønsker Eyolf død og tolkar Rottejomfruen som ei personifisering av dette ønsket, m.a. fordi namnet Rita har fellestrekk med ‘rotte’. Men som eg gjorde greie for i masteroppgåva, forklarar ikkje den indirekte samanhengen mellom foreldras egoisme og Eyolfs død, at han døyr, og denne manglande logiske årsakssamanhengen har resepsjonen vore lite opptatt av. Kanskje senkar Rottejomfruens symbolfunksjon kravet til logikk og kausalitet, men sidan Eyolfs død er så sentral i stykket, er ikkje denne løysinga tilfredsstillande (Løvland 2017, 2). Tekstens status som gåtefull og vanskeleg og – ifølge somme – eit symptom på ein svekt forfattar vitnar om eit behov for meir forskning.

I masteroppgåva kom eg fram til at synet på *Lille Eyolf* som eit av Ibsens minst vellykka skodespel kan henga saman med at det blir lese som eit kammerspel med fokus på

²⁸⁷ Ferguson fører derimot den same utsegna tilbake til ein samtale med Henrik Jæger i 1897: «Det var stadig en utbredt oppfatning blant kritikerne at Ibsens stykker alltid var pedagogiske moraliteter, og for enkelte av de første leserne virket det åpenbart at *Lille Eyolf* var en kritikk av foreldres egoisme og en formaning til dem om å vende om. Ibsen avviste dette tvert, og betrodde Henrik Jæger i 1897: ‘Med dette stykke har jeg på ingen måte hatt for øie pedagogiske nyttighetsformål. Med slike oppgaver har jeg ingenting å gjøre. Mine hensikter er alltid rent dikteriske’» (Ferguson 1996, 406).

trekantrelasjonen Alfred–Rita–Asta. I ei slik tilnærming blir dei andre elementa ikkje integrert som like sentrale eller fullverdige. Frå det perspektivet framstår både Rottejomfruen, Mopsemand, den pedagogiske planen og tematisering av slektskap med hav og himmel som kuriositetar – element som svekker inntrykket av eit heilstøypt drama der ingen element eller replikkar er overflødige. At nyare oppsettingar ofte har sløyfa desse innslaga til fordel for kammerspelet om ekteparet Allmers' sonetap, styrker hypotesen min. Slik omtalar t.d. Nationaltheateret oppsettinga i regi av Lars Norén frå 2008:

Norén har latt seg fascinere av et av Ibsens minst spilte stykker til å «skjære skjegget av Ibsen, til å bare la skjelettet stå igjen». I oppsetningen, som han også har scenografi på, går han til kjernen av Ibsens tekst, til kjernen i personenes relasjoner: hvem elsker de egentlig? hvem har forårsaket barnets handikap? (Nationaltheateret u.å.)

Den same omtalen passar på Sofia Jupiters regi, med premiere seks år seinare, i 2014, sjølv om Rottejomfruen denne gongen fekk vera med. Begge oppsettingane gjorde suksess, og Jupiters versjon, med Pia Tjelta og Kåre Conradi i sterke rolleprestasjonar som ekteparet Allmers, blei spelt i mange år.²⁸⁸ Kanskje har dei reduserande grepa som tar vekk dei uforståelege elementa, slik at *berre skjelettet står igjen*, vore medverkande til den stigande populariteten skodespelet har hatt dei siste åra.²⁸⁹

Å kutta det ein oppfattar som kuriositetar, er derimot inga løysing for *Lille Eyolf* som verk, og eg er heller ikkje av den oppfatninga at desse elementa er overflødige. Tvert imot. Studerer ein arbeidsmanuskripta, ser ein at frøken Varg og Eyolfs drukning har vore dei mest stabile faktorane i stykket heilt frå starten av, medan dei elementa som gir svar på *kven dei eigentleg elskar*, og *kven som har forårsaka barnets handikap*, er føyd til seint i skriveprosessen. Dette gjeld m.a. dei ekteskapelege og seksuelle spissfindigheitene, som incestproblematikken og situasjonen der Eyolf fell frå stallebordet medan foreldra har sex, som resulterer i den lamme foten. I løpet av stykket skjønner me kven som elskar kven, og me blir kjent med bakgrunnen for Eyolfs lamme fot, og likevel er det dette resepsjonen har vigg mest merksemd. Korfor Eyolf døyr, er derimot mindre klart; det same gjeld frøken Vargs rolle. Dødsfallet er tekstens sentrale hending, som, i motsetnad til dei fleste andre dødsfalla hos Ibsen, skjer i første akt og blir ein katalysator for resten av handlinga. I staden for å utforska den sentrale stillinga dette har i teksten, har mange vurdert plasseringa av dødsfallet som ei svakheit, ut frå tanken om at

²⁸⁸ Eg såg denne oppsettinga i september 2018.

²⁸⁹ Rekdal tenker at grunnen til at «stykket de senere årene har hatt økt tiltrekningskraft som scenedrama på tvers av den akademiske tradisjonens nedvurdering av det *kan* [...] henge sammen med den dekonstruksjon av kjønn og kjønnsidentitet som skjer i vår tid, eller at det ikke lenger oppfattes som avgjørende at vi er sikre på seksuelle preferanser, slik Alfred Allmers' seksualitet og begjær tåkelegges i *Lille Eyolf*» (2008, 357).

peripetien ikkje høyrer heime i første akt. Men i tillegg til at denne strukturen lar oss få sjå kva som leier fram til dødsfallet, lar han oss òg observera ein families reaksjonar etter at det verst tenkelege har skjedd, og sjølve dagen det skjer.

Trass i at me berre får oppleva to dagar i familien Allmers' liv, får me likevel mange innblikk i fortida. Særleg gjeld dette barndoms- og ungdomstida til Alfred og Asta og slektsforholda deira som tematiserer langtrekkande samanhengar på tvers av generasjonar. Alfred er opptatt av arv og slekt, og av kva for trekk som går igjen i familien. Sidan endringa hans òg representerer ei vending «tilbake til naturen», er desse faktorane interessante å lesa i lys av evolusjonsdiskursen og idear om biologi, arv og miljø, som var så sentrale då stykket blei skrive.

I masteroppgåva viste eg at evolusjonismen er del av stykkets kontekst og set den interne familietragedien inn i ei større makrokosmisk ramme, slik annan kontekst som samfunnsforhold og politikk ofte er voven inn i dei konkrete familiekonstellasjonane i mange av Ibsens stykke. Både i *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* er dei lange utviklingslinjene og den allmennmenneskelege, universelle tematikken krympa ned til eit mikronivå, som gjer at tekstane kan opplevast vanskelege å tolka. Brian Johnston skriv at Ibsen

could address our entire humanity through dramas within the drawing rooms of one of the remotest parts of European civilization.

To do this, he devised an art form which, while presenting actions that have all the *intensive* power of great reckonings within little rooms, at the same time, by means of a «supertext,» reaches out *extensively* to discover within the local and limited action patterns deriving from the widest-ranging human drama upon the battlefield of our total past. This merging of the particular within the universal, this immersing of the individual within the history and discourse of the species, was Ibsen's aesthetic response to the intellectual world he inherited, in which the Hegelian idea of our cultural evolution as a species was linked to the Darwinian account of our biological evolution. This response was not a facilely optimistic belief in human progress: Ibsen's vision was, I believe a «fatalist» (his own description) and a tragic one. (Johnston 1989, 26–27).

Av eit brev han skreiv til Hegel etter å ha levert *Vildanden*-manuset, går det fram at Ibsen bevisst tok slike grep , m.a. for at ingen skulle kjenna seg krenkte: «Dette stykke handler ikke om politiske eller sociale eller overhovedet om offentlige anliggender. Det bevæger sig helt igennem på familjelivets område. Diskussion vil det nok kunne fremkalde; men det vil ikke kunne vække anstød hos nogen» (B18840614FH). Skildringa av familiane Werle og Ekdal er gjennomsyra av *sosiale og politiske anliggender*, men når alt blir presentert på familiens mikronivå, kan element som utviklinga og psykologien til enkeltkarakterane stela fokuset frå

samfunnsforhold og makronivået (Løvland 2017).²⁹⁰ Ved å lesa stykka opp mot samfunnskonteksten vil det derimot bli lettare å få auge på desse tekstlaga. I *Lille Eyolf* ser desse laga ut til å vera vanskelegare tilgjengelege enn i mange andre av Ibsens stykke, iallfall viss ein les det som eit kammerspel.

Oppsummering av tidlegare funn frå masteroppgåva mi

Det første haldepunktet for den kontekstualiserande nærlesinga eg starta på i masteroppgåva, var fellestrekk mellom Alfreds vitalistisk-biologiske utviklingsdiskurs og evolusjonsdiskursen. Desse fellestrekk blei endå tydelegare då eg fann at den pedagogiske heilomvendinga hans er i tråd med Spencers *Om oppdragelse* og med Häckels ytringar i *Natürliche Schöpfungsgeschichte* (1868) om at oppsedinga må venda tilbake til naturen (Jacobsen og Møller 1893, 166–67, Løvland 2017, 50–54).²⁹¹ Sidan Ibsen ikkje nemner Spencer, viste eg til Bjørnsons handsaming av Spencers pedagogikk i *Det flager i byen og på havnen* (1884) ti år tidlegare, der *Gengangere* inngår i handlinga. Denne interteksten gjorde det lettare å forstå Allmers' pedagogiske heilomvending og årsaka til Eyolfs manglande *fitness*. Eyolf, som berre har lært å tilpassa seg farens behov, klarar ikkje bedømme situasjonen med Rottejomfruen og hamnar på havsens botn – eit resultat av den stormannsgale planen om at Eyolf skal bli «fullfærdig», og ei regressiv drift tilbake til eit tidlegare livs- eller utviklingsstadium, som kan henga saman med hans avgrensa tilpassing til jordelivet. Leik og rørsle, og ikkje berre lesing og pugg, ville gjort Eyolf i stand til betre å tilpassa seg livets skiftande forhold. Det overtyder Borghejms kloke, empatiske innverknad og darwinismens tankar om oppseding oss om.

Eg peikte òg på samanhengen mellom Alfreds mislykka moralfilosofiske avhandling og hans egoisme og manglande interesse for og medkjensle med andre. I den darwinistiske konteksten gir dei mange innblikka i familiehistorikken ein peikepinn på korfor han er blitt slik, samstundes som me forstår at Alfreds eiga teoretisk-biologiske tilnærming til «det menneskelege ansvar» er etisk utilstrekkeleg. Alfred har søkt ei åndeleg sublimering av driftene (naturen) i seg og har samstundes avvist Rita, som har reagert med ei komplementær rørsle. Eyolfs død kvervlar opp gammalt grums, og nye konstallasjonar oppstår. I sluttscenen

²⁹⁰ Jørgen Lorentzen er inne på liknande tankar når han peiker på at patriarkat- og borgarskapskritikken i *Vildanden* er i tråd med brev og stortingsopprop Ibsen skreiv under på i forkant av stykket. Ifølge Lorentzen er stykkets bakgrunn politisk, men symbolikken forvirrar og gjer folk usikre (Lorentzen 2006, 825).

²⁹¹ I 1896, to år etter at *Lille Eyolf* kom ut, konstaterte ein skuffa Monrad at Spencers evolusjonisme og agnostisisme framleis hadde vid anerkjenning (Jordheim 2015, 34).

skjer det ei sameining av Ritas jordiske og Alfreds åndelege strev og lengt. Der kan det menneskelege ansvaret realiserast.²⁹²

Det temporale evolusjonsperspektivet knytte eg til romlege faktorar i teksten, m.a. i forsøket på å forstå elementsymbolikken og det at Alfred og Rita koplar si eiga sjølvforståing til jord, himmel og hav. Eg viste òg korleis Ibsen skildrar evolusjonen og dynamikken mellom åndelege og fysiske prosessar, i den metaforiske bruken av topografien og elementa vatn, jord og luft, slik òg Kielland gjer i *Mennesker og dyr* (1891).²⁹³ Konflikten i stykket relaterte eg til det vertikale spennet som strekker seg gjennom teksten og illustrerer forskjellen mellom ånd og drift, personifisert ved ekteparets motsetnader, før dei i sluttscenen møtest. Tolkninga av det romleg-vertikale aspektet knytte eg til orienterings- og primærmetaforar frå den kognitive omgrepsmetaforteorien, som i likskap med evolusjonsteorien ser den oppreiste gangen og det å beherska tyngdekrafta som fundamental for utviklinga av språk og tanke, og for posisjonen som mogleggjer det å sjå seg sjølv som noko anna enn omgivnadene rundt. Den oppreiste gangen kan m.a.o. betraktast som opphavet til dualismen *natur-kultur*. Eyolf, som gjerne vil læra å svømme, og som i likskap med faren har lengta etter å komma seg opp i høgda, kan ikkje gå utan krykke og endar på havbotnen med krykka flytande på overflata.

Eg viste òg at drukninga medførte endringar for heile lokalsamfunnet. Eyolf tapar i kampen for tilværet. Dei fattige gutane, som både kan svømme og klatra, skal få komma «i Eyolfs sted». Katalysator for drukninga og endringane i kjølvatnet av den er den mangesidige og fleirtydige frøken Varg, alias Rottejomfruen, og hennar Mopsemann, ein duo med ei vid metaforisk referanseramme som lekamleggjer eit evolusjonsspenn frå den ville vargen til den tamde, overkultiverte og degenererte skjødehunden. Saman kan dei lesast som ein mytologisk personifikasjon av det naturlege utvalet og ei besjeling av det empiriske fenomenet evolusjon. Eyolfs død er m.a.o. eit resultat av at Rottejomfruen selekterer han vekk.

Frøken Varg med sin Mopsemand lekamleggjer den menneskeskapte makroevolusjonen der hunden er oppstått som følge av menneska si gradvise temjing av ulven, og vidare er mopsen eit produkt av ein menneskeskapt mikroevolusjon innanfor hundeslekta (Løvland 2017, 66).

²⁹² Dette kan lesast som ein naturvitskapleg inspirert kjemi-analogi om reaksjonane mellom ektefellane (som Asta og Borghejm òg var del av), og har likskap med *Die Wahlverwandschaften* av Goethe (1809) og Strindbergs fabel «Naturligt urval eller den fria kärleken» (1885).

²⁹³ Kielland var veldig opptatt av forholdet mellom menneske og dyr. Før Kielland begynte å skriva bøker, heldt han på med ei avhandling om dyrevern (Apeland 1971, 287–88 i Rem 2014, 170), og i 1891 kom han med essaysamlinga *Mennesker og Dyr*.

Mopserasen er eit skada og dysfunksjonelt resultat av ein overdriven, einsidig, skadeleg og egoistisk avslprosess der fleire av dei framavla rasetyperiske trekka hemmar dyrets funksjonsevne (m.a. andedrett og hjartefunksjon). Rottejomfruen kallar Mopsemann «et lidet skabilken», eit ord som framhevar at hunden har blitt utsett for ein kunstig formingsprosess (*vanskapning, dårleg forma, vrengebilde, karikatur* – oppført som synonym i BOB og NOB). I masteroppgåva skreiv eg at det var noko vanskapt, degenerert og *unheimlich* over Mopsemand (sst.). Etter at eg seinare har sett meg meir inn i degenerasjonslæra, og veit kor utbreidd desse tankane var då stykket blei skrive, ser eg at fleire av tekstelementa høyrer heime i denne konteksten. Ved å undersøka dei nærare kan me både auka innsikta i korfor Eyolf døyr, og i korfor foreldra, i motsetnad til Rebekka og Rosmer, bestemmer seg for å leva vidare, trass i at dei tilsynelatande har eit verre utgangspunkt. Derfor vil eg nå ta fatt på den vidare analysen av stykket.

Alfred – Eyolf. Tilbakegang.

Eyolf er ein av fleire sjuke ungar i Ibsens oeuvre, og familien Allmers er ein av Ibsen-familiane som er i ferd med å døy ut. Eyolfs mystiske død utmerker seg likevel ved at han best lar seg forklara når ein ser han i lys av evolusjonsdiskursen. Eyolf har blitt utsett for einsidig og hard kultivering, og i likskap med Mopsemand har heller ikkje Eyolf fått tilpassa seg det naturlege livet. Frå eit darwinistisk perspektiv kan dei begge lesast som representantar for ei feilslått utvikling som resulterer i at dei går tapande ut av kampen for tilværet. Her vil eg spesifikt studera dette tilfellet av barnedød i lys av degenerasjons- og tilbakegangs-diskursen – jf. Buchholz' utsagn om at «Tilbagegangen i det Hele er paaviselig ved den *for tidlige Dødelighed*, der viser et Folks og Slægters lave Udviklingstrin eller Arvelighedsforhold» (1884, 1). «I min slægt plejer jo ikke folk at bli' gamle –», lar Ibsen Alfred Allmers seia (74). M.a.o. gjeld «den for tidlige dødelighed» ikkje berre Eyolf, men heile slekta på farens side. Alfred er påfallande opptatt av slekt og arvelege overføringar. Sjølv om han trur på ei utvikling mot gradvis større fullkommenskap, har slekta vist seg svak og lite framgangsrik. I tillegg til at dei døyr unge, er alle fattige, viss me ser vekk frå Alfred som har gifta seg til rikdom (41). Men Alfreds plan om å gjera Eyolf til slektas *fuldfærdige* fell i grus då Eyolf døyr på prosjektets første dag. I staden blir det tilbakegang for familien Allmers, for nå har dei ingen etterkommarar, og som dei fleste Ibsen-para som mistar borna sine, vurderer heller ikkje dei å laga nye born. «It is a singular circumstance that when only children die, to their parents' distress, no one in Ibsen's plays thinks of their replacement in the normal manner (e.g. in *Brand* and *Little Eyolf*)», påpeiker Downs (1946, 75). I lys av

degenerasjonsteorien er det derimot ikkje så rart. Skal det døde barnet fungera som eit symptom på, og resultat av, ein families tilbakegang og manglande framtid, er det ikkje rom for håp om fleire eigne barn.

Degenerasjonstematikken og fokuset på slekt og slektskap er like sterkt til stades i *Lille Eyolf* som i *Rosmersholm*, for i tillegg til Eyolfs tidlege død, som kan forklarast som resultat av at oppsedinga han har fått, har gjort han «unfit» i kampen for tilværet, har Ibsen utstyrt familien med fleire trekk som i samtida blei sett på som teikn på *udartning*. Fleire av desse trekka har Alfred og sonen felles, noko som bygger opp under tanken om at dei er overført ved arv. Der Mortensgård er den einaste me i *Rosmersholm* får vita noko om utsjånaden til, får me i *Lille Eyolf* opplysningar om utsjånaden til alle. Alfred Allmers er «*en slank, finbygget mand på 36–37 år, med milde øjne, tyndt brunt hår og skæg. Over hans ansigt hviler et alvorligt, tankefuldt drag*» (8). I dei eldste utkasta hadde han tjukkare skjegg og hår, men Ibsen endra det i sluttprosessen: På den eine sida måtte Alfred sjå ut som ein det ikkje verkar usannsynleg at både Rita og Asta blir tiltrekt av, samstundes som det òg måtte verka truverdig at han ville avslå å ha sex med Asta. Fleire av Alfreds trekk høyrer til på Lombrosos liste over kjenneteikna på degenerasjon: Lite hår- og skjeggvekst, ein mager kropp, dårleg moralsk sans og ein tendens til stumheit – jf. at det to gonger blir peikt på at Alfred «går så stille med alting» (6, 73) – noko som kan slå over i ordgyteri og bruk av magiske mantra (Lombroso 1891, vii), jf. Alfreds ordgyteri om den nye planen for seg og Eyolf, eller gjentakning av mantraliknande uttrykk som «forvandlingens lov» eller Ritas «gull og grønne skoger».

I 1893, året før Ibsen skreiv *Lille Eyolf*, stod ei omsetjing av Lombrosos melding av *Gengangere* i *Samtiden*. I tillegg til å fortelja om stykkets suksess i Italia hevda Lombroso at det var ein «symbolsk karrikatur» av degenerasjonslæras grunntanke, «at fædrenes svagheder og sygdomme i stadig forøget maalestok gaar i arv fra generation til generation, indtil slegten ender med at opløses» (1893, 395).²⁹⁴ Ifølge Lombroso framstilte Ibsen degenerasjonen ved å la borna gjenta foreldras gestar og ordelag. Me kan slå fast at artikkelen ikkje har verka avskrekkande på Ibsen, som nokre månader seinare framstiller Eyolf med mange av dei same trekka som faren, for deretter å senda han i drukningsdøden.

²⁹⁴ «Nogle af vore aviser tilskriver den nye anthropologisk-psykologiske skole æren for denne triumf, fordi denne, som de mener, med sin betoning af lastens organiske betingethed og forbrydelsens atavistiske oprindelse har forberedt stemningen for de idéer og problemer, som bourgeoisier fra først af fandt saa usmagelige hos Ibsen» (Lombroso 1893, 395).

Både far–son-forholdet i stykket og Alfreds plan bygger på ein lamarckistisk tankegang.²⁹⁵

«In dem ‘kleinen Eyolf zeigen sich die Betörung und die Schwäche des Vaters wieder, aber in verstärkter, versteigerter Form, wie dies bei Kindern solcher Väter oft vorkommt’», skal Ibsen ha skrive i eit brev til Prozor, ifølge Reich (1925, 417) sitert i Dalen (1970, 35).²⁹⁶ Seip formulerer det slik:

I en samtale med grev Prozor har Ibsen antydnet at farens karaktersvakhet kommer til syne hos gutten i forsterket grad, «slik som dette så ofte forekommer med barn av slike fedre. At denne egenskap går enda lenger tilbake i slekten, antyder Ibsen i stykket der Allmers sier til Asta: «Far som ellers var så blød og varmhjertet –. Så venlig imod alle mennesker –.» Det er Ibsens interesse for nedarvede egenskaper som her dukker op. (233)

Betörung tyder forelsking, fascinasjon, og *Schwäche* svakheit. På same vis som Alfred i møtet med Rita, kjenner Eyolf òg ei blanding av skrekk, avsky og tiltrekking overfor Rottejomfruen og Mopsemand, som gjer at han følger etter dei:

Rottejomfruen Synes ikke den unge herre, at han har et mildt og elskeligt åsyn?
Eyolf *forbausest, peger* Den der! **Rottejomfruen** Ja, just han. **Eyolf** *halv sagte, stirrer* *ufravendt på hunden* Jeg synes, han har det forfærdeligste – åsyn, jeg har sét.
Rottejomfruen *lukker posen* Å, det kommer. Det kommer nok. **Eyolf** *går uvilkårlig* *nærmere, helt hen, og stryger let over posen* Dejlige, – dejlig er han alligevel. (14)

Denne fascinasjonen har destruktive, fatale konsekvensar både for far og son. I starten av skriveprosessen gjorde Ibsen stadig meir tydeleg at Eyolfs svakheit stammar frå faren. Alfred er m.a. redd for å vera åleine: «**Allmers** Der er noget grufuldt i det at være alene. Det ligesom isner i mig—» (66). Men i slutfasen kutta Ibsen fleire av replikkane som uttrykte kor redd og engsteleg Eyolf var for alt, og i staden fekk han ein lam venstrefot.

Den same tankegangen ligg òg til grunn for degenerasjonslæra. Darwinismen meinte at seksuelle problem kan påverka arvematerialet og prega avkommet, og både hos Bjørnson og Ibsen finn me denne samanhengen mellom moral og sedskap. I *Det flager* skriv Bjørnson at ‘karakterløshet’ er «frukt av fedrenes synd i det kjønnslige» «sædvanlig pådratt i flere led, og

²⁹⁵ Me kan finna mange eksempel på at Ibsen lar ungane føra vidare karaktertrekk frå fedrane (jf. t.d. *Gengangere* og *Peer Gynt*, der den grønkleddes son er lam på skanken, som faren er lam på sinnet). At ungane slik blir prega av fedranes vaner og livsførsel, er i tråd med eit lamarckistisk menneskesyn. Men liknande tankar finn me allereie i Bibelen: I Jeremia 31–32 (GT) står det at ungar kan få dårlege tenner viss fedrane et dårlege druer, og i 2. Mosebok 20 kan me lesa at fedranes synder kan heimsøka born i fleire ledd. I Montaignes *Essay* kan me lesa at kvar «sæddråpe bærer i sig indtryk ei blot av den legemlige form, men ogsaa af vore fedres tanker og tilbøjeligheter» (sitert i Gjellerup 1881, 20). Ifølge Spencer spegla ungane foreldra sine «ufullkommenheter», og dei «slette lidenskaber» som foreldra prøver dempa hos borna sine, er eigentleg deira egne (Spencer 1895, 72). Lamarck og darwinistane bygde m.a.o. vidare på gamle forestillingar, som ein seinare meinte var tilbakevist med Weissman, men som i dag er reaktualisert gjennom epigenetikken.

²⁹⁶ Delar av dette og dei kommande avsnitta om den lamarckistiske framstillinga av forholdet mellom far og son har eg òg tatt føre meg i masteroppgåva, i kapittelet «Som far, så son. Lamarckisme?» (40–42).

kanske øket i det siste» (127).²⁹⁷ Og både Eyolf og Alfred har trekk som kan kallast svake og karakterlause. Alfred blir òg skildra som relativt kraftlaus, særleg samanlikna med den handlekraftige, venlege og dynamiske Borgheim, som Ibsen frå første stund vektlegg at er lett, hurtig og rank: «*Det banker let og hurtigt på døren til højre. Ingeniør Borgheim træder rask ind. Han er en ung mand på vel 30 år. Lyst og frejdigt udtryk. Rank holdning*» (21). Alfred, derimot, er treig og har tydeleg aggressive sider som m.a. kjem til syne når han ber Rita riva rønnene til strandsittarane:

Allmers går fremover Bare slagsmål, – som vanligt. **Rita** Nede på stranden? **Allmers** Ja. Hele strandstedet burde ryddes. Nu er mændene kommet hjem. Drukne, som de plejer. Pryglør børnene. Hør, hvor gutterne skriger! Kvinderne hyler om hjælp for dem – **Rita** Ja, skulde vi ikke få nogen ned og hjælpe dem? **Allmers** hård og vred Hjælp dem, som ikke hjalp Eyolf! Nej, lad dem bare forgå, – ligesom de lod Eyolf forgå! **Rita** Å, du må ikke tale så, Alfred! Ikke tænke så! **Allmers** Jeg kan ikke tænke anderledes. Alle de gamle rønnerne bør rives ned. **Rita** Og hvad skal der så bli' af de mange fattige mennesker? **Allmers** De får ty andetsteds hen. **Rita** Og børnene da? **Allmers** Kan det ikke være så omtrent det samme, hvor de går til grunde? (75–76)

Alfreds aggressive sider kjem òg til syne då det blir framheva at han *truende* seier at «de gutterne, de skal engang få føle, hvem der er herrer dernede på stranden!» (12) – eit trugsmål som, i tillegg til å bli følgd opp av at Eyolf druknar medan gutane står og ser på, endar med at gutane skal overta Eyolfs plass. Det var m.a.o. dei fattige ungane, og ikkje familien Allmers som var herrane på stranda.

Det er fleire faktorar, og ikkje først og fremst krykka, som gjer at Eyolf «*ser sykkelig ud*». I eit brev til Peter Hansen (15.12.1894) skreiv Ibsen: «Pass ved indstuderingen på at Eyolf ikke slæber sig på krykken som en lidende patient, der netop er kommen op af sygesengen. Han er vant til den sport; har gået med krykke al sin tid og hjælper sig nokså godt til rette» (B18941215PHa2).²⁹⁸ Som faren viser òg Eyolf ein brutalitet når det gjeld gutane på stranda,

²⁹⁷ Sannsynlegheita er stor for at Ibsen las Bjørnsons skuleroman, *Det flager i byen og på havnen* som kom ut i 1884. Hovudpersonens, lærar Rendalens, skule bygger på Spencers pedagogikk. Her nyttar Tomasine Rendalen same metaforar om oppsedinga av sonen sin som Alfred nyttar om Eyolf (Bjørnson 1884, 137). Ho spør seg om ikkje arbeidet med å forvandla arven frå forfedrane hans – å rydda vekk familieportretta og prøva å få litt barnelatter inn i huset (jf. *Rosmersholm*, som kom to år etter) – var «et eventyr?» (sst.) (jf. Alfred som òg omtalar livet sitt som eit eventyr, 18). I romanen blir lærar Rendalen spurt om å halda føredrag om *Gengangere* i jenteforeninga på skulen, noko han avslår for i staden å halda eit intenst innlegg mot at sjuke og svekka folk gifte seg og fekk ungar som arva foreldras sjelelege og fysiske skavankar (Bjørnson 1884, 189). I boka blir det å forvandla den sjelelege arven som forgjengarane vanar og moral hadde overført til etterkommarane, m.a.o. Bjørnsons lamarckisme, skildra både indirekte gjennom handling og karakterutvikling, og direkte som samtaletema. Det er ein tydeleg samanheng mellom karakteranes ytre trekk og indre eigenskapar, som òg blir relatert til arvelege faktorar i resten av slekta, og legg sterke føringar for enkeltindividias utviklingsmoglegheiter. Men determinismen er ikkje total; bevisst og klok oppseding og partnarval kan verka regenererande på utviklinga.

²⁹⁸ Hansen, som var kunstnarleg leiar hos sjefen for Det kongelige Theater, sette opp *Lille Eyolf*; som hadde premiere i Danmark 13. mars 1895 (HIS).

som han seier han slår viss dei gjer narr av dei fine kleda hans (12). Denne brutaliteten ser me òg når Alfred prøver legga skulda for Eyolfs død over på Rita (47). Og både far og son har ein påfallande mangel på sjølvinnsikt, noko som m.a. kjem til uttrykk i Eyolfs ønske om å bli soldat. Denne mangelen på sjølvinnsikt frå Eyolfs side irriterer Alfred, noko som ikkje blir betre av at Eyolf har mast om å få ha på seg soldatuniform i høve farens heimkomst. Som eg skreiv i masteroppgåva, kan dette ønsket botna i eit behov for å framstå så sterk og modig som han føler faren skulle ønskt at han eigentleg var, og slik kompensera for krykka som han veit at faren mildt sagt har eit anstrengt forhold til (Løvland 2017, 57). Men trass i at Alfred lar seg irritera av Eyolf, er han ganske blind for sine eigne kompensasjonsforsøk og blir fornærma når Rita og Asta undrar seg over at han ikkje både kan skriva og vera far for Eyolf (21). Ut frå dei opplysningane me har om far til Alfred, delte han denne blandinga av svakheit og brutalitet: Sjølv om han alltid var så venleg mot alle, var han ikkje det overfor Asta – kan hende fordi han visste at mor til Asta var utru, og at Asta ikkje var dottera hans (Løvland 2017, 41).

Allmers Far var aldrig rigtig snil imod dig. **Asta hæftig** Å sig da ikke det! **Allmers** [...] Han holdt ikke af dig. Ikke sådan, som han skulde. **Asta undvigende** Nej, kanské ikke sådan, som han holdt af dig. Det var da rimeligt. **Allmers vedbliver** Og hård var han ofte imod din mor også. I alt fald i de sidste årene. **Asta sagte** Mor var jo så meget, meget yngre end han. Husk på det. **Allmers** Tror du ikke, at de passed rigtig sammen? **Asta** Kanské de ikke gjorde det. **Allmers** Ja, men alligevel –. Far, som ellers var så blød og varmhjertet –. Så venlig imod alle mennesker – **Asta stille** Mor var vel heller ikke altid, som hun skulde være. (42–43)

Astas mor var mykje yngre enn han, så det kan sjå ut til at både han og Alfred har valt seg ektefelle ut frå begjær, heller enn kjærleik og tilhøyrslø. Alfred seier sjølv at han gifta seg fordi Rita «var så fortærende dejlig», og fordi ho var rik og han «havde Asta at tænke på» (54–55).

Mykje talar for at Alfred elsker Asta og har gjort det lenge. Då Asta var lita, kledde Alfred henne i dei gamle gutekleda sine, og blikka som han sender henne når han mimrar tilbake og skildrar korleis ho kledde av seg, har mange tolka som teikn på at han var tiltrekt av henne. Incest og andre seksuelle avvik blei sett på som utarting. Det same gjaldt det å vera seksuelt tiltrekt av same kjønn – at Alfred vil ha henne i guteklede og kalla henne Eyolf, kan tolkast som uttrykk for at han er tiltrekt av gutar, slik fleire har vore inne på (Løvland 2017, 22).²⁹⁹

²⁹⁹ «Den ikke-reproduktive seksualiteten ble ansett som et av de siste leddene i en slekts forfallshistorie og var i så måte et av de mest alvorlige tegnene på degenerasjon» (Warberg 2016, 101).

Familien Allmers' skjebne og utvikling kan lesast som eksempel på degenerasjonens tre fasar, og slektas «Tilbagegang i Udvikling, Livsevne og Levetid», slik Buchholz skildra det i «Arvelighed og Æsthetik» (1882) og i tobindsverket *Om Folks og Slægters Tilbagegang* to år seinare: At Alfred ikkje lenger klarar skriva, kan skuldast ein slags «Aandssløvhed», og når Asta forferda lurar på kva han har gjort på fjellet, forklarar han det med at han «bare har gået og tænkt og tænkt og tænkt» (8).

Asta Har du ikke skrevet –! **Rita** Å så! Jeg kunde ikke skønne, at alt papiret lå urørt i kufferten. **Asta** Men, kære Alfred, hvad har du da bestilt i al den tid? **Allmers** *smiler* Bare gået og tænkt og tænkt og tænkt. (8)

Men det einaste han kom fram til, var at han skulle gi opp skrivinga og heller vera far. Sjølv om Alfred repeterer 'tænkt' fleire gonger, verker ikkje Alfreds tankeverksemd vidare overtydande. Tvert imot får me seinare vita at avgjerda om å venda heim og vera far for Eyolf blei tatt utan at han tenkte (74) (Løvland 2017, 27).

Og både oppførselen overfor Asta då ho var lita, og det at han seinare i hemmelegheit oppkalla sonen sin etter henne, kan lesast som «Mangel paa moralsk Selvretning, der foranlediger unaturlige Livsformer», slik Buchholz skildra degenerasjonens tre faser i «Arvelighed og Æsthetik» (1882). Frå det perspektivet kan ein tolka Eyolfs lamme fot som ein «Tilbagegang i Organisation», som først blir synleg på degenerasjonens andre utviklingstrinn: «en lavere Typeform», «med svag Livsevne» og «Vanhelse». «En svækket organisme vil alletider paa en eller anden maade gjengives paa 1ste udviklingstrin, hvor følgerne imidlertid forbliver skjulte, til det 2det trin naaes» (Buchholz 1882, 6). Sidan Eyolf var så liten då fallet frå stallebordet skjedde, kan ein ikkje vera sikker på at det var då lamminga oppstod. At han seinare ikkje kunne gå på foten, kan skuldast ein medfødt *tilbagegang i organisation*, men uansett heng lamminga saman med det som kan karakteriserast som «Mangel paa moralsk Selvretning» frå foreldra den kvelden då dei gjekk frå Eyolf på stallebordet. Den kvelden røpte Alfred bakgrunnen for sonens namn – grunnlaget for Ritass sjalusi overfor begge Eyolf-ane, og den seinare neglisjeringa av sonens behov. Den milde, diskrete tanta, alias Store Eyolf, spelar m.a.o. ei viktig rolle i Eyolfs skjebne.

Asta – hushaldsnonne?

Tidleg i stykket blir me klar over at relasjonen mellom Alfred og Asta rommar meir enn eit vanleg søskenforhold, og at *Lille Eyolf* òg er bygd opp rundt trekantforholdet mannen mellom to kvinner, som går igjen hos Ibsen frå første skodespel. Kanskje har det vore medverkande til

at Rita og Asta har blitt lesne i lys av den vanlege «hore og madonna»-dikotomien: Rita som den erotiske og farlege, Asta som den dydige og gode. Sjølv om me i seinare forskning finn fleire som meiner Ibsen fyller trekant-sjablongen med nytt innhald, gjeld det i liten grad resepsjonens oppfatning av Asta og Rita, noko som ser ut til å vera symptomatisk for den manglande interessa forskingstradisjonen har vist *Lille Eyolf*. Eit unntak er Rekdal som skriv at «Ritas blonde hår og Astas mørke kan være en antydning om at Ibsen søker å forvirre i forhold til den romantiske sjablonen» (Rekdal 2012, 357), og Moi som på meir generelt grunnlag skriv at Ibsen øydelegg idealismens dikotomisering av kvinna som anten hore eller madonna (Moi 2006, 19).

Men det kan òg skuldast at me i første del av stykket får inntrykk av at Asta og Rita *er* utforma over denne dualiteten, viss me ser vekk frå at Rita har lyst hår og lys kjole, medan Asta har mørkt hår, lysbrun sommardrakt og «*dybe, alvorlige øjne*» (5). I kontrast til den yppige og seksuelt pågåande Rita er det lett å oppfatta Asta som den romantiske *angel of the house*, Alfreds og Eyolfs gode hjelpar. Det gjer m.a. Seip, som meiner det er av rein godhug ho til slutt dreg bort med Borghejm (1935, 236). Men den gradvis avdekkande retrospeksjonen avslører etter kvart at førsteinntrykket av Asta og Rita som desse tradisjonelle kvinnestereotypiane er misvisande. I siste halvdel av stykket blir me kjent med andre sider ved kvinnene som gjer at dei ikkje lenger passar inn i dikotomien *dydig-seksuell*, eller *god-slem*. Når me kjenner historia bak namnet Eyolf – «det kaos av begjær som Allmers har instituert i familien gjennom navnet Eyolf» (Rekdal 2008, 362) – blir det lettare å forstå Ritas oppførsel og hennar angst og sjalusi. Då skjønner me òg kor skadeleg Astas innblanding er, og at ho kjempar ein relativt stillferdig, men innbiten kamp om Alfred. Likevel har mange vore blinde for dei øydeleggande konsekvensane av Astas grenseoverskridande rolle i familien. Den dominerande oppfatninga har i staden vore einsidig og klisjéprega. Brandes kalla Asta «uselvvisk og stillferdig», og 12.12.1894 skreiv meldaren i *The Daily Chronicle* at «de to kvinnene i stykket er begge kvinnelige, især Asta, som ikke har det minste troll i seg [...] Det ser ut til at dikteren vil ha sagt at personene er jordmennesker, selv om de også er i slekt med hav og himmel».³⁰⁰

At samtida oppfatta Asta som så sjølvutslettande, kan skuldast at vesentlege trekk ved henne passar inn i den dydige sjablongen *the household nun*, ei veletablert førestilling i forlenginga av romantikkens kvinneideal, og i tråd med Auguste Comtes idé om den frelsande, reine

³⁰⁰ Anonym 1894e sitert i Seips HU-innleiing, men utelaten frå HIS' oversikt over meldingar av stykket.

kvinna som skulle verka heilande og inspirerande på mannen. Comte meinte kvinna viktigaste oppgåve var å fungera frelsande og inspirerande for mannen. Sjølv om Comte ikkje var ein evolusjonist, tenkte han at menneskenaturen var forankra i biologien, og han var ein inspirasjon for fleire av evolusjonistane – deriblant Darwin og Spencer. Ifølge Dijkstra finn ein mange døme på at 1800-talsmannen ønskte seg ei kvinne som var ei forlenging av han sjølv, «who would let herself be absorbed into the being of her heroic defender». «In the mid-nineteenth-century mythology the worldly success of the male was deemed to be inextricably intertwined with the self-denial of woman» (Dijkstra 1986, 20). Overfor Alfred blei dette tidleg Astas rolle, som han forsøker halda fast ved òg etter giftemålet. For den sjølvpålagte ateisten Alfred utgjer Asta heile den kvinnelege treeinigheita: mor, kjærast og dotter, i tråd med Comtes idé om kvinna sjølvoppofrande, Kristus-erstattande rolle, til forløyseing for mannens og menneskeheitas syndige sjel (Comte I, 212, sitert i Dijkstra 1986, 10–11, 14, 19, 32–3). Fungerte den kvinnelege inspirasjonen på rette måten, kunne ho, ifølge Comte, styrka mannens hjerne på ein reinsande, oppkvikkande måte (Comte 1854, 98).

Dijkstra finn mange døme på denne kvinnerolla i den engelske 1800-talslitteraturen: «The cult of women as household nun was taken up far and wide, with Dickens doing much of the most effective flag waving» med sine «endlessly supportive feminine burden bearers» (13). «Hushaldsnonna» inngår derimot ikkje i det mange omtalar som *Ibsen-kvinnene*, sjølv om ei av kvinnene i dei skodespela som er bygd opp rundt trekantkonflikten, ofte passar til dette bildet – der *Peer Gynt's* Solveig (1867) er den mest kjente av desse madonna-liknande karakterane, og *Catilinas* Aurelia den første. I siste halvdel av forfattarskapen blir kvinnekarakterane meir samansette, utan at hushaldsnonna forsvinn totalt. Gjennom heile forfattarskapen har kvinna rolla som inspirator og muse for dei ambisiøse mennene, der dei kjempar sine kampar i yrkeslivet og offentlegheita.

Asta har hatt rolla som hushaldsnonne frå ho som ganske lita mista mor si. Ho har fungert som Alfreds sjeleven, har spegla og inspirert han heilt sidan dei budde for seg sjølve, og han livnærte dei gjennom artiklane sine: «**Allmers** Ja, jeg tror, at samlivet alligevel har præget os begge to efter hinandens billede. I sindet, mener jeg. **Asta** varmt bevæget Å, det må du aldrig sige, Alfred. Det er mig alene, som har taget mit præg efter dig. Og det er dig, som jeg skylder *alt*, – *alt godt* i verden» (42). Avhandlingsarbeidet har heile tida skjedd i dialog med Asta. Åleine i fjella får han ikkje skrive noko. Og når Eyolf er død, ber han om å få komma «hjem til dig for at renses og forædles fra samlivet med –» (57). Her erstattar han 'Rita' med ein aposiopese. Alfreds haldning samsvarar med resepsjonens og samtidsdiskursens

dikotomisering, der han vil at Asta skal reinska og forløysa det som han meiner samlivet med Rita har skitna han til med. I likskap med store delar av resepsjonen held han fast ved den madonna-rolla han har plassert Asta i, òg når ho viser at kjenslene ho har for han, går ut over søster- eller madonna-rolla. Men at det er så maktpåliggande for henne å få fortalt Alfred at dei ikkje er i slekt, vitnar om at ho er ei «vanleg, jordisk» kvinne med eit spekter av følelsar som bryt med den stereotypien ho blir oppfatta som.

Då Asta var lita, reagerte Alfred på at faren ikkje var snill med henne, noko Alfred prøvde bøta på: «Og så syntes jeg altid, at jeg havde så megen uret at gøre god igen også» (42–43). Sidan Alfred blei vaksen medan Asta framleis var eit barn, gjekk han òg inn i ei slags farsrolle for henne, og slik utgjer Asta heile den treeinige mor–kjærast–dotter-forløysaren – samstundes som ho først og fremst er søstera, eller halvsøstera, heilt til dei får vita at dei ikkje er i slekt likevel. Forholdet blir endå meir komplisert når me får høyra at han kalla henne Eyolf fordi han skamma seg over å ha ei søster – «**Asta** For du skammed dig over, at du ikke havde nogen bror. Bare en søster. **Allmers** Nej, det var såmænd dig, du. *Du* skammed dig» (39).

Dei mista tidleg mødrene sine. At Alfred ikkje er interessert i å lesa breva til Astas mor, tyder på at han aldri fekk noko nært forhold til stemor si. Asta er einig i at dei fekk det *deilig* etter at ho og Alfred blei åleine (38). Etter dåtidas målestokk ville forholdet deira utvilsamt kunne kallast *udartet*. At ansvaret for Asta var motivasjonen for å gifta seg med Rita og rikdommen hennar, gjer at frukta av det forkrøpla ekteskapet, litle Eyolf, framstår som den personifiserte tilbakegangen, det degenererte resultatet av fleire generasjonars usunne og destruktive familieforhold.

Men som me veit, avvik synet mitt på Asta frå den gjengse oppfatninga av henne. Som eg skreiv i masteroppgåva, er det i mine auge ikkje tvil om at Asta, etter at ho har fått vita at ho og Alfred ikkje er i slekt, augnar moglegheita for ein ny relasjon til han, ein relasjon der den erotiske tiltrekkinga mellom dei ikkje er like tabu som før. Før ho kom over moras gamle brev der det står at ho og Alfred ikkje har same far, har alle trudd at ho vil komma til å følga Borghejm når han nå skal reisa nordover, men til Borghejms og Ritas forbausing avviser ho han plutseleg. Og trass i Eyolfs brå død har Asta gjennom heile stykket berre eitt mål for auge: å få fortalt Alfred at dei ikkje er i slekt. Med Eyolfs død opnar det seg nye moglegheiter for henne, og det blir endå viktigare å få fortalt Alfred at dei ikkje er søsken. I motsetnad til dei andre ser ikkje Asta ut til å bli prega av drukninga. Heile tida har ho berre forholdet til

Alfred i tankane. Dette blir me gjort merksame på då Borgheim, i tredje akt, kjem inn på Eyolfs død, og me forstår at Asta alt har gløymt det: «**Borgheim** – Og så *det* til – *det*, som med et eneste slag forandrer Deres stilling herude – **Asta** *farer sammen* Hvad mener De med *det*? **Borgheim** Barnet som er revet bort, hvad ellers? **Asta** *fatter sig* Lille Eyolf er borte, ja» (64). Sjølv om Eyolf nettopp har drukna, har Asta tankane sine heilt andre stader. Ho blir skuffa når Alfred viser seg å vera så uinteressert i moras brev, og då han seier at relasjonen deira skal halda fram som før, òg etter at dei har funne ut at dei likevel ikkje er i slekt, er det at Asta plutselig bestemmer seg for å forlata han og reisa vekk med Borgheim. At Alfred vil halda fram med å vera bror hennar, tolkar ho som ei avvising. Når han har sagt: «Bliv – og del livet med os, Asta. Med Rita. Med mig. Med mig, – din bror!» rykker ho som i refleks handa bestemt til seg og vil brått følge Borgheim likevel (68). Den yrkesaktive og litt androgyne Asta representerer m.a.o. heller ikkje noko avvik frå Ibsens bruk av klisjeen om den intuitive, instinktive kvinna.

At Asta drar fordi ho blir skuffa, har ofte blitt oversett, slik ein har hatt ein tendens til å oversjå dei destruktive konsekvensane engasjementet hennar som reservemor og sjeleven har på familieforholda. I staden har ein tolka avreisa som konsekvens av at ho er så god og sjølvutslettande.³⁰¹ I motsetnad til mange som meiner Astas innblanding er uttrykk for positiv og sjølvutslettande ansvarskjensle, peiker òg Rekdal på at Asta konkurrerer med Rita om morsrolla (359). Astas kroppsspråk når ho er i lag med Alfred dagen etter dødsfallet, vitnar heller ikkje om sjølvutslettande dydigheit. Sjølv om ho framstår som meir avbalansert og reflekterande enn Rita, kjem det klart fram at Asta kan ta avgjerder og endra meining kjapt og intuitivt, noko ikkje berre sist nemnde scene vitnar om, men òg opningsscenen der ho impulsivt drar på overraskingsbesøk til Eyolf og Rita og til si glede finn Alfred heimkommen frå fjellet, fleire dagar før han var ventande. Og sjølv om Asta jobbar som lærar, stoppar ikkje ansvaret og forpliktingane som følger med lærarstillinga, henne frå å flytta nordover med Borgheim på dagen. Slik lar Ibsen det å slå seg i hop med ein mann me veit ho ikkje elsker, vera eit meir nærliggande alternativ for henne enn å dra tilbake til byen og halda fram i lærarjobben sin på eiga hand. Kontrasten til den meir vampyraktige Rita, som verken prøver skjula begjæret eller dei sjølvopptatte sidene sine, har truleg ein forsterkande effekt på bildet av Asta som fornuftig, dydig og sjølvoppofrande. Men heller ikkje Asta er noko unntak frå

³⁰¹ Ifølge Rønning tar Asta til takke med Borgheim «først når det viser seg at hennes forhold til Alfred ikke lenger kan tolkes som et mellom bror og søster, men som et uttrykk for seksuell drift» (2007, 307).

ideen om den instinktdrivne, impulsive kvinne som først og fremst er opptatt av å finna seg ein mannleg beskyttar.

Mange har tolka Rottejomfruen som ei materialisering av Ritas underbevisstheit, m.a. fordi ho er sjalu på Eyolf og vil ha Alfred for seg sjølv. I masteroppgåva tar eg til orde for at det er vel så mykje som talar for å lesa Rottejomfruen som lekamleggjeringa av Aastas underbevisstheit. Asta, som oppfører seg apatisk når Rottejomfruen er til stades, opptrer som om dei var dobbeltgjengarar (Løvland 2017, 59–60). Her kan eg føya til at skildringa av Aastas utsjånad i scenetilvisingane bortimot er parallelle til skildringane av Rottejomfruen. Medan det raskt blir slått fast at Rita er «en smuk, temmelig stor, yppig, blond dame på omkring 30 år. Klædt i lys morgenkjole», blir både Asta og Rottejomfruen skildra i det dei «kommer ind gennem døren til højre» (5, 12), dei er tynne; Asta: «klædt i lysbrun sommerdragt med hat, jakke og parasol. Under armen har hun en temmelig stor låset mappe» (5), Rottejomfruen: «Klædt i en gammeldags, blomstret kjole med sort kysehat og saloppe. I hånden har hun en stor rød paraply og på armen, i en snor, en sort pose» (12). Asta har «mørkt hår og dybe, alvorlige øjne» (5), Rottejomfruen er «gråhåret, med hvasse, stikkende øjne» (12). Men sjølv om det er fleire samband mellom frøken Varg og Asta, materialiserer Rottejomfruen langt større forhold enn underbevisstheita til ein av rollefigurane (Løvland 2017, 58–72).

Som tidlegare nemnt har store delar av resepsjonen sett Alfreds begjær overfor Asta som tekstens mest sentrale element. Ifølge Rekdal er det begjæret «som driver fram ønsket om å være far for lille Eyolf, slik at han i ly av faderskapet kan vende seg mot store Eyolf/Asta» (2008, 363). Eg støttar derimot Bjørn Hemmer som meinte «at det er en blindvei å legge for stor vekt på Allmers' seksuelle binding til Asta» (Hemmer 2003, 491). Me må ikkje oversjå at Alfred til slutt avviser ein mogleg seksuell relasjon til Asta når han står fast ved at forholdet deira skal vera som før. Rekdal, som deler Haugans oppfatning av det erotiske begjæret som drivkrafta bak alt Alfred gjer, tolkar avvisinga hans som ei flukt frå det erotiske begjæret, som på nåtidsplanet framstår «som en regressiv lengsel mot en moderlig, tilgivende instans» (Rekdal 2008, 366). Det er hushaldsnonna Asta som er denne moderlege, tilgivande instansen Alfred søker frelse hos, og i tråd med dei rådande kjønnsjablongane ser ein at denne forløysaren ikkje samstundes kan vera seksualpartnaren hans.

Som Ritas antagonist, og i tråd med førestillinga om kvinne som anten «hore eller madonna», har Aastas dempa og diskrete kamp gått mange hus forbi. Med god hjelp frå den rolla Alfred har tildelt henne som sin reinsande, forløysande, heilage treeinigheit, har Asta i staden gått inn

i resepsjonshistoria som den ueigennyttige, reine, engleaktige kvinna. Som ei Solveig er ho først og fremst ein heim for Alfreds lengtande sjel og søkande ånd. Det må det seksuelle begjæret ikkje få skitna til. Og store delar av resepsjonen har tatt like feil som Alfred. Asta er ikkje den reine heimen Alfred trur ho er. I staden for å tilby hushaldsnonnas forløyising og reinsking spelar ho ei stor rolle i den litle familiens tilbakegang og fall. Men svaret på korfor stykket ikkje endar med at nokon tar livet av seg, finn me verken hos Asta eller Alfred. Det må me søka hos Rita.

Rita – femme fatale?

Den *smukke, temmeleg store, yppige og blonde* Rita på omkring 30 år (5) er siste leddet i triangelen Allmers. I heile forfattarskapen er ho åleine om å bli omtala som ‘blond’ eller ‘temmelig stor’. I lag med Fanny Wilton og *Kejser og Galilæers* Helena er ho den einaste som blir kalla ‘yppig’. I tillegg bruker Ibsen ‘yppig’ i eit brev om ei innstudering av *Peer Gynt*. 17.11.1885, ikkje lenge før han sette i gang med *Rosmersholm*, skreiv han at

Josephson begik, efter sigende, en fejl ved iscenesætningen af stykket i Kristiania idet han lod de tre sæterjenter optræde som tre almindelige, nette, pyntede unge piger. Således har jeg ikke tænkt mig dem. Der skal være noget vildt, uvorrent, hekseagtigt over disse skikkelser. Jeg vilde gerne have de<m> fremstillet af flinke karakterskuespillerinder med yppig, dæmonisk skønhed. (B18851117Tan)

Sitatet tyder på at ‘yppig’ her konnoterer noko *vildt, uvorrent, hekseagtig*, og at *almindelige, nette, pyntede unge piger* ikkje er foreineleg med denne formen for *dæmonisk skønhed*, som peiker i retning av femme fatalen, fin-de-siècles idé om den skremmande og pirrande ville, begjærlege kvinna. Av resepsjonen blir Rita først og fremst skildra som driftsstyrt. I innleiinga til *Hundreårsutgaven* skriv Seip at «hun møtte op med et sterkt og krevende driftsliv» (Seip 1935, 232), og kjærleiken hennar er skapt av «en jeg-fylt drift, og ikke av den selvforglemmelse som vi kjenner fra Solveig, fra Nora og Lona Hessel» (231). Seip finn forgjengarar i andre av Ibsens kvinneskikkelsar, «men hun er aldrig før skildret på den måten som livsbestemt av sitt jeg-fylte driftsliv. Replikker fra Hilde går igjen» (235).

Openlyst viser ho begjæret sitt, noko som truleg er medverkande til at mange har tolka Rottejomfruen som manifesteringa av Ritas underbevisste (m.a. Helland 2000, Alnæs 2003, Stuyver 1952, Northam 1973, McFarlane 1989, Haugan 2014, Aarseth, Dalen 1970).³⁰² Som

³⁰² Les ein Rita som ei moderne Medea og Eyolfs død som eit sjalusidrap (jf. Alnæs’ «Rita, a modern Medea»), vektlegg ein berre ein liten del av Rottejomfruens mangesidigheit. Og i tillegg til at ein overser berøringspunkt mellom Rottejomfruen og dei andre i stykket, som er like sterke som dei ho har til Rita, overser ein samstundes

alle Ibsens kvinner er ho instinktiv, og vitaliteten hennar kjem tydeleg fram der me møter henne i opningsscenen, i den frodige og rikt utstyrte hagestova hennar, medan ho pakkar ut Alfreds koffert, *i varmt solskinsvejr, klædt i lys morgenkjole* (5). Ifølge Dalen har Ibsen med Rita «villet tegne et kjønnsvesen, en ren Venus-skikkelse uten interesse av et dyper e åndelig fellesskap med gjenstanden for sin kjærlighet. Dette typologiske trekk ved skikkelsen er langt mer utpreget i den endelige versjon av dramaet enn i arbeidsmanuskriptet» (Dalen 1970, 17–18). På liknande vis som Asta blir Rita raskt tilordna ein av dei to kvinne-stereotypiane. Som Aastas motpart hamnar ho i kategorien for dei freistande og farlege, som femme fatalen eller vampyrkvinna.

At Rita er rik, er det einaste me får vita om bakgrunnen hennar, noko som gjer henne mindre til ein individualitet med ei eiga historie enn dei andre karakterane i stykket. Det er henne Alfred, den *forhenværende timelæreren*, har å takka for at han nå er *ejendomsbesidder*. Som ei av få velståande Ibsen-kvinner giftar ho seg under sin stand, og slik dannar ho og Alfred eit utradisjonelt par. Meir merksemd vier likevel ikkje Ibsen Ritas historie, og når stykket er over, veit me mindre om hennar familiebakgrunn enn me visste om Rosmers forfedrar etter berre ei side av *Rosmersholm*. Òg i dette stykket ligg fokuset på mannens slekt. I Ritas tilfelle impliserer ikkje det å komma frå overklassa noko forfina eller adeleg. I staden for å vera eit kvinneleg alternativ til den rike, noble mannen har ho langt fleire fellestrekk med den ville, fattige og lite siviliserte Rebekka.

Det som derimot vitnar om at ho er den velståande, er at ho behandlar Alfred som sin eigeidom. Først etter ti års ekteskap fekk han lov til å ta seg ein lengre fjelltur:

Rita Ja, men du må huske på, at Alfred har aldrig før været borte fra mig. Aldrig så længe som et døgn engang. Aldrig i alle de ti år – **Asta** Nej, men derfor så synes jeg sandelig det var på tiden, at han fik komme lidt ud i år. Han skulde ha' gået på fjeldtur hver eneste sommer. Det skulde han ha' gjort. **Rita** *halvt smilende* Ak ja, du har godt for at snakke, du. Hvis jeg var så – så fornuftig som du, så havde jeg vel sluppet ham løs før – kanskje. (7)

Utan blygsel, men kanskje med sjølvironi, fortel ho at det er ho som bestemmer, og at det er ho som innvilgar Alfred *permission* og *lov* (21–22). «**Borghejm** Så De holder Deres mand så

at det faktisk ikkje er tydeleg at Rottejomfruen prøver lokka Eyolf. Ei slik lesing ville ein-sidedig vektlagt Ritas sjalusi og ignorert sjøve omdreingspunktet for handlinga i stykket: den nye planen for oppsedinga av Eyolf, som handlar om kva for aktivitetar som best vil gjera ungen i stand til å utvikla potensialet sitt. Overser ein tankegodset i planen, og berre fokuserer på sjalusien som planens merksemd på Eyolf utløyser hos Rita, reduserer ein planen til berre å vera endå ei avvising av Rita. Då ignorerer ein samstundes stykkets idéinnhald og det at planen føyer seg rett inn i ordskiftet om arv, oppseding og utvikling som gjekk føre seg då stykket blei skrive (Løvland 2017, 72).

stramt i tøylerne, frue? **Rita** Jeg holder på mine rettigheter» (22). Følelsane for Alfred er prega av kontrollbehov, angst, aggresjon og begjær:

Rita Nej, jeg bry'r mig ikke en smule om at være fornuftig! Jeg bry'r mig bare om dig! Om dig alene i hele verden! (*kaster sig atter om hans hals*) Om dig, om dig, om dig! **Allmers** Slip, slip, – du kvæler mig –! **Rita** *slipper ham* Gid jeg så sandt kunde! (*sér gnistrende på ham*) Å, dersom du vidste, hvor jeg har hadet dig –! (26)

Ho truar med hemn viss han stikk av: «**Rita** Jeg kaster mig lige i armene på – på den første den bedste!» T.d. ingeniør Borghejm (31). Collin, som meinte Rita kanskje var «lidet hysterisk i sin elskov», samanlikna, som tidlegare nemnt, Rita «hvem digteren har fremstillet som en af de kvinder, der bare føler sig som en halvdel, hørende til en eller anden mand», med ei slyngplante som syg «alt sit livsindhold af en mand» (1895, 226). Slik er ho utstyrt med trekk som svarar til samtidas førestilling om den seksuelt hyperaktive kvinna, som kanskje tenderer mot nymfomani.

Men Ritas sjansar hos Borghejm er små, for Ibsen lar det komma klart fram at Borghejm ikkje deler Ritas pragmatiske innstilling til kjærleiken. Den monogame Borghejm, som ifølgje arbeidsmanuskripta har fått kjærleik frå begge foreldra, elsker nemleg Asta og trur på den evige kjærleiken (22, 62, 66). Som den siviliserte og harmoniske kontrasten til ekteparet Allmers er ingeniør og vegbygger Borghejms kjærleiksevne i tråd med evolusjonistanes teori om at kjærleik er resultat av kultur og utvikling. I kontrast til Borghejms truskar verkar Ritas pragmatiske innstilling primitiv på linje med den kommanderande, barske kjærleiken hennar: «**Rita** Just det! Jeg tåler ikke at dele noget med en anden en! Ikke i kærlighed!» (48). Primitiviteten blir forsterka av at me ikkje får vita noko om bakgrunnen hennar, slik at historia og karakteren hennar framstår som mindre definert, i tråd med darwinismens teori om at utviklinga går frå det udefinerte, generelle i retning av det stadig meir spesifikke og komplekse (ein idé som i ettertid er grundig tilbakevist av nyare evolusjonsforskning).³⁰³

Som eg var inne på i kapitlet om den darwinistiske kjønnsdiskursen, framstilte Darwin menneska som den einaste arten der hannane føretar det seksuelle valet, og viss ei kvinne braut denne naturgitte regelen, var det eit regressivt trekk og eit rudiment av menneskas dyriske, primitive opphav (jf. s. 135–6). Det kvinnelege seksuelle valet blei framstilt som

³⁰³ Ifølgje Rekdals psykoanalytiske lesing kan fråværet av Ritas familiehistorie «også være forklarende ved at det representerer fråværet av en strukturerende bakgrunn [...] Med sitt dødsønske overfor lille Eyolf overskrider hun kulturens lover, og er på samme måte som Allmers bærer av strukturløsheten og sammenbruddet i den patriarkalske familien. Hennes manglende evne til å skille sjalusien overfor Asta fra omsorg og kjærlighet til lille Eyolf, er som uttrykk for destruktiv grenseløshet én fasett av den kvinnelige overskridelsen Ibsen har iscenesatt i kvinneskikkelser som Hedda Gabler og Rebekka West» (2008, 361–2).

usivilisert, og kvinnelege begjæret som primitivt, og i dette lyset er det seksuelle initiativet som kjenneteiknar Rita, og til ein viss grad Rebekka og Hilde Wangel, snarare ein atavisme enn eit moderne emansipatorisk trekk, slik mange har tolka det som.

Det første Alfred følte for Rita, var «Skræk» (54), og somme tider skremmer ho seg sjølv: «**Rita mørk** Jeg bli'r tidt ræd for mig selv. Og just derfor så må du ikke vække det onde i mig» (26). Ritas dionysiske heftigheit prøver Alfred i sin apollinske utviklingsiver å distansera seg frå.³⁰⁴ Sjølv om han synest ho er «så dejlig» (28), vil han ikkje lenger la seg lokka av henne. Heller ikkje då han, etter veker på fjellet, blei møtt med champagne og «rosenrøde skerme over begge lamperne» av ei kvitkledd Rita med utslått «rigt, duftende hår» som «flød ned over nakken og ryggen» (28). Alfred ville heller snakka om Eyolf, og då Rita begynte å kle av seg, «la' du [Alfred] dig i din seng. Og sov så inderlig godt», oppsummerer ho seinare (sst.). Som Rosmer fryktar Alfred kvinneleg begjær som han føler seg tilskitna og forderva av, og som han etter Eyolfs død vil at Asta skal reinska han frå (57).

Orda dei bruker om relasjonane i familien – *lokke, fange, kvæle* – og ord om det å ta til seg næring, t.d. «fortærende dejlig» (54, 55, 71), vitnar om kamp, jakt og ville krefter og er i tråd med den medisinske diskusjonen rundt hundreårsskiftet som ifølge Johannisson var gjennomsyra av kamp- og maktmetaforar (1996, 252). Som eg var inne på, såg darwinismen sambandet mellom «kjønslig Lyst og Grusomhed» som eit regressivt trekk (Gjellerup 1881, 128), og i «Kvinden som forbryder» frå 1896-årgangen av *Samtiden* slo historikaren Guglielmo Ferrero fast at «kvindene er gjennemgaaende slemmere, mere udholdende i sit had, grusommere i sin hevn end mændene». Kvinnene blir òg tidlegare utvikla, noko som «i følge evolutionsteorien er et bevis paa underlegenhed [...] Det er jo noksom bekjendt, at de lavere racer er tidligere modne, fysisk og moralsk, end de høiere» (Ferrero 1896 sitert i Andersen 2012, 282). Per Thomas Andersens kommentar til dette Ferrero-sitatet, i *Norsk litteraturhistorie*, er at «reaksjonære holdninger kunne altså koble seg til tidens progressive teorier på underlig vis» (Andersen 2012, 282). Den kontekstuelle analysen min viser derimot at dette var gjengse, veletablerte førestillingar og ikkje berre noko som *på underleg vis kunne* skje.

³⁰⁴ Som tidlegare nemnt brukte Ibsen sjølv omgrepa 'dionysisk' og 'apollinsk' – ikkje i *Lille Eyolf*, men i *Kejser og Galilæer*, elleve år tidlegare. Ifølge Schiller er det i balansen mellom formkreftene (apollinsk) og driftskreftene (dionysisk) at leiken ligg – det er menneska sitt rette element – men Eyolf har ikkje fått leika (jf. Løvland 2017, 73).

Ritas instinktprega, «dyriske» vesen gjer seg òg gjeldande i forholdet til sonen. Den kvelden ho kom til å få vita at 'Eyolf' var Alfreds kjælenamn på Asta, hadde ho lokka Alfred til sex, medan den eitt år gamle guten blei liggande åleine på stallebordet. Rita, som ifølge Finney er «to hot to be a mother» (1994, 101), gir sjølv uttrykk for at ho passar betre til å laga barn enn til å oppdra dei: «Jeg var skikket til at *bli*' mor til barnet. Men ikke til at *være* mor for det. Du får ta' mig som jeg er, Alfred» (27). I forhold til andre artars avkom treng menneskeborn omsorg over mykje lengre tid, noko Rita gir uttrykk for at ho ikkje ønsker ta på seg. Frå evolusjonsperspektivet kan denne forståinga av morsrolla betraktast som ein atavistisk gjengangar frå eit tidlegare utviklingsstadium. «En moder i nutidens samfund, ligesom visse insekter gå hen og dø når hun har gjort sin pligt til slægtens forplantelse», skreiv Ibsen, som tidlegare nemnt, i forarbeida til *Et dukkehjem*, noko som viser at desse tankane har opptatt han lenge (Ibsen 1878).³⁰⁵ I likskap med Ibsen var vitskapen og litteraturen etter *On the Origin of Species* opptatt av forskjellen på dyr og menneske, og kva for rudiment frå tidlegare dyrestadium menneska framleis kunne romma:

[...] cultural debates about evolution encouraged observations of people's similarity to animals. If people had descended from non-human ancestors, it seemed likely that they retained traces of these ancient animals within them. Both scientists and fiction writers explored people's animal-like tendencies, stressing not just people's bestiality but animals' 'human' traits. (Otis 2009, 238)

I *Mennesket og dyr* (1894) peikte evolusjonisten Kielland på dei hjelpelause spedborna som i motsetnad til andre pattedyr treng mykje omsorg før dei kan klara seg sjølve, medan dei lågare pattedyra har det dei treng for å klara seg, «som opspart og nedarvet intelligens» i fysikken sin (Kielland 1894, 15).

Slik Rita i første del av stykket framstiller seg sjølv og si eiga morsrolle, gir ho inntrykk av å vera ei dyrisk femme fatale. Men dette gir henne òg, som me skal sjå, eit stort forvandlingspotensial. I den seinare resepsjonen har desse – i evolusjonistisk perspektiv – regressive trekka hennar blitt tolka som moderne, emansipatoriske sider ved ei kvinne som prøver frigjera seg frå mannssamfunnet og «den maskuline lova»:

Rita's horror and hatred toward the maternal role and her wish to abandon the maternal role should be understood as a rebellion on the part of the woman against the patriarchal law and the masculine order. A woman realizes that an important value she carries for a man is to bear

³⁰⁵ Finney, som omtalar Nora og Hedda som hysteriske, viser til denne setninga som ho meiner føyer seg inn i det Foucault omtalar som 'hysterisering': «Hence Ibsen bears witness to a larger nineteenth-century historical strategy which Michel Foucault has termed 'hysterization,' or the process of defining women in terms of female [or animal?] sexuality, the result of which was to bind them to their reproductive function» (Finney 1994, 98–100).

children for him. Therefore, by denying the maternal role, she hopes to gain an independent identity and a little space of her own in the family. However, she strives futilely to gain autonomy and in the case of Rita, we see her return to her maternal role by mothering the orphans. In Rita's experience, we see that conflict arises between a woman's quest for an individual self on the one hand and her fulfillment of the social and moral obligations on the other. (Liu 2010, 201)

I motsetnad til sitatet over kan eg ikkje finna noko ved Rita som tyder på at ho er ute etter «an independent identity and a little space of her own in the family». Ho har rom nok til det. Det er Alfred som ønsker distanse, ikkje Rita, som blir halden utanfor Alfreds og Astas fellesskap. Viss Alfred går frå henne, vil ho finna seg ein ny mann, og etter Eyolfs død vil ho at Asta skal flytta inn til dei. På dette punktet samsvarar Rita med samtidas førestilling om kvinna som ein ranke som klamrar seg til mannen. Det er m.a.o. ingenting som tyder på at ho «forgjeves strevar etter autonomi», som sitatet over hevdar. Men etter Eyolfs død, når alle løyndommane er komne på bordet, og dei for første gong talar ope saman, forstår me at historia bak namnet Eyolf og Astas innblanding i livet deira har spelt ei stor rolle i at forholdet til Eyolf blei slik: «**Rita** Ja. Asta stod og stængte vejen for mig [...] hun fanged ham – lige fra det hændte, – det ulykkelige faldet» (47–49). Då kjem det òg fram at Rita har sett korleis Alfred brukte Eyolf: «**Rita** Fordi du gik her og fortærtes af mistro til dig selv. Fordi du var begyndt at tvile på, at du havde noget stort kald at leve for i verden [...] Derfor var det, du vilde gøre et vidunderbarn af stakkers lille Eyolf» (49).

Sjølv om me skal leita lenge etter gode mødrer i Ibsens forfattarskap, er omsorgsevna deira likevel betre enn fedranes, og her er ekteparet Allmers ikkje noko unntak.³⁰⁶ Sjølv om Darwin i *The Expression of the Emotions in Man and Animals* (1872) skildra dyremødrer som ikkje viste morsomsorg, skreiv han i *The Descent of Man* (1871) at det ikkje finst sterkare kjensler enn morskjærleiken, morsinstinktet gjorde kvinnene mildare og mindre egoistiske enn mennene (Darwin 1871, II, 326).³⁰⁷ I likskap med Spencer betrakta han morsinstinktet som noko primitivt, men samstundes heilag, og begge heldt fram morsrolla som kvinnenes viktigaste oppgåve, ei oppfatning som fekk støtte av legar og pedagogar, og av Ibsen sjølv, jf.

³⁰⁶ «Å få avkom og stifte familie 'har for kvinden en ganske anden betydning end for manden'. Farsfølelsen mangler nemlig det biologiske grunnlaget som morsinstinktet er bygget på; i dyreverdenen opptrer faren typisk nok som en urostifter» (Sigurd, sitert i Langslet 2004, 392). «Der tales så meget om hustruens underkuelse, men jeg gad vide, om det ikke oftere er manden, som er familiens sande martyr og træl» (Sigurd 1912, sitert i Langslet 2004, 392–393).

³⁰⁷ Blant fuglane fann Darwin artar der hoene er større enn hannane, som t.d. strutsen, og der det er hannane som rugar på egga og tek seg av ungane når dei er født (Darwin 1871 II, 204). I nokre tilfelle måtte hannane beskytta ungane for mødrene som kunne bli aggressive og prøva eta dei. Darwinistane visste m.a.o. at skaparverket ikkje var eintydig når det gjaldt det kvinnelege og det mannlege, men likevel heldt dei fast ved ei sterk essensialistisk førestilling om det mannlege og det kvinnelege som to kvalitativt forskjellige eigenskapar ved menneska.

talen til Norsk Kvindesagsforening i 1898, som tydeleg samsvarar med 1800-talets kvinneideal som sette morsrolla som kvinna høgste livsoppgåve, både biologisk og sosialt (Dahlerup 1983, 50). Men likevel ligg altså oppgåva fjernt frå Rita, slik ho gjer for dei fleste mødrene hos Ibsen.

«Under et patriarkat er det svært at være moder, d.v.s. gøre det, som er godt for barnet. Den masochistiske moder vælger at lade sit barn lide og at lide med det», slår Pil Dahlerup fast i det ho identifiserer *den masokistiske morsposisjonen* som ein hovudstraum i gjennombrotets kvinnelitteratur (354). Dette set ho i samanheng med dyrkinga av den passive morslidinga – *den almen kulturelle nevrosen* – pieta-motivet: Maria med Jesu lik i armene, som eit uttrykk for fromheit (363). Den masokistiske mora lar passivt andre ta ansvar og leiing, og ho gjer lite for å hindra at barnet døyr.

Sjølv om passiv liding ikkje er det me først og fremst forbinder med Ibsens kvinner, inntar fleire av mødrene ein masokistisk morsposisjon. Nora overlét omsorga for borna til faren, og pieta-motivet er nært når den døyande Osvald, som Helene Alving sendte frå seg for å hindra skadeleg påverknad frå faren, ber mora om hjelp til å ta sitt eige liv.³⁰⁸ At Gunhild Borkman overlét omsorga for sonen til tvillingsøstera si då mannen blei tatt for svindel, kan kanskje òg kallast masokistisk. Og sjølv om Rita ved første augekast verkar hjelpelaus eller masokistisk, passar ho ved nærare gransking òg inn i denne kategorien. Hennar innsikt i bakgrunnen for namnet Eyolf verkar negativt inn på forholdet til sonen, og ho lar Asta ta rolla som reservemamma, noko som samstundes knyter bandet mellom Asta og Alfred endå strammare. Rita let òg Alfred gjera guten til «vidunderbarn», noko som innebar at guten aldri fekk leika. Ho let han halda på, sjølv om ho såg at det ikkje var bra for guten: «**Allmers** Og du har dog holdt så hjertelig af Eyolf før. **Rita** Jeg syntes så synd i ham. Fordi du lod ham gå for lud og koldt vand. Bare lod ham læse og puge. Næsten ikke så ham engang» (27).

Slik kan ein få inntrykk av at Rita har resignert når det gjeld morsrolla, og at ho set relasjonen til mannen føre barnet. Det kan sjå ut til at det er ein samanheng mellom Ritas seksualliv og hennar neglisjering av sonen, noko som undersøkinga av samtidskonteksten viser ikkje var uvanleg. «Den seksuelle, likestilte kvinnen var en motbydelighet, en ødelegger, en femme fatale, et monster», skriv Norseng i boka om forfattar og bohem Dagny Juel (1867–1901)

³⁰⁸ Men Ibsens ytring om at ein i *Gengangere* ser kva som hadde skjedd dersom Nora hadde blitt, lar oss ana at det ikkje hadde vore betre om ho hadde blitt.

(Norseng 1992, 162). Er det kanskje dette fosteret nede på Munchs Madonna-bilde skal illustrera (Munch, 1895–1902)? Det forsømde avkommet av den seksuelt aktive mora?



Figur 8

Figur 8. Munch, Edvard. (1895–1902). *Madonna*. [Litografi].
https://no.m.wikipedia.org/wiki/Fil:Edvard_Munch_-_Madonna_-_Google_Art_Project_%28495100%29.jpg.

I så fall er det i tråd med Dahlerups registrering av «en kritik af moderlige forvrængingsformer og en kritik af det nye seksualiserede og videnskabeliggjorte menneske» i gjennombrøtslitteraturen (430): «Moderskab og seksualitet kan sjældent forenes i de kvindelige gennembrudsforfatteres værker. Det ser man bl.a. i det genkommende tema, at barnet bliver (døds)sygt, netop når moderen og elskereren har stævnemøde» (Dahlerup 1983, 383).

Lille Eyolf er ikkje noko unntak frå dette, sjølv om forfattaren var mannleg. Dette kan sjåast i samanheng med angsten for degenerasjon: «temaet kvinnen som hustru og mor rommet ikke bare det romantiske kvinneidealet, patriarkalske strukturer og rasjonell arbeidsdeling, men også en økende bekymring for synkende fødselstall, snikende degenerering og rasens videre bestående» (Johannisson 1996, 24). Ifølge evolusjonistane spela kvinna ei hovudrolle i degenerasjonsprosessen: Det gjennomsyrande kjønnsbildet gav ikkje berre grobotn for essensialisme og biologisme, men òg for skuldingar om degenerasjon og «unaturlig oppførsel» (Moi 2002, 31). Ifølge Dahlerup representerte «den samling udskud af dyr,

underklasse, farvet race og illegitime, vanskabte og døde børn» «kvindelighedens a-civilisatoriske stade» (Dahlerup 1983, 480).

Ritas barn døyr, og det er ingen tvil om at Rita ikkje har skjøtta morsrolla si tilfredsstillande. Men om foreldreansvarskjensla hennar er svak, er sansane desto sterkare. Det er ho som merker at Rottejomfruen «ligesom bragte en ligstank med sig» (17). Luktesansen er den eldste av menneskas sansar, og at Rita har sterkare luktesans enn dei andre, kan lesast som ein atavisme. Ritas sterke drift og sansar kan lesast i lys av samtidas «driftsøkonomiske tanker om, at hvad man tager fra det ene sted mangler det andet» (jf. Dahlerup 1983, 433). «Kraften gaar hid eller did. Til hjernen eller til – forplantningen. Der er bestandig bare et vist maal kraft tilstede, det bare kommer an paa, hvor kraften bliver lokaliseret. Til det høieste eller til det laveste», hadde dei kvinnelege legane Bjørnson møtte i USA, lært han (Hansson 1896, 81). «De fleste af periodens forfattere tænkte inden for denne bogholdermentalitet» (Dahlerup 1983, 433), jf. Spencers *teori om livsenergiens konstans*:

Ifølge denne teorien, en tillemping av termodynamikkens andre lov, berodde menneskelig utvikling på en bestemt mengde energi. Hver organisme rådet over en viss mengde som ble tatt i bruk av kroppens organer og funksjoner. Spesielt seksualfunksjonene konkurrerte om kroppens faste, tilgjengelige livskraft. Siden kvinnen med livmoren som motor forbrukte mesteparten av sin energi i reproduksjonsprosessen, ble hun handikappet i den sosiale og intellektuelle konkurransen. Kjønnforskjellen kunne forklares innenfor rammen av et basalt forbrenningsprinsipp (metabolisme). I praksis innebar det at kvinnen generelt måtte leve et liv med redusert aktivitet, spesielt i perioder da energiforbruket var på sitt høyeste (menstruasjon og graviditet). (Johannisson 1996, 31)

Dette er i tråd med Paul Broca, på den tida ein av Europas leiande antropologar, som hevda at ukontrollert kvinneleg aktivitet kunne snu evolusjonsprosessen i feil retning (Johannisson 1996, 27, sjå også Dijkstra 1986, 60). Sjølv om darwinistane vektla utvikling, argumenterte dei mot at kvinner skulle utdanna seg, fordi det ville skada den reproduktive helsa deira. Darwin og Huxley var velvillig innstilt til at kvinner skulle få tilgang til utdanning, men meinte samstundes at dei ikkje ville kunna konkurrera med mennenes biologiske fortrinn. Viss dei brukte energi på intellektuelle syslar, ville det stela energi frå reproduksjonen, og dermed ville det føra til degenerasjon. Ifølge denne teorien er Rita eksemplarisk. Ho bruker ikkje energien sin på intellektuelle syslar, det er det Asta og Alfred som gjer. Likevel får ho med seg eitt og anna som skal visa seg å komma nyttig med.

I lys av denne konteksten blir det vanskeleg å oppfatta Ibsens utsegn om at «det er Kvinderne, som skal løse Menneskespørsmålet. Som Mødre skal de det. Og kun *da* kan de det» som ei oppmoding til å skaffa seg utdanning og frigjera seg. Og i *Lille Eyolf* viser Ibsen korleis ei

298

femme fatale-aktig kvinne som Rita kan forvandla seg slik at ho til slutt har meir til felles med madonnaen:

Rita *langsomt, besluttet* Så snart du er rejst fra mig, går jeg ned til stranden og får alle de fattige, forkomne børn med mig her op til vort. Alle de uskikkelige gutterne – **Allmers** Hvad vil du gøre med dem her? **Rita** Jeg vil ta' dem til mig. **Allmers** Vil *du!* **Rita** Ja, det vil jeg. Fra den dag, da du er rejst, skal de være her, allesammen, – som om de var mine egne. (76)

Nå er det ho som skal stå for foredlinga: «**Rita** Jeg får vel nærmest prøve på, om jeg kunde mildne – og forædle deres livsskæbne» (78). Det er inga brå heilomvending, å la Alfreds pedagogiske totalforandring, det her er snakk om. Og i skarp kontrast til Alfreds narsissistiske plan vitnar Ritas forsiktige og moderate tone («*vel nærmest prøve på, om jeg kunde*») om at ho er audmjuk overfor oppgåva, uviss på om ho vil lykkast. Og forfattaren lar det aldri vera tvil om at når ei som Rita kan endra seg, kan alle kvinner det:

Allmers Dette her er jo det rene vanvid at høre på! Jeg véd ikke det menneske i verden, som er mindre skikket til slikt noget, end du. **Rita** Så får jeg opdrage mig til det. Oplære mig. Opøve mig. **Allmers** Hvis det er dit ramme alvor, – alt det, du der siger, så må der være foregået en forvandling med dig. **Rita** Det er der også, Alfred. Det har *du* sørget for. Du har skabt en tom plads indeni mig. Og den må jeg prøve på at fylde ud med noget. Noget, som kunde ligne en slags kærlighed. (77)

Nettopp fordi Ibsen skildrar Rita med denne sjølvinnsikta og ærbødigeita overfor oppgåva, har eg som lesar tru på forvandlinga hennar, og at ho meiner alvor. Derfor er eg ikkje einig med dei som meiner dette er ironisk meint frå Ibsens side. Alfreds heilomvending i første akt kan ha vore skrive med ein satirisk brodd, men hos Rita er det smerta over å bli åleine igjen etter tapet av både sonen og mannen som utløyser endringa: «**Rita** *nikker langsomt* Der er forvandling i mig nu. Det føler jeg så pinefuldt. **Allmers** Pinefuldt? **Rita** Ja, for det er som en slags fødsel i *det* også. **Allmers** Det er det. Eller en opstandelse. Overgang til højere liv» (71).³⁰⁹ Men om ho vil lykkast, er eit heilt anna spørsmål, som ligg utanfor stykkets ramme.³¹⁰

I lys av resten av forfattarskapen ser Mark Sandberg i *Ibsen's Houses. Architectural Metaphor and the Modern Uncanny* (2015) med skepsis på den forsonande slutten:

If, however, one insists on reading sincerity in their eventual reconciliation as he accepts her plan, as many critics have, one is still left to explain a sharp departure from positions that have been developed fairly consistently in previous plays. The substitution of poor children in Eyolf's place, for example, calls up echoes of Rebekka at Rosmersholm («I – in Beate's place»). There is good reason to be pessimistic about this kind of architectural slot substitution

³⁰⁹ Ibsen skildra si eiga «forvandling» som smertefull: «Mit Liv har været en Passionsvei, og nu i den virkelige Passionsuge er den forvandlet til et Eventyrdigt, til en Sommernatsdrøm! – Tak, Tak for Forvandlingen!» (Ibsen i tale ved festen som blei halden for han i Stockholm, 13.4.1898, og publisert i *Aftenposten* 14.4.1898).

³¹⁰ Ved første framføringa spurte Ibsen Caroline Sontum: «Tror De Rita vil til med de uskikkelige guttene? Tror De det ikke bare er en søndagsstemning?» (Koht 1954, 268).

in Ibsen's later plays, if only because he has developed a cumulative argument against the possibility of meaningful repetition that has not really been answered or solved in *Little Eyolf*. (Sandberg 2015, 164)

Sandberg føyer til at *Fruen fra havet* «hints at some sort of reconciliation within the home and thus poses a challenge to claiming a clear trajectory throughout the plays» (sst.). Men viss

Little Eyolf was intended indirectly as a breakthrough vision of an authentic inhabitation of the house by an alternative family of choice, it is a singularly unconvincing one. The children involved seem too much like pawns in a game of forced restitution, serving only the emotional needs of Rita and Alfred Allmers. (Sandberg 2015, 164)

Ser ein stykket frå bornas perspektiv, kan eg vera einig med Sandberg, sjølv om Ibsen har gjort det veldig tydeleg at det er mødrene sjølve som hyler om hjelp for dei: «**Allmers** Nu er mændene kommet hjem. Drukne, som de plejer. Prygler børnene. Hør, hvor gutterne skrigger! Kvinderne hyler om hjælp for dem →». Likevel er det vanskeleg å førestilla seg korleis dette skulle gå føre seg, etter at forhenget er nede. Sjølv om gutane (me kan undrast på om det ikkje finst jenter i dette samfunnet) utan tvil bør veksa opp utan den regelmessige valden dei nå er utsett for, er det ingen tvil om at det vil bli problematisk at dei berre flyttar rett opp i bakken, i så kort avstand til foreldra. Og sjølv om ungane likevel skulle bli verande hos Rita og Alfred, vil det å ta seg av dei alle bli så krevjande at dei truleg måtte tilsetta hjelp.³¹¹ Sannsynlegvis vil dei møta på tallause vanskar i forsøket på å realisera det altruistiske prosjektet – men det betyr likevel ikkje at dei ikkje vil prøva.

I mine auge ligg fokuset i stykket likevel ein annan plass. Slik eg skreiv i innleiinga, må me utvida perspektivet, og då blir borna berre brikker i den overordna samanhengen. Evolusjonsperspektivet sannsynleggjer forvandlingsmoglegheitene, og i dette perspektivet må me sjå endringa sonetapet på sikt medfører for ekteparet. Trongen for å fylla tomrommet etter det tapte barnet skapar endring. «Although Ibsen does not return a child once taken away, his characters make plans to fill the nursery up, offering that child's room to other occupants», påpeiker Gunn (2020, 111). Og i dette ligg det ei moglegheit for forvandling. Evolusjon er at noko forandrar og tilpassar seg det miljøet det lever i, og ifølge Darwin var det forvandling som dreiv evolusjonen framover. Forandringane skjer saktare under stabile omgivnader, og raskare viss dei endrar seg, og det siste er heilt klart tilfelle i livet til Rita, den korte tida me får følga henne. Den som sigrar i kampen for tilværet, er ikkje nødvendigvis den sterkaste,

³¹¹ Olivia Noble Gunn har mange forslag til alt som kan skjæra seg viss gutane flytter inn i Eyolfs rom (2020, 119), og ho spør seg om Ritas erstatningsprosjekt er ei gåve, eller ei ny form for hemn, eller begge delar (2020, 123).

men den som best evnar å tilpassa seg dei nye forholda. Denne forvandlingsevna viser Rita i det ho etter Eyolf's død heile tida leiter etter nye måtar å leva vidare på.³¹² Rita sjølv har eit langsiktig perspektiv:

Allmers *sér fast på hende* Vær klar over *en* ting, Rita. Det er ikke kærlighed, som driver dig til dette her. **Rita** Nej, det er det ikke. I alle fald ikke endnu. **Allmers** Nå, hvad er det så egentlig? **Rita** *halvt undvigende* Du har jo så ofte talt med Asta om det menneskelige ansvar – **Allmers** Om bogen, som du haded. **Rita** Jeg hader den bogen endnu. Men jeg sad og hørte på, når du fortalte. Og nu vil jeg prøve mig videre frem selv. På *min* måde. (78)

I tråd med evolusjonsdiskursen i stykket vonar ho at ho på sikt skal komma til å utvikla kjærleik. Som Rebekka har Rita òg moglegheit for evolusjon, for å seia det med Krog. Men i motsetnad til Rebekka, som «er gåt ud fra meget ringe forhold» (67), og måtte *foredlast*, blir velståande Rita *forvandla*. At det hovudsakleg ser ut til å vera dei som kjem frå fattige kår som blir *foredla* og *adla*, kan komma av at ein tenker adlingsmetaforen ikkje fungerer like godt på dei høgre samfunnsklassane, som blei oppfatta som tilnærma adelege i utgangspunktet. Som me såg, følte Alfred behov «for at renses og forædles fra samlivet med – » Rita (57). Men etter forvandlinga vil Rita sjølv «prøve på, om jeg kunde mildne – og forædle deres [gutane på strandas] livsskæbne» (78).

Det er Ritas forvandling frå femme fatale til ei meir madonnaliknande rolle som er redninga for både henne og Alfred, som i staden for å dra bort og kanskje ta livet sitt, slik han har hinta om, ber Rita om å få bli for å hjelpa henne når ho nå vil ta til seg gutane. På same vis som Rebekkas omslag var resultat av at ho fekk høyra «alle dine [Rosmers] tanker uforbeholdent» (85), er nå Alfreds tankar om menneskeleg ansvar, som Rita har høyrte han snakka om med Asta, medverkande til at ho på slutten av stykket bestemmer seg for å ta til seg dei fattige gutane. Også her kjem endringa etter det me med samtidas terminologi kan kalla mannens åndelege oppseding av kvinna. At mannen denne gongen kjem frå ringe kår, endrar ikkje dette. Kjønntumfar m.a.o. klasse. Prozors utlegging av syntesen mellom Ritas jordiske, instinktive kjærleik og Alfreds tankar og idear tydeleggjer den essensialistiske logikken i dette:

Ty idéen i ock för sig är ett dödt ting, som för att få lif ock tillvaro bland oss måste rätta sig efter jordelivets förhållanden. Men som dessa förhållanden uppenbaras för oss genom instinkt, så är det den företrädesvis instinktrika varelsen, kvinnan, som skall gifva lefvande form åt mannens tankealster. Så vill Ibsen fördela uppgiften, härutinnan liknande alla åt

³¹² «Oldtidens diktere skrev 'Metamorphoser', diktninger om de forvandlingene som deres mytologi var full av. *Lille Eyolf* er Ibsens diktning om forvandlingene», kommenterte Georg Brandes, samstundes som han poengterte at medan *utvikling* først og fremst er progresjon eller framgang, går *forvandling* djupare og kan ta fleire retningar: «alle menneskelige forhold står under denne loven» som både «indbefatter Fremgang og Tilbagegang, Udvikling og Sammenfoldning» (Brandes sitert i Ibsen et al., HIS 9K 2009, 391).

mystik lutande sinnen. Han ser lika som dessa i föreningen mellan man och kvinna symbolen för en syntes mellan ande och materia, som, åtskilda, hvar för sig alstra endast i olycksöden. (1895, 373)

Ifølge Prozor ser me i *Lille Eyolf* ei «omdanning af kärleken, hvilken vi i detta drama se genomlöpa hela sin utvecklingsskala från sensualism till altruism» (373). Slik blir Ibsen her «kärlekens' försvarare utan att afskräckas från någon af dess uppenbarelseformer» (370). «Sista scenen i *Lille Eyolf* gör detta verk till en storartad trosbekännelse, ett «jag tror» på kärlekens och livvets makt [...]» (Prozor 1895, 373).

I staden for sjølv mord endar *Lille Eyolf* med flaggheising og Ritas «Tak!» (79). Gjennom den avsluttande syntesen av Ritas sanslege varmlodigheit og Alfreds åndelege verksemd augnar me eit håp om at utviklinga går i rett retning. Frå *Rosmersholm* kjenner me igjen evolusjonens dynamikk: «Lidt efter lidt, – skønner du. Næsten umærkelig, – men så overvældende til slut» (85). Men i motsetnad til Rebekka, er ikkje Rita degenerert. Det er ikkje noko androgynt eller utarta over denne instiktive, vitale urkvinna, full av drift og basale, udisiplinerte følelsar. Tvert imot er ho eit usmitta, mønstergyldig kvinneleg prakteksemplar av arten. Derfor blei ho av samtidsresepsjonen hovudsakleg oppfatta som sunn, varm og god.³¹³

Rita er ikkje amoralsk, moralen hennar er berre ikkje utvikla ennå. Men gjennom smerta frå dei vonde opplevingane, og skrika frå ungane og mødrene, blir me vitne til korleis det skjer. Sidan me ikkje får vita noko om Ritas bakgrunn, bortsett frå at ho er oppvaksen i velstand, kan ho representera dette sanslege, fruktbare og tilpassingsdyktige mogleighetsrommet. Utan å vera seg det bevisst har ho blitt befrukta av Alfreds idear. Yppig og frodig som ho er, har dei slått rot, og nå startar dei blomstra. Nå gir dei retning og form til hennar livskraft og fyrigheit. Det er dette Alfred ser når han plutsleg ber om å få bli og hjelpa henne. Rita representerer ikkje tilbakegang, men framgang. Ho lekamleggjer den eksemplariske, re-generative kvinnelegheita slik ein frilyndt evolusjonist på slutten av hundreåret førestilte seg henne: varm og frodig, *ubesudla* av kultur og konvensjon, med eit optimalt evolusjonspotensial viss ho berre blei utsett for den rette, åndelege oppsedinga. Då me var komne til 1894, meinte dei moderne fritenkarane å ha forstått at framtida ikkje låg hos dei «pripne og prinsippfaste»

³¹³ Tjønneland, som m.a. bygger på Torbjørn Andersens masteroppåve, skriv at samtidsresepsjonen forventa «en abnorm kvinneskikkelse» i *Lille Eyolf*, men likevel var det ingen av melderane som oppfatta Rita som abnorm – ho blei tvert imot omtala som «en Menneskelighedens, Sundhedens, Ungdommens og Livsglædens Repræsentant» – «Rita i sin sunde og sterke Sandselighed, sin altopslugende Lidenskab og sin ubrødelige Troskab mod og Hengivenhed for sin Mand staar som en ganske anderledes høi og ædel Kvindetype end nogen af de foregaaende [...]» (Kristofer Randers sitert i Tjønneland 2022, 200–201, 210).

kvinnesakskvinnene.³¹⁴ Redninga frå degenerasjonstrusselen fanst hos dei lidenskapelege og varmblodige som let seg befrukta av mannen, både i lekam, sjel og ånd.

Pedagogikk som medisin mot degenerasjon

I tillegg til at det døde barnet fungerer som bilde på slektas tilbakegang, og me får grundige innblikk i korleis arv og oppvekst har spela inn, er *Lille Eyolf* ei innføring i det me kan kalla darwinistisk-spencerisk pedagogikk: Den einseitig cerebrale stimuleringa for å gjera den halte guten til eit intellektuelt «vidunderbarn» (49) – og for å sleppa å bli minna på krykka – er eit skrekkeeksempel på skadeleg og feilslått oppseding, ifølgje evolusjonistisk pedagogikk. Både Asta og Rita kritiserer denne oppsedinga, som det er Alfred som står for, og Alfred gjer sjølv ei heilomvending og innser at guten må få leika og ikkje berre lesa. Men når Eyolf døyr same dagen, forstår me at endringa kom for seint.

«Fremtvungen Udvikling af Forstanden i Barndommen medfører enten fysisk Svagthed, aandelig Sløvhed eller tidlig Død» (Spencer 1895, 153). For evolusjonistane blei oppsedinga livsviktig. Heile Europa sleit med søkkande fødselstal og høg barnedød, og pedagogikken blei eit av dei viktigaste midla i kampen mot degenerasjonstrusselen. Og gjennombrøtsforfattarane viste veg: «Det er en kendsgjerning, at en stor del af gennembrudslitteraturen er skrevet på forholdet til barnet» (Dahlerup 1983, 433). «Hovedsaken er ønsket om en fri og naturlig oppdragelse som ikke svekker, men utvikler og styrker menneskenes selvstendighet, livsevne og moralske karakter, og som lærer dem å arbeide», skriv Beyer i bind 3, *Fra Ibsen til Garborg*, i *Norges litteraturhistorie* (1995 [1975], 67).

Darwinistanes tankar om barneoppseding inspirerte fleire norske forfattarar:

Den engelske tenkeren Herbert Spencer trakk vidtrekkende sosiale og kulturfilosofiske slutningar av læren om «the survival of the fittest», «sosialdarwinismen», men det var særlig hans optimisme og hans idéer om en oppdragelse i pakt med naturvitenskapelige prinsipper – gjennom selvtutfoldelse, selvsyn og erfaring – som skulle vekke gjenklang i norsk litteratur. (Beyer 1995, 48)³¹⁵

³¹⁴ Dei radikale mennene var motstandarar av kvinnerørslas «hanske-standpunkt» – «For dem ble det nå politisk riktig å bekjempe den «snerpete» kvinnebevegelsen. Det gjaldt så vel Georg Brandes og August Strindberg, som 'bohemene' og Arne Garborg her hjemme» (Iversen 1988, 162).

³¹⁵ Kiellands *Gift* (1883) var del av denne diskursen, men alt i 1877 hadde Kielland skrivne om «nødvendigheten av opdragelses- og undervisningsreformer [...] En rent formalistisk undervisning skulde erstattes med en som hadde kontakt med livet. Det var opdragelsesprinsipper som Stuart Mill og Spencer hadde forfektet og som Bjørnson slo til lyd for i «Støv» og *Det flager i Byen og paa Havnen*» (Winsnes 1937, 63).

Som døme nemner Beyer Bjørnsons «Støv» (1882) og *Det flager i byen og på havnen* (1884), Kiellands *Gift* (1883) og Garborgs *Bondestudentar* (1883), men verken Beyer, Winsnes eller andre litteraturhistorier trekker inn *Lille Eyolf* når dei tar føre seg litteratur som tematiserer pedagogikk og oppseding. Det gjer òg i liten grad den andre resepsjonen eg har lese, sjølv om skodespelets tematikk har klare førelegg i si eiga samtid: I 1896 kom ei storstilt reform av den klassiske formaldanninga i den høgre skulen. Det var då latinskulen blei forkasta til fordel for den historisk-realistiske allmenndanninga med faga engelsk, tysk, fransk, naturfag, matematikk og historie. Historiesynet var evolusjonistisk, og historia blei framstilt som ei utvikling mot stadig høgare kultur (Thue 2019, 167–190). I Danmark hadde skiftet komme to år tidlegare, med lærarforma av 1894 (Hjermitsev 2016, 262), same år som *Lille Eyolf* kom.

Det er m.a.o. neppe tilfeldig at stykket føyer seg rett inn i samtidas evolusjonistisk-pedagogiske diskurs. At dette har fått så lita merksemd, kan tyda på at dei tidlegare nemnde føringane Ibsen la for lesinga, hadde stor innverknad på resepsjonen, jf. ytringane om at *Lille Eyolf* ikkje er eit «opdragelsesdrama», og at han ikkje har hatt «pedagogiske nyttighetsformål» med det (Seip 1972, 237). Men Ibsen var opptatt av oppseding og uttrykte ved fleire høve manglande tillit til utdanningsinstitusjonane, som her i eit brev til Bjørnson:

Nu har vi hos os et eneste spørgsmål, som burde være brændende; men som desværre ikke synes at være det. Vi har hos os ikke mere end en eneste sag, som jeg synes det er værd at kæmpe for, og det er indførelsen af en tidsmæssig folkeundervisning. Denne sag indeslutter alle andre sager i sig; gennemføres ikke den, så kan vi gerne lade alle de andre ligge [...] Jeg har forsøgt at sætte mig ind i vort undervisningsvæsen, i skoleplaner, i timetabeller, i undervisningsstof o. s. v. Det er oprørende at se, hvorledes undervisningstiden, navnlig i de lavere folkeskoler, optages af den gamle jødiske mythologi og sagnhistorie og af middelalderlige forvrøvlinger af en morallære, som i sin oprindelige skikkelse utvivlsomt har været den rene, som nogensinde er bleven forkyndt. (B18790712BB)

Ibsen, som hadde lagt stor vekt på intellektuell stimulering av Sigurd som barn, og tilpassa buplassen etter skulegangen hans, skal seinare, overfor Helene Raff (i 1889) ha blitt «meget interessert da han hørte at Raff hadde fått privatundervisning og på den måten sluppet unna både kirken og skolen. Han lykkeønsket henne, sa at hun var et naturbarn og at hun hadde fått fremtidens utdanning – uten stat, uten skole, uten kirke» (Ferguson 1996, 364). Ein kan nesten få inntrykk av at Allmers' biologisk-pedagogiske konversjon var sjølvopplevd (Løvland 2017, 54), og at Ibsen bortimot villeia lesarane dei få gongene han ytra seg om det tematiske innhaldet.

Det er i alle fall ingen tvil om at oppseding var av største interesse for Ibsen. At det har vore så lita merksemd på oppsedingsdiskursen i *Lille Eyolf*, kan heller ikkje skuldast manglande

berøringspunkt mellom verket og det pedagogiske ordskiftet. I kontekstkapittelet tok eg føre meg kor viktig Spencer var i Skandinavia på denne tida:

Nowhere did Spencer's ideas have such a deep and lasting impact than among educational thinkers and teachers in Scandinavia [...] The work was generally considered a much readable extract of modern, scientifically-based educational thought, and it provided progressive educational thinkers with useful arguments in their campaigns against traditional education, rote learning and corporal punishment. (Hjerimitslev 2016, 261)

I forkant av skulereforma var det stort fokus på oppsedingsideane hans i Noreg: I 1887 kom Spencers *Opdragelse*, i Hans Brekkes omsetting, ut på Bibliothek for de tusen hjem. Boka blei ein bestseljar og kom i nytrykk i 1899. I 1889 gav teologen Christian Bugge ut *Herbert Spencers opdrageleselære. En fremstilling og en bedømmelse*, som kritiserte fråværet av eit kristent fundament i Spencers oppsedingsidear (Hødnebø 2021, V). Året etter publiserte filolog og skulemann Mathias Skard *Herbert Spencers opdragelsestanker. Gjengivelse og kritikk* (1890), og i 1892 Niels Hertzberg «Om Herbert Spencers Opdragelseslære» (1892).³¹⁶ Alt i 1875 hadde Harald Høffding skrive ein 24-siders lang artikkel om Spencers filosofi i *Det Nittende Aarhundrede*, og året etter kom Høffding med *Om Opdragelse* (1876), der han hadde samla og omsett fleire av Spencers tekstar om oppseding, ei bok som kom i andre opplag i 1895, året før den norske, og året etter den danske skulereforma.³¹⁷ Spencers teoriar bidrog til ei heilomvending i synet på oppseding, pedagogikk og skule i Noreg:

In retrospect, it is possible to claim that the reception of Spencer's works contributes to a transformation of the system of knowledge in Norway. Until the end of the nineteenth century, the dominating regime of knowledge, the *prima scientia*, had been pedagogy, due to the idea of popular enlightenment, but from the 1890s onwards it is eclipsed by biology. At this point Norway entered 'the golden era of biologism' according to the Norwegian historian Knut Kjeldstadli. (Jordheim 2015, 36)

Alfreds oppseding av Eyolf før fjellturen var som ein manifestasjon av Spencers skrekkvisjon, medan endringa han set i gong ved heimkomst, er i tråd med Spencers pedagogiske ideal

³¹⁶ Ifølge Jordheim var nordmennene svært mottakelege for Spencers evolusjonsdiskurs, og særleg fekk Skards bok stor påverknad. «In the Norwegian reception of Spencer, an entire vocabulary emerges that serves to map out the many ways in which man is influenced, determined, and subjugated to the force of nature, even in his presumably freest and most autonomous production: art. Inspired by arguments in Spencer's book, Skard coins Norwegian terms like *muskelmusik*, *nervepoesi*, and *nervepoet*» (Jordheim 2015, 35–36).

³¹⁷ Artikkelen «Herbert Spencers Filosofi» var skriven på oppmoding frå Brandes, basert på ei førelesing som Høffding hadde halde ved Universitetet i København (Hjerimitslev 2016, 249). *Opdragelse* baserte seg på Spencers *Education: Intellectual, Moral and Physical*, ei samling essay utgitt mellom 1854 og 1859, som kom i bokform i 1861. På svensk kom ho i 1883, og på norsk altså i 1887, tre år før *Arternes Oprindelse* kom på norsk. I omtalen av boka i *Bergens Tidende*, 2.12.1876 kallar forfattaren som underskriv med «H», Spencer for «Europas nuværende største Tænker» («H» 1876).

(Løvland 2017, 50). Ein skulle trudd at *Om Opdragelse* hadde vore Alfreds reiselektyre på fjellturen.

Spencer hevda at ein stadig strengare og meir krevjande skulegang kunne medverka til at dei seinare slektsledda, trass i ein sunnare livsstil, blei svakare enn forfedrane sine. Fedrane sin

[...] ved stadig Overanstængelse svækkede Konstitution lade de gaa i Arv til deres Børn, forud bestemte til at segne selv under de sædvanlige Fordringer, der maa stilles til deres Kraft, skulle nu gennemgaa en Uddannelse af langt større Omfang end den, der foreskredes de langt mindre svækkede Børn i de tidlige Generationer. (Spencer 1895, 150)

Spencers tekst er gjennomsyra av degenerasjonsdiskurs: det handlar om «Overanstængelse», «svækkede Børn», «Arv», «Efterkommerne», «Afkomet», «et eller to Slægtled», «de tidlige og fremtidige Generationer», «uddør» og «udvikles» (jf. sitata over og under). Gjennom arv og miljø har dei stadig meir avkrefta fedrane ein skadeleg verknad på sønene sine, som igjen får ein endå meir svekt konstitusjon enn fedrane, noko som kan resultera i svekt livskraft og hemma vekst, og under desse tilhøva kan ei krevjande og einsidig intellektuell utdanning vera særskadeleg (152).³¹⁸

[...] hvad Efterkommerne angaar, er en udviklet Forstand med et slet fysisk Grundlag kun af lidet Værd, da Afkommet i saa Fald uddør i et eller to Slægtled, – og omvendt, at et godt fysisk Grundlag, hvor fattig den tilsvarende aandelige Begavelse end er, alligevel er værdt at bevare, fordi de aandelige Evner i Løbet af de fremtidige Generationer kunne udvikles i ubestemmelig Grad. (Spencer 1895, 165)

Spencer og darwinismen gir m.a.o. solid kontekstuell og teoretisk dekning for Alfreds pedagogiske heilomvending.

I tråd med det som kan lesast som ein oppbyggeleg tendens i stykket, skreiv Ibsen inn eit regenererande alternativ. Som eg påpeikte i masteroppgåva, er den omsorgsfulle og handlekraftige vegbyggaren, Borghejm, Alfreds rake motsetning (32). Medan Alfred var på fjellet, har Borghejm lært Eyolf å skyta med pil og boge, og nå fortel Eyolf at han vil be Borghejm læra han å svømme. Når Borghejm kjem, har han med ei gåve til Eyolf (24). Me høyrer derimot ingenting om at Alfred har hatt med seg noko frå reisa si, sjølv om me får sjå når Rita pakkar ut kofferten hans. Borghejm er den som har sterkast empati med Eyolf. Han er den einaste som ser gutens behov, og det har Eyolf oppfatta (10, 24, 37). Gjennom Borghejm forstår me at Eyolf kunne blitt meir robust og velpassa viss han hadde fått ei anna oppseding,

³¹⁸ «Overskrider den forcerede Hjernevirksomhed kun i ringe Grad den normale, vil der kun finde en ringe Eftervirkning paa Legemet Sted; der vil naaes en mindre Højde, end det ellers vilde have været Tilfældet, eller ogsaa vil Førligheden blive ringere, eller Vævenes Beskaffenhed vil ikke blive saa god» (Spencer 1895, 155).

samstundes som Ibsen gjer det klart at den biologiske arven òg er viktig. I eit av arbeidsmanuskripta fortel Borghejm at han hadde ein god barndom og fekk omsorg og kjærleik frå begge foreldra. Borghejm liknar m.a.o. foreldra sine, på same vis som Alfred liknar far sin i det at han ikkje klarar vera så snill og venleg som han prøver framstå som. Me hugsar at far hans, som var «så blød», varmhjarta og venleg imot alle, ikkje var snill mot litle Asta (42–43). Som faren har Alfred eit sprik mellom ein tilsynelatande venleg fasade og ei omsynslaus og egoistisk side som særleg viser seg overfor dei som er svakare enn dei sjølve – for Alfreds far gjaldt det Asta, og for Alfred Eyolf og dei fattige på stranda. Vegbyggaren Borghejm kommuniserer derimot med strandsittarane, og det er han som formidlar at ein gut er drukna. Som kontrast til familien Borghejm blir familien Allmers’ degenerasjon endå tydelegare.

Ifølge Dahlerup låg ‘moderniteten’ til ein del av dei mannlege gjennombrotsforfattarane

i, at de sætter faderlighedsformer til debat. Kritisk og overordentlig klogt hos Ibsen, f.eks. i *Bygmester Solness*, 1892, aggressivt vendt mod moderen hos Strindberg, f.eks. i *Faderen*, 1887, masochistisk opgivelse af faderskabet, f.eks. i Henrik Pontoppidans *Lykke-Per*, 1898–1904, i længsel efter faderlig ømhed [...] man forstår ikke gennembruddet, hvis man kun læser det på ét af dets «mærkesager», det seksualiserede menneske, og glemmer, hvad dette menneskebillede samtidig satte under debat: det faderlige og det moderlige menneske. (Dahlerup 1983, 434)

Her ser me endå eit eksempel på at *Lille Eyolf* ikkje blir nemnt, sjølv om farsrolla i stykket er meir sentral enn i dei fleste andre skodespela, inkludert *Bygmester Solness*, og sjølv om stykket definitivt tematiserer konflikten mellom «det seksualiserte menneske» og mors- og farsrolla. Som tidlegare nemnt er det vanleg å lesa *Lille Eyolf* i lys av Ibsens biografi. Særleg gjeld det element som Rottejomfruen, trekantrelasjonen og Eyolfs skada fot. Av ein eller annan grunn gjeld det i mindre grad far–son–forholdet, trass i at det er fleire berøringspunkt mellom biografi og verk som inngår i den evolusjonistiske diskursen (sjå t.d. Ibsen 1948, 212 og Langslet 2004, 42, 345–6). Langslet påpeiker òg at Sigurd var eit midtpunkt i Henrik Ibsens liv «som hans biografer ikkje helt har tillagt den vekt det fortjener» (2004, 16).

Debatt om kunst og moral

Som *Rosmersholm* blei *Lille Eyolf* skrive i etterkant av ein stor debatt om kunst og moral som Ibsen blei dratt med inn i, utan sjølv å delta. Men i *Lille Eyolf* kan me finna tydelege diskursive spor etter debatten som gjekk føre seg våren 1894, like før stykket blei skrive. Her kritiserte Collin Ibsen og andre forfattarar for å driva med smittespreiing og svekking av dei unges livsmoral (Koht 1954, 267). Kunsten burde i staden vera styrkande, og i kraft av Ibsens

status hadde han «et særlig moralsk-pedagogisk ansvar» (sitert i Vassenden 2016, 110–111).³¹⁹ Den utløysande faktoren bak Collins kritikk var Gunnar Heibergs *Balkonen* (1894) som tematiserte kjærleiken som naturdrift. Som i *Lille Eyolf* og *Rosmersholm* tar *Balkonen* føre seg konflikten mellom drift – representert ved den kvinnelege hovudpersonen, Julie – og kultur – personifisert ved hennar åndelege motpart, Abel. Som Alfred og Rosmer prøver Abel å danna ei sivilisert motvekt til den egoistiske lidenskapen, som den begjærlege kvinna prøver lokka mannen inn i. Til slutt erstattar Julie han med ein annan, som i motsetnad til Abel ikkje har «civiliseret kjærligheden ud av dit [sitt] legeme» (Heiberg 1894, 70).

I meldinga av *Lille Eyolf* peiker Collin på likskapen mellom desse tre «sanselig, hensynsløst begjærende» kvinnene, Julie, Rita og Rebekka: Han kallar Rita, «hvem digteren har fremstillet som en af de kvinder, der bare føler sig som en halvdel, hørende til en eller anden mand. En slags ‘Julie’-natur, der som en slyngplante suger alt sit livsindhold af en mand» (1895, 226).

Det er forsaavidt med hende som med Rebekka West i *Rosmersholm* [...]. Det er anden gang Ibsen viser, hvorledes en sanselig, hensynsløst begjærende kvinde kan renses og forædles. Men begge gange sker det gennem en altfor grundig kur, ved saa sterke lægemidler, at de svækker personlighedens inderste marv, det som Schopenhauer kalder «viljen til livet». (227)

I likskap med *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* tematiserer *Balkonen* opposisjonen mellom den kvinnelege seksualiteten og den maskuline kulturen, og Collins angrep kan sjåast i lys av sedskapsdebatten frå tida rundt *Rosmersholm*. Vassenden fortel at Bjørnson var strategen bak Collins angrep, i forlenginga av kulturkampen frå *Hanske*-debatten (Vassenden 2016, 116, 114), som me hugsar fekk stor innverknad på resepsjonen av *Rosmersholm*, og truleg på sjølve teksten. I likskap med Bjørnson brukte litteraturprofessor Collin evolusjonslæra både som «modell for samfunnsmessig og kulturelt fremskritt – og for litteraturkritikken»; og ifølge Vassenden var ‘fremskritt’ for Collin «den samfunnsmessige utviklingen i et nærmest biologisk, evolusjonistisk perspektiv» (2016, 118). Vassenden kunne ha sløyfa ‘nærmest’, sidan det ikkje kan vera tvil om at Collin, som Ibsen og mange i samtida, tenkte at den samfunnsmessige utviklinga og «de åndelige livsfaktorer» følger same lover som naturen, og derfor med rette kunne betraktast frå eit biologisk, evolusjonistisk perspektiv.

³¹⁹ Kritikken ramma i tillegg Garborg, Brandes, Obstfelder, Heiberg, Krohg, Jæger, Erik Skram og Hjalmar Christensen som Collin skulda for å vera «Dekadente Digtere og Kritikere». I fleire debattinnlegg publisert i *Verdens Gang* februar–april 1894, seinare samla i *Kunsten og Moralen. Bidrag til en Kritik af Realismens og Naturalismens Digtere* (1894), hevda Christen Collin at den naturalistiske kunsten, og særleg dekadansen – «naturalismens eftersygdome» – var symptom på ein sjuk kultur (Vassenden 2016, 112).

Som Nordau og Lochmann uroa Collin seg over at ei sjuk forfattarsjel gjennom kunstverket utsette samfunnet for smitte – kulturen var jo ein levande organisme og kunne derfor vera «et Arnested for Smitte», fordi han var «underlagt de samme lover for sunnhet og sykdom som den øvrige biologien» (Vassenden 2016, 111–112). Frå analysen av *Rosmersholm* kjenner me igjen denne angsten for psykisk smitte som blei oppfatta som reell og ikkje berre eit språkleg bilde. Vassenden omtalar det derimot som «en splitter ny metaforikk» (112) før han litt seinare likevel skriv at Collin meinte «det helt bokstavelig» (113). Collins «progressive fremskrittsoptimisme» fekk støtte frå andre venstrepolitikarar (Vassenden 2016, 118). Sjølv om angsten for degenerasjonen er tydeleg hos Collin, kan ein, som i Ibsens tale til arbeidarane, likevel sjå ein optimisme med tanke på at nokre av dei pågåande samfunnsendingane er til det betre – ei haldning me kjenner igjen frå *Rosmersholm*-resepsjonen, der den politiske venstresida las langt meir moglegheit og optimisme utav stykkets evolusjonistiske diskurs enn kva den konservative høgresida gjorde. Men denne striden handla om kunst, ikkje om utviklingslæra.

Mange forfattarar protesterte mot Collins nyttetenking og «meinte at diktinga ikkje kunne ta omsyn til anna enn sine egne indre krav» (Koht 1954, 267). Ein av dei var Garborg som i *Samtiden* 1894 svarte på Collins angrep. Vassenden skriv at Garborg hadde brotne forhåpningar «til fremskrittstro og utviklingslæra», og han verkar overraska over at Garborg «overtar og aksepterer» «den underliggende organismeforestillingen om forholdet mellom kunst og samfunn», «selv om Garborgs kunstsyn avviker radikalt fra Collins nytteperspektiv, og konvergerer tydelig med Brandes holdning fra både *Hovedstrømninger* og avisinnleggene» (115). Men synet på kunsten som ein organisme var ikkje særeigen for Collin. Garborgs uro for framtida er ikkje det same som brotne forhåpningar til utviklingslæra. Darwinismen og dei fleste andre variantar av utviklingslæra var opne for at utviklinga kunne gå i positiv og i negativ retning, slik m.a. degenerasjonslæra vitnar om. Garborgs svar skildrar eit syn på utviklinga som er i tråd med denne evolusjonistiske tankegangen, og som me kjenner igjen frå Ibsens utforming av Rosmer og Rebekka, og Alfred og Rita:

Udviklingen er ikke bare fremskridt længer; vi gaar frem i visse retninger, men hvad der vindes paa en kant, blir opveiet, tror man, ja, maaske mer end opveiet, ved tab paa andre hold. Vi gaar f.eks. fremad i intelligens. Men samtidig med, at refleksionen styrkes, svækkes vor umiddelbarhed, vor evne til at leve og nyde livet, vor følelses varme og styrke, viljens sluttethed og kraft. Derved blir klarligvis den vundne fordel værdiløs. Nogle beviser endog, at udviklingen ligefrem er voksende ulykke. Hvad der udvikler sig er vor forstand og vore nerver, d.v.s. vor evne til at fatte og vor evne til at lide tilværelsens gru og kval. Men viljen svækkes og opløses. (Garborg 1894, 367)

På linje med mykje av den norske litteraturhistorieskrivinga etter andre verdskrigen undervurderer Vassenden kor utbreidd oppslutninga om utviklingslæra var, òg på 1890-talet. Degenerasjonslæra kan ikkje lausrivast frå darwinismen, sjølv om det av og til kan sjå ut til at darwinismens innverknad på humanvitenskap og estetikk har blitt dyssa ned, eller misforstått.³²⁰

Det var ikkje om evolusjonismen striden stod, men om kva for rolle litteraturen skulle spela. Det var Collins borgarlege moralisme som vekte motstand i samtidas kulturliv, og ikkje evolusjonismen hans (jf. Brandes' kritikk, skildra i Andersen 2001, 320). Collin sjølv sa at han representerte «Udviklingslærens Ethik» og ikkje den spissborgarlege moralen han blei skulda for. Collins moral var «nemlig ikke kristen, men evolusjonsteoretisk» (Vassenden 2016, 111). Sjølv om Darwin var forsiktig med å uttala seg om kristendommen, var andre darwinistar tydelege på at organisert religion hørde heime på eit mindre sivilisert stadium, som helst skulle vera tilbakelagt (Jacobsen og Møller 1893, 167–68).

Alt i 1871 hadde Ibsen skrive til Brandes at «[...] al religion vil falde». Korleis reagerte Ibsen på Collins angrep? Han deltok ikkje i ordsiftet, men me kan finna igjen element frå denne diskursen i *Lille Eyolf*.

Det kan ikkje vera tvil om at Ibsen fylgde striden med vakne tankar, – det var da hans eige spørsmål det gjaldt [...] Og kanskje han tok opp ordet «livskunst» nett som eit svar til Collin, sia Collin i bladstriden sin hadde vendt klaga si beint imot Ibsen, – at han i dei siste stykka sine hadde hjelpt til å veike livsmoralen hos dei unge. Ei dame mellom kjenningane hans, fru Mathilde Schjøtt, dotter til Bernhard Dunker, protesterte imot at han skulle bli slegen i hop med «dekadentane». Og i den flokken ville han nok slett ikkje la seg innskrive. Han ville nett tene livet. (Koht 1954, 267)

Har Collins åtvaring om kunsten «som Smitteutbreder» påverka ekteparet Allmers' forsoning, slik Koht-sitatet ovanfor kan få oss til å tru? Er flaggheisinga i siste akt eit forsøk på å skapa mot og verdiar, i plassen for smitte og mismot, slik Collin hadde oppfordra til? Me kan iallfall slå fast at Collin blei storformøgd med Ritas altruismevending:

Dette sidste forekommer mig at være vidunderlig skjønt, – et pludselig sprudlende opvæld af en dyb, varm kilde hos digteren. Han er endnu den samme, som blæste liv af sit liv i kvindeskikkelser som Agnes og Solveig. Er der nyt vaarbrud i hans sind efter den strenge realismens istid? (Collin 1895, 227)

³²⁰ «Det er tydelig at Arne Garborg forholder seg til det samme biologiske grunnlaget som Collin, selv om han omtaler det mer i tråd med degenerasjonslærens interesse for blodsblending og den «utslitte» slekten enn med den engelske utviklingslæren», påpeiker Warberg som skriv at Garborg såg på «det virkelige forfallet» som biologisk, medfødt og nedarva (Warberg 2016, 108). Derfor reagerer ho på Per Buviks påstand om at «Garborgs ironiske kritikk av Collin neglisjerer det biologiske perspektivet totalt» (Buvik 2003, 4, sitert i Warberg 2016, 108).

Som Seip peikte på, fanst det i arbeidsmanuskriptet «sterkere spor etter den diskusjon om kunst og moral som blev ført våren 1894 mellem forskjellige yngre forfattere og kritikere» (237). Men der Koht stilte spørsmålet, presenterer Seip det som eit faktum at Ibsen i *Lille Eyolf* har «tatt op ordet ‘livskunst’, som Chr. Collin hadde skapt og gjort bruk av i polemikken mot ‘kunsten for kunstens egen skyld’» (237). I Nbs N-gramteneste finn me derimot det eldste treffet på ordet ‘livskunst’ alt i 1859.

I den endelege utforminga av stykket har Ibsen valt å stryka dette «Collin-innslaget», men han har late Alfred streva med moralproblematikken, på same vis som Collin i avisartiklane og boka.³²¹ Me veit at Alfred må gi opp prosjektet. Trass i at den moralfilosofiske avhandlinga spelar ei sentral rolle i skodespelet, får me ingen direkte informasjon om innhaldet, utover tittelen. Resten må me avleia frå det me indirekte får vita gjennom dei ulike samanhengane avhandlinga inngår i. Slik minner ho om manuskriptet til Ejlert Løvborg som me ikkje får vita meir om enn at det handlar om «fremtidens kulturmakter og fremtidens kulturgang». Ut frå eit evolusjonistisk verdsbilde *kan* ein gjera seg tankar om framtida, i motsetning til Tesman som innvender: «Om fremtiden! Men, herre gud, den véd vi jo slet ingen ting om!» (97). I likskap med Løvborgs manuskript ser Alfreds avhandling ut til å innehalda evolusjonistisk tankegods, og i masteroppgåva antyda eg at det er det evolusjonistiske menneskesynet hans som kjem til kort når det gjeld «Det menneskelige ansvar». Den kontekstualiserande nærlesinga avdekka at Allmers er opptatt av nokre av dei same konfliktane som gjekk føre seg på den tida stykket blei skrivne, noko som har blitt endå tydlegare i det vidare arbeidet med denne avhandlinga.

Eugenikk

Som tidlegare nemnt er Shepherd-Barr den einaste eg har sett som tidlegare har nemnt *Lille Eyolf* i samband med darwinismen.³²² Ho kjem ikkje med noka tolking eller analyse utover påstanden om at Eyolfs død er eit uttrykk for Ibsens eugenistiske meiningar: «Eugenics is already part of Ibsen's dramatic vision as early as *A Doll's House* and as late as *Little Eyolf*, with its killing of the deformed child by a mysterious, symbolic force (the Rat Wife)» (2015, 87). Ho meiner det er på tide å ta eit oppgjær med Ibsens eugenisme: «We have danced gingerly about his eugenic views for too long, uncomfortable with them yet reluctant to

³²¹ I Collins *Kunsten og moralen* og artiklane: «Dekadente Digtere og Kritikere»; «Digtekunsten og Moral»; «Dr. Georg Brandes om Kunsten og Moral»; «Kunsten og de to Moraler»; «To moraler», «Dekadent Krigskunst»; «Livsmoral’ og ‘Kunstmoral’» og «I har Magten, I har Ansvaret».

³²² Med tilvising til masteroppgåva mi gjer Tjønneland det òg i si siste bok (2022): «Maria Løvland har funnet flere likheter mellom Allmers’ tenkning om det menneskelige ansvar og evolusjonismens etikk» (2022, 203).

confront them» (2015, 89). Desse eugenistiske meiningane finn ho òg i *En folkefiende* (1882) og i notatet «Det fuldfærdige menneske» (1881), som ho omtalar som eit forarbeid til *Gengangere*: «In his remarkable notes to *Ghosts*, Ibsen dwells on the idea of artificial breeding and the fear of the deterioration of the human race» (86). Shepherd-Barr hevdar dette er eit tema som Ibsen held fram med å skriva om i dei kommande stykka: «This theme will preoccupy him in the next few plays, developing ideas that have much in common with Francis Galton's work *Hereditary Genius* (1869)» (86). Notatet samanliknar ho med dette sitatet frå opninga av Galtons *Hereditary Genius* (1869):

Man's natural abilities are derived by inheritance, under exactly the same limitations as are the form and physical features of the whole organic world. Consequently, as it is easy, notwithstanding those limitations, to obtain by careful selection permanent breed of dogs or horses gifted with peculiar powers of running, or of doing anything else, so it would be quite practicable to produce a highly-gifted race of men by judicious marriages during several consecutive generations. (Galton sitert i Shepherd-Barr 2015, 86)³²³

Ifølge Shepherd-Barr tar notatet i likskap med Galtons tekst til orde for selektiv menneskeavl: «Quite apart from the dogs and horses, what is significant is the shared idea of selective breeding applied to humans» (86).

Lesinga mi av notatet og *Lille Eyolf* strid mot Shepherd-Barrs tolking. Eugenikk er det same som menneskestyrt utval av kven som skal få leva opp (Hessen og Lie 2002, 264):

Det blotte faktum at darwinismen har gitt inspirasjon til såvel eugenikken som sosialdarwinismen, viser hvor stort talkingsrom den gir. Eugenikken (rasehygien, eller egentlig artshygiene) går inn for statlig kontroll med menneskelig forplantning, for å hindre at degenererte og laverestående individer får barn. Sosialdarwinismen går inn for nøyaktig det motsatte, nemlig fri og uregulert konkurranse. (Hylland Eriksen 2011, 449)

Både notatet og *Lille Eyolf* formidlar ei negativ haldning til det å manipulera med naturen, noko den intertekstuelle referansen til Mopsetrynet i Wergelands «Tale til menneskeligheden i menneskeheden af Veslebrunen» støttar opp under (Løvland 2017, 69–70). I lag med andre tekstelement kan det at Eyolf druknar i det Alfred har bestemt seg for å gjera han til den fullferdige, lesast som ein kritikk av Alfreds hybris. Ei slik lesing er i tråd med kritikken av menneskas stormannsgalskap, og påstanden om at mennesket ikkje lenger er eit *naturprodukt*, men eit *kunstprodukt*, i «Det Fuldfærdige Menneske» (1881).

[DET FULDFÆRDIGE MENNESKE] [1881]
NBO Ms.8° 1219:3

³²³ Genetikaren Galton, som var Darwins fetter, «så med bekymring at høyverdige samfunnsborgere fikk færrest barn. Han lanserte *rasehygiene* (eugenikk) som et tiltak mot denne utviklingen» (Hessen og Lie 2002, 12).

Det fuldfærdige menneske er ikke et naturprodukt længer, det er et kunst# produkt således som kornet er det, og frugttræerne, og kreolerracen og de ædle heste og hunderacer, vin stokke o. s. v. –

Fejlen stikker i at hele menneskeheden er mislykket. Når mennesket kræver at leve og udvikles menneskeligt, så <...> det stormandsgalskab. Hele menneskeheden og mest de kristne lider af stormandsgalskab

Hos os sætter man monumenter over de døde; thi vi har pligter ligeoverfor dem; vi tillader spedalske at gifte sig, men <...>eres afkom –? de ufødte –? (1881d)

Notatet har fellestrekk med eit av arbeidsmanusa til *Hedda Gabler*:

«Den forlornes» apologi for kulturmennesket. Mustangen og væddeløbshesten. Drikker – spiser paprika. Hus og klæder Revolution mod naturlovene – men ikke d... ikke før positionen er sikkert. (Ibsen 1890)

Som me har sett, tematiserer Ibsen degenerasjon i fleire av stykka, men eg tolkar notatet og Eyolfs død heilt annleis enn Shepherd-Barr. Eg les notatet som ein kritikk av at menneska er blitt «et kunstprodukt», og slik forstår eg òg HIS' forklaring av omgrepa i notatet: «Meningen er trolig at menneskets nåværende biologiske utrustning er resultat av systematisk avl, i likhet med de foredlede gress-slag som er blitt til ulike typer matkorn» (Ibsen, Ystad, HIS 2010, 607). Teksten kan ikkje vera ein hyllest til styrt avl og til det moderne kunstproduktet som notatet uttrykker at mennesket er blitt, når han i neste strofe skriv at: «Hele menneskeheden og mest de kristne lider af stormandsgalskab» og at «fejlen stikker i at hele menneskeheden er mislykket». At notatet særleg kritiserer dei kristne for å vera stormannsgalne, forstår eg som ein kritikk av det å nekta å akseptera seg sjølv som ledd i tilværets store evolusjonslenke og i staden tvihalda på posisjonen som eineståande, «skapt i Guds bilde», til å herska over alle levande og heile verda, jf. *1. Mosebok*. Kritikken er i tråd med Downs' poengtering av at Ibsen, i motsetnad til mange av sine samtidige, godtok mennesket sin upriviligerte posisjon i evolusjonsprosessen. Ifølge Downs viste Ibsen aldri at han trudde på ein spesiell skapnad med spesielle privilegium og forpliktingar av ein overnaturleg orden. Som bevis på det peiker Downs på at Ibsen ikkje lar ein einaste prest eller pedagog seia at Gud skapte mennesket i sitt bilde (Downs 1946, 165). Sjølv meiner eg ikkje at det fungerer som bevis, slik som eg heller ikkje vil lesa nokre av dei andre karakterane som talerøyr for Ibsens meiningar. I staden les eg dei av Ibsens ytringar som me har tilgang til, som del av samtidas evolusjonsdiskurs.

Slik eg forstår Shepherd-Barr, les ho første strofa som eit innlegg som tar til orde for systematisk menneskeavl, slik Galton i sitatet ovanfor ser for seg korleis det ville vera «quite practicable to produce a highly-gifted race of men by judicious marriages during several

consecutive generations», medan ho ikkje nemner dei neste strofene/avsnitta av notatet. Det er merkeleg at ho, utan drøfting eller forklaring, tillegg Ibsen dette synet, fordi ho då motseier det ho eit par sider lenger framme nettopp har skrive, nemleg at Ibsen er negativ til «the effects of experimentation with breeding»:

So far, we have seen in Ibsen's and Darwin's writing similar, often awe-struck, conceptions of nature and the natural. They share a sense of wonder at natural forces, the vastness of time and space, and natural beauty, but also in a nature's random, blind, and ultimately death-bringing mechanisms. But Ibsen does not share Darwin's positive view of the effects of experimentation with breeding. (85)

Galton-samanlikninga motseier òg ei liknande utsegn ho kjem med (78), men dette «løyser» ho med å hevda at *contrarianism* er Ibsens kjenneteikn både når det gjeld evolusjonismen og det meste anna – med tilvising til vandrehistoria om at Ibsen på dødsleiet skal ha sagt «tværtimot» då sjukepleiaren hans fortalde familien at helsen var blitt verre (77–78):

Contrarianism also marks his [Ibsen's] response to evolutionary thought. For example, where Darwin hails domestication as positive because it yields greater variety of species, Ibsen equates domestication with degeneration and as therefore negative. This «creative misprision»— the misunderstanding of domestication as weakening the organism – becomes the brilliant dramatic stroke in plays like *The Wild Duck*, *The Lady from the Sea*, and *When We Dead Awaken* (1899), whose very title goes against «science» in the first place. Yet, as in most other things, Ibsen is not predictable or dogmatic; as Tjønneland points out, he reverses this idea in *An Enemy of the People* in the comparison Stockmann makes between poodles and mutts. He simply cannot be pinned down to any single dogmatic idea or program.

This contrarian tendency colors Ibsen's overall sense of how evolution works – whether it is progressive or degenerative, whether (as he puts it in his notes to *Ghosts*) «the whole of mankind [has] gone astray». Ibsen does not seem to see human evolution as progressive. Not only are we going «astray», but we are on a downward evolutionary trajectory, possibly heading for extinction. This is the common equation of evolution with degeneration and regression—a conflation that runs through so much literature of the period and culminates in Max Nordau's attacks on Émile Zola, Ibsen, and their contemporaries. (78)

Eg delar hennar syn på Ibsens oppfatning av degenerasjonstrusselen, men ikkje av at han er eugenist. Medan Shepherd-Barr les Eyolf's død som endå eit innlegg i Ibsens eugenistiske og dramatiske visjon, les eg døden hans som resultat av ein feilslått siviliseringsprosess og kritikk av menneskeleg manipulering og inngripen, og dermed òg av eugenistisk avl. Kan det at Eyolf døyr rett etter at faren seier han skal bli ein friluftsgut, tolkast heilt motsett: som ein kritikk av tilbake-til-naturen-prosjektet og eit forsvar av sivilisasjonsprosessen? Nei, medverkande til at han døyr, er jo den einseitig cerebrale og skjerma oppsedinga som har gjort han ute av stand til å klara seg i naturen, i dette tilfellet utanfor hagen som faren for første gong ber han oppsøka for å bli ein leikande friluftsgut. Ungane på stranda går det derimot betre med – dei berrfotte naturbarna som alle kan svømme, prøver ikkje følga etter Rottejomfrua der dei står og ser ho ro utover fjorden. Det er dei som er «herrar på stranda».

Shepherd-Barr viste i sitatet ovanfor til Tjønneland som hevda at Ibsen gjennomgåande var negativ til domestisering, men at han i *En folkefiende* gjer ei heilomvending i det han lar Dr. Stockmann omtala allmugen som «køtermennesker» frå «en ukultiveret dyrefamilje», som han deretter samanliknar med dei privilegerte og kultiverte puddelmenneska «som gjennom flere slægtsledd stammer fra et fornemt hus». Ifølge Stockmann kan desse «puddelmennesker» læra ting som «en gemen bondekøter» ikkje kan. Samanlikninga går i «køtermenneskene» sin disfavør, og i artikkelen «Darwin, J.P. Jacobsen og Ibsen» (1998) tolkar Tjønneland dette som eit uttrykk for at Ibsen, som før har framstilt tamde dyr meir negativt enn ville, nå plutseleg føretrekker dei fornemme og tamde (186). Plutseleg viser altså Ibsen her ein slags kulturoptimisme, for seinare å venda tilbake til sitt gamle syn. I det dei meiner Stockmanns replikk inneber ei ideologisk heilomvending i Ibsens syn på avl og forholdet natur–kultur, gjer Tjønneland og Shepherd-Barr Thomas Stockmann til talerøyr for forfattaren sjølv. Tar ein i betraktning at Ibsen skreiv notatet «Det fuldfærdige menneske» berre året før han skreiv dr. Stockmanns replikk, ser det heller ut til at han lar Stockmann artikulera ein slags aristokratisk stormannsgalskap, som Ibsen sjølv er kritisk til.

Tjønneland og Shepherd-Barr er langt frå dei einaste som har lese Stockmann som talsmann for Ibsens eigne meiningar. Gran peikte på at Ibsen hadde uttalt «en stor del av de tanker som han senere i paradoksalere form lar dr. Stockmann uttale» til Brandes og i følgjande brev til Hegel:

Beskæftigelsen med dette arbeide har moret mig, og jeg føler det som et savn og en tomhed, at jeg nu er færdig dermed. Doktor Stockmann og jeg kom saa fortræffelig ud af det med hinanden; vi er saa enige i mange stykker; men doktoren er et mere uredigt hode end jeg, og han har desuden adskillige andre eiendommeligheder, som gør, at man af hans mund vil taale at høre adskilligt, som man maaske ikke havde optaget saa ganske vel, hvis det var blevet sagt af mig. (sitert i Gran 1918, 133)

Men når me ser kva for tankar det gjeld, gir ikkje det grunnlag for å slutta at Stockmanns idealisering av puddelmenneske er representativ for Ibsens eiga oppfatning:

majoriteten har aldrig ret, liberalismen utvikler sig hen imot almueagtighet, de politiske førere og de politiske partier virker demoraliserende, – jeg holder altid med minoriteten, hvormed jeg selvfølgelig ikke mener stagnationsmændene som er agterutseilet, men den minoritet, som gaar foran der hvor den liberale majoritet endnu ikke har naadd frem o.s.v. (Gran 1918, 132)

³²⁴

³²⁴ Ved fleire høve kalla Ibsen høgerepartiet «stagnationsmændene» eller «stagnationspartiet» (Koht 1954, 125), fleire gonger i 1882, men òg i 1885. Liknande tankar om fleirtal vs. mindretal finn me i samtida, t.d. hos Tocqueville og Stuart Mill (Wærp 2006, 68).

Sjølv om Ibsen og Thomas Stockmann truleg delte nokre synspunkt, verkar det lite truleg at alle Stockmanns replikkar er uttrykk for forfattaren sine meiningar. I «Dr. Stockmanns rabiate tale» (2006) skriv Wærp at Stockmann ofte blir tolka som Ibsens talerøyr, fordi synspunkta hans utvilsamt er like «Ibsens egne aristokratiske og anti-demokratiske ideer» (63–64). Likevel poengterer ho at Stockmann nyttar omgrepa «almuen» og «det almueaktige i os» metaforisk, noko «han til og med understreker» sjølv (Wærp 2006, 70): Stockmann presiserer at den ålmugen han tenker på, ikkje først og fremst er «dypt nede alene; den kryr og myldrer rundt omkring os, – lige op til samfundshøjderne» – med hans eigen bror, den «pene, pyntelige» byfogden som det beste eksempelet, og slik handlar, ifølge Wærp, *En folkefiende* «om indirekte, billedlig språk som blir oversett, misforstått og feillest» (Wærp 2006, 69–71).³²⁵

Me hugsar at Wærp i artikkelen «The Struggle for Existence. Ibsen's The Wild Duck» (2020), argumenterte mot tidlegare forskning som hevda at der temjing hos Darwin leiar til variasjon, fører det i *Vildanden* til degenerasjon, svakheit og inautentisk liv (Høst 1967, Aarseth 1999, 2005, Tjønneland 1993, 1998, Zwart 2000, Shepherd-Barr 2015). Trass i at Wærp er einig i at «Ibsen clearly toys with and exploits» «that domestication implies degeneration towards inauthentic life» (12), meiner ho ei slik tolking i første rekke speglar verdiane til idealisten Gregers, og at Ibsen, i likskap med Darwin, er verdinøytral i si behandling av domestisering (2020, 2). Her støttar eg Wærp, og eg meiner ho har eit viktig poeng når ho held fram at Ibsens perspektiv i større grad er undersøkande enn vurderande, noko eg trur gjeld fleire stykke enn *Vildanden*, på same vis som Moi har eit poeng når ho skriv at Ibsen aldri lar nokon av karakterane vera talerøyr for seg (Moi 2006, 58). Dette er i tråd med Ibsens egne protestar då han m.a. etter *Gengangere* klaga over at han blei tillagt meiningar frå karakterane sine.³²⁶ Derfor reagerer eg når Shepherd-Barr skriv at «it is difficult to be sanguine about the eugenic

³²⁵ «Ibsen parodierer resepsjonen av *Gengangere* i *En folkefiende*, særlig ved å la Dr. Stockmanns publikum overse doktorens metaforer og slik feiltolke talen hans på en måte som kan sies å likne på den måten helt avgjørende metaforiske vendinger i *Gengangere* ble neglisjert i den første resepsjonen av *Gengangere*» (Wærp 2006, 74).

³²⁶ «Man søger at gøre mig ansvarlig for de meninger, som enkelte af dramaets personer udtaler. Og dog findes der i hele bogen ikke en eneste mening, ikke en eneste yttring, som staar der for forfatterens regning. Det vogtet jeg mig vel for. Den metode, den art af teknik som ligger til grund for bogens form, forbød ganske af sig selv, at forfatteren kom tilsyne i replikkerne. Min hensigt var at fremkalde hos læseren det indtryk, at han under læsningen oplevde et stykke virkelighed. Men intet vilde i højere grad modarbejde denne hensigt end at indlægge forfattermeninger i dialogen. Og tror man da ikke hjemme, at jeg besidder saa megen dramaturgisk kritik, at jeg skulde indse dette? Jo! Jeg har indset det og handlet derefter». Brev til Sophus Schandorph etter mottakinga av *Gengangere*. Notat i manuskript til *Hedda Gabler*: «Jeg bruger ikke talerør. Norrmænd skønner ikke dette. Men der er ingen af mine landsmænd som forstår mig mindre end Nordmænd. Hverken mine svenske eller mine danske eller mine tyske landsmænd vilde tiltro mig noget sligt» (VAR_V1889).

overtones of Stockmann's central speeches» (89). Ho tillegg Ibsen oppfatningar som ho lauseleg baserer på replikkar til figurar i skodespela hans, og argumentasjonen hennar er inkonsekvant og prega av sjølvmotseiingar, som ho tilskriv Ibsens vingling eller *contrarianism*.

It may well be that he [Ibsens] hopped off the eugenic bandwagon after a few years. But we need to accept his temporary embrace of eugenics as part of his response to the intellectual package of evolution as it was then understood, to accept that he was in this respect a man of his age, just as Darwin disappointingly rehearses the dominant Victorian views on the inferiority of women in the final section of *The Descent of Man* (sst.)

Sjølv tenker eg det som ser ut som ei vingling, først og fremst er resultat av at Ibsen skildrar eit mangfald av karakterar med mangfaldige meiningar og synspunkt, som gjerne endrar seg i løpet av stykket, utan at det treng vera uttrykk for forfattarintensjonen. Det blir feil å tillegga akkurat dei av desse som gir uttrykk for noko som ser ut til å vera eugenistiske synspunkt, Ibsens eigne standpunkt. Sjølv om det kan vera interessant å grunna over kva for replikkar som kanskje uttrykker Ibsens eigne synspunkt, vil det uansett bli spekulering, derfor synest eg det er meir relevant å lesa replikkane i lys av stykkets interne logikk og i lys av diskursar i samtidskonteksten. Og det er i dette lyset eg finn at litle Eyolfs død kan tolkast som resultat av ein feilslått oppsedings- og kultiveringsprosess, utan at eg av den grunn vil ta stilling til om dette er uttrykk for Ibsens eigne standpunkt eller visjonar.

Etter utgivinga av *Gengangere* blei Ibsen ofte samanlikna med Zola, som i Ibsen skal ha augna «ein våpenbror i striden sin» (Koht 1954-II, 227). Ifølge Bull fekk skildringa av Osvald mange lesarar til å tenka på Zola som hadde gitt «uhyggelege bilde av degenerasjon», men Ibsen protesterte på samanlikninga: «Zola er demokrat, men jeg er aristokrat», skal han ha sagt (Bull 1972, 105). «Zola stiger ned i kloakken for å bade seg, jeg for å rense den» (Koht 1954-II, 124). Utsegna bygger opp under kallstanken Ibsen gjentatte gonger gav uttrykk for: at han gjennom diktinga skulle få folket til å tenka stort, eller som han oppsummerte i talen ved Norsk Kvindesagsforenings fest i Kristiania i 1898: «For mig har det altid staaet som en Opgave at løfte Landet og give Folket et høiere Stade». Ibsen heldt fram med å skildra degenerasjonsprosessar, trass i at han visste at han blei skulda for å skriva degenerert litteratur, og for sjølv å vera degenerert. Vel vitande om at Ibsen fleire gonger hevda at han alltid berre hadde reint «digteriske hensyn» med verka sine, inviterer tekstane, når ein les dei som del av evolusjonsdiskursen, likevel til å spørja om det å motverka degenerasjonsprosessen var det han, til sjuande og sist, såg som «kernen i sin digteriske livsgjerning» (B18861216LP).

9 Avslutning: Ibsens evolusjonisme vs. Ibsens feminisme

Handlinga i *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* er gitt ei tidsramme på tre dagar. Her er evolusjonens lange utviklingslinjer krympa ned til eit mikronivå som lett kan oversjåast, med den konsekvensen at tekstane kan opplevast som kryptiske. Arbeidet mitt har gått ut på å fokusera på dei evolusjonistiske elementa og visa kva tyding dei ladar tekstane med. Eg har registrert kor tydeleg evolusjonsdiskursen er til stades i Ibsens forfattarskap, inkludert talar, brev, forarbeid osv., og kor overraskande lita merksemd dette har fått i sekundærlitteraturen. Forholdet har blitt neglisjert av kjente Ibsen-forskar, òg der det er ganske opp i dagen, slik som her i eit av forarbeida til *Fruen fra havet*:

Er menneskets utviklingsvei forfejlet? Hvorfor er vi kommet til at tilhøre den tørre jord? Hvorfor ikke luften? Hvorfor ikke havet [...] Havets dragende makt. Længselen efter havet. Mennesker i slægt med havet. Bundne av havet. Avhængige av havet. Må tilbage i det. En fiskeart danner et urledd i udviklingsrækken. Sidder rudimenter deraf endnu i menneskesindet? I enkelte menneskers sinn? Billederne af det boltrende liv i havet og af «det evig fortabte». Havet råder over en stemningernes magt, der virker som en vilje. Havet kan hypnotisere. Naturen overhovedet kan det. Den store hemmelighed er menneskeviljens afhængighed af «det viljeløse». (Ibsen 1888).

I Aarseths kommentar til denne tekststaden, der han først har vist til David Rosengartens darwinistiske tolking av stykket, ser me korleis Aarseth likevel tydeleg bagatelliserer utkastets evolusjonistiske diskurs:

Hvilken effekt har dramatikeren ønsket å skape av disse ideene om at visse (eller alle) mennesker egentlig hører havet til? Er det en troverdig teori som skal betraktes med basis i Darwins utviklingslære, eller er det ren fantasi som skal bidra til å karakterisere den talende som en fantast, en person med svak realitetssans? Svaret er neppe enten eller. (Aarseth 1999, 203)

Sjølv forstår eg ikkje korleis Aarseth kan trekka forfattarnotens tydelege evolusjonsperspektiv i tvil. At dette var tankar som aldri slutta å oppta Ibsen, syner den tidlegare nemnde helsinga han skreiv i Milewskis stambok i 1897: «Die Entwicklung des Menschengeschlechts ist vom Anfang auf Irrwege geraten. Die Menschenkinder hätten sich zu Seegeschöpfer evolutionieren sollen» (VAR_Vudat1897IM).³²⁷ Eigentleg er det ikkje oppsiktsvekkande at evolusjonen, som er ein ibuande empirisk faktor ved alt liv, på eit eller anna vis er inkorporert i stykka. Særleg

³²⁷ I mi omsetting: «Menneskeslektas utvikling kom frå starten av på villspor. Menneskeborna skulle ha utvikla seg til sjøskapningar.»

ikkje når ein veit kor sentral diskursen var i litteratur, vitskap og i samfunnsdebatten på slutten av det nittande hundreåret. Den evolusjonistiske tilnærminga har gitt meg innsikt i sider ved stykka som eg tidlegare ikkje forstod, i tillegg til at eg ofte har komme til å sjå det som eg alt trudde eg forstod, på ein ny måte. Særleg gjeld dette Ibsens framstilling av kjønn og seksualitet som ligg til grunn for mykje av tematikken og strukturen i tekstane, og det er drøftinga av desse funna eg nå vil via resten av avhandlinga til:

Verken Alfred eller Rosmer er aseksuelle, men begge tar dei avstand frå kvinneleg begjær, som dei opplever som skremmande og truande. I 1800-talets evolusjonsdiskurs blei begjær og drift knytt til eit tidleg utviklingsstadium, i opposisjon til tenking og moral som først blei utvikla på eit seinare stadium. Refleks, drift, impuls og begjær blei betrakta som primitive, rå krefter som måtte undertrykkast eller temmast og kultiverast inn i meir siviliserte former. Samstundes tenkte ein at det var viktig at sivilisasjonsprosessen ikkje sløkte heile energien i driftskreftene – jf. det tidlegare nemnde Krog-sitatet: «det er ikke om ilden skal brende eller slukkes kampen gjelder, men om den skal ødelegge oss eller bli vår tjener». Dette temaet ligg til grunn for fleire av Ibsens skodespel. I *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* lar han kvinna representera driftskreftene og det utamde begjæret, medan mannen er kommen lenger i kultiveringsprosessen, til eit meir sivilisert stadium. Med ei spissformulering kan me seia at mannen er kommen lenger i utviklinga av det kognitivt åndelege og spesifikt menneskelege, medan kvinnekjønnnet framleis er sterkare prega av materien og sitt dyriske opphav. Denne disharmonien skapar vanskar for parforholda og enkeltkarakterane, og dei sjuke og døyande borna viser oss at dette òg truar menneska som art. Med degenerasjonstrusselen hengande over seg blei det viktig å finna ut korleis mann og kvinne skal leva saman og skapa sunne, levedyktige born, og ei lysare og meir regenerativ framtid. Ibsen gav uttrykk for at kvinnene hadde *ei* stor og viktig oppgåve: det å vera mødrer. Likevel skildrar han ikkje ei einaste mor som kan tena som eksempel på ei som har løyst oppgåva tilfredsstillande, med unntak av fru Stockmann og Gina Ekdal, men dei har relativt små roller, og fokuset er på mennene deira. Det fleire av dei større kvinnerollene derimot viser, er endringspotensial – skal kvinnene bli gode mødrer, må forutsetningane ligga til rette for det.

I Ibsens stykke ligg ikkje framtida hos dei utprega smarte, strategiske og meir androgyne kvinnene. Framtida, slik ho blir framstilt i verka, ligg i å finna den rette kombinasjonen mellom kjønna. Dette inneber ikkje at kjønna skal bli meir like, eller at kvinna skal bli like åndeleg som mannen. Det inneber tvert imot at mannen og kvinna skal vera ulike, slik at dei kan utfylla og komplettera kvarandre. Rebekka og Hedda, som begge på fleire måtar er meir

oppegående enn mennene sine, er samstundes kyniske og destruktive. At dei ikkje representerer framtida, treng me ikkje vera i tvil om. Begge tar livet sitt. Dette er annleis hos Rita og Thea, opne, mjuke og formbare kvinner, med eit usmitta evolusjonspotensial som gjer at dei truleg vil kunna utvikla seg til kjærleiksfulle mødrer og koner. Dei utgjer heller ingen intellektuell trussel overfor mennene sine, og i motsetnad til Rebekka og Hedda er dei ikkje slø og manipulerande. Som den bortskjemde rikmannsdottera blir Rita tverr når ho ikkje får det som ho vil, men ho kan modnast og forvandla seg når ho får erfaringar å bryna seg på, og den rette åndelege oppsedinga frå mannen. Slik representerer ho framtid. Det gjer derimot ikkje Rebekka, som ikkje er «usmitta», men har ei fortid som «stenger for henne». I Ibsens univers representerer ho tilbakegang, feiltrykk og utarting.

Det destruktive ved fleire av Ibsens kvinnekaraktarar har blitt tolka som resultat og kritikk av patriarkatet og dei dårlege kåra som rådde for kvinnene. Fleire har tatt til orde for at Ibsens framstilling av oppegående, hysteriske og sjølvdestruktive kvinner, tematiserer kor vanskelege tilhøva dei lever under, er (t.d. Sæther 1985, 46–47, Bondevik 2005, 328). Ifølge Templeton er eit viktig aspekt ved det ho kallar Ibsens modernistiske feminisme, at han framstiller kvinnene med ein sterk seksualitet nettopp utan å demonisera dei:

When Ibsen stopped writing to please the public's bad taste and became a playwright, he no longer demonized sexual desire as «a dark side» of woman's nature, but rather insisted on it as an integral part of her self. This important aspect of Ibsen's modernist feminism has been virtually ignored, but the fact is that during the 1880's and 1890's Ibsen consistently examined – and repudiated – the bourgeois Victorian ideal of the wife and mother for whom sex was a necessary way of producing children; and – the other side of the same coin – the notion of female sexuality as, in Freud's famous phrase, a «dark continent», an unexplored, disorderly, and dangerous world that threaten male hegemony. (2005, 47–48)

Templeton hevdar at Ibsen framstiller kvinner som heile menneske med lidenskapen i behald, medan mennene ofte de-erotiserer dei, fordi dei ønsker å førestilla seg kvinnene dei elsker som jomfruer, noko ho m.a. meiner gjeld Rosmer overfor Rebekka, og Alfred overfor Rita: Fordi Rosmer har de-seksualisert Rebekka som elsker han, blir sjølvmodra «a passionless, Christianized *Liebestod*» (2005, 51). Men medan «eros is banned from *Rosmersholm*, eros is restored in *The Lady from the Sea*», når Wangel lar Ellida få fridomen til å velja mellom han og sjømannen (52).

Men då overser Templeton Rosmers erotiske fantasiar om Rebekka. Når han får høyra at ho har *en fortid bag seg*, seier han «*med et svagt smil* Er det ikke underligt, du, Rebekka? Tænk, at en anelse om sligt noget har strejft mig en gang imellem [...] Jeg trode aldrig på det. Jeg

bare legte med det, – sådan i tankerne, forstår du» (86). Og sjølvmoda deira er ikkje *passionless*, men fylt av pasjon, voldsom sinnsbevegelse og affekt.

Det er heller ingenting som tyder på at Alfred har eit ønske om å førestilla seg Rita som jomfru. Han påpeiker ofte kor deilig han synest ho er, og at det var medverkande til at han gifta seg med henne, men etter Eyolfs fall frå stellebordet, prøver han halda den seksuelt pågåande kona si på avstand. Det er han sjølv som ønsker vera rein og jomfrueleg, og det same ønsker han av Asta, som han elsker. Eg kan heller ikkje sjå at begjæret får oppreisning i *Fruen fra havet*. I mine auge skjer det motsette. Når Ellida gir avkall på sjømannen, gir ho òg avkall på attråen. I det ho vel å bli verande hos Wangel, som ho ikkje begjærer, og som ho ikkje har vilja ha sex med på lange tider, avstår ho frå begjæret. I staden vel ho å påta seg rolla som husfrue og mor til Hilde, til Hildes store glede, som me får vita har lengta etter dette. Som Rita gjennomgår Ellida ein liknande sivilisasjonsprosess i det ho vel vekk begjæret til fordel for madonna-rolla.

På liknande vis les Templeton Heddas sjølvmod som del av Ibsens feministiske agenda. Ho meiner Hedda tar livet sitt som resultat av den håplause situasjonen sin, som er oppstått fordi ho gifta seg med Tesman, som ho verken elsker eller attrår, men som var den einaste som fridde. Løvborg derimot elsker ho, men han var ikkje noko husbond-emne, sidan han var ein suicidal alkoholist (Templeton 2005, 53–54). Men i motsetnad til det Templeton hevdar, er det ingenting som tyder på at Hedda gifta seg med Tesmann fordi han var den einaste som spurte, «hun som hadde så mange kavellerer omkring seg», som det blir presisert på side ni i skodespelet. Derimot får me indikasjonar på at ho gifta seg med Tesman fordi ho trudde ho skulle få statusen som følger med å bli sisetetsfruen til ein framgangsrik professor. Me legg merke til korleis noko av det første Ibsen lar oss få vita, er at Hedda allereie om natta, «straks de var kommet ind af døren» etter den lange reisa, gjorde hushjelpa Berte merksam på at ho ikkje lenger må omtala Tesman som kandidaten, men som doktor: Tante Julle minner henne på at «det er sandt – du Berte, – mens jeg husker det: herefter må du ikke kalde Jørgen for kandidaten. Du må si' doktoren. BERTE Ja, det snakked unge fruene om også – i nat, – straks de var kommet ind af døren» (6). At Ibsen vil me skal vita at Hedda irettesette hushjelpa då ho feiltitulerte Tesman, sjølv om det var midt på natta, og dei så vidt var komne inn dørene etter den lange reisa, viser kor viktig status og prestisje er for Hedda. Derfor gifta ho seg med Tesman, og ikkje fordi han var den einaste som fridde til henne. Høst peiker på det same og legg til at «ikke før er hun trådt over terskelen til sitt nye hjem, før hun – midt på natten – beordrer varetrekkene på møblene fjernet» (Høst 1958, 96). Høst kallar det «et utilslørt

standshovmod» og meiner denne følelseskulda og «nedlatenheten overfor alt og alle er ikke bare en omgangstone hun har vennet seg til i sitt tidligere miljø, den har dypere røtter» (Høst 1958, 97). «Den grusomme komedien avdekker i et glimt den unge frues forhold til andre mennesker: de eksisterer ikke for henne, deres ve og vel, deres følelser og reaksjoner er henne i bunn og grunn likegyldige», kommenterer Høst som meiner «en så total uengasjerthet i det levende liv må uvegerlig skape tomhet og lede hos det menneske hvis lodd den er» (1958, 97–98). Templeton legg derimot heile skulda på samfunnet og ser vekk frå at Hedda har vore destruktiv og manipulerande frå ho var lita. Templetons tolking av Ibsens modernistiske feminisme har med andre ord sine blinde flekkar.

I motsetnad til Templeton kan eg ikkje sjå at Ibsen var ein forkjempar for kvinnes friedom til å leva ut begjæret, like lite som eg kan sjå at han idealiserer seksuelt fråhald. Korleis Ibsen framstiller seksualiteten, varierer frå stykke til stykke og frå karakter til karakter, og eg har vanskeleg for å sjå at det utgår ein klar intensjon av dette, verken i den eine eller andre retninga. Moi meiner at Templeton «may well be right in her fundamental intuition about Ibsen's radical contribution to feminist thought», sjølv om ho meiner Templetons «own text does little to back this up» (Moi 2000, 106). Sjølv delte eg lenge Templetons «fundamental intuition», men etter å ha arbeidd med dette prosjektet, må eg konstatere at resultatet mitt er i strid med den opphavlege intuisjonen, og dermed òg med Templeton og Moi sine synspunkt.

Kva kjem fram av å lesa stykka slik eg har gjort? Jo, det blir klart at Ibsen sine kvinneskildringar er i tråd med samtidas førestillingar om kvinna. Samfunnsforholda spelar heilt klart inn på kvinnes moglegheiter til friedom og sjølvstende, men i det evolusjonistiske kjønnspektivet er det òg eit tydeleg essensialistisk element som kan knytast til kvinnes biologi og arv, eit element som er sterkt til stades i Ibsens kvinnekarakterar. Det er lett å oppfatta det ville og rovdyraktige ved Rebekka, Rita og andre Ibsen-kvinner for å vera styrke, mot og eit rebelsk, fridomssøkande sinn, men det er ingen av dei som viser veg ut av tilstanden der alt dreier seg om relasjonen til mannen og det å bli elska og begjært. Ikkje ein gong Asta, som jobbar som lærar, og som slik sett både har inntekt og utdanning, lar Ibsen interessera seg for anna enn Mannen. Ibsen derimot interesserer seg òg for Kvinna, og det at han ofte lar store kvinneroller vera stykkas dramatiske fokus og omdreingspunkt, er i mine auge mykje av grunnen til at dei blir oppfatta som feministiske. Både *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* er prega av store kvinneroller. Før eg begynte dette prosjektet, tenkte eg at Rebekka West var ei feministisk heltinne – ei av «de framtrekkende, autonome og komplekse kvinneskikkelsene», som «representerer det genuint nyskapende ved Ibsens drama», slik Kari 322

Jegerstedt formulerte det i «Anitras etterliv. 'Ibsens kvinner' i en postkolonial kontekst», der ho tar føre seg den marginale posisjonen Anitra er blitt tildelt i forskninga på *Ibsens kvinner* (2007, 58).³²⁸ Men funna frå denne avhandlinga peiker i ei anna retning.

Ibsens feminisme har blitt omtala som Noregs fremste merkevarer.³²⁹ Forskarar har gjort Ibsen til «talsmann for (global) kvinnefrigjøring» og «en forkjemper mot den kolonialistiske rasismen» (Jegerstedt 2007, 55, 68). Ifølge Jegerstedt argumenterer Elisabeth Oxfeldt i *Nordic Orientalism* (2005) og Torgeir Skorgen i «Ibsen og det norske 'vi'» for at Anitra inngår i «Ibsens kritikk av den kolonialistiske imperialismen» og bryt «med den hegemoniske underordninga av den orientalske kvinna» (Jegerstedt 2007, 57). Jegerstedt peiker derimot på at «(den feministiske) konstruksjonen av kategorien «Ibsens kvinner» som bestående av sterke og autonome kvinneskikkelser» skjer «på bekostning av at Anitra skrives ut», og det å undersøke dette vil berre bidra «til å usynliggjøre Ibsens egen tvilsomme bruk av den orientalistiske diskursen og på denne måten risikere å repetere den» (Jegerstedt 2007, 69). I den kjønnsdiskursen Ibsens kvinner, ifølge mine undersøkingar, inngår i, treng derimot ikkje Anitra skrivast ut. For funna mine avdekkar at det som kjenneteiknar Ibsens kvinner, nettopp er det primitive og instinkt drivne. Fordi dei er så impulsive, driftsstyrte, seksuelle og ukonvensjonelle, kan dei mistakast for å vera autonome, men den opne seksualiteten deira er ikkje resultat av at dei er sjølvstendige og frigjorte, men ei kraft dei ennå ikkje har klart å temma, beherska eller frigjera seg frå. I den frigjeringsprosessen er mennene komne lenger, sjølv om kvinnene truar med å halda dei tilbake. At fleire av kvinnene likevel spelar store, framtrødande roller, er det ingen tvil om, noko som òg bidrar til at dei har fått status som ikoniske og autonome.

Det paradoksale er nemleg at det er den same evolusjonsdiskursen som gjennomsyrrer desse kvinnerollene, som samstundes gjer dei så interessante. Det er nettopp utviklingsperspektivet Ibsen anla i utforminga av kvinneskikkelser som Rebekka, Ellida og Rita, som gjer dei så vitale og intense. I staden for å skildra dei som eindimensjonale typar tematiserer stykka

³²⁸ «Ibsens sterke og komplekse kvinneskikkelser har lenge spilt en sentral rolle i beskrivelsen av Ibsen som framsynt og radikal samfunnskritiker så vel som dyptloddende menneskekjenner» (Jegerstedt 2007, 55).

³²⁹ I samband med Ibsen-jubileet i 2006 hevda Jonas Gahr Støre og Erik Solheim at «Norway's foreign policy and development cooperation focus on promoting gender equality», og at «Ibsen's plays can play an important part in these efforts through the issues they raise» (forordet til *Nora's Sisters*, sitert i Jegerstedt 2007, 71). Og Kristin Halvorsen kunne stadfesta at: «Jeg har inntatt en maktbastion for menn, og det ville ikke ha vært mulig uten Henrik Ibsen» (www.ibsen.net.). Ifølge Bentein Baardson var Ibsens største bidrag til «verden at han satte likestilling på kartet og at han lagde mange sterke og store kvinneroller»: «Ibsen oppfattes som livsfarlig mange steder, ikke minst på grunn av hans syn på kvinnes undertrykte rolle ... Ibsen er faktisk verdens mest sensurerte og forbudte forfatter gjennom tidene» (Baardson sitert i Jegerstedt 2007, 55).

nettopp korleis dei går frå å vera ville og fryktinngytande til å bli forvandla eller adla, og slik blir dei interessante, dynamiske karakterar, ikkje statiske bifigurar i kretsen rundt den mannlege hovudrolla, slik kvinneroller ofte har ein tendens til å vera. Som lesarar har me òg alltid ein tendens til å identifisera oss med hovudpersonane og plassera sympatien vår der. Då har me lett for å lesa dei i beste meining og oversjå det som ikkje passar inn i det bildet me raskt dannar oss. Det gjeld både resepsjonen av dei kvinnelege og dei mannlege protagonistane. Og sjølv om den mannlege motparten til desse kvinnekarakterane gjerne har ei like stor rolle, er det først og fremst som hennar påverkar og oppdragar. Det er realiseringa av kvinnes evolusjonspotensial som står i fokus og ladar rollene med r-evolusjonerande kraft. For hovuddrivkrafta i desse stykka er nettopp å finna ut i kva grad det er mogleg for desse kvinnene å forvandla seg til omsorgsfulle mødrer og hustruer, som ikkje utgjer nokon degenerasjonstrussel og verkar demoraliserande på mennene sine, men som kan fungera regenererande for slekta og framtida. Frå eit evolusjonsperspektiv er dei likevel meir dramatiske enn komplekse. I likskap med alle dei andre Ibsen-kvinnene er dei intuitive, impulsive og drivne av følelsar og begjær – viss dei då ikkje er sett til å representera den reine, moderlege kjærleiken, å la Solveig i sluttscenen av *Peer Gynt*.

At dette skulle bli eit av dei viktigaste funna frå den evolusjonistiske analysen min, var ikkje det eg hadde håpt på. I alle åra som norsklærer var det å lesa Ibsen og trekka linjer til Noreg som eit av verdas mest likestilte land eit av undervisningas høgdepunkt. Og det var ikkje dette eg hadde i tankane då eg på masteroppgåva begynte å studera evolusjonsdiskursen for å komma nærare eit svar på korfor Eyolf døyr. Det tok likevel ikkje lang tid før eg måtte revurdere inntrykket mitt av Rita som ei revolusjonerande Ibsen-kvinne, noko som gjorde det påkravd å ta heile førestillinga om Ibsen-kvinnene nærare i augesyn. For på same måte som ein risikerer å repetera den orientalistiske diskursen ved å underslå Ibsens eigen tvilsomme bruk av han, står ein i fare for å repetera og sementera fordommar og kjønnsstereotypiar viss ein underslår Ibsens bruk av evolusjonsdiskursen. Eg har tidlegare peikt på at dette gjeld både Brandes, Gran, Bull, Koht og Beyer, noko som ikkje er vidare oppsiktsvekkande, sidan dei alle, meir eller mindre, var del av same kulturen og dei same diskursane. Sjølv ei kvinnesakskvinne som Gina Krog tenkte evolusjonen som kjønnsespesifikk. I hennar auge kan ei kvinne som er heilt adla og ferdig utvikla, «endnu neppe findes. En slig udvikling bygges blot paa gammel frihed. Det er ikke de trælboundne, og det er heller ikke de 'frigjorte', som naar til det» (Krog 1889, 21). Med hermeteikna rundt 'frigjorte' fortel ho oss at dei erotisk lausslepte kvinnene i hennar auge heller ikkje er frie. At Ibsen lar Rita og Rebekka openlyst

fortelja at dei er seksuelle vesen, gjer at det er lett å oppfatta dei som frigjorte feministar. Men lesen i lag med ei rekke andre element, som delar av samtidas evolusjonsdiskurs, må seksualiteten deira settast i Krogs hermeteikn, ikkje som eit teikn på fridom, men på eit sinn som ligg under for primitive impulsar.

Eg kan av og til få inntrykk av at det har vore ein manglande vilje til å erkjenna at dei oppegåande intellektuelle, som representerte framsteg og modernitet, samstundes hadde eit reaksjonært syn på kvinna. Men nettopp derfor har det vore viktig å kasta lys over den sterke evolusjonistiske straumen og teoribygginga dette synet var ein del av; ein straum som etter andre verdskrigen har blitt parkert hos nokon få «badguys», som ein godt kunne klara seg utan. Ein kan få inntrykk av at vitskapen, og særleg biologien, har prøvd å skjerma Darwin for alt som minner om sosialdarwinisme og utdaterte haldningar, som i svært mange framstillingar i sin heilskap blir tillagt Spencer. Studerer ein den idéhistoriske konteksten nærare, ser ein derimot at det evolusjonistiske paradigmet blei brukt i stor skala. Essensialistiske oppfatningar av forskjellane mellom kvinner og menn var del av dette tankegodset, av allmenne haldningar som var gjengse, òg blant kvinnene sjølve, og m.a. hos Brandes, Henrik Jæger, Heiberg, Gran, Sars og Ibsen. Nokon av desse haldningane kan ein òg finna igjen i den seinare Ibsen-resepsjonens psykoanalytiske forankring, men i motsetnad til hovudtrekka i evolusjonslæra er mykje av dette evolusjonistiske tankegodset, nå med rette, parkert som reaksjonært og utdatert. I dag fryktar me ikkje lenger degenerasjon og *udartning*. Nå veit me at det er dei artane som har størst variasjon og mangfald, som klarar seg best.

Meir tankevekkande er det at me i dag framleis risikerer å repetera denne diskursen, t.o.m. når me eigentleg ønsker å anlegga eit feministisk perspektiv. Eit eksempel på det finn me i Sæthers bok *I skyggen av Ibsen* (2022) der Sæther vil studera Ibsens forhold til Emilie Bardach, Helene Raff, Hildur Andersen og Rosa von Fittinghof, frå eit feministisk perspektiv, samstundes som ho spør: «Hvem var de egentlig, disse unge ‘prinsessene’, var de engler eller fristerinner, dikterens uskyldige, unge venninner, eller var de fire beregnende *femmes fatales?*» (2022, 9). I ei melding med overskrifta «Naivt om Ibsens bruk av unge kvinner» påpeiker Ingunn Økland at Sæther repeterer gamle stereotypiar, m.a. kritikkverdige kvinnebilde frå Brandes og Haakonsen, utan å gjera det klart om ho sluttar seg til dei eller parodierer dei (*Aftenposten* 19.3.2022). Til slutt slår Økland fast at «Sæther vil at historien skal ende godt for den respektinngytende Henrik Ibsen» og derfor traderer Sæther «et forsvar for Ibsens bruk av kvinner» der ho «ender opp med å redusere dem til brikker i Ibsens kunstnerskap».

«Selv i 2022 må en kvinnelig forfatter være seg uhyre bevisst hvilke inngrodde tankebaner, formet av menn, hun risikerer å repetere», åtvarar Økland til slutt og set fingeren på ein av grunnane til at det er viktig å avdekka kva for diskursar me finn i Ibsens verk, òg om dei skulle visa at vår største forfattar og mest solide merkevare ikkje er så politisk korrekt som me kunne håpt. Nettopp derfor er det endå viktigare. Det er lettare å overta fordommar når ein ikkje er seg dei bevisst. Når me les Strindberg, veit me at me må vera årvakne når det gjeld kjønnsførestillingane hans; Ibsen går me derimot tillitsfullt i møte. Då Rogaland teater sette opp *Gengangere* vinteren 2022, las eg at Ibsen, ifølge regissør Hanne Tømte, «ser personene sine mest som mennesker og ikke som menn og kvinner» (Rogaland teater 2022). Eg er kommen fram til at det motsette er tilfellet: At Ibsen framstiller kjønna som motsetningar, og at denne dikotomien gjennomsyrrer verka hans, slik det dikotomiske kjønnsynet òg gjennomsyra samtida hans.

Reduserer så den innsikta eg har komme fram til i dette prosjektet, verdien av Ibsens forfatterskap? Det ser eg ingen grunn til at ho skal. Eg trur ikkje arbeidet vil resultera i at eg kjem til å setja mindre pris på dei litterære kvalitetane ved Ibsens verk enn eg gjorde før eg gav meg i kast med det. Verken *Rosmersholm* eller *Lille Eyolf* er mindre interessante eller gode skodespel enn kva eg syntest før eg las dei i lys av denne konteksten. Tvert imot. Evolusjonsperspektivet gjer at skodespela seier meg meir nå enn dei gjorde før. Før framstod fleire tekststader som gåter det var vanskeleg å forholda seg til, med den konsekvensen at stykka av somme blei oppfatta å vera mellom Ibsens svakaste, noko som òg kan vera årsaka til at både *Rosmersholm* og *Lille Eyolf* er nokre av dei samtidsspela som sjeldnast har blitt oppført. Men kontekstualiseringa bidrar til ei betre forståing og ei rikare oppleving av dei. Der dei før først og fremst har blitt lesne som kammerspel rundt ein liten familie, gjerne frå eit psykoanalytisk, vertikalt perspektiv, tematiserer evolusjonsperspektivets horisontale tilnærming menneskas evne til forandring og forvandling, og opnar opp fleire sider ved tekstane og det å vera menneske enn det lukkar. Og i tillegg integrerer og aktualiserer dette viddeperspektivet samfunnsforholda og forhistoria og framhevar det dynamiske og vidtfamnande ved stykka i endå større grad. Slik styrker dei evolusjonsdiskursive elementa tekstkompleksiteten og meiningsmangfaldet slik at me framleis kan vera *meddigende* og *lægge våre egne Følelser og Stemninger ind* i tekstane, slik Ibsen uttrykte det i den siste talen han kom til å halda, i Norsk Kvindesagsforening i 1898. Overser me desse elementa, går me glipp av viktige nyansar i verkas fylde og tydingsrikdom.

LITTERATURLISTE

- «A». (1886, 24. nov.). Henrik Ibsens nye Drama *Rosmersholm*. [Melding]. *Aftenposten*.
<https://www.hf.uio.no/is/tjenester/virtuelle-ibsenstederet/Anmeldelser/ro/ro-a.html>
- [Anonym forfatter]. (1883, 17. des.). Et efterladt Arbeide af Charles Darwin. *Aftenposten*.
- [Anonym forfatter]. (1887, 18. og 20. jan.). Melding av urpremieringen på *Rosmersholm* ved Den Nationale Scene i *Bergensposten* 18. og 20. januar 1887.
<https://www.hf.uio.no/is/tjenester/virtuelle-ibsenstederet/Anmeldelser/ro/ro-bergensposten.html>
- [Anonym forfatter]. (1906, 24. mai). Ibsen's Place in Letters. *The New York Times*.
- [Anonym kunstnar]. (u.å.). *Hjalmar Hammer*. [Xylografi]. Oslo Museum.
<http://rogalyd.no/artist/hjalmar-hammer-1846-1896>
- Ajourri, Philip. (2014). Darwinism in German-Speaking Literature (1859–c.1890). I Thomas F. Glick & Elinor Shaffer (Red.), *The Literary and Cultural Reception of Charles Darwin in Europe* (Vol. 3), 17–45. London, New Dehli, New York, Sydney: Bloomsbury.
- Alberts, Benjamin. (2012). Nietzsches (Anti-) Darwinismus. *Nietzsche-Studien*, 41(1), 474–481.
- Alnæs, Nina S. (2003). *Varulv om natten: folketro og folkediktning hos Ibsen*. Oslo: Gyldendal.
- Andersen, Casper, Bek-Thomsen, Jakob, Clasen, Mathias, Grumsen, Stine, Hjermitsev, Hans & Kjærgaard, Peter. (2013). Evolution 2.0. The Unexpected Learning Experience of Making a Digital Archive. *Contributions from History, Philosophy and Sociology of Science and Mathematics*, 22(3), 657–675. <https://doi.org/10.1007/s11191-011-9412-x>
- Andersen, Merete Morken. (2018). *Blodet i årene: Amalie Skram og hennes tid: en biografisk collage*. Oslo: Spartacus.
- Andersen, Per Thomas. (2001). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforl.
- Andersen, Per Thomas. (2012). *Norsk litteraturhistorie* (2. utg.). Oslo: Universitetsforl.
- Andersen, Torbjørn. (2010). «Det begynner næsten at bli beboeligt ogsaa i digternes verden»: *samtidens resepsjon av Henrik Ibsens Lille Eyolf*. [Masteroppgave, Universitet i Bergen].
- Andreas-Salomé, Lou. (1892). *Henrik Ibsens Frauen-Gestalten: nach seinen sechs Familien-Dramen: Puppenheim, Gespenste, Wildente, Rosmersholm, Frau vom Meere, Hedda Gabler*. Berlin: Bloch.
- Andreas-Salomé, Lou. (1893). *Henrik Ibsens Kvindeskikkelser* (Hulda Garborg, omsett.). Kristiania: Cammermeyer.
- Archer, William. (1890). Innleiing til *Ibsens's Prose Dramas*, William Archer (Red.). London: Walter Scott.
- Aarseth, Asbjørn. (1999). *Ibsens samtidsskuespill: En studie i glasskapets dramaturgi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aarseth, Asbjørn. (2005). Ibsen and Darwin: A Reading of The Wild Duck. *Modern Drama*, 48(1), 1–10. <https://doi.org/10.1353/mdr.2005.0002>
- Aarseth, Asbjørn. (2009a). Forord til *Fruen fra havet*. I *Henrik Ibsens skrifter: 8 8K: Vildanden; Hvide heste; Rosmersholm; Fruen fra havet Innledning og kommentarer*. Oslo: Universitetet i Oslo. https://www.ibsen.uio.no/DRINNL_FH|intro_background.xhtml
- Aarseth, Asbjørn. (2009b). Innledning til *Lille Eyolf*. Henta frå *Henrik Ibsens skrifter bd. 9k*. Universitetet i Oslo. https://www.ibsen.uio.no/DRINNL_LE|intro_background.xhtml
- Aasen, Ivar. (1886, 4. des.). Melding av Armauer Hansens *Afstammingstheorien eller Darwinismen*. I *Fedraheimen*.
- Beer, Gillian. (2000 [1983]). *Darwin's plots: Evolutionary Narrative in Darwin, George Eliot, and Nineteenth-Century Fiction* (2. utg.). Cambridge New York: Cambridge University Press.

- Bennett, Benjamin. (1979). *Modern drama and German classicism: Renaissance from Lessing to Brecht*. New York: Cornell University Press Ithaca.
- Beyer, Edvard. (1978). *Henrik Ibsen*. Oslo: Cappelen.
- Beyer, Edvard. (1995 [1975]). *Fra Ibsen til Garborg*. Oslo: Cappelen.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. (1939 [1887]). Brev til G. Brandes, 7.9.1887. I Edvard Brandes, Francis Bull, Morten Borup (Red.), *Georg og Edv. Brandes. brevveksling med Bjørnson, Ibsen, Kielland, Elster, Garborg, Lie. Del 1*. (1939), 187. Gyldendal.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. (1941 [1884]). *Det flager i byen og på havnen*. I *Samlede værker (4)*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Blanc, Tharald. (1887, 13. og 15. april). Melding av Christiania Theaters oppsetting av *Rosmersholm* (under signaturen «c.»). *Aftenposten*, Kristiania 13. og 15. april 1887. Henta frå <https://www.hf.uio.no/is/tjenester/virtuelle-ibsenenteret/Anmeldelser/ro/ro-t-blanc.html>
- Bliksrud, Liv. (2013). Gud, gener og gymnastikk: Bjørnsons *På Guds veje* og Hamsuns kritikk av romanen. I Liv Bliksrud, Giuliano D'Amico, Marius Wulfsberg, Arnfinn Åslund (Red.), *Den Engasjerte kosmopolitt: nye Bjørnson-studier*, 119–129. Oslo: Novus forlag: Nasjonalbiblioteket, 2013.
- Boddy, Kasia. (1999). *The Descent of Love: Darwin and the Theory of Sexual Selection in American Fiction, 1871–1926*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Bondevik, Hilde. (2005). Henrik Ibsen og hysteriet. *Edda* (4), 327–343.
- Bondevik, Hilde. (2019). *Hysteri i Norge: et sykdomsportrett*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Bowler, Peter J. (1988). *The Non-Darwinian Revolution: Reinterpreting a Historical Myth*. Baltimore: Johns Hopkins University Press.
- Bowler, Peter J. (1996). *Charles Darwin: The Man and His Influence*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Brandes, Edvard. (1894, 14. des.). Henrik Ibsens Skuespil. [Melding av *Lille Eyolf*]. *Politiken*, <https://www.hf.uio.no/is/tjenester/virtuelle-ibsenenteret/Anmeldelser/le/le-e-brandes.html>
- Brandes, Georg. (1872). *Emigrantlitteraturen. Hovedstrømninger i det 19de Aarhundredes Litteratur bd. 1*. Kjøbenhavn: Gyldendal. https://georgbrandes.dk/brandes_hs1_1872/3/3
- Brandes, Georg. (1881). Melding av *Gengangere*. *Morgenbladet* 28.12.1881.
- Brandes, Georg. (1883). *Det moderne Gjennembruds Mænd: en Række Portræter*. Kjøbenhavn: Gyldendalske Boghandels Forlag.
- Brandes, Georg. (1887, 4. sep.). Brev til Bjørnstjerne Bjørnson.
- Brandes, Georg. (1887, 30. des.). Brev til Paul Heyse.
- Brandes Georg. (1889). En afhandling om aristokratisk radikalisme. *Tilskueren*, aug. 1889, 565–613. https://www.henrikpontoppidan.dk/text/seclit/secartikler/brandes_georg/aristokratisk_radikalisme_1889.html
- Brandes Georg. (1894, 15. des.). Dr. Georg Brandes om «Lille Eyolf». *Verdens Gang*, Kristiania. <https://www.hf.uio.no/is/tjenester/virtuelle-ibsenenteret/Anmeldelser/le/le-g-brandes.html>
- Brandes, Georg. (1898 [1890]). *Hovedstrømninger i det 19de Aarhundredes Litteratur: Forelesningerholdte ved Københavns Universitet i Aarene 1871–1887. Det unge Tyskland*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Brandes, Georg. (1900). *Samlede skrifter. Bd. 3*. Kjøbenhavn: Gyldendalske boghandels forl.
- Brandes, Georg. (1998). *Henrik Ibsen*. Kjøbenhavn; Kristiania: Gyldendal. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2006112200033
- Bredsdorff, Elias. (1974). *Den store nordiske krig om seksualmoralen: en dokumentarisk fremstilling af sædelighedsdebatten i nordisk litteratur i 1880'erne*. Oslo: Gyldendal.
- Brøndsted, Mogens. (2019). Georg Brandes. Henta 4.4.2023 frå *Store norske leksikon* på [snl.no](https://snl.no/Georg_Brandes). https://snl.no/Georg_Brandes
- Brooks, William Keith. (1883). *The Law of Heredity. A Study of the Cause of Variation, and the Origin of Living Organisms*. Baltimore: J. Murphy.

- Buchholz, Thorvald Rasmus Borup. (1882). Arvelighed og Æsthetik. *Ny Illustreret Tidende, Årg. 9*.
- Buchholz, Thorvald Rasmus Borup. (1883). *Om Folks og Slægters Tilbagegang. Del 1*. Kjøbenhavn: Andr. Schous forlag.
- Buchholz, Thorvald Rasmus Borup. (1884). *Om Folks og Slægters Tilbagegang. Del 2*. Kjøbenhavn: Andr. Schous forlag.
- Bull, Francis. (1932). Innledning til *Rosmersholm*. I Henrik Ibsen, Francis Bull, Halvdan Koht & Didrik Arup Seip, *Samlede verker: Bd. 10: Vildanden; Rosmersholm* (Hundreårsutgave). Oslo: Gyldendal.
- Bull, Francis. (1937). *Norges litteratur: fra Februarrevolutionen til verdenskrigen 1*. Bind 4 i Francis Bull, Fredrik Paasche & A.H. Winsnes. (1937). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Aschehoug. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2017072007064
- Bull, Francis. (1960). *Norges litteratur: fra Februarrevolutionen til verdenskrigen 1*. Bind 4 i Francis Bull, Fredrik Paasche, A.H. Winsnes & Philip Houm. (1960). *Norsk litteraturhistorie bd. 4, 1. del*. Ny utg. Oslo: Aschehoug. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2007031501098
- Bull, Francis. (1966). *Vildanden og andre essays*. Oslo: Gyldendal.
- Bull, Francis, Koht, Halvdan & Seip, Didrik Arup. (1972). *Ibsens drama: innledninger til hundreårsutgaven av Henrik Ibsens samlede verker*. Oslo: Gyldendal. https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008052201002?page=153
- Burkhardt, Richard W. (2019). Jean-Baptiste Lamarck. I *Encyclopedia Britannica*. <https://www.britannica.com/biography/Jean-Baptiste-Lamarck>
- Buvik, Per. (2001). *Dekadanse*. Oslo: Pax.
- Chapple, John Alfred Victor. (1986). Science and Literature. I *Science and Literature in the Nineteenth Century*, 144–162. London: Macmillan.
- Clasen, Mathias. (2009). Ud med Freud, Marx og Lacan. Henta 6.7.2022 frå *Videnskab.dk*. <https://videnskab.dk/kultur-samfund/ud-med-freud-marx-og-lacan>
- Collin, Christen. (1893/94). *Nyt Tidsskrift, ny Række*, 2. årg. nov.1893–okt.1894. Kristiania: De tusen hjemms forlag. (Johan Sørensen).
- Collin, Christen (1895). Henrik Ibsen og troen paa livet. [Melding av Lille Eyolf]. *Nyt Tidsskrift –Ny Række*, 3. årg., 1894/95, 217–232. Kristiania. <https://www.hf.uio.no/is/tjenester/virtuelle-ibsensenteret/Anmeldelser/le/le-c-collin.html>
- Comte, Auguste. (1854) *System of Positive Polity*, IV.
- Crane, Walter. (1892). *Neptun's Horses*. [Maleri]. https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Walter_Crane_-_Neptune%27s_Horses_%281910%29.jpg
- Daae, Ludvig Kristensen. (1862). Om de geografiske forholdes indflydelse paa kulturens udvikling. I Eilert Sundt (Red.) *En Tylvt Forelæsninger*, 73–87. Christiania: Selskabet for Folkeoplysningens Fremme.
- Daae, Ludvig Kristensen. (1869). *Om Nationaliteternes udvikling 1*. Kristiania: Abelsted.
- Dahlerup, Pil. (1983). *Det moderne gennembruds kvinder*. København: Gyldendal.
- Dale, Peter Allan. (1989). *In Pursuit of Scientific Culture: Science, Art, and Society in the Victorian Age*. Madison Wis.: University of Wisconsin Press.
- Dalen, Per Tore. (1970). *Bilde, symbol og myte i Lille Eyolf*. [Hovedfagsoppgave]. Universitetet i Bergen.
- Darwin, Charles. (1859). *On the Origin of Species by Means of Natural Selection*. <http://darwin-online.org.uk/content/frameset?itemID=F373&viewtype=text&pageseq=1>
- Darwin, Charles & Bronn, H.G. (1860). *Charles Darwin, über die Entstehung der Arten im Thier- und Pflanzen-Reich durch natürliche Zuchtung, oder Erhaltung der vervollkommeneten Rassen im Kampfe um's Daseyn. Nach der zweiten Auflage mit einer geschichtlichen Vorrede und andern Zusätzen des Verfassers für diese deutsche Ausgabe aus dem Englischen übersetzt und mit Anmerkungen versehen*. Stuttgart: E. Schweizerbart'sche Verlagshandlung und Druckerei.

- Darwin, Charles. (1871 I). *The Descent of Man and Selection in Relation to Sex, Vol. I* (1st Edition): London: John Murray.
<http://darwin-online.org.uk/content/frameset?itemID=F937.1&viewtype=text&pageseq=1>
- Darwin, Charles. (1871 II). *The Descent of Man and Selection in Relation to Sex, Vol. II* (1st Edition): London: John Murray.
- Darwin, Charles. (1872). *Om arternes oprindelse ved kvalitetsvalg eller ved de heldigst stillede formers sejr i kampen for tilvaerelsen*: Gyldendalske Boghandel.
- Darwin, Charles, Darwin, Francis & Seward, A.C. (Red.). (1872). *More Letters of Charles Darwin: A Record of His Work on a Series of Hitherto Unpublished Letters, I*. New York: Johnson Reprint Corp.
- Darwin, Charles. (1889–90). *Arternes Oprindelse, gennem naturligt udvalg eller de best skikkede formers bevarelse i striden for livet* (Ingebret Suleng omsett). Christiania: Bibliothek for de tusen hjem. Henta frå <http://runeberg.org/arternes/1/>
- Darwin, Charles & Hessen, Dag O. (1998). *Om artenes opprinnelse gjennom det naturlige utvalg: eller de begunstigede rasenes bevarelse i kampen for tilvaerelsen* (Knut Johansen, Omsett). Oslo: Bokklubben Dagens Bøker.
<https://darwinarkivet.dk/>
<https://www.darwinarkivet.dk/arkivet/danske-reaktioner/biografier/jacobsen-jens-peter/index.html>
<http://darwin-online.org.uk/contents.html>
- Det danske Sprog- og Litteraturselskab (1979, 7. okt.). Litterære tidsskrifter fra det nittende århundrede. Tretten præsentationer og en subscriptionsplan til et reprintprogram. I Det danske Sprog- og Litteraturselskabs Præsentationshæfte nr. 7. <http://www.e-poke.dk/dokumenter/litteraere-tidsskrifter.pdf>
- DKNVS, Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. (u.å.). Vår historie starter i 1760. Henta 20.3.2022 frå <https://www.dknvs.no/om/>
- DKNVS, Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. (u.å.). Historien om Gunnerusprisen. Henta 20.3.2022 frå <https://www.dknvs.no/gunnerusprisen-nominations-2021/historien/>
- Dietrichson, Ludvig. (1882). *Betegner den moderne Naturalisme i Poesien et Fremskridt eller et Forfald? Foredrag holdt i Studentersamfundet Lørdag den 11te November 1882*. Kristiania: Chr. Schibsted.
- Dijkstra, Bram. (1986). *Idols of Perversity: Fantasies of Feminine Evil and Fascinating Women*. New York: Oxford UP.
- Downs, Brian Westerdale. (1946). *Ibsen: The Intellectual Background*: The University Press.
- Downs, Brian W. (1950). *A Study of Six Plays by Ibsen*. Cambridge: University Press.
- Drysdale, George. (1876). *The Elements of Social Science; Or, Physical, Sexual, and Natural Religion, by a Graduate of Medicine [G. Drysdale]*: E. Truelove.
- Durbach, Errol. (1994). *The Modernist Malaise: 'Nichts og Ingenting' at the Core of Ibsen's Onion. Contemporary Approaches to Ibsen, Vol.9*.
- Eide, Eiliv, Kittang, Atle & Aarseth, Asbjørn. (1987). *Europeisk litteraturteori: fra antikken til 1900*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Eliassen, Knut Ove. (2016). *Foucaults begreper*. Oslo: Spartacus.
- Elster, Kristian. (1898). *Samlede skrifter*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Elster, Kristian. (1923). *Illustreret norsk litteraturhistorie 1: Fra Eddakvadene til Wergelandstiden*. Kristiania: Gyldendal.
- Elster, Kristian. (1924). *Illustreret norsk litteraturhistorie 2: Fra Wergelandstiden til vore dage*. Kristiania: Gyldendal.
- Eriksen, Thomas Hylland & Nielsen, Finn Sivert. (2001). *A History of Anthropology*. London: Pluto Press.
- Eriksen, Thomas Hylland. (2011). Hva alle bør vite om naturkultur. I Bernt Hagtvet & Gorana Ognjenovic (Red.), *Dannelse*, 438–453. Oslo: Dreyers forlag.

- Evans, Arthur B. (1988). *Jules Verne Rediscovered: Didacticism and the Scientific Novel*. Greenwood Publishing Group.
- Evans, Vyvyan & Green, Melanie. (2006). *Cognitive Linguistics: An Introduction*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Ewbank, Inga-Stina. (1997). Ibsen and Shakespeare: Reading the Silence. I Vigdis Ystad (Red.), *Ibsen at the Centre for Advanced Study*, 85–103. Oslo: Scandinavian University Press.
- Fausto-Sterling, Anne. (2000). *Sexing The Body: Gender Politics and the Construction Of Sexuality*. New York: Basic Books.
- Fedders, Line Emilie. (2012). Darwin «evolutionerer» litteraturvidenskapen. *Videnskab.dk*. <https://videnskab.dk/kultur-samfund/darwin-evolutionerer-litteraturvidenskapen/>
- Ferguson, Robert. (1996). *Henrik Ibsen: mellom evne og higen*. (Bjørn Alex. Herrman, omsett). Oslo: Cappelen.
- Figueiredo, Ivo de. (2006). *Henrik Ibsen: mennesket*. Oslo: Aschehoug.
- Figueiredo, Ivo de. (2007). *Henrik Ibsen: masken*. Oslo: Aschehoug.
- Finney, Gail. (1994). *Ibsen and Feminism*. I James McFarlane (Red.), *The Cambridge Companion to Ibsen*, 89–106. Cambridge: Cambridge University Press.
- Fjørtoft, Kari. (1983). The Reception Given to Hedda Gabler by Ibsen's Contemporaries. A Comparison between Women's and Men's Critical Evaluation in Contemporary Approaches to Ibsen. Reports from the Fifth International Ibsen Seminar, Munich 1983. *Ibsenårbok Oslo*, 5, 58–69.
- Flem, Ivar. (1893/94). Kriminal-psykologi. *Nyt Tidsskrift, ny Række*, 2. årg. Nov.1893–okt. 1894, 155–156.
- Flohr, Birgitt. (2015). *The Relationship between Literature and Science in the Nineteenth Century: A Discussion of an Interdisciplinary Approach*. Henta 12.4.2023 frå https://www.itp.uni-hannover.de/fileadmin/itp/user/ag_flohr/papers/m-res-meth1.pdf
- Fodstad, Lars August. (2014). *Moderne gjennombrudd og sammenbrudd*. Alexander L. Kiellands *Jacob*. Oslo: Novus forlag.
- Fosli, Halvor. (2020). *Kristianiabohemen: byen, miljøet, menneska* (3. utg.). Oslo: Document forlag.
- Foucault, Michel. (1997). Of Other Spaces: Utopias And Heterotopias. I Neil Leach (Red.), *Rethinking Architecture: A Reader in Cultural Theory*, 330–336. NYC: Routledge.
- Foucault, Michel. (2009). Vitensarkeologien. De diskursive regelmessighetene. *Agora*, 27(2–3), 27–80.
- Freud Sigmund. (1982 [1916]). Henrik Ibsens *Rosmersholm*. De som går under på grunn av medgang. (Bjørn Braaten omsett). *Vinduet* 1/82, 14–17.
- Fulsås, Narve. (2008). *Henrik Ibsens Skrifter: 13K: Brev 1871–1879*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Fulsås, Narve. (2009). *Henrik Ibsens Skrifter: 14K: Brev 1880–1889*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Fulsås, Narve. (2011). Ibsen Misrepresented: Canonization, Oblivion, and the Need for History. *Ibsen Studies*, 11(1), 3–20. <https://doi.org/10.1080/15021866.2011.575641>
- Fulsås, Narve. (2013). Bjørnstjerne Bjørnson, Henrik Ibsen og den skandinaviske augeblinken i verdslitteraturen. I Liv Bliksrud, Giuliano D'Amico, Marius Wulfsberg, Arnfinn Åslund (Red.), *Den Engasjerte kosmopolitt: nye Bjørnson-studier*, 19–29. Oslo: Novus forl.: Nasjonalbiblioteket.
- Fulsås, Narve & Rem, Tore. (2018). *Ibsen, Scandinavia and the Making of a World Drama*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Fulsås, Narve & Rem, Tore. (2021). *Ibsen in Context*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Furuseth, Sissel, Thon, Jahn, Vassenden, Eirik & Beyer, Edvard. (2016). *Norsk litteraturkritikk historie 1870–2010*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gallagher, Catherine & Greenblatt, Stephen. (2000). *Practicing New Historicism*: University of Chicago Press.
- Garborg, Hulda. (1904). *Kvinden skabt af Manden*. Kristiania: Aschehoug.

- Geddes, Patrick Sir & Thomson, J. Arthur. (1890). *The Evolution of Sex*. New York: Scribner & Welford.
- Gjellerup, Karl. (1881). *Arvelighed og Moral: en Undersøgelse*. Kjøbenhavn: Schous Forlag.
- Gjesdal, Kristin. (2018). *Ibsen's Hedda Gabler: Philosophical Perspectives*: Oxford University Press.
- Gjesdal, Kristin. (2021). Philosophy. I Narve Fulsås & Tore Rem (Red.), *Ibsen in Context*, 74–81. Cambridge: Cambridge University Press.
- Glick, Thomas F. & Shaffer, Elinor. (2014). *The Literary and Cultural Reception of Charles Darwin in Europe (Vol 3)*. London, New Dehli, New York, Sydney: Bloomsbury.
- Godøy, Bjørn. (2019). *Blod og bein: lidelse, lindring og behandling i norsk medisinhistorie: antologi*. Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Goethe, J. W. (1809). *Die Wahlverwandtschaften*. I *Goethes Werke* 8. Teil. Goldene Klassiker-Bibliothek. Deutsches Verlagshaus Bong & Co.
- Gran, Gerhard. (1918). *Henrik Ibsen: liv og verker: Bd.1*. Kristiania: Aschehoug.
- Gran, Gerhard. (1918). *Henrik Ibsen: liv og verker: Bd.2*. Kristiania: Aschehoug.
- Gran, Gerhard & Ibsen, Henrik. (1898). *Henrik Ibsen: festskrift i anledning af hans 70de fødselsdag*. Bergen: Grieg.
- Greenblatt, Stephen. (1997 [1988]). *Shakespearean Negotiations: The Circulation of Social Energy in Renaissance England*. Oxford: Oxford Univ Press.
- Grosz, Elizabeth. (2005). *Time Travels: Feminism, Nature, Power*: Duke University Press.
- Gunn, Olivia. (2020). *Empty Nurseries, Queer Occupants: Reproduction and the Future in Ibsen's Late Plays*. New York & London: Routledge.
- «H». (1876, 2. des.). Om Optragelse. *Bergens Tidende*.
<https://www.nb.no/items/8ea19c5ff07bc4664390377094a3d294?page=1>
- Haakonsen, Daniel. (1957). *Henrik Ibsens realisme*. Oslo: Aschehoug.
- Haakonsen, Daniel. (1981). *Henrik Ibsen: mennesket og kunstneren*. Oslo: Aschehoug.
- Haaland, Arild. (1978). *Ibsens verden: en studie i kunst som forskning*. Oslo: Gyldendal.
- Hagen, Erik Bjerck. (2000). *Litteratur og handling: pragmatiske tanker om Ibsen, Hamsun, Solstad, Emerson og andre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hagen, Erik Bjerck. (2015). *Hvordan lese Ibsen? Samtalen om hans dramatik 1879–2015*. Oslo: Universitetsforl.
- Hagen, Erik Bjerck. (2019). *Norsk litteratur 1830–1875: romantikk, realisme, modernisme*. Oslo: Dreyers forlag.
- Hagen, Erik Bjerck. (2021). Academic Responses. I Narve Fulsås & Tore Rem (Red.), *Ibsen in Context*, 223–230. Cambridge: Cambridge University Press.
- Halvorsen, Jens B. (1889). *Henrik Ibsens Liv og Forfattervirksomhed*. Kristiania: Mallings.
- Hamsun, Knut. (1960). *Paa turne*. Oslo: Gyldendal.
- Hamsun, Knut & Larsen, Lars Frode. (2008). *Samlede verker: Bd. 25: På turné* (Ny utg.). Oslo: Gyldendal.
- Hannevik, Arne. (2020). Francis Bull. I *Norsk biografisk leksikon* på snl.no. Henta 16.6.2020 frå https://nbl.snl.no/Francis_Bull
- Hansen Irgens, Johan Daniel. (1886, 28. nov.). *Dagbladet*.
- Hansson, Laura Marholm & Broch, Olaf. (1896). *Vi kvinder og vore digtere*. Kristiania: Aschehoug.
- Hardwick, Elizabeth. (1970). *Seduction and Betrayal. Women and Literature*. New York: Random House.
- Hardwick, Elizabeth. (2011). Ibsen's Women. The Rosmersholm Triangle. I *Seduction and Betrayal: Women and Literature*, 85–102. New York: New York Review Books. Henta frå https://play.google.com/books/reader?id=YrBHC0DW-zYC&pg=GBS.PA78.w.1.3.33_95&hl=no
- Hartmann, Ellen. (2017). Ibsens skjebnesjokk. *Tidsskrift for den Norske psykologforening*, 55, 1174–1183.

- Haugan, Jørgen. (1977). *Henrik Ibsens metode: den indre utvikling gjennom Ibsens dramatikk*. Oslo: Gyldendal.
- Haugan, Jørgen. (2014). *Dommedag og djevlepakt: Henrik Ibsens forfatterskap – fullt og helt*. Oslo: Gyldendal.
- Haugan, Jørgen (2021). *Hvorfor Henrik Ibsen ikke bliver forstået i Norge*. Dk Hellerup: Forlaget SPRING.
- Heiberg, Gunnar. (1894). *Balkonen*. Gyldendal.
- Heiberg, Gunnar. (1917). *Samlede dramatiske verker*. Kristiania: Aschehoug.
- Heiberg, Gunnar. (1924). *Salt og sukker*. Kristiania: Aschehoug.
- Hegel, Fredrik. (1887, 3. feb.). Brevkonsept til Ibsen. KBK NKS 3742, 4°, II
- Helland, Frode. (2002). *Melankoliens spill. En studie i Henrik Ibsens siste dramaer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hemmer, Bjørn. (1978). *Ibsen og Bjørnson: essays og analyser*. Oslo: Aschehoug.
- Hemmer, Bjørn. (2003). *Ibsen: kunstnerens vei*. Vigmostad Bjørke.
- Hessen, Dag O. & Lie, Thore. (2002). *Mennesket i et nytt lys: darwinisme og utviklingslære i Norge*. Oslo: Cappelen.
- Heyerdal, Hans. (1879). *Laura Gundersen*. [Maleri]. Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, billedkunstsamlingene.
- Hjermitslev, Hans Henrik, Andersen, Casper, Kjærgaard, Peter C. (2006). Populærvitenskap og folkeoplysning. I Peter C. Kjærgaard (Red.), *Dansk naturvidenskabs historie: B. 3: Lys over landet: 1850–1920*, 364–365. Århus: Aarhus Universitetsforlag.
- Hjermitslev, Hans Henrik, Kjærgaard, Peter C, Clasen, Mathias & Grumsen, Stine Slot. (2014). Translation and Transition: The Danish Literary Response to Darwin. I Eve-Marie Engels & Thomas F. Glick (Red.), *The Literary and Cultural Reception of Charles Darwin in Europe*, 103–127. London: Bloomsbury.
- Hjermitslev, Hans Henrik. (2016). Education and Evolution: Appropriations of Herbert Spencer in Scandinavia, 1870–1920. I Bernard Lightman (Red.), *Global Spencerism*, 241–265. *Cultural Dynamics of Science Vol 1*. Boston: Brill.
- Hjermitslev, Hans Henrik. (u.å.). Jens Peter Jacobsen (1847–1885). Henta frå <https://www.darwinarkivet.dk/arkivet/danske-reaktioner/biografier/jacobsen-jens-peter/index.html>
- Holledge, Julie. (2021). Theatre. I Narve Fulsås & Tore Rem (Red.), *Ibsen in Context*, 46–54. Cambridge: Cambridge University Press.
- Holtan, Orley I. (1970). *Mythic Patterns in Ibsen's Last Plays*. Minneapolis, Minn: University of Minnesota Press.
- Hødnebo, Peter. (2021). *Den tause straffen: Den norske resepsjonen av Herbert Spencers ideer om oppdragelse*. [Masteroppgave, Universitetet i Oslo].
- Høffding Harald. (1875). Herbert Spencers Filosofi. *Det Nittende Aarhundrede*, 1875, april–sept. 106–130. København: Gyldendal.
- Høst, Else. (1958). *Hedda Gabler: en monografi*. Oslo: Aschehoug.
- Høst, Else. (1967). *Vildanden av Henrik Ibsen*. Oslo: Aschehoug.
- Ibsen, Henrik. (1856, jan.). Til den eneste.
https://www.ibsen.uio.no/DIKT_Diktht|DTilDenEneste.xhtml?modus=enkeldikt&soketreff=Ja&sokeord=til%20den%20eneste&fileName=Diktht.xml&diktID=DTilDenEneste
- Ibsen, Henrik. (1856). Til Susannah Thoresen.
https://www.ibsen.uio.no/DIKT_Diktht|DTilSusannahThoresen.xhtml?modus=enkeldikt
- Ibsen, Henrik. (1878). Optegnelser til nutids-tragedien. Rom, 19.10.78. [Forarbeid til *Et dukkehjem*]. NBO Ms.4° 1113a, bl. 1r-v. Henta frå https://www.ibsen.uio.no/DRVIT_Du|Du41113a_1r_1v.xhtml?fac=Ja

- Ibsen, Henrik. (1881a). NBO Ms.8° 1219. Notat til *Gengangere*.
http://www.edd.uio.no/cocoon/ibsenarkiv01_02/DRVIT_Ge|Ge81219_2.xhtml?fac=Ja
- Ibsen, Henrik. (1881b). Det uorganiske kommer først. NBO Ms.8 1219:2, s. 2. Henta frå
http://www.edd.uio.no/cocoon/ibsenarkiv01_02/SAK_Pudat81219Ge_2.xhtml
- Ibsen, Henrik. (1881c). Den nyeste tids naturforskere. NBO Ms.8 1219:1. Henta frå:
http://www.edd.uio.no/cocoon/ibsenarkiv01_02/SAK_Pudat81219Ge_1.xhtml
- Ibsen, Henrik. (1881d). Det fuldfærdige menneske. NBO Ms.8 1219:3. Henta frå
http://www.ibsen.uio.no/SAK_Pudat81219Ge_3.xhtml
- Ibsen, Henrik. (1884, 14. juni). Brev til Hegel om Vildanden. Henta frå
http://www.ibsen.uio.no/BREV_1880-1889ht|B18840614FH.xhtml
- Ibsen, Henrik. (1884). *Rosmersholm. HIS, Historisk-kritisk utg., elektronisk versjon*. Henta frå
https://www.ibsen.uio.no/DRVIT_Ro|Roht.pdf
- Ibsen, Henrik. (1887). Tale ved fest i Stockholm 24.9.1887. Henta frå:
http://www.ibsen.uio.no/SAK_P18870924Sto_Aftonbl.xhtml
- Ibsen, Henrik. (1888, 17. mai). Brev til Ferdinand Lochmann. Henta frå:
http://www.edd.uio.no/cocoon/ibsenarkiv01_02/BREV_1880-1889ht|B18880517EFL.xhtml
- Ibsen, Henrik. (1888). Notat/ arbeidsmanuskript, forfatternote 5.6.88. *Fruen fra havet*. Henta frå:
http://www.edd.uio.no/cocoon/ibsenarkiv01_02/DRVIT_FH|FH41116a_1-2_4_3.xhtml?fac=Ja
- Ibsen, Henrik. (1890). NBO Ms.8° 2638, utkast til *Hedda Gabler*. Henta frå
https://www.ibsen.uio.no/DRVIT_HG%7CHG82638.xhtml?fac=Ja
- Ibsen, Henrik. (1892). Notat/rabbel i margin i Willy Reichel: *Der Magnetismus und seine Phänomene*. Henta frå <https://www.ibsen.uio.no/variakronologi.xhtml>
- Ibsen, Henrik. (1894). *Lille Eyolf. HIS, Historisk-kritisk utg., elektronisk versjon*. Henta frå
https://www.ibsen.uio.no/DRVIT_LE|LEht.pdf
- Ibsen, Henrik. (1894b). Arbeidsmanuskript *Lille Eyolf*. Henta frå
[http://www.edd.uio.no/cocoon/ibsenarkiv01_02/DRPARVERK_LE.xhtml#columns=\[\[2,1\],\[2,LE41117a\],\[2,LE41117a\]\]](http://www.edd.uio.no/cocoon/ibsenarkiv01_02/DRPARVERK_LE.xhtml#columns=[[2,1],[2,LE41117a],[2,LE41117a]])
- Ibsen, Henrik. (1895). Om demokrati. Henta frå håndskrift-album til Forfatternes Høstmesse. *Verdens Gang* nr. 271, 15.11.1895. https://www.ibsen.uio.no/VAR_V18951115Demo.pdf
- Ibsen, Henrik. (1898). *Samlede Værker: Bd. 1: [Catilina; Gildet på Solhaug; Fru Inger til Østråt] (Vol. 1)*. København: Gyldendalske Boghandels Forl.
- Ibsen, Henrik, Bull, Francis, Koht, Halvdan & Seip, Didrik Arup. (1928–1957). *Samlede verker, 21 bd.* (Hundreårsutgave=HU). Gyldendal.
- Ibsen, Henrik, Ystad, Vigdis, Fulsås, Narve, Janss, Christian, Henrik Ibsens skrifter & Universitetet i Oslo. (2005). *Henrik Ibsens skrifter: 12 Brev 1844-1871 (Vol. 12 12k)*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Ibsen, Henrik, Aarseth, Asbjørn, Henrik Ibsens skrifter & Universitetet i Oslo. (2006). *Henrik Ibsens skrifter: 3 3K: Fru Inger til Østeraad (1857); Fru Inger til Østråt (1874); Hærmændene paa Helgeland (1858); Hærmændene på Helgeland (1893). Innledninger og kommentarer*. Oslo: Universitetet i Oslo. Henta frå https://www.ibsen.uio.no/DRVIT_H1|H1ht.xhtml
- Ibsen, Henrik, Ystad, Vigdis, Fulsås, Narve, Janss, Christian, Henrik Ibsens skrifter & Universitetet i Oslo. (2008). *Henrik Ibsens skrifter: 13 Brev 1871-1879 (Vol. 13 13k)*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Ibsen, Henrik, Ystad, Vigdis, Fulsås, Narve, Dingstad, Ståle, Henrik Ibsens skrifter & Universitetet i Oslo. (2009). *Henrik Ibsens skrifter: 14 Brev 1880-89 (Vol. 14 14k)*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Ibsen, Henrik, Aarseth, Asbjørn, Ystad, Vigdis, Henrik Ibsens skrifter & Universitetet i Oslo. (2009). *Henrik Ibsens skrifter: 8 8K: Vildanden; Hvide heste; Rosmersholm; Fruen fra havet Innledning og kommentarer (Vol. 8 8K)*. Oslo: Universitetet i Oslo.

- Ibsen, Henrik, Aarseth, Asbjørn, Ystad, Vigdis, Lønnum, Erlend, Henrik Ibsens skrifter & Universitetet i Oslo. (2009). *Henrik Ibsens skrifter: 9 9K: Hedda Gabler; Bygmester Solness; Lille Eyolf. Innledning og kommentarer (Vol. 9 9K)*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Ibsen, Henrik, Ystad, Vigdis, Henrik Ibsens skrifter & Universitetet i Oslo. (2010). *Henrik Ibsens skrifter: 16 16K: Sakprosa: Innledning og kommentarer (Vol. 16 16K)*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Ibsen, Henrik. (2005–2010). *Henrik Ibsens skrifter bd. 1–16. (HIS)*. Oslo: Aschehoug. Tilgjengeleg digitalt på <https://www.ibsen.uio.no/>
- Ibsen, Sigurd. (1911). *Menneskelig kvintessens*. Kristiania: Gyldendal.
- Ibsen, Sigurd. (1912). *Udsyn og indblik*. Kristiania: Gyldendal.
- Ibsen, Sigurd & Nævdal, Bodil. (1997). *Bak en gyllen fasade: Sigurd Ibsens brev til familien 1883–1929*. Oslo: Aschehoug i samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for språk og litteratur.
- Ibsen, Bergliot. (1948). *De tre. Erindringer om Henrik Ibsen, Suzannah Ibsen, Sigurd Ibsen*. Oslo: Gyldendal.
- Iversen, Irene. (1988). Et moderne gjennombrudd. I Irene Engelstad, Jorunn Hareide, Irene Iversen, Torill Steinfeld, Janneken Øverland (Red.) *Norsk kvinnelitteraturhistorie. Bd. 1. 1600–1900*. Oslo: Pax forlag AS.
- Jacobsen, J.P. & Møller, Vilhelm. (1893). *Darwin; hans liv [af] J.P. Jacobsen, og hans laere [af] Vilhelm Møller*. Gyldendalske boghandels forlag.
- Jegerstedt, Kari. (2007). Anitras etterliv. «Ibsens kvinner» i en postkolonial kontekst. *Agora (Oslo, Norway)*, 25(4), 55–73. <https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1571-2007-04-04>
- Johannisson, Karin. (1996). *Det mørke kontinentet: Kvinner, sykkelighet og kulturen rundt århundreskiftet* (Mona Lyngar, omsett). Oslo: Aventura.
- Johansen, Knut, Engels, Friedrich & Haave, Kari. (1979). *Marxister om Ibsen: artikler*. Oslo: Oktober.
- Johansen, Knut. (1998). Oversetterens forord: Noen bemerkninger om oversettelsen. I Charles Darwin: *Om artenes opprinnelse*. Med innledende essay av Dag O. Hessen, XXVII–XXIX. Oslo: Bokklubben Dagens Bøker.
- Johnston, Brian. (1989). *Text and Supertext in Ibsen's Drama*. University Park and London: The Pennsylvania State University Press.
- Jordanova, Ludmilla. (1989). *Sexual Visions: Images of Gender in Science and Medicine between the Eighteenth and Twentieth Centuries*. New York: Harvester Wheatsheaf.
- Jordheim, Helge. (2015). The Nature of Civilization: The Semantics of Civilization and Civility in Scandinavia. I Oleg Benesch, Emmanuelle Saada, Myoung-kyu Park, Orit Bashkin, Rochona Majumdar, Christian Bailey, Mana Kia, Jan Ifversen, Margrit Pernau, Mohinder Singh, Einar Wigen, Helge Jordheim & Angelika C. Messner (Red.), *Civilizing Emotions: Concepts in Nineteenth Century Asia and Europe*, 25–45. Oxford: Oxford University Press.
- Jæger, Henrik. (1888). *Henrik Ibsen 1828–1888. Et literært livsbillede*. Kristiania: Gyldendal.
- Jæger, Henrik. (1892). *Henrik Ibsen og hans Værker: en Fremstilling i Grundrids*. Kristiania: Cammermeyer.
- Jæger, Henrik. (1896). *Illustreret norsk litteraturhistorie*. Kristiania: H. Bigler.
- Kaasen, Anders. (2009). *Tre moderne litterære svar på Henrik Ibsens Et dukkehjem med hovedvekt på Matias Faldbakkens Kaldt produkt. Plassering i forhold til tradisjonen og parodibegrepet*. [Masteroppgave, Universitet i Bergen].
- Kerans, James E. (1965). *Kindermord and Will in «Little Eyolf»*. I Travis Bogard & William I. Oliver (Red.), *Modern drama. Essays in Criticism*, 192–208. New York: Oxford University Press.
- Kielland, Alexander. (1950 [1891]). *Menneske og dyr*. I *Samlede verker*. Oslo: Gyldendal Norsk forlag.

- King, Martina. (2013). Anarchist and Aphrodite: On the Literary History of Germs. I Thomas King & Martina Rütten (Red.), *Contagionism and Contagious Diseases: Medicine and Literature 1880–1933*, 101–129. Berlin/Boston: De Gruyter.
- Kittang, Atle. (2002). *Ibsens heroisme: frå Brand til Når vi døde vågner*. Oslo: Gyldendal.
- Kittelsen, Theodor. (1907). Nøkken som hvit hest. [Maleri].
https://no.m.wikipedia.org/wiki/Fil:Theodor_Kittelsen_-_Nøkken_som_hvit_hest.jpg
- Kittelsen, Theodor. (1909). Nøkken som hvit hest. [Maleri]. <https://images.squarespace-cdn.com/content/v1/5a271c786f4ca355093b93f5/1577017685354-83M96SPLILTR1T45YABI/nokken-som-hvit-hest-1909-painting-theodor-kittelsen.jpg?format=1000w>
- Kittelsen, Theodor. (u.å.). Om nøkken. Henta frå
<https://web.archive.org/web/20071216012423/http://mikro.nasjonalnuseet.no/kittelsen/docs/nokken.shtm>
- Kjær, Nils. (1894, 12. des.). Ibsens bog. [Melding av *Lille Eyolf*]. *Dagbladet*.
- Kjærstad, Jan. (2013). *Menneskets vidde: essays, artikler, tekster*. Oslo: Aschehoug.
- Knutsen, Nils M. (2013). «Et utplyndret og vanskjøtet folk»: Bjørnsons reise til Nord-Norge. I Liv Bliksrud, Giuliano D'Amico, Marius Wulfsberg, Arnfinn Åslund (Red.), *Den Engasjerte kosmopolitt: nye Bjørnson-studier*, 351–362. Oslo: Novus forlag, Nasjonalbiblioteket.
- Koht, Halvdan. (1929). *Henrik Ibsen: eit diktarliv. Andre bolken: Høgder og dypter: 1866–1906*. Oslo: Aschehoug.
- Koht, Halvdan. (1954). *Henrik Ibsen: eit diktarliv 1: 1828–1867* (Ny utg.). Oslo: Aschehoug.
- Koht, Halvdan. (1954). *Henrik Ibsen: eit diktarliv 2: 1867–1906* (Ny utg.). Oslo: Aschehoug.
- Konrad, Linn B. (1985). Father's Sins and Mother's Guilt: Dramatic Responses to Darwin. I *Themes in Drama. Vol. 7, Drama, Sex and Politics*, 137–149. London: Cambridge University Press.
- Krafft-Ebing, Richard. (1889 [1886]). *Psychopathia Sexualis: mit besonderer Berücksichtigung der conträren Sexualempfindung. Eine Klinisch-forensische Studie*. Stuttgart: Verlag von Ferdinand Enke.
- Krog, Gina. (1887). Rosmersholm. *Nylænde* 1. årgang, 2. hefte. Oslo: tidsskrift udgivet af Norsk kvindesagsforening.
- Krog, Gina. (1889). Fruen fra havet. *Nylænde* 3. årgang, 2. hefte. Oslo: tidsskrift udgivet af Norsk kvindesagsforening.
- Kvideland, Reimund. (u.å.). Peter Christen Asbjørnsen i *Norsk biografisk leksikon* på snl.no. Henta 11.7.2022 frå http://nbl.snl.no/Peter_Christen_Asbj%C3%B8rnsen
- Lakoff, George & Johnson, Mark. (1980). *Metaphors We Live By*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Langslet, Lars Roar. (2004). *Sønner. En biografi om Sigurd Ibsen*. Oslo: Cappelen.
- Larsen, Pelle Oliver. (2016). *Professoratet: kampen om Det Filosofiske Fakultet 1870–1920*. Københavns Universitet: Museum Tusulanums Forlag.
- Larsen, Øivind. (2005). *Ferdinand Lochmann i Norsk biografisk leksikon*.
- Letourneau, Charles. (1889). *Moralens Udviklingshistorie*, oversat med Forfatterens Tilladelse af Vilhelm Boye, Kjøbenhavn: Forlagt af I.H. Schuboths Boghandel.
- Levine, George. (2000). Foreord til Beer, Gillian: *Darwin's plots: Evolutionary Narrative in Darwin, George Eliot, and Nineteenth-Century Fiction* (2. utg.). Cambridge, New York: Cambridge University Press.
- Lie, Jonas. (1879). *Adam Schrader*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Lie, Jonas. (1994). *Adam Schrader*. [Oslo]: Spartacus.
- Lie, Thore. (1985). The Reception of Darwinism in Norway: The Early Years 1861–1900. *Archives of Natural History*, 12(1), 153–159. <https://doi.org/10.3366/anh.1985.12.1.153>
- Lie, Thore. (1998). Arternes oprindelse - på norsk. *Forskningspolitikk*, 21(4), 18–19.
- Lie, Thore. (1999). *Blant lærde og ulærde*. Oslo: Grøndahl Dreyer.

- Lie, Thore. (2000). Fra The Origin of Species til Arternes Oprindelse; litt om darwinismens utbredelse i Norge i det 19. århundre. *Tidsskriftet for Den norske legeförening*, 120(30), 3714–3718.
- Lie, Thore. (2008). The Introduction, Interpretation and Dissemination of Darwinism in Norway during the Period 1860–90 (James Andersen omsett.). I Eve-Marie Engels & Thomas F. Glick (Red.). *The Reception of Charles Darwin in Europe*, 156–174. London: Continuum.
- Lie, Thore og Nils Christian Stenseth. (2012, 12. feb.). Kronikk i *Aftenposten*.
- Lie, Thore. (2014). 'A matter of money ...': The First Darwin Commemoration in Norway in 1882. I Thomas F. Glick & Elinor Shaffer (Red.), *The Literary and Cultural Reception of Charles Darwin in Europe (Vol. 3)*. London, New Delhi, New York, Sydney: Bloomsbury.
- Lindholm, Markus. (2014 [2012]). *Evolusjon: naturens kulturhistorie*. Oslo: Spartacus.
- Liu, Yan. (2010). The Child's Deformity and the Mother's Role—A Study of Female Identity in Henrik Ibsen's *Little Eyolf*. I Kwok-kan Tam, Terry Siu-han Yip & Frode Helland (Red.), (2010), *Ibsen and the Modern Self*, 193–203. Hong Kong: Open University of Hong Kong Press.
- Lochmann, Ernst Ferdinand. (1884). Darwin og Darwinisme. *Nyt tidsskrift*. Kristiania.
- Lochmann, Ernst Ferdinand. (1884, 24. okt.). Om Kvindesagen. *Morgenbladet*.
- Lombroso, Cesare. (1891). *The Man of Genius*. London: Walter Scott.
- Lombroso, Cesare. (1893). Ibsens «Gjengangere» og psykiatrien. *Samtiden*, (4), 395–397.
- Lorentzen, Jørgen. (2006). Ibsen and Fatherhood. *New Literary History*, 37(4), 817–836. <https://doi.org/10.1353/nlh.2007.0006>
- Løvland, Maria. (2017). 'Forvandlingens lov' – Ibsens «Lille Eyolf» (1894) i lys av samtidig kontekst med særleg vekt på utviklingslæra. [Masteroppgave, Universitetet i Bergen].
- Lyons, Charles, R. (1967). Some Variations of «Kindermord» as Dramatic Archetype. *Comparative Drama*, 1(1), 56–71.
- Markussen, Bjarne. (2006). Et dukkehjem og rettskulturen. *Edda*, 93(4), 354–374.
- MacFarlane, James W. (Red.). (1994). *The Cambridge Companion to Ibsen*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mehren, Tonje M. (2006). Den okkulte Bjørnson. *Nytt Norsk Tidsskrift*, 23(1), 30–41.
- Mehring, Franz. (1895, 15. jan.). Melding av Ibsens *Lille Eyolf* i *Die neue Zeit*. I *Marxister om Ibsen* (Kari Haave, omsett). Knut Johansen (Red. 1978). Oslo: Oktober forlag A/S.
- Meyer, Michael. (1995 [1971]). *Henrik Ibsen* (Magnus, Peter, Anderssen, Odd-Stein & Ørjasæter, Jo, omsett). Oslo: Gyldendal.
- Midbøe, Hans. (1960). *Streiflys over Ibsen og andre studier*. Oslo: Gyldendal.
- Moi, Toril. (2000). Reviews. Melding av Joan Templetons *Ibsen's Women*. *Ibsen-Studies (Vol. 1)* 104–107. <https://doi.org/10.1080/15021860008574045>
- Moi, Toril. (2002 [1998]). *Hva er en kvinne? Kjønn og kropp i feministisk teori* (2. utg.). Oslo: Gyldendal.
- Moi, Toril. (2006). *Ibsens modernisme* (Agnete Øye, omsett). Oslo: Pax.
- Moi, Toril. (2021). Feminism. I Narve Fulsås & Rem, Tore (Red.), *Ibsen in Context*, 91–98. Cambridge: Cambridge University Press.
- Monrad, Ditlev G. (1871). Et Par Bemærkninger om Darwinismen. *Nyt Dansk Maanedsskrift* 1871/72. 3. bind, 228–236.
- Moore, Gregory. (2002). *Nietzsche, Biology, and Metaphor*. Cambridge: Cambridge University Press
- Morgenstjerne, Bredo. (1886, 30. nov.). Ibsens *Rosmersholm*. *Aftenposten*.
- Munch, Edvard. (1895–1902). *Madonna*. [Litografi].
- Mosfjeld, Oskar. (1949). *Henrik Ibsen og Skien*. Oslo: Gyldendal.
- Nationaltheateret. (u.å.). *Lille Eyolf*. Henta 22.11.2021 frå <https://www.nationaltheatret.no/ibsenfestivalen/arkiv/2006/lille-eyolf/lille-eyolf/>

- Nash, Richard. (2015). William Keith Brooks and the Naturalist's Defense of Darwinism in the Late-Nineteenth Century. *History and Philosophy of the Life Sciences*, 37(2), 158–179. <https://doi.org/10.1007/s40656-015-0060-3>
- Nettum, Rolf Nyboe. (1995). *Fra Hamsun til Falkberget* (4. utg.). Oslo: Cappelen.
- Nettum, Rolf Nyboe. (2022). Gunnar Heiberg. I *Norsk biografisk leksikon* på snl.no. Henta 4.4.2023 frå https://nbl.snl.no/Gunnar_Heiberg
- Ney, Birgitta. (1993). På gränsen till det förbjudna. Om Stella Kleve. I Elisabeth Möller Jensen (Red.), *Nordisk kvinnolitteraturhistoria II. Fadershuset: 1800-talet*, 540–547. <https://litteraturbanken.se/författare/MøllerJensenE/titlar/NordiskKvinnolitteraturhistoria2/sida/2/etext>
- Nicolaysen, Bjørn Kvalsvik. (2017). Frå to kulturar til eit nytt verdsbilete. [Melding av Merete Roos og Johan Tønneson (Red.), *Sann opplysning?*] *Dag og tid*, 3.11.2017.
- Nissen, Fernanda. (1894, 22. des.). Melding av *Lille Eyolf*. *Social-Demokraten*.
- Nordal, Marianne. (2009, 14. feb.). Darwin inspirerede forfatterne. [Intervju med Eivind Tjønneland]. Henta 21.4.2021 frå *Videnskab.dk*. <https://videnskab.dk/kultur-samfund/darwin-inspirerede-forfatterne/>
- Nordau, Max. (1893). *Entartung, 2. Band*. Berlin: Verlag von Carl Duncker.
- Nordensvan, Georg. (1886, 4. des.). *Ny Illustrerad Tidning* (Stockholm).
- Nordby, Terje. (2013). *Gresk mytologi*. Oslo: Dreyers forlag.
- Norseng, Mary Kay. (1992). *Dagny Juel: kvinnen og myten* (Hanne Bramness, omsett). Oslo: Gyldendal.
- Northam, John. (1973). *Ibsen: A Critical Study*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Nygaard, Jon. (2013). «-af stort est du kommen»: *Henrik Ibsen og Skien (Vol. 8–2013)*. Oslo: Senter for Ibsen-studier.
- Olsson, Ulf. (2007–2011). Johan August Strindberg. I *Svenskt biografiskt lexikon* (33. bind). Henta 27.4.2021 frå <https://sok.riksarkivet.se/sbl/artikel/34518>. urn:sbl:34518
- Otis, Laura. (Red.) (2009 [2002]). *Literature and Science in the Nineteenth Century: An Anthology*. Oxford: Oxford University press.
- Oxford English Dictionary. (u.å.). Søkeord 'darwinism'. Henta 24.4.2023 frå <https://www.oed.com/view/Entry/47359?redirectedFrom=darwinism#eid>
- Paulsen, John. (1882). *Familien Pehrson*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Persen, Søstrene. (u.å.). *Constance Bruun*. [Fotografi]. Oslo Museum. https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Fil:Constance_Bruun.jpg
- Pedersen, Frode Helmich. (2019). Innholdsrik og velskrevet Ibsen-studie. *Agora*, 36(2), 273–282.
- Price, Rachel. (2006). Animal, Magnetism, Theatricality in Ibsen's *The Wild Duck*. *New Literary History*, 37(4), 797–816.
- Prozor, Moritz. (1895). Ibsens *Lille Eyolf*. *Ord ock Bild*, 1895. Stockholm: Wahlström & Widgren. [Svensk omsetting av innleiinga til ei fransk utgåve av *Lille Eyolf*.]
- Randers, Kristofer. (1894, 13. des.). Ibsens nye Bog *Lille Eyolf*. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.hf.uio.no/is/tjenester/virtuelle-ibsen-senteret/Anmeldelser/le/le-k-randers.html>
- Reinicke-Wilkendorff, Nicolas. (2004). Våbenbrødre? Om Georg Brandes' forhold til opfattelse af Henrik Ibsen og hans værker. *Danske studier*, 99(3), 61–105.
- Rekdal, Anne Marie. (2004). *Skolens gjenganger? Et pedagogisk blikk på Ibsen*. Oslo: Universitetsforl.
- Rekdal, Anne Marie. (2008). Vannliljer, navn og begjær. Ibsens *Lille Eyolf*. *Edda*, 95(4), 355–372.
- Rekdal, Anne Marie. (2012). *Ibsens to kvinner: fra Catilina til Når vi døde vågner*. Oslo: Vidarforl.
- Rem, Tore. (2006). *Henry Gibson/Henrik Ibsen. Den provinsielle verdensdikteren: Mottakelsen i Storbritannia 1872–1906*. Oslo: Cappelen.
- Rem, Tore. (2009). Munch's Ibsen: A Painter's Visions of a Playwright. *Modern Drama*, 52(4), 506–508.

- Rem, Tore. (2012). Blood-poisoned Norway: Henrik Ibsen in Britain, 1872–1914. I Helge Ø. Pharo & Patrick Salmon (Red.), *Britain and Norway: Special Relationships*, 51–71. Oslo: Akademika forlag.
- Rem, Tore (2014). Darwin and Norwegian Literature. I Thomas F. Glick & Elinor Shaffer, (Red.), *The Literary and Cultural Reception of Charles Darwin in Europe (Vol. 3)*, 160–180. London, New Delhi, New York, Sydney: Bloomsbury.
- Rogaland teater. (2022.22.2.). Da Ibsen var farlig. *Teatermagasinet*. Henta 23.8.2022. frå <https://www.rogaland-teater.no/teater-stavanger/teatermagasinet/da-ibsen-var-farlig>
- Romanes, George J. (1887). Mental Differences Between Men and Women. *Popular Science Monthly*, 37(7), 383–401.
- Roos, Merethe & Tønnesson, Johan L. (2017). *Sann opplysning? Naturvitenskap i nordiske offentligheter gjennom fire århundrer*: Cappelen Damm Akademisk.
- Rosengarten, David. (1977). The Lady from the Sea: Ibsen's submerged Allegory. *Educational Theatre Journal*, 29, 463–476.
- Roszbach, Susanne. (2002). *Des Dandys Wort als Waffe: Dandyismus, narrative Vertextungsstrategien und Geschlechterdifferenz im Werk Jules Barbey d'Aurevillys*. Berlin, Boston: Max Niemeyer Verlag. <https://doi.org/10.1515/9783110923407>
- Rousseau, George. (2013). The Overlap of Discourses of Contagion: Economic, Sexual, and Psychological. I Thomas King & Martina Rütten (Red.), *Contagionism and Contagious Diseases: Medicine and Literature 1880–1933*, 41–63. Berlin/Boston: De Gruyter.
- Ruse, Michael. (2005 [1989]). *The Darwinian Paradigm. Essays on its History, Philosophy, and Religious Implications*. London: Routledge. <https://doi.org/10.4324/9780203981276>
- Russett, Cynthia Eagle. (1989). *Sexual Science: The Victorian Construction of Womanhood*. Cambridge: Harvard University Press.
- Rønning, Helge. (1997). «Ibsenradisjonen – en kunstnerisk tvangstrøye?». Oslo: University of Oslo, Centre for Ibsen Studies.
- Rønning, Helge. (2007 [2006]). *Den umulige friheten: Henrik Ibsen og moderniteten*. Oslo: Gyldendal.
- Rørvik, Thor Inge. (2022). Arne Løchen. I *Norsk biografisk leksikon* på snl.no. Henta 16.4.2023 frå https://nbl.snl.no/Arne_L%C3%B8chen
- Rütten, Thomas & King, Martina. (Red.) (2013). *Contagionism and Contagious Diseases: Medicine and Literature, 1880–1933*. Berlin/Boston: De Gruyter.
- Saari, Sandra E. (1978). The Oxford Ibsen, Vol. VIII: Little Eyolf, John Gabriel Borkman, When We Dead Awaken Red. by James Walter McFarlane [melding]. *Modern Drama*, 21(4), 433–435. <https://doi.org/10.1353/mdr.1978.0017>
- Salomonsens konversasjonsleksikon (1915–30). Oppslagsordet 'elv'. I 2. utg., bd. 7, Prosjekt Runeberg, 132. <http://runeberg.org/salomonsen/2/7/0142.html>
- Sandberg, Mark. (2015). *Ibsen's Houses: Architectural Metaphor and the Modern Uncanny*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Sars, Johan Ernst. (1877). *Udsigt over den norske Historie (Vol. 1 og 2)*. Christiania: Cammermeyer.
- Sawaya, Francesca. (2021). Mermaid Tales: Alice Dunbar-Nelson and A Modern Undine. *Arizona Quarterly: A Journal of American Literature, Culture, and Theory*, 77(3), 1–26.
- Schiøtz, Aina og Nordhagen, Rannveig. (1992). Om å sette sin kvinnelighet på spill. Kvinners adgang til det medisinske studium; Marie Spångberg og andre pionerer. *Tidsskriftet Den Norske Lægeforening*, 112, 3784–90.
- Schjøtt, Mathilde. (1871). *Venindernes Samtale om Kvindens Undersøelse*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Schjøtt, Mathilde. (1887). Kristiania Theater 1886–1887. En Hanske. Rosmersholm [melding]. *Nyt Tidsskrift, Sjette årgang*.
- Schopenhauer, Arthur. (1851). Über die Weiber. Henta frå <https://www.projekt-gutenberg.org/schopenh/weiber/weiber.html>

- Seip, Didrik Arup. (1935). Innledning [til *Lille Eyolf*]. I Francis Bull, Halvdan Koht og Didrik Arup Seip (Red.), *Henrik Ibsens samlede verker. Hundreårsutgave, bd. 12.* [= HU XII], 175–192. Oslo: Gyldendal.
- Shepherd-Barr, Kirsten E. (2015). *Theatre and Evolution from Ibsen to Beckett*. New York: Columbia University Press.
- Shepherd-Barr, Kirsten. (2021). Science. I Narve Fulsås & Tore Rem (Red.), *Ibsen in Context*, 82–90. Cambridge: Cambridge University Press.
- Shideler, Ross. (1997). Darwin, Weak Men, Strong Women and Ibsen's *Pillars of Society*. *Comparative Literature Studies*, 242–259.
- Shideler, Ross. (1997). Ibsen and the Name-of-the-Father. *Scandinavian Studies*, 69(3), 277–295.
- Shideler, Ross. (1999). *Questioning the Father: From Darwin to Zola, Ibsen, Strindberg, and Hardy*. Stanford: Stanford University Press.
- Showalter, Elaine. (1987 [1985]). *The Female Malady: Women, Madness, and English Culture, 1830–1980*. London: Virago Press.
- Showalter, Elaine. (1996, 23. aug.). Who will live and who will die? I *The Times Literary Supplement*, 18.
- Showalter, Elaine. (1997). *Hystories: Hysterical Epidemics and Modern Culture*. London: Picador.
- Sims, Michael. (2021, 7. feb.). Darwin and the Second Sex. *New York Times Book Review*, 12.
- Sinding-Larsen, Alfred. (1886, 1. og 2. des.). Henrik Ibsen: *Rosmersholm* [melding]. *Morgenbladet*.
- Skålevåg, Svein Atle. (2006). «At belyse en Sjæl lige ind i Mysteriet»—Den unge Knut Hamsun i en vitenshistorisk kontekst. *Nytt norsk tidsskrift, vol 23(1)*, 46–58.
- Skålevåg, Svein Atle; Mæhlum, Lars. (2022). Claude Bernard. I *Store norske leksikon*. https://snl.no/Claude_Bernard
- Skavlan, Einar. (1950). *Gunnar Heiberg*. Oslo: Aschehoug.
- Skram, Erik. (1883, 13. sep.). Brev til Amalie Skram.
- Skram, Erik. (1886, 5. des.). Henrik Ibsen: *Rosmersholm* [melding]. *Illustreret Tidende* (København).
- Skundberg, Øystein. (2018). «Du skal have agtelse for dit eget lille legeme»: Barn og unges seksualitet i tekster om oppdragelse 1792–1952. [Doktorgradsavhandling]. Høgskolen i Innlandet – Lillehammer.
- Sletnes, Kari Berit. (u.å.) Positivism i *Store norske leksikon* på snl.no. Henta 4.5.2020 frå <http://snl.no/positivisme>
- Snow, Charles Percy. (1993 [1959]). *The Two Cultures*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Snow, Charles Percy. (1960). *De to kulturer* (Ragnar Kvam, omsett). I *The Two Cultures and the Scientific Revolution. (Vol. 43)*. Oslo: Cappelen.
- Snow, Charles Percy, Enebakk, Vidar. (2008). *De to kulturer* (Edvard Kristoffer Stang, omsett). Oslo: Bokklubben. https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2019030177025
- Spencer, Herbert & Høffding, Harald. (1895). *Om Opdragelse (Vol. 7)*. Kjøbenhavn: Høst.
- Steiger, Edgar. (1898). Ibsen, der Darwinianer. *Das Magazin für Litteratur, 67 (1898)*, 244–249, 270–281.
- Stenseth, Nils Chr, Lie, Thore & Hessen, Dag O. (2009). *Darwin: verden ble aldri den samme*. Oslo: Gyldendal.
- Stigen, Anfinn. (1993). Auguste Comte. I Trond Berg Eriksen (Red.), *Vestens tenkere 2*, 468–483. Oslo: Aschehoug og Co.
- Storthingsproposisjon no. 56, (1883). *Angaaende kvinders adgang til uddannelse som læger m.v.* Bilag 1.
- Strindberg, August. (1885, 20. aug.). Naturligt urval eller den fria kärleken. *Politiken*.
- Strindberg, August. (1887, 30. mai). Själamord. (Apropos Rosmersholm.) *Politiken*.
- Strindberg, August. (1890). Vivisektioner. Henta 15.5.2023 frå <https://litteraturbanken.se/författare/StrindbergA/titlar/Vivisektioner/sida/297/etext1890>

- Stuyver, Clara. (1952). *Ibsens dramatiske Gestalten. Psychologie und Symbolik*. North-Holland Publishing Company.
- Svendsen, Paulus. (1940). *Gullalderdrøm og utviklingstro*. Oslo: Gyldendal.
- Syversen, Therese Garshol. (2015). *Ibsens fedre: En psykoanalytisk tilnærming til farsfigurer i Henrik Ibsens samtidsdramaer*. [Masteroppgåve]. UiO.
- Szacinski, Ludwik. (1894). *Sigvard Gundersen*. [Fotografi]. Oslo Museum.
<http://www.oslobilder.no/OMU/TM.T01201a>
- Sæther, Astrid. (1985). The Female Guilt Complex. I Daniel Haakonsen (Red.), *Contemporary Approaches to Ibsen. Vol. V: Reports from the Fifth International Ibsen Seminar, Munich 1983*, 39–47. Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Sæther, Astrid. (2008). *Suzannah: Fru Ibsen*. Oslo: Gyldendal.
- Sæther, Astrid. (2022). *I skyggen av Ibsen*. Oslo: Gyldendal.
- Söderberg, Hjalmar. (1895). *Melding av Lille Eyolf. Ord och bild*. Stockholm.
- Sørensen, Bengt Algot. (1990). *J. P. Jacobsen* (Originalausg. Red. Vol. 618). München: Beck.
- Sørensen, Bengt Algot. (1991). Naturalisme og naturfilosofi: Om J.P. Jacobsen, Darwin og Ernst Haeckel. *Edda*, 4, 359–367.
- Taine, Hippolyte. (1987 [1864]). Historie de la littérature anglaise. I Eiliv Eide, Atle Kittang & Asbjørn Aarseth (Red.), *Europeisk litteraturteori*, 237–243. Bergen/Oslo/ Stavanger/Tromsø: Universitetsforlaget.
- Tarschys, Karin. (1970). Ulf Boëthius: Strindberg och kvinnofrågan till och med *Giftas I*. (Akad. avh. Sthlm.) Uppsala: Prisma.
- Templeton, Joan. (1997). *Ibsen's Women*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Templeton, Joan. (2005). Refusing the «Dark side» of Woman: Ibsen's Representation of Female Sexual Desire. I Knut Brynhildsvoll (Red.), *Ibsen: The dark side. Essays*. Roma: Carocci editore.
- Templeton, Joan. (2008). Ibsen and the Birth of Modernism: A Review Essay. *Scandinavian Studies Vol. 79*, 343–348.
- Thue, Fredrik, W. (2019). Den historiske allmenndannelse: Historiefaget i høyere/videregående skole, 1869–2019. *Historisk tidsskrift*, 98(2), 167–190. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2944-2019-02-04>
- tidsaand.no (1888, 1. jan.). Henta 20.4.2023 frå <https://tidsaand.no/tidslinjen/1888/januar/1>
- tidsaand.no (u.å.a). Amalie Skrams roman Constance Ring utkommer etter mye frem og tilbake hos den radikale bokhandleren Huseby i Kristiania. Henta 20.4.2023 frå <https://tidsaand.no/tidslinjen/1885/juni/9/amalie-skrams-roman-constance-ring-utkommer-etter-mye-frem-og-tilbake-hos>
- tidsaand.no (u.å.b). Sedelighetsdebatten raser i hele Skandinavia. Henta 20.4.2023 frå <https://tidsaand.no/tidslinjen/1886/januar/1/sedelighetsdebatten-raser-i-hele-skandinavia>
- tidsaand.no (u.å.c). Det arrangeres debatt om kvinnens stilling i Det Norske Studentersamfund. Henta 20.4.2023 frå <https://tidsaand.no/tidslinjen/1884/oktober/1/det-arrangeres-debatt-om-kvinnens-stilling-i-det-norske-studentersamfund>
- Tjønneland, Eivind. (1992). Selvmordene i Henrik Ibsens *Rosmersholm*. *Profil* nr. 2, 50–80.
- Tjønneland, Eivind. (1993). *Ibsen og moderniteten*. Oslo: Spartacus.
- Tjønneland, Eivind. (1998). Darwin, JP Jacobsen og Ibsen. *Spring-tidsskrift for moderne dansk litteratur*, 13, 178.
- Tjønneland, Eivind. (2010). From Heredity of Acquired Traits to Atavism. The Impact of Darwin on Scandinavian Literature. I Margareth Hagen, Randi Koppen og Margery Vibe Skagen (Red.), *The Art of Discovery. Encounters in Literature and Science*, 115–121. Århus: Aarhus University Press.
- Tjønneland, Eivind. (2016). Hamsuns kritikk av Ibsen – en resepsjon av Rosmersholm-resepsjonen? *Studia Universitatis Babeş-Bolyai Philologia*, 61(3), 29–40.

- Tønnessen, Marianne. (2012, 1. feb.). Peter H. Rokseth: Blinderns bannerfører. [Intervju med Asbjørn Aarnes]. *Forskningsmagasinet Apollon*.
<https://www.apollon.uio.no/artikler/1997/rokseth.html>
- Tveterås, Egil. (2020). Johan Sørensen. I *Norsk biografisk leksikon* på nbl.snl.no. Henta 25.2.2020 frå https://nbl.snl.no/Johan_S%C3%B8rensen
- Unwin, Timothy. (2005). *Jules Vernes. Journeys in Writing*. Liverpool: Liverpool University Press.
- Vassenden, Eirik. (2012). *Norsk vitalisme: litteratur, ideologi og livsdyrking 1890–1940*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Vassenden, Eirik. (2013). Livet i Bjørnsons salmer: Det evige foraar som darwinisme og vitalisme. I Liv Blikrud, Giuliano D'Amico, Marius Wulfsberg, Arnfinn Åslund (Red.), *Den Engasjerte kosmopolitt: nye Bjørnson-studier*, 269–288. Oslo: Novus forlag, Nasjonalbiblioteket.
- Vassenden, Eirik. (2016). Kunsten, moralen og kritikken. Christen Collin og naturalismedebatten våren 1894. I Sissel Furuseth, Jahn Holljen Thon & Eirik Vassenden (Red.), *Norsk litteraturkritikks historie 1870–2010*, 110–118. Oslo: Universitetsforlaget.
- Vesterhus, Per. (2008). Hvorfor dør Ibsens barn? *Tidsskriftet Den Norske Lægeforening*, 128(24), 2851–2854.
- Vibe, Johan. (1884). *Nogle Bemærkninger i Anledning af Naturalismen*. Kristiania.
- Vogt, Yngve. (2012, 1. feb.). Darwin endret vitenskapen og samfunnet. *Forskningsmagasinet Apollon*. <https://www.apollon.uio.no/artikler/2009/darwin.html>
- Voje, Kjetil Lysne, Helsem, Stian Aleksander. Naturlig utvalg. I *Store norske leksikon* på snl.no. Henta 15. mai 2020 frå https://snl.no/naturlig_utvalg
- Voje, Kjetil Lysne (2023). Charles Darwin. I *Store norske leksikon* på snl.no. Henta 15. april 2023 frå https://snl.no/Charles_Darwin
- Wærp, Lisbeth Pettersen. (2000). *Overgangens figurasjoner: en studie i Henrik Ibsens Kejser og Galilæer og Når vi døde vågner*. [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Tromsø.
- Wærp, Lisbeth Pettersen. (2006). Dr. Stockmanns rabiate tale. I Erik Østerud, Sarah Paulson, Steinar Gimnes (Red.), «- ut i det ukjente»: festskrift til Erik Østerud på 70-årsdagen, 63–74. Trondheim: Tapir.
- Wærp, Lisbeth P. (2020). The Struggle for Existence. Ibsen's *The Wild Duck* (Vildanden, 1884). *Ibsen Studies*, 1–34. <https://doi.org/10.1080/15021866.2020.1757303>
- Warberg, Silje. (2016). *Den fødte forbryter: Diskursive brytninger i fremstillinger av kriminalitet og degenerasjon i norsk litteratur og offentlighet 1890–1910*. [Doktorgradsavhandling]. Trondheim, NTNU.
- Winsnes, A.H. (1937). *Norges litteratur*. Oslo: Aschehoug.
- Winsnes, A.H. (1961). *Norges litteratur fra 1880-årene til første verdenskrig*. Oslo: Aschehoug.
- Winther, Truls Olav. (2018). Émile Zola. I *Store norske leksikon*. https://snl.no/%C3%89mile_Zola
- Wirsén, Carl David af. (1886, 27. nov.). *Rosmersholm* [melding]. *Post- och Inrikes Tidningar* i Stockholm.
- Young, Robin. (1989). *Time's Disinherited Children: Childhood, Regression and Sacrifice in the Plays of Henrik Ibsen (Vol. 4)*. Norwich: Norvik Press.
- Ystad, Vigdis. (1993). Henrik Ibsen. I Trond Berg Eriksen (Red.), *Vestens tenkere 2*, 558–573. Oslo: Aschehoug og Co.
- Ystad, Vigdis. (1996 [1990]). *Rosmersholm* og psykoanalysen. I «-livets endeløse gåde»: *Ibsens dikt og drama* (1996). Oslo: Aschehoug.
- Ystad, Vigdis. (2009). Innledning til *Rosmersholm*. I *Henrik Ibsens skrifter bd. 8k*. Universitetet i Oslo. https://www.ibsen.uio.no/DRINNL_Ro|intro_background.xhtml
- Ystad, Vigdis. (2015). Erik Bjerck Hagen om Ibsen som emosjonell tilfredsstillelse. Melding av *Hvordan lese Ibsen? Samtalen om hans dramatik 1879–2015*. I *Edda* (4), 337–343.
- Ystad, Vigdis. (2016). Ibsen and Sweden. *Studia Universitatis BabeşBolyai Philologia*, 61(3), 41–54.

- Zwart, H.A.E. (2000). The Birth of a Research Animal: Ibsen's *The Wild Duck* and the Origin of a New Animal Science. *Environmental Values*, 9(1).
<https://doi.org/10.3197/096327100129341994>
- Østerberg, Dag. (1980). Ibsen og ibsenismen i lys av datidens sosio-kulturelle bevegelser. I Kjell Heggelund, Simen Skjønsberg, Helge Vold (Red.), *Forfatternes litteraturhistorie, Fra Maurits Christopher Hansen til Arne Garborg (Vol. 1)*. 95–113. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

ISBN 978-82-326-7228-8 (trykt utg.)
ISBN 978-82-326-7227-1 (elektr. utg.)
ISSN 1503-8181 (trykt utg.)
ISSN 2703-8084 (online ver.)